



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2010

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2010

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I

Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet 11

1 Hovudprioriteringar 13

1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg 13

1.2 Utdanningslinja 13

1.3 Kunnskap og kompetanse for
framtida 13

1.4 Sosial utjamning 17

1.5 Budsjettprioriteringar 18

**2 Oversikt over forslaget til
budsjett for
Kunnskapsdepartementet** 22

**3 Oppfølging av oppmodings-
vedtak** 26

Del II

Nærmare om budsjettforslaget 27

Programkategori 07.10 Administrasjon 29

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet 29

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet 32

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa 33

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet 44

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet 46

Kap. 221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa 47

Kap. 3221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa 48

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar
og grunnskoleinternat 48

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande
skolar og grunnskoleinternat 49

Kap. 223 Samisk utdanningsadministrasjon 50

Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga 51

Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga 52

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa 52

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa 59

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa 59

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar 69

Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a. 71

Kap. 229 Andre tiltak 77

Kap. 3229 Andre tiltak 78

Kap. 230 Kompetansesenter for
spesialundervisning 78

Kap. 3230 Kompetansesenter for spesial-
undervisning 80

Programkategori 07.30 Barnehagar 81

Kap. 231 Barnehagar 91

*Programkategori 07.50 Tiltak for å fremme
kompetanseutvikling* 98

Kap. 252 EUs program for livslang læring ... 102

Kap. 253 Folkehøgskolar 104

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring 105

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneske-
rettssentra o.a. 107

Kap. 256 Vox - Nasjonalt fagorgan for
kompetansepolitikk 110

Kap. 3256 Vox - Nasjonalt fagorgan for
kompetansepolitikk 111

Kap. 257 Program for basiskompetanse i
arbeidslivet 111

Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid 113

*Programkategori 07.60 Høgre utdanning
og fagskoleutdanning* 115

Kap. 260 Universitet og høgskolar 123

Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale
formål for studentar 140

Kap. 271 Universitet 142

Kap. 272 Vitskapelege høgskolar 142

Kap. 275 Høgskolar 143

Kap. 276 Fagskoleutdanning 143

Kap. 280 Felles administrative einingar 145

Kap. 3280 Felles administrative einingar 147

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og
høgskolar 147

Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og
høgskolar 156

Programkategori 07.70 Forsking 157

Kap. 283 Meteorologiformål 165

Kap. 285 Noregs forskingsråd 167

Kap. 286 Forskingsfond 175

Kap. 3286 Forskingsfond 178

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak .. 179

Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak .. 184

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak 184

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak 188

<i>Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering</i>	189
Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning	191
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning	199
Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	200

Del III

Strategiar og oversikter	201
--------------------------------	-----

5	Forskning og utvikling i statsbudsjettet	203
----------	---	------------

Del IV

Rapportar	217
-----------------	-----

6	Ressursar i grunnopplæringa ...	219
----------	--	------------

7	Fornyning og organisasjonsendringar	226
----------	--	------------

8	Likestilling i barnehage-, utdannings- og forskingssektoren	227
----------	--	------------

9	Miljø	229
----------	--------------------	------------

Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2010, kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617 .	232
--	------------

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkår for leiarar i heilåtte statlege føretak	242
---	-----

Vedlegg 2

Nøkkeltal og statistikk for barnehage-sektoren	244
--	-----

Vedlegg 3

Nøkkeltal for universitet og høgskolar	248
--	-----

Vedlegg 4

Evaluering av finansieringssystemet for universitets- og høgskolesektoren	261
---	-----

Vedlegg 5

Standardiserte nøkkeltal for Kunnskapsdepartementets nettobudsjetterte verksemder	276
---	-----

Vedlegg 6

Institutt som mottek statleg basisløyving	286
---	-----

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Landslinjesatsar per elev per år ..	54	Tabell 4.19	Noregs forskingsråds totale innsats på tematiske og teknologiske prioriterte område, prosentvis del for kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50	170
Tabell 4.2	Tal på grunnskoleelevar som vel samisk som første- og andrespråk i perioden 2006–09	54	Tabell 4.20	Fondsregionar og deltakande fylkeskommunar	176
Tabell 4.3	Utviklinga i talet grunnskoleelevar med finsk som andrespråk	56	Tabell 4.21	Fordeling av midlane til fondsregionar og Noregs forskingsråd	177
Tabell 4.4	Private skolar, tal på skolar og elevar	72	Tabell 4.22	Løyvingar til private vitskaplege institusjonar og tiltak	183
Tabell 4.5	Fordelinga av tilskott til skolane som er omfatta av toppidretts-tilskottet	76	Tabell 4.23	Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	186
Tabell 4.6	Ressursinnsats frå Statped på dei ulike vanskeområda	79	Tabell 4.24	Hovudtal for tildeling dei fire siste undervisningsåra	192
Tabell 4.7	Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar og gjennomsnittleg opphaldstid 2005–08	82	Tabell 4.25	Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra	192
Tabell 4.8	Personale i barnehagane	88	Tabell 4.26	Hovudtal for tilbakebetaling dei fire siste åra	193
Tabell 4.9	Satsar for statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2010, offentlege barnehagar	93	Tabell 4.27	Avskrivingselement	198
Tabell 4.10	Satsar for statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2010, private barnehagar	94	Tabell 4.28	Tapselement	198
Tabell 4.11	Satsar for statleg driftstilskott til opne barnehagar for 2010	94	Tabell 5.1	FoU-indikatorar i Norden og OECD	207
Tabell 4.12	Delen sysselsette som har delteke i kurs og opplæring og som har læringsintensivt arbeid, og delen av befolkninga som har delteke i formell vidareutdanning (personar som er 22–66 år). 2003–08	99	Tabell 5.2	Departementsvis fordeling av 300 mill. kroner til forskning på fornybar energi, karbonfangst og -lagring.	209
Tabell 4.13	Avlagde og beståtte fag- og sveineprøver 2004–2008. Alder er per 31. desember det skoleåret fag- og sveinebrevet blir avlagd	99	Tabell 5.3	Samla basisløyving til institutta ..	212
Tabell 4.14	Elevtal i folkehøgskolane 2004–08	104	Tabell 5.4	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet	214
Tabell 4.15	Aktivitet i studieforbunda og endringar 2006, 2007 og 2008	106	Tabell 5.5	Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane	215
Tabell 4.16	Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) 2006–09	112	Tabell 6.1	Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2001–02 til 2008–09. Ordinære grunnskolar	219
Tabell 4.17	Noregs forskingsråds tildeling til dei ulike verkemidla under mål 1 i 2008	168	Tabell 6.2	Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole. Reviderte tal	220
Tabell 4.18	Gåver og gåveforsterking per mottakar i 2008.....	169	Tabell 6.3	Årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk	221
			Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring	221
			Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen	222
			Tabell 6.6	Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar	223
			Tabell 6.7	Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar	223

Vedlegg 2

Tabell 2.1	Kostnader per korrigerede opphaldstimer, ordinære barnehagar og familiebarnehagar, 2007–08 ...	244
Tabell 2.2	Gjennomsnittlege månadssatsar (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–09	244
Tabell 2.3	Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, ordinære barnehagar og familiebarnehagar, 2005–08	245
Tabell 2.4	Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, ordinære barnehagar og familiebarnehagar, 2007–08	245
Tabell 2.5	Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 1–5 år, 2005–08	245
Tabell 2.6	Får barnehagen ekstra ressurser i samband med barn med nedsett funksjonsevne. Prosent ut i frå barnehagar som har barn med nedsett funksjonsevne, 2008	246
Tabell 2.7	Menn i barnehagane, 2004–08	246
Tabell 2.8	Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2005–08	246
Tabell 2.9	Førekost av faste rutinar for kartlegging av barns språk, 2008	247
Tabell 2.10	Kva språkkartleggingsverktøy blir nytta, 2008	247
Tabell 2.11	Rapportert førekost av mobbing mellom barna i barnehagen, 2004 og 2008	247

Vedlegg 3

Tabell 3.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgskolar 2003–08	248
Tabell 3.2	Opptak ved universitet og høgskolar 2006–08	249
Tabell 3.3	Registrerte studentar ved universitet og høgskolar 2006–08	250
Tabell 3.4	Studiepoeng per student ved universitet og høgskolar 2006–08	251
Tabell 3.5	Kandidatar ved universitet og høgskolar 2006–08	252
Tabell 3.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2006–08	253

Tabell 3.7	Tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2006–08	254
Tabell 3.8	Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar 2008	254
Tabell 3.9	Avlagde doktorgrader per institusjon 1999–08	255
Tabell 3.10	Doktorgrader etter fagområde og kjønn 2004 og 2008	255
Tabell 3.11	Publikasjonspoeng per fagleg stilling 2006–08	255
Tabell 3.12	Eksternt finansiert verksemd ved statlege institusjonar 2006–08	256
Tabell 3.13	Aktivitetskrav for statlege og private lærestader for studieåret 2010–11	256
Tabell 3.14	Prosjekt som har fått startløyving	257
Tabell 3.15	Bygg som er under prosjektering	257
Tabell 3.16	Prosjekt under utgreiing/programmering	258
Tabell 3.17	Kurantprosjekt, byggjeprosjekt under prosjektering	258
Tabell 3.18	Løyving per verksemd i 2010	258

Vedlegg 5

Tabell 5.1	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2007–08	276
Tabell 5.2	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2007–08	277
Tabell 5.3	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utenrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2007–08	278
Tabell 5.4	Universitet og høgskolar – utgifter og inntekter etter art	280
Tabell 5.5	Universitet og høgskolar – inntekter etter inntektskjelde	281
Tabell 5.6	Forholdet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar i universitets- og høgskolesektoren i perioden 2007–08	282
Tabell 5.7	Universitet og høgskolar. Balanse per 31. desember 2008 ..	284

Tabell 5.8	Forholdet mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forsk- ingsråd i perioden 2006–08	285
------------	--	-----

Figuroversikt

Figur 4.1	Nasjonale prøver: tal på kommunar med 30 pst. eller meir av elevane på lågaste nivå for 5. trinn og 30 pst. eller meir på dei to lågaste nivåa for 8. trinn, 2008	36	Figur 5.1	Mål for norsk forskning	203
Figur 4.2	Delen elevar med fullført vidar- egåande opplæring etter fem år	36	Figur 5.2	Kapital i Fondet for forskning og nyskaping	208
Figur 4.3	Delen elevar i grunnopplæringa som gir uttrykk for at dei:	37	Figur 6.1	Strukturjusterte kommunale forskjellar i ressursbruk, utgifter per elev i 2007	224
Figur 4.4	Måla i forskingspolitikken	158	Vedlegg 4		
Figur 4.5	Talet på artiklar per 1 000 inn- byggjarar 2006–08 og relativ siteringsindeks for utvalde land ...	160	Figur 4.1	Finansieringssystemet som del av mål- og resultatstyringa	273

Oversikt over bokser

Boks 1.1	GNIST – partnerskap for ei heilskapleg lærarsatsing.....	15
----------	---	----



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2010

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 2. oktober 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudprioriteringar

1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg

Noreg er eit kunnskapssamfunn. Kunnskapssamfunnet er kjenneteikna ved at det er kunnskap og kompetanse som er den viktigaste innsatsfaktoren i produksjon og tenesteyting. I Noreg utgjer den menneskelege kapitalen om lag 80 pst. av nasjonalformuen. Noreg har eit høgt utdanningsnivå, ein høg forskartettleik og er det OECD-landet som har den høgste delen av arbeidsstyrken i yrke som krev utdanning. Alt tyder på at kunnskap blir ein enda viktigare faktor i arbeidslivet i framtida, og at forskning må spele ei sentral rolle i utviklinga av kunnskapssamfunnet.

Noreg står føre mange krevjande oppgåver. Aukande samhandling og konkurranse globalt, store miljø- og fattigdomsproblem i verda og nasjonale velferdsoppgåver vil krevje oppdatert og ny kunnskap dersom vi skal kunne skape eit godt samfunn og bidra til ei meir rettferdig og berekraftig verd. Utdanning og forskning er ein føresetnad og eit verkemiddel for å møte dei globale utfordringane, for å utvikle velferdssamfunnet vidare og for å leggje grunnlaget for verdiskaping for morgondagen. Utdanning og forskning stimulerer òg til demokratisk deltaking, kulturell utvikling og til auka sjølvkjensle og identitet hos enkeltmennesket. Eit velfungerande kunnskapssamfunn ser samanhenget mellom forskning som søkjer grunnleggjande ny innsikt, og forskning som søkjer løysing på praktiske problem.

Ein utdannings- og forskingssektor av høg kvalitet er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga av kunnskapssamfunnet. Regjeringa vil sikre alle tilgjenge til utdanning og kunnskap, slik at vi som nasjon og enkeltmenneske kan skape og utnytte moglegheitene våre. Noreg skal ha eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det, ein solid offentleg fellesskole, rett til vidaregåande opplæring og høgere utdanning og forskning av høg kvalitet.

Den norske utdannings- og forskingssektoren skal:

- stimulere til å gi kvar einskild personleg utvikling og identitet, evne til å tenkje kritisk og til å ta del i demokratiske prosessar og bidra til sosial utjamning

- gi samfunnet den kunnskapen og kompetansen som er naudsynt for framtidig velferd, verdiskaping og ei berekraftig utvikling
- styrkje konkurranseevna til Noreg internasjonalt og bidra til å løyse globale utfordringar på dei områda der vi har føremon

1.2 Utdanningslinja

Utdannings- og forskingssystemet må svare på dei behova arbeids- og samfunnslivet har for kunnskap og kompetanse. Det er ikkje mogleg å vite kva kompetanse som skal til for å møte utfordringar 20 eller 50 år fram i tid. Det er likevel nokre relativt sikre utviklingstrekk. Vi har eit kunnskapsbasert og kunnskapsintensivt arbeidsliv, der det er stadig færre jobbar som ikkje krev vidaregåande eller høgere utdanning. Noreg vil trenge både fleire personar med relevant fagopplæring og fleire med høgere utdanning i framtida.

Å stå utanfor arbeidslivet er vanskeleg for den det gjeld. Dersom mange vaksne står utanfor arbeidslivet, legg dette i tillegg eit stort press på velferdsordningane og på forsørgjarbyrda for dei i arbeid. Samtidig vil det føre til mangel på arbeidskraft. I økonomiske nedgangstider står arbeidstakarar utan formelle kvalifikasjonar i fare for å miste jobben først, og dei vil ofte slite mest med å få ny jobb dersom dei blir arbeidsledige. Livslang læring er ein føresetnad for å kunne arbeide fram til oppnådd pensjonsalder og ein premiss for å lykkast med arbeidslinja i norsk velferdspolitik. Men for å lykkast med arbeidslinja må vi derfor først lykkast med utdanningslinja. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* omhandlar heilskapen i kompetansebehova i samfunnet, og drøfter korleis desse utfordringane skal møtast.

1.3 Kunnskap og kompetanse for framtida

Barnehage

Kunnskap blir bygd gjennom heile livet, og barnehage og skole er avgjerande for livslang læring og utvikling. Korleis barnehagen kan bidra til tidleg innsats, er teke opp i St.meld. nr. 41 (2008–2009)

Kvalitet i barnehagen. Det har vore teke eit krafttak dei siste åra for å sikre full barnehagedekning, samtidig som prisen har vorte redusert.

St.meld. nr. 41 (2008–2009) gir status for kvaliteten i barnehagane og korleis utfordringane skal møtast. Mykje tyder på at det er store variasjonar i barnehagetilbodet i dag. Vidare peiker meldinga på at kompetansen til personalet er avgjerande for kvaliteten i barnehagane. Regjeringa vil derfor auke innsatsen for betre kvalitet i barnehagane.

Regjeringa vil sikre eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle barnehagar, styrkje barnehagen som læringsarena og sikre at alle barn får delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik og læring skal sjåast i samheng. Regjeringa vil ta vare på den norske barnehagetradisjonen, som er høgt akta internasjonalt. Det skal etablerast klarare rammer for kartlegging, dokumentasjon og vurdering av utviklinga og dugleiken til barna, slik at eigenarten til barnehagen ikkje blir svekt. For å nå desse måla vil regjeringa mellom anna halde fram satsinga for å rekruttere fleire pedagogar og setje i verk tiltak for å auke kompetansen til personalet i barnehagane.

Grunnopplæringa

Det er stor merksemd om kvaliteten i grunnopplæringa. Stortinget har ved fleire høve handsama utfordringane i norsk skole, mellom anna i Innst. S. nr. 42 (2008–2009), jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* og i Innst. S. nr. 164 (2006–2007), jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007)...*og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring.* Stortinget har uttrykt bekymring for at kvaliteten på viktige område i grunnopplæringa ikkje er god nok. Det er alvorleg at dugleikane til elevane er for svake, samtidig som krava til kompetanse aukar og behovet for ufaglært arbeidskraft truleg vil bli redusert. Regjeringa vil derfor føre vidare innsatsen for å sikre ei grunnopplæring som held høg kvalitet.

Kompetansen til lærarane er den enkeltfaktoren som har mest å seie for elevane si læring, der-

som ein ser bort ifrå den sosiale bakgrunnen til elevane. Lærarane må ha både god fagleg og pedagogisk kompetanse. Kompetanseutvikling er derfor sentralt for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa. Regjeringa vil auke kvaliteten og forbetre innhaldet i lærarutdanninga, jf. St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren Rollen og utdanningen.* Hovudmåla med den nye lærarutdanninga er betre kvalifiserte lærarar til grunnskolen, forme ei samanhengande profesjonsutdanning for lærarar til grunnskolen, medverke til auka samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonane og yrkesfeltet og lette innplasinga av internasjonale delstudium.

I tilknytning til oppfølginga av Kunnskapsløftet har stat og kommune investert om lag 3 mrd. kroner i etter- og vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar. Eit varig system for vidareutdanning for lærarar og ei skoleleiarutdanning for alle nyttilsette rektorar og rektorar som ikkje har skoleleiarutdanning frå før, er under etablering. Dei statlege løyvingane til kompetanseutvikling skal bli målretta mot vidareutdanning i prioriterte fag ut frå dei behova som blir avdekte gjennom nasjonale prøver, tilsyn og undersøkingar av kompetansesamsetjinga blant lærarar. I tillegg vil det bli gitt støtte til etterutdanning på prioriterte område og til å utarbeide rettleiande læreplanar i fag.

Det er urovekkjande at delen eldre lærarar aukar sterkt, samstundes som det er vanskeleg å rekruttere nye lærarar og mange av studentane som byrjar på lærarutdanningane, sluttar. Mangelen på språk- og realfagslærarar er stor både på ungdomstrinnet og i den vidaregåande opplæringa. Eit viktig tiltak for å auke rekrutteringa er innføring av ettergiving av utdanningsgjeld for låntakarar i Lånekassen som fullfører visse lærarutdanningar i realfag og framandspråk i 2009. For å gi dei ulike tiltaka retta mot lærarutdanninga og læraryrket ei felles overbygning har regjeringa etablert GNIST-partnerskapen. GNIST er ei brei satsing for å styrkje kvaliteten på lærarutdanninga og utvikle lærarprofesjonen vidare. Partnerskapen jobbar for å auke statusen til lærarane og rekruttere fleire gode lærarar for framtida.

Boks 1.1 GNIST – partnerskap for ei heilskapleg lærarsatsing

Læraren er avgjerande for kvaliteten i grunnopplæringa. Regjeringa har derfor satsa breitt for å styrkje kvaliteten i lærarutdanningane og for å utvikle lærarprofesjonen vidare. Denne satsinga, GNIST, er eit femårig samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, Utdanningsforbundet, KS, LO, NHO, Pedagogstudentene i Utdanningsforbundet, Studentenes Landsforbund, Norsk Lektorlag, Skolenes landsforbund, Norsk Skolelederforbund, Nasjonalt råd for lærerutdanning, Norsk Studentunion og Elevorganisasjonen.

Partnerane i GNIST har desse hovudmåla for satsinga fram mot 2014:

- Auka status for læraryrket
- Auka kvalitet i lærarutdanningane
- Auka kvalitet i lærarprofesjonen
- Auka kvalitet i skoleleiinga
- Auka rekruttering til lærarutdanningane og læraryrket

Høgre utdanning

Det overordna målet i Kvalitetsreforma er å løfte kvaliteten i og relevansen for den høgre utdanninga. Det er framleis store variasjonar i høgre utdanning, og arbeidet med å heve kvaliteten i utdanningane må halde fram. Regjeringa vil derfor følgje opp måla om auka kvalitet og relevans i norsk høgre utdanning. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) har ei sentral rolle i kvalitetsutvikling av dei ulike utdanningane saman med institusjonane. Undervisninga skal vere forskingsbasert og tilpassa eit kunnskapssamfunn i utvikling. Forskingsbasert undervisning handlar både om å utdanne menneske med kompetanse til å løse viktige oppgåver i samfunnet, og om å utvikle evna hos studentane til refleksjon, kreativitet og kritisk tenking.

Regjeringa meiner det er behov for meir profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø. Det er behov for meir samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Det er viktig at dette skjer i prosessar godt forankra i både fagmiljøa og leiinga ved institusjonane. Sektoren har sjølv sett i gang samarbeidsprosessar for å møte utfordringane.

Ungdomskulla aukar kraftig framover. Framskrivingar syner ein auke på 150 000 unge i alderen 19 til 30 år frå 2008 til 2020, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*. Det er derfor eit

behov for fleire studieplassar om ikkje delen ungdom med høgre utdanning skal bli redusert. I tillegg blir høgre utdanning meir ettertrakta når arbeidsmarknaden blir vanskelegare. Fleire søker direkte frå vidaregåande opplæring til høgre utdanning, og høgre utdanning får fleire søkjarar frå alle aldersgrupper. Uavhengig av dagens konjunktursituasjon vil arbeidslivet trenge kvalifisert arbeidskraft i åra som kjem, i mange tilfelle betre kvalifiserte tilsette enn i dag. Framskrivingar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) anslår at talet på personar med universitets- og høgskoleutdanning i arbeidsstyrken vil auke frå under 900 000 i 2010 til over 1 050 000 i 2020 (Rapporter 2008/29, SSB).

Ved å satse på utdanning vil regjeringa motverke dei negative effektane av auka arbeidsløyse, samtidig som Noreg vil komme styrkt ut når konjunkturane snur. For å styrkje den langsiktige kunnskapsutviklinga og sikre tilbod av høg kvalitet til dei som søker seg til høgre utdanning, vil regjeringa sikre tilstrekkeleg kapasitet og fleksibilitet i sektoren. Regjeringa vil òg styrkje moglegheitene for vaksne som blir arbeidsledige, eller som er sårbare for omstillingar og nedskjeringar, til å få fleksible og brukartilpassa opplæringstilbod. Slik opplæring må kunne kombinerast med arbeid og familjeliv.

Velferdssamfunnet er avhengig av god kvalitet og kapasitet på profesjonsutdanningane. Nokre område peiker seg ut ved å stå framfor særlege rekrutteringsutfordringar – som realfag og yrkesgrupper som utfører kjerneoppgåver i velferdssamfunnet, som for eksempel lærarar og sjukepleiarar og anna helsepersonell. For å møte dei nye krava som profesjonsyrka står føre, er det viktig å styrkje forskingsevna på desse områda. For å skaffe solid kunnskap om utdannings- og opplæringssektoren er det sett i verk eit nytt program for utdanningsforskning for perioden 2009–18. Programmet skal fremme forskning av høg vitenskapleg kvalitet og styrkje kunnskapsgrunlaget for politikkutforming, forvaltning, profesjonsutdanning og profesjonsutøving.

Verdiskaping for framtida føreset global konkurransedugleik. Til dette trengst det relevant utdanning av høg kvalitet, og samfunnsborgarar og arbeidstakarar med internasjonal kunnskap og erfaring. Regjeringa vil derfor forankre målsetjinga om auka internasjonalisering i den nasjonale kunnskapspolitikken, og har lagt fram ei internasjonaliseringsmelding, St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*. Internasjonalisering er eit mål i seg sjølv og gjeld heile utdanningssystemet, samtidig som det er eit viktig verkemiddel for å auke kvaliteten i og relevansen av norsk utdanning og forskning.

Forsking

Det har vore ein kraftig auke i investeringane i forskning og utvikling (FoU) i Noreg. Frå 2005 til 2007 har den årlege realauken vore på om lag 7,4 pst. Noreg ligg no på andreplass i verda når det gjeld offentlege forskingsmidlar per innbyggjar. Det er likevel nødvendig å styrkje forskningsevna for å kunne løyse globale utfordringar, sikre verdiskaping og eit godt velferdssamfunn for kommande generasjonar. Den langsiktige målsetjinga om at den samla forskingsinnsatsen skal utgjere tre pst. av BNP, ligg derfor fast. Dette overordna målet skal supplerast med andre ressursindikatorar som gir eit meir nyansert bilete av forskingsinnsatsen i Noreg. Indikatorane er FoU-årsverk per 1 000 selsette, FoU-innsats per innbyggjar og FoU-innsats knytt til Fastlands-BNP. BNP-målet har gjort at det viktigaste i forskingspolitikken har komme i skuggen – kva vi skal forske på, og korleis vi skal forske. For forskning handlar om meir enn ressursar; forskning handlar om å utvikle oss sjølve og samfunnet. Forsking er ein føresetnad og eit verkemiddel for å møte dei store utfordringane vi no står overfor.

Regjeringa vil derfor vri merksemda i forskingspolitikken mot resultat og utvikling i kvalitet. Under handsaminga av St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, slutta Stortinget seg til forskingspolitiske mål på følgjande prioriterte område, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009): globale utfordringar, betre helse og helsetenester, velferds- og forskingsbasert profesjonsutøving, kunnskapsbasert næringsliv i heile landet og næringsrelevant forskning på strategiske område. Desse måla reflekterer først og fremst kva forskingspolitikken særleg skal bidra til, og inneber ei ny tilnærming til forskingspolitikken. Desse måla er supplerte med fire tverrgåande mål: høg kvalitet i forskinga, eit velfungerande forskningssystem, høg grad av internasjonalisering av forskinga og effektiv utnytting av forskingsressursar og -resultat.

Det norske forskningssystemet omfattar alle institusjonar og verksemder som utfører, finansierer og administrerer forskning. I tillegg kjem alle samarbeidsaktørane. Forsking og innovasjon skjer i eit komplekst samspel mellom aktørane i FoU- og innovasjonssystemet. Eit velfungerande forskningssystem handlar blant anna om å sikre tilstrekkeleg kapasitet, om balanse mellom samarbeid og konkurranse og om gode system for kunnskapsoverføring. For å få til eit velfungerande forskningssystem treng ein derfor eit breitt utval av finansieringsmekanismer og verkemiddel.

Fleire forskingsmiljø i Noreg hevdar seg i verdstoppen, mellom anna på felte hjerneforskning,

marin teknologi, språkforskning og informatikk. Det er likevel store sprik i kvaliteten og resultatene i norsk forskning. Noreg har universitet, høyskolar, institutt og kunnskapsbedrifter over heile landet. Det er store forskjellar mellom institusjonane i storleik, akademisk profil og organisering. Dette representerer ein styrke, men det inneber òg ein risiko for fragmentering og sårbare miljø. Regjeringa meiner at det er behov for ei klarare arbeidsdeling, meir konsentrasjon og meir forpliktande samarbeid i forskings- og høgre utdanningssektoren. Dette er ikkje minst viktig for å få til eit fruktbart internasjonalt samarbeid og for å kunne lykkast på internasjonale konkurransearenaer. St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*, stadfesta at vår evne til å tiltrekkje oss gode internasjonale samarbeidspartnarar innan utdanning og forskning er avgjerande for utviklinga av vårt eige kunnskapssystem i åra som kjem. Ei internasjonalt retta utdanning, basert på god kvalitet og relevans, saman med auka internasjonal mobilitet i forskarutdanninga, er sentrale verkemiddel for å fremme forskningssamarbeid og gjere Noreg til ein attraktiv kunnskapsnasjon og samarbeidspartnar. Deltaking i EUs rammeprogram og utviklinga av Det europeiske forskingsområdet (ERA) er ei hovudprioritering for internasjonalisering av norsk utdanning og forskning.

Norsk forskning har gode føresetnader for å bidra til å løyse globale utfordringar. Det gir oss også eit stort ansvar. Fattigdom, behov for energi, klimaendringar, tap av biologisk mangfald, migrasjon og aukande press på matvareressursane i verda er dei største utfordringane i vår tid. Klarer vi ikkje å hanskast med desse problema, står sjølve grunnlaget for samfunnet i framtida på spel. Norsk forskning skal særleg bidra til å løyse globale utfordringar innanfor klima, miljø, energi, hav og mattryggleik. Klimaforliket inneheld fleire punkt om opptrapping av forskinga på klima, fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring. Forliket understrekar særleg at den offentleg finansierte petroleumsforskninga skal ha eit betydeleg fokus på klima.

Høg kvalitet er eit gjennomgåande mål for alle delane av utdannings- og forskningssystemet. Regjeringa si satsing på forskning har gitt resultat, og kvaliteten i norsk forskning er styrkt dei seinare åra. Indikatorar ein har tilgang til, som publiseringar, siteringar og internasjonale evalueringar, viser at det blir utført meir og betre forskning enn tidlegare. Noreg er blant dei landa som har hatt sterkast auke i talet på publikasjonar og siteringar dei siste åra. Satsinga på forskarrekruttering vil dei kommande ti åra føre produksjonen av doktorgradar opp på same nivå som nivået i dei fremste av nabolanda våre.

For å fremme kvalitet er det nødvendig å sikre gode rammevilkår, blant anna gjennom finansieringssystem, tilgang til moderne infrastruktur og utstyr og mobilisering av menneskelege ressursar. Fondet for forskning og nyskaping er eit av dei viktigaste instrumenta regjeringa har for å sikre langsiktige og stabile forskingsløyvingar og for å auke løyvingane til satsingar som bidreg til å utvikle kvaliteten og breidda i norsk forskning. Frå 1. januar 2009 har fondet hatt ein kapital på 72 mrd. kroner. Vidare er ein god politikk for investeringar, drift og vedlikehald av forskingsinfrastruktur avgjerande for å nå måla i forskingspolitikken. Derfor er avkastninga frå 4 mrd. kroner av fondskapitalen øyremerkte investeringar i slik infrastruktur, noko som vil gi ei stabil årleg løyving på om lag 140 mill. kroner. Regjeringa har i tillegg innført eit nytt system for statleg basisfinansiering av forskingsinstitutta i 2009 for å auke kapasiteten ved institutta til å levere god forskning.

Regjeringa ønskjer å utløyse regionalt vekstpotensial og verdiskaping i heile landet og å styrkje både privat og offentleg FoU-aktivitet. Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og formidling av resultatata er grunnleggjande for å bidra til innovasjon og verdiskaping og til utvikling av og i regionane. Det viktigaste nye verkemiddelet for å fremme forskning i regionane er dei regionale forskingsfonda, som vil gi ei avkastning på om lag 212 mill. kroner i 2010.

Krava om at forskning skal utnyttast til samfunnets beste, aukar stadig. Det må vere god samanheng mellom dei ressursane som går til forskning, og dei resultatata ein oppnår. Forskingsresultata må gjerast tilgjengelege. Gjennom publisering, kommersialisering og annan samfunnskontakt skal forskingsresultata bidra til verdiskaping, til å løyse konkrete samfunnsutfordringar, utvikle nye produkt og til å utvikle forskning og den forskingsbaserte undervisninga vidare.

1.4 Sosial utjamning

Det er små sosiale forskjellar i vårt utdanningssystem samanlikna med andre land. Regjeringa meiner likevel at det i dag er gjennomgåande sosiale forskjellar i utdanningssystemet som ikkje kan akseptrast. Det er forskjellar i læringsutbytte i grunnskolen, fråfall i vidaregåande opplæring og sosialt skeiv rekruttering til høgre utdanning. Regjeringa vil styrkje den evna utdanningssystemet har til å motverke sosiale forskjellar gjennom å leggje grunnlaget for livslang læring, og legg derfor vekt på kvalitetsutvikling og tidleg innsats i alle ledd i utdanningssystemet. Tidleg innsats inneber både å styrkje innsatsen i tidleg alder og å setje inn

tiltak når problem viser seg. I NOU 2009: 10 *Fordelelingsutvalget* kjem det klart fram at barnehagar og utdanningssystemet har stor innverknad på sosiale forskjellar seinare i livet.

I Noreg har alle rett til gratis grunnskole og vidaregåande opplæring. Grunnutdanninga ved statlege universitet og høgskolar i Noreg skal vere gratis. Støtteordningane gjennom Statens lånekasse for utdanning skal sikre at alle kan ta ut retten til vidaregåande opplæring, og at personleg økonomi ikkje skal vere avgjerande for val av høgre utdanning. Stortinget har lovfesta ei rekkje tiltak for at retten til opplæring og utdanning skal vere uavhengig av betalingsevna til foreldra. Regjeringa har følgd opp barnehageforliket i Stortinget og har lagt til rette for at foreldrebetalinga for ein barnehageplass er redusert med 27 pst. sidan 2005. Frå 2009 har alle barn rett til barnehageplass, jf. Innst. O. nr. 69 (2007–2008) og Ot.prp. nr. 52 (2007–2008). Det er òg innført gratis læremiddel i vidaregåande opplæring, satsane i utdanningsstøtteordningane har vorte prisjusterte kvart år, og det er bygt fleire studentbustader.

Grunnleggjande dugleikar har stor betydning for prestasjonar i alle fag og er vesentlege for å klare seg godt seinare i livet. Regjeringa har derfor sett i verk fleire tiltak som skal sikre at alle barn lærer å lese og rekne i løpet av dei første skoleåra, og tiltak for å bidra til at elevane utviklar desse dugleikane vidare i utdanninga. Skoledagen er utvida og det er lagt til rette for ein meir heilskapleg skoledag for å oppnå meir og betre læring for alle elevar uavhengig av sosial bakgrunn. Timetallet på barnetrinnet er utvida med til saman fem timar til fag, og to timar til fysisk aktivitet i skolen.

Fullført vidaregåande opplæring er plattformen alle bør ha for å vere godt rusta for arbeidsliv og vidare utdanning. Tre av ti ungdommar har ikkje fullført vidaregåande opplæring fem år etter at dei starta. Dette er ikkje ein akseptabel situasjon i eit samfunn der fullført vidaregåande opplæring i stadig større grad blir inngangsbilletten til vidare utdanning og arbeid. Samanhengen mellom grunnleggjande dugleikar, gjennomføring av vidaregåande opplæring og deltaking i arbeidslivet er godt dokumentert i St.meld. nr. 16 (2006–2007). Mange av dei som ikkje har gjennomført vidaregåande opplæring, fell ut av arbeidslivet i ung alder. Mangelfulle grunnleggjande dugleikar frå grunnskolen er den viktigaste årsaka til fråfall i vidaregåande opplæring.

Mange av dei som avbryt vidaregåande opplæring, har opplevd sviktande motivasjon og svake dugleikar på ungdomstrinnet. Ungdomstrinnet er derfor ein kritisk fase. For å auke fullføringa av vidaregåande opplæring er det viktig å gjennomføre

re fleire tiltak. Det er for eksempel viktig med praksisnære tilbod for ungdom som treng noko anna enn tradisjonell skolelæring, for å motivere til å halde fram i opplæringa. Det er òg viktig å sjå tidleg elevar som står i fare for å avbryte vidaregåande opplæring, og følgje opp desse. Tilgang på læreplassar har til dømes vist seg å ha god effekt på fullføring av fag- og yrkesopplæringa. I ei tid med nedgangskonjunkturar i økonomien har regjeringa lagt til rette for at bedrifter kan halde fram med å ta inn lærlingar.

Høgre utdanning er ulikt fordelt i befolkninga. Det er meir sannsynleg at ein tek høgre utdanning dersom foreldra har høgre utdanning. Kvalitetsreforma i høgre utdanning og forskning legg vekt på at studentane skal lykkast i å fullføre utdanninga, og å auke rekrutteringa av grupper som i mindre grad deltek i høgre utdanning. Nye og meir varierte undervisnings- og vurderingsformer samt meir samanhengande studieopplegg er sentrale element i Kvalitetsreforma og viktige verkemiddel for å nå målet om sosial utjamning. Støtteordningane i Lånekassen, rimelege studentbustader og tilboda om etter- og vidareutdanning medverkar også til dette.

1.5 Budsjettprioriteringar

Barnehagar

Frå 2009 er det innført ein lovfesta rett til barnehageplass. Regjeringa vil at alle skal få eit barnehage-tilbod med høg kvalitet til låg pris.

Forskning viser at eit godt pedagogisk tilbod før skolealder har positive effektar for læring og utvikling hos alle barn, uavhengig av familiebakgrunn. Betre barnehagar er også viktig for å betre resultatane på skolen. Regjeringa meiner at kompetansen til personalet er den viktigaste føresetnaden for å skape gode barnehagar og utvikle verksemda i tråd med behova til barna, foreldra og samfunnet. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 35 mill. kroner i 2010 til ei rekkje tiltak som skal betre kvaliteten i barnehagen og følgje opp St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*. Mellom anna blir det foreslått å styrkje leiarkompetansen til barnehagestyrarane gjennom å innføre vidareutdanning i leiing for styrarar. Regjeringa vil også styrkje satsinga på studiet Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB-studiet) på prioriterte område.

Ein stor del av barnehagane i Noreg er private. For regjeringa er det viktig at barn skal ha like moglegheiter og at det blir lagt til rette for like lønns- og arbeidsforhold for dei tilsette uavhengig av om dei jobbar eller går i private eller offentlege

barnehagar. Regjeringa tek derfor sikte på å oppnå likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar gjennom ein opptrappingsplan over ein periode på inntil fem år. I statsbudsjettet for 2010 foreslår regjeringa å løyve 82 mill. kroner for å starte opptrappinga.

Regjeringa vil at foreldrebetalinga skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å betale for ein barnehageplass med god kvalitet. Regjeringa vil føre vidare maksimalgrensa for foreldrebetalinga nominelt inntil prisen er redusert til kr 1 750 (2005-kroner) per måned. Maksimalprisen blir derfor i 2010 som i 2009, kr 2 330 per måned og kr 25 630 på årsbasis for ein heiltidsplass. Det er foreslått å løyve brutto 203,5 mill. kroner til dette formålet.

I statsbudsjettet for 2010 er det lagt til rette for etablering av totalt om lag 7 200 nye barnehageplassar i permanente og mellombelse barnehagelokale. Dette målalet svarer til forventna auke i etterspurnaden ved å føre vidare maksimalprisen på foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2009 (1 500 plassar) og auke i barnehageutbygginga som følgje av befolkningsauke (5 700 plassar). Ein reknar med at desse plassane skal gi rom til 5 500 fleire barn. Totalt foreslår regjeringa å løyve 463,5 mill. kroner til utbygging og drift av nye barnehageplassar.

Departementet fører vidare satsinga på ulike studietilbod til tilsette i barnehagane frå revidert nasjonalbudsjett for 2009, jf. Innst. S nr. 355 (2008–2009), St.prp. nr. 67 (2008–2009) og omtale under budsjettprioriteringar innan høgre utdanning og forskning.

Grunnopplæringa

Regjeringa arbeider for ei grunnopplæring av høg kvalitet. Målsetjinga er økt læring for alle elevar, slik at skolen kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar.

I statsbudsjettet for 2010 foreslår regjeringa å utvide undervisningstimetalet for 1. til 7. trinn med ein veketime frå hausten 2010. Å utvide talet på undervisningstimar vil vere eit tiltak for å sikre elevane betre læring og utvikling av grunnleggjande dugleikar. For å bidra til betre læring gjennom tidleg innsats, vil regjeringa innføre eit tilbod om åtte veketimar gratis leksehjelp, delte på 1. til 4. trinn. Dette vil vere eit målretta tiltak for elevar og foreldre som ynskjer ekstra støtte i læringa. Regjeringa foreslår å løyve 241 mill. kroner til utvida undervisningstimetal og gratis leksehjelp.

Fullført vidaregåande opplæring er den plattformen alle bør ha for å vere rusta til arbeidsliv og eventuell vidare utdanning. Samstundes er det berre om lag 70 pst. av elevane som oppnår studie-

eller yrkeskompetanse etter fem år i vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår derfor ei satsing på 58 mill. kroner i 2010 til auka fullføring med blant anna tiltak for å følgje opp elevane med svake resultat på kartleggingsprøver og utprøving av nytt praktisk fag på ungdomstrinnet.

Rehabiliteringsbehovet ved skoleanlegg er framleis stort, noko som påverkar læringsutbyttet til elevane og arbeidsmiljøet til lærarane. Derfor fører regjeringa vidare rentekompensasjonsordninga for skole- og symjeanlegg. Regjeringa foreslår å fase inn ytterlegare 2 mrd. kroner i 2010 av ordninga, med ein budsjetteffekt på 28 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å føre vidare det midlertidige tiltaket frå tiltakspakken med auka tilskott til lærebedrifter også i 2010, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*. Regjeringa foreslår å løyve 190 mill. kroner til auka tilskott gjennom rammetilskottet til fylkeskommunane i 2010. Det blir opna for at tilskottet kan bli brukt til å stimulere enkeltbransjar eller enkeltbedrifter som har konjunkturproblem til å føre vidare eksisterande lærekontraktar og til å stimulere nye bedrifter til å ta inn lærlingar.

Regjeringa foreslår òg å føre vidare auken i løyvinga til lærlingar med særskilde behov med 10 mill. kroner i 2010.

Regjeringa vil at alle barn som ønskjer det, skal få eit kulturskoletilbod av god kvalitet og til ein rimeleg pris. For å styrkje kulturskoletilbodet blir det i 2010 foreslått å løyve 40 mill. kroner frå Kulturløftet II som eit øyremerkt statleg stimulerings-tilskott til kulturskolar/kulturaktivitetar i skolen. Midlane skal gå til forsøk med ulike modellar av kulturaktivitetar. Modellforsøka ved eit utval skolar skal ha som mål å leggje til rette for eit breitt, variert og mangfaldig tilbod til elevane.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at dei private toppidrettsgymnasa skal kunne gi eit godt tilbod om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, og foreslår å løyve 10 mill. kroner ekstra i toppidrettstilskott.

I revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart det orientert om at Kunnskapsdepartementet ville samle Uninett ABC, Utdanning.no og ITU – forsknings- og kompetansenettverk for IT i eit nytt senter for IKT i utdanninga. Dette er ei oppfølging av St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*. Løyvinga til dei enkelte tiltaka blir samla under eitt budsjettkapittel. Departementet foreslår ei samla løyving på 85,5 mill. kroner til Senter for IKT i utdanninga i 2010.

Grunnleggjande dugleikar for vaksne

I ein periode prega av motkonjunktur er det viktig med tiltak for å hindre utstøying frå arbeidslivet. Forsking viser at dei som først fell ut av arbeidsmarknaden ved omstillingsprosessar, er dei med svake grunnleggjande dugleikar. Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) skal medverke til å styrkje lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleikar blant vaksne arbeidstakarar og arbeidssøkjjarar. Bedrifter og offentlege verksemdar kan få tilskott til å gi tilsette opplæring i grunnleggjande dugleikar. I samband med tiltakspakken til regjeringa og revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart Program for basiskompetanse i arbeidslivet styrkt med til saman 40 mill. kroner for møte utfordringane i arbeidslivet. Regjeringa foreslår å føre vidare denne satsinga også i 2010.

Høgre utdanning og forskning

God og stabil finansiering er avgjerande for at universitet og høgskolar skal kunne drive langsiktig kunnskapsutvikling og kunnskapsforvaltning av høg kvalitet innanfor eit breitt spekter av fagtilbod.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 50 mill. kroner i 2010 for å bidra til meir profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø i sektoren gjennom samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Regjeringa meiner som Stjernø-utvalet at det er behov for ei klarare arbeidsdeling og eit meir forpliktande samarbeid i sektoren. Samarbeidet skal likevel ikkje utvikle seg gjennom politisk styrte strukturreformar. Dei strukturelle utfordringane må løysast med frivillige prosessar som følgje av at fagmiljø og institusjonsleiingar ser kva sektoren kan oppnå gjennom samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Rolla til statlege myndigheiter er å leggje til rette for, stimulere og bidra til at dei frivillige prosessane på universitet og høgskolar kan realisast. Sjå òg omtale under om finansieringssystemet.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 100 mill. kroner i 2010 for å styrkje lærarutdanninga. Av desse midlane foreslår regjeringa om lag 15 mill. kroner knytte til tiltak for å auke samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i lærarutdanninga. Desse kjem i tillegg til 20 mill. kroner som Kunnskapsdepartementet tildeler til samarbeidsprosessar i lærarutdanninga i 2009.

For å møte behovet for auka kompetanse og sikre kapasitet og fleksibilitet i høgre utdanning, foreslår regjeringa å auke løyvinga til 291,2 mill. kroner i 2010 knytt til dei 3 000 studieplassane som vart tildelte til universiteta og høgskolane i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009. Det

inneber at talet på nye studieplassar ved universitet og høgskolar aukar med om lag 2 600 i 2010, slik at den auka opptakskapasiteten kan førast vidare. Regjeringa vil òg føre vidare med heilårsverknad studieplassane som vart gitte i revidert nasjonalbudsjett for 2009 innanfor desentralisert utdanning, etter- og vidareutdanning og fagskoleutdanning. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvingane i 2010 knytt til desse studieplassane til 39,6 mill. kroner for desentralisert utdanning og etter- og vidareutdanning og 30,4 mill. kroner for fagskoleutdanning.

Regjeringa foreslår samla å løyve 13,5 mill. kroner i 2010 til etablering av trafikkflygarutdanning (treårig bachelorgrad i luftfart) ved Universitetet i Tromsø.

Høg kvalitet i forkinga er grunnlaget for vidare utvikling av samfunnet. Grunnforskning av høg kvalitet er ein føresetnad for meir målretta forkingssatsingar for å løyse samfunnsproblem. Dette er òg ein føresetnad for at norske forskarar og forskingsmiljø skal vere attraktive samarbeidspartnarar for utvikling av kunnskap på ein internasjonal arena. Noreg skal vere i front av den internasjonale kunnskapsutviklinga på område der vi har særlege føresetnader.

Regjeringa foreslår å føre vidare rekrutteringsstillingane frå tiltakspakken med 72,7 mill. kroner i 2010, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*. Utdanning av fleire forskarar er eit viktig verkemiddel for å auke den norske forkingsevna. Etterspørselen etter personar med doktorgrad aukar òg utanfor academia. Fleire forskarutdanna personar vil auke tilfanget av høgt kompetent arbeidskraft for framtidens arbeidsliv. Målet om eit meir kunnskapsintensivt næringsliv krev fleire med doktorgrad, særleg innanfor faga matematikk, naturfag og teknologi (MNT-faga).

Regjeringa vil òg framover leggje stor vekt på at Noreg skal spele ei aktiv rolle i internasjonale organisasjonar og prosessar, og delta på viktige møtestader for høgare utdannings- og forkingssamarbeid. Dette gjeld blant anna i samarbeidet med EU og deltaking i EUs utdannings- og forkingssprogram. OECD, Bologna-prosessen, Nordisk ministerråd og UNESCO er andre viktige arenaer der Noreg deltek aktivt. I St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* legg regjeringa vekt på at internasjonalisering ikkje berre er eit mål i seg sjølv, men òg eit verkemiddel for å fremme kvalitet og relevans i norsk utdanning og forking. Analysen og tiltaka i meldinga vil vere utgangspunktet og danne grunnlaget for det vidare arbeidet på internasjonaliseringsom-

rådet. Regjeringa foreslår om lag 127 mill. kroner knytt til ulike internasjonaliseringsiltak i 2010.

Formålstenlege bygg innanfor høgare utdanning og forking er ein føresetnad for å gjennomføre utdannings- og forkingsspolitikken. Regjeringa foreslår å løyve 1,1 mrd. kroner i 2010 til vidareføring av byggjeprojekta i 2010, jf. kap. 1580 post 33 og kap. 2445 post 33 i Prop. 1 S (2009–2010) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Regjeringa foreslår å løyve 164 mill. kroner til ny universitetsklinikk i Trondheim medrekna 58 mill. kroner til utstyr. Regjeringa foreslår å løyve 3,5 mill. kroner til heilårsverknad av husleigekompensasjon til Samisk vitskapsbygg, 11,7 mill. kroner til husleige ved Høgskolen i Vestfold og 23 mill. kroner til husleige ved Kunsthøgskolen i Oslo.

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forking og nyskaping med 5 mrd. kroner til 77 mrd. kroner frå 1. januar 2010. Dersom renta held seg på det same nivået som i dag, vil det gi om lag 210 mill. kroner i auka avkastning frå 2011. Avkastninga av to tredelar av den nye kapitalen er øymerkt forkingssinfrastruktur.

Nivået på norsk forkingssinfrastruktur står heilt sentralt for at Noreg skal kunne trekkje til seg dei beste stipendiatane og dei beste nasjonale og internasjonale forskarane. Også konkurransekrafta i næringslivet er basert på kompetanse og teknologi utvikla i samarbeid med akademiske miljø med tilgang til moderne vitskapleg utstyr. I statsbudsjettet for 2009 vart avkastninga av 4 mrd. kroner av kapitalauken i Forkingssfondet øymerkt infrastruktur. Det gir ei stabil, årleg løyving til forkingssinfrastruktur på om lag 140 mill. kroner frå 2010.

Dei regionale forkingssfonda vart oppretta 1. januar 2009 med ein fondskapital på 6 mrd. kroner. Avkastninga vil i 2010 vere på 212,4 mill. kroner og står til disposisjon frå 1. januar 2010. Dei regionale forkingssfonda skal styrkje forkingsevna gjennom regional forking og innovasjon og vil støtte FoU-prosjekt initierte av både offentlege og private verksemdar og forkingssmiljø. Formålet med fonda er vidare å bidra til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forkingssmiljø og såleis medverke til auka kvalitet i forkinga.

Regjeringa følgjer opp Klimaforliket med å foreslå ein ytterlegare auke på 300 mill. kroner til forking og utvikling innanfor fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring i budsjettet for 2010. Målet er å møte forkingssutfordringar og utnytte potensialet for verdiskaping knytt til fornybar energi og karbonfangst og -lagring. 65 mill. kroner blir foreslått løyvd over budsjettet til

Kunnskapsdepartementet. Disse midlane vil gå til grunnforskning, rekruttering, infrastruktur, internasjonalt forskningssamarbeid og samfunnsfagleg forskning på feltet, samt til forskning knytt til globale utfordringar. Samfunnsfagleg forskning og internasjonalt samarbeid knytt til fornybar energi og karbonfangst og -lagring er også foreslått finansiert over budsjetta til andre departement.

Vidare foreslår regjeringa å løyve 50 mill. kroner til anna klimaforskning. I 2010 skal delen av midlane foreslått løyvde over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, i alt 31 mill. kroner, gå til etablering av eit klimaforskingsssenter i Bergen, grunnforskning og rekruttering i Noregs forskingsråds program NORKLIMA, til delar av Noregs kontingent til nordisk toppforskningsprogram om energi, miljø og klima, samt sekretariatet for det strategiske samarbeidsforumet for klimaforskning, Klima21. Satsinga blir finansiert over budsjetta til fleire departement. Ei auka løyving til klimaforskning vil gi eit styrkt kunnskapsgrunnlag for klimapolitikken og for tilpassing, tiltak, verkemiddel og næringsutvikling innanfor ulike sektorar.

Studentvelferd

Regjeringa meiner at alle skal ha lik rett til utdanning uavhengig av økonomisk og sosial situasjon, og at det på sikt skal vere mogleg for alle å studere på heiltid. For å bidra til dette legg regjeringa opp til å finansiere om lag 1 000 nye hybeleiningar i 2010. Regjeringa foreslår å føre vidare løyvinga til bygging av studentbustadar med om lag 220,8 mill. kroner i 2010.

I tillegg foreslår regjeringa å auke alle satsar i utdanningsstøtteordningane med 1,6 pst. for undervisningsåret 2010–11. Den auka løyvinga vil innebere at basisstøtta til studentane stig frå

kr 87 600 i undervisningsåret 2009–10 til kr 89 000 for undervisningsåret 2010–11.

Regjeringa ønskjer auka mobilitet blant norske studentar og auka internasjonalisering i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr. 14 (2008–2009). Departementet foreslår derfor fleire justeringar i regelverket for tildeling av utdanningsstøtte for å redusere barrierane for å ta utdanning i utlandet, sjå omtale under kategori 07.80.

Regjeringa foreslår òg fleire tiltak for leggje betre til rette for nye kvotestudentar. Mange kvotestudentar er i dag i ein vanskeleg situasjon fordi det kan ta lang tid frå dei kjem til Noreg, før dei får utbetalt utdanningsstøtte, ettersom dei må ha fødselsnummer og bankkonto for å søkje støtte. Departementet foreslår å løyve 7,5 mill. kroner til ei ordning der studentane får utbetalt eit startstipend tilsvarende basisstøtte i to månader når dei kjem til lærestaden i Noreg. Departementet foreslår vidare å opne for støtte til ei heimreise den første sommaren til kvotestudentar som startar utdanninga i vårsemesteret. I tillegg foreslår departementet å opne for utdanningsstøtte om sommaren for kvotestudentar som er forseinka i det siste semesteret i utdanninga slik at dei kan fullføre utdanninga om sommaren.

I 2009 vart det innført ei ordning for avskrivning av utdanningsgjeld for låntakarar som fullførte visse lærarutdanningar innanfor realfag eller språk. Ordninga blir no foreslått utvida med utdanningar i samiske språk. Formålet med tiltaket er å stimulere til at fleire tek samisk lærarutdanning eller får kompetanse i samisk som del av lærarutdanninga.

Regjeringa foreslår òg nokre mindre justeringar i vilkåra som gjeld utstyrsstipend, sjukestipend, foreldrestipend og behovsprøving av utdanningsstipend mot formue og inntekt, sjå omtale under kategori 07.80.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	224 374	224 388	235 741	5,1
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>224 374</i>	<i>224 388</i>	<i>235 741</i>	<i>5,1</i>
Grunnopløringa					
220	Utdanningsdirektoratet	224 902	253 801	272 542	7,4
221	Foreldreutvalet for grunnopløringa	8 270	9 777	9 613	-1,7
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	122 858	124 572	101 406	-18,6
223	Samisk utdanningsadministrasjon	31 887	33 290	34 355	3,2
224	Senter for IKT i utdanninga			85 057	
225	Tiltak i grunnopløringa	1 011 228	1 145 994	1 178 266	2,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnopløringa	960 699	1 020 039	1 043 566	2,3
227	Tilskott til særskilde skolar	61 364	62 345	65 240	4,6
228	Tilskott til private skolar o.a.	2 477 206	2 582 197	2 838 432	9,9
229	Andre tiltak	11 909	12 433	21 499	72,9
230	Kompetansesenter for spesial- undervisning	700 724	675 816	685 426	1,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>5 611 047</i>	<i>5 920 264</i>	<i>6 335 402</i>	<i>7,0</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	21 178 562	24 314 940	26 827 222	10,3
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>21 178 562</i>	<i>24 314 940</i>	<i>26 827 222</i>	<i>10,3</i>
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling					
252	EUs program for livslang læring	176 752	187 697	215 381	14,7
253	Folkehøgskolar	592 986	619 478	641 301	3,5
254	Tilskott til vaksenopløring	192 365	198 969	205 335	3,2
255	Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.	43 790	50 974	56 806	11,4
256	Vox - Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	51 044	54 041	52 523	-2,8
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	41 479	38 570	79 804	106,9

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
258	Analyse og utviklingsarbeid	37 347	38 066	43 114	13,3
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 135 763</i>	<i>1 187 795</i>	<i>1 294 264</i>	<i>9,0</i>
	Høgre utdanning og fagskole- utdanning				
260	Universitet og høgskolar			23 370 869	
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	211 141	299 758	309 281	3,2
271	Universitet	12 200 856	13 154 993		-100,0
272	Vitskaplege høgskolar	979 546	1 220 669		-100,0
275	Høgskolar	8 050 911	7 913 046		-100,0
276	Fagskoleutdanning	312 725	343 277		-100,0
280	Felles administrative einingar			119 700	
281	Felles tiltak for universitet og høgsko- lar	838 700	969 417	689 767	-28,8
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>22 593 879</i>	<i>23 901 160</i>	<i>24 489 617</i>	<i>2,5</i>
	Forskning				
283	Meteorologiformål	257 270	282 646	301 932	6,8
285	Noregs forskingsråd	1 315 338	1 427 291	1 471 705	3,1
286	Forskningsfond	6 942 105	12 929 517	6 261 860	-51,6
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	153 800	211 195	227 623	7,8
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 203 680	1 317 065	1 463 301	11,1
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>9 872 193</i>	<i>16 167 714</i>	<i>9 726 421</i>	<i>-39,8</i>
	Utdanningsfinansiering				
2410	Statens lånekasse for utdanning	28 809 165	30 176 394	26 071 415	-13,6
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>28 809 165</i>	<i>30 176 394</i>	<i>26 071 415</i>	<i>-13,6</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>89 424 983</i>	<i>101 892 655</i>	<i>94 980 082</i>	<i>-6,8</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
01-29	Driftsutgifter	3 177 189	3 311 916	3 556 565	7,4
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	111 337	179 286	202 034	12,7
50-59	Overføringar til andre statsrekneska- par	27 233 160	28 640 999	30 077 585	5,0
60-69	Overføring til kommunesektoren	21 920 967	25 177 100	27 895 431	10,8
70-89	Overføring til private	11 870 406	12 732 270	11 844 591	-7,0
90-99	Utlån, avdrag o.a.	25 111 924	31 851 084	21 403 876	-32,8
	Sum under departementet	89 424 983	101 892 655	94 980 082	-6,8

Inntekter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
Administrasjon					
3200	Kunnskapsdepartementet	7 757	3 247	1 751	-46,1
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>7 757</i>	<i>3 247</i>	<i>1 751</i>	<i>-46,1</i>
Grunnopplæringa					
3220	Utdanningsdirektoratet	8 805	11 916	10 020	-15,9
3221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa	171	276		-100,0
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	10 181	7 069	4 309	-39,0
3224	Senter for IKT i utdanninga			1 000	
3225	Tiltak i grunnopplæringa	20 311	118 589	141 275	19,1
3229	Andre tiltak			2 386	
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	73 355	62 559	64 561	3,2
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>112 823</i>	<i>200 409</i>	<i>223 551</i>	<i>11,5</i>
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling					
3256	Vox - Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	6 909	10 285	10 614	3,2
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>6 909</i>	<i>10 285</i>	<i>10 614</i>	<i>3,2</i>
Høgre utdanning og fagskoleutdanning					
3280	Felles administrative einingar			20	
3281	Fellestiltak for universitet og høgskolar	3 519	10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>3 519</i>	<i>10</i>	<i>30</i>	<i>200,0</i>
Forsking					
3286	Forskingsfond	3 087 505	3 368 260	3 770 560	11,9
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 503	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 809	3 843	4 752	23,7
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>3 112 817</i>	<i>3 393 603</i>	<i>3 796 812</i>	<i>11,9</i>
Utdanningsfinansiering					
5310	Statens lånekasse for utdanning	13 958 521	15 710 400	11 965 178	-23,8
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	5 898 829	6 763 305	3 788 500	-44,0
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>19 857 350</i>	<i>22 473 705</i>	<i>15 753 678</i>	<i>-29,9</i>
<i>Sum inntekter</i>		<i>23 101 175</i>	<i>26 081 259</i>	<i>19 786 436</i>	<i>-24,1</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	162 533	269 196	293 230	8,9
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringer	9 141 110	10 250 763	7 673 506	-25,1
90-99	Utlån, avdrag o. a.	13 797 532	15 561 300	11 819 700	-24,0
	Sum under departementet	23 101 175	26 081 259	19 786 436	-24,1

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgende oppmodingsvedtak:

Vedtaket nr. 54, 21. november 2008. Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20, kap. 226.

«Stortinget ber Regjeringen vurdere å gjenoppta arbeidet med skolebidragsindikatorer.»

Vedtaket nr. 266, 13. desember 2007. Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.80, kap. 2410.

«Stortinget ber Regjeringen i forbindelse med stortingsmeldingen om internasjonalisering vurdere en opptrapping av rammen i Statens lånekasse for utdanning slik at nye søkerskoler kan innlemmes i støtteordningen for elever som tar deler av sin videregående opplæring i utlandet.»

Vedtaket nr. 284, 2. april 2009. Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.60, kap. 260.

«Stortinget ber Regjeringen om snarest å komme tilbake til Stortinget med status for rekrutteringsutfordringene knyttet til samisk lærerutdanning og tiltak for å sikre rekrutteringa.»

Vedtaket nr. 298, 27. april 2009. Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.60, kap. 281 post 51.

«Stortinget ber Regjeringen sørge for at virksomheten til Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) blir gjenstand for en evaluering tilsvarende den som ble foretatt for NOKUTs virksomhet.»

Vedtaket nr. 299, 27. april 2009. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.80.

«Stortinget ber Regjeringen om å forlenge gjeldende praksis i Lånekassen for tildeling av støtte til studenter ved Gründerskolen til og med studieåret 2009/2010, og samtidig vurdere hensiktsmessigheten av gjeldende regelverk.»

Vedtaket nr. 391, 7. mars 2008. Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.60, kap. 260.

«Stortinget ber Regjeringen vurdere å innføre krav om ekstern sensor for all høyere utdanning.»

Vedtaket nr. 399, 8. juni 2009. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.20.

«Stortinget ber Regjeringen utarbeide forslag til hvordan det på best mulig måte kan innføres antimobbeprogram eller en handlingsplan mot mobbing ved alle skoler.»

Vedtaket nr. 501, 30. mai 2008. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.20.

«Stortinget ber Regjeringen snarest utarbeide forslag til bestemmelser som forplikter videregående skole til foreldresamarbeid.»

Vedtaket nr. 545, 14. juni 2007. Vedtaket blir omtalt under programkategori 07.20, kap. 228 post 70.

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om tilskuddsordningene når gjennomgangen av utregningsmodellen for skolene er gjennomført.»

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
200	Kunnskapsdepartementet	224 374	224 388	235 741	5,1
	Sum kategori 07.10	224 374	224 388	235 741	5,1

Inntekter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
3200	Kunnskapsdepartementet	7 757	3 247	1 751	-46,1
	Sum kategori 07.10	7 757	3 247	1 751	-46,1

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	
01	Driftsutgifter	216 263	215 240	215 714	
21	Særskilde driftsutgifter	4 847	6 503	17 311	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	3 264	2 645	2 716	
	Sum kap. 200	224 374	224 388	235 741	

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og driftsutgifter i departementet. Løyvinga på post 21 dekkjer mellom anna utgifter til arbeidet i regjeringa med forskingspolitikken, utgifter til drift av den norske UNESCO-kommisjonen og somme andre utgreiings- og utviklingsoppgåver. Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet.

Mål for 2010

Måla for løyvinga over kap. 200 gjeld drift av Kunnskapsdepartementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

Måla for 2010:

- Departementet skal sikre eit godt grunnlag for utforming av kunnskapspolitikken
- Departementet skal sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk
- Departementet skal sikre god dialog med relevante aktørar i samfunnet

Rapport for 2008–09

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken for barnehage, utdanning, livslang læring og forskning. I perioden 2008–09 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd følgjande proposisjonar og meldingar til Stortinget:

- Ot.prp. nr. 83 (2007–2008) *Om lov om endring i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler*
- Ot.prp. nr. 55 (2008–2009) *Om lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova*
- Ot.prp. nr. 71 (2008–2009) *Om lov om endringer i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler*
- Ot.prp. nr. 87 (2008–2009) *Om lov om voksenopplæring (voksenopplæringsloven)*
- St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren Rollen og utdanningen*
- St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*
- St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*
- St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*
- St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*

Departementet har lagt mykje arbeid i å bygge tilstandsvurderingane i stortingsdokumenta på eit godt kunnskapsgrunnlag. For å oppnå dette har departementet arbeidd systematisk med å lage analysar baserte på tilgjengeleg kunnskap, og for å styrkje kunnskapsgrunnlaget på område der det trengst. I 2008 har departementet arbeidd vidare med å styrkje kunnskapsgrunnlaget om vidaregåande opplæring. Arbeidet med å styrkje utdanningsforskninga heldt fram i 2008. Det er mellom anna laga ein strategi for utdanningsforskning.

Departementet har lagt vekt på å utvikle vidare det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for å gi kommunane og skolane eit enda betre grunnlag for å vurdere tilstanden i grunnopplæringa. I tillegg har departementet innført nye kartleggingsprøver retta mot oppfølging av elevane.

Kunnskapsdepartementet har gjennomført ei evaluering av finansieringssystemet for universitet og høgskolar. Som ein del av dette arbeidet vart det gjort ein ekstern gjennomgang av det noverande finansieringssystemet.

Som varsla i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet, fekk departementet i 2009 gjennomført ein analyse av marknaden for desentralisert utdanning, medrekna ei evaluering av Noregsuniversitetet. Formålet var mellom anna å få eit godt oversyn over aktørar, finansieringskjelder, finansieringsmåtar og organisasjonsmodellar.

Til bruk i dei årlege etatsstyringsmøta med institusjonane i universitets- og høgskolesektoren utarbeider departementet ein overordna tilstandsrapport for sektoren. Rapporten analyserer utviklinga innanfor utdanning, forskning, samhandling med omverda, økonomi og personalforvaltning. I 2009 er dei private institusjonane tekne med i analysen, og det er teke med eit kapittel om viktige utviklingstrekk som vil prege sektoren framover.

Kunnskapsdepartementet arbeider med kvalitetssikring av store statlege investeringsprosjekt. Alle statlege investeringar med ein forventa kostnad på meir enn 500 mill. kroner skal gjennomgå ekstern kvalitetssikring. I 2008 og 2009 har departementet slutført rapport om konseptval for Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Dei alternative konseptane blir tekne vidare i ein samfunnsøkonomisk analyse, som gir høve til å rangere og prioritere prosjektalternativa.

Departementet har lagt til rette for å styrkje internasjonalt barnehage-, utdannings- og forskingssamarbeid innanfor prioriterte tema og fagområde, og med prioriterte land og regionar, mellom anna gjennom deltaking i internasjonale fora, gjestingar og seminar.

Departementet arrangerte i samarbeid med Europakommisjonen og det slovenske utdannings- og idrettsdepartementet ein uformell europeisk utdanningsministerkonferanse i Oslo i juni 2008. I mars var departementet vertskap for eit høgnivåmøte for Vitskapskomiteen i OECD. Noreg har i 2008 inngått bilaterale forskingsavtalar med Frankrike og Kina og Memorandum of Understanding (MoU) om forskingssamarbeid og/eller høgere utdanningsamarbeid med fleire land, m.a. i Latin-Amerika. I 2008 hadde Noreg nestleiarvervet i barnehagenettverket til OECD, og Kunnskapsdepartementet la fram ein strategi for samarbeidet med EU om forskning og utvikling.

Det er ein kontinuerleg prosess å forbetre mål- og resultatstyringa. I 2008 og 2009 har departementet mellom anna arbeidd med å utvikle eit felles mål- og resultatstyringssystem for løyvingane frå departementa til Noregs forskingsråd.

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for gjennomføring av politikken på område der kommunesektoren eller private aktørar står for tenesteproduksjonen. Departementet har retta stor merksemd mot arbeidet med å styrkje og målrette tilsynet, og har tilført meir ressursar til dette arbeidet.

I 2008 og 2009 har departementet arbeidd med ei heilskapleg lærarsatsing, som skal sikre betre rekruttering til og utvikling av lærarprofesjonen. Ein del av satsinga går ut på å leggje til rette for eit varig system for vidareutdanning, for å sikre utviklinga av lærarkompetansen. Departementet har gjennomført ei rekrutteringskampanje for å auke søkinga til lærarutdanninga. Kampanjen har fått namnet GNIST, og vil halde fram i 2010.

Rapportering er ein naudsynt del av eit mål- og resultatstyringsopplegg. Saman med dei rapporteringsrutinane departementet sjølv har sett i verk, er Riksrevisjonens undersøkingar viktige bidrag som departementet bruker aktivt i arbeidet med å utvikle forvaltninga. I tillegg til undersøkingane

om forvaltninga og gjennomføringa av budsjettet (jf. Dokument nr. 1) har Riksrevisjonen i 2009 lagt fram ein forvaltningsrevisjonsrapport om styring og forvaltning av barnehagetenestene. For å sikre at alle kommunar skulle oppfylle den lovfesta retten til barnehageplass, har Kunnskapsdepartementet hatt tett dialog med fylkesmennene. Departementet har jamleg samla inn rapportar med vurdering av risikoen for at kommunane ikkje ville klare å innfri retten.

Kunnskapsdepartementet har halde fram med det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Departementet har større merksemd enn før retta mot dette området, og har jamleg øvingar. Departementet har oppmoda dei underliggjande verksemdene om å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalysar, utvikle kriseplanverk og gjennomføre kriseøvingar. Departementet har nøye følgd utviklinga av svineinfluenzaen, og samarbeidd tett med helsestyremaktene om førebygging av smitte i barnehagar, skolar, universitet og høgskolar. Departementet har auka pandemiberedskapen ved å utvikle en eigen plan for dette og ved å be underliggjande verksemdar gjere det same.

Departementet hadde i 2008 ein gjennomgang av funksjon og oppgåver for Den norske UNESCO-kommisjonen, og utarbeidde nye vedtekter. Ny nasjonalkommisjon vart oppnemnd for perioden 2008–12. Departementet har koordinert norsk UNESCO-politikk og styrkt norsk medverknad i UNESCO.

God og open kommunikasjon med dei viktigaste aktørane innanfor barnehage-, utdannings- og forskingssektoren har vore ei prioritert oppgåve i departementet. Departementet har oppretta fleire referansegrupper med representantar frå sektoren. Referansegruppene gir råd og innspel til departementet.

Nye og utvida tenester på Internett er ein stadig viktigare del av kommunikasjonsarbeidet. Barnehagekartet er eitt av fleire døme. I tillegg utviklar departementet nettsidene for å leggje til rette for interaktiv dialog. Meir bruk av lyd- og biletfiler skal òg gjere sidene meir spennande.

Media viser stor interesse for den sektoren Kunnskapsdepartementet har ansvaret for. Mediehandtering er derfor ein stor del av kommunikasjonsarbeidet. Departementet vil halde fram med å

leggje stor vekt på dette arbeidet, og det er ei prioritert oppgåve å medverke til at barnehagar, utdanning og forskning får brei dekning både i sentrale, regionale og lokale medium.

Budsjettforslag for 2010

Kunnskapsdepartementet samarbeider med Universitetet i Oslo om å greie ut tre store statlege investeringsprosjekt. Dei prosjekta som skal greiast ut, er konsept for, og eventuelt lokalisering av, Kulturhistorisk museum, nytt klinikkbygg for odontologi og nytt forskings- og undervisningsbygg for kjemi, farmasi og biomedisin. Departementet vil gi ein nærmare omtale av desse prosjekta ved eit seinare høve. For å sikre god framdrift av prosjekta foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 200 post 01 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 260 post 50. Dette er lønnsmidlar som skal brukast til å følgje opp prosjekta.

I samband med overgang til standardtying for lønns- og rekneskapstenesta og justering av tidlegare overført beløp foreslår departementet å føre over 1,1 mill. kroner frå kap. 200 post 01 til kapittel 1520 Departementenes servicesenter post 01 Driftsutgifter, jf. omtale i Prop. 1 S (2009–2010) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Departementet foreslår vidare å redusere løyvinga på kap. 200 post 01 med 1,6 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 3200 post 05, sjå omtale under dette kapitlet.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 200 post 21 med 8,1 mill. kroner mot reduksjonar på 2,5 mill. kroner på kap. 281 post 01, 2,5 mill. kroner på kap. 226 post 01, 2 mill. kroner på kap. 231 post 21 og 1,1 mill. kroner på kap. 287 post 21. Endringane gjeld løyvingar til ymse slag utgreiingsarbeid og utviklingsoppgåver, som tidlegare har blitt løyvde på ulike budsjettkapittel. Departementet foreslår å samle desse løyvingane på kap. 200 post 21. Vidare foreslår departementet å auke løyvinga på post 21 med 2,5 mill. kroner til finansiering av eit ekspertutval som regjeringa har sett ned for å betre mål- og resultatstyringa av dei samla offentlege løyvingane til forskning.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3200 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
02	Salsinntekter o.a.	167		
05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	1 271	3 247	1 751
16	Refusjon av foreldrepenge	2 226		
17	Refusjon for lærlingar	143		
18	Refusjon av sjukepenge	3 950		
	Sum kap. 3200	7 757	3 247	1 751

Rammeavtalen om utdanningsbistand mellom NORAD og Kunnskapsdepartementet er avslutta. Departementet foreslår derfor å nedjustere løyvinga med 1,6 mill. kroner på kap. 3200 post 05. Det er

framleis nokre prosjekt som blir finansierte over posten. Løyvinga på posten blir justert parallelt med løyvinga på kap. 200 post 01.

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
220	Utdanningsdirektoratet	224 902	253 801	272 542	7,4
221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa	8 270	9 777	9 613	-1,7
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	122 858	124 572	101 406	-18,6
223	Samisk utdanningsadministrasjon	31 887	33 290	34 355	3,2
224	Senter for IKT i utdanninga			85 057	
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 011 228	1 145 994	1 178 266	2,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	960 699	1 020 039	1 043 566	2,3
227	Tilskott til særskilde skolar	61 364	62 345	65 240	4,6
228	Tilskott til private skolar o.a.	2 477 206	2 582 197	2 838 432	9,9
229	Andre tiltak	11 909	12 433	21 499	72,9
230	Kompetansesenter for spesialundervisning	700 724	675 816	685 426	1,4
Sum kategori 07.20		5 611 047	5 920 264	6 335 402	7,0

Inntekter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
3220	Utdanningsdirektoratet	8 805	11 916	10 020	-15,9
3221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa	171	276		-100,0
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	10 181	7 069	4 309	-39,0
3224	Senter for IKT i utdanninga			1 000	
3225	Tiltak i grunnopplæringa	20 311	118 589	141 275	19,1
3229	Andre tiltak			2 386	
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	73 355	62 559	64 561	3,2
Sum kategori 07.20		112 823	200 409	223 551	11,5

Innleiing

Grunnopplæringa skal vere av høg kvalitet. Ho skal gi den einskilde og samfunnet nødvendige føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og ei berekraftig utvikling. Opplæringa skal bidra til å utvikle elevane sine faglege dugleikar og læringsstrategiar, men også deira sosiale og kulturelle kompetanse og evne til kritisk tenking og medverknad i demokratiske prosessar. I sum skal opplæringa gi alle elevar dugleikar, haldningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sine eigne liv og delta i arbeids- og samfunnsliv.

Dette er det omfattande og viktige mandatet som samfunnet har gitt grunnopplæringa. Samfunnsmandatet er nærmare konkretisert i formålsparagrafen for grunnopplæringa i opplæringslova og i privatskolelova og dei øvrige delane av lovverket. Kommunane, fylkeskommunane og dei private skolane som er godkjende etter privatskolelova, har fått i oppdrag å realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa.

Det overordna målet for skoleeigarane er å verkeleggjere samfunnsmandatet. Kvaliteten på grunnopplæringa blir vist gjennom graden av realisering av dei ulike måla i dette mandatet. Sjølv om grunnopplæringa har mange positive sider, er det godt dokumentert at sentrale område ikkje har tilstrekkeleg kvalitet. Innanfor denne programkategorien vil departementet derfor prioritere tiltak retta mot tre sentrale sektormål.

- Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
- Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetanseprov som kan verdsetjast for vidare studium eller i arbeidslivet.
- Alle elevar og lærlingar skal inkludertast og oppleve meistring.

Grunnopplæringa i statsbudsjettet

Programkategori 07.20 finansierer viktige stimulerings tiltak for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa og dermed bidra til at måla i samfunnsmandatet blir verkeleggjorde. Grunnopplæringa blir elles i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane (det vil seie rammetilskott og skatteinntekter). Rammetilskotta blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjettkapittel 571 og 572. Midlane løyvde over kategori 07.20 går til særskilde tiltak i grunnopplæringa, og kjem i tillegg til overføringa-

ne gjennom inntektssystemet til kommunesektoren.

Samanlikna med andre land er ressursituasjonen i grunnopplæringa i Noreg god. Ressursinnsatsen har vore høg og relativt stabil over tid. I kap. 6 i del IV blir det gitt ein nærmare omtale av ressursituasjonen.

Hovudprioriteringar

I statsbudsjettet for 2010 foreslår regjeringa å styrkje grunnopplæringa med om lag 1,3 mrd. kroner. Dette gjeld følgjande tiltak:

Regjeringa foreslår å løyve 241 mill. kroner til utvida undervisningstimal og gratis leksehjelp. Av dette blir 235,8 mill. kroner lagde inn i rammetilskottet til kommunane, og 5,1 mill. kroner blir løyvde til private skolar.

Regjeringa foreslår ei satsing på 58 mill. kroner i 2010 til auka fullføring i vidaregåande opplæring med blant anna tiltak for å følgje opp elevar med svake resultat på kartleggingsprøver og utprøving av eit nytt praktisk fag på ungdomstrinnet. Av desse blir 5 mill. kroner nytta til utvikling av opplæringsmodellar tilpassa vaksne arbeidssøklarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, sjå kap. 258. Regjeringa vil føre vidare det midlertidige tiltaket i tiltakspakken med auka tilskott til lærebedrifter, og foreslår å løyve 190 mill. kroner til dette gjennom rammeoverføringane til fylkeskommunane i 2010, i tillegg til 10 mill. kroner til lærlingar med særskilde behov.

Gjennom Kulturløftet II foreslår departementet å løyve 40 mill. kroner som eit øremerkt statleg stimuleringsstilskott til kulturskolar/kulturaktivitetar i skolen. Midlane skal bidra til å gi eit kulturtilbod til langt fleire elevar.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at dei private toppidrettsgymnasa skal kunne gi eit godt tilbod om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, og foreslår å løyve 10 mill. kroner ekstra i toppidrettstilskott.

I budsjettet for 2009 vart det innført ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning for rehabilitering av skoleanlegg med ei ramme på 15 mrd. kroner. I 2010 foreslår regjeringa å fase inn ytterlegare 2 mrd. kroner av ramma med ein budsjetteffekt på 28 mill. kroner. I 2010 vil det bli gjort endringar i regelverket for ordninga med kompensasjon for utgifter til renter til investeringar i skole- og svømmeanlegg slik at kommunar og fylkeskommunar innanfor dei tildelte rammene kan søkje om rentekompensasjon til vedlikehald av skolebygg på vegne av private skolar med rett til statstilskott. Det skal ikkje kunne søkast om rentekompensasjon for investering i nybygg eller symjeanlegg for

private skolar. I regelverket vil det bli innarbeidd krav til søkjar og vilkår som skal gjelde for bruken av rentekompensasjonsordninga. Det vil mellom anna bli presisert kva typar private skolar som blir omfatta av ordninga. Vidare vil det i regelverket bli presisert at rentekompensasjonen vil bli stoppa dersom ein privat skole blir lagd ned, eller ved overdraging av lokala til eigarar som ikkje oppfyller krava til søkjar. Ordninga blir forvalta av Husbanken og midlane blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett kap. 582 post 60.

I budsjettet for 2009 vart det innført to timar med fysisk aktivitet frå hausten 2009. I 2010 foreslår regjeringa å kompensere skoleeigarane for heilårseffekten av tiltaket med 69 mill. kroner.

I 2009 vart det frigjort 430 mill. kroner i kommuneramma som skal finansiere kommunane si plikt til tidlig innsats i norsk/samisk og matematikk på 1.–4. trinn frå hausten 2009. I budsjettet for 2010 foreslår regjeringa å løyve ytterlegare 621 mill. kroner gjennom rammetilskottet til kommunane for å kompensere for heilårseffekten av tiltaket.

I tillegg kjem ordninga med gratis læremiddel i vidaregåande opplæring. Ordninga vart innført for vidaregåande trinn 2 hausten 2007, for vidaregåande trinn 3 hausten 2008 og frå hausten 2009 gjeld ordninga for vidaregåande trinn 1. Det er lagt til grunn at læremidla har ei levetid på tre år. Frå og med 2010 foreslår regjeringa å løyve 330 mill. kroner til dekking av normale utskiftingskostnader. Av dette blir 308 mill. kroner lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, og 22 mill. kroner blir løyvde til private vidaregåande skolar.

I revidert nasjonalbudsjett for 2009 har departementet orientert om at det vil bli etablert eit IKT-senter for å stimulere til betre bruk av IKT i grunnsopplæringa. Det blir foreslått å samle alle løyvingar til IKT-formål til ei løyving på til saman 85,1 mill. kroner til eit senter for IKT i utdanninga.

Tilstandsvurdering

For kvart av dei tre sektormåla ovanfor presenterte St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* eit sett indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere måloppnåing. Det vart òg rapportert på indikatorane i St.prp. nr. 1 (2008–2009). Nedanfor blir det gitt ei tilstandsvurdering av graden av måloppnåing på nasjonalt nivå basert på indikatorane.

Elevsamansetjing er ei viktig forklaring på resultatforskjellar mellom skolar og kommunar. Det er spesielt den sosiale og økonomiske bakgrunnen til elevane som har effekt på læringsutbyttet. Ein stor del av læringsforskjellane mellom

til dømes elevar med majoritets- og minoritetsbakgrunn blir forklart med forskjellar i sosial og økonomisk bakgrunn. I tillegg oppnår jenter i gjennomsnitt betre læringsutbytte enn gutar. Det er eit mål at opplæringa i større grad skal bidra til å redusere skilnadene mellom ulike elevgrupper. Måla for grunnsopplæringa gjeld alle elevar og læringar.

Mål: Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv

I 2007 vart det lagt fram fleire internasjonale undersøkingar, mellom anna PISA og PIRLS, av elevars faglege læringsutbytte som stadfesta resultatata frå tidlegare undersøkingar. Norske elevar skårar forholdsvis lågt innanfor sentrale fagområde, og det har vore ein tilbakegang i faglege resultat over tid. PIRLS-undersøkinga av lesing på 4. trinn viser at norske elevar skårar lågt samanlikna med elevar i andre land, men at det faglege nivået er stabilt frå 2001 til 2006.

I 2008 vart resultat frå TIMSS-undersøkinga av elevars læringsutbytte i matematikk og naturfag på 4. og 8. trinn lagt fram. For første gong viser ei internasjonal undersøking klare forbetringar i norske elevars faglege prestasjonar. Det er klar framgang i både matematikkprestasjonar og naturfagsprestasjonar på 4. trinn. I tillegg er det klar framgang i matematikkprestasjonar på 8. trinn. Samtidig må det understrekast at forbetringa i elevprestasjonar skjer frå eit forholdsvis lågt internasjonalt nivå, og at Noreg har svært få elevar på dei høgste kompetansenivåa.


Internasjonale undersøkingar av dugleikar i engelsk og demokratisk kompetanse gjennomført rundt starten av 2000-talet viste at norske elevar skåra høgt samanlikna med elevar i mange andre land.

I motsetnad til endringar i internasjonale undersøkingar kan ikkje endringar i karakterstatistikken eller nasjonale prøver tolkast eintydig som endringar i faglege dugleikar frå eitt elevkull til eit anna. Men karakterstatistikk og nasjonale prøver kan avdekkje forskjellar mellom kommunar og skolar og effekten av ulike bakgrunnsfaktorar for elevprestasjonar.

Figur 1 viser at fleire kommunar har svært mange elevar med svake dugleikar i rekning, lesing og engelsk. Mange av desse kommunane er forholdsvis små, og elevresultata kan reflektere tilfeldige variasjonar. I tillegg spelar elevsamansetjinga ei vesentleg rolle for forskjellar i elevprestasjonar mellom kommunar. Desse forholda

kan likevel ikkje forklare alle forskjellane i elevprestasjonar mellom kommunane.

Nasjonale prøver på 5. trinn måler elevprestasjonar langs ein tredelt skala, mens nasjonale prøver på 8. trinn brukar ein femdelt skala. I overkant av 200 kommunar har 30 pst. eller meir av elevane på lågaste nivå i nasjonale prøver i rekning på 5. trinn. På nasjonale prøver i engelsk på 8. trinn har rundt 230 kommunar 30 pst. eller meir av elevane på dei to lågaste nivåa. Elevresultata frå nasjonale prøver viser tydelege kommunale forskjellar, og at mange kommunar har stort potensial for forbedring.



Figur 4.1 Nasjonale prøver: tal på kommunar med 30 pst. eller meir av elevane på lågaste nivå for 5. trinn og 30 pst. eller meir på dei to lågaste nivåa for 8. trinn. 2008


Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det må understrekast at figuren ikkje viser forskjellar i elevprestasjonar mellom eller innanfor skolar. I likskap med internasjonale undersøkingar viser også nasjonale prøver at forskjellar i elevprestasjonar i Noreg først og fremst er mellom elevar på den einskilde skolen. Det er mindre forskjellar i elevprestasjonar mellom skolar. Det skyldast blant anna at det er mindre sosial seleksjon av elevar mellom skolar i Noreg samanlikna med i mange andre land.

Mål: Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetanseprov som kan verdsetjast for vidare studium eller i arbeidslivet

Gjennomføring av vidaregåande opplæring blir normalt definert som delen av dei som starta opplæringa som fullførte i løpet av fem år, jf. figur 2. For elevane som begynte vidaregåande opplæring i 2003, viser figur 2 dermed kompetanseoppnåinga i 2008. Etter 1998 har omtrent 70 pst. av kvart elevkull fullført vidaregåande opplæring etter fem år.

Det er tydelege forskjellar mellom studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. I 2003 fullførte rundt 82 pst. på studieførebuande utdanningsprogram, medan tilsvarande tal for yrkesførebuande utdanningsprogram var 55 pst.



Figur 4.2 Delen elevar med fullført vidaregåande opplæring etter fem år

Kjelde: SSB 2009


Innanfor dette overordna biletet er det mange ulike typar fråfall. Av elevane som starta vidaregåande opplæring i 2003, slutta 19 pst. undervegs i opplæringa. Etter fem år var dei resterande anten framleis i vidaregåande opplæring (seks pst.), eller dei hadde fullført heile løpet, men mangla bestått i minimum eitt fag, eller dei hadde stroke til fagprøve (åtte pst.).

For årskullet 2002 var det i overkant av 9 500 elevar som slutta undervegs i opplæringa. Sjølv om delen sluttarar er låg på studieførebuande utdanningsprogram, utgjør dette mange elevar. Allmennfag hadde det høgste talet sluttarar med 1 722 elevar. Dette utgjorde 20 pst. av alle sluttarane, sjølv om delen som slutta på allmennfag, var under ti pst.

Mål: Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast i eit fellesskap der dei trivst og ikkje blir utsette for mobbing. Det er vidare viktig at alle elevar og lærlingar opplever meistring og framgang i læringa. Det er fellesskolen som skal vere ramma for opplæringa, og både fagleg sterke og svake elevar skal få utfordringar. Ein føresetnad for tilpassa opplæring er gode faglege tilbakemeldingar til alle elevgrupper.

Elevundersøkinga kartlegg mange sider ved læringsmiljøet til elevane. I figur 3 blir nokre sentrale indikatorar frå Elevundersøkinga presenterte.



Figur 4.3 Delen elevar i grunnopplæringa som gir uttrykk for at dei:

Kjelde: Elevundersøkinga 2008 og 2009

Den sosiale trivselen i skolen er generelt høg. Eit klart fleirtal av elevane gir uttrykk for at dei ikkje blir mobba og ikkje mobbar andre. Omtrent 5 pst. av elevane seier at dei blir mobba ein eller fleire gonger i veka. Dette tilsvarer om lag 17 000 av dei totalt 333 000 elevane som svarte på undersøkinga våren 2009. Delen elevar som seier dei blir mobba, er svært samanfallande for 2008 og 2009.

Det er ikkje alle elevar som opplever høge krav til læring. Rundt 25 pst. av elevane opplever at dei ikkje får nok faglege utfordringar. Ein stor del av elevane opplever dessutan at opplæringa berre er tilpassa nivået deira i nokre eller få fag.

Elevundersøkinga stadfestar tidlegare studiar om at vurderingskulturen framleis er for svak i skolen. Det er berre rundt 50 pst. av elevane som rapporterer at dei får faglege tilbakemeldingar i mange eller dei fleste fag.

Når det gjeld det fysiske læringsmiljøet, er elevane minst fornøgdde med garderobe, dusj og toalett, samt temperaturen og lufta i klasseromma. Om lag halvparten av elevane er svært fornøgd eller fornøgd med skolebygget.

Samla vurdering av kvaliteten i grunnopplæringa

Grunnleggjande dugleikar er eit nødvendig grunnlag for både fagkunnskap og læringsutbytte i brei forstand. Hovudårsaka til fråfall i vidaregåande opplæring er at dette grunnlaget er for svakt hos mange elevar. Svake grunnleggjande dugleikar og ikkje fullført vidaregåande opplæring svekkjer igjen grunnlaget for deltaking i vidare utdanning og arbeids- og samfunnsliv vesentleg.

Studiar viser at den sosiale og økonomiske bakgrunnen til elevane har stor effekt på læringsutbyttet. Samstundes er denne effekten svakare i Noreg

enn i mange andre land. Det inneber at grunnopplæringa i Noreg i større grad enn i andre land kompensere for effekten av sosial og økonomisk bakgrunn.

Det er gledeleg at internasjonale resultat tyder på ein viss framgang i sentrale fag og grunnleggjande dugleikar hos norske elevar. Men trass i klare forbetringar på TIMSS-undersøkinga frå 2003 til 2007 er det samla sett framleis for mange elevar som går ut av grunnskolen utan tilstrekkelege grunnleggjande dugleikar. Det er framleis altfor mange som slit med matematikkfaget både når det gjeld motivasjon og kunnskapar, ikkje minst med tanke på behova i arbeidslivet.

Fullført vidaregåande opplæring er ein føresetnad for opptak til høgre utdanning og er den plattformen all ungdom bør ha for å vere rusta for arbeidslivet. Det er stadig færre jobbar som ikkje krev vidaregåande eller høgre utdanning. I tillegg er personar utan vidaregåande opplæring spesielt sårbare for utstøying frå arbeidslivet i økonomiske nedgangstider, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at arbeidsløysa blant ungdom (15–24 år) auka frå 7,5 pst. i 2008 til 10,5 pst. i andre kvartal 2009. Det betyr at rundt 40 000 ungdom er arbeidslause. Det fortel at finanskrisa også har påverka arbeidsmarknaden for ungdom negativt. Det er derfor ei stor utfordring at dagens nivå for fullføring av vidaregåande opplæring berre er på rundt 70 pst. Særleg er problemet stort innanfor fag- og yrkesopplæringa.

Det er for mange elevar og lærlingar som ikkje blir inkluderte og ikkje opplever meistring. Talet på elevar som blir mobba, er framleis urovekkjande høgt. Elevundersøkinga avdekkjer òg at bråk og uro framleis er eit stort problem i skolen.

Vidare tyder elevundersøkinga og annan dokumentasjon på at opplæringa generelt ikkje i tilstrekkeleg grad blir fagleg tilpassa både dei fagleg svake og sterke elevane. Den låge delen norske elevar som presterer på høgste kompetansenivå i dei internasjonale undersøkingane, peiker i same retning. Mange elevar opplever òg opplæringa som lite relevant og ikkje knytt til det verkelege livet. Det vil vere særskild viktig å gjere opplæringa på ungdomstrinnet meir variert, relevant og motiverande.

Strategiar og tiltak

Tilstandsvurderinga dokumenterer tydeleg behov for å føre vidare tiltak som er sett i gang, og ta nye grep for å auke måloppnåinga i grunnopplæringa. Departementet vil derfor prioritere tiltak retta mot dei tre sektormåla.

Det kan vere vanskeleg å dokumentere direkte effektar av enkelttiltak for desse måla. Mange av tiltaka er dessutan generelle i den forstand at dei påverkar fleire eller alle måla samtidig. Til dømes vil auka investeringar i lærarkompetanse truleg påverke elevane sitt læringsutbytte og skolens læringsmiljø. Departementet vil derfor understreke at tilstandsvurderinga må oppfattast som ein generell bakgrunn for vurderingar av effekten av både eksisterande og nye tiltak. Vektlegging av generelle tiltak for kvalitet er i tråd med vurderingane i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

Heilskapleg skoledag

Departementet foreslår at det blir løyvt til saman 241 mill. kroner som eit ledd i å innføre ein heilskapleg skoledag for elevar på 1.–7. trinn. Hausten 2010 blir det foreslått ei utviding av undervisningstimetallet for 1.–7. trinn med ein veketime og innføring av åtte timar med gratis tilbod om leksehjelp for 1.–4. trinn etter skoletid. Den ekstra undervisningstimen skal nyttast til opplæring i dei faga skoleeigar meiner er mest tilrådeleg ut frå lokale behov.

Eit tilbod om gratis leksehjelp for elevar på 1.–4. trinn vil vere eit målretta tiltak for elevar og foreldre som ønskjer ekstra støtte i læringa. Dersom ikkje leksehjelpa er av høg kvalitet og inkluderer elevar som har behov for oppfølging, kan tiltaket miste sin sosialt utjamnande effekt. Det blir lagt opp til eit nært samarbeid mellom leksehjelperane og lærarane. Mål og innhald for leksene må avklarast og tilpassast elevane. Tiltaket skal evaluerast. Departementet vil fremme eit lovforslag om skoleeigar si plikt til å tilby gratis leksehjelp.

Regjeringa foreslår å opprette eit øymerkt stimuleringsstilskott på 40 mill. kroner til kulturskolar som ein del av Kulturløftet II. Ein del av midlane skal nyttast til modellforsøk der kommunar og organisasjonar skal kunne søkje midlar for å leggje til rette for eit mangfaldig kulturtilbod/kulturskoletilbod for elevar på 1.–4. trinn. Forsøka må sjåast i samanheng med utviding av timar til undervisning, timar til gratis leksehjelp og Den kulturelle skolesekken. Vidare skal kommunar, aktuelle organisasjonar og institusjonar kunne søkje midlar til utvikling av ulike prosjekt.

Det er avgjerande at undervisningstida blir effektivt utnytta. Departementet har sett ned eit utval som skal foreslå tiltak som vil gi betre utnytting av tidsressursane i grunnskolen, for at elevane skal få gode læringsvilkår og gode læringsresultat. Utvalet skal leggje fram ein rapport innan utgangen av 2009. Departementet vil vurdere korleis tilrådingar frå utvalet skal følgjast opp.

Kompetanseutvikling

Kompetansen til lærarane er blant dei viktigaste enkeltfaktorane for læringsutbyttet til elevane. Mange studiar viser at høg fagleg og pedagogisk kompetanse hos lærarane er eit sentralt vilkår for elevane si læring. Samtidig viser evalueringar at det er mange lærarar som har behov for å styrkje den faglege kompetansen sin. Samanlikna med kollegaer i andre land deltek norske lærarar lite i etter- og vidareutdanning, og lærarar er blant dei profesjonsutdanna i Noreg som i minst grad tek i bruk forskningsbasert kunnskap i utøvinga av yrket.

Departementet vil derfor i 2010 bruke om lag 400 mill. kroner på kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar. Innanfor løyvinga skal delen midlar som blir brukt på det varige systemet for vidareutdanning for lærarar, gradvis aukast og utgjere hovuddelen når systemet er fullt innført. Det er eit mål at 2 500 lærarar skal ta vidareutdanning på deltid i 2010. Midlane til vidareutdanning vil bli tildelte etter prioriteringane i strategien *Kompetanse for kvalitet*. For å vidareutvikle strategien til eit robust system som inngår som ein naturleg del av kompetanseutviklinga til kommunane, vil erfaringane frå det første året bli gjennomgådde i samarbeid med partane.

Løyvinga av midlar til finansiering av etterutdanningstilbod og generell kompetanseutvikling innanfor prioriterte fag og emne vil bli redusert i 2010 som følgje av at meir av kompetansemidlane blir nytta til vidareutdanning. Leseopplæring vil framleis vere eit sentralt tema. Løyvinga til skoleleiarutdanning for nyttilsette rektorar og andre rek-

torar som manglar slik utdanning, vil auke i 2010, og tilbodet vil bli utvida med fleire tilbydarar. Planen er at utdanningskapasiteten skal vere fullt utbygd i 2011.

Heilskapleg system for vurdering

Ein føresetnad for å kunne setje i verk effektive tiltak på alle nivåa i grunnopplæringa er kunnskap om tilstanden. Forsking har avdekt tydelege effektar på elevane sitt læringsutbytte av både kvalitativt god elevvurdering og systematisk resultatoppfølging på skolenivå. Samtidig viser evalueringar at vurderingskulturen i skolen framleis er for svak. Elevane kjenner ikkje kriteriana for vurdering, dei får ikkje fagleg konstruktive tilbakemeldingar i tilstrekkeleg grad, og vurderingspraksisen varierer mellom lærarar. Det er liten tradisjon for at skoleleiinga grip inn og påverkar det pedagogiske arbeidet til lærarane basert på informasjon om elevresultat. Skoleeigarane har dei siste åra blitt meir opptekne av innhaldet og resultatane i skolen. Likevel er hovudbiletet at skoleeigarane manglar systematikk i oppfølginga av resultatane i brei forstand ved eigne skolar. Mange skoleeigarar manglar forsvarlege system for å vurdere om dei oppfyller opplæringslova.

Departementet vil derfor føre vidare arbeidet med å forbetre vurderingspraksisen til lærarane. Utdanningsdirektoratet har gjennomført eit prosjekt for elevvurdering som har prøvd ut ulike modellar for felles kjenneteikn på måloppnåing. Målet er å gi felles nasjonal retning for vurderingsarbeidet og ei meir fagleg relevant og rettferdig vurdering. Arbeidet for betre individuell vurdering vil halde fram. Vurdering vil framleis vere eit sentralt tema i etter- og vidareutdanning, i verksemda til rettleiarkorpsa og i rettleiingar til læreplanar for fag.

Departementet vil dessutan setje i verk fleire tiltak for å styrkje kvaliteten på nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Ei arbeidsgruppe leidd av departementet har vurdert offentleggjering og oppfølging av nasjonale prøver, og har komme med ulike tilrådingar om dette. Departementet vil vurdere korleis råda frå arbeidsgruppa skal følgjast opp.

Det er særleg behov for å styrkje tilgangen på informasjon om kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa. Departementet vil derfor innføre eit heilskapleg kvalitetsvurderingssystem for denne delen av opplæringa.

Støtte og rettleiing

Det er behov for meir støtte og rettleiing til både skolar og skoleeigarar, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008). Det er særleg behov for meir rettleiing i korleis godt utviklingsarbeid kan drivast lokalt.

Departementet vil derfor halde fram med arbeidet med å etablere rettleiarkorps som kan støtte skoleeigarar og skolar med vurdering og kvalitetsutvikling. I tillegg vil utarbeidinga av rettleiingar for dei gjennomgåande læreplanane i Kunnskapsløftet og Kunnskapsløftet samisk bli vidareført.

I tillegg foreslår departementet at det blir etablert eit senter for IKT i utdanninga for å stimulere til betre bruk av IKT i grunnopplæringa. Det blir foreslått å samle alle løyvingar til IKT-formål til ei løyving på til saman 85,1 mill. kroner.

I arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet vil innsatsen bli konsentrert om å implementere *Program for inkluderende lærings- og oppvekstmiljø*. Satsinga er for perioden 2009–14 og skal bidra til å styrkje innsatsen mot mobbing og vere eit overordna plandokument for eit systematisk og målretta arbeid med eit inkluderande lærings- og oppvekstmiljø i grunnopplæringa. Det er bestemt at programmet skal endre navn til *Betre læringsmiljø*.

For å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å rehabilitere skolebygg vil regjeringa føre vidare rentekompensasjonsordninga. I statsbudsjettet for 2009 vart det innført ei ny rentekompensasjonsordning. Ein tek sikte på ei investeringsramme på 15 mrd. kroner fordelt over ein periode på åtte år. Departementet foreslår å fase inn ytterlegare 2 mrd. kroner frå investeringsramma i 2010.

Tiltak for auka fullføring av vidaregåande opplæring

Styrking av grunnleggjande dugleikar, tettare oppfølging av den einskilde eleven og meir praksis i opplæringa allereie frå ungdomstrinnet bør vere hovudgrepa for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring. Mange elevar opplever opplæringa som lite relevant og ikkje knytt til det verkelege livet. Det er svært viktig å gjere opplæringa meir variert, relevant og motiverande. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* presenterer ei rekkje tiltak som skal bidra til dette. Tiltaka for auka kvalitet i grunnskolen vil også bidra til å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring fordi svake forkunnskapar frå grunnskolen har stor effekt på risikoen for fråfall.

Regjeringa vil i tillegg til styrkinga av kvaliteten i grunnskolen, løyve 58 mill. kroner til tiltak for auka fullføring i vidaregåande opplæring. Midlane skal nyttast til tettare oppfølging av elevar med

svake resultat på kartleggingsprøvene. Dette er mellom anna ei vidareføring av tilskottet til fylkeskommunane for å følgje opp fagleg svake elevar som vart gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2009. Midlane skal også finansiere utprøving av eit nytt praktisk fag på ungdomstrinnet i utvalde kommunar. I tillegg skal det utførast utviklingsarbeid for betre oppfølging av ungdom som står utanfor opplæring og arbeid. 5 mill. kroner blir nytta til utvikling av opplæringsmodellar tilpassa vaksne arbeidssøklarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, sjå kap. 258.

Regjeringa vil vidare løyve 200 mill. kroner for å styrkje tilskotta til lærebedrifter, der 10 mill. kroner blir sette av til lærlingar med særskilde behov. Dette er ei oppfølging av dei midlertidige midlane som vart gitte i regjeringas tiltakspakke, jf. Innst. S nr. 139 (2008–2009) og St.prp nr. 37 (2008–2009). Det blir mellom anna opna for at tilskottet kan bli brukt til å stimulere enkeltbransjar med konjunkturproblem, til å føre vidare eksisterande lærekontraktar og til å stimulere nye bedrifter til å ta inn lærlingar. Fleire studiar viser at elevar som ønskjer lære plass og som får det, fullfører vidaregåande opplæring i større grad enn elevar som ikkje får lære plass. Tiltak som aukar tilgangen på lære plassar, vil dermed kunne redusere fråfallet i vidaregåande opplæring. Det er spesielt viktig å stabilisere tilgangen på lære plassar i økonomiske nedgangstider, fordi bedrifter da typisk vil vere meir tilbakehaldne med å rekruttere lærlingar.

Ny realfagssatsing

Departementet vil gjennom Nasjonalt forum for realfag involvere aktuelle aktørar i planlegginga av ei ny satsing på realfag for perioden 2010–14. Dei overordna måla for satsinga vil vere å styrkje kompetansen til elevane i realfag, å auke interessa for realfag og teknologi og styrkje rekrutteringa på alle nivå. Det vil vere eit særleg mål å auke rekrutteringa av jenter til teknologifaga og dei tunge realfaga. Departementet vil opprette ei gruppe som skal greie ut framtidens matematikkfag og korleis matematikkfaget kan bli meir relevant og engasjerande.

Regjeringa vil føre vidare Vitensenterprogrammet i Forskningsrådet og stønaden til dei regionale vitensentra. Departementet vil gjennomgå ordninga med vitensentra.

Rapport for 2008–09

Regjeringa har sett i gang og ført vidare fleire tiltak som skal styrkje dei grunnleggjande dugleikane til elevane, styrkje det faglege utbyttet og betre gjen-

nomføringa i vidaregåande opplæring. Tiltak knytte til læringsmiljøet til elevane og kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar er sentrale. Det er òg lagt vekt på å støtte og rettleie skolar og skoleeigarar, slik at dei skal greie å nyttiggjere seg informasjonen frå nasjonal og lokal vurdering og beskrive og vurdere tilstanden på ein måte som kan gi grunnlag for å velje gode, målretta tiltak.

Tidleg innsats

Som eit tiltak for å sikre tidlig innsats er det frå august 2009 teke inn ei ny føresegn i opplæringslova om tidleg innsats på 1.–4. årstrinn. Føresegna presiserer skoleeigars plikt til å syte for tilpassa opplæringa i norsk/samisk og matematikk, noko som blant anna inneber særleg høg lærartettleik og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning. Målet er at elevane som er svakast i grunnleggjande dugleikar, skal få eit fagleg løft. Plikta vil vere ein del av tilpassa opplæring. Elevane blir ikkje gitte ein individuell rett, og det er ikkje knytt enkeltvedtak til opplæringa. Retten til spesialundervisning er uendra og skal gjelde på same måte som før.

Tettare oppfølging

For å styrkje læringsutbyttet til elevane har det i 2008–09 vore lagt vekt på ei endå tettare oppfølging av læring og utvikling i skolen. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet er vidareutvikla, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008). Det er bestemt at obligatorisk kartlegging av lesedugleik på 1.–3.trinn og rekning ved starten på 1. trinn vidaregåande opplæring, skal innførast. Resultata frå deltaking i internasjonale undersøkingar i perioden har gitt viktig informasjon om læringsutbyttet til elevane i lesing, naturfag og matematikk. Dette blir no nytta i det vidare arbeidet med kompetanseutvikling for lærarar og andre tiltak som skal styrkje elevane sitt læringsutbytte i faga.

Redusere feilval og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring

For å redusere feilval og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring er det sett i verk fleire tiltak, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*. Blant anna skal nye fag i Kunnskapsløftet knytte grunnskole og vidaregåande opplæring betre saman og hjelpe elevane med å gjere informerte utdanningsval. Det er prøvd ut tett oppfølging av enkeltelevar og bruk av alternative løp som for eksempel praksisbrev. Det er vidare sett i gang forsøk med bruk av individuell utviklingsplan.

St.meld. nr. 44 (2008–2009) har ein grundig gjennomgang av moglege årsaker til fråfall, og skisserer fleire nye tiltak som regjeringa ønskjer å setje i verk.

Høg kompetanse hos lærarar og skoleleiarar

Det har vore og er eit mål for regjeringa å styrkje kompetansen til lærarar og skoleleiarar. Gode lærarar og skoleleiarar er svært viktig for læringsutbyttet til elevane.

Strategien *Kompetanse for utvikling* 2005–08 er evaluert. Skoleeigarane har i perioden fått tilført 300 mill. kroner i 2005 og 375 mill. kroner årleg i perioden 2006–08. Skoleeigarane har hatt stor fri-dom i bruk av midlane, som i hovudsak har vore brukte til etterutdanning. Berre 20 pst. av midlane er brukte til vidareutdanning. Kapasiteten i utdanningsinstitusjonane har vore avgrensa, og kan ha hatt noko å seie for kvaliteten på tilboda. Samarbeidet mellom skoleeigar og det lokale universitetet eller høgskolen har betra seg i perioden.

Strategien *Kompetanse for kvalitet* vart presentert hausten 2008 og er ei varig satsing på vidareutdanning for lærarar. Målet er å styrkje den faglege og pedagogiske kompetansen til lærarar i grunnskolen og vidaregåande opplæring.

Strategien er utarbeidd i samarbeid med lærarorganisasjonane, KS og Nasjonalt råd for lærarutdanninga. I tråd med strategien har det i 2008–09 vore stilt tydelege krav til ein prioritert bruk av statlege midlar til kompetanseutvikling i sektoren, i tråd med dei utfordringane og behova som er avdekte, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

Strategien føreset at omfanget av dei ordinære arbeidsoppgåvene til lærarane blir redusert i studieperioden, slik at delar av arbeidstida blir reservert for vidareutdanning. I samarbeid har partane blitt samde om at staten skal dekkje 40 pst. og skoleeigar 40 pst. av vikarutgiftene.

Det er inngått avtalar med utvalde universitet og høgskolar om utvikling av tilbod på dei prioriterte områda i strategien. Desse har fått garanti for eit visst tal plassar for lærarar som skal ta vidareutdanning. Det har vore lokal kritikk av den høge graden av vikardekning og graden av nasjonal styring.

I tillegg til kompetanseutvikling for tilsette i sektoren har det vore satsa breitt på rekruttering av nye lærarar. Gjennom ordninga med avskrivning av utdanningsgjeld for studentar med språk- og realfagskompetanse er det satsa på å få desse til å velje læraryrket, jf. nærmare omtale i programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering. Ulike kampanjetiltak våren 2009 har hatt som mål å motivere

unge til å velje læraryrket og auke statusen til lærarane. Tal frå Samordna opptak viser at det er ein auke på nesten 20 pst. fleire kvalifiserte søkjarar til lærarutdanninga i 2009 samanlikna med 2008, jf. kap. 226 og nærmare omtale av *GNIST – partnerskap for ei heilskapleg lærarsatsing* i programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Utprøvinga av lektor II-ordninga, der fagfolk frå industrien eller andre kompetansmiljø bidreg i realfagsundervisninga, vil kunne medverke til å rekruttere fleire realfagslærarar og styrkje realfagsopplæringa på kort og lang sikt. Det er komme inn søknader frå ei rekkje vidaregåande skolar og skolar med ungdomstrinn om å få vere med i utprøvinga i 2009. Naturfagsenteret skal administrere og leie utprøvinga.

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) varsla departementet at det skal opprettast ei skoleleiarutdanning for nytilsette rektorar og andre rektorar som manglar slik utdanning. Utdanningstilbydarar frå 2009 er Universitetet i Oslo, Institutt for lærerutdanning og skoleutvikling (ILS), Universitetet i Bergen, Handelshøyskolen BI og Administrativt forskningsfond (AFF) ved Norges handelshøgskole. Utdanninga tilsvarer 30 studiepoeng i universitets-/høgskolesystemet. For dei som ønskjer det, skal det vere mogleg å byggje på utdanninga og oppnå ein full mastergrad i skoleleiing.

I 2009 er det òg løyvt i overkant av 400 mill. kroner til etter- og vidareutdanning for lærarar, rådgivarar, aktørar i fag- og yrkesopplæringa og skoleleiarar, jf. nærmare omtale i kap. 226.

Heilskapleg skoledag

Regjeringa har i Soria-Moria-erklæringa sett som eit mål at elevane skal få fleire skoletimar og meir undervisning. I perioden 2006–2009 er timetalet auka med sju timar.

Endringar i opplæringslova som er gjorde gjeldande frå 1. august 2009, inneber at elevar på 5.–7. trinn skal ha jamleg fysisk aktivitet utanom kroppsøvningsfaget gjennom heile skoleåret. Til saman skal dette utgjere 76 timar innanfor 5.–7. trinn, jf. fag- og timefordelinga. Fysisk aktivitet skal vere ein del av den obligatoriske grunnskoleopplæringa og inngå som ein del av skolekvardagen. Det er oppretta ein nasjonal idé- og ressursbank som gir skolane råd og rettleiing om fysisk aktivitet i skolen.

Eit godt læringsmiljø

Regjeringa har sett i gang og ført vidare ei rekkje tiltak for å betre læringsmiljøet i grunnsopplæringa.

Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringen 2005–2008 er avslutta og erstatta av eit *Program for inkluderende lærings- og oppvekstmiljø 2009–2014* frå hausten 2009. Det er sett av 14,5 mill. kroner i 2009 for å utarbeide og setje i verk dette programmet. Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 399, 8. juni 2009 i Innst. S. nr. 262 (2008–2009) jf. handsaminga av Dokument nr. 8: 97 (2008–2009):

«Stortinget ber Regjeringen utarbeide forslag til hvordan det på best mulig måte kan innføres antimobbeprogram eller en handlingsplan mot mobbing ved alle skoler.»

Kunnskapsdepartementet vil sjå oppmodingsvedtaket i samband med *Program for inkluderende lærings- og oppvekstmiljø*. Gjennom programmet vil støtte til utvikling og implementering av forskningsbaserte program og tiltak innanfor læringsmiljø bli ført vidare. Skolane vil få auka rettleiing om korleis ein skal utvikle eit inkluderande læringsmiljø.

I februar 2009 underteikna sentrale nasjonale partar eit nytt *Manifest mot mobbing*. Manifestpartane vil følgje opp arbeidet frå dei første manifestperiodane, og vil i fellesskap arbeide for at føresegnene på området blir følgd opp.

Eit godt samarbeid mellom heim og skole er viktig for læringsmiljøet og barn og unges læring og utvikling. Mandatet til Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) vart frå 1. januar 2009 utvida til også å gjelde 1. trinn i vidaregåande opplæring. Da Stortinget sommaren 2008 behandla lovforslaget om å utvide FUGs mandat, fremma Stortinget eit oppmodingsvedtak til regjeringa, jf. oppmodingsvedtak nr. 501, 30. mai 2008 i Innst. O. nr. 51 (2007–2008), jf. Ot.prp. nr. 40 (2007–2008):

«Stortinget ber Regjeringen snarest utarbeide forslag til bestemmelser som forplikter vidaregåande skole til foreldresamarbeid.»

På denne bakgrunnen fremma departementet i Ot.prp. nr. 55 (2008–2009) eit forslag til ny § 13-3 d i opplæringslova, som forpliktar kommunar og fylkeskommunar til å sørgje for samarbeid med foreldre i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Lovendringsforslaget vart vedteke av Stortinget sommaren 2009 og vart sett i kraft frå skoleåret 2009–10. Forskrifter for nærmare regulering av området vil bli lagde fram sommaren 2010.

Skolefritidstilbod for barn med nedsett funksjonsevne

I fleirtalsmerknaden i Innst. S. nr. 150 (2006–2007), jf. St. meld. nr. 25 (2005–2006) *Mestring, muligheter og mening* vart regjeringa beden om å komme tilbake til Stortinget med forslag til løysingar for korleis eit tilfredsstillande skolefritidstilbod for barn med nedsett funksjonsevne kan sikrast i heile utdanningsløpet.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Rambøll Management kartlagt fritidstilbodet til barn og unge med nedsett funksjonsevne i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Departementet har òg, gjennom fylkesmennene, gjennomført ei eiga kartlegging av fritidstilbodet for denne gruppa.

Undersøkingane viser at mange kommunar og fylkeskommunar har eit fritidstilbod/tilsynstilbod til barn og unge med nedsett funksjonsevne i tilknytning til skolen. Undersøkingane viser at denne gruppa har ulike behov og ønskje, på lik linje med andre barn og unge i denne aldersgruppa. Eit godt fritidstilbod må tilpassast lokale forhold og lokale tiltak må finansierast innanfor gjeldande kommunale og fylkeskommunale ordningar. Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid med andre aktuelle departement vurdere ulike tiltak for å byggje ned hindringane denne elevgruppa møter for deltaking i skolefritidstilbodet, mellom anna i samband med transport til og frå skolefritidsordninga.

Støtte til systematisk resultatoppfølging og kvalitetsutvikling i sektoren

St.meld. nr. 31 (2007–2008) signaliserte at regjeringa forventar at skoleeigarar tek eit større ansvar for oppfølging av læringsutbyttet til elevane, men at det samtidig vil bli gitt tilbod om meir støtte frå nasjonalt nivå.

Opplæringslova og privatskolelova er endra slik at skoleeigar og styret for dei private skolane har plikt til å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private skolane.

Den statlege satsinga *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* har hatt eit budsjett på 195 mill. kroner i perioden 2006–08. Satsinga har gitt støtte til utviklings- og spreingsprosjekt som styrkjer sektorens evne til å vurdere eigne resultat og gjennomføre heilskaplege endringsprosjekt i tråd med måla i Kunnskapsløftet. I Rambøll Managements slutt-rapport frå programmet vart det konkludert med at eit viktig suksesskriterium for god skoleutvik-

ling er at skolane får oppfølging og støtte lokalt. Rapporten peiker vidare på at det er behov for statleg støtte for å kompensere for manglande koordineringsledd i kommuneadministrasjonane i små kommunar. St.meld. nr. 31 (2007–2008) hadde òg ei utgreiing om dette, og foreslo etablering av rettleiarkorps som først og fremst skal støtte skoleeigarar og skolar som peiker seg ut med eit særleg behov for hjelp og støtte i arbeidet med kvalitetsutvikling. Erfaringar frå *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* og verkøy som er utvikla i dette programmet, blir no brukte vidare i skoloring og godkjenning av rettleiarar og etableringa av rettleiarkorps.

Til støtte for sektoren er det i 2009 blant anna også utarbeidd ei generell rettleiing for skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar om lokalt arbeid med læreplanar etter Kunnskapsløftet. Fleire generelle og fagspesifikke rettleiingar er utarbeidde eller er under utvikling.

Evalueringa av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet vart sett i verk i 2005 og skal avsluttast i desember 2009. Kunnskapen frå evalueringa har vore brukt til å betre systemet undervegs og som grunnlag for å utvikle fleire og betre rettleiingsressursar for sektoren. Ein sentral del av systemet er dei nasjonale prøvene. Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Foreldretutvalet for grunnopplæringa, Elevorganisasjonen, KS og Utdanningsforbundet har vurdert sider ved offentleggjering og oppfølging i skolen av nasjonale prøver. Gruppa har vurdert korleis informasjon om resultatane frå dei nasjonale prøvene kan formidlast best mogleg, slik at formålet med prøvene kan realiserast, og slik at det er oppslutning om og tillit til prøvene blant elevar, foreldre og lærarar. Arbeidsgruppa legg fram ei rekkje tilrådingar, blant anna at skoleeigarar og skolar som ikkje følgjer retningslinjene for registrering av elevar, skal følgjast opp, at det bør vurderast om føresegna på dette området bør tydeleggjerast, og at det bør vurderast tiltak for å styrkje analysekompetansen til skoleeigarar og skolar.

Andre tiltak for å styrkje læringsutbyttet

Realfagsstrategien til regjeringa *Eit felles løft for realfaga* vart lansert i 2006 og gjeld ut budsjetåret 2009. Strategien har som hovudmål å styrkje kompetansen i realfag i heile utdanningssystemet og i

arbeidslivet, og å auke rekrutteringa i realfaga og fremme positive haldningar til realfag.

I PISA-undersøkinga frå 2006 skårar norske elevar lågare enn OECD-gjennomsnittet i både matematikk og naturfag. TIMSS-undersøkinga frå 2007 viser derimot teikn til betring, der Noreg er blant dei med størst framsteg sidan 2003 i matematikk på 4. trinn. Det er også positive tendensar i søkninga til realfag i vidaregåande opplæring og til teknologi og realfag i høgre utdanning.

Som ein del av satsinga på realfag vart det i 2003 vedteke å opprette regionale vitensenter. Det er i dag seks verksame regionale vitensenter som får statlege midlar gjennom Vitensenterprogrammet organisert under Noregs forskingsråd. Science Centre Østfold har fått status som vitensenter og vil vere i drift frå 2011. Ytterlegare eitt senter har fått stønad og er under utvikling. Vitensenterprogrammet blir avslutta i 2009. Formålet med satsinga på regionale vitensenter er å styrkje interessa for realfag blant barn og unge. Førebelse resultat frå forskingsprosjektet *Vilje-con-valg* ved Naturfagsenteret i Oslo viser at 20 pst. av alle studentar som starta på realfag i 2008, nemnde vitensenter som ei kjelde til motivasjon og inspirasjon for å velje realfaglege studium.

Besøkstala for dei regionale vitensentra har hatt ein kraftig auke frå nær 420 000 besøkjande i 2007 til nær 520 000 i 2008. Det tilsvarer ein auke på om lag 24 pst. Av dette utgjer organiserte skolebesøk 164 000, som er ein auke på om lag 23 000 frå føregåande år. Det er stor interesse for vitensentra lokalt, og det statlege tilskottet har utløyst monaleg store midlar frå lokale styresmakter og frå næringslivet.

Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov (Midtlyngutvalet) leverte 2. juli 2009 NOU 2009: 18 *Rett til læring*. Utvalet har hatt eit omfattande mandat, og har blant anna gjort ein gjennomgang av spesialundervisningas plass i norsk skole. Utvalet har vurdert i kor stor grad vi har eit system som sikrar tidleg intervensjon for barn, unge og vaksne med særskilde behov, og har komme med fleire forslag til tiltak som skal sikre tidleg innsats og livslang læring for denne gruppa. Rapporten vart sendt ut til høyring hausten 2009. Departementet vil komme tilbake til korleis forslaga utvalet kjem med i rapporten, skal følgjast opp.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2008	budsjett 2009	2010
01	Driftsutgifter	178 403	202 018	221 380
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	9 256	3 519	3 632
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	37 243	48 264	47 530
Sum kap. 220		224 902	253 801	272 542

Kap. 220 omfattar finansiering av faste driftsoppgåver i Utdanningsdirektoratet, jf. post 01, post 21 og post 70. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for som blir finansierte over andre kapittel, til dømes gjennomføring av eksamen, jf. kap. 225 post 01, og midlertidige oppgåver knytte til kvalitetsutvikling og -vurdering i grunnsopplæringa, jf. kap. 226. Omtale av politikk og tilstandsvurdering er derfor dels plassert under andre kapittel i denne proposisjonen. Mål og oppgåver som er omtalte i innleiinga til programkategori 07.20, er førande for arbeidet til direktoratet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet er underlagd Kunnskapsdepartementet og skal medverke til at vedteken politikk for grunnsopplæringa blir sett i verk. Direktoratet fremmer kvalitetsutvikling i heile grunnsopplæringa. Gjennom fagleg arbeid, juridiske og økonomiske verkemiddel, rettleiing, informasjon og dialog bidreg direktoratet til å sikre at den nasjonale utdanningspolitikken blir sett i verk og gjennomført, slik at barn, unge og vaksne i heile landet kan få ei likeverdig og tilpassa opplæring i eit inkluderande fellesskap. Direktoratet følgjer prinsippet om universell utforming i sitt arbeid. Direktoratet bidreg til at den nasjonale utdanningspolitikken blir utvikla gjennom dokumentasjon og analyse av sektoren. Direktoratet utfører forvaltningsoppgåver knytte til grunnsopplæringa.

Direktoratet er delegert mynde i forvaltningsaker som gjeld

- embetsstyringa av fylkesmannsembeta på utdanningsområdet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- tilsynsarbeid som følgjer av opplæringslova og privatskolelova
- tolking av opplæringslova, privatskolelova og folkehøgskolelova, med forskrifter, på nasjonalt

nivå, og å gi god rettleiing om regelverk for grunnsopplæringa

- etatsstyring av statlege skolar som gir grunnsopplæring, jf. kap. 222
- tilskott til eksamensavvikling, privatskolar, folkehøgskolar og andre formål, jf. kap. 225, 227, 228, 229 og 253
- det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230

Rapport for 2008–09

Rapporteringa for 2008–09 må sjåast saman med rapportering for kap. 226.

Det nasjonale regelverket for grunnsopplæringa skal medverke til at den enkelte eleven får ei trygg opplæring av god kvalitet. Fylkesmennenes tilsynsverksemd har dei siste åra dokumentert manglande etterleving av regelverket. Det er gjennomført to nasjonalt koordinerte tilsyn på opplæringsområdet med felles tema og metodikk i 2008. I det felles nasjonale tilsynet i 2008, med spesialundervisning og forsvarleg system som tema, hadde 86 pst. av skoleeigarane avvik. I foreløpig tilbakemelding frå tilsynet med kommunar og private skolar i 2009, og krav til dei om å ha eit forsvarleg system for å sikre at elevane blir organisert i grupper etter opplæringslova, er det 67 pst. av kommunane som har avvik, og 29 pst. av dei private skolane. For tilsyn med rettane til samiske elevar etter opplæringslova blir det vist til omtale under kap. 223.

Det er nødvendig å styrkje rettleiinga, tilsynet og oppfølginga om elevane skal få den opplæringa dei har krav på i kvalitet og kvantitet. Resultat og tilbakemeldingar indikerer at tilsynsverksemda er veileigna til å avdekkje avvik frå regelverket, og at ho har ein åtferdskorrigerande og haldningsskapande effekt.

Tilsynet med private skolar vart overført frå fylkesmannsembeta til direktoratet 1. august 2009. Den første tida etter overføringa vil fylkesmannen

kunne utføre tilsynsoppgåver etter instruks frå direktoratet.

Våren 2008 vart det gjennomført nye, obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og i tal- og rekneforståing for andre steget. Tilbakemeldingane frå skolane som har gjennomført prøvene, har vore positive. Utdanningsdirektoratet starta i 2008 arbeidet med å utvikle fleire nye kartleggingsprøver som skal innførast på ulike steg. Vidareutviklinga av kartleggingsprøvene omfattar både obligatoriske prøver og frivillige kartleggingsprøver. Tilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for skolane.

Gjennomføringa av nasjonale prøver i september 2008 gjekk utan større problem. Trykking, distribusjon og informasjon fungerte betre enn året før. Brukarundersøkinga frå 2007 viste at eit stort fleirtal av skoleleiarar og lærarar meinte informasjonen og retningslinjene for gjennomføringa hadde svært/ganske god kvalitet. Dette var utgangspunktet for å bruke på nytt mykje av det informasjonsmateriellet som vart utvikla i 2007.

Prøveadministrasjonssystemet (PAS) fungerte stabilt i gjennomføringsperioden, og systemet er utvikla vidare for mellom anna å lette registreringsarbeidet ute på skolane. Vidare deltok 167 skolar i utprøvinga av IKT-basert eksamen gjennom det nye Prøvegjennomføringssystemet (PGS). I denne første eksamensperioden har systemet gitt ei effektivisering av arbeidet for alle ledd frå direktorat og ned til den enkelte skolen.

Særordninga etter St.meld. nr. 44 (2003–2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningskadelidende samer og kvener* gjeld for personar som tapte skolegang under krigen. Utdanningsdirektoratet har behandla om lag 1 100 same- og kvensaker per 1. august 2009. Oppfølging av St.meld. nr. 24 (2004–2005) *Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar* syner at det var 641 nye saker i 2008. Av dei var 396 ordinære skolesaker, som er dei mest arbeidskrevjande. Dette er saker som ikkje er omfatta av noka særordning, jamfør St.meld. nr. 24 (2004–2005) og 44 (2003–2004). Målet er at saksbehandlingstida skal vere tolv månader. Dette målet er nådd i same- og kvensaker. For ordinære skolesaker, romanisaker og saker knytte til åtferdsskolar er saksbehandlingstida om lag to år. Dette kjem av det store etterslepet frå tidlegare år og det store tilfanget av saker i 2007. Talet på fråsegner som er sende frå Utdanningsdirektoratet i 2008, er høgre enn det totale talet på innkomne saker. Om denne utvikla held fram, så vil saksbehandlingstida bli redusert på sikt.

Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY) er eit felles samarbeidsråd for partane i arbeidslivet

og utdanningsmyndigheitene, og det finst eit fagleg råd for kvart av utdanningsprogramma innanfor yrkesutdanninga. Direktoratet har sekretariatsansvaret for drift av SRY og dei faglege råda. SRY og dei faglege råda har aktivt medverka til arbeidet med å gjennomføre Kunnskapsløftet på nasjonalt nivå. Bidraget har gjort det mogleg å gjennomføre tidsplanen for Kunnskapsløftet. Det mest omfattande arbeidet har vore ferdigstillinga av læreplanane for Vg3 yrkesfaglege utdanningsprogram.

Utdanningsdirektoratet har sett i gang eit arbeid med å byggje opp eit kompetansemiljø på vaksenfeltet. Bemanninga er særleg styrkt når det gjeld statistikk, dokumentasjon og analyse. Utdanningsdirektoratet og Vox er i gang med å avklare oppgåve- og ansvarsfordelinga på feltet grunnopplæring for vaksne. I den samanhengen er ein prosess med overføring av ressursar frå Vox til Utdanningsdirektoratet gjennomført.

Mål for 2010

Direktoratet skal følgje opp tiltak i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* og tiltak foreslått i St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*. Særleg viktig er det å bidra til økt læringsutbytte og gjennomføring i opplæringa, og å implementere nye kompetanseutviklingstiltak i sektoren. Av forslaga til tiltak i St.meld. nr. 44 (2008–2009) vil direktoratet få ansvaret for utprøvinga av det nye arbeidslivsfaget på ungdomsskolen. Vidare skal direktoratet bidra til at opplæringa innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma blir meir relevante for elevane. Direktoratet vil òg bidra til at praksisvegen blir utvikla som eit løp mot full fagutdanning. Oppfølginga av meldingane er prioriterte oppgåver som i stor grad er finansierte over kap. 226.

Direktoratet vil òg få ansvaret for tiltak retta mot vaksne i St.meld. nr. 44 (2008–2009). Mellom anna skal direktoratet informere om vaksne sin rett til grunnopplæring. Direktoratet skal arbeide vidare med å styrkje tilsynet med vaksne sine rettar etter opplæringslova, og å styrkje arbeidet med statistikk, dokumentasjon og analyse på vaksenfeltet.

Departementet har sett av opp til 7 mill. kroner til utvikling av opplæringsmodellar tilpassa vaksne arbeidssøklarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Dette skal gjerast i samarbeid med nokre utvalte fylkeskommunar og NAV, sjå nærare omtale på kap. 258.

Førebels tilbakemelding frå det nasjonale tilsynet våren 2009 syner framleis svak etterleving av regelverk. Direktoratet skal følgje opp desse resultatane, mellom anna gjennom dialog med skoleeigarane og KS om korleis kommunane kan betre

etterlevinga av regelverket. Hovudutfordringane framover er å skape ei einenskapleg forståing av regelverket og utvikle effektive metodar for risikobasert tilsyn og bruk av indikatorar.

Direktoratet skal gjennom fylkesmennene gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles tema og metodikk hausten 2010. Temaet er det psykososiale skolemiljøet til elevane, og skal sjåast i samanheng med skolens plikt til å drive eit systematisk skolemiljøarbeid og skoleeigarens plikt til å ha eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging.

For å nå måla som er sette for grunnopplæringa, må direktoratet samarbeide med andre aktørar. Samarbeidet med Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) om informasjon og rettleiing til foreldre når det gjeld overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande opplæring, er viktig i 2010. Vidare må det etablerast eit godt samarbeid med det nye Senteret for IKT i utdanninga, slik at sektoren kan nytte IKT meir effektivt for betre læringsutbytte og læringsstrategiar.

Budsjettforslag for 2010

Løyvinga til direktoratet blir foreslått auka med 19,4 mill kroner. Forslag til endring i budsjettet er knytt til endra oppgåver for direktoratet. Overføringa av ressursar frå Vox som starta i 2009, blir foreslått slutført. Departementet foreslår at forvaltninga av tilskott til kompletterande undervisning og tilskott til norske private grunnskolar og vidaregåande skolar i utlandet blir overførde til direktoratet frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Enkelte oppgåver i direktoratet blir foreslått flytta til det nye senteret for IKT i utdanninga. Endringa i budsjettet er òg knytt til eingongskostnader til flytting til nye lokale i Schweigaards gate 15 i Oslo og flytting av prosjektmiddel knytte til EU-samarbeid om yrkesopplæring og til læreplandatabasen Grep.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 21 Særskilde driftsutgifter og post 70 Tilskott til læremiddel o.a. må sjåast i

samanheng. Løyvinga på post 21 er knytte til oppdrag. Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon. Dette kan omfatte læremiddel for smale fag og/eller små elevgrupper, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Stortinget ba i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2008–2009) departementet om å gå gjennom nivået på og kriteria for tildeling av tilskottet, og om å gå gjennom korleis behova for utvikling av læremiddel samsvarer med tildelinga. Departementet har gitt direktoratet i oppdrag å få eit eksternt evalueringsmiljø til å evaluere tilskottsordninga i løpet av 2009.

Rapport for 2008–09

Det er gitt tilskott til produksjon av læremiddel for Vg1, Vg2 og Vg3 (basis-, parallell- og fellesspråklege utgivingar) innanfor yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram.

Det er vidare gitt støtte til multifunksjonelle læremiddel for grunnskolen og vidaregåande opplæring, læremiddel for elevar med behov for stor grad av individuell tilpassing og til læremiddel for hørselshemma elevar.

Det er òg gitt tilskott mellom anna til læremiddel i morsmål og til tospråkleg fagopplæring for elevar frå språklege minoritetar. Det nordiske ordbokprosjektet LEXIN-N er ført vidare.

Læremidla skal i den grad det er mogleg, ha universell utforming og ta vare på det fleirkulturelle perspektivet. Det er utvikla både trykte og digitale læremiddel innanfor alle områda.

Samarbeid med rådgivande utval for læremiddelspørsmål og faggrupper knytte til ulike målgrupper og fagområde er ført vidare.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga på post 70 blir redusert med 2,3 mill. kroner i samsvar med reduksjonen av inntektskravet på kap. 3220 post 01. Reduksjonen er dermed del av ei parallell justering av utgifts- og inntektsløyvinga, og vil ikkje ha innverknad på produksjonen av læremiddel.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Inntekter frå oppdrag	2 756	5 485	3 383
02	Salsinntekter o.a.	6 049	6 431	6 637
	Sum kap. 3220	8 805	11 916	10 020

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar.

Departementet foreslår at inntektskravet på post 01 blir redusert med 2,3 mill. kroner. Reduk-

sjonen skal bidra til å rette opp ubalanse i inntektskravet som følge av flytting av midlar i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2009. Dermed får inntektskravet eit meir realistisk nivå.

Kap. 221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2010
		2008	Saldert budsjett 2009	
01	Driftsutgifter	8 270	9 777	9 613
	Sum kap. 221	8 270	9 777	9 613

Løyvinga gjeld drift av Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG).

FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim. FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal ta i vare interessene til foreldra i skolesamanheng.

Dagens utval vart oppnemnt av Kongen i statsråd 11. januar 2008, og har ei funksjonstid på fire år, til og med 2011.

FUGs mandat vart utvida frå 1. januar 2009 til også å gjelde for det første året for vidaregåande opplæring.

FUGs sekretariat vil rundt årsskiftet 2009–10 bli samlokalisert med Utdanningsdirektoratet. Dette skal gi praktiske fordelar, men skal ikkje påverke FUGs uavhengige stilling som rådgivande organ.

FUG har hatt ein monaleg ressursauke dei seinare åra, frå 5,7 mill. kroner i 2006 til 9,7 mill. kroner i 2009. Om lag halvparten av denne auken er gått til å styrkje drift og sekretariat. Om lag ein firedel er gått til å målrette og utvikle vidare informasjonsmateriell for å treffe målgruppene betre. FUG har i tillegg høgre reiseaktivitet no enn før for å nå ut til høgskolar med lærarutdanning.

Rapport for 2008–09

FUG har i si rolle som rådgivande organ for departementet og direktoratet gitt innspel i aktuelle saker. FUG har delteke i 30 ulike arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå.

FUG har sendt informasjonsmateriell retta mot både foreldre, lærarar og skoleleiarar til alle grunnskolar. FUG har gitt informasjon til skoleverket om den rolla foreldre har for opplæringa til elevane, dette for å auke kompetansen i heim-skole-

samarbeid for dei tilsette i skolen. FUG har mellom anna halde 65 foredrag i 2008, primært på høgskolar med lærarutdanning og i kommunar, men òg på enkeltskolar.

FUG har arbeidd for at alle foreldre engasjerer seg i opplæringa, uavhengig av sosial bakgrunn, mellom anna ved å spreie kunnskap om samanheng mellom foreldrestøtte og motivasjonen til elevane. FUG har gitt informasjon og rettleiing til foreldre, særleg tillitsvalde foreldre. På nettsidene fug.no og foreldrenettet.no ligg det mykje informasjonsmateriell for gratis nedlasting. Ein del av materialet er oversett til ti ulike språk. FUG har òg gitt informasjon i 565 saker til personar som har teke kontakt på telefon og e-post.

Mål for 2010

Eit overordna mål er at samarbeidet mellom heim og skole skal komme alle elevar til gode, slik at dei får eit best mogleg utbytte av opplæringa. Eit godt samarbeid kan medverke til å jamne ut sosiale forskjellar mellom elevar og til å hindre fråfall.

- For å nå dette målet skal FUG i 2010
- medverke til å auke læringsutbyttet til elevane gjennom å arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skole
 - medverke til å auke kompetansen i heim-skole-samarbeid for dei tilsette i skolen
 - medverke til å få fleire foreldre engasjerte i opplæringa

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009, med ei parallell justering for sletting av inntektskravet, jf. kap. 3221.

Kap. 3221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
02	Salsinntekter o.a.	148	276	
18	Refusjon av sjukepengar	23		
	Sum kap. 3221	171	276	

FUG har gjennom fleire år hatt inntekter frå sal av informasjonsmateriell til foreldre og skolar. Det er eit mål at alt informasjonsmateriell blir lagt ut på nettet for gratis nedlasting, slik at det blir tilgjenge-

leg for så mange som mogleg. Departementet foreslår at det frå 2010 ikkje blir stilt inntektskrav til FUG.

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	118 898	120 104	100 117
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 960	4 468	1 289
	Sum kap. 222	122 858	124 572	101 406

- Kapitlet omfattar
- drift av skole og internat ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
 - undervisnings- og internattenester ved dei kommunale sameskolane i Snåsa og Troms
 - drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjøk og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
 - lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Løyvinga på post 01 og post 45 har tidlegare omfatta drift av Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar. Løyvinga til drifta av denne skolen er flytt til kap. 229 post 01 og post 45.

Målet for løyvinga av midlar til dei samiske skolane er mellom anna å halde oppe og utvikle vidare samisk identitet, språk og kultur. Skolane følgjer Kunnskapsløftet – Samisk.

Etatsstyringsansvaret for dei statlege samiske skolane har vore delegert til Utdanningsdirektoratet frå det vart oppretta 15. juni 2004.

Rapport for 2008–09

Grunnskolar for samiske elevar

Sameskolen i Midt-Noreg hadde hausten 2008 15 faste elevar, mot ti året før. Ti av elevane budde på

internatet. Skolen gav fjernundervisning i sørsamisk til 17 elevar.

Sameskolen i Snåsa hadde hausten 2008 elleve faste elevar, mot 21 elevar året før. Det var fem elevar som budde på internatet. Sameskolen gav også opplæring i sørsamisk til åtte elevar ved den nærliggjande ungdomsskolen. Dette var elevar som førre skoleår var elevar ved sameskolen, og det er grunnen til at elevtalet ved sameskolen vart redusert. Det er ein kommunalt finansierte barnehage for samiske barn ved skolen.

Sameskolen i Troms hadde hausten 2008 17 faste elevar, mot tolv elevar året før. Ti elevar budde på internatet.

Sameskolen i Midt-Noreg er statleg. Sameskolane i Snåsa og Troms er kommunale, men staten ved Utdanningsdirektoratet gir særskild økonomisk stønad til drift av skolane og tilhørande internat.

Det er ei utfordring for skolane å skaffe pedagogisk personale med formell undervisningskompetanse i samisk. Skolane tek i bruk ordninga med studieheimlar for å vidare- og etterutdanne lærarar, men har samstundes utfordringar med å skaffe vikarar med relevant kompetanse.

I tillegg til den ordinære undervisninga gir alle skolane tilbod om fjernundervisning i nord- eller sørsamisk. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein samla plan for fjernundervisning i dei tre samiske språka, nord-, sør- og lulesamisk. I St.meld. nr. 28 (2007–08) *Samepolitikken* heiter det

at fjernundervisning er eit heilt vesentleg tilbod for elevar som er busette der samisk kompetanse ikkje er tilgjengeleg. I eit av tiltaka i meldinga står det at departementet vil arbeide for ordinær og føreseieleg drift av fjernundervisning på alle dei tre samiske språka (nord-, sør- og lulesamisk).

Samanlikna med fjernundervisning i nord- og sørsamisk er tilbodet i lulesamisk fjernundervisning minst utvikla. Lulesamisk språk er eit minoritetsspråk også i samisk samanheng, og er eit sterkt truga språk. Lulesamisk fjernundervisning blir derfor nå prioritert, og Utdanningsdirektoratet er tildelt kr 683 000 over kap. 222 i 2009 for å setje i gang eit lulesamisk pilotprosjekt. Midlane skal nytast av Fylkesmannen i Nordland til å utvikle lulesamisk fjernundervisning i samsvar med Utdanningsdirektoratets plan for samisk fjernundervisning. Departementet tek sikte på å føre vidare pilotprosjektet med om lag 1,2 mill. kroner i 2010.

Samiske vidaregåande skolar

Hausten 2008 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 99 fulltidselevar fordelt på fire utdanningsprogram mot 118 elevar året før. Skolen gir også eksternt finansierte kurs, mellom anna retta mot regional næringsutvikling. Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde hausten 2008 105 elevar i fem utdanningsprogram mot 83 elevar året før. Begge skolane held fram med ordninga med vertsfamiliar for dei yngste tilreisande elevane. Erfaring viser at tilbodet fører til lite fråvær, og at ein unngår studieavbrott. Begge skolane er opne for samiske elevar frå heile landet. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skolane tilbod om fjernundervisning i samisk.

Sommaren 2007 la ei arbeidsgruppe med representantar for Sametinget, Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet fram ein rapport om framtidig forvaltningsmodell for dei samiske vidaregåande skolane. I rapporten gjekk arbeidsgruppa samrøystes inn for å starte forhandlingar med fylkeskommunen om forvaltninga av skolane. Sametinget handsama rapporten i plenum i 2008 og vedtok å setje i verk eit utgreiingsarbeid for å setje Sametinget i stand til å ta over forvaltningsansvaret for skolane. På bakgrunn av Sametingets utgreiing vil Kunnskapsdepartementet i samarbeid med andre aktuelle departement ta stilling til korleis vidareføringa av skolane kan sikrast på best mogleg måte. Utdanningsdirektoratet har inntil vidare forvaltningsansvaret for skolane.

Rettsvilkårsavtale og ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skolar og statsinternat i Finnmark blir det utbetalt midlar til tidlegare tilsette ved desse skolane og statsinternata. Det er Utdanningsdirektoratet som har ansvaret for utbetaling av midlane. I 2009 vart det utbetalt om lag 1,1 mill. kroner til lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og om lag 1,5 mill. kroner til ventelønn for personale ved avvikla statsinternat i Finnmark.

Budsjettforslag for 2010

Løyvinga på post 01 og post 45 knytt til Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar er flytt til kap. 229, og postane er derfor reduserte tilsvarende, jf. omtale under kap. 229.

Elles blir løyvinga ført vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2008	budsjett 2009	
01	Inntekter frå oppdrag	-1		
02	Salsinntekter o.a.	8 478	5 571	4 309
61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 704	1 498	
	Sum kap. 3222	10 181	7 069	4 309

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning.

Løyvinga på post 02 og post 61 har tidlegare omfatta inntekter knytte til Veia – Statens fagskole

for gartnarar og blomsterdekoratørar. Løyvinga til denne skolen er flytt til kap. 3229 post 02 og post 61.

Kap. 223 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2008	budsjett 2009	2010
50	Tilskott til Sametinget	31 887	33 290	34 355
	Sum kap. 223	31 887	33 290	34 355

Sametinget vart oppretta i medhald av lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (same-lova) for å etterleve Grunnlova § 110 a. Det politiske grunnlaget for samepolitikken til regjeringa er skildra i St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken*. Regjeringa legg vekt på at internasjonale menneskerettskonvensjonar som Noreg har slutta seg til, og som har særskild aktualitet for samane, m.a. FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar (særleg artikkel 27), ILO-konvensjonen nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, blir oppfylte. Spørsmål om samisk opplæring er regulert i opplæringslova kapittel 6, og Sametingets ansvar på opplæringsområdet går i første rekkje fram av § 6-4. I tillegg kjem dei generelle forskriftene i samelova.

Målet med tilskottet er å bidra med finansiering til drift av Sametingets utdanningsadministrasjon, utvikling og produksjon av læremiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske læremiddel, læreplanarbeid og -utvikling, og tilskott til råd og rettleiing til lærarar, kommunar og fylkeskommunar om samisk opplæring.

Rapport for 2008–09

Det er stadig stor mangel på samiske læremiddel. I 2009 vart det derfor oppretta ei arbeidsgruppe med representantar for Sametinget, Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet som skal vurdere dagens utvikling og produksjon av samiske læremiddel. På bakgrunn av vurderinga skal gruppa i ein rapport foreslå endringar som inneber ei effektivisering av utviklinga av læremiddel etter Rammeplan for barnehagen og Kunnskapsløftet – Samisk.

I Sametingets strategiske plan for læremiddelutvikling 2009–12 er det gjort prioriteringar av læremiddel på sør-, lule- og nordsamisk mellom anna på grunnlag av innspel frå skolar. Ein av strategiane for at læremidla skal nå ut til dei samiske elevane, er at læremidla skal vere gratis. Da Samisk utdanningsråd vart lagt ned i 1999, overtok Sametinget lageret av læremiddel, som i hovudsak omfatta supplerande opplæringsmateriell. Desse er blitt delte ut gratis til grunnskolar og vidaregåande skolar. Læremidla er også spreidde til skolar i Sve- rige og Finland, og til språksentra, bibliotek, bok-

bussar og høgskolar, i alt om lag 40 000 eksemplar. I tillegg har Sametinget gitt midlar til forlag slik at dei òg kan dele ut gratis dei læremidla dei har på lager. Sametinget understrekar at skoleeigar likevel har ansvaret for å tilby samiske elevar tilgjengelege samiske læremiddel.

I Budsjett-innst. S. nr. 12 (2008–2009) bad fleirtalet i komiteen Kunnskapsdepartementet om å vurdere tilsyn med korleis rettane til dei samiske elevane blir oppfylte, medrekna tilgangen til læremiddel. Kunnskapsdepartementet har i tildelingsbrevet til Utdanningsdirektoratet for 2009 bedd om at slike tilsyn blir gjennomførte. I 2009 har Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Nordland lagt opp ein strategi for korleis tilsynet skal gjennomførast, og ein instruks for tilsynet er under utarbeiding. Instruksen skal på lengre sikt kunne nyttast til å føre tilsyn i heile landet, men vil i første omgang bli testa ut i fire kommunar i Nordland og i ein til to kommunar i Troms og Finnmark. Det skal rapporterast på tilsynet i desse kommunane i januar 2010.

Ein handlingsplan for samiske språk vart lagd fram våren 2009. Det har vore gjennomført konsultasjon med Sametinget om tiltaka i planen, og Sametinget er og vil bli trekt inn i arbeidet med gjennomføringa av tiltaka.

Sametinget har delteke i arbeidet med utviklinga av fleire parallelle likeverdige og samiske læreplanar. Til dømes førte den nye læreplanen i religion, livssyn og etikk (RLE) til at Sametinget fremma forslag om parallell likeverdig læreplan i RLE – samisk. Den nye planen vart fastsett av departementet og teke i bruk i mars 2009.

Mål for 2010

Målet om at dei samiske elevane skal få raskare og betre tilgang til læremiddel på sitt eige språk, er høgt prioritert. I Sametingets strategiske plan for læremiddelutvikling er det vedteke å gi ut nye læremiddel gratis. Ein annan strategi er at det skal utviklast ressurskolar for læremiddelutvikling. Departementet vil halde oversikt over korleis tilde- linga til samiske læremiddel blir nytta.

Kunnskapsdepartementet vil, i samarbeid med Sametinget og Utdanningsdirektoratet, vurdere behov for endringar i fag- og timefordelinga for

elevar med samisk i fagkrinsen. I første omgang vil læreplanar og anna relevant regelverk bli gjennomgått.

Det skal bli utarbeidd rettleiingar til Kunnskapsløftet – Samisk.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga for 2010 blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga

Post	Nemning			(i 1 000 kr)
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter			51 034
21	Særskilde driftsutgifter			34 023
	Sum kap. 224			85 057

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Senter for IKT i utdanninga.

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* vart det varsla at sentrale oppgåver innanfor IKT-feltet skulle samlast i eit nasjonalt senter for IKT i utdanninga. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009, jf. St.prp. nr. 67 (2008–2009), orienterte departementet om at UNINETT ABC, Utdanning.no og ITU – forsknings- og kompetansenettverk for IT i utdanninga, blir samla i eit nytt senter for IKT i utdanninga, og at dette senteret vil ta over oppgåver frå dagens verksemder. Einskilde oppgåver i Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet blir òg flytta til senteret. Senteret vil ha kontor i Tromsø og Oslo, med hovudkontor i Tromsø, og det blir etablert og sett i drift i 2010. Målgruppa er i hovudsak grunnopplæringa, barnehagesektoren og lærarutdanninga.

Eit hovudmål i grunnopplæringa er at alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv. Bruk av digitale verktøy er ein slik grunnleggjande dugleik. Teknologien gir auka moglegheit til fleksibilitet og differensiering for barnehagebarn, elevar og lærlingar, og kan med det bidra til auka grad av opplevd meistring av læring. Stadig fleire elevar i vidaregåande opplæring får tilgang til sin eigen berbare PC, og til digitale tenester og læringsressursar. Grunnskolen følgjer etter. Samstundes rapporterer ITU Monitor 2009 at medan bruk av IKT i vidaregåande opplæring har auka samanlikna med 2007, har bruk av IKT i grunnskolen minka.

Digital kompetanse skal vere sentralt i opplæringa på alle nivå. Også barn i barnehagealder tek i

bruk IKT. IKT i barnehagen er omtalt i St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*. Ei utfordring for barnehagane vil vere å leggje til rette for at barna lærer å nytte denne teknologien på ein god og konstruktiv måte.

Mål for 2010

Senter for IKT i utdanninga skal bidra til å realisere og utvikle departementets politikk på feltet og skal samarbeide med relevante offentlege og private verksemder. Viktige initiativ og tiltak som er sett i verk, må følgjast opp. Senteret skal vere ein brubyggjar og eit nav for samarbeid om IKT i og for utdanninga, og arbeide saman med mellom fleire Utdanningsdirektoratet og dei nasjonale sentra for å setje sektoren i stand til å nytte IKT meir effektivt for betre læringsutbytte og læringsstrategiar. Senteret skal delta i internasjonalt samarbeid.

Norske utdanningsinstitusjonar treng å få del i kunnskap om korleis IKT kan nyttast til betre undervisning og læring. Senteret skal utvikle og spreie kunnskap basert på forskning om bruk av IKT i utdanninga, mellom anna vurdere ny teknologi og digitale medium med tanke på å analysere deira pedagogiske potensial. Senteret skal fremme digital dømmekraft i sektoren og følgje opp arbeid med universell utforming av IKT.

Senteret skal arbeide for at IKT bidreg til auka kvalitet, styrkt læringsutbytte og betre læringsstrategiar hos norske elevar, lærlingar og studentar. Ei viktig oppgåve blir å arbeide for å styrkje digital kompetanse for elevar, lærlingar og studentar uavhengig av deira sosiale bakgrunn og bustad. Eit utgangspunkt vil vere å styrkje arbeidet med innføring og fagleg bruk av IKT i utdanninga ut frå læreplanar og andre styrande dokument, og bidra til at IKT blir ein drivar for pedagogisk innovasjon.

Ein god og driftssikker infrastruktur er ein føresetnad for at teknologien skal kunne nyttast i opplæringa. Senteret skal greie ut om og kvalitets-sikre læringsteknologiske løysingar og profesjonelle driftsløysingar for sektoren og sikre utvikling av infrastruktur for IKT i grunnopplæringa. Senteret skal følgje opp arbeidet med ei nasjonal identitetsforvaltning for utdanningssektoren basert på Feide, og delta i arbeidet med identitetsforvaltning i offentleg sektor.

Senteret skal samle og gjere tilgjengeleg informasjon om utdanning og yrke, og gi støtte for val av utdanning og karriere.

Senteret skal fremme utvikling av IKT i utdanninga av lærarar og førskolelærarar, samt andre tilsette i barnehagane.

Budsjettforslag for 2010

For 2010 blir det foreslått å flytte 1,7 mill. kroner frå kap. 220 post 01, 79,7 mill. kroner frå kap. 226 post 21 og 3,7 mill. kroner frå kap. 226 post 70 til nytt kap. 224 Senter for IKT i utdanninga, post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter. Det blir med dette foreslått ei totaløyving på 85,1 mill. kroner i 2010.

Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Inntekter frå oppdrag o.a.			1 000
	Sum kap. 3224			1 000

Senter for IKT i utdanninga vil truleg ha inntekter, og departementet foreslår at inntektskravet blir sett til 1 mill. kroner. Departementet kjem til-

bake med nivå på inntektene i revidert nasjonalbudsjett for 2010.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	131 409	136 690	131 110
60	Tilskott til landslinjer	156 405	163 287	168 512
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	44 527	47 505	49 787
64	Tilskott til opplæring av barn og unge asylsøkjjarar	59 794	188 379	261 618
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	31 134		
66	Tilskott til leirskoleopplæring	34 460	38 926	40 172
67	Tilskott til opplæring i finsk	7 333	8 973	9 260
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	175 611	183 338	216 404
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	324 033	333 695	244 861
70	Tilskott til opplæring av lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov	12 323	8 698	18 976
71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	10 237	9 121	9 413
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	4 257	3 310	3 310
73	Tilskott til studieopphald i utlandet	8 759	9 144	9 437
74	Tilskott til organisasjonar	10 946	14 928	15 406
	Sum kap. 225	1 011 228	1 145 994	1 178 266

Post 01 Driftsutgifter

Målet med løyvinga er å finansiere gjennomføringa av sentralt gitt eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring samt den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga.

For skoleåret 2008–09 har løyvinga finansiert arbeid knytt til utarbeiding og gjennomføring av desse prøvene. Løyvinga har òg finansiert utarbeiding av eksempeloppgåver til eksamen, vurderingsrettleiingar, skolering av fagnemnder og sensorar, gjennomføring av førehandssensur, sentral sensur og klagebehandling. Delar av løyvinga har vore nytta til fagleg utviklingsarbeid i samband med prøveadministrasjons- og prøvegjennomføringssystemet (PAS/PGS).

Våren 2009 var over 60 000 elevar oppe til eksamen i grunnskolen. I vidaregåande opplæring var det 156 000 avlagde eksamenar, og om lag 2 800 sensorar deltok i vurderingsarbeidet. Totalt vart om lag 30 pst. av eksamenssvara leverte elektronisk i PGS.

Kvart år blir det gjennomført evaluering av nokre utvalde fag, og for 2009 skal eksamen i matematikk for grunnskolen og vidaregåande opplæring evaluerast.

Budsjettforslag for 2010

I 2008 og 2009 vart det gjennomført eksamen både etter læreplanen L97 og læreplanen for Kunnskapsløftet. I 2010 blir omfanget av eksamen noko mindre på grunn av utfasing av dei gamle ordningane, og det skal ikkje utarbeidast fleire eksempeloppgåver til eksamen innanfor Kunnskapsløftet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 7,1 mill. kroner.

Post 60 Tilskott til landslinjer

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å gi elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring. Det er Stortinget som har fastsett kva kurs som har status som landslinjer.

Tilskottet skal gå til drift av landslinjene og innkjøp av utstyr. Følgjande kurs og skolar får tilskott:

- Flyfag ved Skedsmo vidaregåande skole, Sola vidaregåande skole, Bodø vidaregåande skole og Bardufoss vidaregåande skole.
- Avionikerfaget ved Skedsmo vidaregåande skole, Sola vidaregåande skole og Bodø vidaregåande skole.

- Romteknologi ved Andøy vidaregåande skole.
- Anleggsteknikk og anleggsmaskinmekaniker ved Solør vidaregåande skole avd. Våler, Blakstad vidaregåande skole, Time vidaregåande skole, Os vidaregåande skole, Fauske vidaregåande skole og Kirkenes vidaregåande skole.
- Yrkessjåfør ved Solør vidaregåande skole avd. Våler, Hønefoss vidaregåande skole, Notodden vidaregåande skole, Blakstad vidaregåande skole, Sauda vidaregåande skole, Os vidaregåande skole, Sogndal vidaregåande skule, Kristiansund vidaregåande skole, Ole Vig vidaregåande skole, Hadsel vidaregåande skole og Alta vidaregåande skole.
- Folkemusikk ved Vinstra vidaregåande skole.
- Ur- og instrumentmaker ved Kongsberg vidaregåande skole.
- Idrettslinjene alpint, snowboard og langrenn ved Setesdal vidaregåande skole avd. Hovden, hopp og kombinert ved Heimdal vidaregåande skole, kombinert ved Steinkjer vidaregåande skole, alpint og telemark ved Oppdal vidaregåande skole, langrenn ved Meråker vidaregåande skole, alpint ved Narvik vidaregåande skole avd. Frydenlund, langrenn ved Nordreisa vidaregåande skole.
- Naturbruk med fordjuping økologisk landbruk ved Sogn jord- og hagebruksskule.
- Sportsfiske som næring og hobby ved Grong vidaregåande skole.

Departementet tek sikte på å utvide talet på plassar ved landslinjene for skiidrett ved Meråker vidaregåande skole og ved Nordreisa vidaregåande skole med ti plassar kvar frå hausten 2010. Meråker vidaregåande skole får da ein kapasitet på til saman 70 plassar, mens Nordreisa vidaregåande skole får ein kapasitet på til saman 35 plassar på skiidrett. Samtidig tek departementet sikte på å opne for at alle landslinjeplassane for skiidrett ved desse to skolane skal kunne nyttast fritt mellom langrenn og skiskyting.

Elevlister frå fylkeskommunen skal vise at fylkeskommunen har oppretta landslinjetilbod og dermed har oppfylt vilkåra for tilskott.

Frå 2009 tek Utdanningsdirektoratet over utbetaling av tilskott til utstyr til landslinjene. Fram til 2009 har KS utbetalt dette utstyrstilskottet til fylkeskommunen.

Satsane per elev for landslinjene i 2010 blir som følgjer:

Tabell 4.1 Landslinjesatsar per elev per år

Landslinje	Sats
Skiidrett	kr 64 600
Folkemusikk	kr 80 800
Økologisk landbruk	kr 132 600
Anleggsvag	kr 114 200
Flyfag/avionikk/romteknologi	kr 107 700
Yrkessjåfør	kr 118 500
Sportsfiske	kr 64 600
Ur- og instrumentmakar	kr 107 700

Rapport for 2008–09

Kapasiteten i skoleåret 2008–09 var på om lag 1 400 heilårselevplassar. Hausten 2008 var det totalt 1 104 elevar ved landslinjene. Om lag 52 pst. av desse kom frå eige fylke. Våren 2009 var det totalt 1 062 elevar ved landslinjene. Av desse kom 53 pst. av elevane frå vertsfylka og om lag 47 pst. frå andre fylke.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare i 2010 på same nivå som i 2009.

Tabell 4.2 Tal på grunnskoleelevar som vel samisk som første- og andrespråk i perioden 2006–09

Skoleår	2006–07	2007–08	2008–09
Samisk som førstespråk	1 020	1 027	1 043
Samisk som andrespråk	1 652	1 515	1 474
Totalt	2 672	2 542	2 517

Tala inkluderer elevar som utløyser tilskott over kap. 222.
Kjelde: GSI (Grunnskolen informasjonssystem)

Talet på tildelte studieheimlar har vore på om lag same nivå dei siste åra.

Våren 2009 fekk i alt 242 elevar/lærlingar opplæring i samisk i vidaregåande opplæring ved fylkeskommunale skolar. Dette er ein reduksjon i høve til 2008, da 288 elevar/lærlingar fekk slik opplæring.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å auke posten med om lag 2,3 mill. kroner i 2010 mellom anna som følgje av eit auka løyvingsbehov grunna endring i gruppesamansetjing og innlemming av ny forvaltningskommune.

Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Om ordninga

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei ordning for samisk i grunnskolen, ei ordning med samiske studieheimlar for lærarar i grunnskolen og ei ordning for samisk i den vidaregåande opplæringa.

Målet med tilskottsordninga er å bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skolar som tilbyr samiskopplæring for samiske elevar i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Opplæringa skal følgje læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk. Elevane får opplæring i samisk som førstespråk (Samisk 1) eller samisk som andrespråk (Samisk 2/Samisk 3).

Tilskottet kan òg utbetalast til kommunar som ønskjer å styrkje kompetansen i samisk for lærarar i grunnskolen.

Rapport for 2008–09

Tabellen under viser at det dei siste åra har vore ein liten auke i talet på grunnskoleelevar som vel samisk som førstespråk. Samtidig har det vore ein liten nedgang i talet på elevar som vel samisk som andrespråk.

Post 64 Tilskott til opplæring av barn og unge asylsøkjjarar

Om ordninga

Opplæringslova § 2-1 gir barn og unge rett og plikt til grunnskoleopplæring. Målet med tilskottet er å bidra med finansiering til kommunar slik at barn og unge asylsøkjjarar i statlege asylmottak og einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter får grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 2-1, 2. ledd. Tilskottet skal nyttast til opplæring av barn og unge i grunnskolealder og ungdom i alderen 16–18 år som ikkje har utdanning tilsvarande norsk grunnskole.

Under denne posten er det frå og med 2009 to tilskottsordningar: ei ordning for grunnskoleopplæring av barn og unge asylsøkjjarar i statlege asyl-

mottak og ei ordning for grunnskoleopplæring av einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssentra. Sats for opplæring i mottak er i 2010 sett til kr 68 911 per barn per skoleår i ti månader, og sats for opplæring i omsorgssenter er sett til kr 149 958 per barn per skoleår i ti månader. Definisjonen av omsorgssenter i denne samanhengen er omsorgssenter som er oppretta av Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) for å ta vare på rettane til einslege mindreårige asylsøkjjarar, jf. barnevernlova § 5A-1.

For begge ordningane blir det gitt tilskott på grunnlag av talet på barn og unge i opplæring den første i kvar måned (i ti månader per år).

Talet på asylsøkjjarar varierer mykje frå år til år. I 2010 er det venta ein auke i belegg både ved statlege asylmottak og ved omsorgssentra. For statlege asylmottak er det forventa eit gjennomsnittleg belegg på om lag 18 600 personar. Erfaringsmessig er om lag 15 pst. av desse barn og unge som blir omfatta av tilskottsordninga. For omsorgssentra er det forventa eit gjennomsnittleg belegg på om lag 320 einslege mindreårige asylsøkjjarar.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 261,6 mill. kroner på posten i 2010. Dette utgjer ei auking på om lag 73,2 mill. kroner frå saldert budsjett for 2009.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Om ordninga

Etter opplæringslova § 2-3 første ledd kan ein del av undervisningstida brukast til leirskoleopplæring. Med leirskoleopplæring i denne samanhengen er det meint leirskoleopplæring ved bemanna leirskole eller annan aktivitet med ei varigheit på minst tre overnattingar i samanheng. Med «annan aktivitet» er det her meint eksempelvis ekskursjonar eller turar som er ein del av grunnopplæringa.

Målet med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gi alle elevar eit leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Tilskottet skal bidra til å dekkje lønnsutgifter til lærarane. Målgruppa for tilskottsordninga er elevar ved kommunale grunnskolar, samt elevar ved institusjonar der fylkeskommunen er ansvarleg for grunnskoleopplæringa. Midlar til leirskoleopphald for elevane er lagde inn i rammetilskottet til kommunane.

Elevar kan få eitt leirskoleopphald i løpet av grunnskolen, dvs. at kommunane berre kan søkje

om tilskott for eitt leirskoleopphald per elev i løpet av grunnskolen. Tilskott blir gitt når elevane har gjennomført leirskoleopplæring med minst tre overnattingar i samanheng til fastsette satsar for budsjettåret.

Kommunane skal sende opplysningar, som elevlister og talet på elevar i grunnskolen totalt, til Fylkesmannen.

Rapport for 2008–09

Tal frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI) viser at om lag 10,5 pst. av alle elevane i grunnskolen planla å reise på leirskole i skoleåret 2008–09. Dette talet har lege på om lag ti pst. sidan 2001. Ettersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. planlegg å reise på leirskole kvart år, tyder dette på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga i statsbudsjettet for 2010 blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 67 Tilskott til opplæring i finsk

Om ordninga

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei for opplæring i grunnskolen, ei for vidaregåande opplæring og ei ordning for finske studieheimlar i grunnskolen.

Målet med tilskottet til grunnskolen er å bidra med finansiering til kommunar og private skolar i Troms og Finnmark som gir elevar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Tilskottet kan òg utbetalast til kommunar som ønskjer å styrkje kompetansen i finsk for lærarar i grunnskolen. Det er vidare eit mål å gi finskopplæring til elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn i vidaregåande opplæring som ønskjer det, og det blir gitt tilskott til fylkeskommunar og private skolar som gir slik opplæring.

Rapport for 2008–09

Tabellen under viser ein tendens til nedgang i talet på grunnskoleelevlar med finsk som andrespråk dei siste åra. Frå skoleåret 2005–06 til skoleåret 2008–09 har vi ein nedgang på om lag 18 pst.

Tabell 4.3 Utviklinga i talet grunnskoleelevar med finsk som andrespråk

Skoleår	2005–06	2006–07	2007–08	2008–09
Tal på elevar	998	894	840	826
Endring frå året før		-10%	-6%	-2%

Kjelde: GSI (Grunnskolen informasjonssystem)

Talet på tildelte studieheimlar har vore på om lag same nivå dei siste åra.

I vidaregåande opplæring vart det våren 2009 gitt opplæring i finsk til 23 elevar, mot 26 elevar året før. Talet på elevar har vore forholdsvis stabilt dei siste åra (rundt 25).

Tilskottsordninga er under evaluering i 2009. Evalueringa skal mellom anna gi ei vurdering av årsakene til nedgangen i talet på elevar som får opplæring i finsk.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga for 2010 blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å bidra med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller lauslatne som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller lauslatne som har rett til og ønskjer det. Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for å gi alle fangegrupper eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing å tilby kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.

Rapport for 2008–09

Frå 2007 til 2008 har talet på opplæringsplassar auka frå 1 278 til 1 386. I 2006 var talet på opplæringsplassar 1 068. Auken har samanheng med at det har blitt etablert opplæring i ti fengsel som tidlegare ikkje hadde skole. Det er no opplæring i alle fengsel som skal ha eit opplæringstilbod, og det er etablert oppfølgingsklassar ti stader i landet. Dette har også gitt stor auke i talet på lærarar. I 2008 var det tilsett 405 lærarar som utgjorde 257 årsverk. Om lag 7 500 personar (7 000 i fengsel og 500 i oppfølgingsklassar) tok del i ei eller

anna form for opplæring i løpet av 2008. Hovudtyngda av elevane (64,7 pst.) var i alderen 23–40 år. Fleire enn før tok ei eller anna form for eksamen (1 100 i 2008 mot 644 i 2007). Det var ein auke i talet på elevar som tok delkompetanse frå 239 i 2007 til 678 i 2008. Det vart også teke fleire eksamenar enn tidlegare år innanfor vidaregåande opplæring, frå 682 i 2007 til 829 i 2008. Utdanningsdirektoratet la i 2006 fram ein plan for oppfølging av St.meld. nr. 27 (2004–2005) *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen «Enda en vår»*. Det er sett i gang fleire prosjekt for å utvikle og forbetre opplæringa. Mellom anna har Vox etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland ansvaret for eit nasjonalt prosjekt om realkompetansevurdering. Prosjektet varer ut 2010.

Vidare har Fylkesmannen i Hordaland sett i gang eit prosjekt om fjernundervisning / nettstøtta læring for å få fleire og meir fleksible opplæringstilbod. Dette prosjektet blir ferdig i 2011. Både dette prosjektet og Realkompetanseprosjektet blir evaluerte.

Digital kompetanse er ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i læreplanane for Kunnskapsløftet. Det er viktig å få til ei fullgod opplæring også på dette området i kriminalomsorga. I samarbeid med Justisdepartementet er det lagt ein plan for bruk av IKT og tilgang til Internett i opplæringa i kriminalomsorga som sikrar både dei pedagogiske og dei tryggingmessige løysingane. Innan utgangen av 2010 skal alle skolane og fengsla vere tilknytte denne løysinga.

For å få ei betre oppfølging av straffedømde etter avslutta soning, har Fylkesmannen i Hordaland etablert prosjektet *Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid* i Rogaland og Troms. Prosjektet tilsvare det svenske KrAmi-prosjektet. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmakterne, kriminalomsorga, NAV, kommunane og frivillige organisasjonar. For å få eit godt erfaringsgrunnlag vil prosjektperioden bli utvida til å vare ut 2011.

I mai 2009 vart det gjennomført ei ny kartlegging av utdanninga, kompetansen og utdanningsbehovet til innsette i alle fengsla. Rapporten frå denne kartlegginga vil bli lagt fram hausten 2009.

Budsjettforslag for 2010

Justisdepartementet har under etablering Halden fengsel som blir sett i drift frå 1. april 2010. I tillegg til utgifter på budsjettet til Justisdepartementet medfører dette eit meirbehov også på denne posten. Departementet foreslår å styrkje løyvinga på posten med om lag 26,4 mill. kroner i 2010.

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Målet med tilskottsordninga er å kompensere kommunane for meirutgifter til investeringar i skolebygg i samband med skolestart for seksåringar. Den samla investeringsramma var fastsett til 5 182,9 mill. kroner.

Ordninga med kompensasjon for investeringar i skolebygg vil halde fram til 2017. Per 31. desember 2009 er samla restgjeld på 1 610,1 mill. kroner, og per 31. desember 2010 vil restgjelda vere på 1 397,8 mill. kroner.

Investeringskompensasjonen er basert på den effektive renta på ni månaders statskassevekslar per 1. juli kvart år, med ein margin på 0,5 prosentpoeng. I 2009 var rentesatsen for ordninga 6,7 pst., og for 2010 er han fastsett til 2,0 pst. På grunn av endringa i rentesatsen foreslår departementet at løyvinga på posten blir redusert med 88,8 mill. kroner i 2010 i høve til saldert budsjett for 2009.

Post 70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å stimulere lærebedrifter til å gi lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov høve til å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning. Særskilde behov viser her til manglande evne til å få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. I tillegg skal tilskottsordninga stimulere lærebedrifter til å gi kandidatar som er omfatta av forsøksordninga med praksisbrev, høve til å oppnå praksisbrev. Dette skal bidra til å styrkje ungdommens høve til å jobbe i det ordinære arbeidslivet.

Rapport for 2008–09

I 2008 vart det registrert 186 søknader om tilskott frå bedrifter mot 92 søknader i 2007, dvs. ein auke i søknader på om lag 50 pst. Søknader om tilskott for lærekandidatar, som vart innlemma i ordninga

frå hausten 2007, utgjer om lag ein tredel av søknadene. Talet på søknader auka vidare utover våren 2009. I regjeringa sin tiltakspakke i 2009, jf. St.prp. nr. 37 (2008–2009) vart posten styrkt med 10 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet forventar ein tilsvarande auke i talet på søknader i 2010 som i 2009.

Budsjettforslag for 2010

For å møte det auka behovet på posten foreslår departementet at posten blir styrkt med 10 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt. Tilskottsmottakar er Norsk kulturskoleråd, og målgruppa er musikk- og kulturskolar som gjennomfører prosjekt for å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane.

Rapport for 2008–09

I 2008 vart det gitt tilskott til treårige regionale nettverksprogram som *Kreativt Oppvekstmiljø* (KOM!) og *Kulturskolefokus* i ti fylke fordelte på 131 kommunar. Andre tiltak var Kulturskoledagane på Hell med rundt 550 kulturskolelærarar og leiarar, IKT utviklings- og informasjonsarbeid, utvikling av eit leiarprogram for kulturskoleleiarar, Norsk Ungdomssymfoniorkester og Norsk Barnesymfoniorkester med til saman 165 ungdommar frå heile landet, fylkesutstillingar og workshops innanfor visuelle kunstfag, web-basert etterutdanningstilbod i musikkteknologi i samarbeid med Noregs musikkhøgskole, Ungdommens Musikkmeisterskap med 250 av landets fremste, unge utøvarar innanfor klassisk musikk. Utviklingsmidlane har også vorte brukte til fagkoordinatorar innanfor kunstfaga og arbeid med *Den kulturelle skolesekken*. Dei lokale utviklingsmidlane vart i 2008 fordelte til 31 kommunar etter søknad.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram

Om ordninga

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Midlane på denne posten skal dekkje Noreg sitt bidrag til Cedefop, utgifter til nasjonal ekspert og nasjonal drift av Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP). Tilskottet vil medverke til at Noreg tek del i forpliktande samarbeid på tvers av landegrensene for å oppnå internasjonalisering av norsk utdanning. Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda.

Kontingent til Cedefop

Cedefop er EUs utviklings- og informasjonssenter for yrkesopplæring. Aktivitetane som er underlagde Cedefop, har som målsetjing å auke kunnskapen og kompetansen innanfor grunnleggjande yrkes- og profesjonsopplæring på alle nivå og auke kvaliteten på og tilgangen til etter- og vidareutdanning. Det er utbetalt kontingent til Cedefop, med fråtrekk for den nasjonale ekspertten, etter fastsett regelverk.

Nasjonale ekspert

Den nasjonale ekspertten er tilsett ved Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU), og det er EU som disponerer ekspertten etter avtale. Tilskott blir utbetalt til SIU for å dekkje utgifter til den nasjonale ekspertten etter fastsett regelverk.

Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP)

Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP) er ei parlamentssamling for ungdom frå over 30 land i Europa der globale og europeiske spørsmål blir diskuterte. Noreg har delteke i dei årlege sesjonane med ti ungdommar og to vaksne sidan EUP vart oppretta i 1987. Tilskottet til EUP skal dekkje utgifter til deltaking i EUP og drift av ein nasjonal komité. Ein del av løyvinga skal dekkje utgifter til informasjon om EUP, uttak av deltakaraskolar og deltaking i nasjonale og internasjonale sesjonar i EUP.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga for statsbudsjettet for 2010 blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å leggje til rette for at ungdom frå Noreg kan få skolegang og studieopphald i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land, og auka identitetsforståing. I tillegg skal ordninga gi fransklærarar frå Noreg høve til fagleg og kulturell oppdatering gjennom studieopphald i Frankrike. Kriterium for måloppnåing er at ungdom frå Norge får skolegang eller eit studieopphald i utlandet, og at fransklærarar frå Norge får studieopphald i Frankrike.

Franske lycé

Ungdom frå Noreg er gitt høve til å ta treårig vidaregåande utdanning (lycé) og fransk baccalauréat i Rouen, Bayeux og Lyon. I tillegg er det mogleg å ta eittårig utdanning tilsvarande Vg1 utdanningsprogram for studiespesialisering og toårig utdanning innanfor faga kokk, servitør og akvakultur. Målet er å gi ungdom frå Noreg høve til å lære landet, folket og kulturen å kjenne, samtidig som dei lærer å meistre språket og får ei utdanning.

Tyske stipend

Kvart år tilbyr tyske styresmakter fleire stipend til å delta på kurs i Tyskland. Målet er å gi elevar frå Noreg høve til å bli kjende med landet og kulturen samtidig som dei får praktisk språktrening.

United World Colleges (UWC)

United World Colleges (UWC) er ei internasjonal rørsle som arbeider for å fremme fred og forståing gjennom utdanning. Ungdommar frå Noreg kan få plass ved ein av ti skolar der utdanninga tilsvarer dei to siste åra på vidaregåande skole. Elevane bur på internat saman med ungdom frå alle delar av verda og får Internasjonal Baccalauréat (IB) etter fullført skolegang.

Trollstipend

I avtalen om økonomisk, industrielt og vitenskapleg samarbeid (Trollavtalen) frå 1986 har Noreg forpliktet seg til å setje av eit beløp til stipend for fransklærarar frå Noreg, elevar i grunnskolen og elevar i den vidaregåande skolen. Stipenda skal brukast til studieopphald i Frankrike.

Rapport for 2008–09

Hausten 2008 gjekk 56 elevar frå Noreg på dei tre-årige franske vidaregåande skolane. Det kom inn 43 nye søknader for hausten 2008, og 19 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 22 elevar per årskull til dei tre skolane.

I 2008 vart det gitt tyske stipend til 17 elevar fordelte på fem heilstipend og tolv delstipend.

Hausten 2008 gjekk 76 elevar på UWC fordelte på to årskull. Det kom inn 132 nye søknader for hausten 2008, og 40 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 40 elevar per årskull til skolane.

I 2008 vart individuelle Trollstipend gitte til 28 lærarar. 536 elevar frå grunnskolen og den vidaregåande skolen reiste saman med 55 lærarar på studieopphald og skoleutveksling med støtte frå Trollstipend.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga for statsbudsjettet for 2010 blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å stimulere offentlege og frivillige organisasjonar til å setje i verk til-

tak, som på ulike måtar medverkar til kvalitetsutvikling og betre læringsmiljø, i opplæringa i tråd med strategiar og tiltak slik dei er formulerte i programkategori 07.20 og i kap. 226.

Disponeringa av tilskottet blir fastsett i departementet, ut frå føringar for løyvinga, faglege vurderingar og i høve til den totale løyvinga på posten.

Rapport for året og revisorattestert årsrekneskap skal kontrollerast for å vurdere om verksemda til organisasjonen er i samsvar med målsetjinga for tilskottordninga.

Rapport for 2008–09

I 2009 er det gitt tilskott til Norsk kulturskoleråd, Det norske hageselskap, Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Rådet for folkemusikk og folkedans, Kristent Pedagogisk Forbund, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk handverksutvikling, International Baccalaureate Organization, Elevorganisasjonen, Landslaget for norskundervisning, Friluftsrådets Landsforbund, Foreningen Norden, Magasinet og Pirion og Landslaget for fysisk fostring i skolen.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	20 311	118 589	141 275
	Sum kap. 3225	20 311	118 589	141 275

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Tilsvarende beløp blir foreslått løyvd på kap. 3225 post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er i 2010 på om lag 141,3 mill. kroner.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	957 224	1 016 411	1 043 566
70	IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 475	3 628	
	Sum kap. 226	960 699	1 020 039	1 043 566

Kap. 226 omfattar løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, og til kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling. Løyvingane er i hovudsak knytte til utprøvingar og utviklingsprosjekt for å styrkje praksis og elevanes læringsutbytte eller til tiltak på områda kompetanseutvikling, lærings- og oppvekstmiljø og internasjonalt arbeid. Den største delen av midlane blir nytta til kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar.

Dei nasjonale sentra driv rettleiing og informasjonsarbeid knytt til sentrale fag og tema i opplæringa. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for den faglege styringa av sentra og kan delegerare oppgåver til desse. Sentra har fått delegert ansvaret for nasjonale strategiar og for å gjennomføre tiltaka i strategiane. Ein del av midlane på kap. 226 blir stilt til disposisjon for dei nasjonale sentra. Direktoratet har òg ansvaret for å utbetale midlar til vitensentra.

Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa må base- rast på eit solid kunnskapsgrunnlag om utviklinga og behova i sektoren. Ein del av midlane på kap. 226 blir derfor òg nytta til dokumentasjons- og analysearbeid og til evalueringar som følgjer dei ulike utprøvingane og tiltaka som blir sette i verk. Kapitlet finansierer òg større praksisretta forskingsprogram og utdanningsforskning og tiltak som er knytte til grunnopplæring for vaksne. Kap. 226 må sjåast i samanheng med omtale på kap. 220 post 01 driftsutgifter, Utdanningsdirektoratet. Deler av løyvinga på kap. 226 gjeld barnehageformål.

Departementet følgjer med dette budsjettet opp tiltaka som er presenterte i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* og i St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*, jf. kategoriinnleiinga.

Rapport for 2008–09

Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Læreplanar

Dei siste læreplanane under *Kunnskapsløftet* vart fastsette og publiserte i 2008. Læreplanar for Kunnskapsløftet er fortløpande registrerte i læreplandatabasen Grep og publiserte på www.udir.no/grep. Læreplanane er i all hovudsak positivt tekne imot i sektoren. Samstundes har det vore behov for støtte og rettleiing til skolar, lærarar og instruktørar i det lokale arbeidet med læreplanane. Det er derfor utvikla ei generell rettleiing for lokalt arbeid med læreplanar, og fagspesifikke rettleiingar i norsk, matematikk og kroppsøving låg føre til skolestart hausten 2009. Fleire rettleiingar er under utvikling.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling har vore eit prioritert område for kvalitetsutvikling. 2008 var siste året i strategiperioden for *Kompetanse for utvikling 2005–2008*.

Arbeidet med å etablere eit varig system for vidareutdanning for lærarar er starta opp i 2009 ved at det er oppretta gratis studieplassar på ulike høgskolar og universitet innanfor dei prioriterte områda i strategien *Kompetanse for kvalitet*. 1 460 studieplassar er fordelte mellom fylka og blir disponerte av fylkesmennene. Fylkesmennene har fått tildelt totalt 80 mill. kroner til vikarutgifter. Fylkesmennene har fordelt studieplassane og vikar- midlane til skoleeigarane på grunnlag av søknader våren 2009. Det var færre søkjarar enn tiljengelege studieplassar innanfor dei praktisk-estetiske faga og samisk. I alt har 1034 lærarar fått tildelt gratis studieplass. Departementet er i dialog med strategipartane for å auke deltakinga.

Det er løyvt 170 mill. kroner til etterutdanning for lærarar og rådgivarar innan fem prioriterte område (leseopplæring, rekneopplæring, rådgiving, elevvurdering og bruk av IKT i faga). Vidare er det løyvt 72 mill. kroner til etterutdanning for aktørar i fag- og yrkesopplæringa innan områda læreplanforståing, vurdering og rettleiing. Målgruppa for etterutdanninga er yrkesfaglærarar, faglege leiarar og instruktørar i lærebedrift, prøvenemnder og klagenemnder for fag- og sveineprøver. Etterutdanningstilboda er drøfta med Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY).

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* varsla departementet at det skal opprettast ei skoleleiarutdanning for nyttilsette rektorar og andre rektorar som manglar slik utdanning. Søknadsfristen for opptak til utdanninga var 1. september 2009. Det har vore stor interesse for tilbodet frå heile landet, og om lag 200 av dei 300 søkjarane har fått tilbod om studieplass. Alle søkjarar som har virka som rektor i mindre enn to år har fått plass.

Støtte og rettleiing

I programmet *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* har det overordna målet vore å setje fleire skolar i stand til å forbetre læring og læringsmiljøet til elevane. Til saman har programmet hatt 100 prosjekt med om lag 270 skolar og 40 barnehagar. Dei første 28 prosjekta har avslutta arbeidet sitt i 2009, og sluttrapportane fortel om eit omfattande og systematisk utviklingsarbeid. Rapportane viser òg at skoleutvikling tek tid og krev modning. Ein aktiv skoleeigar og ei skoleleiing som tek grep, har vore viktige premisser for vellykka utviklingsprosjekt, i tillegg til at kompetansmiljøa har spelt ei avgje-

rande rolle. Sluttrapportane viser vidare at ståstadsanalysen og organisasjonsanalysen blir opplevde som relevante og viktige verktøy dersom dei blir brukte etter føresetnadene. Det er utvikla eit nettverk for ekstern skolevurdering i regi av programmet, og nye vurderingsregionar har fått opplæring i ekstern skolevurdering.

Etablering av rettleiarkorpsa har bakgrunn i St. meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*. Rettleiarkorpsa skal styrkje arbeidet retta mot skoleeigarar og skolar som treng hjelp for å komme i gang med forbetring av læreprosessane i skolen, slik at fleire elevar lærer meir, læringsmiljøet blir betre og fleire elevar gjennomfører og består vidaregåande opplæring. Målet er at rettleiinga skal gjere skoleeigarar og skolane betre i stand til sjølve å drive utviklingsarbeid ut frå dei behova som blir avdekte, til dømes gjennom resultat frå nasjonale prøver, elevundersøkinga eller andre undersøkingar.

Rettleiinga starta opp som eit prøveprosjekt ved skolestart hausten 2009 for eit utval skolar og skoleeigarar i Vest-Agder og Hordaland. På bakgrunn av dei erfaringane som blir gjorde i prøveprosjektet, vil ordninga bli utvikla vidare før ho blir utvida og gjort landsdekkjande. Tilbod om bistand til skoleutvikling vil bli gitt til barne- og ungdomsskolar, vidaregåande skolar, kommunar og fylkeskommunar. Arbeidet til rettleiarkorpsa er ein del av den nasjonale satsinga på heilskapleg kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling, og er eitt av fleire verkemiddel for å støtte og forplikte skoleeigarar og skolar.

Nasjonale senter og nasjonale strategiar og tiltaksplanar

Dei nasjonale strategiane er førde vidare, og ansvaret for oppfølginga vart i 2008 overført til dei nasjonale sentra.

Det er sett i gang prosessar for å gjennomgå mandata til dei nasjonale sentra slik at arbeidsdeling, målgrupper, kjerneoppgåver og styringsrutinar blir klarare, meir einsarta og tettare knytte opp mot støtte og rettleiing om innføringa av Kunnskapsløftet. Ein del nasjonale strategiar går ut i 2010. Det skal vurderast om gjennomførte strategiar skal evaluerast.

Som del av oppfølginga av St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* er det utvikla *Tiltaksplan for Nynorsksenteret 2009–2012* og *Tiltaksplan for programfag innan framandspråk 2009–2013*.

Heilskapleg skoledag og godt læringsmiljø

Utprøvinga av heilskapleg skoledag vart avslutta våren 2008. Evalueringa frå SINTEF vart offentleggjort i august 2008. Alle skolar i prosjektet opplevde utprøvinga som positiv, både for læringsmiljø og læringsutbytte. Det er samla mykje kunnskap som vil vere verdifull i det vidare arbeidet med ein heilskapleg skoledag. I samband med at det er gitt auka ressursar til fysisk aktivitet i skolen frå og med 2009, er det utvikla ein nettstad med ein idé- og ressursbank for fysisk aktivitet i skolen.

Arbeidet med å betre læringsmiljøet i grunnopplæringa har vore forankra i *Prinsipp for opplæringa* i Kunnskapsløftet, i *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa 2005–2008* og i *Manifest mot mobbing 2006–2008*. Regjeringa har, ved å underteikne eit nytt *Manifest mot mobbing 2009–2010*, forplakta seg til vidare samarbeid med KS, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Skolenes Landsforbund til å arbeide mot mobbing.

I den nye nasjonale satsinga *Program for inkluderande lærings- og oppvekstmiljø (2009–2014)* er det blant anna utarbeidd eit heilskapleg, kunnskapsbasert rettleiingsmaterieil som skolane kan bruke i det systematiske arbeidet med læringsmiljøet.

Dronning Sonjas skolepris for likeverdig og inkluderande opplæring gjekk i 2008 til Løkenåsen skole i Lørenskog kommune. Benjaminprisen mot rasisme og diskriminering gjekk i 2008 til Sogn vidaregåande skole i Oslo.

Rådgivingstenesta for skoleanlegg er ført vidare. Tenesta gir råd og rettleiing om rehabilitering, nybygg og byggjeprosessar til skoleeigarane gjennom ein nettstad, årlege nasjonale konferansar og ei direkte svarteneste per e-post og telefon. Tenesta legg særleg vekt på rådgiving knytt til opprusting av skolebygningar, samspelet mellom arkitektur og pedagogikk og tilrettelegging av uteområda for fysisk aktivitet. Det er oppretta eit samarbeid med Høgskolen i Oslo med tanke på gjere rådgivingstenesta meir tufta på forskning.

Departementet samarbeider med fleire andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar, til dømes på områda fysisk og psykisk helse, samliv og seksualitet, rus, tobakk, rasisme, hiv-førebygging, kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

Departementet la våren 2008 fram *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010*. Alle tiltaka i planen er sette i verk.

Karriererettleiing

Det er etablert eit forsøk med digital, individuell utviklingsplan innanfor utdannings- og yrkesrådgiving som skal halde fram til 2010. 13 skolar i tre fylke deltek i utprøvinga av planen. Forsøket blir følgjeevaluert av Rambøll Management, og slutt-rapporten vil liggje føre i 2010.

Det er sett i gang eit toårig forskingsprosjekt om kartlegging og evaluering av sosialpedagogisk rådgiving, utdannings- og yrkesrådgiving og oppfølgingstenesta. Sluttrapporten skal liggje føre 31. desember 2010. Sintef gjennomfører forskingsprosjektet. Det er vidare etablert eit toårig sosialpedagogisk utviklingsprosjekt som skal avsluttast innan 31. desember 2010. 15 prosjektskolar frå ti fylke deltek i prosjektet.

I 2008 vart det gitt midlar til kvar fylkeskommune for å utvikle partnerskap for karriererettleiing. Dette er ført vidare i 2009. Til saman vart det løyvd 27 mill. kroner til dette føremålet i 2009. 16 av 19 fylke har etablert karrieresenter.

IKT

Lærande nettverk, som er ein del av *Program for digital kompetanse*, vart avslutta i 2008. ITU har i løpet av 2008 gjennomført ei rad nettverkssamlingar og gjennom dette systematisert erfaringane frå arbeidet. Erfaringane frå prosjektet vil bli dokumenterte i løpet av 2009.

Arbeidet med å opprette ei teneste som skal gjere pedagogisk tilrettelagde klipp frå NRKs digitale arkiv tilgjengelege for norske skolar, er ført vidare i samarbeid med NRK. Klipparkivet vart lansert i mai på Nasjonal konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring i Trondheim.

Arbeidet med å gjere digitale læremiddel for vidaregåande opplæring tilgjengelege (Tilgangsprosjektet) vart vidareført i 2008 og avslutta i juni 2009.

Arbeidet med å innføre ei felles elektronisk identitetsforvaltning (Feide) i den vidaregåande skolen har halde fram. Etter planane vil alle fylkeskommunane ha innført Feide i løpet av 2009.

Ressursane i *Norge digitalt* er gjort tilgjengelege for heile Utdannings-Noreg. Det er utvikla applikasjonar for å lette tilgangen til og bruken av ressursane. Tilbodet vart lansert på Nasjonal konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring i mai.

OECD-studien *Digital Learning Resources as Systemic Innovation* er gjennomført. Nasjonale rapportar og ein samanliknande sluttrapport vart publisert i juni 2009.

Program for skolebibliotek

Eit fireårig program for skolebibliotekutvikling vart sett i gang i januar 2009. Universitetet i Agder gjennomfører prosjekt ved fleire grunnskolar i Agder, der målet er å fremme lese-dugleiken til elevane. Basert på prosjektet har universitetet laga ei nettbasert idésamling for bruken av skolebibliotek i ulike fag. Ho ligg på nettsida skolenettet.no/skolebibliotek. Universitetet tilbyr etter- og vidareutdanning på ulike område innanfor skolebibliotek-kunnskap.

St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek* lanserar 2010 som eit nasjonalt leseår, som starten på eit lese-løft i perioden 2010–2014. Tiltaket skal gjennomførast i samarbeid mellom Kultur- og kyrkje-departementet og Kunnskapsdepartementet. Målet er å styrkje både leseglede og lesekompetanse til barn, unge og vaksne i heile landet. Regjeringa fremjer forslag om å løyve 6 mill. kroner til gjennomføring av denne satsinga i 2010. Løyvinga blir gitt over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett.

Minoritetsspråklege

Opplæringslova og privatskolelova er med verknad frå 1. august 2009 endra ved at det er teke inn ein plikt for kommunen/fylkeskommunen til å kartlegge kva dugleik elevane har i norsk, før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Kartlegginga skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa.

Strategiplanen *Likeverdig opplæring i praksis!* går ut i 2009. Nokre tiltak skal førest vidare etter at planperioden er over. Dette gjeld mellom anna prosjekta *Språkløftet* og *Utviklingsprosjektet* i skolar med meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar, som òg inngår i satsinga i Groruddalen og Søndre Nordstrand i Oslo. I 2009 vart det tildelt 6 mill. kroner til *Språkløftet*. Av desse midlane vart 2 mill. kroner øyremerkte til innsats i Groruddalen og 1 mill. kroner til Søndre Nordstrand. Til *Utviklingsprosjektet* vart det tildelt 7 mill. kroner, inkludert 3 mill. kroner til Groruddalen og 1 mill. kroner til Søndre Nordstrand. Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå i 2010, og ein tek sikte på at prosjekta skal halde fram til og med 2011. Satsinga skal vurderast undervegs.

I rapporten *Migrant Education* frå OECD i 2009 heiter det blant anna at styresmaktene i Noreg bør leggje vekt på betre implementering av læreplanane i grunnleggjande norsk og morsmål for språk-

ge minoritetar, vurdere lærarutdanninga for å få meir vekt på opplæringsbehova til minoritetsspråklege, styrkje den tilpassa språkopplæringa for vaksne og vurdere verdsetjing av den bakgrunnen og den kompetansen minoritetsspråklege studenter bringer med seg frå heimlandet. Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid med andre departement og aktuelle instansar vurdere om og korleis ein kan komme tilrådingane i møte.

Regjeringa oppnemnde i 2008 eit offentleg utval som skal sjå på opplæringstilbodet til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne. Utvalet skal leggje fram ei delinnstilling om barnehage og grunnskole mot slutten av 2009 og leggje fram si endelege innstilling innan 1. juni 2010.

Likestilling

Utdanningsdirektoratet koordinerer arbeidet med Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008–2010). Fleire forskingsoppdrag er sette i gang, mellom anna forskning om haldningar til utdanning i realfag hos jenter og undersøkingar om kjønnskilnader ved bruken av digitale prøver i skolen. Ei kartlegging av haldningar til kjønnsroller og utradisjonelle utdannings- og yrkesval hos utdannings- og yrkesrådgivarar er sett i gang og blir ferdig i desember 2009.

Urfolk og nasjonale minoritetar

Handlingsplan for samiske språk, som vart lagd fram i mai 2009, omfattar fleire tiltak om samisk i grunnopplæringa, blant anna kartlegging av korleis elevane vurderer samiskopplæringa, informasjon om opplæringsrett, tilsyn, tilrettelegging av samarbeid om og nettverk for fjernundervisning og utvikling og produksjon av samiske læremiddel. Eitt av tiltaka i planen er å vurdere korleis ein kan få til betre og meir effektiv utvikling og produksjon av samiske læremiddel. I St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken* blir det vist til at fjernundervisning er heilt vesentleg for elevar som er busette der samisk kompetanse ikkje er tilgjengeleg. Departementet vil arbeide for ordinær og føreseieleg drift av fjernundervisning på alle dei tre samiske språka (nord-, sør- og lulesamisk). Sidan tilbodet i lulesamisk fjernundervisning er minst utvikla, og lulesamisk er eit minoritetsspråk også i samisk samanheng og rekna som eit sterkt trua språk, vil departementet prioritere utviklinga av lulesamisk fjernundervisning.

Kunnskapsdepartementet har hatt konsultasjonar med Sametinget om lovendingar, læreplanar med meir, og det har vore politiske og administrative møte om blant anna samiske læremiddel. I

Innst. S. nr. 12 (2008–2009) ba Stortinget regjeringa om å vurdere permanent drift av Senter for samisk i opplæringa, som eit nasjonalt kompetansesenter ved Samisk høgskole. Kunnskapsdepartementet legg opp til å stille midlar til disposisjon i 2010 for å føre senteret vidare og til å evaluere prosjektet, for blant anna å få betre grunnlag for å vurdere samarbeidet mellom senteret og institusjonar med ansvar for sør- og lulesamisk.

Det er utarbeidd informasjonsmaterieil om finsk som andrespråk i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Hausten 2008 starta arbeidet med å revidere den strategiske planen i finsk som andrespråk. Planen gjeld frå 2009.

Det er tildelt midlar til læremiddelprosjekt for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa og midlar til utvikling og drift av nettstaden www.finsk.no, som inneheld stoff både på finsk, kvensk og samisk. Finske/kvenske elevar treng fleire og betre læremiddel, trykte i tillegg til digitale. Fylkesmennene i Troms og Finnmark samarbeider om læremiddel- og kompetanseutvikling i finsk/kvensk, inkludert vidareutvikling av digitale læremiddel.

Prosjektet «*Romani/taterfolket – fra barn til voksen*» blir avslutta i 2009. Ei førebels tilbakemelding viser at prosjektet blir vurdert som vellykka, ved at det har gitt elevar frå taterfolket auka sjølvkjensle, og deira levesett og kultur har vorte betre kjende i lokalmiljøet. Eit hefte om erfaringane frå prosjektet kjem hausten 2009.

Handlingsplan for å betre levekåra for rom i Oslo vart lagd fram i juni 2009. I planen inngår tiltak som gjeld ansvaret til fleire departement.

Internasjonalt samarbeid

Noreg deltek i ei rekkje internasjonale samarbeidsprosjekt og nettverk med sikte på erfaringsutveksling og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa. Det gjeld mellom anna innanfor det nordiske skolesamarbeidet i Nordisk ministerråd og i EU, der hovudsamarbeidsområda er fag- og yrkesopplæringa, karriererettleiing, informasjonsnettverket Eurydice og EUs program for livslang læring, medrekna *eTwinning*, som er pedagogisk samarbeid og kompetanseutvikling for lærarar på nett. Noko av det aktuelle internasjonale samarbeidet er nemnt nedanfor. Sjå elles *Årsrapport for Utdanningsdirektoratet 2008* på utdanningsdirektoratet.no.

Noreg deltek i OECD-prosjektet *Learning for Jobs*, som er ein gjennomgang av politikken på yrkesfagfeltet, særleg når det gjeld korleis yrkesopplæringa dekkjer behovet for kompetanse i arbeidslivet. Den norske landstudien vart gjennomført i 2008 og blir følgd opp i 2009.

EUs København-prosess frå 2002 er eit formalisert samarbeid om yrkesopplæringa som også Noreg er med i. Det langsiktige målet er å heve statusen for og rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa.

I 2008 har Noreg vore med i arbeidet knytt til EQF (European Qualification Framework) og ENQA-VET (European Network for Quality Assurance in Vocational Education and Training).

Utdanningsdirektoratet forvaltar Europass fagbeskrivingar, og oppdateringa til Kunnskapsløftet starta i 2008.

Noreg er medlem av ReferNet, eit nettverk for dokumentasjon og ekspertise om fagopplæring og yrkesutdanning som blir styrt av Cedefop, EUs institusjon for å fremme fag- og yrkesopplæringa. Utdanningsdirektoratet er kontaktpunkt for nettverket frå 2009. Planlegginga av arbeidet starta i 2008, og det er utarbeidd dokumentasjon og analysar om politikk og system på yrkesfagfeltet, det er oppretta ei nettside, og månadlege oppdateringar blir sende til Cedefops bibliografiske database.

eTwinning er del av EUs *Program for livslang læring*, som Noreg deltek i. *eTwinning* legg til rette for pedagogisk samarbeid mellom skolar, på nett. Per mai 2009 var 803 lærarar frå Noreg aktive brukarar av *eTwinning*. Rapportane deira er publiserte på <http://skolenettet.no/etwinning>. Det er 152 prosjekt i gang. Prosjekta fordeler seg på alle trinn i grunnopplæringa, og på dei fleste fag. Det er etablert eit nettverk av 15 erfarne lærarar – *eTwinning*-ambassadørar – som bidreg til informasjon og rettleiing på lokalt og regionalt plan. Barnehagar deltek i svært liten grad i *eTwinning*. Dette er derfor eit satsingsområde.

Noreg deltek i nordisk indikatorsamarbeid i regi av Nordisk evalueringsnettverk. Formålet med samarbeidet er erfaringsutveksling. I løpet av 2008 har nettverket samarbeidd om utvikling av indikatorar for samanhengar mellom ressursar og resultat i grunnopplæringa.

Kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling

Arbeidet med kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse er følgt opp i tråd med prioriteringane i *Kunnskap for utvikling – strategi for forskning, dokumentasjon og analyse i grunnopplæringa 2005–2008* og nærmare konkretisert i tildelingsbrevet til Utdanningsdirektoratet. Elementa som er omtalte nedanfor, inngår i Nasjonalt kvalitetsvurderings-system.

Analysar og forskning

Det er i perioden 2008–2009 sett i verk fleire nye analysar og forskingsprosjekt. Ein rapport frå 2007 med analysar av nasjonale prøver låg føre hausten 2008. Ein analyserapport med fokus på bidraget frå skolen til elevresultata i dei nasjonale prøvene i 2007 og 2008 vil liggje føre innan utgangen av 2009, jf. omtale av dei nasjonale prøvene under kap. 220.

Utdanningsdirektoratet har sett i verk eit langsiktig analyseoppdrag for å følgje opp og vurdere utviklinga av ressursbruk og læringsresultat over tid. Formålet med oppdraga vil vere å sikre eit godt grunnlag for avgjerse og å leggje grunnlag for utvikling av gode kvalitetsindikatorar. Analysane blir gjennomførde i tida 2009–12.

Departementet har gitt løyvingar til forskingsprogramma *Kultur for læring* (KUL), *Praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning* (PRAKSISFOU) og *Utdanning 2020* i regi av Noregs forskingsråd.

Heilskapleg system for vurdering

Prosjektet *Betre vurderingspraksis* skal styrkje arbeidet til lærarane med elevvurdering. Prosjektet er gjennomført, og det er gjort erfaringar med utprøving av kjenneteikn på måloppnåing i fag, anten baserte på rettleiande nasjonale eksempel eller basert på lokalt utviklingsarbeid i skolen. I alt 78 lærestader frå alle fylka har delteke i utprøvinga (grunnskolar, vidaregåande skolar og vaksenopplæringsssenter). Følgjeforskinga til prosjektet viser at det er sjølve prosessen i arbeidet med å utvikle kjenneteikn som er avgjerande for å endre vurderingspraksis og -kultur. Prosessen utviklar lærarane profesjonelle skjønn.

Nasjonale prøver og kartleggingsprøver

I skoleåret 2008–09 er det gjennomført nasjonale prøver på 5. og 8. trinn i lesing på norsk, rekning og engelsk. Det er vidare gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver i rekning og lesing på 2. trinn, i lesing på 1. trinn og obligatorisk kartleggingsprøve i rekning som grunnleggjande dugleik på Vg1. Formålet med obligatoriske kartleggingsprøver og anna prøve- og kartleggingsmateriell er å avdekkje behov for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skolenivå. Kartleggingsmaterialet må sjåast i samanheng med andre vurderingsformer i det samanhengande prøve- og vurderingssystemet.

Følgjeevaluering

Mellom dei viktigaste forskingsbaserte evalueringane er evaluering av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og evalueringa av Kunnskapsløftet. Når det gjeld kvalitetsvurderingssystemet, vart det i 2008 publisert resultat frå den første kvantitative undersøkinga i evalueringa. Konklusjonen er at det våren 2006 var svakt medvit om bruk av resultat frå systemet blant både rektorar og lærarar. Sluttrapport frå evalueringa skal leggjast fram før 2010.

Evalueringa av Kunnskapsløftet skal vise samanhengar mellom innsatsfaktorane og verkemidla i reforma, læringsprosessane og resultatata av opplæringa. Evalueringsarbeidet er noko forseinka. Dette skyldast forseinkingar i gjennomføringa av ei felles spørjeundersøking for evalueringa og som mange av prosjekta i evalueringa er avhengige av. Sluttrapportane for seks av prosjekta som er avhengige av data frå spørjeundersøkinga vil bli eit år forseinka og vere klare våren 2012. I alt seks delrapportar vart ferdigstilte i 2008.

Tilsyn

Tilsyn med grunnopplæringa er eit kjerneelement i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem, jf. kap. 220 for nærmare omtale.

Internasjonale komparative undersøkingar

Noreg deltek i mange internasjonale undersøkingar av læringsutbytte. Nokre av dei er utforma slik at det skal kunne komme fram endringar i kompetansen til elevane over tid. Dette er ein viktig grunn til at Noreg har prioritert å delta i så mange av dei internasjonale undersøkingane. Kva internasjonale undersøkingar Noreg skal delta i, er under fortløpande vurdering. Noreg har delteke i alle PISA-, PIRLS-, ICCS- og dei fleste TIMSS-undersøkingane fordi alle kan belyse kvalitetsendringar i den norske skolen. Nye resultat frå TIMSS 2007 vart offentleggjorde i desember 2008. For PIRLS 2011 starta arbeidet opp våren 2007, og arbeidet med TIMSS 2011 starta opp i februar 2009. Arbeidet med dei to prosjekta blir delvis samordna fordi dei blir gjennomførde same året (2011), og fordi det er interessant å kunne sjå resultatata i lesing i samanheng med resultatata i matematikk og naturfag. Det har tidlegare ikkje vore høve til ei slik samanlikning, da studiane vart starta opp i ulike år.

Noreg deltek for tida i til saman åtte internasjonale komparative undersøkingar. Nokre av dei mest aktuelle er nemnde nedanfor. Sjå elles *Årsrapport for Utdanningsdirektoratet 2008*.

Teacher Education and Development Study (TEDS-M 2008) er ein komparativ studie av lærarutdanninga og lærarstudentar sin kompetanse i matematikk og matematikdidaktikk. Studien omfattar lærarar som er kvalifiserte til å undervise i matematikk på barne- og ungdomssteget i grunnskolen. Resultata vil ligge føre ved årsskifte 2009/10.

International Civic and Citizenship Education Study 2009 (ICCS) er ei oppfølging av CIVED-studien frå 1999–02, der Noreg deltok. Noreg deltek òg i den nye studien, som skal kartleggje elevane sin demokratiske beredskap og haldningar til utfordringane som ligg i auka globalisering og internasjonalisering. ICCS-studien skal òg gi informasjon om den demokratiske beredskapen elevane har etter innføringa av dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet. Resultata vil ligge føre i 2010.

Teaching and Learning International Survey 2008 (TALIS) er ein studie i regi av OECD blant lærarar og skoleleiarar på ungdomssteget. Ei viktig side ved TALIS er kompetanseutvikling som eit ansvar for skoleleiinga, og korleis skolar kan utviklast til å bli lærande organisasjonar. Undersøkinga tek òg opp viktige sider ved pedagogisk praksis. Hovudrapporten frå OECD som vart lagt fram i juni 2009, viser at norsk skole har gode føresetnader for eit godt læringsmiljø, men peikar òg på utfordringar med omsyn til kultur for vurdering av kvalitet, for kollektivt ansvar og for skoleleiing.

Resultata frå *Trends in International Mathematics and Science Study*, TIMSS, låg føre i 2008, jf. kategoriinnleiinga. Resultata frå ein tilleggsdel til undersøkinga, *TIMSS Advanced 2008*, vil ligge føre ved slutten av 2009. Denne gjeld elevar som har valt fordjuping i matematikk (3MX) og fysikk (3FY) på tredje trinnet i vidaregåande opplæring.

Statistikk

Statistikk om grunnopplæringa er eit kjerneelement i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Grunnskolens informasjonssystem (GSI) er vidareutvikla med ny teknisk plattform og meir brukarvennleg design. For å sikre god dialog og medverknad i utviklinga av GSI vart det i januar 2008 oppretta ei faggruppe for GSI med representasjon frå fylkesmennene, Statistisk sentralbyrå (SSB), direktoratet og WIS (teknisk ansvarleg). Utdanningsdirektoratet har vidareført samarbeidet med fylkeskommunane om vidare utvikling av ein sentral database for søkjarane til vidaregåande opplæring i skole eller bedrift, fagskoleutdanning eller vaksenopplæring (VIGO). Arbeidet med vaksenstatistikk er styrkt i 2009 for å sikre god kvalitet på statistikk for vaksne i vidaregåande opplæring. Det

same gjeld arbeidet med statistikkgrunnlaget for privatskolar.

Viktige utfordringar framover er knytte til datagrunnlag og indikatorutvikling for vidaregåande opplæring, særleg fagopplæringa, statistikkgrunnlaget for vaksne i grunnopplæringa, samt spesialundervisning, minoritetsspråklege og asylbarn.

Brukarundersøkingar

Utdanningsdirektoratet gjennomfører brukarundersøkingar for lærarar, instruktørar, elevar, lærlingar og foreldre. I 2009 er det prøvd ut nye spørsmål som seinare skal inngå i indikatorane som er omtalte i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

Formålet med brukarundersøkingane er at elevar, lærarar og føresette skal få seie meininga si om læring og trivsel i skolen. Resultata frå brukarundersøkingane blir nytta av skoleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet. Skoleleiarar blir oppmoda til å bruke resultata frå undersøkingane som utgangspunkt for diskusjonar med elevråd, foreldrerepresentantar, lærarar og andre tilsette.

Mål for 2010

Tilstandsvurderinga i kategoriinnleiinga viser at arbeidet med å styrkje elevanes læringsutbytte og læringsmiljø må halde fram. Kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar er heilt sentralt i dette. Kompetansen til lærarar og skoleleiarar er blant dei viktigaste enkeltfaktorane for læringsutbyttet til elevane.

Vaksne har rett til grunnopplæring dersom dei har behov for det. Det er viktig at det tilbodet vaksne får er av god kvalitet. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* foreslår fleire tiltak for å styrkje grunnopplæringa for vaksne og styrkje tilsynet på dette området. Det vil i dette arbeidet vere behov for å ha eit best mulig kunnskapsgrunnlag å byggje på, noko som òg vil kunne innebære å ha eit internasjonalt perspektiv på utviklingsarbeidet.

Kompetanseutvikling

Ei god grunnopplæring som gir gode læringsresultat for elevane, krev dyktige lærarar og skoleleiarar. Å satse vidare på at desse får relevant kompetanseutvikling av høg kvalitet er derfor eit heilt sentralt mål i 2010. Departementet vil bruke om lag 400 mill. kroner på kompetanseutvikling i 2010.

Målet er at 2 500 lærarar skal ta vidareutdanning på deltid. Strategien *Kompetanse for kvalitet* er styrande for prioriteringane i vidareutdanninga. Løyvinga av midlar til finansiering av etterutdannings-tilbod og generell kompetanseutvikling i prioriterte fag og emne vil bli redusert i 2010 som følge av at kompetansemidlane i aukande grad blir nytta til vidareutdanning. Løyvinga til skoleleiarutdanninga for rektorar vil auke i 2010, og tilbodet vil bli utvida med fleire tilbydarar.

Satsinga på etter- og vidareutdanning for lærarar og rektorutdanninga inngår i *GNIST – partnar- skap for ei heilskapleg lærarutdanning*, jf. nærmare omtale i programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Ein viktig del av den heilskaplege satsinga på lærarutdanning og læreryrket er å føre vidare arbeidet med å rekruttere lærarar. Dette omfattar både rekruttering til lærarutdanninga og rekruttering av personar med annan utdanning og yrkesbakgrunn som kan bidra til å styrkje opplæringa i sentrale fag. Det vil bli brukt om lag 15 mill. kroner til dette arbeidet i 2010.

St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* presenterer flerie tiltak som skal bidra til å styrkje det internasjonale arbeidet i grunnopplæringa. Eit av tiltaka er å gi Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) ansvar for oppgåver knytte til å vere service- og kompetansesenter for skolar og skolestyresmakter. Departementet foreslår å løyve 2,5 mill. kroner til dette i 2010.

Anna utviklingsarbeid og rettleiing

St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* peikte på behovet for støtte og rettleiing til sektoren i arbeidet med kvalitetsutvikling og gjennomføring av Kunnskapsløftet. Eitt av tiltaka som er sett i gang er å etablere rettleiarkorps som skal hjelpe skoleeigarar og skolar med å identifisere behov og moglegheiter for utvikling, setje mål, implementere løysingar og tiltak og vurdere måloppnåing. Det vil ta noko tid å få etablert rettleiarkorps som kan nå alle som har behov for det. Rettleiartenes- tene vil bli integrerte med andre verkemiddel for skoleutvikling, slik at dei inngår som eit forsterkande element i ein større heilskap. I første omgang er det for skoleåret 2009–10 etablert eit prøveprosjekt avgrensa til to fylke. Planen er at prøveprosjektet skal gi erfaringsgrunnlag for eit landsdekkjande tilbod av rettleiarkorps som kan vere operativt frå skoleåret 2010–11. Det er dialog med KS og andre interesserte partar i utviklings- prosessen.

Arbeidet med å utvikle rettleiingar til fag og emne i Kunnskapsløftet skal halde fram. Rettleiing-

gane gir ikkje pålegg til skolar og skoleeigarar. Dei inneheld råd om og døme på val av innhald, arbeidsmåtar og undervegsvurdering på alle trinn. Andre typar verktøy og retningslinjer for skoleutvikling og gjennomføring av kartleggingar og nasjonale prøver vil òg bli utvikla vidare.

Det er foreslått å løyve om lag 300 mill. kroner til utviklingsarbeid og rettleiing i 2010. Dette finansierer mellom anna dei nasjonale sentra, vitenssentra, dei nasjonale strategiane og støtte til karrieresentra.

I arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet vil innsatsen bli konsentrert om å implementere *Program for inkluderende lærings- og oppvekstmiljø*. Satsinga er for perioden 2009–14 og skal bidra til å styrkje innsatsen mot mobbing og vere eit overordna plandokument for eit systematisk og målretta arbeid med eit inkluderande lærings- og oppvekstmiljø i grunnopplæringa. Det er no bestemt at programmet skal byte namn til *Bedre læringsmiljø*.

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring

Arbeidet med å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring vil halde fram. Det er eit mål å styrkje dette arbeidet i 2010 og målrette tiltaka slik at dei særleg rettar seg mot dei elevane som står i fare for å falle ut av opplæringa. Regjeringa foreslår å løyve 53 mill. kroner over kapittel 226 i 2010 til tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Midlane skal nyttast til tettare oppfølging av elevar med svake resultat på kartleggingsprøvene. Dette er ei vidareføring av tilskottet til fylkeskommunane for å følgje opp fagleg svake elevar som vart gitt i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett i 2009. Midlane skal òg finansiere utprøving av eit nytt praktisk arbeidslivsfag på ungdomstrinnet i utvalde kommunar. I tillegg skal det utførast utviklingsarbeid for betre oppfølging av ungdom som står utanfor opplæring og arbeid.

Entreprenørskap i opplæringa kan bidra til å styrkje læringsutbyttet og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring ved å synleggjere ulike karrieretilbod og relevans for seinare yrkesliv. Kunnskapsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har saman utarbeidd *Handlingsplan for entreprenørskap i utdanningen 2009–2014*, jf. nærmare omtale i programkategori 07.60, kap. 260 og 281. Departementet vil gjennom tildeling til Ungt Entreprenørskap leggje vekt på satsing på entreprenørskap i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Kvalitetsvurdering, dokumentasjon, analyse og FoU

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet vil bli utvikla vidare. Det skal blant anna innførast eit kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa. Systemet skal utarbeidast i samråd med partane i arbeidslivet og fylkeskommunane og skal blant anna omfatte ei undersøking av lærlinganes overgang til arbeidslivet og eventuelle vidare utdanning. Undersøkinga skal gjennomførast jamleg. Skoleporten skal utvidast med fleire indikatorar og ein eigen modul for fag- og yrkesopplæringa, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*.

Departementet viser til oppmodingsvedtak 54, 21. november 2008 i Innst. S. nr. 42 (2008–2009), jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008):

«Stortinget ber Regjeringen vurdere å gjenoppta arbeidet med skolebidragsindikatorer.»

Departementet vil ta opp igjen arbeidet med skolebidragsindikatorar. Gjennom ulike statistiske metoder kontrollerar desse indikatorane for effekten av sosial bakgrunn på elevanes læringsutbytte. Indikatorane vil vere gode verktøy for styring og kvalitetsutvikling.

Den nye rektorutdanninga utviklar kompetansen til skoleleiarane i bruk av nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Det er behov for å gi skoleeigarane tilsvarende kompetanse. Det er nødvendig med opplæring i bruken av blant anna ståstadsanalysen i Skoleporten, og tilbakemeldingar frå sektoren tyder på at bruken av rapportportalen til dei fem brukarundersøkingane til direktoratet ikkje er optimal.

Kompetanse i lokal bruk av nasjonalt kvalitetsvurderingssystem skal derfor styrkjast både på skoleeigarnivå og skoleleiarnivå, og det vil bli utarbeidd tilbod om kompetanseutvikling med særskilt fokus på bruk av Skoleporten med ståstadsanalyse og organisasjonsanalyse. Det vil òg bli sørgt for kompetanseutvikling i bruk av rapportportalen for brukarundersøkingane. Datagrunnlaget og rapportportalane skal utviklast vidare. Arbeidet vil skje i samarbeid med KS.

Nasjonale prøver og kartleggingsprøver er ein sentral del av nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Arbeidsgruppa som har sett på korleis ein best kan formidle og bruke resultatane frå prøvene har lagt fram fleire forslag om dette, og i det vidare arbeidet med å utvikle kvaliteten på prøvesystemet vil desse forslaga bli nærmare vurderte.

Departementet har lansert ein strategi for utdanningsforskning, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Som ein del av strate-

gjen har Noregs forskingsråd sett i verk eit nytt program for utdanningsforskning for perioden 2009–18. Programmet *Utdanning 2020* skal styrkje utdanningsforskninga ved å fremje forskning på eit høgt vitenskapleg nivå og betre kunnskapsgrunnlaget for politikkkutforming, forvaltning, profesjonsutdanning og profesjonsutøving. Departementet følgjer opp strategien for utdanningsforskning gjennom å auke løyvinga til forskingsprogrammet *Utdanning 2020* med 5 mill. kroner i 2010. For nærmare omtale, sjå kategori 07.50.

Regjeringa vil styrkje den vitenskaplege kompetansen innan pedagogiske målingar (psykometrisk forskning), jf. omtale i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*, og vil opprette ei eining for psykometrisk forskning knytt til eit eksisterande fagmiljø i universitets- og høgskolesektoren i Noreg. For nærmare omtale, sjå programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling.

Kunnskapsdepartementet foreslår å etablere eit kunnskapssenter for utdanning frå 1. januar 2011, jf. omtale under programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling. Det er sett av 2 mill. kroner på kap. 226 til førebuing av etableringa av senteret. Arbeidet vil starte hausten 2010.

Til saman vil departementet løyve om lag 150 mill. kroner til kvalitetsvurdering, dokumentasjon, analyse og FoU

Kulturaktivitetar i skolefritidsordninga (SFO)

Regjeringa foreslår å opprette eit øymerkt stimuleringsstilskott til kulturskolar som ein del av Kulturløftet II. Ein del av midlane skal nyttast til modellforsøk der kommunar og organisasjonar skal kunne søkje midlar for å leggje til rette for eit mangfaldig kulturtilbod/kulturskoletilbod for elevar på 1.–4. trinn. Forsøka må sjåast i samanheng med Den kulturelle skolesekken.

Vidare skal kommunar, aktuelle organisasjonar og institusjonar kunne søkje midlar til utvikling av ulike prosjekt. Målet med desse tilskotta er å stimulere til å setje i verk tiltak som medverkar til kvalitetsutvikling av kulturtilbodet/kulturskoletilbodet til barn og unge. Dette kan til dømes vere forsøk med nye uttrykksformer, ny organisering av kulturaktivitetar og nye former for samarbeid med lokale kulturkrefter og kulturorganisasjonar.

Målet med begge ordningane er å gi eit kulturtilbod til langt fleire elevar. Modellforsøka skal ha som mål å leggje til rette for eit breitt, variert og mangfaldig kulturtilbod/kulturskoletilbod på 1.–4. trinn. Tilboda skal være gruppebaserte. Ordninga kan også bidra til auka interesse for å delta i andre musikk- og kulturskoletilbod i kommunane.

Utdanningsdirektoratet vil utforme kriterium for tildeling av midlane. Bruken av midlane skal evaluerast.

Vaksnes kompetanse

Noreg vil i 2010 delta i ein større felttest av vaksnes dugleikar i regi av OECDs *Programme for International Assessment of Adult Competencies* (PIAAC). Undersøkinga vil framskaffe data som basis for betre å kunne målrette framtidige satsingar knytte til utdannings- og arbeidsmarknadspolitik for vaksne. Utover dette vil innsikt frå undersøkinga kunne ha betydning for vekst- og næringspolitikk, for IKT og personalutvikling, og for helse- og rehabiliteringspolitikk.

Undersøkinga skal gjennomførast med ein større felttest i 2010 som grunnlag for sjølve undersøkinga i 2011–12. 28 land, blant dei Danmark, Sverige og Finland, deltek i utviklinga av PIAAC, jf. øg kap. 258. Avgjersle om å delta i hovudundersøkinga i PIAAC vil bli teken i 2010 etter analyse av erfaringar og data frå felttesten. Talet på land og kva for land som ønskjer å delta i hovudundersøkinga, vil også påverke avgjersla om norsk deltaking i PIAAC i 2011–12.

Felttesten i 2010 blir finansiert med 11 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet, 4 mill. kroner frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet og 1 mill. kroner frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Andre oppgåver

Arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnskoleopplæringa krev særskild kompetanse på prioriterte område. Løyvinga blir derfor øg nytta til lønn.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 53 mill. kroner til tiltak for auka fullføring i vidaregåande opplæring og 40 mill. kroner til statlege stimuleringsstilskott til kulturskolar. Løyvinga til oppgåver innanfor IKT i utdanninga blir foreslått flytt til kap. 224 Senter for IKT i utdanninga. Delen av løyvinga knytt til EU-samarbeid om yrkesopplæring og til læreplandatabasen Grep blir foreslått flytt til kap. 220 post 01. For å sikre betre samordning av ulike utgreiingar og utviklingsoppgåver, foreslår departementet å flytte 2,5 mill. kroner til kap. 200 post 21. Departementet foreslår ei samla løyving på kapitlet på 1,044 mrd. kroner.

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
60	Tilskott til Moskvaskolen	1 233	1 287	1 328
61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 547		
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	4 690	4 896	5 053
70	Tilskott til Den franske skolen i Oslo	6 867	5 200	6 266
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	20 103	20 988	21 660
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	25 354	26 470	27 317
73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia	570	3 504	3 616
Sum kap. 227		61 364	62 345	65 240

Kapittel 227 omfattar tilskott til skolar som ikkje har lovheimla rett til tilskott, men som departementet likevel ønskjer å støtte fordi verksemda ved skolane dekkjer viktige behov.

Post 60 Tilskott til Moskvaskolen

Om ordninga

Moskvaskolen vart oppretta i august 1994 som eit samarbeidsprosjekt mellom Akershus fylkeskommune og Det statlige russiske vitenskapsakademiet. Prosjektet skal vere med på å styrkje samarbeidet mellom nabolanda Noreg og Russland, noko som er eit satsingsfelt for regjeringa. Prosjektet gir godt høve til pedagogisk utvikling og til utdanning av ungdom frå Noreg med kompetanse i russisk språk og kultur.

Målet med tilskottsordninga er å gi elevar frå Noreg med kompetanse i russisk høve til å ta Vg3 ved Moskvaskolen. Kriteriet for måloppnåing er at skolen held oppe eit tilbod for inntil 15 elevar frå Noreg. Akershus fylkeskommune er tilskottsmottakar, og tilskottet skal nyttast til å dekkje pliktene til Akershus fylkeskommune i høve til avtalen med Det statlige russiske vitenskapsakademiet om driftsstønad til Moskvaskolen.

Rapport for 2008–09

I skoleåret 2008–09 var det to elevar frå Noreg som tok Vg3 ved Moskvaskolen. Det låge talet skyldast svingingar i etterspurnaden frå elevar frå Noreg etter skoleplassar ved skolen.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir førd vidare på same nivå som i 2009.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Om ordninga

Fjellheimen leirskole er ein leirskole for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskolen finansierer drifta si ved statstilskott, eigenbetaling frå elevane/deltakarene og medverknad frå Engerdal kommune, som er eigar av og driv Fjellheimen leirskole.

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller med lærevanskar kan få eit opphald ved Fjellheimen leirskole. Slik kan dei utviklingshemma få eit meningsfylt tilbod om rekreasjon med tilpassa friluftsliv og sosial omgang i trygge omgivnader.

Tilskottsmottakar er Engerdal kommune, og tilskottet skal nyttast til drift av Fjellheimen leirskole. Føresetnaden for at heile tilskottet kan beta- last ut, er at skolen oppfyller eit resultatkrav på minst 900 besøkjande elevar og leiarar per år. Maksimal kapasitet ved skolen er 1 000 deltakarar per år.

Rapport for 2008–09

Talet på deltakarar ved Fjellheimen leirskole i 2008 var totalt 934 personar. 486 av desse var elevar, mens 448 var leiarar.

Tilskottsordninga vart i 2008 evaluert av Utdanningsdirektoratet. Evalueringa viser mellom anna at det er behov for å revidere retningslinjene for tilskottet. Departementet følgjer opp evalueringa.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir førd vidare på same nivå som i 2009.

Post 70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo

Om ordninga

Noreg har inngått avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskott til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike i eget land legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg. Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike, og å styrkje stillinga til det franske språket i Noreg. På skolen går det elevar frå både Frankrike og Noreg samt elevar frå mange andre land.

Rapport for 2008–09

I skoleåret 2008–09 hadde Den franske skolen i Oslo 264 elevar på barnetrinnet, 160 elevar på ungdomstrinnet og 56 elevar i vidaregåande opplæring. Dette er ein auke frå skoleåret 2007–08 på til saman 29 elevar, noko som viser at skolen held oppe ein god etterspurnad etter tilboda sine.

Budsjettforslag for 2010

Den franske skolen har fått sterk auke i husleiga. For å unngå ein kraftig auke i skolepengane foreslår departementet å kompensere for delar av denne auken. Departementet foreslår at løyvinga blir auka med kr 900 000.

Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av internatet ved Krokeide vidaregåande skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen, slik at vaksne som treng eit særskilt opplegg under skolegangen, kan få eit tilfredsstillande tilbod som kvalifiserer dei for arbeidslivet. Skolen er eigd av Landsforeningen for hjerte- og lungesyke og har til formål å drive yrkesfagleg og medisinsk attføring og sosialmedisinsk attføring av funksjonshemma frå heile landet. Skolen er godkjend for 145 elevar og har plass til 84 elevar på internatet.

Rapport for 2008–09

Tilbodet skolen gir, omfattar både internatdrift og det sosialmedisinske hjelpeapparatet som er viktig for at elevane skal lykkast. Fylkesmannen i Hordaland hadde tilsyn med Krokeide vidaregåande skole i juni 2008, og elevane gav uttrykk for at dei er svært nøgde med internattilbodet og beskriv det som unikt.

I 2008 var det totalt 158 elevar ved internatet, 79 elevar om våren og 83 elevar om hausten. Våren 2009 var det totalt 77 elevar ved internatet, ein nedgang på to elevar i høve til våren 2008.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir førd vidare på same nivå som i 2009.

Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Om ordninga

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremme fred og forståing gjennom utdanning. Stiftinga av den første skolen i Wales i 1962 var inspirert av utfordringar knytte til den kalde krigen. Det eksisterer i alt ti UWC-skolar på fem kontinent, og Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC) er ein av desse. Skolen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen. Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering av RKNUWC, slik at dei nordiske landa kan halde fram med å ha ein UWC-skole plassert i Noreg. I ei stadig meir globalisert verd er det viktig å leggje til rette for auka forståing mellom folk frå ulike land.

Rapport for 2008–09

Skoleåret 2007–08 hadde RKNUWC 199 elevar frå 84 land. 30 pst. av elevane kom frå nordiske land, fire pst. frå Nord-Amerika, ti pst. frå Vest Europa, ti pst. frå Afrika, 24 pst. frå Asia, elleve pst. frå Aust- og Sentral-Europa, og elleve pst. frå Latin-Amerika. Av avgangselevane dette skoleåret var det 90 som fekk eit fullstendig IB-diplom. Rundt 29 pst. av dei totale inntektene i 2008 var bidrag frå utlandet, medan 56 pst. av inntektene var statstilskott. 15 pst. av inntektene var renteinntekter og andre inntekter.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir førd vidare på same nivå som i 2009.

Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia

Om ordninga

Tilskottet skal bidra til at misjonærskolane i Kenya og Etiopia skal kunne drive desentralisert undervisning for barneskoleelevar og ha ei samarbeidsord-

ning med internasjonale skolar for ungdomsskole-elevar. Målet med tilskottsordninga er å medverke til at misjonærbarn frå Noreg i Kenya og Etiopia kan få god undervisning lokalt i staden for å måtte bu på skoleinternat langt frå foreldra. Misjonærskolane er eigde av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Rapport for 2008–09

Hausten 2008 fekk sju elevar på barnetrinnet og ein elev på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Etiopia. I same periode fekk seks elevar på barne-

trinnet og tre elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Kenya. Våren 2009 fekk seks elevar på barnetrinnet og ein elev på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Etiopia. I Kenya fekk sju elevar på barnetrinnet og to elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i same periode.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir førd vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	2 475 123	986 748	1 110 758
71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	583	1 091 038	1 169 222
72	Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksen opplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	1 500	190 472	201 822
73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>		64 041	78 123
74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>		15 336	20 155
75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>		148 049	160 297
76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>		35 417	35 684
77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>		8 833	9 858
78	Kompletterande undervisning, <i>overslagsløyving</i>		25 751	25 542
79	Toppidrett		14 337	24 796
80	Privatskoleorganisasjonar		609	609
81	Elevutveksling til utlandet		1 566	1 566
	Sum kap. 228	2 477 206	2 582 197	2 838 432

Lov av 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) skal medverke til at det kan bli oppretta og drive private skolar i Noreg, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege, jf. menneskerettsloven § 2 nr. 2. Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskott for private grunnskolar og private vidaregåande skolar, og vilkår for å få slikt tilskott. Lova stiller mellom anna krav til kvaliteten på opplæringa.

Private skolar som er godkjende etter privatskolelova, har rett til tilskott og til å drive verksemd etter føresegnene i lova. I privatskolelova blir det stilt krav om at skolane må dokumentere at dei skal drive verksemda si på eit særskilt grunnlag og gi elevane jamgod opplæring for å kunne bli godkjende etter lova. Det ligg ikkje føre ein rett til godkjenning etter lova, men departementet kan god-

kjenne nye skolar og driftsendringar ved allereie godkjende skolar.

I tillegg til tilskott som blir gitt i tråd med privatskolelova, blir det over kap. 228 gitt tilskott til Den tyske skolen i Oslo, toppidrett, privatskoleorganisasjonar og elevutveksling i utlandet. I 2010 vil det bli gjort endringar i regelverket for ordninga med kompensasjon for utgifter til renter til investeringar i skole- og svømmeanlegg slik at kommunar og fylkeskommunar innanfor dei tildelte rammene kan søkje om rentekompensasjon til vedlikehald av skolebygg på vegne av private skolar med rett til statstilskott. Det skal ikkje kunne søkast om rentekompensasjon for investering i nybygg eller symjeanlegg for private skolar.

I regelverket vil det bli innarbeidd krav til søkjar og vilkår som skal gjelde for bruken av ren-

tekompensasjonsordninga. Det vil mellom anna bli presisert kva typar private skolar som blir omfatta av ordninga. Vidare vil det i regelverket bli presisert at kompensasjonen vil bli stoppa dersom ein privat skole blir lagd ned eller ved overdraging av lokala til eigarar som ikkje oppfyller krava til søkjar.

Tabellen under viser korleis talet på elevar og private skolar som mottok tilskott, har endra seg frå skoleåret 2006–07 til skoleåret 2008–09. For grunnskolen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skole gjeld gjennomsnitt av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.4 Private skolar, tal på skolar og elevar

Skoletype	Skolar			Elevar		
	2006–07	2007–08	2008–09	2006–07	2007–08	2008–09
Skolar for funksjonshemma elevar	10	10	10	469	479	499
Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A	48	46	42	2 525	2 498	2 210
Vidaregåande skolar	79	79	75	10 575	11 388	11 486
Grunnskolar	145	148	145	13 406	13 852	13 995
Grunnskolar i utlandet	16	16	14	666	690	776
Vidaregåande skolar i utlandet	5	6	6	213	198	189
Sum	303	305	292	27 854	29 105	29 155

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2008 gjekk 2,2 pst. av grunnskoleelevene i private skolar. Dette er på same nivå som hausten 2007. Hausten 2008 gjekk 6,2 pst. av elevane på vidaregåande nivå i private vidaregåande skolar. Hausten 2007 utgjorde talet til samanlikning 6,1 pst.

Tilskottssatsar

Satsane for tilskott til dei fleste private skolar med rett til statstilskott byggjer på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. privatskolelova kap. 6. Satsane for 2010 blir rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk til skole i 2008, rapportert gjennom KOSTRA. Tilskottsgrunnlaget er korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal med i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførde kommunesektoren og ikkje dei private skolane. Satsane blir justerte for ein venta pris- og lønnsauke fram til og med 2010. Nærmare informasjon om utrekningsmåten ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Kunnskapsdepartementet har gått gjennom modellane for utrekning av tilskott til private grunnskolar (postane 70 og 73 samt postane 77), til private vidaregåande skolar (post 71 og 74) samt modellen for tilskott til andre private skolar (post 76). Dei ulike gjennomgangane, og eventuelle forslag til endringar som følgje av desse, vil bli omtalte under dei aktuelle postane.

Post 70 Private grunnskolar, overslagsløyving

Private grunnskolar som er godkjende etter privatskolelova, får tilskott med 85 pst. av tilskottssatsen. Tilskottet omfattar utgifter til frukt og grønnsaker for skolar med ungdomstrinn. I budsjettet for 2009 vart det innført to timar med fysisk aktivitet frå hausten 2009. I 2010 er heilårseffekten av tiltaket lagd inn. Ordninga med kommunekorreksjonsfaktor er fasa ut per 31. desember 2009, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) Kunnskapsdepartementet.

Departementet foreslår å løyve midlar til å innføre åtte timar med leksehjelp etter skoletid for 1.–4. trinn frå og med hausten 2010. Departementet foreslår vidare å auke timetalet i fag med éin time for 1.–4. trinn frå hausten 2010.

Gjennomgang av modellen for utrekning av tilskott

Kunnskapsdepartementet har hatt ein gjennomgang av modellen for utrekning av tilskott til private grunnskolar. Departementet har tidlegare varsla Stortinget om dette arbeidet, og gjennomgangen er siste del av oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 545, 14. juni 2007 i Innst. O. nr. 88 (2006–2007) jf. Ot.prp. nr. 37 (2006–2007):

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om tilskuddsord-

ningene når gjennomgangen av utregningsmodellen er gjennomført.»

Kunnskapsdepartementet har samarbeidd med privatskoleorganisasjonane om gjennomgangen av tilskottsmodellen.

Konklusjonen frå gjennomgangen av tilskottsmodellen er at det finns modellar som betre kan fange opp kostnadsstrukturen i den offentlege skolen. Regjeringa vil vurdere dette nærmere.

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 124 mill. kroner til 1,1 mrd. kroner.

Post 71 Private vidaregåande skolar, overslagsløyving

Dei private skolane får 85 pst. av tilskottssatsen. Ordninga med at skoleeigar har plikt til å halde nødvendige læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring, er fullt innført frå og med skoleåret 2009–10. I 2010 omfattar tilskottet utgifter til normale utskiftingskostnader til gratis læremiddel. Det er teke omsyn til at læremiddel har ei gjennomsnittleg levetid på tre år. Posten omfattar òg eit årleg særskilt tilskott til Kongshaug Musikkgyminas som kjem i tillegg til det skolen får etter privatskolelova, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004) Kunnskapsdepartementet. I 2010 vil skolen få 3 mill. kroner i særskilt tilskott.

I Budsjett-innst. S. nr. 12 (2008–2009) er det ein fleirtalsmerknad om at komiteen legg til grunn at departementet vil ta initiativ til ein gjennomgang av berekningsmodellen for utrekning av satsar til private vidaregåande skolar. Departementet har gjennomgått modellen for tilskott til vidaregåande skolar. Gjennomgangen viser at det er god samanheng mellom gjennomsnittlege driftsutgifter i offentlege skolar og tilskottet til dei private skolane. Han viser òg at modellen i stor grad gir eit føreseieleg tilskottsnivå.

Det vart sett nærmare på to forhold. Det eine gjekk på om elevtalet i offentlege skolar bør bli korrigert for fråfall. Effekten av dette vart berekna til om lag 1,7 pst. auka tilskott til private skolar. Den andre problemstillinga som vart vurdert, var om tilskottsgrunnlaget bør bli korrigert for kapitalkostnadselementet i husleigekostnadane til fylkeskommunane. Når fylkeskommunane leiger bygg av eksterne aktørar, blir dette inkludert i dei gjennomsnittlege driftskostnadane som ligg til grunn for tilskottsgrunnlaget. Den delen av husleiga som

skal dekkje kapitalkostnadane til utleigar vart foreslått trekt ut frå tilskottsgrunnlaget. Effekten av dette vart berekna til om lag 1,5 pst. reduksjon i tilskottet til private skolar. Dei to tiltaka vil såleis samla sett ikkje gi merkbar effekt på tilskottssatsane. Tiltaka vil gi ein meir komplisert modell og gjere det vanskelegare å etterprøve rekninga av nye satsar. Departementet har konkludert med at det ikkje er funne tungtvegande faglege grunnar til å gjere endringar i dagens modell.

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 78 mill. kroner til 1,17 mrd. kroner.

Post 72 Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, overslagsløyving

Allereie godkjende skolar som tilbyr yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved offentlege vidaregåande skolar, og som var i drift innan utgangen av 2007, har rett til statstilskott og til å drive verksemd etter lova, jf. § 6A-1 i privatskolelova. Kapittel 6A i privatskolelova blir oppheva 1. juli 2010, jf. privatskolelova § 8-2. Skolar som 30. juni 2010 er godkjende og i drift etter kapittel 6A i privatskolelova, blir flytt over til kapittel 4 i vaksenopplæringslova, jf. vaksenopplæringslova § 17 første ledd. Nemninga på posten er endra i tråd med dette.

Vaksenopplæringslova slår fast at satsane for tilskott til desse skolane framleis skal bli rekna ut frå tilskottsgrunnlaget som tilsvarende kostnader per elev i offentleg skole.

Satsane til desse skolane er knytte til tre av satsane for private vidaregåande skolar. Unntak frå dette er Norsk Yrkesdykkerskole. Dei tre satsane er knytte til utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A får 75 pst. av tilskottssatsane.

Frelsesarmeens Offiserskole fekk tilskott over denne posten fram til og med skoleåret 2008–09. Skolen er no godkjend som fagskole og er i budsjettet for 2010 lagd inn i rammetilskottet til fylkeskommunane saman med dei andre fagskolane, jf. kap. 276 fagskoleutdanning.

Utdanningstilbodet *Unge Talenter* ved Barratt Due musikk institutt fekk til og med juni 2008 tilskott over posten. Tilbodet kvalifiserer ikkje lenger til stønad etter privatskolelova. Løyvinga til skolen for 2010 er flytt til kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar i tråd med at løyvinga for andre halvår 2008 og løyvinga for 2009 vart flytt til

kap. 281, jf. St.prp. nr. 23 (2008–2009) og St.prp. nr. 67 (2008–2009).

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å løyve 201,8 mill. kroner på posten.

Post 73 Private grunnskolar i utlandet, overslagsløyving

Forvaltninga av tilskottsordninga blir overført frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus til Utdanningsdirektoratet f.o.m. 1. januar 2010, jf. kap. 220.

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private grunnskolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift.

Tilskottet omfattar utgifter til frukt og grønnsaker for skolar med ungdomstrinn. I budsjettet for 2009 vart det innført to timar med fysisk aktivitet frå hausten 2009. I 2010 er heilårseffekten av tiltaket lagd inn.

Departementet foreslår å løyve midlar til å innføre åtte timar med leksehjelp etter skoletid for 1.–4.trinn frå og med hausten 2010. Departementet foreslår vidare å auke timetalet i fag med ein time for 1.–4. trinn frå hausten 2010.

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å løyve 78,1 mill. kroner på posten.

Post 74 Private vidaregåande skolar i utlandet, overslagsløyving

Forvaltninga av tilskottsordninga blir overført frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus til Utdanningsdirektoratet f.o.m. 1. januar 2010, jf. kap. 220.

Norske private vidaregåande skolar i utlandet får statstilskott med 85 pst. av same grunnlag som for elevar i private vidaregåande skolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Tilskottet omfattar utgifter til normale utskiftingskostnader til gratis læremiddel. Det er teke omsyn til at læremiddel har ei gjennomsnittleg levetid på tre år.

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å løyve 20,2 mill. kroner på posten.

Post 75 Private skolar for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

For grunnskolar og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar blir driftsutgifter dekte 100 pst. ved statstilskott etter ein normalsats per elev, jf. privatskolelova § 6-1 fjerde ledd. Skolane får i tillegg tilskott til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003). Tilskottet omfattar utgifter til frukt og grønnsaker for skolar med ungdomstrinn. Tilskottet omfattar utgifter til normale utskiftingskostnader til gratis læremiddel. Det er teke omsyn til at læremiddel har ei gjennomsnittleg levetid på tre år.

Det følgjer av privatskolelova § 6-1 fjerde ledd siste punktum at departementet kan gi forskrift om tilskottsordninga for dei særskilde skolane for funksjonshemma elevar. Departementet er i gang med dette forskriftsarbeidet, og tek sikte på at forskrifta etter føregående høring kan tre i kraft frå skoleåret 2010–11.

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å løyve 160,3 mill. kroner på posten.

Post 76 Andre private skolar, overslagsløyving

Posten omfattar tilskott til Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Sjøaspirantskole M/S Gann. Norges byggskole fekk til og med 2009 tilskott over denne posten. Denne skolen er godkjend og driv som fagskole og tilskottet blir derfor lagt inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, jf. omtale under kap. 276 Fagskoleutdanning. Departementet viser til tidlegare varsla gjennomgang av tilskottsordninga, jf. Ot.prp. nr. 33 (2002–2003), Ot.prp. nr. 37 (2006–2007), St.prp. nr. 1 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2008–2009). Departementet har utarbeidd ei ny tilskottsordning for Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Sjøaspirantskole M/S Gann som gir meir føreseieleg økonomi for skolane.

Den nye tilskottsordninga baserer seg på eit fast tilskott som blir prisjustert, og eit tilskott per elev etter sats for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon (TIP). Skolane får tilskott tilsvarende 85 pst. av satsen på same måte som andre private vidaregåande skolar. Departementet foreslår å innføre den nye modellen frå 2010.

Rogaland Sjøaspirantskole M/S Gann har våren 2009 fått utvida talet på godkjende elevplassar med 15 elevar til 120 elevar totalt. Tilskottet er auka med 2,8 mill. kroner som følgjer av dette.

Tilskottet omfattar utgifter til normale utskiftingskostnader til gratis læremiddel. Det er teke omsyn til at læremiddel har ei gjennomsnittleg levetid på tre år.

Budsjettforslag for 2010

Løyvinga på posten er redusert med 3,6 mill. kroner som følgje av at midlane til Norges byggskele er lagt inn i rammetilskottet til fylkeskommunane saman med tilskottet til andre fagskolar, sjå kap. 276. På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å løyve 35,7 mill. kroner på posten.

Post 77 Den tyske skolen i Oslo, overslagsløyving

Det er forhandla fram ein ny avtale med Den tyske skolen i Oslo. Forslag om å godkjenne avtalen er lagt fram i eigen stortingsproposisjon frå Utanriksdepartementet, jf. St.prp. nr. 92 (2008–2009). Med den nye avtalen vil tilskottet til Den tyske skolen bli regelstyrt. Tilskottet vil bli rekna ut på same måte som tilskottet til private skolar, men med 54,4 pst. av tilskottssatsen. På denne bakgrunnen går løyvinga til skolen over kap. 228, sjølv om skolen ikkje er godkjend i høve til privatskolelova.

Budsjettforslag for 2010

På bakgrunn av oppdatert elevtalsprognose og nye satsar for 2010 foreslår departementet å løyve 9,9 mill. kroner på posten.

Post 78 Kompletterande undervisning, overslagsløyving

Tilskottsordninga medverkar til finansiering av kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og religion, livssyn og etikk (RLE) for elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar.

Forvaltninga av tilskottsordninga blir overført frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus til Utdanningsdirektoratet f.o.m. 1. januar 2010.

Fylkesmannen fekk 239 søknader for hausten 2008. 160 søknader gjaldt foreldreundervisning, 68 gjaldt undervisning i grupper. Elevane held til i 55 ulike land. Det vart gitt åtte avslag i 2008. Vidare var fem søknader frå godkjende svenske og norske skolar, fem søknader var frå internasjonale skolar, og ein søknad var frå Globalskolen. Globalskolen er ein nettskole og har 950 elevar frå 89 forskjellige land.

Skattedirektoratet har slått fast at det er oppgåveplikt når tilskottsmottakarar er foreldre eller per-

sonar som er ansvarlege for gruppeundervisning. Oppgåveplikta inneber at Fylkesmannen i Oslo og Akershus f.o.m. 2009 har måtta betale arbeidsgivaravgift for personar som har trygderettar i Noreg, og sosiale avgifter for arbeidstakarar som er omfatta av trygdeordninga i eit anna EØS-land. Som følgje av dette vart utbetalingane til enkeltpersonar justerte ned i 2009 for at desse avgiftene skulle kunne dekkjast innanfor løyvingsnivået på posten.

Tilskottsordninga vart evaluert i 2006. Ein av konklusjonane var at det er vanskeleg å dokumentere at elevar som får opplæring i regi av foreldre eller i gruppeundervisning, får opplæring av tilfredsstillande kvalitet, og at midlane blir brukte etter intensjonen. På denne bakgrunnen vil departementet leggje om tilskottsordninga f.o.m. skoleåret 2010–11, slik at berre verksemdar (internasjonale og utanlandske grunnskolar og nettskolar) kan få tilskott. Departementet vil innføre ei overgangsordning for enkeltpersonar som får tilskott. Overgangsordninga inneber at tilskottet til enkeltpersonar blir redusert med ein tredel kvart skoleår i tre år f.o.m. hausten 2010, slik at dette tilskottet er heilt avvika f.o.m. skoleåret 2012–13. Omlegginga inneber ein reduksjon på posten med omlag 1 mill. kroner hausten 2010.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir redusert med om lag 1 mill. kroner i 2010.

Post 79 Toppidrett

Skolane til Wang og Norges Toppidrettsgymnas har sidan 1999 fått eit særskilt toppidrettstilskott i tillegg til tilskottet dei får etter privatskolelova. Tilskottet har vorte gitt for maksimalt 810 elevar. Toppidrettstilskottet vart innført ved eit eige budsjettvedtak i Stortinget i 1999, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1998–1999) og St.prp. nr. 1 (1998–1999).

Talet på 810 tilsvare det elevtalet som hadde rett til tilskott da ordninga vart innført, med fordelinga 180 elevar ved Wang i Oslo og 630 elevar ved Norges Toppidrettsgymnas i Bærum, Geilo, Kongsvinger og Lillehammer. Taket for talet på elevar som kan få tilskottet, og fordelinga mellom skolane, har lege fast sidan tilskottet vart innført.

Departementet varsla ei gjennomgang av ordninga fram mot budsjettet for 2010, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009). Departementet har gjennomgått tilskottsordninga, og sentrale partar har vorte hørde i prosessen. Departementet har komme fram til at ordninga bør leggjast om slik at det særskilde tilskottet blir omfordelt på alle skolane som i dag er

godkjende etter privatskolelova og har tilbud om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Ordninga gjeld berre skolar som i tillegg til godkjenninga etter privatskolelova er godkjende som toppidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). I tillegg foreslår departementet å auke ramma på posten slik at desse skolane får auka tilskott til toppidrett samanlikna med det dei mottok etter den gamle ordninga.

Den nye ordninga inneber at tilskottet blir gitt som eit fast tilskott til kvar skole som er omfatta av ordninga. Tilskottet blir ikkje lenger gitt etter ein sats per elev. Tilskottet blir såleis ikkje påverka av endringar i talet på elevar ved skolane. Det er likevel ein føresetnad at skolane har elevar på tilbodet om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom det blir godkjend fleire skolar med tilbod om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, vil dei ikkje bli omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskott. NIF er i gang med ein godkjenningsprosess av NTG Tromsø. Topidrettstilskottet til denne skolen er avhengig av at NIF godkjenner skolen i løpet av 2010. Tabellen under viser kva for skolar som er omfatta av ordninga, og kor mykje tilskott kvar av skolane får med den nye ordninga:

Tabell 4.5 Fordelinga av tilskott til skolane som er omfatta av toppidrettstilskottet

NTG Bærum	kr 5 795 960
NTG Geilo	kr 1 933 070
NTG Kongsvinger	kr 1 955 810
NTG Lillehammer	kr 3 872 637
NTG Tromsø	kr 1 033 682
Wang Oslo	kr 4 863 608
Wang Moss	kr 1 603 533
Wang Stavanger	kr 2 133 627
Telemark toppidrettsgymnas	kr 1 603 533

Målet med ordninga er å bidra til at dei skolane som er omfatta av ordninga, kan leggje betre til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring.

Rapport for 2008–09

I skoleåret 2008–09 vart det gitt toppidrettstilskott for 806 elevar i samsvar med elevteljing.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner til 24,8 mill. kroner.

Post 80 Privatskoleorganisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan drive samordningsoppgåver for medlemsskolane sine. Tilskott blir gitt til privatskoleorganisasjonar med medlemsskolar som er godkjende etter privatskolelova. I 2009 fekk fem organisasjonar tilskott ut frå at dei til saman hadde 228 godkjende medlemskolar.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve 0,6 mill. kroner på posten.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Statstilskott etter privatskolelova kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Denne tilskottsordninga gjeld for utveksling til utlandet for elevar i private vidaregåande skolar med rett til statstilskott. Skolane kan søkje om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskottet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske private vidaregåande skolar med rett til statstilskott og utanlandske skolar. Følgjande private vidaregåande skolar er godkjende for å kunne bli tildelte slikt tilskott: Danielsen vidaregåande skole i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve 1,6 mill. kroner på posten.

Kap. 229 Andre tiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2008	budsjett 2009	2010
01	Driftsutgifter			20 499
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>			1 000
70	Tilskott til tryggleiksopplæring for fiskarar	11 909	12 433	
	Sum kap. 229	11 909	12 433	21 499

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten går til drift av Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar (Vea). Skolen er i ein omstillingsfase frå ein skole med tilbod om vidaregåande opplæring til ein skole med tilbod om opplæring på fagskolenivå. Skolen har tre ulike fagskoletilbod: eittårig botanisk design, toårig grøn fagskole samt park og hagedrift, som er eit treårig nettstøtta deltidsstudium. Skolen kan framleis gi vidaregåande tilbod for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3222 post 61, men det er ønskeleg å trappe ned det vidaregåande tilbodet og satsar på utvikling av reine fagskoletilbod. I tillegg gir skolen tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Rapport for 2008–09

Skolen hadde i skoleåret 2007–08 fire studentar på heiltidstilbod på fagskolenivå, mens det i skoleåret 2008–09 var ni heiltidsstudentar. Både skoleåret 2007–08 og skoleåret 2008–09 var det 19 studentar som deltok på deltidstilbod på fagskolenivå. Skolen hadde 23 elevar på vidaregåande nivå skoleåret 2007–08, mens skoleåret 2008–09 var det ti elevar på vidaregåande nivå. Når det gjeld vaksenopplæringa var det ti deltidsstudentar som deltok skoleåret 2007–08, mens tilsvarende tal for skoleåret 2008–09 var 29 deltidsstudentar og 15 heiltidsstudentar. I februar 2009 vart det starta to modular innanfor fagskoleutdanninga *Grøn fagskole* med til saman 15 studentar på deltid.

Vea har i 2008 arbeidd aktivt for å auke rekrutteringa til fagskolestudia, da det framleis er for få som vel å starte studium på fagskolenivå ved skolen. Skolen har lagt særskilt vekt på å tilpasse studia til det bransjen etterspør. I tillegg arbeidd Veia i 2008 med å etablere eit tilbod om grøn fagskole.

I 2008 trappa skolen ytterlegare ned tilbodet om vidaregåande opplæring for å reindyrke profilen som fagskole.

Skolen satsar på internasjonalt samarbeid, og har i 2008 halde fram med utveksling av elevar, lærarar og instruktørar. Skolen var i 2008 hovudsenter for *Flornet*, eit internasjonalt samarbeidsprogram for blomsterdekoratørutdanning som omfattar 24 utdanningsinstitusjonar i 17 land.

Arbeidet med å byggje nytt bibliotek har vore prioritert i 2008 og 2009 og skal stillast ferdig innan utgangen av 2009.

Mål for 2010

Skolen er i ein omstillingsfase, og det er viktig å halde fram med arbeidet med å utvikle ein fagskole med godt fagleg tilbod.

Kompetanseutviklingsprogrammet for dei tilsette som starta hausten 2005 med sikte på fagskoleutdanning, skal halde fram.

Skolen skal i 2010 arbeide for å auke studenttalet gjennom fleksible og tilpassa studieopplegg. Skolen skal også utvikle fagleg samarbeid med nasjonale og internasjonale miljø.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga gjeld større utstyrsinnkjøp og vedlikehold ved Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar.

Budsjettforslag for 2010

Løyvinga på post 01 er flytt frå kap. 222 post 01, men løyvinga knytt til Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar er redusert med kr 600 000 samanlikna med 2009, i tråd med redusert inntektskrav til Veia, sjå omtale under kap. 3229.

Løyvinga på post 45 er flytt frå kap. 222 post 45, men løyvinga knytt til Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar er redusert med 2,3 mill. kroner samanlikna med 2009. Reduksjonen kjem av at nytt bibliotek ved skolen blir stilt ferdig i 2009, og midlar til dette blir av den grunn ikkje førde vidare i 2010.

Post 70 Tilskott til tryggleiksoplæring for fiskarar

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å finansiere tryggleiksoplæring for fiskarar. Opplæringa er regulert av FOR 1989-02-10 nr. 88 Forskrift om sikkerhetsopplæring for fiskere med heimel i lov av 5. juni 1981 nr. 42 om sertifikatpliktige stillingar på norske skip, borefartøy og andre flyttbare innretningar på sjøen. Lova og forskrifta er forvalta av Nærings- og handelsdepartementet. Frå 1. juni 2006 er tryggleiksoplæring for fiskarar berre arrangert på kursfartøy.

Kapasiteten for tryggleiksoplæring ligg mellom 900 og 1 100 kursplassar, og er avhengig av forholdet mellom grunnkurs (40 timar) og repetisjonskurs (20 timar). Bakgrunnen for dette er at det er 20 kursplassar per kurs, og at skolen gjennomfører kurs i ca. 46 veker per år. Det fører til at det er 920 kursplassar à 40-timarskurs.

Rapport for 2008–09

I 2008 gjennomførte 809 deltakarar tryggleiksoplæring for fiskarar – 502 deltakarar på grunnkurs og 307 deltakarar på repetisjonskurs. Dette er ein reduksjon på 215 deltakarar frå året før. Det er for tidleg å seie om nedgangen er ein generell tendens, eller om han kan skyldast særskilde forhold i 2008–09. Nedgangen kan til dømes skyldast at sesongen i året som gjekk, var vanskeleg for fiskarane. Total kapasitetsutnytting berekna ut frå 920 plassar er på 88 pst.

Budsjettforslag for 2010

Løyvinga på post 70 er førd over til kap. 1050 ny post 72 på Fiskeri- og kystdepartementets budsjett. Fiskeri- og kystdepartementet tek over ansvaret for tilskottsordninga frå Kunnskapsdepartementet frå og med 1. januar 2010.

Kap. 3229 Andre tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
02	Salsinntekter o.a.			1 440
61	Refusjon frå fylkeskommunar			946
	Sum kap. 3229			2 386

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar.

Løyvinga på post 02 er flytt frå kap. 3222 post 02. Løyvinga under post 61 er flytt frå kap. 3222 post 61, men løyvinga er redusert med kr 600 000 samanlikna med 2009 grunna mindre aktivitet på vidaregåande nivå ved Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar. Dette fører til færre fylkeskjøpte plassar.

Kap. 230 Kompetansesenter for spesialundervisning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	634 989	618 546	626 360
21	Særskilde driftsutgifter	57 839	49 802	51 396
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 896	7 468	7 670
	Sum kap. 230	700 724	675 816	685 426

Statped er eit nettverk av spesialpedagogiske senter under Utdanningsdirektoratet. Statped skal

bidra til at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov får ei god og tilrettelagd opplæ-

ring og eit tilfredsstillande læringsutbytte som fører til meistring. I tillegg skal Statped utvikle kompetanse og formidle kunnskap om spesialundervisning og likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring til brukarar og fagmiljø.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld

- Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped) med 13 statlege kompetansesenter og kjøp av tenester frå to private institusjonar, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige
- Utdanningsdirektoratets råd for inkluderande opplæring
- *Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov* (Midtlyngutvalet) leverte 2. juli 2009 NOU 2009: 18 *Rett til læring*. Rapporten vart send ut til høring hausten 2009. Utvalet har hatt eit omfattande mandat, og har blant anna gjort ein gjennomgang av spesialundervisningas plass i norsk skole. Utvalet har vurdert i kor stor grad vi har eit system som sikrar tidleg intervensjon for barn, unge og vaksne med særskilde behov, og har komme med fleire forslag til tiltak som skal sikre tidleg innsats og livslang læring for denne gruppa. Det vil bli sett av midlar på kapitlet til oppfølginga av rapporten. Departementet vil komme tilbake til korleis rapporten skal følgjast opp.

- prosjektretta støtte til organisasjonar for funksjonshemma
- utgifter til nasjonal koordinator i Utdanningsdirektoratet for *European Agency for Development in Special Needs Education*, internasjonalt samarbeid m.m.
- tildeling til fylkesmannsembeta for rettleiing innanfor tilpassa opplæring og spesialundervisning
- utvikling, produksjon og distribusjon av spesialpedagogiske læremiddel

Rapport for 2008–09

Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra (Statped) har i 2008 og 2009 ført vidare den fagprofilen som er forankra i dei to hovudområda tenesteyting og utvikling av kompetanse og formidling av kunnskap.

I tillegg til den ordinære tenesteytinga har Statped prioritert områda tidleg innsats, betre gjennomføring i vidaregåande opplæring, kompetanseutvikling i PP-tenesta, forskingsbasert kunnskap, utvikling av Statped som eit nasjonalt nettverk og Statped som ein meir synleg aktør i opplæringssektoren.

Tenesteproduksjonen i Statped hadde om lag same profil og innretning i 2008 som året før. I hovudsak er det korte ventetider etter at eit kompetansesenter har motteke søknad frå ein kommune. Tabellen under viser prosentvis fordeling av ressursar:

Tabell 4.6 Ressursinnsats frå Statped på dei ulike vanskeområda (i pst.)

	2006	2007	2008
Syn	16,2	17,0	18,6
Hørsel (inkludert skoledrift/internat for hørselshemma og døvblinde)	42,1	44,7	44,1
Språk- og talevanskar	11,0	11,4	10,8
Samansette lærevanskar og åtferdsvanskar	16,1	18,2	17,7
Spesialpedagogiske tenester i Nord-Noreg (inkludert samisk spesialpedagogisk stønad)	8,0	8,4	8,5
Fellestiltak / andre tiltak	0,7	0,3	0,3
Sum	100,0	100,0	100,0

Dei einskilde verksemdene i Statped har lang tradisjon for systematisk evaluering av tenestetilbodet. Utdanningsdirektoratet har sett i gang eit pilotprosjekt i 2009 som skal sikre ei meir heilskap-

leg oversikt over korleis kommunane og brukarane vurderer kvaliteten på tenesteytinga frå Statped.

Tenestene til Statped har fokus på å fremme ei inkluderande opplæring og ein betre tilpassa spesialpedagogisk praksis for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov. Både i individ- og systemretta arbeid har førebyggings- og meistringsstrategiar vorte vektlagde. Statped har delteke i det arbeidet som har vorte gjort i kommunane med individuelle planar for brukarar med behov for langvarige og omfattande tenester frå fleire instansar. Statped har nært samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Sentra for hørselshemma gir skole- og miljøtilbod for hørselshemma elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring. Dei fleste hørselshemma elevar får sitt opplæringstilbod i kommunen. For å sikre kvaliteten på det lokale opplæringstilbodet har sentra for hørselshemma ytt tenester som deltidstilbod, elevkurs, rettleiing, nettverksarbeid, kurs for foreldre og kurs for fagpersonar.

Det er kommunen som er ansvarleg for å søkje om tenester frå Statped. For å sikre lik tilgang på tenester for alle kommunar er verksemdene i Statped tildelte faglege ansvarsområde og geografiske tenesteregionar på ein slik måte at alle kommunane er dekte.

FoU-arbeid og produksjon av fagartiklar i nasjonale og internasjonale publikasjonar er ein viktig del av Statpeds kompetanseutvikling og spreiding av kunnskap. Gjennom samarbeidsavtalar med universitet og høgskolar har Statped i ei rekkje prosjekt medverka til at praksisrelevante problemstillingar blir innlemma i forskingsarbeid. Samarbeidet har i tillegg gitt god teoriforankring for tenesteutviklinga ved sentra. Forskningsbasert kunnskap blir implementert gjennom tenesteyting i skolen.

Statped har medverka i utvikling, produksjon og distribusjon av særskilt tilrettelagde læremiddel. Dette gjeld spesielt læremiddel for synshemma og hørselshemma elevar. Statped medverka også i arbeidet med å leggje til rette eksamensoppgåver og nasjonale prøver for dei same elevgruppene.

Fleire av sentra har medverka i oppfølginga av *Strategi for læringsmiljø i grunnopplæringa* ved implementering av programma *Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling i skolen* (PALS) og *Læringsmiljø og pedagogisk analyse* (LP-modellen).

Statped har på oppdrag gitt bidrag til arbeidet i *Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov* (Midtlyngutvalet).

Mål for 2010

Statped skal arbeide etter følgjande mål i 2010:

- å yte spesialpedagogiske tenester av god kvalitet til rett tid på individ- og systemnivå, særleg på område der ein ikkje kan vente at kommunane har kompetanse
- å sikre skole- og miljøtilbod for hørselshemma elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring, etter avtale med oppdragsgivar
- å syte for mest mogleg lik tilgang på tenester i alle landsdelar
- å utvikle høg spesialpedagogisk kompetanse, og formidle dokumentert kunnskap

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 3230 Kompetansesenter for spesialundervisning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Inntekter frå oppdrag	56 934	49 802	51 396
02	Salsinntekter o.a.	16 421	12 757	13 165
	Sum kap. 3230	73 355	62 559	64 561

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som kompetansesentra utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskolar, universitet m.m.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter frå

hjelpemiddeltilpassing og inntekter frå kurs (kursmateriell, deltakarbetaling og opphaldsutgifter i samband med kurs).

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
231	Barnehagar	21 178 562	24 314 940	26 827 222	10,3
	Sum kategori 07.30	21 178 562	24 314 940	26 827 222	10,3

Barnehagane blir i hovudsak finansierte gjennom statleg tilskott løyvt over kategori 07.30, frie midlar til kommunane og foreldrebetaling. I vedlegg 2 i dette budsjettdokumentet blir det gitt ei nærmare framstilling av nøkkeltal og statistikk om barnehagesektoren.

Kap. 231 postane 60, 61, 64 og 65, over kategori 07.30, finansierer drift og etablering av barnehageplassar. Løyvingane over postane 50, 62 og 63 gjeld høvesvis tilskott til samiske barnehagetilbod, tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage og tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn. Løyvinga over postane 21 og 51 gjeld i hovudsak midlar til kvalitet i barnehagen, utgreiingar, kartleggingar og forskning.

Innleiing

Eit barnehagetilbod av høg kvalitet kan bidra til sosial utjamning, tidleg innsats og livslang læring. Tidleg innsats inneber både eit godt pedagogisk tilbod frå barna er små og at problem blir avdekt og tiltak sett inn tidleg i utdanningsløpet. Eit godt barnehagetilbod er med på å gi barn ein god start i livet. I stortingsmeldinga om kvalitet i barnehagen har regjeringa gjort tydelege sine ambisjonar for å sikre eit barnehagetilbod av høg kvalitet til alle barn, jf. St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*.

Staten og kommunane har hatt stor merksemd på utbygging av barnehageplassar, og veksten i talet på barnehageplassar har vore sterk dei siste åra. Rett til plass i barnehage vart innført i 2009. Foreldrebetalinga er redusert betydeleg sidan 2005. Medan det framleis er viktig å vere merksam på at måla om pris og tilgang på barnehageplassar blir nådde, vil innsatsen til regjeringa i aukande

grad no vere retta mot kvalitet og innhald i alle barnehagen, jf. St.meld. nr. 41 (2008–2009).

Hovudprioriteringar 2010

Regjeringas hovudmål for kvalitetsarbeidet i barnehagen er å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, å styrkje barnehagen som læringsarena og at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Regjeringa satsar på kvalitetsheving av barnehagane, og foreslår å auke løyvinga med 35 mill. kroner til kvalitetsfremjande tiltak i barnehagane i 2010.

Kompetansen til personalet er avgjerande for kvaliteten i barnehagen. Mangel på pedagogar og låg formell kompetanse blant personalet i barnehagane krev satsing på rekruttering av pedagogar og kompetanseheving for alle tilsette i barnehagane. Det er òg for liten kunnskap om barnehagar, til dømes om den verdien barnehagen har for utviklinga til barn. Regjeringa ønskjer å styrkje satsinga på kompetanse hos tilsette i barnehage, rekruttering av pedagogar og forskning. Budsjettforslaget for 2010 legg til rette for dette.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 82 mill. kroner til likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Dette vil leggje til rette for meir likeverdige lønns- og arbeidsforhold for tilsette, uavhengig av om ein er tilsett i kommunal eller ikkje-kommunal barnehage.

Målet for regjeringa er at alle barn skal få oppfylt sin lovfesta rett til barnehageplass. Regjeringa foreslår å løyve 463,5 mill. kroner til utbygging og drift av nye barnehageplassar i 2010.

Regjeringa vil at foreldrebetalinga skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å betale

for ein barnehageplass med god kvalitet. Regjeringa foreslår å føre vidare maksimalgrensa for foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2009, og foreslår å løyve brutto om lag 203,5 mill. kroner til dette formålet.

Mål: Full barnehagedekning

Regjeringa innførte ein individuell rett til barnehageplass frå 2009. Det overordna målet for regjeringa er at alle barn skal få oppfylt sin lovfesta rett til barnehageplass. Det vil seie at dei som har søkt innan fristen for hovudopptaket og fylt eitt år innan 1. september, har rett til barnehageplass i kommunen.

Tilstandsvurdering

I september 2009 rapporterte fylkesmennene at kommunane hadde gitt tilbod om plass til alle barn

med rett til barnehageplass. Fem kommunar hadde av ulike årsaker særlege utfordringar i sluttspurten. I desse kommunane må nokre av barna med rett til plass vente med oppstart i barnehagen til seinare på hausten.

Ved utgangen av 2008 gjekk nær 262 000 barn i ein ordinær barnehage eller familiebarnehage. I tillegg gjekk om lag 7 200 barn i open barnehage i 2008. Barn under tre år utgjer no om lag 35 pst. av alle barn i barnehage, mot 29 pst. i 2005.

Frå utgangen av 2005 og fram til utgangen av 2008 har nær 38 400 fleire barn fått plass i barnehage. Kommunane og private utbyggjarar har etablert om lag 48 400 nye heiltids barnehageplassar i den same perioden. Noko av kapasitetsauken i barnehagesektoren har i fleire år gått med til å auke opphaldstida til barn som allereie har plass i barnehage. Det har derfor vorte bygd fleire barnehageplassar enn det har komme nye barn i barnehagen, jf. omtale under rapport 2008–09.

Tabell 4.7 Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar og gjennomsnittleg opphaldstid 2005–08

	2005	2006	2007	2008
Tal på barn i barnehage	223 501	234 948	249 815	261 886
Auke i talet på barn	10 404	11 447	14 867	12 071
Auke i talet på heiltids barnehageplassar	13 500	16 000	18 000	14 500
Dekningsgrad 1–5 år	76,2	80,4	84,3	87,2
Dekningsgrad 1–2 år	53,9	61,8	69,3	74,7
Dekningsgrad 3–5 år	90,6	92,8	94,5	95,6
Dekningsgrad 1 år	43,4	50,7	59,5	65,8
Dekningsgrad 2 år	64,8	72,8	79,3	83,6
Dekningsgrad 3 år	87,0	89,8	92,3	93,6
Dekningsgrad 4 år	92,1	93,8	95,3	96,4
Dekningsgrad 5 år	93,3	94,8	95,9	96,8
Gjennomsnittleg opphaldstid per veke	40,0	41,1	41,9	42,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Asplan Viak

Strategiar og tiltak

I statsbudsjettet for 2010 er det lagt til rette for etablering av totalt om lag 7 200 nye barnehageplassar i permanente og mellombelse barnehagelokale. Dette måltalet svarer til forventna auke i etterspurnaden ved å føre vidare maksimalprisen på foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2009 (1 500 plassar) og auke i barnehageutbygginga som følgje av befolkningsauke (5 700 plassar). Ein reknar med at desse plassane skal gi rom til totalt 5 500 fleire barn.

Det er i 2010 lagt løyvmessig til rette for at om lag 277 000 barn skal kunne ha plass i barnehage ved utgangen av 2010. Den individuelle retten til barnehageplass er ei minimumsplik for kommunane. Det må framleis arbeidast for at alle foreldre som vil ha barnehageplass får tilbod om ein plass, og at tilbodet er i samsvar med foreldras behov og ønskjer. Kommunane må dimensjonere barnehagetilbodet slik at dei er i stand til å oppfylle retten også ved ulike demografiske endringar m.m. Departementet vil komme tilbake til eventu-

elle oppdaterte anslag og løvingsbehov for utbygging av barnehageplassar.

Staten vil også i 2010 finansiere drift og etablering av nye barnehageplassar gjennom øyremerkte tilskott. Innlemminga av tilskotta til barnehagar i rammetilskottet til kommunane vil etter planen skje i 2011, jf. Innst. O. nr. 103 (2008–2009) frå familie- og kulturkomiteen og Ot.prp. nr. 57 (2007–2008) *Om lov om endringer i barnehageloven (finansiering av ikke-kommunale barnehager)*.

Mål: Høg kvalitet

Det er tre overordna mål for regjeringa si satsing på høg kvalitet, jf. St.meld. nr. 41 (2008–2009): å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, å styrkje barnehagen som læringsarena og å sikre at alle barn får delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Gjennom barnehagelova og rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er det lagt statlege føringar for å sikre kvaliteten i barnehagetilbodet og for å oppfylle barnehagens samfunnsmandat. Fleire forhold er viktige for kvalitet i barnehagane: personalet, barnehagens innhald, eit inkluderande barnehagetilbod for alle barn, samarbeid mellom barnehage og heim og mellom barnehage og skole, koordinerande innsats for barn som har behov for særskild oppfølging, forskning og statistikk og ansvarsfordeling og styring av sektoren.

Tilstandsvurdering

Ei undersøking frå Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), gjord på oppdrag frå departementet, syner at barnehagekvaliteten har vore teken godt hand om, trass høg utbygging av barnehageplassar gjennom fleire år. Undersøkinga vart gjennomført i 2008 og byggjer på tidlegare undersøkingar frå 2002 og 2004. Foreldreundersøkingar frå 2004 og 2008, som er gjennomførte av TNS Gallup på oppdrag frå departementet, syner at foreldre generelt er godt nøgde med barnehagetilbodet til barna. Det er ein tendens til at foreldre er meir nøgde i 2008 enn i 2004. Riksrevisjonen gjennomførte i 2009 ei undersøking av barnehagetenestene. Undersøkinga omfattar perioden frå 2006 til 2008. Riksrevisjonen peiker på at satsinga på å nå målet om høg kvalitet i barnehagane synest å vere godt teken vare på, sett i lys av den omfattande barnehageutbygginga.

Regjeringa la fram ei stortingsmelding om kvalitet i barnehagen våren 2009, St.meld. nr. 41 (2008–2009), som no er til behandling i Stortinget. Meldinga gjer mellom anna greie for barnehagen sin plass i utdanningssystemet og legg vekt på å

bevare eigenarten til barnehagen og den heilskaplege tilnærminga til omsorg, leik, læring og danning.

Kompetansen til dei tilsette er avgjerande for barnehagekvaliteten. Det er framleis store utfordringar knytt til mangelen på pedagogar og til det varierende kompetansenivået hos personalet i barnehagane, jf. St.meld. nr. 41 (2008–2009). Etter departementets vurdering er barnehagar eit underforsa område sett i samheng med sektorrens størrelse og betydning for barn, foreldre og samfunn. Det er nødvendig å rekruttere fleire pedagogar, heve kompetansen og styrkje kunnskapsgrunnlaget for å kunne nå målet om høg kvalitet i alle barnehagar.

Endring i finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehagar, som følgje av innlemming av barnehagetilskott i rammetilskottet til kommunane, vart vedteke da Stortinget handsama Innst. O. nr. 103 (2008–2009) frå familie- og kulturkomiteen, jf. Ot.prp. nr. 57 (2007–2008). Stortinget legg til grunn at hovudregelen for likeverdig behandling blir definert som at kommunen skal sørge for kostnadsdekning i alle godkjende barnehagar. Det betyr at kommunen skal dekkje kostnader til drift av barnehagar som ikkje blir dekte av andre offentlege tilskott og foreldrebetaling.

Fleirtalet legg òg til grunn at nasjonale forskrifter skal definere ei minimumsplikt for kommunen på same måte som i dag. Minimumsplikta vil bli auka i takt med opptrappinga av tilskottet til kommunen. Lovendringa inneber at godkjende ikkje-kommunale barnehagar skal behandlast likeverdig med kommunale barnehagar når det gjeld offentlege tilskott. Det vil bli utforma nasjonale forskrifter med nærmare reglar om korleis føresegna skal praktiserast. Regjeringa tek sikte på å oppnå likeverdig behandling gjennom ein opptrappingsplan over fem år. Lovendringa vil etter planen tre i kraft ved innlemmingstidspunktet i 2011. For å sikre dei ikkje-kommunale barnehagane vidare drift, skal kommunen ha ei finansieringsplikt overfor eksisterande ikkje-kommunale barnehagar etablert innan 31. desember 2010.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil styrkje innsatsen for å auke kvaliteten i barnehagane, og foreslår å auke løyvinga med 35 mill. kroner i 2010 til tiltak som vil bidra til eit kvalitetsløft av barnehagane, jf. nærmare omtale under post 21. Det vil samla over postane 21, 51 og 63 bli nytta over 100 mill. kroner til kvalitets- og rekrutteringstiltak i 2010. I tillegg vil delar av midlane løyvd over kap. 226 post 21 bli nytta til barnehageformål.

Sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar

Det er store variasjonar i barnehagesektoren i Noreg når det gjeld eigarskap, storleik, organisering og personale. Det er eit mål å jamne ut kvalitetsskilnader i barnehagetilbodet og å sikre eit likeverdig tilbod for alle.

Regjeringa foreslår ein opptrappingsplan for økonomisk likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar med oppstart frå 1. august 2010, jf. post 65. Dette vil leggje til rette for å betre lønns- og arbeidsforholda i ikkje-kommunale barnehagar. Samstundes tek departementet sikte på å auke minimumsplikta i forskrifta frå 85 pst. til 88 pst. av det tilsvarende barnehagar eigde av kommunane i gjennomsnitt mottek i offentleg tilskott. Eksisterande forskrift om likeverdig behandling vil bli ført vidare i 2010, men det vil vere naudsynt å justere forskrifta ved ein auke i minimumsplikta til kommunane frå 85 til 88 pst.

Regjeringa vil opprette eit nasjonalt foreldreutval for barnehagar (FUB) i løpet av 2010. Eit nasjonalt FUB vil bidra til at foreldreressursen blir gjort synleg og foreldrestemmen blir hørd i aktuelle barnehagepolitiske saker, og departementet vil få eit rådgivande organ og ein høringsinstans som har foreldreperspektivet.

Det er mangel på kunnskap om barnehagar, og departementet vil auke innsatsen for å få meir kunnskap om barnehagesektoren. Departementet tek sikte på å setje i gang eit arbeid for å utvikle eit system for å vurdere kvaliteten i barnehagane. Departementet vil styrkje innsatsen på feltet forskning i og om barnehagar. Det vil òg etter planen bli sett av midlar til å følgje opp andre tiltak i St.meld. nr. 41 (2008–2009).

Departementet har utarbeidd ein strategi for utdanningsforskning for perioden 2008–13. Som ein del av strategien har Noregs forskingsråd sett i verk eit nytt tiårig forskingsprogram for utdanningsområdet, *Utdanning 2020*, jf. omtale under kategori 07.50. Programmets hovudmålsetjingar er å auke omfanget av norsk utdanningsforskning, styrkje kunnskapsbasen på utdanningsområdet frå barnehage til høgre utdanning, heve kvalitet og vitenskapleg forankring i norsk utdanningsforskning, betre relevansen på bruksretta/ansvend forskning og å styrkje rekrutteringa til utdanningsforskninga. Barnehageforskning er eit av dei prioriterte områda i dette programmet. Vidare vil det bli oppretta ein nasjonal forskarskole i lærarutdanningane, herunder førskolelærarutdanningane. Forskningsprogrammet *Praksisretta FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning (2006–2010)* (PRAK-SISFOU) blir avløyst av eit nytt praksisretta forskingsprogram, jf. omtale under kategori 07.50.

Programmet vil mellom anna auke omfanget av og kvaliteten på forsking om barnehagar. Eit praksisretta program gjer at tema som er viktige for profesjonsutdanninga og profesjonsutøvinga blir gjenstand for forsking og kunnskapsutvikling. Programmet vil òg kunne bidra til å auke kvaliteten på førskolelærarutdanninga.

Forslag til tiltak under målet om å styrkje barnehagen som læringsarena vil òg bidra til å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Dette gjeld tiltak knytte til å betre kompetansen til personalet og å rekruttere fleire pedagogar.

Styrkje barnehagen som læringsarena

Førskolealderen er ein læringsintensiv fase, og grunnlaget for deltaking i sosiale fellesskap, for vennskap og for vidare utvikling og læring blir lagt i tidlege barneår. Barnehagen skal ta alle barns behov for læring og utvikling på alvor og ruste det einskilde barnet for livslang læring.

Kompetansen til personalet er den viktigaste ressursen i barnehagen og ein føresetnad for at barnehagen skal vere ein god arena for lek, omsorg, læring og sosial utjamning. Det er mangel på pedagogar, og regjeringa har som mål å auke delen tilsette med barnehagefagleg og barnefagleg kompetanse i barnehagane. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen på kompetansehevingstiltak for dei tilsette. Regjeringa satsar på kompetanseheving av alle grupper tilsette i barnehagane. *Kompetanse i barnehagen - Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2008–2010)* vil bli følgt opp. Vidare tek departementet sikte på å opprette eit vidareutdanningstilbod innanfor leiarskap for styrarar og styrkje satsinga på studiet Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB-studiet) på prioriterte område.

Departementet foreslår å føre vidare satsinga på å rekruttere fleire pedagogar til barnehagane og å halde oppe talet på studieplassar i førskolelærarutdanninga i 2010, jf. Innst. S. nr. 355 (2008–2009), St.prp. nr. 67 (2008–2009) og omtale under kategori 07.60, kap. 281. Departementet foreslår òg å føre vidare satsinga på arbeidsplassbasert førskolelærarutdanning og etter- og vidareutdanningstilbod til tilsette i barnehagane, jf. post 21 og omtale under kategori 07.60, kap. 260. *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2010)* vil bli utvikla og ført vidare.

Departementet vil starte arbeidet med å revidere rammeplan om innhaldet i og oppgåvene til barnehagane, jf. St.meld. nr. 41 (2008–2009).

Likestillingsarbeidet vil bli følgt opp gjennom *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008–2010)*. Rekrutteringsteam og

demonstrasjonsbarnehagar er mellom anna tiltak i planen som vil bli førde vidare i 2010. Formålet er å fremme likestilling mellom gutar og jenter og å komme nærmare målet om 20 pst. menn i barnehagane. Departementet vil vurdere korleis likestillingsarbeidet i barnehagen kan fornyast og styrkjast.

Det er eit mål for regjeringa at bruken av samiske språk skal styrkjast og bli ein ressurs for nye samiske generasjonar. Ei viktig utfordring i den samiske barnehagesektoren er å rekruttere tilsette som har samiskspråkleg kompetanse. Særleg gjeld dette i lule- og sørsamiske område. I tillegg er det naudsynt å ta vare på kompetansen i samisk tradisjonelt arbeid. Det er òg behov for fleire læremiddel tilpassa samiske barn. Departementet vil setje av midlar til å auke kompetansen i samisk språk og tradisjonar hos personalet i samiske barnehagar og norskspråklege barnehagar med samiske barn.

Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Barnehagen skal inkludere alle, uavhengig av sosial bakgrunn og funksjonsnivå, og har særleg ansvar for å sikre god og tidleg hjelp til barn som har behov for særskild oppfølging.

Det er oppnemnt eit offentleg utval, Brenna-utvalet, som skal vurdere ulike ordningar for eit pedagogisk tilbod til alle barn i førskolealder. Utvalet skal mellom anna gjere greie for, vurdere og analysere korleis det pedagogiske tilbodet før skolestart er i dag, og vurdere korleis eit tilbod til alle førskolebarn bør organiserast og kva det bør innehalde. Utvalet skal etter planen gi si innstilling innan 1. oktober 2010.

Departementet gir kommunane eit tilskott til tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagane, jf. post 62. Tilskottsordninga skal bidra til at barn med nedsett funksjonsevne skal kunne dra nytte av opphald i barnehage. Midtlyng-utvalets NOU 2009: 18 *Rett til læring* har ei rekkje forslag og strategiar som skal bidra til betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Departementet vil komme tilbake til korleis forslaga frå utvalet skal følgjast opp.

Det er framleis eit mål å auke talet på minoritetsspråklege barn i barnehagen, og departementet vil halde fram med å gi øyremerkte tilskott til kommunane, jf. post 63. Målretta språkstimulering i førskolealder vil kunne bidra til betre skolestart for barn som ikkje har norsk som morsmål og på lengre sikt auke barnas deltaking i samfunnet. Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) har frå 2005 til 2009 motteke midlar frå

departementet til kompetansetiltak for personale innan fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering for minoritetsspråklege barn. Departementet har sett i gang ei ekstern evaluering av NAFOs prosjekt. Evalueringa vil liggje føre vinteren 2010.

Departementet vil hausten 2009 setje i gang eit arbeid med fagleg vurdering av dei verktøya som nyttast til kartlegging av barns språk. Resultata vil liggje føre i løpet av 2010. Vidare vil departementet starte arbeidet med å lage rettleiarar til bruk og oppfølging av anbefalte verktøy for språkkartlegging når den faglege vurderinga er gjennomført. Departementet vil vurdere om det skal settast krav til pedagogisk kompetanse for å kunne foreta kartlegging av språkutvikling til barn.

Regjeringa vil halde fram med arbeidet mot mobbing gjennom *Manifest mot mobbing*. Det er særleg tiltaket om å styrkje barnehagens samarbeid med foreldra for å fremme eit godt barnemiljø, som vil bli vektlagt i 2010, jf. oppretting av Foreldreutval for barnehagane (FUB).

Mål: Låg pris

Målet til regjeringa er at prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, har råd til å betale for ein barnehageplass av god kvalitet.

Tilstandsvurdering

Maksimalprisen for foreldrebetalinga har vorte redusert frå kr 2 750 per måned i 2005 til kr 2 330 i 2009. Dette utgjer ein reell reduksjon på om lag 27 pst.

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar som kan tilby barnefamiliane med lågast betalingsevne ein reduksjon eller fritak for foreldrebetaling. Kommunane er frie til å avgjere kva type ordning dei ønskjer å tilby. Undersøkinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) i januar 2009 syner at 24 pst. av kommunane har inntektsgraderte betalingssatsar. Andre kommunar tilbyr friplassar eller andre rabattordningar utanfor det ordinære betalingssystemet til barnehagen.

Konsulentfirmaet Fürst og Høverstad ANS har gjennomført ei utvalsundersøking av kostnadene i barnehagane i 2008. Analysen syner at kostnadsnivået ved drift av ordinære ikkje-kommunale barnehagar utgjer om lag 85 pst. av kostnadene i kommunale barnehagar. Kostnadene til ordinær drift i kommunale barnehagar auka nominelt med 9,8 pst. frå 2007 til 2008. I ordinære ikkje-kommunale barnehagar var den nominelle kostnadsveksten ved ordinær drift 6,9 pst. Kostnadsveksten både i dei kommunale og ikkje-kommunale barne-

hagane skyldast i hovudsak ein auke i gjennomsnittskostnadene per årsverk.

Telemarksforsking har på oppdrag frå departementet gjennomført ein omfattande analyse av kostnadsforskjellar i barnehagesektoren basert på tal frå 2007, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (2007–2008). Undersøkinga viser at det er god konsistens mellom funna frå denne undersøkinga og resultatata frå tidlegare kostnadsanalysar. Kostnadsforskjellane mellom dei kommunale og dei ikkje-kommunale barnehagane kan i all hovudsak forklarast med at dei ikkje-kommunale barnehagane har lågare bemanning og lågare lønns- og pensjonskostnader. Undersøkinga viser at skilnadene i pensjonskostnader er større enn skilnadene i lønnskostnader.

Departementet legg opp til at barnehagetilskottet blir innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. januar 2011, jf. Innst. O. nr. 103 (2008–2009) og Ot.prp. nr. 57 (2007–2008). Innlemminga i rammetilskottet er planlagt for post 60, post 62 og post 65, jf. St.prp. nr. 57 (2007–2008) *Kommuneproposisjonen 2009*. Prinsippa for innlemming vil, etter planen, bli presenterte i kommuneproposisjonen for 2011.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå kvart år framover, til målet i Soria Moria-erklæringa om ei maksimalgrense for foreldrebetalinga på kr 1 750 (2005-kroner) blir innfridd.

Foreldrebetalinga for eit ordinært heiltidstilbod vil i 2010 maksimalt utgjere kr 2 330 per månad og kr 25 630 per år. Gjennom å auke det statlege driftstilskottet vil staten i 2010 dekkje kostnadene ved den forventa pris- og kostnadsauken i kommunesektoren som foreldra normalt dekkjer gjennom foreldrebetalinga.

Rapport 2008–09

Full barnehagedekning

Målsetjinga for 2008 var at full barnehagedekning skulle bli halden oppe i dei kommunane som hadde nådd full dekning, og at full barnehagedekning vart nådd i dei kommunane som enno ikkje hadde etablert tilstrekkeleg med barnehageplassar.

Måлтаlet for utbygging i 2008 var 18 000 nye barnehageplassar. Desse skulle gi rom for om lag 14 500 fleire barn i barnehage. Tal frå KOSTRA og Asplan Viak viser at det vart etablert om lag 14 500 nye heiltidsplassar, og dette gav nær 12 100 nye

barn barnehageplass i 2008. 66 pst. av dei nye barnehagebarna i 2008 var under tre år.

Som i dei føregåande åra gjekk også ein god del av kapasitetsveksten i barnehagesektoren i 2008 med til å auke opphaldstida til barn som alle-reie hadde plass i barnehage. Både i 2008 og 2007 vart det etablert 1,2 heiltidsplassar for kvart nytt barn som kom inn i barnehage.

I 2008 hadde 83 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 80 pst. i 2007. Det vil seie avtalt opphaldstid i veka på 41 timar eller meir. Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid har i same periode auka frå 41,9 til 42,4 timar per veke. I 2003, da barnehageforliket vart inngått i Stortinget, hadde 60,8 pst. av barna heiltidsplass i barnehage, og gjennomsnittleg avtalt opphaldstid var 38,1 timar per veke.

Ved utgangen av 2008 var det om lag 6 700 barnehagar i Noreg. Om lag 54 pst. av desse var private. Kommunane står no for ein betydeleg større del av utbygginga i barnehagesektoren enn tidlegare. I 2008 byrja 59 pst. av dei nye barna i ein offentleg barnehage, mot 48 pst. i 2007. Offentleg og privat del av barnehagesektoren er framleis relativt jamstore. I 2008 hadde 54 pst. av barna plass i ein offentleg barnehage, medan 46 pst. hadde tilbod i ein privat barnehage.

Regjeringas definisjon av full barnehagedekning i 2008 var, som i 2007, at alle som søkte innan fristen for hovudopptaket om våren, skulle få tilbod om ein plass innan utgangen av året. I november 2008 gjennomførte departementet ei spørjeundersøking blant alle landets kommunar kalla «Barnehagekartet 2008». Undersøkinga viste at ved utgangen av 2008 ville det vere 2 415 barn på venteliste. Av dei barna som ikkje fekk plass, var 78 pst. busette i Oslo, Bergen, Bærum, Halden eller Os. Desse fem kommunane hadde ei forventa venteliste med 100 eller fleire barn. I «Barnehagekartet 2008» var det fleire kommunar som hadde venteliste som ikkje hadde venteliste året før. Det som kjenneteiknar desse kommunane, er at ventelistene er forholdsvis korte.

Fylkesmennene har, på oppdrag frå departementet, følgt opp dei kommunane som har lange ventelister. Fylkesmennene har sett i verk fleire tiltak overfor desse kommunane, mellom anna rettleiing i dei statlege tilskottsordningane for barnehageutbygging og råd om ulike løysingar for å få fortgang i barnehageutbygginga, eksempelvis etablering av faste barnehageplassar i mellombelse lokale. Som eit ledd i arbeidet med å sikre at alle kommunane skal oppfylle den lovfesta retten, fekk departementet våren 2009 månadlege rapportar frå fylkesmennene med vurdering av risikoen for at kommunane ikkje ville innfri retten til barnehageplass.

For å gjere kommunane i stand til å forsere barnehageutbygginga, auka regjeringa i 2008 det statlege tilskottet til faste barnehageplassar i mellom- belse lokale, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Tilskottet har medverka til auka utbygging av barnehageplassar, og rapporteringa frå kommunane per september 2008 syner vekst i talet på barn i mellom- belse lokale, jf. post 64.

I revidert nasjonalbudsjett for 2009 er det lagt løvingsmessig til rette for at om lag 271 500 barn skal kunne ha eit barnehagetilbod ved utgangen av 2009, jf. Innst. S. nr. 355 (2008–2009) og St.prp. nr. 67 (2008–2009). Det er om lag 9 600 fleire barn enn ved utgangen av 2008. Anslaget for talet på barn er mellom anna basert på opplysningar frå ei undersøking utført av Asplan Viak på oppdrag frå departementet i 2009, om kommunane sine utbyggingsplanar i 2009.

Før 2009 hadde kommunane etter barnehage- lova plikt til å sørge for at det var tilstrekkeleg med barnehageplassar for barn i førskolealder. Kravet til kommunane vart skjerpt da ein rett til barnehageplass vart innført, jf. Innst. O. nr. 69 (2007–2008) og Ot.prp. nr. 52 (2007–2008). Retten inneber at barn som har fylt eitt år innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til barnehageplass. Retten skal oppfyllest frå august same året, og barn skal ha rett til plass i ein barnehage godkjend etter barnehagelova i heimkommunen. Kommunen skal fastsetje søknadsfrist for opptak i barnehagane og ha minimum eitt opptak i året.

Høg kvalitet

Eit overordna mål for barnehagepolitikken til regjeringa i 2008 var at barnehagen skal gi barn eit pedagogisk tilbod av god kvalitet. Kvaliteten i barnehagane er først og fremst avhengig av dei menneskelege ressursane, det vil seie barnehagens personale, barna og foreldra. Krav til innhald og kvalitet i barnehagen har auka gjennom den reviderte rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Det er viktig at personalet i barnehagane bruker rammeplanen aktivt i sitt daglege arbeid for å kunne gi eit tilbod til barna som er i tråd med dei forventningane som ligg i lov og forskrift. På oppdrag frå departementet har Høgskolen i Vestfold i 2008–09 gjennomført ei brei evaluering av korleis rammeplanen har vorte innført, brukt og erfart i sektoren. Undersøkinga har omfatta både fylkesmenn, kommunar, styrarar og anna personale, foreldre og barn. Resultata ligg føre i rapporten *Alle teller mer* (2009). Evalueringa konkluderer med at det er stor vilje til og mykje

engasjement for å setje intensjonane i rammeplanen ut i praksis, og det har vore arbeid systematisk med implementeringsarbeidet både på fylkes-, kommune- og barnehagenivå. Resultata syner at personalet er godt nøgd med planen som eit styringsdokument, og barnehagen arbeider aktivt med dei ulike fagområda, spesielt dei som ligg nær det som er definert som basiskompetanse i skolen. Evalueringa peikar på utfordringar knytte til korleis aktørane handterer roller og ansvar, rammevilkår for innføring av planen og samspel mellom barnehagar og kompetansemiljø slik som høgskolar og universitet.

Ei viktig oppgåve for fylkesmennene er å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet. Tilsynet skal sikre at krava i barnehagelova med forskrifter blir oppfylte. Rapporteringa frå fylkesmennene for 2008 syner ein auke i talet på tilsyn. Vidare har fylkesmennene gjennomført ei rekkje tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane, gjennom samlingar, nettverk og konferansar om aktuelle tema og ved direkte oppfølging av kommunane. Innanfor dei nasjonale føringane blir tiltak utforma og tilpassa regionalt i samarbeid med aktørane i sektoren. Embeta peikar på at godt samarbeid med høgskolar og universitet om kompetanseutviklinga lokalt, er viktig for å fremme kvaliteten i barnehagane.

I 2008 vart det fordelt om lag 20 mill. kroner til barnehageforskning, jf. post 51, gjennom *Program for velferdsforskning* (2004–2008) og PRAKSISFOU som Noregs forskingsråd forvaltar. Forsking i og om barnehagar kan bidra til å utvikle praksisfeltet, og meir forskingsbasert kunnskap er ønskeleg for å støtte kvalitetsutvikling i sektoren. *Program for velferdsforskning* skal bringe fram eit fagleg kunnskapsgrunnlag som er relevant for politikktutforming og for den offentlege debatten. Programmet vart avslutta i 2008, og endeleg rapport vil bli publisert i november 2009.

Departementet tek del i eit uformelt administrativt nordisk barnehagenettverk med representantar frå dei ulike styresmaktene. Deltaking i nettverket har medverka til at det no er sett i gang eit samarbeid mellom dei nordiske landa om utvikling av felles indikatorar for kvalitet i barnehagen. Departementet er òg med i eit OECD-nettverk på barnehageområdet, der ein utvekslar røynsler og gir råd om OECD-prosjekt om kvalitet i barnehagen. Noreg overtok i 2009 leiaransvaret i nettverket. I ein rapport frå Eurydice Network (2009) blir det antyda at barnehagetilbod som har eit heilskapleg syn på omsorg og læring og som omfattar alle barn under skolealder, er den rette vegen å gå for barnehagen i framtida. Noreg er i rapporten trekt fram som eit godt eksempel.

Personale og kompetanse i barnehagen

God kompetanse hos personalet i barnehagen og tilstrekkelig med pedagogar er viktig for å få høg kvalitet på barnehagetilbodet. Ei målsetjing i 2008 var at talet på pedagogar i barnehagen skulle aukast, slik at kravet til pedagogisk kompetanse, slik det går fram av lov om barnehagar, kan bli oppfylt. Talet på styrarar og pedagogiske leiarar med pedagogisk utdanning, dvs. førskolelærerutdanning eller anna pedagogisk utdanning, auka med om lag 2 200 personar frå 2007 til 2008.

NOVA-rapporten *Førskolelærere og barnehageansatte* (2009) syner at stabiliteten blant førskole-

lærarar er god og aukande. Fleire nyutdanna førskolelærarar tek til å arbeide i barnehage enn tidlegare. Det ser ut til at førskolelærarar frå andre sektorar kjem tilbake til barnehagane ettersom auken i talet på førskolelærarar er vesentleg høgre enn talet på uteksaminerte studentar. Til tross for dette har dei fleste fylka store utfordringar når det gjeld å rekruttere nok pedagogar. Oslo og Akershus har framleis dei største vanskaner. Delen styrarar og pedagogiske leiarar med godkjend førskolelærerutdanning auka noko i alle fylke i 2008 bortsett frå Aust-Agder.

Tabell 4.8 Personale i barnehagane

	2006	2007	2008
Tal på tilsette	69 655	76 089	81 450
Tal på årsverk	54 896	60 525	65 155
Tal på barn per årsverk	4,3	4,1	4,0
– i offentlege barnehagar	4,2	4,0	3,9
– i private barnehagar	4,4	4,3	4,1
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	22 334	24 612	27 035
– i pst. av dei tilsette	32,1	32,3	33,2
Styrarar og pedagogiske leiarar med pedagogisk utdanning	20 377	21 727	23 931
– i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	91,2	88,3	88,5
Styrarar og pedagogiske leiarar med førskolelærerutdanning	19 402	20 432	22 637
– i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	86,9	83,0	83,7
Tilsette med barne- og ungdomsfagleg utdanning	6 197	7 183	8 758
– i pst. av dei tilsette	8,9	9,4	10,8

Kjelde: Kunnskapsdepartementet og Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2008 var det 81 450 tilsette som utførte 65 155 årsverk i barnehagane. Dette er ein auke på over 4 600 årsverk frå året før. Om lag 27 000 av dei tilsette var styrarar og pedagogiske leiarar. Sidan 2006 har talet på tilsette i sektoren auka med om lag 11 800 personar. Talet på barn per årsverk syner ein nedgang frå 2006 til 2008. Nedgangen kan forklarast med at det har vore ein sterk auke i talet på barnehageplassar for barn under tre år i denne perioden. Etter forskriftene til barnehagelova skal det vere ein pedagogisk leiar per sju til ni barn når barna er under tre år, og ein pedagogisk leiar per 14 til 18 barn når barna er over tre år. Delen av dei tilsette med barne- og ungdomsfagleg utdanning har auka med nær to prosentpoeng frå 2006 til 2009.

Talet på studentar som er tekne opp til førskolelærerutdanninga, har auka frå 2 091 i 2005 til 2 556 i 2008, jf. omtale under kategori 07.60. Ferdig uteksaminerte førskolelærarar har gått ned frå 1 435 i 2007 til 1 365 i 2008. Tal frå Samordna opp- tak per april 2009 syner at talet på søkjarar som har førskolelærerutdanning som førsteval, er redusert med 3,5 pst. frå 2008 til 2009. Frå 2007 til 2008 var auken 15,2 pst.

I 2008 vart det nytta 11,5 mill. kroner til tiltak knytt til *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Ei rekkje oppstarta tiltak vart førde vidare og styrkte, slik som midlar til arbeidsplassrelatert førskolelærerutdanning, desentralisert førskolelærerutdanning og rettleiingsprogrammet for nyutdanna førskolelærarar. Fem fylkesmannsembete i presseregionar har fått

støtte til å utforme regionale tiltak i samarbeid med høgskolar/universitet, barnehagemyndigheit, barnehageeigarar og organisasjonar.

Målsetjinga for 2008 var at barnehagesektoren skulle gjennomføre kompetansetiltak i høve til *Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010)* (kompetansestrategien). Departementet førte vidare satsinga på kompetanseutvikling i barnehagesektoren i 2008. Om lag 66,5 mill. kroner vart nytta til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak, sjå nærmare rapport under postane 21, 51 og 63. Asplan Viak og Fafo har fått i oppdrag frå departementet å kartleggje gjennomføringa av kompetansestrategien. Første delrapport frå kartlegginga syner at strategien har ført til auka aktivitet og tiltak for å heve kompetansen hos personalet. Rapporten syner at nær alle kommunar har teke del i satsinga og at tiltaka har vore retta mot dei prioriterte områda. Alle grupper tilsette har vore omfatta av tiltak, men i tråd med føringane har den pedagogiske leiinga vore prioritert i den første fasen. Kommunane har auka løyvingane til kompetanseheving. Fleire kommunar har gjennomført kartlegging av kompetansebehov, og nær alle kommunar har utarbeidd planar for kompetansetiltak. Resultata syner òg at det er behov for å auke den generelle kompetansen til dei tilsette i barnehagane.

Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) fekk i 2008 midlar til å føre vidare kompetanseutvikling i språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk for tilsette i barnehagar, jf. omtale under post 63. Barnehagar i alle fylke var omfatta av tiltak i 2008. NAFO har i samarbeid med universitet og høgskolar og fylkesmenn gitt tilbod om kompetanseutvikling gjennom kurs, rettleiing, praksisprosjekt og nettverk.

St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* vart lagd fram i juni 2008. Meldinga drøfter korleis kommunane kan leggje til rette for språkstimulering for førskolebarn. Meldinga foreslår å styrkje rettleiing og erfaringsspreiing overfor kommunane mellom anna ved ein gjennomgang og fagleg vurdering av verktøy og metodar for språkkartlegging og språkstimulering.

Østbergutvalet vart nedsett i 2008 for å sjå nærmare på opplæringstilbodet til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne. Utvalet skal mellom anna vurdere former for samarbeid mellom barnehage og foreldre og føresette, vurdere særskilde tilbod om språkstimulering i og utanfor barnehage og foreslå nye tiltak. Utvalet vil leggje fram si endelege innstilling i juni 2010.

Departementet har inngått eit samarbeid med Nasjonalt folkehelseinstitutt om bruk av data frå Mor og barn-undersøkelsen for mellom anna å

kartleggje den verknaden barnehagen har for språkutvikling hos barn, jf. omtale under kategori 07.50. Foreløpige resultat frå studien viser at barn som har gått i barnehage, har betre språkutvikling enn barn som ikkje har gått i barnehage. Blant barn som går i barnehage, er delen med forsinka språk lågare enn blant barn som blir passa heime. Det er også ein større del av barna som går i barnehage som snakkar i lange og samansette setningar. Desse funna gjeld på tvers av sosiale forhold.

Eit godt samarbeid mellom barnehagen og barnevernet er svært viktig for å kunne oppdage barn som har behov for hjelp, og for å kunne setje inn tidleg innsats og målretta tiltak for barn og foreldre. NOVA fekk i oppdrag å kartleggje meldepraksisen frå barnehagane til barnevernet og korleis barn som barnehagen er bekymra for, blir følgde opp. Resultata viser at det er større kontakt mellom barnehagane og barnevernstenesta enn dei offisielle tala syner. Rapporten syner at det er behov for kompetanse hos personalet og eit tettare og betre samarbeid mellom barnehagen og barnevernstenesta. Det er langt fleire rapporteringar frå kommunale enn frå private barnehagar. Utfordringa for kommunane er derfor å utforme generelle og systematiske samarbeidsrutinar med barnevernstenesta som også inkluderer dei private barnehagane. Departementet har i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet utarbeidd ein rettleiar om samarbeid mellom barnehage og barnevernstenesta.

Sidan 2002 har regjeringa i samarbeid med sentrale nasjonale parter forplikta seg til å styrkje arbeidet mot mobbing i barnehage, skole og fritidsmiljø gjennom *Manifest mot mobbing*. Det går fram av NOVA-rapporten *Kvalitet og kvantitet* (2009) at styrarane rapporterer at det sjeldan forekommer mobbing mellom barna i barnehagen. I 2004 rapporterte 22 pst. at mobbing aldri gjekk føre seg. I 2008 var talet stige til 30 pst. *Manifest mot mobbing* for 2006–08 vart avslutta og er ført vidare i nytt manifest for 2009–10. Å leggje vekt på lærings- og omsorgsmiljø ved å følgje opp rammeplanen om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, og å styrkje barnehagens samarbeid med foreldre, er to av tiltaka i det nye manifestet.

Likestilling

Departementet arbeider for å fremme likestilling mellom gutar og jenter og for å auke rekrutteringa av menn til barnehagen. Departementet har derfor utarbeidd *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008–2010)*. Denne inneheld mellom anna nye tiltak som skal auke kompetansen om likestilling i barnehagen og føre arbeidet

vidare for å nå målet om 20 pst. mannlege tilsette i barnehagane.

Evalueringa til Høgskolen i Vestfold (2009) syner at likestilling er eit område som ikkje blir prioritert i arbeidet med å implementere rammeplanen. Evalueringa konkluderer med at likestillingsarbeidet i barnehagen bør rettast meir inn mot å gi gutar og jenter høve til å delta i ulike lærings-situasjonar i barnehagen, slik rammeplanen legg føringer for.

Det har vore ein auke i talet på menn i barnehagane frå 2007 til 2008 på om lag 580 personar. Det er ein auke på 8,3 pst. Ved utgangen av 2008 var det om lag 7 600 menn i norske barnehagar. Om lag ni pst. av dei tilsette i barnehagane er menn, og i 2008 hadde om lag 39 pst. av barnehagane ein eller fleire menn tilsette i basisverksemd. Delen menn som fullfører førskolelæruddanninga har auka, men er framleis berre på 10,8 pst. av dei uteksaminerte studentane.

Barn med nedsett funksjonsevne

Barn med nedsett funksjonsevne kan trenge særskild tilrettelegging av fysiske og personalmessige forhold i barnehagen for at dei skal få eit godt pedagogisk tilbod. Staten gir derfor eit tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, jf. post 62. Barn under opplæringspliktig alder som har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp, jf. opplæringslova § 5-7.

I PRAKSISFOU er det av den årlege løyvinga på om lag 15,5 mill. kroner sett av vel 2,5 mill. kroner til forskning om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen, jf. post 51. Fire av prosjekta omhandlar barn med nedsett funksjonsevne.

NOVA-rapporten *Kvalitet og kvantitet* (2009) syner at 94 pst. av barnehagane med barn med nedsett funksjonsevne fekk ekstra ressursar til bemanning i barnehagen, 29 pst. til hjelpemiddel og 14 pst. til fysisk tilrettelegging. 87 pst. av barnehagane hadde etablert rutinar for kontakt med andre hjelpeinstansar i kommunen. 96 pst. av desse barnehagane hadde etablert kontakt med PP-tenesta.

I juli 2009 la Midtlyngutvalet fram si innstilling, NOU 2009: 18 *Rett til læring*, som vart sendt ut til høring hausten 2009. Innstillinga inneheld fleire forslag som vil kunne bidra til betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Utvalet har presentert nokre sentrale utfordringar: tendens til einsretting og mangel på omsyn til mangfaldet blant dei som får opplæring, ulikskapar i forståing av regelverk og utfordringar, mangel på samordning av tilbod og samarbeidskompetanse og forhold knytte til den spesialpedagogiske inn-

satsen, til dømes at samanhengen mellom kartlegging/utgreiing og konkret pedagogisk handling ikkje blir godt nok teke vare på.

Minoritetsspråklege barn

Talet på minoritetsspråklege barn i barnehagen har auka frå om lag 18 900 barn i 2007 til om lag 22 200 barn i 2008. I 2008 gjekk 67,4 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt til fem år i barnehage. Det er ein auke på 4,6 prosentpoeng frå 2007. I 2008 gjekk 92,8 pst. av alle minoritetsspråklege femåringar i barnehage, mot 96,8 pst. av alle femåringar i befolkninga totalt.

Eit av tiltaka for å rekruttere minoritetsspråklege barn til barnehage har vore forsøk med gratis kjernetid som Arbeids- og inkluderingsdepartementet står bak. Frå 2006 er det gitt tilbod om gratis kjernetid til fire- og femåringar i utvalde bydelar i Oslo. Tiltaket legg òg vekt på å gi systematisk språkstimulering i desse barnehagane. Fafo har på oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2009 gjennomført ei undersøking om forsøket med gratis kjernetid. Ifølgje undersøkinga synest erfaringane med gratis kjernetid i barnehage så langt å vere gode. Fleire barn enn tidlegare blir rekrutterte til barnehage, og fleire barn får eit språkstimuleringsstilbod. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2009–2010) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Ved utgangen av 2008 var det 1 132 førskolelærarar med innvandrarbakgrunn med jobb i barnehage, mot 925 i 2007. I 2008 utgjorde dette 4,3 pst. av alle førskolelærarar som arbeidde i norske barnehagar. Hausten 2008 hadde 6,3 pst. av studentane i førskolelæruddanninga innvandrarbakgrunn, sjå nærmare omtale i Del III, Mål for inkludering i Prop. 1 S (2009–2010) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Låg pris

Målet i 2008 var at prisen skulle vere så låg at alle som ønskte det, hadde råd til å betale for ein barnehageplass av god kvalitet. Maksimalgrensa for foreldrebetalinga vart 1. januar 2008 førd vidare på same nominelle nivå som i 2007. Maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod var i 2008 kr 2 330 per måned og kr 25 630 på årsbasis. Ei undersøking gjennomført av Statistisk sentralbyrå i januar 2009 syner at den gjennomsnittlege betalingssatsen på landsbasis i januar 2008, i både private og kommunale barnehagar, var lågare enn maksimalgrensa. Dette skyldast at ein del kommunar har inntektsgraderte betalingssatsar. For hushald med bruttoinntekt på kr 250 000, kr 375 000 og

kr 500 000 var satsane for ein heiltids plass i kommunal barnehage høvesvis kr 2 114, kr 2 265 og kr 2 296 i gjennomsnitt. For private barnehagar var den gjennomsnittlege betalingssatsen per januar 2008 på landsbasis kr 2 253. Maksimalprisen

synest derfor å vere gjennomført i barnehagane. Maksimalgrensa for foreldrebetalinga vart i 2009 ført vidare på same nominelle nivå som i 2008. I 2009 er maksimalprisen såleis kr 2 330 per måned og kr 25 630 per år.

Kap. 231 Barnehagar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	80 215	88 136	120 556
50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	12 380	12 925	13 339
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	6 767	7 065	7 291
60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	15 899 618	18 120 880	19 677 908
61	Investeringstilskott, <i>overslagsløyving</i>	228 882	173 000	189 600
62	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage	794 769	829 674	855 724
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	106 752	111 529	115 098
64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	39 400	33 000	42 000
65	Skjønnsmidlar til barnehagar	4 009 779	4 938 731	5 805 706
	Sum kap. 231	21 178 562	24 314 940	26 827 222

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane blir nytta til forsking, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiingar, kompetansetiltak, rekrutteringstiltak og informasjons- og erfaringsspreiing i barnehagesektoren.

Om lag 56 mill. kroner vart nytta til kompetanseutvikling over post 21 i 2008. I tillegg vart det løyvt midlar til dette formålet over post 51 og post 63. Samla vart om lag 66,5 mill. kroner nytta til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak i 2008. 25 mill. kroner vart tildelte fylkesmennene til fordeling til kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Første delrapport frå evalueringa av *Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010)* syner at dei midlane som blir forvalta av fylkesmennene, når dei aller fleste kommunane i landet, og at det vart nytta meir midlar til kompetanseutvikling i 2008 enn åra før. 13 mill. kroner vart tildelte Noregs forskingsråd over post 21 til praksisretta forskings- og utviklingsarbeid (PRAKSISFOU), jf. omtale under post 51. Totalt vart 11,5 mill. kroner nytta til oppfølging av *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. 6 mill. kroner vart nytta til arbeidsplassrelatert førskolelærarutdanning for

barnehageassistentar. Til rettleiingsprogrammet for nyutdanna førskolelærarar vart det nytta 1 mill. kroner, og rapportering syner at om lag 35 pst. av alle nyutdanna førskolelærarar fekk rettleiing det første året i yrket i 2008. Dessutan vart om lag 2,5 mill. kroner tildelte fylkesmenn i pressregionar for å leggje til rette for målretta rekrutteringstiltak til førskolelærarstudium og til barnehagane i samhandling med aktørar regionalt. Det vart i tillegg nytta midlar til rekruttering og gjennomstrøyming av tospråklege førskolelærarstudentar, jf. omtale under post 63.

Departementet nytta om lag 4,5 mill. kroner til vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid. Vidare vart Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) tildelt midlar til språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk, jf. omtale under post 63. For å støtte innføringa av ny rammeplan vart vel 1 mill. kroner nytta til temahefte og nasjonale konferansar.

I tillegg til ordinære midlar til fylkesmennene vart embeta tildelte om lag 13 mill. kroner til særskilde oppgåver på barnehagefeltet. Midlane vart nytta til informasjon, rettleiing, utviklingstiltak og kommunale nettverk.

Det vart vidare nytta om lag 2,5 mill. kroner i 2008 til barnehagetiltaka i *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008–2010)*.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten til kvalitetstiltak i barnehagane med 31,6 mill. kroner i 2010. Midlane skal i hovudsak nyttast til å følgje opp forslag i St.meld. nr. 41 (2008–2009) *Kvalitet i barnehagen*, til dømes kompetanseutviklingstiltak for tilsette i barnehagane, (til dømes studietilbod innan leiarskap for styrarar og PUB-studiet), oppretting av foreldreutval for barnehagar og forskning. Til denne satsinga kjem det òg eit løyvingingsbehov til utdanningsstøtte gjennom Statens lånekasse for utdanning over kap. 2410, som følgje av forslag om oppretting av nye studieplassar innanfor leiarskap for styrarar og PUB-studiet. For å betre samordninga i departementet innanfor utgreiingsarbeid og utviklingsoppgåver, er det foreslått å redusere posten med 2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 200 post 21, jf. omtale under kap. 200.

Post 50 Tilskott til samiske barnehagetilbod

Sametinget forvaltar tilskott til samiske barnehagar, tilskott til språktiltak i norskspråklege barnehagar med samiske barn og midlar til informasjons-, rettleiings- og utviklingsarbeid. Formålet med tilskottet er å leggje til rette for at samiske barn skal få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen.

Sametinget mottok i 2008 om lag 12,5 mill. kroner til desse formåla. 41 samiske barnehagar med om lag 950 barn fekk tildelt særskilt tilskott i 2008. I tillegg fekk 19 norskspråklege barnehagar tilskott til samiskopplæring. Det er gitt midlar til seks prosjektarbeid. Vidare er det gitt prosjektmidlar til ti læremiddelprosjekt. Fire av desse er på nordsamisk, tre på lulesamisk og tre på sørsamisk. Sametinget har i sine møte og konferansar med kommunar prioritert sentrale tema i *Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010)*, som pedagogisk leiing, medverknad frå barn, språkmiljø og språkstimulering og samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole. Samisk høgskole, Sametinget, KS Finnmark, Høgskolen i Finnmark og Fylkesmannen i Finnmark har sett i verk ein kampanje, *Drømmejobben/Gollevirgi*, for å rekruttere fleire studenter til dei to lærarhøgskolane i fylket. Kampanjen blir støtta av departementet. Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane blir nytta til forskning i og om barnehagar. Løyvinga på posten må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21.

Forskningsprogrammet PRAKSISFOU skal fremme forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanning, betre samanhengen mellom yrkesutdanning og yrkesutøving og medverke til at forskingsbasert kunnskap blir teken i bruk. I 2008 vart det løyvt vel 15,5 mill. kroner til PRAKSISFOU, der om lag 2,5 mill. kroner vart løyvde over post 51. I alt inneheld programmet 13 prosjekt som rettar seg mot barnehagen. Prosjekta omhandlar tema som barnehagens innhald, læring og utvikling, barnehagen som institusjon, førskolelærarutdanning, livslang læring, overgangen mellom barnehage og skole samt barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Sju prosjekt vart tildelte midlar i 2008. Dei fleste prosjekta er inne i si avsluttande fase. Endelege resultat frå barnehageprosjekta vil liggje føre i 2010–11. Om lag 4 mill. kroner vart løyvde over posten til *Program for velferdsforskning*. Det har vorte gjennomført to større forskingsprosjekt om barnehagar. Norsk senter for barneforskning (NOSEB) og Institutt for sosiologi og statsvitenskap ved NTNU fekk midlar til prosjektet *Institusjonalisering av barns liv i det moderne velferdssamfunnet*. NOVA og Høgskolen i Oslo fekk midlar til prosjektet *Barns omsorgskarrierer: Barnehagen som ledd i en omsorgskjede for barn opp til 3 års alder*. Programmet vart avslutta i 2008, og endeleg rapport vil bli publisert i november 2009. PRAKSISFOU vil bli avløyst av eit nytt praksisretta forskingsprogram som siktar mot å skaffe fram ny praksisrelevant kunnskap og stimulere kvalitet og relevans i FoU-verksemnda i lærarutdanningane. Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 60 Driftstilskott til barnehagar, overslagsløyving

Til denne posten hører fire tilskottsordningar: ordinært driftstilskott, tilskott til drift av barnehagar på Svalbard, tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktningar og tilskott til lønnstillegg for førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms.

Ordinært driftstilskott til barnehagar

Om ordninga

Det ordinære driftstilskottet skal nyttast til å nå måla om full barnehagedekning, lågare foreldrebetaling og god kvalitet i barnehagane. Driftstilskottet har, saman med dei andre statlege tilskotta,

vore viktig for å stimulere til auka utbygging av barnehageplassar og bidreg også til at barnehagane kan gi eit tilbod av god kvalitet til låg pris.

Driftstilskottet er øyremerkt og blir gitt til alle godkjende barnehagar. Tilskottet blir tildelt på grunnlag av det faktiske talet på barn i barnehagen, barnas alder og avtalt opphaldstid per veke. Driftstilskott blir avgrensa slik at barnehagen ikkje får tilskott for fleire barn enn det er plass til innanfor godkjenninga. Satsane er differensierte mellom offentlege og private barnehagar. Særskilde satsar gjeld for opne barnehagar.

Rapport for 2008–09

Det vart i 2008 utbetalt om lag 15 899,5 mill. kroner i driftstilskott til barnehagar. I hovudsak gjekk desse midlane til ordinært driftstilskott. Midlane medverka til at om lag 14 500 nye heiltidsplassar vart etablerte, noko som gav rom for om lag 12 100 nye barn i barnehage. Totalt hadde om lag 262 000 barn plass i barnehage i 2008.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve om lag 19 678 mill. kroner på posten i 2010. Befolkningsvekst og nominell vidareføring av maksimalprisen for foreldrebe-

talinga gir auka behov for barnehageplassar. Løyvingsbehovet for driftstilskott til nye plassar i permanente lokale i 2010 er rekna til 138 mill. kroner. Departementet har lagt til grunn ein auke på om lag 5 050 heiltidsplassar i permanente lokale, noko ein reknar med vil gi plass til vel 3 850 fleire barn i barnehage. Vidare går departementet ut frå at meirbehovet på posten knytt til nye faste plassar i mellombelse lokale utgjer 59,5 mill. kroner i 2010. Det er med dette lagt til grunn ein auke på om lag 2 150 heiltidsplassar, som er berekna å gi rom for vel 1 650 fleire barn i barnehage. Samla er det lagt til rette for meir enn 7 200 nye barnehageplassar og nær 5 500 fleire barn i barnehage. Meirbehovet knytt til heilårseffekt for plassar som vart etablerte i 2008 og 2009, er 560,5 mill. kroner.

Barnehagane må gjennom driftstilskottet få kompensasjon for mindreinntekter frå foreldrebetalinga som konsekvens av at maksimalprisen blir ført vidare på same nominelle nivå som i 2009. Det gir eit meirbehov på posten på 215 mill. kroner. Vidare gir forventa pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2010 eit meirbehov på om lag 584 mill. kroner.

Totalt foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 1 557 mill. kroner nominelt i 2010.

Tabell 4.9 Satsar for statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2010, offentlege barnehagar

Opphaldstid per veke	(i kr per år)	
	Barn fødde 2006 og tidlegare	Barn fødde 2007 og seinare
0–8 timar	9 490	17 870
9–16 timar	19 195	36 025
17–24 timar	29 185	54 330
25–32 timar	39 085	72 675
33–40 timar	42 145	77 865
41 timar eller meir	52 965	94 075

Tabell 4.10 Satsar for statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2010, private barnehagar

Opphaldstid per veke	(i kr per år)	
	Barn fødde 2006 og tidlegare	Barn fødde 2007 og seinare
0–8 timar	10 470	19 900
9–16 timar	21 195	40 055
17–24 timar	32 120	60 400
25–32 timar	43 040	80 745
33–40 timar	46 240	86 370
41 timar eller meir	58 170	104 305

Tabell 4.11 Satsar for statleg driftstilskott til opne barnehagar for 2010

Opphaldstid per veke	(i kr per år)
	Tilskottssats
6–15 timar	8 275
16 timar eller meir	15 155

Tilskott til drift av barnehagar på Svalbard

Tilskottet skal medverke til at barnehageeigarar på Svalbard kan gi eit tilbod av god kvalitet med låg foreldrebetaling til dei som ønskjer barnehageplass. Det blir utbetalt driftstilskott til barnehagar på Svalbard etter ordinære satsar. Barnehagelova gjeld ikkje på Svalbard. Tilskottet blir tildelt etter vedtak i departementet i kvart enkelt tilfelle. Tilskottet blir utbetalt gjennom Longyearbyen lokalstyre. Departementet har ansvaret for oppfølging og kontroll av tilskott til drift av barnehagar på Svalbard.

Det vart i 2008 utbetalt om lag 9 mill. kroner i driftstilskott til barnehagane på Svalbard. 127 barn gjekk i barnehage i den norske busetnaden på Svalbard ved utgangen av 2008. Dekningsgraden for barn i alderen eitt til fem år var med det om lag 89 pst.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2009.

Tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktningar

Formålet med tilskottet er å gjere kommunar og private barnehageeigarar i stand til å gi barn av nykomne flyktningar eit barnehagetilbod når familien skal etablere seg i busetjingskommunen etter opphald i mottak. Ordninga gjeld også for barn av personar som har fått opphald på humanitært

grunnlag. Barn av asylsøkjjarar er ikkje omfatta av ordninga. Hovudregelen er at barnehageeigarar må ha tilsett ein tospråkleg assistent for å bli tildelt tilskott til barnehagetilbod for barn av nykomne flyktningar. Tilskottet omfattar eit barnehagetilbod på 15 timar per veke i åtte månader. Barnehagetilbodet kan organiserast anten som eit eige barnehagetilbod for flyktningbarn eller som eit tilbod der flyktningbarna går i barnehage saman med norske barn.

Det vart i 2008 utbetalt om lag 13,5 mill. kroner til dette formålet. 383 barn var omfatta av ordninga i 2008. Dette er ein auke på 25 barn frå 2007. Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2009.

Lønnstillegg til førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms

Formålet med lønnstillegget er å betre tilgangen på pedagogisk personale i Finnmark og Nord-Troms. Lønnstillegget blir gitt til pedagogisk personale som er tilsett som styrarar eller pedagogiske leiarar i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar, og til tilsette i barnehageadministrasjonen i kommunane. Tilskottet blir gitt dersom det i meir enn 30 pst. av stillingane som styrarar og pedagogiske leiarar i kommunen er tilsett personar utan pedagogisk utdanning i samsvar med barne-

hagelova § 17 andre ledd og § 18 første og andre ledd.

Om lag 11,5 pst. av styrarar og pedagogiske leiarar i Finnmark var utan førskolelæruddanning ved utgangen av 2008, mot 15,4 pst. i 2007. Tilsvarende tal for Troms var 12,6 pst. ved utgangen av 2008 og 17,8 pst. i 2007. Dette er ei svært positiv utvikling.

Lønnstillegget utgjer kr 20 000 per år i full stilling. Om lag kr 500 000 vart nytta til dette formålet i 2008. Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2009.

Post 61 Investeringstilskott, overslagsløyving

Ordninga med investeringstilskott er eit viktig verkemiddel for å få kommunane til å oppfylle retten til barnehageplass. Investeringstilskottet er eit eingongstilskott som blir tildelt ved nyetablering av plassar i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Varige barnehageløysingar er viktige for lokal miljøet og stabiliteten i tilbodet. Tilskottet har derfor ei bindingstid på ti år.

Tilskottet blir gitt ved etablering av nye plassar i ordinære barnehagar. Det blir ikkje gitt investeringstilskott til familiebarnehage eller verksemd driven som open barnehage. Investeringstilskottet blir fastsett etter auken i talet på barn med barnehageplass.

Tilskottet dekkjer delar av anleggskostnadene ved nybygg, tilbygg eller ombygging og reduserer slik finansieringsbehovet ved etablering av nye plassar. Rehabilitering og utbetring av eksisterande barnehagebygg blir ikkje omfatta av ordninga.

Investeringstilskottet medverka til den sterke utbygginga av barnehageplassar i 2008. Totalt vart om lag 229 mill. kroner betalte ut som investeringstilskott i 2008.

Departementet foreslår å løyve 60 mill. kroner i investeringstilskott til nye barnehageplassar i 2010. Det blir lagt til grunn at 3 850 fleire barn vil få plass i permanente lokale i 2010. Det blir vidare lagt til grunn at det ved inngangen til 2010 vil vere eit etterslep av søknader om investeringstilskott knytt til etablering av barnehageplassar i 2009. Departementet foreslår derfor å løyve om lag 51,5 mill. kroner på posten til plassar etablerte i 2009.

Departementet føreset at nokre barn med barnehageplass i mellombelse lokale blir førde over til permanente lokale i 2010, noko som gir eit løyvingsbehov på posten på 78 mill. kroner.

Departementet foreslår at maksimalsatsane for investeringstilskottet blir førde vidare på same

nominelle nivå som i 2009. Totalt er det foreslått å løyve 189,6 mill. kroner på posten i 2010.

Post 62 Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage

Tilskottsordninga skal medverke til at barn med nedsett funksjonsevne skal kunne dra nytte av opphald i barnehagen. Barn med nedsett funksjonsevne kan trenge særskild tilrettelegging av fysiske og personalmessige forhold. Ei slik tilrettelegging vil ofte føre med seg ekstra kostnader for barnehageeigaren. Det blir derfor gitt eit ekstra tilskott frå staten til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen.

Tilskottet er øyremerkt barn med nedsett funksjonsevne i barnehagane og skal ikkje nyttast til å finansiere tilbod eller rettar barna har etter anna regelverk. Tilskottet kan mellom anna nyttast til å styrkje bemanninga i barnehagen, redusere storleiken på barnegruppa, gi tilskott til eller dekkje særskilde skyssordningar, gi heil eller delvis dekning av friplass, innkjøp av særskilt materiell eller finansiering av utbetringar av lokala og utearealet i barnehagen. Tilskottet blir fordelt til kommunane etter talet på barn i alderen eitt til fem år i kommunen. Midlane skal fordelast vidare etter ei konkret vurdering av behovet i den einkilde barnehagen og hos det einkilde barnet. Det er kommunens ansvar å yte det som er nødvendig av egne midlar, i tillegg til tilskottet frå staten, for å gi barn med nedsett funksjonsevne eit tilbod i kommunale eller ikkje-kommunale barnehagar.

I 2008 vart om lag 795 mill. kroner tildelte til kommunane. Tilskottet medverka i 2008 til at om lag 5 600 barn med nedsett funksjonsevne gjekk i barnehagar som fekk ekstra ressursar.

Departementet foreslår å løyve om lag 856 mill. kroner på posten i 2010.

Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Midlane på posten blir nytta til ulike tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Ein hovuddel av midlane blir nytta til tilskott til kommunane slik at dei kan utforme tiltak for å betre språkforståinga. Ei målsetjing med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å rekruttere fleire minoritetsspråklege barn til barnehagen. Barnehagen er den viktigaste integrerings- og språkopplæringsarenaen for barn i førskolealder. Målretta språkstimuleringstiltak overfor barn i førskolealder og bruk av tospråkleg assistanse i barnehage vil kunne medverke til ein

betre skolestart for barn som ikkje har norsk som morsmål, og på lengre sikt auke deltakinga frå barna på alle arenaer i samfunnet. Ei anna målsetjing er å medverke til at kommunane utformar heilskaplege tiltak på tvers av dei ulike tenestetilboda.

Tilskottet blir delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn i barnehage, slik det kjem fram av årsmelding for barnehagar. Tilskottet skal vere eit supplement til kommunanes eigne midlar og skal primært nyttast til tiltak retta direkte mot barna.

KOSTRA-tal for 2008 syner at om lag 9 100 minoritetsspråklege barn i barnehage fekk tilbod om særskild språkstimulering utover det ordinære arbeidet med språkutvikling i barnehagen. Dette er ein auke på vel 1 000 barn frå 2007.

Totalt vart nær 107 mill. kroner nytta over posten i 2008. Om lag 99 mill. kroner vart fordelte til kommunane. Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) ved Høgskolen i Oslo fekk tildelt vel 4 mill. kroner til kompetanseutviklingsprogram og utviklingsprosjekt i eit utval fylke og barnehagar. Ei evaluering av prosjektet, gjennomført av NAFO, syner at barnehagane har vorte meir bevisste omkring fleirspråklege barn og at dei har betra den fleirkulturelle kompetansen. Vidare blir det rapportert om positive verknader for både minoritets- og majoritetsspråklege barn. Fylkesmannsembeta fekk nær 2 mill. kroner til språkstimulering. Det vart i tillegg tildelt 2 mill. kroner til eit nettverk av høgskolar til eit prosjekt som starta i 2007 med formål å auke rekrutteringa og gjennomstrøyminga av tospråklege førskolelærarstuderantar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 64 Tilskott til mellombelse lokale, overslagsløyving

Tilskottet til faste plassar i mellombelse lokale er eit sentralt verkemiddel for å auke kapasiteten i barnehagesektoren og skal medverke til at kommunane kan oppfylle retten til barnehageplass. Tilskottet blir gitt ved nyetablering av plassar i både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Storleiken på tilskottet er avhengig av opphaldstida til barnet. Satsen for heiltids- og deltids-plassar er høvesvis kr 20 000 og kr 10 000. Berre ordinære barnehagar godkjende i samsvar med barnehagelova kan få tilskottet. I tillegg må det eksistere ein konkret plan for permanent barnehage med plass til alle barna. Fristen for å flytte barna over i permanent barnehage er tre år.

Tilskottet har medverka til auka utbygging av barnehageplassar. Rapportering frå kommunane per 20. september 2008 syner at nær 38 pst. av kommunane nytta mellombelse lokale i 2008. Totalt var det nær 10 600 faste plassar i mellombelse lokale per 20. september 2008. Dette utgjør ein auke på om lag 26 pst. frå året før. Totalt vart det utbetalt om lag 39,5 mill. kroner i tilskott til faste plassar i mellombelse lokale i 2008.

Departementet foreslår å løyve 22,5 mill. kroner til nye barnehageplassar i mellombelse lokale i 2010. Det er lagt til grunn at 1 650 barn vil få fast plass i mellombelse lokale etablerte i 2010. Vidare føreset departementet at det ved inngangen til 2010 vil vere eit etterslep av søknader om mellombelse lokale knytt til etablering i 2009. Løyvingsbehovet i samband med dette utgjør 19,5 mill. kroner.

Departementet foreslår at satsane for tilskottet blir førde vidare på same nominelle nivå som i 2009. Totalt foreslår departementet å løyve 42 mill. kroner på posten i 2010.

Post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar

Om ordninga

Skjønnsmidlane er statlege midlar som blir overførde til kommunane og er øyremerkte barnehagedrift. Målet med skjønnsmidlane er å kompensere for auka netto meirutgifter i kommunane som følgje av innføring av maksimalpris for foreldrebetalinga, kommunal plikt til likeverdig behandling og drift av nye barnehageplassar.

Satsane for skjønnsmidlar til nye plassar baserer seg på ein årleg kostnadsanalyse som ser på kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i eit representativt utval kommunar. Satsane er dermed baserte på berekna nasjonale gjennomsnittskostnader for drift av barnehagar.

Rapport for 2008–09

Skjønnsmidlane medverka til at om lag 14 500 nye heiltidsplassar vart oppretta i 2008. Totalt vart det utbetalt om lag 4 010 mill. kroner i skjønnsmidlar i 2008.

Departementet gjennomførde i 2009 ein kontroll av kommunanes bruk av skjønnsmidlar tildelte i 2007. 45 kommunar vart valde ut til kontrollen på grunnlag av risiko for feilbruk av midlane. Kontrollen førde til at to kommunar vart trekte for totalt 1,9 mill. kroner i skjønnsmidlar.

KOSTRA-tal syner at netto driftsutgifter til barnehagar i kommunane har auka nominelt med 57,5 pst., eller vel 1,9 mrd. kroner, frå 2003 til 2008. Staten og KS har gjennom konsultasjonsordninga ført ein dialog om årsakene til utviklinga i eigenfi-

nansieringa til kommunane. Medan mange kommunar har auka eigenfinansieringa, har andre redusert bruken av frie inntekter på barnehagar. Reduksjon i eigenfinansieringa er i strid med vilkåra for tildeling av skjønnsmidlar. Departementet vil derfor følgje opp dette overfor kommunane.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve om lag 5 806 mill. kroner i skjønnsmidlar til kommunane i 2010. Løyvingsbehovet på posten knytt til etablering av nye plassar i permanente lokale er berekna til 128,5 mill. kroner. Vidare er meirbehovet på posten knytt til utbygging av faste plassar i mellombelse lokale berekna til 55 mill. kroner.

Auken i driftstilskottet som følgje av nominell vidareføring av maksimalprisen for foreldrebetalinga tek ikkje omsyn til at mange foreldre i dag har redusert foreldrebetaling på grunn av søskenmoderasjon, inntektsgradering og friplassar. Dette

inneber at foreslått auke i satsane for driftstilskottet overkompenserer barnehagane for kostnadene med redusert maksimalpris. Mindrebehovet på posten som følgje av dette er 11,5 mill. kroner.

Meirbehovet på posten ved å kompensere kommunane for meirutgifter til plassar etablerte i 2008 og 2009 er totalt 453 mill. kroner.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 82 mill. kroner som følgje av at ein tek første steg i opptrappinga mot full økonomisk likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Samstundes tek departementet sikte på å auke minimumsforpliktinga i forskrifta frå 85 pst. til 88 pst. frå 1. august 2010.

Justering for forventta pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2010 gir eit meirbehov på om lag 160 mill. kroner.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med totalt om lag 867 mill. kroner nominelt i høve til 2009.

Programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling

Utgifter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
252	EUs program for livslang læring	176 752	187 697	215 381	14,7
253	Folkehøgskolar	592 986	619 478	641 301	3,5
254	Tilskott til vaksenopplæring	192 365	198 969	205 335	3,2
255	Tilskott til freds- og menneskeretts- sentra o.a.	43 790	50 974	56 806	11,4
256	Vox - Nasjonalt fagorgan for kompe- tansepolitikk	51 044	54 041	52 523	-2,8
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	41 479	38 570	79 804	106,9
258	Analyse og utviklingsarbeid	37 347	38 066	43 114	13,3
	Sum kategori 07.50	1 135 763	1 187 795	1 294 264	8,5

Inntekter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
3256	Vox - Nasjonalt fagorgan for kompe- tansepolitikk	6 909	10 285	10 614	3,2
	Sum kategori 07.50	6 909	10 285	10 614	3,2

Innleiing

Eit høgt kunnskaps- og kompetansenivå i heile folket er grunnlaget for sosial utjamning og for at norske verksemdar skal ha den kompetansen dei treng. Det er derfor viktig å leggje til rette for at fleire skal kunne tileigne seg ny kunnskap og oppgradere kompetansen sin gjennom utdanning og opplæring.

Framskrivning av framtidens kunnskapsbehov viser at sjansane i arbeidsmarknaden er små for dei med svake grunnleggjande dugleikar. Det er derfor eit mål å løfte kunnskapsnivået for dei som

treng det mest. Motivasjon, god rettleiing og fleksible ordningar for læring på ulike arenaer er viktige tiltak

Regjeringa har lagt fram St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*, med forslag om tiltak for å støtte opp om læring i eit livslangt perspektiv og vidareutvikling av ein fleksibel utdannings- og opplæringssektor. Det er første gongen det er fremma ei stortingsmelding som omhandlar heilskapen i samfunnets kompetansebehov, og som drøfter dei strategiske utfordringane. Meldinga foreslår ei rekke tiltak. Departementet viser til meldinga for nærmare omtale.

Nøkkelindikatorar

Lærevilkårsmonitoren syner at omfaget av læringsaktivitetar for vaksne har auka i dei seinare åra, sjølv om tala viser stabilitet. Av dei sysselsette svara 54 pst. at dei har delteke på kurs/opplæring i 2008. Det har vore ei jamn svak auke frå 2003–2008

i delen av dei sysselsette som har læringsintensivt arbeid. I 2008 var delen av dei sysselsette i læringsintensivt arbeid over 60 pst. Den delen av befolkninga i alderen 22–66 år som deltek i formell vidareutdanning, har auka svakt frå 2003, og er på over 8 pst. av dei sysselsette i 2008.

Tabell 4.12 Delen sysselsette som har delteke i kurs og opplæring og som har læringsintensivt arbeid, og delen av befolkninga som har delteke i formell vidareutdanning (personar som er 22–66 år). 2003–08

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Læringsintensivt arbeid	58,0 %	53,0 %	59,8 %	60,8 %	63,5 %	63,0 %
Kurs og opplæring	57,2 %	55,4 %	50,1 %	49,0 %	52,6 %	54,0 %
Formell vidareutdanning	6,6 %	7,6 %	6,2 %	7,6 %	6,2 %	8,2 %

Kjelde: SSB/Lærevilkårsmonitoren

Om lag 7 500 personar over 25 år avla fag- og sveineprøve i løpet av skoleåret 2007–08. Dette var ein auke på om lag 800 personar frå skoleåret før. Talet på fag- og sveineprøver har i åra før vore stabilt. Av dei som framstiller seg til fag- og sveineprøva, består rundt 90 pst. prøva. Om lag 90 pst. av dei

vaksne som har fått heile opplæringa i vidaregåande skole, oppnår fagprøva, mens delen er rundt 95 pst. for praksiskandidatane og noko lågare enn dette for ordinære lærlingar. Det er ein høgare del av dei vaksne som består fag- og sveineprøve, enn av dei som er under 25 år.

Tabell 4.13 Avlagde og beståtte fag- og sveineprøver 2004–2008. Alder er per 31. desember det skoleåret fag- og sveinebrevet blir avlagd

		Avlagde prøver	Beståtte prøver	Andel beståtte prøver
2004–05	Under 25 år	11 438	10 432	
	Over 25 år	7 256	6 856	92 %
2005–06	Under 25 år	11 494	10 597	
	Over 25 år	7 072	6 724	93 %
2006–07	Under 25 år	12 095	11 200	
	Over 25 år	7 185	6 806	93 %
2007–08	Under 25 år	13 289	12 233	
	Over 25 år	7 999	7 535	93 %

Kjelde: Statistikkbanken SSB.

Hovudprioriteringar 2010

Den viktigaste prioriteringa i 2010 vil vere å følgje opp St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* og Stortinget si handsaming av denne. Meldinga legg opp til at det må jobbast på tvers av ulike politikk-område, stimulere til auka samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet samt sjå det lokale, regionale og nasjonale nivået i samanheng.

I ein periode prega av lågkonjunktur er det viktig med tiltak for å hindre utstøytning frå arbeidslivet. Forsking viser at dei som først fell ut av arbeidsmarknaden ved omstillingsprosessar, er dei med svake grunnleggjande dugleikar. Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) skal medverke til å styrkje lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleikar blant vaksne arbeidstakarar og arbeidssøkjjarar. Bedrifter og offentlege verksemder kan få tilskott til å gi tilsette opplæring i grunnleggjande

dugleikar. I forbindelse med tiltakspakken til regjeringa og revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart Program for basiskompetanse i arbeidslivet styrkt med til saman 40 mill. kroner for møte utfordringane i arbeidslivet. Regjeringa foreslår å føre vidare denne satsinga også i 2010.

Mål: Vaksne som treng det, får opplæring

I eit samfunn der kunnskap i aukande grad er grunnlaget for berekraftig utvikling, er høve til læring gjennom heile livet viktig både for samfunnet og den einskilde. Gjennom å leggje til rette for alternative læringsarenaer og læringsformer ønskjer regjeringa å medverke til at kvar einskild skal kunne utvikle evnene sine og fagkompetansen sin gjennom heile livet.

Kunnskapsdepartementet støttar opp om opplæringstilbod slik som folkehøgskolar, studieforbund og fjernundervisning, som eit supplement og alternativ til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningssystemet og i arbeidslivet, jf. kap. 253 og 254.

Tilstandsvurdering

Vaksenopplæringsfeltet involverer mange aktørar med stor kunnskap om vaksnes læring. Det er viktig å sjå innsatsen for og kunnskapen om vaksnes læring i samanheng.

Med bakgrunn i NOU 2007: 11 *Studieforbund – læring for livet* (Tronutvalet) er ny lov som regulerer opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet, utarbeidd og vedteke. Departementet ventar at lova vil medverke til å utvikle vidare eit nasjonalt system for livslang læring. Departementet vil i samband med lova gi forskrift om mellom anna godkjenning av studieforbund og om tilskottsordningane, slik at ein kan utvikle betre informasjon om verksemda i studieforbunda.

For mange vaksne arbeidstakarar er arbeidsplassen den viktigaste læringsarenaen. Gode grunnleggjande dugleikar aukar produktiviteten og sjansane den einskilde har på arbeidsmarknaden. Samstundes vil manglande grunnleggjande dugleikar vere til hinder for å ta del i opplæring og for oppgradering av fagkunnskap. Departementet vil arbeide for å utvikle og nytte arbeidsplassen som læringsarena for alle grupper både innanfor og utanfor arbeidslivet gjennom Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), jf. omtale under kap. 257.

Samarbeidsavtalar mellom lokale NAV-kontor og kommunesektoren om utdanning som tiltak for arbeidssøkjjarar er ei viktig plattform for vaksne si læring. Det er no inngått avtalar i dei fleste av fyl-

keskommunane om slikt samarbeid. Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet følgjer opp om avtalane fører til at fleire får opplæring.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil styrkje samarbeidet om vaksnes læring og bidra til å utvikle møteplassar og samarbeidsarenaer for offentlege og private aktørar på området, jf. kap. 256.

Regjeringa vil setje i gang eit arbeid med sikte på å innføre ein rett til opplæring i grunnleggjande dugleikar i lesing, skriving og rekning for vaksne som har behov for det, i kombinasjon med vidaregåande opplæring, jf. St.meld. nr. 44 (2008 – 2009).

Kunnskapsdepartementet vil halde fram med å styrkje vaksnes lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleik gjennom *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* (BKA). Programmet, som vart oppretta i 2006, er retta mot dei gruppene som manglar den grunnleggjande kompetansen dei treng for å fungere godt i arbeids- og samfunnslivet. Auken i løyvinga til BKA i 2009 er foreslått ført vidare i 2010, jf. omtale under kap. 257.

Dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse er til nytte for den einskilde både når det gjeld arbeid og ved opptak i det formelle utdanningssystemet. Departementet er oppteken av at kompetansen som den einskilde opparbeider seg gjennom arbeidsliv og deltaking i frivillig arbeid, skal kunne dokumenterast og verdsetjast, og vil derfor setje i verk eit prosjekt for bruk av realkompetanse på alle nivå. Departementet vil òg setje i verk tiltak som kan gi auka bruk og likare praksis i bruk av dei ulike ordningane for realkompetanse, og sjå desse i samband med kvarandre, jf. omtale under kap. 258.

Informasjon om og tilgang til god rettleiing om utdanning og arbeid er viktig for vaksne i ulike livshøve. Feilval og omval er belastande både for den einskilde og for samfunnet. Dette krev at rettleiingstenesta for utdannings- og yrkesval er av god kvalitet. Kunnskapsdepartementet har i 2009 fått gjennomført ei utgreiing av ein nasjonal koordineringsfunksjon for å sjå karriererettleiing mot ulike grupper i samanheng. Departementet vil vurdere å opprette ein nasjonal funksjon for karriererettleiing og saman med relevante aktørar bidra til å auke kunnskapsgrunnlaget for utdannings- og arbeidsretteiing, jf. kap. 226, kap. 256 og kap. 258.

Departementet vil saman med relevante aktørar stimulere til at det blir utvikla tilbod i fag- og yrkesopplæring som i større grad kan nyttast av arbeidssøkjjarar utan fullført vidaregåande opplæring, jf. kap. 258.

Mål: Kunnskap om samfunnets kompetansebehov

For å møte kompetanseutfordringane framover er det naudsynt med god kunnskap om framtidens behov for kunnskap og kompetanse i arbeids- og samfunnsliv generelt, og i utdannings- og opplæringssektoren spesielt. Eit solid datagrunnlag, forskning og gode analysar er her viktige verkøy.

Tilstandsvurdering

Det er naudsynt med analyser for å kunne sjå behova for kunnskap og kompetanse i samheng med utviklinga i arbeidsmarknaden. Noreg har på nasjonalt nivå ikkje systematiske analyser av eit heilskapeleg kompetansebehov eller møteplassar for å drøfte slike problemstillingar. Fleire land har etablert eit systematisk arbeid med framskrivning og formidling av framtidige kompetansebehov.

Strategiar og tiltak

Norsk arbeidsliv er i stor grad kunnskapsbasert og stiller store krav til omstillingsevne og nyskaping.

For å styrkje kunnskapen om samfunnets kompetansebehov vil departementet opprette eit heilskapleg system for framskrivning, analysar og dialog om framtidige kompetansebehov. Eit slikt system skal utvikle og bruke gode modellar for framskrivningar og analysar. Formidling av resultat og dialog med aktuelle aktørar om til dømes utdanningsval, kompetanseinvesteringar og opplærings-tilbod vil vere viktige oppgåver.

Eit slikt kunnskapsgrunnlag vil òg vere nyttig for den einskilde i val av utdanning og yrke.

Mål: Solid kunnskap om utdannings- og opplæringssektoren

Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor og vil styrkje kunnskapsgrunnlaget for politikkkutforming, profesjonsutdanning og forskning.

Tilstandsvurdering

Det er behov for å auke omfanget av norsk utdanningsforskning om og for sektoren. Samtidig er det framleis behov for å heve kvaliteten i utdanningsforskninga.

Regjeringa har lansert ein strategi for utdanningsforskning, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Som ein del av strategien har Noregs forskingsråd sett i verk eit nytt program for utdanningsforskning, *Utdanning 2020*,

for perioden 2009–18. Målsetjingane til programmet er å auke omfanget av norsk utdanningsforskning, styrkje kunnskapsbasen på utdanningsområdet frå barnehage til høgre utdanning, heve kvaliteten og den vitenskaplege forankringa i norsk utdanningsforskning, betre relevansen på brukretta og anvendt forskning og å styrkje rekrutteringa til utdanningsforskninga. Programmet skal medverke til større og meir slagkraftige fagmiljø og motivere for samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Område og tema som det til no har vore forska lite på, skal prioriterast. Det er sett ned eit programstyre som har tildelt dei første midlane til forskingsprosjekt hausten 2009.

Brukarane i utdanningssektoren treng betre informasjon enn dei får i dag om utdanningsforskninga og resultatata. Dette gjeld både dei som har ansvar for profesjonsutdanningane, skoleeigarar, forskarar, skoleleiarar, lærarar og dei som arbeider med grunnlagsdokument i politikkkutforminga.

Strategiar og tiltak

Kunnskapsdepartementet følgjer opp strategien for utdanningsforskning gjennom å foreslå å auke løyvinga til forskingsprogrammet *Utdanning 2020* med 5 mill. kroner til 24 mill. kroner i 2010. Programmet vert finansiert over kap. 226, 258 og 281.

Departementet foreslår også å etablere eit nytt praksisretta forskingsprogram i Noregs forskingsråd for å utvikle vidare og styrkje FoU-kompetansen i lærarutdanningane og bidra til ny praksisretta kunnskap om barnehage og skole. Det nye programmet vil erstatte programmet *Praksisrettet FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning* som blir avslutta i 2010. Løyvinga er foreslått vidareført på eit noko lågare nivå. Måla for det nye programmet er å styrkje FoU-kompetansen i lærarutdanningane, å auke kvaliteten i den praksisnære utdanningsforskninga og å stimulere FoU-samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet i barnehage og skole. Programmet er foreslått finansiert over kap. 226, 231 og 281.

St.meld. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* varslar at departementet vil vurdere å opprette eit Kunnskapssenter for utdanning. Brukarane i utdanningssektoren treng betre informasjon enn dei får i dag om utdanningsforskninga og om resultatata. Det er behov for å auke omfanget av forskingsformidlinga i utdanningssektoren.

Målgruppa for eit kunnskapssenter vil først og fremst vere sentrale og lokale styresmakter, forskarar og lærarutdanningsinstitusjonar. Men kunnskapen som eit slikt senter vil ha og formidle vil òg kunne vere av interesse for skoleleiarar, lærarar, studentar og andre. Kunnskapssenteret skal

samanstille og formidle resultat frå systematiske kunnskapsoversikter, basert på norsk og internasjonal forskning, samt halde oversikt over og syntetisere norsk utdanningsforskning. Oversikta over forskinga skal omfatte både kvantitativ og kvalitativ forskning. Senteret skal òg kunne skaffe systematiske kunnskapsoversikter frå miljø som har spesialisert seg på dette. Det vil ikkje vere ei prioritert oppgåve for senteret å utarbeide slike omfattande oversikter sjølv. Det vil vidare vere ei oppgåve å identifisere hol i kunnskapsgrunnlaget og kommunisere behovet for ny forskning til Noregs forskingsråd, forskingsmiljøa og den sentrale utdanningsadministrasjonen. I tillegg skal senteret skape ein møteplass for forskarar, styresmakter og folk frå sektoren. Senteret skal dekkje heile utdanningssektoren, inkludert barnehage, grunnsopplæringa og høgre utdanning.

Som varsla i St.prp. nr 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet, har departementet fått gjennomført ei utgreiing av spørsmålet om behov for ei slik eining. Rapporten frå Rambøll Management konkluderer med at det er stor oppslutning i sektoren om behovet for eit kunnskapscenter for utdanning. Kunnskapsdepartementet foreslår å etablere eit kunnskapscenter for utdanning frå 1. januar 2011. Det er sett av 2 mill. kroner til førebuing frå hausten 2010 under kap. 226. Noregs forskingsråd får oppgåva med å etablere senteret.

Noreg vil i 2010 delta i ein større felttest av vaksnes kompetanse i regi av OECDs *Programme for International Assessment of Adult Competencies* (PIAAC), jf. kap. 226 og kap. 258. Undersøkinga vil framskaffe data for betre å kunne målrette framtidige satsingar knytte til utdannings- og arbeidsmarknadspolitikkk for vaksne. Undersøkinga skal gjennomførast med ein større felttest i 2010 som grunnlag for sjølv undersøkinga i 2011–2012. 28 land, blant dei Danmark, Sverige og Finland deltek i utviklinga av PIAAC. Avgjersle om å delta i hovudundersøkinga i PIAAC vil bli teken i 2010 etter analyse av erfaringar og data frå felttesten.

Departementet vil styrkje den vitskaplege kompetansen om pedagogiske målingar (psykome-

trisk forskning), jf. omtale i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Om kvalitet i skolen*, og vil opprette ei eining for psykometrisk forskning knytt til eit eksisterande fagmiljø i universitets- og høgskolesektoren i Noreg, jf. kap. 226. Departementet tek sikte på at eininga blir oppretta i 2010. Noregs forskingsråd har utlyst ein konkurranse blant fagmiljø i universitets- og høgskolesektoren for val av vertsinstitusjon.

Rapport 2008–09

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) har i 2009 vorte styrkt med 40 mill. kroner gjennom regjeringa si tiltakspakke og revidert nasjonalbudsjett for 2009. I samband med dette har programmet blitt utvida til også å omfatte arbeidstakarar i konjunkturutsette bransjar. Programmet har også medverka til opplæring av arbeidsledige i samarbeid med NAV. Studieforbunda har vore viktige opplæringstilbydarar, jf. kap. 257.

I St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* har regjeringa lagt fram forslag til tiltak for å betre praktisering av realkompetansevurdering. Det er òg gjennomført ei utgreiing om nasjonal koordinering av karriererettleiing, jf. kap. 258.

Med bakgrunn i NOU 2007: 11 *Studieforbund – læring for livet* (Tronutvalet) er ny lov som regulerer opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet, utarbeidd og vedteke.

Departementet har i 2008–09 lagt grunnlaget for å betre kunnskapen om vaksnes læring bl.a. i samband med analysar og utgreiingar som bakgrunn for St.meld. nr. 44 (2008–2009). Noreg har òg delteke i eit forprosjekt for ein større felttest (PIAAC) av vaksne sin kompetanse i regi av OECD, jf. kap. 258.

For å styrkje utdanningsforskninga har departementet gjennomført ei utgreiing om etablering av eit kunnskapscenter for utdanning. Det nye forskingsprogrammet *Utdanning 2020* er etablert og har hatt si første utlysing av forskingsmidlar, jf. kap. 258.

Kap. 252 EUs program for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Tilskott	176 752	187 697	215 381
	Sum kap. 252	176 752	187 697	215 381

Om ordninga

Noreg deltek i EUs program for livslang læring, *Action Programme in the field of Lifelong Learning 2007–2013* (LLP), jf. Innst. S. nr. 130 (2006–2007) og St.prp. nr. 36 (2006–2007).

LLP dekkjer heile utdanningsløpet frå barnehage til vaksenopplæring, og består av fire sektoraktivitetar: Comenius, Erasmus, Leonardo da Vinci og Grundtvig.

Målet med norsk deltaking i programmet er å etablere moglegheiter for mobilitet i heile utdanningssektoren, slik at dette bidreg til å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i heile utdanningssystemet. Norske aktørar får her anledning til samarbeid med elevar, studentar, instruktørar, lærlingar, lærarar og utdanningsinstitusjonar frå dei fleste landa i Europa.

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk for å stimulere til den faglege utviklinga til institusjonane, elevane og studentane. Kompetanse i språk og kunnskap om kultur er svært viktig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna skal vere kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv. Det skal vere mogleg for alle personar i utdanningssektoren i Noreg å ta delar av utdanninga i utlandet. Deltaking i LLP er her eit viktig verkemiddel.

Noreg har to medlemmer i den europeiske programkomiteen for LLP. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) er nasjonalkontor for programmet.

Rapport for 2008–09

I skolesamarbeidet Comenius vart 96 multilaterale eller bilaterale partnerskap for perioden 2008–10 godkjende i 2008; dette gir ein utteltjingsprosent på 69. Det er ein nedgang i søknadsmassen i høve til i fjor, men det er for tidleg å seie om dette er ein tendens. Samtidig som Noreg har ein høg del godkjende prosjekt, viser ei oversikt at Noreg, samanlikna med andre land i LLP, er noko strengare i si vurdering av søknadene. Det er likevel vanskeleg å seie noko om i kva for grad dette kan ha konsekvensar for norske søknader, da endeleg løyving av partnerskapsprosjekt er avhengig av forhold i dei ulike nasjonalkontora.

Etter fleire år med vekst gjekk Erasmus-mobiliteten ned i 2006–07, og nedgangen heldt fram i 2007–08. For innkommande europeiske studentar på delstudium har tala vore positive i Noreg kvart

einaste år. Veksten i innkommande Erasmus-studentar er gjennomgåande òg kraftig, og Noreg mottek no over dobbelt så mange studentar som Noreg sender ut (2 575 innkommande studentar). Etter fleire år med stillstand auka lærarmobiliteten med nesten 20 pst. i 2007–08. Saman med gode tal for den nye ordninga – 140 tilsette har hatt mobilitetsopphald – viser dette eit aukande engasjement for Erasmus frå tilsettes side.

I Leonardo da Vinci-programmet er det frå og med 2008 tre tiltak: partnerskapsprosjekt, vidareutviklingsprosjekt og mobilitetsprosjekt. Partnerskap er ein ny aktivitet frå 2008. Tolv prosjekt vart godkjende, og to av dei skal koordinerast frå Noreg. 46 pst. av søknadene fekk tildelt midlar. Talet på søknader viser at det nye tiltaket er godt motteke, og at det fyller eit rom mellom mobilitetsprosjekta og dei store, tunge vidareutviklingsprosjekta. I 2008 fekk seks vidareutviklingsprosjekt midlar. Kvaliteten på søknadene er høg, med svært høge karaktersummar frå den eksterne ekspertvurderinga. Innanfor mobilitet vart 58 søknader tildelt midlar i 2008, dvs. 88 pst. av alle søknadene. Institusjonane som fekk tildelt midlar, samarbeider med ca. 100 ulike bedrifter, skolar eller andre organisasjonar i Noreg som skal sende deltakarar til ca. 200 ulike organisasjonar i 25 land i Europa.

Innanfor Grundtvig gjeld frå 2008 alle søknadene toårige partnerskap. Totalt vart 19 partnerskap godkjende i 2008. Av desse hadde to prosjekt norsk koordinator. Dei aller fleste søknadene kom frå kommunale vaksenopplæringssenter, men både høgre utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt, vidaregåande skolar, asylmottak og fengselsstellet var representerte i søknadsmassen.

Noregs deltaking i programmet har på nokre område hatt ein tilbakegang i mobilitet, samtidig har det vore ein auke på andre område. Sidan starten av programmet har det jamt over dei siste åra vore ein auke i mobilitet, noko som har bidrege til å utvikle kvaliteten og styrkt den interkulturelle dialogen.

Ein midtvegsevaluering av den norske deltakinga i LLP vil bli gjennomført i løpet av hausten 2009 og våren 2010, som ein del av Europakommisjonens midtvegsrapport for programmet.

Budsjettforslag for 2010

Kontingenten for 2010 er 215,4 mill. kroner, der 7,5 mill. kroner av desse går til kostnadene for fem norske nasjonale ekspertar under LLP, og til finansiering av ein midtvegsevaluering av den norske deltakinga i LLP.

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Tilskott til folkehøgskolar	588 962	614 876	636 552
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 353	3 501	3 613
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	671	1 101	1 136
	Sum kap. 253	592 986	619 478	641 301

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Om ordninga

Målet med tilskottet er å fremme allmenndanning og folkeopplysning gjennom å medverke til at det kan opprettast og drivast folkehøgskolar. Talet på ordinære folkehøgskolar i skoleåret 2008–09 var 74. I tillegg er Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling godkjende som folkehøgskoleliknande tiltak, og får tilskott etter folkehøgskolelova.

Tilskottet er tredelt. Basistilskottet er likt for kvar folkehøgskole. Elevtilskottet blir fastsett på grunnlag av gjennomsnittleg elevtal for dei siste tre åra før det føregåande året. Tilskott til husleige blir fordelt etter innstilling frå Folkehøgskolerådet.

I tillegg får fire folkehøgskolar med stor del av elevar med redusert funksjonsevne eit særskilt tilskott for desse elevane.

Ein skil mellom langkurs på 16,5 veker eller meir og kortkurs på minst tolv timar. Føresegner om kursordningar, elevrapportering, tilskottsmodell med vidare er gitt i forskrift til folkehøgskolelova.

Rapport for 2008–09

Det er fastsett eit normtal for elevtalet ved den ein-skilde skolen. Elevtalet for langkurs har auka med 0,8 pst. frå 2007 til 2008. Elevtalet for kortkurs har minka med 9,4 pst. frå 2007 til 2008.

Tabell 4.14 Elevtal i folkehøgskolane 2004–08

År	2004	2005	2006	2007	2008
Elevar langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	12 924	12 478	12 582	11 908	12 014
Elevar kortkurs (3 dagar–16 veker)	20 715	20 785	19 079	18 588	16 849
Sum elevar	33 639	33 263	31 661	30 496	28 863
Årselevar langkurs	6 358	6 422	6 407	6 130	6 291
Årselevar kortkurs	1 037	986	834	756	714
Sum årselevar	7 395	7 408	7 241	6 886	7 005
Sum godkjende årselevar /fastsett elevtal	7 339	7 345	7 215	6 879	6 851
Tilskottselevar	7 001	7 074	7 212	7 269	7 181

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2010

Departementet vil godkjenne søknad frå Valle kommune og Noregs Motorsportsforbund om godkjenning av Setesdal folkehøgskule lokalisert i Valle kommune. Setesdal folkehøgskule vil gi eit

tilbod til ei ungdomsgruppe som har svært få skoletilbod. Departementet foreslår at løyvinga på posten blir auka med 2 mill. kroner i 2010 for å leggje til rette for oppstart av den nye folkehøgskolen hausten 2010.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskolane. Både Norsk Folkehøgskolelag og Noregs Kristlege Folkehøgskolelag har medlemmar i rådet. I tillegg har rådet eit fast sekretariat.

Målet med tilskottet er å medverke til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget. Rådet har i tråd med oppdrag i tilskottsbrevet gitt innstilling til fordeling av husleigetilskott, og har dessutan avlasta departementet og Utdanningsdirektoratet ved å gi råd og rettleiing til skolane.

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Målet med tilskottet er å medverke til at det kan drivast nordisk folkehøgskoleverksemd. Tilskot-

tet går til dekning av utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkehøgskolan i Kungälv og til norsk deltaking på kursa ved Den nordiske folkehøgskolen i Genève.

Nordiska folkehøgskolan i Kungälv vart etablert i 1947 for å styrkje nordisk samkvem. Skolen skal mellom anna medverke til å utvikle dei skapande evnene til elevane og auke moglegheitene deira til solidarisk medverking i samfunnsutviklinga i Norden og verda for øvrig.

Den nordiske folkehøgskolen i Genève skal auke samarbeidet og forståinga for det nordiske samarbeidet og internasjonale politiske prosessar samstundes som deltakarane skal få meir kunnskap om FN-organisasjonen ILO og arbeidet for eit globalt anstendig arbeidsliv. Sidan 1931 har tilitvalde i fagrørsla fått tilbod om kursing i internasjonale arbeidslivsforhold knytte til årskonferansen i ILO. Genève-skolen er eit viktig tilbod til aktive medlemmer i fagrørsla.

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Tilskott til studieforbund	166 500	173 828	179 390
71	Tilskott til fjernundervisning	11 622	12 504	12 904
72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	3 483	3 636	3 752
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	10 760	9 001	9 289
	Sum kap. 254	192 365	198 969	205 335

Departementet har følgd opp NOU 2007: 11 *Studieforbund – læring for livet* (Tronutvalet), jf. Innst. O. nr. 114 (2008–2009) og Ot.prp. nr. 87 (2008–2009). Vaksenopplæringslova vart sanksjonert 19. juni 2009, og forskrifter til den del av lova som gjeld studieforbund og nettskolar er sende ut til høring.

Post 70 Tilskott til studieforbund

Om ordninga

Tilskott til studieforbund verkar med til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne.

I dei nye forskriftene til vaksenopplæringslova blir det foreslått ei ny tilskottsordning for studieforbunda. Den nye tilskottsordninga inneheld tre element: grunntilskott, opplæringstilskott og tilretteleggingstilskott. Det første elementet er nytt, mens dei to siste i stor grad liknar ordninga slik ho er no, med tilskott til studiering og tilskott til særlege målgrupper.

Departementet har delegert tilskottsforvaltninga til Vox. Studieforbunda skal kvart år sende årsmelding og rekneskap med revisormelding til departementet, og rapport til Vox og Statistisk sentralbyrå om gjennomført studieaktivitet. Vox gjennomfører kvart år tilsyn ved eit utval av studieforbunda. Kontroll med dokumentasjon på innsend informasjon er ein del av desse tilsyna.

Rapport for 2008–09

Løyvinga til studieforbund auka nominelt med 58 mill. kroner frå 2006 til 2007. Tabell 4.15 syner

at det har vore ein reduksjon i den langsiktige nedgangen i talet på kurs og deltakarar dei seinare åra. For talet på timar er nedgangen om lag den same.

Tabell 4.15 Aktivitet i studieforbunda og endringar 2006, 2007 og 2008

	2006	2007	2008	Pst. endring 2006–07	Pst. endring 2007–08
Kurs	39 088	37 125	36 257	-5,0	-2,3
Deltakarar	505 813	489 722	483 421	-3,2	-1,3
Timar	1 398 152	1 314 537	1 226 260	-6,0	-6,7

Kjelde: Vox

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Post 71 Tilskott til fjernundervisning

Om ordninga

Tilskottsordninga medverkar til at frittstående fjernundervisningsinstitusjonar kan gi eit variert og landsomfattande tilbod. I dei nye forskriftene til vaksenopplæringslova blir det foreslått ei ny tilskottsordning. Den nye ordninga legg vekt på utvikling av metodar og kvalitet i fjernundervisning, og aktivitetsbasert tilskott fell bort etter ein overgangsperiode.

Departementet har delegert tilskottsforvaltninga til Vox. Fjernundervisningsinstitusjonane skal kvart år sende årsmelding, rekneskap med revisormelding og revisorrapport om normerte kurstimar til Vox. Vox gjennomfører kvart år tilsyn ved eit utval av fjernundervisningsinstitusjonar. Kontroll med dokumentasjon på innsend informasjon er ein del av desse tilsyna.

Rapport for 2008–09

Fjernundervisningsinstitusjonane rapporterte i 2008 om 20 152 fullførde kurs. Dette var ein nedgang på åtte pst. i høve til 2007. Det vart òg rapportert om lag 260 700 færre kurstimar i 2008 enn året før.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Post 72 Tilskott til Studiesenteret Finnsnes

Om ordninga

Tilskottet skal medverke til drift av studiesenteret slik at det kan tilby kurs og andre vaksenopplæringsstiltak som alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Aktivitetane ved studiesenteret skal vere særleg innretta mot behova i industri og næringsliv i ytre midt-Troms og skal medverke til å styrkje kontakten mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentleg forvaltning.

Tilskotta blir fastsette på grunnlag av årsmelding og revidert rekneskap frå studiesenteret, og i samsvar med løyvinga på budsjettposten.

Tilskottsmottakaren skal kvart år sende årsmelding og rekneskap til Vox, som er delegert tilskottsforvaltninga.

Rapport for 2008–09

Studiesenteret Finnsnes har i 2008 gitt fleire studietilbod i samarbeid med Høgskolen i Finnmark. Nytt av året er at dei òg har starta opp kull i desentralisert barnevern og desentralisert vernepleie. I 2006 fekk Studiesenteret Finnsnes og Lenvik kommune 2,2 mill. kroner i tilskott for å gjennomføre eit toårig forskingsprosjekt/mastergradsprosjekt i samarbeid med Universitetet i Tromsø. Hausten 2008 starta prosjektet opp med sju mastergradsstudentar.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

**Post 73 Tilskott til
vaksenopplæringsorganisasjonar**

Om ordninga

Tilskottet skal vere med på å sikre drifta av fellesorgana for studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane, Vaksenopplæringsforbundet og Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning. Organisasjonane skal utføre fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane, og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda. Fram til 2009 vart tilskottet til International Council for Open and Distance Education (ICDE) løyvd over kap. 254 post 73. Tilskottet vart overført til kap. 281 post 01 i budsjettet for 2009.

Rapport for 2008–09

Vaksenopplæringsforbundet har fungert som eit felles interesse- og serviceorgan for studieforbunda og fungerer som eit bindeledd mellom det

offentlege og den opplæringa som går føre seg i frivillig sektor. Forbundet er med på å byggje nettverk for vaksnes læring nasjonalt og internasjonalt og medverkar til å utvikle det vaksenpedagogiske fagfeltet. Vaksenopplæringsforbundet har på oppdrag frå departementet stått for fordeling av reise- stipend til lærarar på vaksenopplæringsfeltet.

Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning er eit felles interesse- og serviceorgan for dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane. Forbundet er engasjert i ei rekkje norske, nordiske og europeiske prosjekt.

Tilskottsforvaltninga er delegert til Vox. Tilskottet blir fastsett etter søknad på grunnlag av årsmelding og revidert rekneskap frå institusjonen, og i samsvar med løyvinga på budsjettposten.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Holocaustsenteret	21 534	22 481	23 200
71	Falstadsenteret	13 669	14 270	14 727
72	Stiftelsen Arkivet	5 128	5 354	5 525
73	Norsk Fredssenter	1 206	1 259	5 000
74	Narviksenteret	1 063	1 110	1 646
75	Det europeiske Wergelandsenteret	1 190	6 500	6 708
	Sum kap. 255	43 790	50 974	56 806

Vox – Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk forvaltar tilskotta under postane 70–74 på vegner av Kunnskapsdepartementet.

Utdanningsdirektoratet er kontakt for sentra i felles spørsmål som er aktuelle for grunnopplæringa. Det er etablert møteplass for desse.

Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen gjorde i Budsjett-innst. S nr. 12 (2007–2008) merkam på at vi er i ein situasjon der vi snart ikkje lenger vil ha tidsvitne frå den andre verdskrigen. Komiteen oppmoda derfor om at det vart utarbeidd «en sak som beskriver de ulike minnene/historiestedenes perspektiv og drøfter utfordringane i en tid da vi ikke lenger har tidsvitner». Departementet gav på bakgrunn av dette Vox i oppdrag å utarbeide ein rapport om saka. Vox har i dette arbeidet vore i dialog med fredssentra for å

kartlegge kva som finst av materiale/skildringar ved dei ulike sentra, og kva for framtidige utfordringar dei ulike sentra ser i denne saka.

Arbeidet med å samla og sikre skildringar frå tidsvitne har vore ein sentral del av aktiviteten ved fleire av freds- og menneskerettssentra som får tilskott over kap. 255. Dei skildringane som allereie er sikra har eit betydeleg omfang, og dei enkelte institusjonane utfyller kvarandre ved sine ulike perspektiv og typar skildringar. Mykje av materialet som ligg føre, er ikkje systematisert eller bearbeidd med tanke på formidling. Basert på dialogen med dei ulike sentra er vurderinga til Vox at dei største utfordringane no er knytte til systematisering, bearbeiding og formidling av det eksisterande råmaterialet, heller enn til innsamling av nye skildringar. Rapporten viser at det førebels er ulike

syn blant sentra på korleis det vidare arbeidet med systematisering og formidling skal innrettast og organiserast. Departementet vil derfor be Vox halde oppe dialogen med sentra om dette temaet. På bakgrunn av den vidare dialogen, vil departementet vurdere om det er nødvendig med tiltak utover det som allereie er finansiert over dette kapitlet.

Post 70 Holocaustsenteret

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoritetar (Holocaustsenteret) kan drive forskning, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, minoritetsspørsmål og menneskerettar. Holocaustsenteret skal òg drifte utstillinga i Villa Grande på Bygdøy.

Rapport for 2008–09

Senteret hadde ein stor aktivitet på forskingsområdet i 2008. Nettportalprosjektet folkemord.no vart stilt ferdig, og dei to nye prosjekta *Jøden som kulturell konstruksjon* og *Structural violence and minorities in Diaspora* vart starta. I tillegg vart ei rekkje prosjekt førde vidare i 2008. Senteret har i tillegg til den permanente utstillinga vore vertskap for tre vandreutstillingar. Senteret driv omfattande informasjonsverksemd, og omvisning av skoleklassar på senteret er ein viktig del av dette. Senteret hadde om lag 4 500 besøkjande elevar til den permanente utstillinga i 2008. Dokumentasjonsverksemda ordna to nye depot, og bibliotekverksemda ekspanderte. Den registrerte samlinga bestod i 2008 av om lag 3 400 titlar, ein auke på om lag 400 titlar frå 2007. I tillegg til interne og eksterne brukarar betener biblioteket internasjonale brukarar. Holocaustsenteret har òg delteke på ei rekkje konferansar, seminar og arrangement.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Post 71 Falstadsenteret

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Falstadsenteret kan drive eit opplærings- og dokumentasjonssenter innanfor fangehistorie frå andre verdskrigen, samt humanitær folkerett og menneskerettar. Falstadsenteret tilbyr opplæ-

ring, dokumentasjon og kunnskapsformidling for å fremme respekt for menneskerettar.

Rapport for 2008–09

I 2008 har Falstadsenteret prioritert å utvikle tilrettelagd undervisningstilbod for elevar med spesielle behov. Senteret har gjennomført undervisningsopplegg for bebuarar på asylmottak og for vaksne flyktningar som gjennomfører grunnskoleopplæring. Falstadsenteret har òg etablert samarbeid med universitet og høgskolar, og har i samarbeid med NTNU eit tverrfagleg forskingsprosjekt – *Painful Heritage*. Prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd. Det er òg innleidd eit forskingssamarbeid med Universitetet i Oslo. I 2008 oppdaterte senteret eit fangeregister, og medverka mellom anna til å identifisere 1 250 nordmenn i forbindelse med det internasjonale prosjektet *Project WVHA*. Senteret har i 2008 arrangert to utstillingar, samt fleire kurs og seminar. I høve til 2007 har talet på besøkjande auka med om lag 800 personar.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet spelar rolla si som informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkerett og menneskerettar og er eit senter for fredsskapande arbeid.

Rapport for 2008–09

Totalt har meir enn 11 500 personar fått omvisning og delteke på kurs og seminar i 2008. Det er utarbeidd bøker, filmar, teaterstykke, rapportar og artiklar om temaet krigshistorie. Stiftelsen har halde fram med utvekslingsprogrammet med omvisarar på Robben Island i Sør-Afrika. Stiftelsen er òg partner i EU-prosjektet *Sharing European Memories*, som innhentar, dokumenterer og presenterer ulike lokale minne frå krigar dei siste hundre åra. Arkivet har i 2008 òg gjennomført første fase av forskingsprosjektet *Compassion* i samarbeid med Universitetet i Agder.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Post 73 Norsk Fredssenter

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Norsk Fredssenter kan tilby kurs og opplæring for å fremje arbeidet for fred og menneskerettar som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Senteret er samlokalisert med Nansen Dialog på Lillehammer.

Rapport for 2008–09

Unge flyktningar har vore ei prioritert målgruppe òg i 2008. Ein av hovudaktivitetane har vore prosjektet *Afghanistan – håp om ei framtid*. Hovudaktivitetane i prosjektet er sommarskole for afghansk ungdom og foredrag på skolar og asylmottak over heile landet. Norsk Fredssenter har i 2008 arrangert studiereiser til både Afghanistan og Nord-Irak. Norsk Fredssenter starta i 2008 *Oslo forum*, ein møteserie der ungdom med bakgrunn som flyktningar kan møtast for å diskutere aktuelle problemstillingar. Det vart arrangert fem møte i 2008.

Budsjettforslag for 2010

Norsk Fredssenter vil slå seg saman med Nansen Dialog og etablere eit felles senter for dialogarbeid og fredsundervisning på Lillehammer frå 2010.

Nansen Dialog er i dag ei eining under stiftinga Nansenskolen. Idégrunnlaget er tankens fridom, menneskerettar, ikkje-valdeleg handsaming av konflikhtar og trua på at det gode i menneska er sterkare enn dei destruktive kreftene. Nansen Dialog arrangerer dialogseminar for grupper frå krigsområde. Dei fleste deltakarane er frå det tidlegare Jugoslavia, der Nansen Dialog har etablert ti dialogssenter med til saman 60 tilsette.

For å bidra til finansieringa av drifta av det nye senteret foreslår departementet å auke løyvinga med 3,7 mill. kroner i høve til 2009. Drifta ved Norsk Fredssenter held fram og blir styrkt med den verksemda som Nansen Dialog tek med seg inn i det nye senteret. Auken i løyvinga skal gå til å finansiere den utvida verksemda som følgjer ved at Fredssenteret slår seg saman med Nansen Dialog. Det er ein føresetnad at den varsla samanslåinga blir gjennomført før auken i løyvinga blir utbetalt til senteret.

Post 74 Narviksenteret

Om ordninga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Narviksenteret kan drive dokumentasjon og for-

midling med basis i Nord-Noregs krigs- og okkupasjonshistorie, under dette fangehistoria spesielt.

Rapport for 2008–09

Nord-Norsk Fredssenter og Nordland Røde Kors Krigsmuseum oppretta i 2009 stiftelsen Narviksenteret, ein nordnorsk stiftelse for historieformidling, menneskerettar og fredsbygging. Narviksenteret er ein uavhengig og ideell stiftelse, og senterets visjon er å medverke til fredsbygging gjennom kunnskap.

Budsjettforslag for 2010

For å styrkje grunnlaget for drifta av det nye senteret foreslår departementet å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner i høve til 2009.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Om ordninga

Det europeiske Wergelandsenteret for opplæring til interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap er eit samarbeid med Europarådet og skal vere eit ressurscenter for opplæring på dei nemnde områda. Senteret skal drive forskning om opplæring til interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap og tilby etter- og vidareutdanning for lærarar og lærarutdannarar. Vidare skal senteret spreie informasjon og vere eit knutepunkt og danne eit nettverk for relevante aktørar på feltet.

Senteret er ope for alle medlemsstatane i Europarådet. Arbeidsspråket er engelsk.

Rapport for 2008–09

Avtalen mellom Noreg og Europarådet om oppretting av Det europeiske Wergelandsenteret vart underteikna av partane i Strasbourg den 16. september 2008. Stortinget godkjende avtalen 23. oktober same år.

Det vart oppretta eit styre for senteret, med sju styremedlemmer og fire varamedlemmer.

To personar arbeidde med å førebu opprettinga av senteret hausten 2008 og vart lønna over posten. Stillinga som direktør vart lyst ut i nasjonale og internasjonale medium. Direktør vart tilsett frå februar 2009.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 256 Vox - Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	42 010	39 956	37 987
21	Særskilde driftsutgifter	9 034	14 085	14 536
	Sum kap. 256	51 044	54 041	52 523

Det vart i 2009 arbeidd med å utvikle vidare rolla og oppgåveporteføljen til Vox. Resultatet vart presentert i St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*.

Vox skal vere eit kompetansepolitisk fagorgan underlagt Kunnskapsdepartementet, og ha ansvaret for forvaltning av tilskott til studieforbund og fjernundervisning, jf. kap. 254, freds- og menneskerettssentra, jf. kap. 255 og Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), jf. kap. 257.

Vox vart oppretta i 2001 som ein viktig reiskap for gjennomføring av Kompetansereforma. Vox arbeider for auka deltaking i samfunns- og arbeidsliv ved å heve kompetansenivået hos vaksne. Vox har i åra etter at Kompetansereforma vart innført, lagt særleg vekt på grunnleggjande dugleikar, realkompetanse og vaksnes rett til opplæring, samt å betre dokumentasjonen på heile området i sitt arbeid. Kunnskapsdepartementet har tydeleggjort at ansvaret for vaksnes rett til grunnopplæring og realkompetansevurdering etter opplæringslova ligg i Utdanningsdirektoratet. Vox skal bidra i Utdanningsdirektoratets arbeid for vaksnes rettar.

I samband med arbeidet som vart gjort for å tydeliggjere rolla og oppgåveporteføljen til Vox, vart det bestemt at namnet på verksemda skulle endrast frå *Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet* til *Vox – Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk*. Det nye namnet dekkjer betre den rolla og dei målsetjingane departementet har for Vox.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Rapport for 2008–09

Vox har medverka til styrking av kvaliteten på opplæringa i grunnleggjande dugleikar for vaksne. Vox har i samarbeid med Utdanningsdirektoratet utvikla eit rammeverk for grunnleggjande dugleikar for vaksne. Rammeverket omfattar grunnleggjande dugleikar i lesing og skrivning, munnleg kommunikasjon, kvardagsmatematikk og digital kompetanse. Ei rettleiing til kompetansemåla låg føre hausten 2008. For å gjere det lettare å ta ram-

meverket i bruk har Vox utvikla kartleggingsverktøy og testar tilpassa kompetansemåla. Vox har halde fleire etterutdanningskurs for å styrkje kompetansen til lærarar, og kursa er sterkt etterspurde. Rammeverket er breitt distribuert, mellom anna til kommunane. Gjennom deltaking i faglege nettverk og samarbeidsprosjekt både nasjonalt og internasjonalt har Vox medverka til utveksling av kunnskap om og til bruk for vaksnes læring. Vox har òg arbeidd med å utvikle vidare BKA-programmet.

For at fleire skal ta del i læring og kompetanseutvikling, er det naudsynt med god kunnskap om kva for utfordringar ein står overfor. Vox har styrkt statistikk- og kunnskapsgrunnlaget på området, og utgitt publikasjonane *Vox-speilet*, *Basis!2008* og *Vox-barometeret*.

Vox har òg arbeidd for at systemet med dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse skal styrkjast. Vox la i mai i år fram ei utgreiing av ein nasjonal koordineringsfunksjon for å sjå karriereretleieing mot ulike grupper i samanheng. Departementet har sendt forslaget ut til høring.

På oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet har Vox arbeidd for fagleg og pedagogisk utvikling av norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar.

Mål for 2010

Vox skal vere eit fagorgan for kompetansepolitikken. Måla for 2010:

- Vox skal ha oversikt over og formidle relevant og oppdatert kunnskap om det kompetansepolitiske området, nasjonalt og internasjonalt
- Vox skal bidra til høgre kompetanse blant vaksne
- Vox skal bidra til god og relevant karriereretleieing og realkompetansevurdering

Budsjettforslag for 2010

Det vart i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet foreslått at det over ein toårsperiode skal overførast ressursar tilsvarande ni årsverk frå Vox til Utdanningsdirektoratet, som følgje av

presisering av oppgåvedelings mellom Vox og Utdanningsdirektoratet. Det vart i 2009 overført 2,4 mill. kroner frå kap. 256 post 01 til kap. 220 post 01. Kunnskapsdepartementet foreslår at den resterande delen av den planlagde overføringa blir overført i 2010, tilsvarande i overkant av 2,4 mill.

kroner. Elles foreslår departementet at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Vox - Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Inntekter frå oppdrag	4 207	9 121	9 413
02	Salsinntekter o.a.	690	1 164	1 201
16	Refusjon av foreldrepenge	991		
17	Refusjon lærlingar	44		
18	Refusjon av sjukepenge	977		
	Sum kap. 3256	6 909	10 285	10 614

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved Vox. Inntektene på post 02 kjem frå sal

av læremateriell. Namnet på kapitlet er endra, sjå omtale under kap. 256.

Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	41 479	38 570	79 804
	Sum kap. 257	41 479	38 570	79 804

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) skal medverke til å styrkje grunnleggjande lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleikar blant vaksne arbeidstakarar og arbeidssøklarar, slik at færre fell ut av arbeidslivet og fleire kan ta del i opplæring og utdanning. Erfaringar viser at det er vanskeleg å nå dei som har svake grunnleggjande dugleikar og motivere til opplæring. Programmet blir forvalta av Vox.

Bedrifter og offentlege verksemdar kan søkje om tilskott både til motivasjonsarbeid og opplæring i lesing, skriving, rekning og IKT. Opplærings-tilbydarar og organisasjonane i arbeidslivet kan òg søkje saman med ei bedrift eller offentlig verksemd. I samband med regjeringas tiltakspakke i 2009 vart det løyvt 20 mill. kroner ekstra til BKA. Det ble her sett spesielt fokus på arbeidstakarar i utsette bransjar som særleg blir råka av konjunktur nedgangen. Tilbod til arbeidsledige gjennom samarbeid med NAV har også vore viktig for pro-

grammet. Studieforbunda er ein viktig tilbydar av opplæring innanfor ramma av BKA.

Programmet vart ytterlegare styrkt i revidert nasjonalbudsjett med 20 mill. kroner.

Rammeverket som er utarbeidd for grunnleggjande dugleikar for vaksne, ligg no til grunn for alle kurs innanfor BKA og alt utviklingsarbeid knytt til programmet.

Rapport for 2008–09

Frå BKA vart oppretta i 2006, og fram til 2009 har rundt 6 000 arbeidstakarar starta opplæring gjennom programmet. To tredelar av prosjekta som vart tildelte midlar i 2008, har per 1. september 2009 rapportert om planlagde deltakartimar. I desse 61 prosjekta er det lagt opp til om lag 109 000 deltakartimar. Gjennomsnittlege timar per deltakar er om lag 50, men spennet går frå fem timar til over 200 timar per deltakar. Det har vore ein jamn auke i talet på søknader og omsøkt beløp.

Tabell 4.16 Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) 2006–09

År	2006	2007	2008	2009*)
Talet på søknader	167	208	279	270*)
Omsøkt beløp	85	78	119	122*)
Talet på innvilga søknader	65	70	96	106*)

Kjelde: Vox *)Tala for 2009 er mellombelse

Tildelingane legg vekt på at programmet skal dekkje kurs innanfor alle dugleikane og ha god spreing i høve til bransjar og verksemder. Av søknadene i 2009 som fekk tildelt midlar, er det fleire søknader som inkluderer fleire verksemder. Offentleg forvaltning og industri er dei bransjane som har fått stønad til flest tiltak. Det er gitt tilskott til verksemder i nær alle fylka.

I samband med regjeringas tiltakspakke er det tildelt midlar i 2009 til bedrifter i utsette bransjar (byggjenæringa, varehandel og transport). Av totalt 106 tildelingar har dei tre utsette bransjane fått midlar til 44 prosjekt. Samarbeid med HSH er ført vidare, og aktuelle bedrifter innanfor varehandelen er lokaliserte. Tilsvarende er eit nettverk av bedrifter innanfor transport under planlegging.

Vox har utvikla ein BKA-database for å lette handsaminga av søknader og analysearbeid ved at verksemdene både søker og rapporterer elektronisk frå 2009. Kvaliteten på søknadene i 2009 er blitt betre, noko som synest å ha samband med at prosjekta no søker elektronisk.

Ei ordning med BKA-kontaktar i fylka har vist seg å vere viktig for å spreie kunnskap om BKA-programmet til lokale verksemder. Dette har mellom anna resultert i at fleire mindre verksemder går saman om å søkje midlar frå BKA. Det er god effekt av tiltaka knytte til utlysing og motivasjon for å få fleire deltakarar med i lese- og skriveopplæring. Kurs i lesing og skriving er no den største gruppa. Det er òg fleire tiltak som kombinerer opplæring i IKT med styrking av dugleikane i lesing og skriving.

I 2008 vart det gjennomført ein kampanje retta mot handelsnæringa, som tradisjonelt har mange tilsette med låg utdanning. Analysar av innrapporterte deltakarar viser at det er behov for å styrkje programinnsatsen mot varehandelen, byggebransjen og transportnæringa.

Eit tettare samarbeid med NAV er styrkt ved at det er etablert samarbeid med lokale NAV-kontor for tiltak retta mot arbeidsledige med svake grunnleggjande dugleikar, og det er tildelt midlar til

spreiingsprosjekt retta mot unge vaksne som har falle ut av arbeidsmarknaden og utdanning.

I samarbeid med Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) er midlar spesielt retta mot studieforbundens arbeid for auka basiskompetanse lyste ut.

Ein del av løyvinga til BKA-programmet har vorte sett av til utviklingsprosjekt som Vox koordinerer. Vox har undersøkt korleis eit utval BKA-prosjekt kartlegg lese- og skrivedugleikar, og kva som motiverer verksemdene til å søkje BKA-midlar. Rapporteringa frå pilotprosjekta i Hedmark og Rogaland som Vox har hatt i samarbeid med NAV, viser at dei pedagogiske røynslene har god overføringsverdi. I Finnmark blir det no gjennomført eit prosjekt i samarbeid med lokale tilbydarar og arbeidsmarknadsstyresmaktene.

Mål for 2010

For 2010 er det eit prioritert mål at opplæringa skal nå enda fleire vaksne med svake grunnleggjande dugleikar. Opplæringa skal halde høg kvalitet og vere tilpassa behova til dei vaksne, slik at ho gir ein positiv effekt for den einskilde.

Det er eit mål at det blir utvikla gode modellar for samarbeid mellom NAV, fylkeskommunar og verksemder, slik at fleire arbeidssøkjjarar kan få opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Det er eit mål at fleire bransjar er representerte i programmet, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning, og er konjunkturutsette bransjar, samt at programmet skal nå små og mellomstore verksemder.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at det blir løyvd 79,8 mill. kroner i 2010. Programmet vart tilført 20 mill. kroner ekstra i samband med regjeringas tiltakspakke i 2009, og ytterlegare 20 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2009. Desse midlane er førde vidare i 2010.

Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	3 927	3 740	3 809
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	33 420	34 326	39 305
	Sum kap. 258	37 347	38 066	43 114

Løyvingane over kap. 258 skal medverke til å få fram analysar, forskning, dokumentasjon og utgreiingar som kan bidra til ein kunnskapsbasert politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet, men med spesiell vekt på vaksne. Om lag ein tredel av løyvinga blir fordelt til andre aktørar, mellom anna til studieforbund, og til utviklingsarbeid i frittstående fjernundervisningsinstitusjonar.

Post 01 Driftsutgifter

Rapport for 2008–09

NIFU STEP har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomført ei kartlegging av ressursar til utdanningsforskning i 2007. Rapporten *Ressursinnsatsen innenfor utdanningsforskning 2007* har identifisert sterke og svake sider ved norsk utdanningsforskning. Dette har komme til nytte i form av meir treffsikker satsing på feltet utdanningsforskning frå departementets side.

Nasjonalt forum for utdanningsforskning (NFFU) skal bidra til dialog, kunnskapsdeling og samarbeid mellom forskarar, beslutningstakarar og praksisfeltet. Møta i NFFU har styrkt infrastrukturen innanfor utdanningsforskninga, betra kunnskapsdelinga på forskingsfeltet og sytt for at viktige tema har fått merksemd.

Rambøll har på oppdrag frå departementet gjort ei utgreiing om etablering av eit kunnskaps-senter for utdanning. Utgreiinga syner at det er eit stort behov for kunnskap om forskning om og for utdanningssektoren og foreslår mål, målgrupper og mandat for eit mogleg kunnskaps-senter.

Mål for 2010

Departementet vil nytte løyvingane under post 01 for å få fram analysar, forskning, dokumentasjon og utgreiingar som kan medverke til ei kunnskapsbasert politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet. Departementet har som mål å stimulere til ein lærande utdannings- og opplæringssektor. Ei viktig satsing er det nye forskingsprogrammet for utdanningsforskning, Utdanning 2020.

Budsjettforslag for 2010

Det blir foreslått ei løyving på 3,8 mill. kroner for 2010. Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Rapport for 2008–09

Løyvinga har omfatta prosjekt og utgreiingar retta mot opplæring i eit livslangt læringsperspektiv, som omfattar unge og vaksne i og utanfor det ordinære utdanningssystemet. Løyvinga har mellom anna medverka til å utvikle nye modellar for fleksibel læring i frivillig sektor, til å utvikle statistikk for betre styringsinformasjon overfor sektoren, og deltaking i internasjonale fora.

Departementet har gjort ein avtale med Norsk folkehelseinstitutt for å kartleggje omfanget av språkvanskar hos barn. Prosjektet byggjer på Mor og barn-studien, som følgjer 100 000 mødrer frå svangerskap og fram til barnet er åtte år. Mellombels resultat frå studien viser at barn som har gått i barnehage, har betre språkutvikling enn barn som ikkje har gått i barnehage.

Campbell Collaboration er eit ikkje-kommersielt verdsomspennande forskarnettverk som har til formål å summere opp og formidle påliteleg og relevant forskning på desse områda: velferd, kriminalomsorg, utdanning og barnevern. Hovudkontoret ligg i perioden 2008–10 i Noreg og er lagt til Nasjonalt kunnskaps-senter for helsetenesta. Saman med andre departement og direktorat bidreg Kunnskapsdepartementet til å dekkje utgiftene til hovudkontoret i den nemnde perioden.

Departementet har gitt midlar til Norwegian Open Research Archives (NORA). NORA er ei felles søkjeteneste for alle institusjonelle arkiv i forskingssektoren i Noreg, og gjer et viktig arbeid for å til leggje til rette for open tilgang til forskingsresultat.

Det er viktig at utdanningspolitikken byggjer på god statistikk og forskning. FAFO har stilt ferdig ein rapport for tidsrommet 2003–08 som viser

utvikling i befolkningas deltaking i livslang læring (Lærevilkårsmonitor 2003–2008).

OECD har initiert ein studie om vaksnes læring, PIAAC (Programme for International Assessment of Adult Competencies). Noreg har i 2008–09 delteke i utviklingsfasen saman med 28 andre land, sjå kap. 226 for felttesten i 2010.

NIFU STEP har gjennomført ein studie om faktorar som fremmar eller hemmar kompetanseinvesteringar i norsk arbeidsliv, slik at ein på best mogleg måte kan målrette tiltak for vaksnes læring.

God kjennskap til kompetansepolitikken i andre land er ein viktig bakgrunn for utvikling av norsk kompetansepolitikk. ECON har på oppdrag frå departementet gjennomført ein komparativ analyse av kompetansepolitikken i andre europeiske land, dette mellom anna som grunnlag for St.meld. nr. 44 (2008–2009) Utdanningslinja.

Vox har på oppdrag for departementet gjennomført ei utgreiing av ein nasjonal koordineringsfunksjon for å sjå karriererettleiing retta mot ulike grupper i samanheng.

Om lag ein tredel av løyvinga på kap. 258 er fordelt vidare til pedagogisk utviklingsarbeid og særlege målgrupper hos studieforbunda og dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane via Vox, samt til Vox sitt arbeid med å oppdatere og utvikle vidare statistikk over tilbydarar og deltakarar innanfor offentleg og privat vaksenopplæring, systematisk bruk av realkompetansevurderingar, utvikling av læremiddel for vaksne, etter- og vidareutdanning av lærarar, samt informasjons- og motiveringstiltak.

Mål for 2010

Kunnskapsdepartementet vil nytte løyvingane under post 21 for å få fram statistikk, analysar, forskning, dokumentasjon og utgreiingar som kan medverke til ei kunnskapsbasert politikktutvikling på ansvarsområdet til departementet, men med spesiell vekt på vaksne.

Departementet vil setje i verk tiltak som kan gi auka bruk og likare praksis i bruken av dei ulike

ordningane for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse, og sjå desse i samband med kvarandre.

Kunnskapsdepartementet vil vurdere å opprette ein nasjonal funksjon for karriererettleiing og saman med relevante aktørar bidra til å auke kunnskapsgrunnlaget for utdannings- og arbeidsretteiing. Sjå òg kap. 226 og 256.

Departementet vil setje i verk eit arbeid for å styrkje informasjonen om vaksnes rett til grunnopplæring, samt vaksnes høve til å auke sine grunnleggjande dugleikar i lesing, skrivning, rekning og bruk av IKT.

Det er eit mål for 2010 å etablere eit solid system for kartlegging av framtidens kompetansebehov. God statistikk vil derfor bli høgt prioritert.

Om lag halvparten av dei som er arbeidsledige har ikkje vidaregåande opplæring. Departementet har avsett opp til 7 mill. kroner til utvikling av opplæringsmodellar tilpassa vaksne arbeidssøkjjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Dette vil gjerast i samarbeid med nokre utvalte fylkeskommunar og NAV. Det er ei føresetnad at deltakarane heile tida er disponible for arbeidsmarknaden, og at opplæringa kan kombinerast med arbeide dersom vedkommande kjem tilbake i arbeid før opplæringa er avslutta. Opplæringsmodellane inneberer ingen endringar i ansvarsforholdet mellom utdannings- og arbeidsmarknadsmyndigheitene.

Det er òg sett av midlar for å prøve ut modellar slik at vaksne i vidaregåande opplæring òg kan få tilpassa opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Ein tredel av løyvinga vil bli fordelt vidare via Vox til studieforbunda og dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonanes arbeid med pedagogikkutvikling og innsats for særlege målgrupper.

Budsjettforslag for 2010

Det blir foreslått ei løyving på 39,3 mill. kroner for 2010. Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir auka med 5 mill. kroner for utvikling av opplæringsmodellar tilpassa vaksne arbeidssøkjjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
260	Universitet og høgskolar			23 370 869	
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	211 141	299 758	309 281	3,2
271	Universitet	12 200 856	13 154 993		-100,0
272	Vitskaplege høgskolar	979 546	1 220 669		-100,0
275	Høgskolar	8 050 911	7 913 046		-100,0
276	Fagskoleutdanning	312 725	343 277		-100,0
280	Felles administrative einingar			119 700	
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	838 700	969 417	689 767	-28,8
	Sum kategori 07.60	22 593 879	23 901 160	24 489 617	2,5

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
3280	Felles administrative einingar			20	
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	3 519	10	10	0,0
	Sum kategori 07.60	3 519	10	30	200,0

Innleiing

Universitet og høgskolar utdannar morgondagens arbeidskraft samtidig som dei utviklar ny kunnskap, først og fremst gjennom forskning. Kombinasjonen av rolla som kunnskapsbank og lærestad gjer den vidare utviklinga av universiteta og høgskolane viktig for å løyse samfunnsutfordringar og sikre velferd og verdiskaping.

Regjeringa har som mål at utdanning skal vere tilgjengeleg for alle uavhengig av sosial bakgrunn. Grunnutdanning ved norske statlege universitet og høgskolar skal vere forskingsbasert, gratis og halde høg internasjonal standard. Fagskoleutdanninga er eit yrkesretta og praksisorientert alterna-

tiv til høgre utdanning. Ei god utdanningsstøtteordning og eit godt utbygd system for studentvelferd er ein føresetnad for å nå desse måla.

Samfunns- og arbeidslivet er i endring og krev både meir kunnskap og kompetanse, og evne til å omstille seg. Regjeringa vil at det skal vere mogleg for alle å utvikle kompetansen sin gjennom heile livet. Eit fleksibelt utdanningstilbod basert på oppdatert kunnskap og forskning er da ein føresetnad.

Regjeringa meiner det er viktig å vere budd på kommande behov for kvalifisert arbeidskraft og auka kunnskap innanfor sentrale område som skole, velferd, klima og miljø. Fleire studieplassar er nødvendig for å motverke aukande arbeidsløyse

og kan med tilstrekkeleg breidd samstundes bidra til å løyse kompetansebehovet i framtida.

Regjeringa meiner det er behov for tydeleg profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø, både for å sikre studentane den høge undervisningskvaliteten dei har krav på, og for at Noreg skal få kraft nok til å hevde seg på den internasjonale forskingsarenaen. Det er behov for ei klarare arbeidsdeling og eit meir forpliktande samarbeid mellom institusjonane i universitets- og høgskolesektoren. Det er viktig for regjeringa at dette skjer i frivillige prosessar godt forankra i både fagmiljøa og leiinga ved institusjonane.

Dei nye grunnskolelærerutdanningane føreset eit godt regionalt samarbeid med ei tenleg arbeidsdeling. Det er nødvendig at lærarutdanninga utviklar robuste fagmiljø med kompetanse og storleik til å gi forskning og utdanning av høg kvalitet. Regjeringa meiner det er nødvendig å få ei god dimensjonering av lærarutdanningane, og vil gå i dialog med sektoren om dette.

Forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid er nødvendig for å utvikle eit innovativt og kunnskapsbasert samfunns- og næringsliv. For å bidra til å sikre eit velfungerande demokrati og ein konstruktiv samfunnsdebatt må forskinga vere open, kritisk og kunne etterprøvast.

Tilsette med fagleg og pedagogisk kompetanse er grunnleggjande både for at universiteta og høgskolane skal kunne tilby utdanning av høg kvalitet, og for studentane si læring gjennom deltaking i forskning. Forskingsbasert undervisning og studentdeltaking i forskning er viktig for å stimulere til sjølvstendig læring og kritisk tenking.

Universiteta er dei tyngste forskingsinstitusjonane, særleg innanfor den langsiktige, grunnleggjande forskinga, men høgskolane driv òg omfattande forskning. Styrking av forskning knytt til profesjonsfaga er ei særleg utfordring. Regjeringa er oppteken av at institusjonane må nytte det handlingsrommet og den autonomien dei har til å utvikle eigne forskingsprioriteringar og eigen fagprofil. God leiing på alle nivå er ein føresetnad for å byggje den faglege verksemda, og for å gjere institusjonane til attraktive arbeidsplassar for dei dyktigaste forskarane.

Regjeringa har som mål om å ytterlegare styrkje internasjonaliseringa i norsk høgre utdanning og forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid. Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for at Noreg kan utvikle høg kvalitet både på studietilbod, undervisning, forskning og forvaltning. Internasjonale perspektiv skal integrerast i all aktivitet ved institusjonane.

Dei statlege institusjonane i universitets- og høgskolesektoren er forvaltningsorgan med sær-

kilde fullmakter. Dei statlege og private høgre utdanningsinstitusjonane er regulerte av eit felles lov- og forskriftsverk og er underlagde det same finansieringssystemet. Midlane blir i hovudsak gitte som ei samla økonomisk ramme som styret ved den einskilde institusjonen skal gjere sine prioriteringar innanfor. Lovverket og finansieringa gir stor institusjonell fridom. Dette skal sikre uavhengig forskning og undervisning. Det skal òg gi institusjonane rom til å tilpasse seg nye krav til kvalitet, relevans og auka konkurranse nasjonalt og internasjonalt. Institusjonane rår dermed sjølve over eit sett verkemiddel som kan brukast til å styrkje fagmiljøa og gjennom det auke kvaliteten på utdanninga og forskinga.

Regjeringa legg vekt på at styret som institusjonens øvste organ har ansvaret for å trekkje opp strategien for verksemda og følgje opp at strategiane og den faglege utviklinga ved institusjonen er i samsvar med dei måla som styresmaktene har fastsett. Med ei meir overordna styring av institusjonane er det viktig at institusjonane har profesjonell leiing. Leiinga må gjere dei nødvendige prioriteringane og strategiske grepa for å finne institusjonen sin plass i det regionale, nasjonale og internasjonale høgre utdannings- og forskingslandskapet.

Finansieringssystemet for universitet og høgskolar er saman med lova og forskriftene viktige verkemiddel i styringa av sektoren. Regjeringa legg vekt på at finansieringssystemet skal støtte opp under dei overordna måla for sektoren. Finansieringssystemet skal sørge for ei langsiktig og stabil finansiering av sektoren, slik at leiinga ved institusjonane kan planleggje og drive langsiktig verksemd. Samstundes skal systemet gi rom for strategiske prioriteringar på nasjonalt nivå. Regjeringa ser det som særleg viktig å målrette midlar mot studieplassar, rekrutteringsstillingar, utstyr og samarbeidsprosessar i sektoren. Vidare blir delar av midlane fordelte på grunnlag av dei resultata institusjonane oppnår på utvalde indikatorar. Dette gir institusjonane insentiv til god måloppnåing. Saman med dei utvida fullmaktene institusjonane har, til blant anna å opprette og leggje ned studietilbod, gir insentiva òg fleksibilitet slik at institusjonane kan utvikle eigne strategiar og tilpasse verksemda til behova i samfunnet.

Departementet har gjennomført ei evaluering av finansieringssystemet. Evalueringa er basert på ein ekstern analyse og ein brei dialog med sektoren. Regjeringa vil føre vidare hovudtrekka i dagens modell, sjå vedlegg 4 for nærmare dokumentasjon. For å stimulere til enda betre måloppnåing og meir og betre samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i sektoren foreslår regjeringa

nokre endringar. Desse er presenterte under kap. 260.

Regjeringa vil utvikle vidare eit utdanningssystem som sikrar høg kvalitet og tilgang på høgere utdanning og forskning i alle delar av landet. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å utvikle ein god infrastruktur knytt til fleksibel utdanning. Fagskolane er viktige fordi dei tilbyr fleksible studium som er særleg tilpassa behova til arbeidslivet. Det er store variasjonar i fagskoleutdanningane, og det er behov for ei betre oversikt og auka kunnskapsgrunnlag.

Hovudprioriteringar 2010

Budsjettforslaget for programkategori 07.60 utgjør om lag 24,5 mrd. kroner i 2010. Det er ein nominell auke på om lag 932 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2009. Løyvinga til fagskolar blir gitt over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett frå og med 2010 og er halden utanfor i tala ovanfor.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til sektoren med om lag 50 mill. kroner i 2010 for å bidra til meir profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø gjennom å stimulere til og støtte opp under samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i sektoren.

For å møte behovet for auka kompetanse og sikre kapasitet og fleksibilitet i høgere utdanning, foreslår regjeringa å auke løyvinga til 291,2 mill. kroner i 2010 knytt til dei 3 000 studieplassane som vart tildelte til universiteta og høgskolane i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009. Det inneber at talet på nye studieplassar ved universitet og høgskolar aukar med om lag 2 600 i 2010, slik at den auka opptakskapasiteten kan førast vidare.

Regjeringa vil òg føre vidare med heilårsverknad studieplassane som vart gitte i revidert nasjonalbudsjett for 2009 innanfor desentralisert utdanning, etter- og vidareutdanning og fagskoleutdanning. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvingane i 2010 knytt til desse studieplassane til 39,6 mill. kroner for desentralisert utdanning og etter- og vidareutdanning og 30,4 mill. kroner for fagskoleutdanning.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 100 mill. kroner i 2010 for å styrkje lærarutdanninga. Av desse midlane foreslår regjeringa om lag 15 mill. kroner knytte til tiltak for å auke samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i lærarutdanninga. Desse kjem i tillegg til 20 mill. kroner som Kunnskapsdepartementet tildeler til samarbeidsprosessar i lærarutdanninga i 2009. Bakgrunnen er at det krev ressursar å etablere konkrete samarbeidsprosessar og å utvikle dei nye studietilboda. Regjeringa vil òg føre vidare satsinga på nasjonal forskarskole for lærar-

utdanning, rettleiing av nyutdanna lærarar, styrking av praksisopplæringa og etablering av eit senter for framifrå lærarutdanning.

Regjeringa foreslår samla å løyve 13,5 mill. kroner i 2010 til etablering av trafikkflygarutdanning (treårig bachelorgrad i luftfart) ved Universitetet i Tromsø. Dette kjem i tillegg til 3 mill. kroner i auka rammeløyving frå og med 2009 til Universitetet i Tromsø.

Regjeringa foreslår å løyve 98 mill. kroner til utstyr for byggeprosjekt som er under oppføring, jf. kap. 260 post 50.

Høg kvalitet i forskinga er grunnlaget for vidare utvikling av samfunnet. Grunnforskning av høg kvalitet er ein føresetnad for meir målretta forskningssatsingar for å løyse samfunnsproblem. Dette er òg ein føresetnad for at norske forskarar og forskingsmiljø skal vere attraktive samarbeidspartnarar for utvikling av kunnskap på ein internasjonal arena. Noreg skal vere i front av den internasjonale kunnskapsutviklinga på område der vi har særlege føresetnader.

Regjeringa fører vidare rekrutteringsstillingane frå tiltakspakka med 72,7 mill. kroner i 2009, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*. Utdanning av fleire forskarar er eit viktig verkemiddel for å auke den norske forskningsevna. Etterspørselen etter personar med doktorgrad aukar òg utanfor academia. Fleire forskarutdanna personar vil auke tilfanget av høgt kompetent arbeidskraft for framtidens arbeidsliv. Målet om eit meir kunnskapsintensivt næringsliv krev fleire med doktorgrad, særleg innanfor faga matematikk, naturfag og teknologi (MNT-faga).

Regjeringa vil leggje stor vekt på at Noreg skal spele ei aktiv rolle i internasjonale organisasjonar og prosessar, og delta på viktige møtestader for høgere utdannings- og forskningssamarbeid. Dette gjeld blant anna i samarbeidet med EU og deltaking i EUs utdannings- og forskingsprogram. OECD, Bologna-prosessen, Nordisk Ministerråd og UNESCO er andre viktige arenaer der Noreg deltek aktivt. I St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* legg regjeringa vekt på at internasjonalisering ikkje berre er eit mål i seg sjølv, men òg eit verkemiddel for å fremme kvalitet og relevans i norsk utdanning og forskning. Analysen og tiltaka i meldinga vil vere utgangspunktet og danne grunnlaget for det vidare arbeidet på internasjonaliseringsområdet. Regjeringa foreslår å løyve om lag 127 mill. kroner knytte til ulike internasjonaliseringstiltak i 2010 over kap. 281 post 01, post 51 og post 73.

Regjeringa vil arbeide for å styrkje samarbeidet mellom utdanning og arbeidsliv for å auke relevan-

sen og samstundes bidra til å nå målet om høg kvalitet i utdanningane, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*. Det er òg viktig å ha meir merksemd på læringsutbyttet, jf. blant anna innføringa av kvalifikasjonsrammeverket.

Regjeringa vil arbeide vidare for å sikre eit godt tilbod om høgre utdanning av høg kvalitet til alle som kan og ønskjer det. Utdanningstilbodet må kontinuerleg utviklast for å sikre at både studentane og samfunnet får best mogleg kvalitet i utdanningane. Arbeidet med kvalitetssikring og -utvikling av utdanningane vil halde fram. Det er nødvendig å arbeide med å heve studiekvaliteten ved fleire av profesjonsutdanningane.

Desentralisert og fleksibel utdanning er viktig både for studentar i høgre utdanning og for dei som tek etter- og vidareutdanning. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å utvikle ein god infrastruktur knytt til fleksibel utdanning og bidra til at institusjonane aukar tilgjengelet av desentralisert og fleksibel utdanning.

Målstruktur for høgre utdanning og fagskoleutdanning

Departementet har fastsett ein overordna målstruktur for universitet, høgskolar og fagskolar. Eit utfyllande målbilete blir presentert i *Orientering om forslag til statsbudsjettet for 2010 for universiteter og høyskoler* og i tildelingsbrev. Målstrukturen danner eit rammeverk for den einskilde institusjonen si styring av verksemda. Innanfor desse rammene må den einskilde institusjonen sjølv trekkje opp strategien for den faglege verksemda og fastsetje eigne mål og resultatkrav, planar og strategiar. Dei skal vere tilpassa eigenarten til verksemda, storleiken og utfordringane deira. Det er styret sitt ansvar å sørge for at strategiane og den faglege utviklinga er i samsvar med dei måla som styresmaktene har fastsett.

Mål: Utdanning av høg internasjonal kvalitet

Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Tilstandsvurdering

Det er i åra framover venta ein stor auke både i ungdomskulla og i delen av befolkninga som søker seg til høgre utdanning. Samtidig treng samfunnet fleire arbeidstakarar med høg kompetanse. Framskrivingar frå Statistisk sentralbyrå (Rapporter 2008/29, SSB) viser at det blir behov

for fleire med både kort og lang universitets- og høgskoleutdanning innanfor alle utdanningsgruppene. Framskrivingar viser òg ein auke på 150 000 unge i alderen 19 til 30 år frå 2008 til 2020, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009). Det er varig behov for auka kapasitet og fleire studieplassar i sektoren om ikkje delen av befolkninga med høgre utdanning skal bli redusert. Søkninga til høgre utdanning gjennom Samordna opptak auka med 9,7 pst. frå 2008 til 2009, og i tillegg er det auke i dei lokale opptaka.

Auken i studenttalet har gitt og vil gi utfordringar for utdanningsinstitusjonane som skal følgje opp studentane, blant anna som følgje av ei meir samansett gruppe studentar med ulike behov for oppfølging. For å møte desse utfordringane vart det løyvd 133,4 mill. kroner i 2009 til oppretting av 3 000 nye studieplassar ved universiteta og høgskolane, til om lag 800 studieplassar i desentralisert og fleksibel utdanning og midlar til fagskolar.

Evalueringa av finansieringssystemet viser at gjennomstrøyminga og internasjonal utveksling av studentar har auka. Saman med andre verkemiddel, som blant anna ny lov for universitet og høgskolar, oppretting av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) og Senter for internasjonalsisering av høgre utdanning (SIU), innføring av nye undervisnings- og vurderingsformer, omlegging av gradsstrukturen med meir, ser departementet at merksemda om og arbeidet med kvalitet i undervisninga har auka. Norsk forskning er i framgang både i kvalitet og kvantitet.

Eit hovudmål i Kvalitetsreforma var å utvikle og heve studiekvaliteten. Resultata dei siste åra har vore gode, men det er framleis store variasjonar. Arbeidet med å heve kvaliteten i utdanningane må halde fram. Departementet meiner at kvalitetssikring og -utvikling framleis må stå sentralt i oppfølginga av norsk høgre utdanning, og at institusjonane sjølve har eit ansvar for dette. NOKUT har òg ei sentral rolle i dette arbeidet.

Noreg har ein godt utbygd struktur av universitet og høgskolar i alle delar av landet. Det gir studentane tilgang til utdanning av høg kvalitet og skal sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft der det er behov. Det er likevel store skilnader mellom institusjonane i storleik, akademisk profil, organisatorisk struktur og lokalisering. Ein for fragmentert struktur med mange små institusjonar og fagmiljø set blant anna kvaliteten på utdanning og forskning under press. Det er behov for ei klarare arbeidsdeling og eit meir forpliktande samarbeid i sektoren.

Det er stor variasjon i samarbeidet mellom universitet og høgskolar og arbeidslivet. Mange institusjonar hentar inn informasjon frå og samarbeider

med arbeidslivet om utdanningane, og departementet ser at slikt samarbeid har verka positivt på relevans av og kvalitet i utdanningane. Departementets vurdering er at det er behov for at fleire utviklar og systematiserer samarbeid med arbeidslivet, slik at det blir meir strukturert og forankra i planane og strategiane til institusjonane.

Evalueringar viser at allmennlærerutdanninga er for brei til å gi lærarkandidatane nødvendig fagleg og pedagogisk kompetanse for alle trinn og fag i skolen. Det er behov for meir spesialisering, eit nytt og utvida pedagogikkfag, betre praksisopp-læring og tettare oppfølging av nye lærarar. Vidare er det behov for ei betre og meir målretta styring av lærarutdanningane, jf. Innst. S. nr. 185 (2008–2009) og St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren – rollen og utdanningen*.

NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga viser at den faglege kvaliteten er god, men at det likevel er nødvendig med nokre endringar i utdanninga. Det er blant anna behov for meir forskingsbasert undervisning, betre pedagogisk kompetanse, meir internasjonalisering og auka gjennomstrøyming.

Etter ein omfattande prosess er alle sjukepleiarutdanningane reakkrediterte. Institusjonane held fram med arbeidet med kvalitetsutvikling av sjukepleiarutdanninga i tråd med NOKUTs tilrådingar.

NOKUT vil hausten 2010 slutføre evalueringa av førskolelærerutdanninga.

Det er auka grad av internasjonalisering i norsk høgre utdanning. Delen utvekslingsstudentar av registrerte studentar aukar, og universiteta og høgskolane arbeider aktivt med internasjonalisering. Det er likevel framleis behov for å oppfordre og stimulere til auka internasjonalisering med høg kvalitet på alle nivå. Det er ein føresetnad at den delen av utdanninga som studentane tek ved institusjonar i utlandet, er av høg kvalitet og tilpassa studiet ved heimeinstitusjonen.

Mål: Forsking av høg internasjonal kvalitet

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Tilstandsvurdering

Forsking i universitets- og høgskolesektoren er i framgang både i kvalitet og kvantitet. Evalueringa av finansieringssystemet og indikatorane for forskning kan tyde på at det blir utført meir og betre forskning, og at talet på doktorgradskandidatar aukar. Det blir òg gitt ut stadig fleire vitenskaplege publikasjonar.

Noregs næringsstruktur og demografi gir særskilde utfordringar med omsyn til å finne ein god balanse mellom sterke fagmiljø, eit landsdekkjande utdanningstilbod og regionale forskingsmiljø som bidreg til utvikling av næringslivet. Regjeringas vurdering er at det er behov for meir samarbeid og arbeidsdeling for å møte utfordringane med ein fragmentert struktur med mange små og svake fagmiljø.

Akkreditering av høgskolar til universitet har bidrege til å bryte ned skiljet mellom universiteta og høgskolane i Noreg. Det er etablert mange nye doktorgradsutdanningar, òg i små fagmiljø. For å halde oppe kvaliteten må ein styrkje arbeidsdelinga.

Høg kompetanse hos dei tilsette ved universitet og høgskolar er ein sentral føresetnad for at dei kan drive forskning og tilby forskingsbasert undervisning. Det har vore betydeleg kompetanseheving blant det vitenskaplege personalet ved dei statlege og private høgskolane dei seinare åra, men det er framleis behov for å auke kompetansen på mange fagområde.

For universitets- og høgskolesektoren samla har kvinnedelen auka i alle stillingskategoriane, men kvinnedelen er framleis for låg. Departementet meiner det er behov for å auke delen kvinner i toppstilling, særleg i realfag og teknologi.

Det meste av grunnforskninga i Noreg skjer ved universiteta. Regjeringa har styrkt løyvingane til universiteta og høgskolane, og forskarrekuttering har vore ein viktig del av satsinga på grunnforskning. Det er særleg realfag og teknologifag som har vore prioriterte. Høgskolane er sentrale i profesjonsforskninga, som har vorte styrkt blant anna gjennom *Strategiske høgskoleprogram og Praksisretta FoU* over Noregs forskingsråd.

Styret for *Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid* har gjort ei evaluering av verksemda til programmet i åra 2003–08. Evalueringa viser at programmet i stor mon svarer til dei forventningane som vart stilte til det.

Sjølv om universiteta dominerer i tildelingane frå Forskningsrådet, har høgskolane auka sin del dei siste åra. Det store fleirtalet av doktorgradane er avlagde ved universiteta i dei store byane. Mange av kandidatane har utført arbeidet med doktorgraden ved institusjonar utanfor universiteta, for eksempel høgskolar i ulike delar av landet, forskingsinstitutt eller helseforetak.

Mål: Formidling, innovasjon og verdiskaping

Universitet og høgskolar skal bidra til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og bidra til innovasjon og verdiska-

ping basert på desse resultat. Universitet og høgs-kolar skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Tilstandsvurdering

Det vitskapelege personalet ved universitet og høgs-kolar formidlar vitskapeleg tenkjemåte og resultat frå forskning til allmenta i stort omfang og gjennom ei rekkje kanalar. I seinare tid har prinsippet om open tilgang til vitskapelege artiklar fått stor merk-semd. Dei fleste universiteta og høgskolane har no eigne digitale arkiv, men delen artiklar som er ope tilgjengeleg ligg langt under det som er ønskjeleg. Departementet meiner at Forskingsrådet sitt krav om å lagre artiklar basert på forskning dei finansi-erer, i opne arkiv, vil verke positivt.

Det er i større grad enn tidlegare forventa at universitet og høgs-kolar bidreg til verdiskapinga i samfunnet gjennom ulike tiltak for å kommersiali-sere forskingsresultat. Etableringa av teknologio-verføringskontor (Technology Transfer Offices – TTO) skal bidra til å ta hand om desse oppgåvene. Kommersialisering av forskinga aktualiserer spørsmålet om handsaming av immaterielle rettar (IR). Alle universiteta har dette spørsmålet på dagsorde-nen, men dei har ikkje komme like langt i å setje i verk prinsipp for handsaming av IR i interne poli-tikkdokument og kontraktar.

Mål: Organisering, drift og ressursforvaltning

Universitet og høgs-kolar skal organisere og drive verksemda på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg teke hand om innanfor ramma av disponible ressursar.

Tilstandsvurdering

I samsvar med måla i Kvalitetsreforma om å gi institusjonane større fridom og ansvar har departe-mentet i dei årlege etatsstyringsmøta og tildelings-breva til dei statlege institusjonane lagt stor vekt på at styret er institusjonens øvste organ, og dermed har ansvaret for å trekkje opp strategien for verk-semda og for at institusjonen når måla. I etatssty-ringsmøta med den einskilde institusjonen har departementet dei seinaste åra derfor endra innret-tinga, slik at møta og styringsdialogen no har auka fokus på ein overordna og strategisk dialog om institusjonens resultat, planar, strategi og utfor-dringar. Departementet har òg eit felles årleg dia-logmøte med dei private institusjonane.

Departementet legg opp til at styret i den årle-ge rapporten skal evaluere arbeidet sitt med dei strategiske og prinsipielle utfordringane. Departe-

mentet kan registrere ei positiv utvikling i korleis styra legg vekt på rolla si som eit styringsorgan, der arbeidet først og fremst skal vere knytt til stra-tegiske og prinsipielle utfordringar. Styra tek ei tydelegare rolle i mål- og resultatstyringa av insti-tusjonane. Rapportane frå styra legg no vekt på den rolla styret har som strategisk organ, og omtaler dei sakene som institusjonane identifiserer som sine viktigaste utfordringar. Sjølv om mange insti-tusjonar har komme langt, meiner departementet at det framleis er behov for å tydeleggjere og følgje opp styret si heilskapelege styringsrolle og ansvaret for alle sidene av verksemda til institusjonen.

Dagens finansieringssystem er eit delvis resul-tatbasert insentivsystem, som har verka sidan 2003. Departementet har gjennomført ei evalue-ring av systemet for å vurdere måloppnåing, effek-tar og eventuelle behov for endringar, som varsla i St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvali-tetsreformen i høgare utdanning*. Sjå vedlegg 4 for nærmare dokumentasjon.

Ved utgangen av 2008 låg avsetningane til uni-versitet og høgs-kolar på om lag same nivå som året før. I 2008 har fleire verksemdar enn tidligare i uni-versitets- og høgskolesektoren driftsutgifter som er større enn inntektene til dei løyvingsfinansierte aktivitetane. Rekneskapa for dette året viser at om lag halvdelen av dei statlege institusjonane hadde eit negativt driftsresultat i den løyvingsfinansierte delen av verksemda. Eit sett standardiserte nøk-keltal er presenterte i vedlegg 5. Nøkkeltala viser inntekter og kostnader baserte på kontantprinsip-pet, inntekter etter inntektskjelde og forholdet mel-lom kontantbeholdninga, kostnader som skal beta-last i neste termin og avsetningane.

Oppstilling og presentasjon av rekneskapa ved universitet og høgs-kolar har vore i endring etter at dei tilrådde statlege rekneskapsstandardane vart-innførte i 2007. Dette gjeld særleg handsaming av anleggsmiddel og bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd. Dette arbeidet er nå fullført, og over-gangen til rekneskap ført og stilt opp etter desse standardane er nær fullført. Dette har ført til at både departementet og institusjonane har fått betre styringsinformasjon. Samtidig har insti-tusjonane fått eit verktøy for betre styring av verk-semda.

Mål: Universitetsmusea

Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universi-tetet i Stavanger, Universitetet i Tromsø og Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet har eit særskilt ansvar for å byggje opp, drive og halde ved like museum med vitskapelege samlingar og utstillingar for publikum.

Tilstandsvurdering

Våren 2008 la regjeringa fram St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale*, som drøfta utfordringane til universitetsmusea på områda forskning, forvaltning av samlingane, formidling, digitalisering, styring, organisering og leing. Meldinga tilrår tiltak på alle desse områda.

Riksrevisjonen peiker i sin gjennomgang frå 2008 på at samlingane framleis ikkje er godt nok sikra og bevarte, og at rapporteringa om arbeidet med bevaring og sikring kan bli betre. Samstundes viser undersøkinga at departementet og universiteta si styring av universitetsmusea har blitt betre. For å bidra til betre sikring og bevaring vart det både i statsbudsjettet for 2008 og for 2009 løyvd 16 mill. kroner til sikring og bevaring av universitetsmusea.

Arkeologisk Museum i Stavanger vart knytt til Universitetet i Stavanger frå 1. januar 2009 og løyvinga er flytt frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Kunnskapsdepartementet.

Mål: Fagskoleutdanning av høg kvalitet

Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod som byggjer på fullført vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse.

Tilstandsvurdering

Fagskolelova slår fast at utdanningstilbodet ved fagskolane skal vere yrkesretta og gi kompetanse ein kan ta i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare generelle opplæringstiltak. Lova tek vidare utgangspunkt i at tilbodet skal vere styrt av etterspørselen etter kompetanse i arbeidslivet.

Talet på godkjende fagskoleutdanningar har auka kraftig dei siste åra. Dei fleste fagskoleutdanningane blir drivne av private tilbydarar og mottok ikkje statleg tilskott.

I innstilling til lov om endringar i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning, jf. Innst. O. nr. 89 (2006–2007), understreka kyrkje-, undervisnings- og forskingskomiteen at Kunnskapsdepartementet saman med aktørane i sektoren må utvikle eit godt nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Departementet har sendt ut forslag om endringar i fagskoleloven til høring. Forslaga legg til rette for å kunne utvikle eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, og departementet arbeider saman med fagskoleaktørar med å utvikle sjølve rammeverket.

Karlsen-utvalet, jf. NOU 2008: 18 *Fagopplæring for framtida*, foreslår fleire tiltak knytte til å utvikle fagskolar vidare som del av eit breitt utdannings-

system. Blant anna foreslår utvalet å etablere eit eige råd for fagskoleutdanning, og regjeringa følgjer opp dette forslaget i St.meld. nr. 44 (2008–2009).

Strategiar og tiltak

Nedanfor blir hovudstrategiar og tiltak presenterte. For nærmare omtale av tiltak for å nå måla for sektoren, sjå forslaga for 2010 under dei respektive kapitla og postane.

Utdanning av høg internasjonal kvalitet

I revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart det løyvd 96,6 mill. kroner til 3 000 nye studieplassar. Regjeringa foreslår å føre vidare den auka opptakskapasiteten av 3 000 nye studieplassar og løyve 291,2 mill. kroner til dei nye studieplassane i 2010. Det inneber at talet på nye studieplassar ved universiteta og høgskolane auker med om lag 2 600 i 2010. Det vart i 2009 òg løyvd 21,3 mill. kroner til studieplassar innanfor etter- og vidareutdanning og desentraliserte studietilbod, inklusive 3 mill. kroner til Noregsuniversitetet. Det vart i tillegg løyvd 15,2 mill. kroner til fagskolar. Regjeringa foreslår å føre vidare desse studieplassane på same nivå og løyve høvesvis 39,6 mill. kroner og 30,4 mill. kroner i 2010.

Regjeringa forslår å auke løyvinga til sektoren med om lag 50 mill. kroner for å stimulere til og støtte opp under samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) i sektoren. Målet med dei strategiske SAK-midlane er å bidra til tydeleg profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø slik at institusjonane blir betre i stand til å nå sektormåla. Departementet tek sikte på å tildele midlane etter søknad til institusjonar som er i eller planlegg samarbeidsprosessar, jf. òg nærmare omtale under kap. 260.

For å auke kvaliteten og betre innhaldet i lærarutdanninga gjennomfører regjeringa ei reform av lærarutdanninga for grunnskolen, jf. St.meld. nr. 11 (2008–2009), sjå òg nærmare omtale under kap. 260.

Dei nye grunnskolelærarutdanningane føreset eit godt regionalt samarbeid med ei tenleg arbeidsdeling. Det er nødvendig at lærarutdanninga utviklar robuste fagmiljø med kompetanse og storleik til å gi forskning og utdanning av høg kvalitet. Departementet vil derfor i løpet av hausten gjennomføre ei rekkje dialogmøte med samarbeidande institusjonar, jf. nærmare omtale under kap. 260.

Departementet vil arbeide for auka internasjonalisering av høgre utdanning og fagskoleutdan-

ning, i tråd med prioriteringane i St.meld. nr. 14 (2008–2009). Departementet vil leggje særskild vekt på å sjå internasjonalt høgre utdannings- og forskingssamarbeid i samanheng.

Forskning av høg internasjonal kvalitet

I revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart det løyvd 23 mill. kroner til 57 rekrutteringsstillingar og 12,5 mill. kroner til nærings- ph.d.-stillingar over Kunnskapsdepartementets budsjett. Regjeringa foreslår å føre vidare løyvinga med 72,7 mill. kroner i 2010.

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 5 mrd. kroner frå 1. januar 2010. Avkastninga av to-tredelar av kapitalauken er øymerkt forskingsinfrastruktur. Der som renta held seg på det same nivået som i dag, vil det gi om lag 140 mill. kroner i auka løyvingar til forskingsinfrastruktur frå 2011. For nærmare omtale, sjå programkategori 07.70 Forsking.

Regjeringa vil leggje grunnlaget for å føre vidare den positive utviklinga i forskinga i Noreg. St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* trekkjer opp eit nytt målbilete for norsk forskning, jf. nærmare omtale under programkategori 07.70. Regjeringa er oppteken av at norske forskingsmiljø skal bringe fram grunnleggjande kunnskap for å løyse globale utfordringar knytte til miljø, klima og energi, og for å betre helsetenestene. I tillegg ønskjer regjeringa å leggje vekt på forskning på næringsrelevante område.

Regjeringa legg vidare vekt på forskning knytt til profesjonsutøving for å løyse velferdsstatens oppgaver, jf. blant anna lærarutdanningsreforma og samhandlingsreforma. Det skal fremmast ein handlingsplan som skal styrkje profesjonsutøvarane si tilknytning til forskning, og sambandet mellom forskning og utdanning.

Internasjonalt samarbeid er nødvendig for at Noreg skal kunne hevde seg og rekruttere internasjonale forskarar på prioriterte område. Auka kvalitet i forskinga heng blant anna saman med å spisse forskingsinnsatsen mot område der Noreg har særlege føresetnader for å lykkast, ta del på eksterne arenaer både nasjonalt og internasjonalt som tildeler midlar i open konkurranse, og ta del i internasjonalt forskingssamarbeid.

Formidling, innovasjon og verdiskaping

Den viktigaste kanalen for å leggje fram resultatane av forskning er fagfellevurderte vitenskaplege artiklar. Som prinsipp bør resultatane av offentleg finansiert forskning vere tilgjengeleg for alle. Departementet forventar at delen vitenskaplege artiklar i ope tilgjen-

gelege arkiv aukar kraftig, og ser etableringa av Norsk vitkapsindeks (NVI) som eit viktig tiltak for å nå målet. NVI skal vere ein felles database for vitenskapleg publisering for universitet, høøgskolar, helseføretak og forskingsinstitutt.

Universiteta og høøgskolane skal bidra til eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet, og til næringsrelevant forskning på utvalde område. Etableringa av TTO-kontora ved universiteta er viktig for å stimulere til kommersialisering av forskingsresultat. Desse kontora er delvis finansierte av *FORNY-programmet* i Forskringsrådet. Den eksisterande FORNY-ordninga blir ført vidare i 2010. Frå og med 2011 vil ei ny satsing på kommersialisering av forskingsresultat bli etablert.

Organisering, drift og ressursforvaltning

Det felles lov- og forskriftsverket og finansieringssystemet inneber stor grad av institusjonell fridom som skal sikre uavhengig forskning og undervisning, og gi institusjonane rom til å tilpasse seg nye krav til kvalitet, relevans og auka konkurranse nasjonalt og internasjonalt. Kunnskapsdepartementet legg opp til ein styringsstrategi og bruk av verkemidlar som er tilpassa både til regelverket, oppgåvene til institusjonane, risikobiletet, departementet sitt overordna ansvar og styringsmodellen som er fastsett gjennom lov, instruks og reglement. Institusjonane på si side må sjå heilskapleg på verksemda og bruke verkemidla dei rår over, til å styrkje fagmiljøa, auke kvaliteten på både utdanninga og forskinga og organisere verksemda slik at ein sikrar samanhengande tid til forskning for dei vitenskapleg tilsette. Departementet legg vekt på at institusjonane forankrar og formidlar i organisasjonen korleis styring og leiing skal styrkje den faglege kvaliteten. I tillegg vil departementet arrangere eit seminar for alle styremedlemmene i sektoren.

Hovudtrekka i finansieringssystemet vil bli førd vidare med nokre endringar som blant anna skal bidra til meir samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK) i sektoren. Regjeringa foreslår meir bruk av strategiske midlar som skal fordelast til SAK-prosessar der to eller fleire institusjonar deltek og foreslår blant anna å auke løyvinga til institusjonane med 50 mill. kroner i 2010 knytt til dette.

Regjeringa foreslår å løyve 58 mill. kroner til utstyr til ny universitetsklinikk i Trondheim og 40 mill. kroner til utstyr ved Kunsthøgskolen i Oslo i 2010. Regjeringa foreslår vidare å løyve husleigekompensasjon med 11,7 mill. kroner til Høgskolen i Vestfold, 23 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Oslo og 3,5 mill. kroner til Samisk høøgskole i 2010.

Universitetsmusea

For betre å kunne følgje med på status for bevaring og sikring av samlingane, vil det bli arbeidd vidare med utvikling og forbetring av indikatorar.

For å styrkje forskinga ved universitetsmusea foreslår regjeringa å føre vidare den strategiske FoU-satsinga retta mot universitetsmusea.

Det er utfordringar knytt til infrastruktur ved fleire av universitetsmusea. Det er difor sett i gang fleire prosjekt og utgreiingar, blant anna ved Kulturhistorisk museum og Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo, Bergen Museum ved Universitetet i Bergen, Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger, Tromsø Museum ved Universitetet i Tromsø og Vitskapsmuseet ved Norges teknisk-naturvitskaplege universitet.

Fagskoleutdanning av høg kvalitet

Tilbodet om fagskoleutdanning skal primært vere styrt av arbeidslivets etterspørsel etter kompe-

tanse, jf. forarbeida til den reviderte fagskolelova, Ot.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om lov om endringer i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning*. Kunnskapsdepartementets rolle er å gi gode rammer, som sikrar kvalitet og fleksibilitet.

Drifts- og finansieringsansvaret for fagskolane blir overførde til fylkeskommunane frå 1. januar 2010 i samband med forvaltingsreforma. Tilskottet til fagskoleutdanning blir lagt inn i rammetilskottet til fylkeskommunane.

Kunnskapsdepartementet meiner at eit eige råd for fagskoleutdanning, som Karlsen-utvalet foreslår, kan styrkje rolla til fagskolane og bidra til ei meir målretta utvikling av fagskoletilbodet. Kunnskapsdepartementet har invitert partane til ein konferanse hausten 2009, med formål å danne eit interimsstyre for eit slikt råd.

Statistikkgrunnlaget som gjeld fagskoleutdanningane, er ikkje tilstrekkeleg, og departementet vil bidra til å utvikle statistikken vidare.

Kap. 260 Universitet og høgskolar

Post	Nemning			(i 1 000 kr)
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
50	Statlege universitet og høgskolar			22 542 647
70	Private høgskolar			828 222
	Sum kap. 260			23 370 869

Tidlegare kap. 271 Universitet, kap. 272 Vitskaplege høgskolar og kap. 275 Høgskolar er frå 2010 slåtte saman til eit nytt kap. 260 Universitet og høgskolar, som omfattar alle universitet og høgskolar. Samanslåinga må sjåast på bakgrunn av at alle institusjonane har same lovverk og finansieringssystem. I tillegg har det vore flyttingar frå tidlegare høgskolar til universitet og vitskapleg høgskole, og prosessar med samanslåing av institusjonar. Det er derfor ikkje lenger tenleg å ha ei inndeling mellom ulike institusjonskategoriar.

Kap. 260 blir delt inn i to postar, post 50 Løyving til statlege universitet og høgskolar og post 70 Løyving til private universitet og høgskolar. Postane omfattar midlar til undervisning, forskning, formidling, infrastruktur og bygg med meir. Den tidlegare postinndelinga på kap. 271, 272 og 275 tok utgangspunkt i komponentane i finansieringssystemet: postane 50 og 70 for basiskomponent, postane 51 og 71 for undervisningskomponent og postane 52 og 72 for forskingskomponent. Samanslåinga til to postar, ein for statlege og ein for private institu-

sjonar, speglar at institusjonane er underlagde rammefinansiering, at dei statlege institusjonane er forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og at institusjonane sjølve har ansvaret for å prioritere bruken av løyvinga best mogleg for å nå måla for sektoren.

Rapport 2008–09 for tidlegare kap. 271, 272 og 275

Utdanning av høg internasjonal kvalitet

Sidan 2000 har det vore ein klar auke i talet på studentar i aldersgruppa 19–24 år og ein auke i talet på studentar over 40 år. Opptakstala og talet på registrerte studentar i høgere utdanning har auka noko frå 2007 til 2008, og ligg dermed på om lag same nivå som i 2006. Auken har først og fremst komme på høgskolane. Delen kvinnelege studentar aukar og er no 61 pst., og det er her ei positiv utvikling i opptaket til matematikk, natur- og teknologifaga (MNT-faga). Det er òg fleire studentar

med minoritetsspråkleg bakgrunn i høgre utdanning, særleg ved universiteta.

Det har vore ein kraftig auke i talet på søkjarar til høgre utdanning frå 2008 til 2009. Tal frå Samordna opptak viser at det var 9,7 pst. fleire primær-søkjarar i mai 2009 samanlikna med mai 2008.

Institusjonane i dei største byane har lettast for å trekkje til seg søkjarar, medan andre institusjonar, og særleg i Nord-Noreg, har større utfordringar med rekrutteringa.

Den store veksten i studietilboda dei første åra etter Kvalitetsreforma, har stoppa opp, og omfanget er no i ferd med å stabilisere seg. Delen registrerte studentar på årskurs, bachelorgrad og mastergrad har halde seg relativt stabil dei siste åra. Dei fleste institusjonskategoriane har ei overvekt av bachelorgradstudentar, bortsett frå dei statlege vitskapelege høgskolane, som har flest mastergradstudentar. Høgskolane har ein stor del av studentane sine på årskurs.

Gjennomføringa på normert tid ved universiteta har betra seg dei seinaste åra, både i høgre gradsstudium og i bachelorgraden.

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

Stjernø-utvalet, jf. NOU 2008: 3 *Sett under ett*, skildra blant anna ei utvikling med stor spreining av fagmiljøa og derav sviktande kvalitet i fleire sentrale utdanningar. For å møte desse utfordringane meinte utvalet at det var nødvendig med ei stor strukturreform som skulle ha som mål å redusere talet på høgre utdanningsinstitusjonar.

Utviklinga viser at stadig fleire lærestader institusjonaliserer samarbeidet seg imellom. Utviklinga har skjedd parallelt med arbeidet til Stjernø-utvalet og har ført til mange typar samarbeid. Institusjonane i Tromsø har fusjonert, Innlandsuniversitetet, Oslofjordalliansen og samarbeidet mellom fem av institusjonane på vestlandet gjennom UH-nett Vest er eksempel på breie institusjonssamarbeid. Noregs musikkhøgskole og Barratt Due musikk-institutt har inngått ein intensjonsavtale om tettare samarbeid og arbeidsdeling. Det er òg samarbeid mellom Høgskolen i Oslo og Høgskolen i Akershus. Dette er eksempel på prosessar som i nær framtid kan føre til omfattande endringar i institusjonslandskapet.

Universitets- og høgskolesystemet i nord er godt utbygd, og institusjonane spelar ei nøkkelrolle i kompetansebygginga i og om nordområda. På grunn av lange avstandar og relativt små fagmiljø er nettverkstankegangen, og det å stimulere til samarbeid om kunnskapsbygging snarare enn konkurranse, særleg viktig for kunnskapsmiljøa i nordområda. I 2009 har Universitetet i Tromsø og

Høgskolen i Tromsø fusjonert og høgskolane i Harstad og Finnmark har innleidd samtalar om å slutte seg til fusjonen.

Høgskolane i Nordland er viktige aktørar i den regionale utviklinga. Nordland fylkeskommune ønskjer å bidra til å utvikle vidare høgskolesektoren i Nordland for å sikre framtidig kompetanse og konkurransekraft i fylket, og samtidig sikre nødvendig FoU-aktivitet i regionen. Kunnskapsdepartementet har i samråd med Nordland fylkeskommune oppretta eit utval som skal greie ut spørsmåla knytt til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i høgre utdanning i Nordland, med frist til årsskiftet 2009/10.

Nordområda

Nordområdestrategien legg vekt på kunnskapsutvikling i nord. *Nye Byggesteiner i nord. Neste trinn i Regjeringas nordområdestrategi* vart lagd fram i Tromsø 12. mars 2009. Universitet og høgskolar er sentrale for å nå måla i regjeringas nordområdestrategi. Dei tek del i samarbeids- og programaktivitetar som byggjer opp under måla, blant anna gjennom Universitetssenteret på Svalbard, Arktisk Universitet, Samarbeidsprogrammet med Russland, Nordområdestipendprogrammet og Energi-Campus Nord.

Samarbeidet med Russland står i ei særstilling i regjeringas nordområdesatsing. I 2009 har Kunnskapsdepartementet arbeidd vidare med å stille ferdig ein intensjonsavtale, Memorandum of Understanding (MoU) om høgre utdanningssamarbeid med Russland. Avtalen inneber blant anna at departementet innanfor eksisterande ordningar og økonomiske rammer vil stille minst 15 stipend til rådigheit for russiske studentar for studium ved norske høgre lærestadar.

Lærerutdanning

Framskrivninga frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det blir behov for fleire lærarar i åra framover. Det er i denne samanhengen viktig å vurdere kapasiteten for lærerutdanningar som særleg er spesialiserte mot trinn, fag- eller arbeidsområde. Kunnskapsdepartementet har sett i gang ulike rekrutteringstiltak. Tiltaka er blant anna knytte til avskrivning av studielån for lærarar i framandspråk og realfag og utprøving av ei lektor II-ordning for å få yrkesaktive til å undervise på fagområde der skolane har behov for betre kompetanse.

Institusjonane som tilbyr allmennlærerutdanning, har arbeidd aktivt med å følgje opp tilrådingane frå NOKUTs evaluering. Departementet kravde at alle institusjonane utarbeidde ein plan for oppføl-

ginga, og dei har rapportert årleg om framdrifta. I St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren – rollen og utdanningen* er det foreslått ei rekkje kvalitetsfremmande tiltak for lærarutdanninga. I arbeidet med stortingsmeldinga hadde departementet ein open prosess med institusjonane. Dei er såleis godt førebudde på å setje i verk forslaga.

Eit breitt samansett utval skal utarbeide forslag til forskrift til rammeplan for dei nye utdanningane, og nasjonale retningslinjer for faga. Eit forslag blir sendt ut til høring i løpet av hausten 2009.

Den største endringa er differensieringa i to hovudretningar for grunnskolelærarar. Dette inneber at studentane må velje kva årstrinn dei vil spesialisere seg innanfor:

- *trinn 1–7*, har vekt på begynnaropplæring, normalt fire undervisningsfag, og norsk og matematikk er obligatoriske fag
- *trinn 5–10*, har normalt tre undervisningsfag på 60 studiepoeng, alle valfag.

Begge hovudretningane får eit nytt obligatorisk pedagogikkfag, *pedagogikk og elevkunnskap*, på 60 studiepoeng. Innrettinga mot årstrinn gir høve til større fagleg fordjuping og spesialisering. Det skal stillast tydelege kvalitetskrav til den obligatoriske praksisopplæringa, og pedagogikk, praksis og fag skal inngå i ein integrert heilskap. Målet er ei heilskapleg og forskingsbasert profesjonsutdanning. Dei nye grunnskolelærarutdanningane skal vere etablerte frå hausten 2010.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 284, 2. april 2009 i Innst. S. nr. 185 (2008–2009), jf. St.meld. nr. 11 (2008–2009):

«Stortinget ber Regjeringen om snarest å komme tilbake til Stortinget med status for rekrutteringsutfordringene knyttet til samisk lærerutdanning og tiltak for å sikre rekrutteringen.»

Departementet har sett i verk fleire tiltak for å betre rekrutteringa til samisk lærarutdanning og samiske språkstudium: Samisk høgskole leier ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein langsiktig nasjonal strategi for rekruttering som legg vekt på samiske språk og lærarutdanning og omfattar alle nivå frå barnehage til høgre utdanning. Samisk høgskole, Høgskolen i Nord-Trøndelag, Høgskolen i Bodø og Universitetet i Tromsø er alle tildelt kr 200 000 over kap. 281 post 01 for å utforme rekrutteringstiltak med sikte på opptak hausten 2010.

Søkinga til lærarutdanninga ved Samisk høgskole auka hausten 2009 i høve til tidlegare år. Tal

frå Samordna opptak viser at det er 25 søkjarar til 15 planlagde plassar.

Det er i revidert nasjonalbudsjett for 2009 tildelt midlar til etter- og vidareutdanning tilsvarende totalt 50 studieplassar til institusjonar som tilbyr samisk og/eller kvensk.

Samisk høgskole flytter hausten 2009 inn i det nye vitskapsbygget i Kautokeino, noko som kan ha positiv effekt på rekrutteringa til samisk lærarutdanning.

Helse- og sosialfag

Dei korte profesjonsutdanningane innanfor helse- og sosialfag er sentrale for kvaliteten på og utviklinga av velferdsstaten. Det er mange felles utfordringar for desse utdanningane, særleg tilrettelegginga for god profesjonsutøving, vektlegging av praksis, kunnskapsgrunnlaget og FoU. I dei helse- og sosialfaglege utdanningane er praksisstudium ein viktig og stor del av studieprogrammet. Samarbeidet om praksisstudium mellom yrkesfeltet og utdanningsinstitusjonane er krevjande på grunn av den gjeldande ansvars- og arbeidsdelinga. Opprettinga av samarbeidsorgana har bidrege til ei utvikling i riktig retning, men oppfølginga av kvalitet i praksisstudium vil framleis vere ei viktig oppgåve.

Regjeringas samhandlingsreform vil krevje ei styrking av blant anna samhandlingskompetansen i dei helsefaglege utdanningane. Ein rapport frå Pedagogisk utviklingssenter ved Høgskolen i Oslo viser at den fellesfaglege delen i helse- og sosialfagutdanningane ikkje er innført slik det var til sikta. Ei oppfølging av utdanningsinstitusjonane si iverksetjing av intensjonen i rammeplanane vil derfor vere nødvendig for å oppnå eit betre tverrprofesjonelt samarbeid innanfor helse- og sosialsektoren.

I NOU 2009: 8 *Kompetanseutvikling i barnevernet* skildrar ekspertutvalet krav til kompetanse i ei bachelorutdanning i barnevern. I oppfølginga av denne deltek Kunnskapsdepartementet i ei styringsgruppe som skal greie ut ei autorisasjonsordning for sosionomar og barnevernspedagogar.

Realfag og ingeniørutdanning

Realfagsstrategien frå 2006 går ut ved utgangen av 2009, og departementet er no i gang med å utarbeide ein ny strategi. Det er framleis store utfordringar innanfor realfag, blant anna rekruttering, fråfall, dugleik i matematikk frå grunnopplæringa og kjønnsbalansen. Innanfor gjeldande strategi har Nasjonalt senter for realfagsrekruttering (RENATE-senteret) prøvd ut mentorordningar ved Universitetet i Oslo og Noregs teknisk-naturvitskaplege

universitet, der elevar i grunnopplæringa får matematikktrening ved hjelp av mentorar frå høgre utdanning. Undersøkingar viser at pilotprosjektet ved Universitetet i Oslo har motivert fleire til å arbeide vidare med matematikk i skolen. Det er laga ein modell for nasjonal spreiding av ordninga. Naturfagssenteret har fått midlar til forskingsprosjektet Vilje-con-val, som skal kartleggje kva som påverkar ungdom ved val av studium.

Ingeniørutdanninga i Noreg vart evaluert av NOKUT i 2008. Utdanninga blir vurdert som gjennomgåande god, men treng å bli fornya i takt med utviklinga i samfunnet. Departementet har no laga ein plan for oppfølging av evalueringa.

Internasjonalisering av utdanning

Det har vore arbeidd med internasjonalisering av høgre utdanning over lang tid, og gjennomføringa av Kvalitetsreforma vart ein viktig milestolpe for innføring av det internasjonale perspektivet i all fagleg og administrativ verksemd.

Internasjonalt samarbeid i høgre utdanning og forskning står framleis høgt på den politiske dagsordenen, og Noreg bruker store midlar på slikt samarbeid. Dette skjer blant anna gjennom deltaking i EUs rammeprogram for forskning og EUs Livslang læringsprogram og andre tiltak, som for eksempel studiefinansieringsordningane. Sjå òg omtale under kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar post 01, post 51 og post 73 og omtale under kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning.

Internasjonalisering av utdanning var eit sentral element i Kvalitetsreforma. Internasjonalt samarbeid skulle bidra til auka kvalitet i norsk høgre utdanning. Kvalitetsreforma må sjåast i samanheng med den internasjonale utviklinga i høgre utdanning, som blant anna Bologna-prosessen, der Noreg er aktivt med. Det vidare arbeidet i Bologna-prosessen vil framleis fokusere på hovudmåla i prosessen om å skape eit felles europeisk område for høgre utdanning innan 2010 og særskilt på livslang læring og mobilitet av tilsette og studentar. Det er no blant anna sett som mål at innan 2010 skal 20 pst. av dei som fullfører høgre utdanning i Europa ha vore mobile i løpet av studiet.

I tillegg til deltaking i multilaterale ordningar og prosessar har Noreg bilateralt samarbeid med strategisk viktige land for Noreg.

I St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreforma i høgre utdanning* går det fram at det har skjedd mykje på internasjonaliseringsfeltet ved universiteta og høgskolane etter Kvalitetsreforma, men at det er nødvendig å få ei meir heilskapleg og strategisk tilnærming til arbeidet. Med

framlegginga av St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* vart dette området gjennomgått i heile si breidd, og resulterte i ei rekkje forslag til tiltak. Det er eit overordna mål at internasjonalisering ved dei norske institusjonane og mobilitet for studentar, faglege og administrative tilsette skal gi kvalitet. Kunnskapsdepartementet gjennomførde ein omfattande høyrings- og dialogrunde med institusjonar, organisasjonar og utvalde aktørar innanfor høgre utdanning i samband med utarbeidinga av meldinga. St.meld. nr. 14 (2008–2009) vidareutviklar og styrker politikken for internasjonalisering av norsk høgre utdanning. Meldinga framhevar at auka fokus på «internasjonalisering heime» er viktig, det vil seie å integrere dei internasjonale perspektiva på alle nivå ved dei norske universiteta og høgskolane. Det bør vidare framleis oppfordrast og stimulerast til auka internasjonal mobilitet av studentar og tilsette. Det bør gjennomgåande satsast på kvalitet på alle nivå, både ved norske institusjonar og i val av samarbeidspartnarar i utlandet. Det internasjonale perspektivet bør òg vidast ut geografisk til å femne om nye viktige aktørar innanfor utdanning og næringsliv.

Departementet legg stor vekt på ei god kopling mellom internasjonalt høgre utdannings- og forskingssamarbeid. Det er viktig at studentane får dra nytte av det faglege samarbeidet som skjer mellom norske universitet og høgskolar og dei internasjonale samarbeidspartnarane deira. Det er vidare viktig å involvere studentane i samarbeid òg ut frå eit rekrutteringsperspektiv: Studentane får erfaring med internasjonalt samarbeid, lærer verdien av internasjonalt forskingssamarbeid og får eit fagleg nettverk som kan komme til nytte i ein framtidig forskarkarriere.

Kvalifikasjonsrammeverk

Departementet har vedteke det overordna kvalifikasjonsrammeverket for høgre utdanning for bachelor-, master- og doktorgrad. Nivåskildringane fortel kva for kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse ein kan forvente at alle kandidatar som fullfører utdanning på det aktuelle nivået skal ha. Kvalifikasjonane blir skildra gjennom kva for læringsutbytte ein student skal ha ved fullført utdanning, framfor gjennom innsatsfaktorar i studiet. Ei dreining i tankegang frå innhald i til utbytte av studiet blir eit klart og nødvendig resultat.

Målet er blant anna å gjere kvalifikasjonane frå dei tre nivåa i høgre utdanning tydelegare, vise dei faktiske skilnadene mellom nivåa, gjere det enklare for studentar og arbeidsgivarar å vere klar over kompetansen etter fullført utdanning og

fremme livslang læring. Innføringa av eit kvalifikasjonsrammeverk for høgre utdanning rettar merksemda mot det heilskaplege læringsutbyttet av ei utdanning. På denne måten får studentane eit meir samanhengande og heilskapleg utbytte av utdanninga.

Entreprenørskap i utdanninga

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet utarbeidd ein handlingsplan for entreprenørskap i utdanninga.

Entreprenørskap, innovasjon og nyskaping har dei siste ti åra fått fotfeste i høgre utdanning. For 2008 rapporterte 21 statlege universitet og høgskolar om utdanningstilbod innanfor innovasjon og entreprenørskap. Dette er alt frå enkeltemne til heile mastergradar, og innanfor ei rekkje ulike fagområde som for eksempel lærarutdanning, teknologiutdanning og kulturutdanning. Rapporteringa viser eit tydeleg mangfald i utdanningstilboda.

Fleire universitet og høgskolar har dei siste åra oppretta einingar for entreprenørskap, innovasjon og nyskaping. For eksempel er det oppretta Senter for entreprenørskap i utdanninga ved universiteta i Oslo, Stavanger, Agder og Trondheim.

Vurderings- og sensurordningar

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 391, 7. mars 2008 i samband med handsaminga av St.meld. nr. 7 (2007–2008), jf. Innst. S. nr. 150 (2007–2008):

«Stortinget ber Regjeringa vurdere å innføre krav om ekstern sensor for all høyere utdanning.»

Bakgrunnen for endringane i kravet om ekstern sensor i Kvalitetsreforma var etablering av nye studieopplegg og nye undervisnings- og evalueringsformer, som oppgåveinnleveringar, deleksamenar, mappevurdering med meir. Departementet vurderte at ekstern sensor kunne bidra på andre måtar enn det som var vanleg da den tradisjonelle vurderingsforma var sluttevaluering, for eksempel gjennom ekstern medverknad i sjølve systemet for sensor. NIFU STEP har i 2009 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjort ei kartlegging av bruk av ekstern sensor på lågare grad med fokus på kvalitet, økonomi, vurdering og læring. Kartlegginga viser at det framleis er betydeleg innslag av ekstern sensor på lågare grads utdanning, og at den mest brukte sensurordninga er ein kombina-

sjon av intern sensor med eit element av ekstern sensor. Kartlegginga viser òg at lærestadene bruker eit mangfald av vurderingsformer. Dette er i tråd med intensjonane i Kvalitetsreforma.

Fleksibel læring, IKT i utdanninga og desentralisert utdanning

I 2009 ligg det føre resultat frå fleire undersøkingar om status for fleksibel og desentralisert læring i høgre utdanning, blant anna om Noregsuniversitetet (NUV).

Rapporten *Evaluering av Norgesuniversitetet* (asplan viak, 2009) peiker på at mandatet til NUV er breitt og ambisiøst, noko som gjer det vanskeleg for NUV å lykkast på alle sine område. Likevel tyder undersøkinga på at NUV spelar ei viktig rolle som forvaltar av prosjektmidlar som skal stimulere til utvikling og samarbeid, på området pedagogisk bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i utdanninga og til dels òg på området samarbeid mellom arbeidsliv og universitets- og høgskolesektor.

Analyse av markedet for desentralisert utdanning (asplan viak, 2009) peiker blant anna på at universitet og høgskolar finn det kostbart å drifte desentraliserte studietilbod, og at student- og inntektsgrunnlaget ofte er usikkert. Det er vidare utfordringar knytte til det å kople etterspørsel og tilbod, noko som bidreg til at det utviklar seg ein marknad for «meklarar». Likevel skjer det meste av aktiviteten utan at dei er involverte. Analysen peiker òg på at den teknologiske utviklinga gjer at skiljet mellom «desentralisert utdanning» og «fjernundervisning» blir stadig mindre.

Rapporten *Digitale utfordringer i høyere i utdanning* (NUV, 2009) presenterer resultat frå ei nasjonal undersøking om bruk av IKT i høgre utdanning som viser at det er stor variasjon i bruken. Dei fleste studentane og fagtilsette nyttar IKT, men det er store variasjonar i kor ofte og korleis. Ein trend er at studentar som samarbeider med andre, nyttar IKT hyppigare og meir variert enn dei som ikkje gjer det. Vidare ser det ut til at haldningane til dei fagtilsette er viktige for i kor stor grad dei legg til rette for bruk av IKT. Tilrettelegginga ser ikkje ut til å vere avhengig av kjønn og alder. Resultata frå rapporten kan tyde på at det er behov for eit sterkare leiarfokus på arbeidet med innføring av IKT. Departementet vil ta resultata frå undersøkinga med i den vidare politikktutforminga på området.

Forskning av høg internasjonal kvalitet

Forskinga ved universitet og høgskolar er styrkt dei seinare åra. Institusjonane gjer i aukande grad

faglege prioriteringar og set i verk tiltak for å løne god forskning. Midlar frå Noregs forskingsråd, ikkje minst gjennom ordningar som sentre for framifrå forskning og sentre for forskingsbasert innovasjon, bidreg både til å synleggjere gode miljø og til å gi forskning av høg kvalitet gode vilkår. Høgskolane gjer ein stor innsats for å utvikle forskinga innanfor profesjonsfaga. Det er etablert program over Forskringsrådet for å styrkje utviklinga av den profesjonsretta forskinga.

At satsinga er vellukka, kjem til syne gjennom gode resultat på sentrale indikatorar for produktivitet og kvalitet i forskning. Omfanget av publisering ved universitet og høgskolar har auka dei siste åra, og det same gjeld delen publikasjonar i høgt rangerte tidsskrift. Norsk publisering har dei siste åra auka meir enn i tradisjonelt sterke forskingsnasjonar som USA, Storbritannia, Frankrike og Tyskland. Medan norske forskarar på 90- talet berre vart siterte så vidt over verdssnittet, blir dei no siterte 25 pst. meir, og meir enn artiklar frå Sverige og Finland.

Forskringsinsentiva i finansieringssystemet for universiteta og høgskolane skal bidra til å auke kvaliteten i forskinga. Evalueringa av systemet tyder på at insentiva har bidrege til å lyfte forskinga i sektoren, jf. omtale av evalueringa i vedlegg 4. Samstundes har ein sett tendensar til at forskinga går føre seg i små og svake miljø utan nødvendig fagleg kontakt med forskarar ved andre institusjonar.

Forskarutdanning

I 2008 vart det sett ny rekord med 1 244 avlagde doktorgrader i Noreg, ein auke på 21 pst. frå 2007. Det inneber at målet om 1 100 doktorgradar per år fastsett i St.meld. nr. 35 (2001–2002) *Kvalitetsreformen. Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillinger i universitets- og høgskolesektoren* er nådd. Universiteta tildeler flest doktorgrader, men gradene er i mange høve eit resultat av samarbeid på tvers av institusjonar og sektorar. Omfanget av doktorgradsutdanninga i Noreg er stor i internasjonal samanheng. Auken i rekrutteringsstillingar dei siste åra gjer at departementet ventar ein auke i dei avlagde gradene òg i åra framover.

I regjeringas tiltakspakke, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*, vart det løyvd 23 mill. kroner til oppretting av 57 nye rekrutteringsstillingar og 12,5 mill. kroner til nærings- ph.d.- stillingar over Kunnskapsdepartementets budsjett.

Utdanning av fleire forskarar er eit viktig verkemiddel for å auke den norske forskningsevna. Nye

forskringsatsingar krev meir forskarutdanna personale. Etterspørselen etter personar med doktorgrad aukar i samfunnet utanfor akademien. Fleire forskarutdanna personar vil auke tilfanget av høgkompetent arbeidskraft til arbeidslivet. Målet om eit meir kunnskapsintensivt næringsliv krev fleire med doktorgrad, særleg innanfor matematikk, naturfag og teknologi (MNT-faga).

Det har vore eit problem med låg gjennomføringsgrad og høg snittalder på doktorgradskandidatane. Dei seinare åra, og særleg etter innføringa av den nye ph.d.- graden, har universiteta og høgskolane arbeidd systematisk med kvalitetsheving av doktorgradsprogramma slik at fleire gjennomfører utdanninga på normert tid. Rapportar frå blant andre NIFU STEP viser at det har vore ei betring, både når det gjeld gjennomføring og snittalder ved avlagd grad. Institusjonane må likevel fortsette arbeidet på dette området.

For å betre kvaliteten på og gjennomføringa av forskarutdanninga i Noreg løyvde regjeringa i 2008 midlar til nasjonale nettverksforskarar over Forskringsrådets budsjett, jf. kap. 285 post 52. Dei fem første forskarskolane er no oppretta etter ei utlysing som resulterte i 27 søknader. Skolane skal sikre deltakarane frå små miljø tilgang til eit breiare fagleg nettverk nasjonalt og internasjonalt. Skolane femner breitt. Alle universiteta, ein vitskapleg høgskole og ni statlege høgskolar deltek.

Noregs forskingsråd

Tildelingane frå Forskringsrådet som del av statstilskottet til universiteta og høgskolane ligg stabilt kring ti pst. Universiteta dominerer framleis innanfor dei fleste verkemidla, særleg når det gjeld *Fri prosjektstøtte og Senter for fremragende forskning (SFF)/Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI)*. Tildelingane skjer i open konkurranse, baserte på vurderingar av kvalitet og relevans. SFF og SFI er viktige verkemiddel for spissing og konsentrasjon av forskinga ved breiddeuniversiteta. Dei statlege høgskolane har likevel auka sin del av midlane frå Forskringsrådet òg i 2008. Universiteta og høgskolane sin del av dei totale løyvingane frå Forskringsrådet ligg stabilt kring 30 pst.

Fleire nasjonale verkemiddel gjennom Forskringsrådet har bidrege til å konsentrere og spisse forskinga i høgskolane. Det gjeld *praksisFoU og Strategiske høgskoleprogram (SHP)* innanfor den profesjonsretta FoU-verksemda og *Verkemiddel for regional FoU (VRI)* i det regionalt forankra næringsrelevante FoU-arbeidet, sjå òg omtale under kap. 281 post 50.

Forskningsrådet har i over ti år gjennomført internasjonale evalueringar av norske fagområde. Evalueringane gir viktige innspel til korleis institusjonane kan arbeide strategisk for høgre kvalitet på fagmiljøa sine. Ei fersk evaluering av kjemimiljøa viser klare forbetringar sidan den førre evalueringa, blant anna styrkt fagleg leiing og tydelegare strategisk profil.

God fagleg leiing på alle nivå i institusjonane er ein føresetnad for god ressursnyting og systematisk, langsiktig arbeid med utvikling av strategiar for forskning. Eit gjennomgåande trekk ved fagevalueringane til Forskningsrådet er at dei peiker på at den faglege leiinga ved institusjonane er for svak.

Internasjonalisering av forskning

Tilsette ved norske universitet og høgskolar har ei brei kontaktflate mot forskarkolleagaer i andre land. Delen norske artiklar publiserte saman med utanlandske medforfattarar auka frå 51 til 53 pst. frå 2004 til 2007. Noreg ligg no på topp i Norden målt i talet på samarbeidande land per artikkel. Tala indikerer at norske forskarar samarbeider meir og med fleire over landegrensene. Universiteta og høgskolane bidreg vesentleg til desse resultatane.

Det ligg sterke insentiv for å delta i EUs rammeprogram for forskning i finansieringssystemet til universiteta og høgskolane. Evaluering av norsk deltaking i EUs rammeprogram er omtalt under programkategori 07.70.

Infrastruktur og utstyr

Forskning av høg kvalitet krev moderne utstyr, særleg innanfor dei eksperimentelle realfaga og medisin, som omfattar fleire av dei prioriterte satsingsområda framover. Gode rammevilkår, inkludert oppdatert og tilstrekkeleg utstyr, er med på å gjere ein forskarkarriere meir attraktiv, og aukar sjansen for at Noreg trekkjer til seg gode, etablerte forskarar frå utlandet. Det er viktig at investeringa i FoU er balansert mellom dei ulike innsatsfaktorane i FoU-systemet.

Internasjonalt tek Noreg del i EUs arbeid med å lage eit vegkart for stor europeisk forskingsinfrastruktur, ESFRI. To prosjekt med norsk vert står på vegkartet: ECCSEL (European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure), eit anlegg for reinsing av karbon ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og SINTEF, og SIOS (Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System) ved Universitetssenteret på Svalbard og Polarinstituttet, som er eit arktisk observasjonssystem på Svalbard, sjå òg omtale under programkategori 07.70.

Formidling, innovasjon og verdiskaping

Vitskapleg tilsette i universiteta og høgskolane er kanskje den viktigaste kjelda til formidling av forskingsresultat og vitskapleg tenkjemåte i ulike medium. Omfanget av slik formidling til allmenta er stor.

Open tilgang til vitskaplege artiklar har fått mykje merksemd dei siste åra, og dei fleste institusjonane i sektoren har eigne opne digitale arkiv. Fleire og fleire utgivarar av vitskaplege tidsskrift tillèt at forskarane legg kopiar av artiklane i desse arkiva, men talet på vitskaplege artiklar som er tilgjengelege gjennom desse arkiva, er framleis lågt. I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* legg regjeringa til grunn eit prinsipp om at vitskaplege artiklar frå offentlig finansierte forskning skal vere offentleg tilgjengelege. Forskningsrådet har som føresetnad at artiklar som er heilt eller dels finansierte av Forskningsrådet, skal vere ope tilgjengelege, noko som truleg vil bidra til auke i talet på vitskaplege artiklar som er tilgjengelege gjennom arkiva.

Ei arbeidsgruppe sett ned av Kunnskapsdepartementet har vurdert om det er mogleg å etablere ein felles database for vitskapleg publisering ved universitet, høgskolar, helseføretak og forskingsinstitutt. Arbeidsgruppa foreslår oppretting av Norsk vitskapsindeks (NVI) og tilrår at NVI inngår i eit større nasjonalt system for informasjon om norsk forskning. Innstillinga frå arbeidsgruppa har vore ute til ei brei høring, og det er stor tilslutning til oppretting av NVI. Departementet arbeider vidare med sikte på etablering i 2011.

Bidrags- og oppdragsinntektene (BOA) er ein indikator på omfanget av verksemda retta mot brukarar. Aktiviteten spenner over alt frå etter- og vidareutdanning til grunnforskning. Kjeldene til BOA-inntekter er både offentlege institusjonar, næringslivet og organisasjonar både i Noreg og i utlandet. Universiteta og høgskolane får mellom seks og sju pst. av driftsinntektene sine frå BOA. Inntektene frå Forskningsrådet og EU er da haldne utanom.

I 2008 var det etablert teknologioverføringskontor (Technology Transfer Offices – TTO) ved seks av dei norske universiteta. TTOane skal på den eine sida bidra til å skape kultur for innovasjon på institusjonen, og på den andre sida hjelpe forskarane med å utvikle forretningssidear, patentar, lisensar og etablering av verksemdar. Dei etablerte TTOane skal bidra til dette òg ved dei andre institusjonane. TTOane er delvis finansierte av *FORNY-programmet* i Forskningsrådet. FORNY skal bidra til auka verdiskaping gjennom kommersialisering av forretningssidear baserte på forskning.

Resultata frå kommersialiseringsverksemda viser ei positiv utvikling i 2008. Når universiteta blir kommersialiseringsaktørar, blir spørsmålet om immaterielle rettar (IR) viktig. Dei regulerer blant anna kva rettar den einskilde forskaren skal ha i høve til arbeidsgivaren. Alle dei norske universiteta har sett spørsmålet på dagsordenen, men dei har ikkje komme like langt i å vedta og setje i verk prinsipp for IR i kontraktar og interne politikkdokument. I 2008 mottok universitet og høgskolar 350 forretningssidear. Dei registrerte 76 patentar, inngjekk 76 lisensieringskontraktar og etablerte 27 nye føretak. Det meste av aktiviteten er registrert ved dei store universiteta. Tala viser ein viss oppgang frå 2007.

Organisering, drift og ressursforvaltning

Dei statlege institusjonane fekk auka autonomi gjennom Kvalitetsreforma. Dette krev at universitet og høgskolar legg vekt på fagleg leiing, strategisk tenking og har evne til omstilling. Åtte av dei statlege institusjonane har gått over til einskapleg leiing på institusjonsnivå med tilsett rektor og ekstern styreleiar. Delt leiing på institusjonsnivå med valt rektor er med andre ord framleis det vanlegaste. På avdelings- og instituttnivå har dei fleste institusjonane valt einskapleg leiing. Det varierer om det òg er valte styre eller råd på desse nivåa.

Ved utgangen av 2008 låg avsetningane til universitet og høgskolar på om lag same nivå som året før. I 2008 har fleire verksemdar i universitets- og høgskolesektoren enn tidlegare driftsutgifter som er større enn inntektene til dei løyvingfinansierte aktivitetane. Rekneskapa for 2008 viser at om lag halvparten av institusjonane hadde negative driftsresultat i dei aktivitetane som vart finansierte av løyvingane frå departementet.

Det er registrert avvik og manglar når det gjeld etterleving av regelverket på enkelte område. Sjølv om det er ei positiv utvikling når det gjeld for eksempel eksternt finansiert verksemd, har det på andre område, som lønn, innkjøp og meirverdiavgift på tenester levert frå utlandet, oppstått nye utfordringar. Overgangen til rekneskap ført etter dei førebelse statlege rekneskapsstandardane er nær fullført. Dette har gitt institusjonane og departementet eit betre styringsverktøy og auka tilgang til styringsinformasjon i rett tid, og ei fast og stabil ramme for føring av rekneskap og økonomiforvaltning.

Statens pensjonskasse har varsla dei statlege institusjonane i sektoren om at arbeidsgivardelen av pensjonspremien blir auka frå 12,28 til 13 pst. frå 2009 til 2010. Kostnadsauken utgjer om lag 90 mill.

kroner for heile sektoren, men den samla kostnaden til pensjonspremie i åra 2003–10 ligg innanfor den kompensasjonen som vart lagd inn i løyvingane med innføringa av nettobudsjettering.

Kunnskapsdepartementet og underliggjande institusjonar forvalta per 31. desember 2008 statlege eigarinteresser i 94 selskap, ein nedgang på fire frå året før. Eigarinteressene har ein bokført eigenkapital på 191,8 mill. kroner. Staten er eineigarar eller har dominerande eigarskap i 30 av selskapa. Eigarinteressene fordeler seg på 50 eigarpostar på høgskolane, 46 på universiteta og tre på vitskapelege høgskolar, i tillegg til fem på Kunnskapsdepartementet.

Rosenborgsaka

Kunnskapsdepartementet har gjort greie for hand-saminga av Rosenborgsaka i statsbudsjetta for 2008 og 2009. I St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet la departementet til grunn at eventuelle nye erstatningskrav knytte til saka måtte handsamast av Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet (NTNU). Departementet er kjent med at NTNU har motteke nye krav om erstatning. Når desse er ferdig greidde ut hos NTNU, vil dei bli sende til departementet for vurdering.

Departementet bad hausten 2008 Kreftforeninga om å stå for eit tilbod om informasjon til personar som meiner at dei har vore utsette for risiko, og som ønskjer råd om korleis ein går fram om ein blir sjuk. Foreininga etablerte eit slikt tilbod i januar, og dreiv dette fram til 1. juli 2009. Tilbodet vart lite nytta, og departementet tok saman med Kreftforeninga avgjerd om at det ikkje var nødvendig å ha eit eige tilbod knytt til Rosenborgsaka. NTNU har saman med Helsedirektoratet utvikla eit informasjonstilbod som NTNU driv. Helsedirektoratet har òg sendt ut informasjon til fastlegar, og dette er lenka opp til nettportalen om Rosenborgsaka. Kreftregisteret er no i gang med ei undersøking om krefttilfelle hos laboratorietilsette (den såkalla IARC-kohorten). Departementet avventar resultatet av denne undersøkinga.

Bygg

Løyvingar til byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren blir gitte over Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett, jf. kap. 1580 og 2445. For bygging av ny universitetsklinikk i Trondheim, sjå omtale under kap. 281 post 79.

Det er framleis behov for nybygg, oppgradering og vedlikehald av den eksisterande bygningsmassen i sektoren for at den skal vere tilpassa dagens krav og situasjon. Dette må òg sjåast i

samanheng med at det er venta ein auke i studenttala i åra framover.

Bygningar og lokale utgjer ein stor utgiftpost for universitet og høgskolar. Institusjonane som eig og forvaltar egne eigedommar, har aktivert bygningsmassen i rekneskapane, med unntak av Universitetet i Oslo, som tek sikte på å aktivere bygningsmassen frå 1. januar 2010. Verdifastsetjing av eigedom vil gi eit betre oversyn og informasjonssgrunnlag for framtidige investeringar.

Igangsette prosjekt

Samisk vitskapsbygg i Kautokeino fekk startløyving i statsbudsjettet for 2006. Bygget er ferdig og blir formelt opna i november 2009.

Bygg for lærarutdanning ved Høgskolen i Vestfold og andre byggjetrinn ved Kunsthøgskolen i Oslo skal stå ferdig i løpet av første halvår 2010. Resterande utstyrsmidler til nybygg for Høgskolen i Vestfold vart løyvde med 18,8 mill. kroner i 2009.

Stortinget slutta seg til ein auke av kostnadsramme for Informatikkbygget ved Universitetet i Oslo, byggjetrinn II, med 151,5 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 87 (2008-2009) *Om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo*. Ny kostnadsramme er 1357,5 mill. kroner (prisnivå per juli 2009). Resterande utstyrsmidler til informatikkbygget vart løyvde med 66,2 mill. kroner i 2009.

I samband med tiltakspakka for arbeid vart det gjort vedtak om å auke byggjeaktiviteten og vedlikehaldet i universitets- og høgskolesektoren. Tiltaka omfattar prosjekt ved universiteta i Bergen Trondheim og Oslo, og ved høgskolane i Oslo, Bergen, Trondheim og Sogn og Fjordane. I tillegg vart det løyvd 131,5 mill. kroner over Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett til gjennomføring av mindre vedlikehaldsprosjekt ved høgskolar og universitet som er underlagt husleigeordninga til Statsbygg, jf. Innst. S. nr. 139 (2008-2009) og St.prp. nr. 37 (2008-2009) *Om endringer i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*.

Nybygg for Institutt for klinisk odontologi ved Universitetet i Bergen fekk startløyving i statsbudsjettet for 2009. For raskare framdrift vart løyvinga auka med 20 mill. kroner i tiltakspakka. Prosjektet har ei kostnadsramme på 822,4 mill. kroner (prisnivå per juli 2010).

Høgskolen i Oslo fekk startløyving i statsbudsjettet for 2009. Det vart gitt ei ekstraløyving på 15 mill. kroner i samband med regjeringas tiltakspakke. Det blir no gjennomført ny ekstern kvalitetssikring av byggjeprosjektet, slik at kostnadsramma kan leggjast fram for Stortinget i løpet av hausten 2009. Kvalitetssikringa skal gjennomførast

parallelt med at Statsbygg arbeider vidare med prosjektet.

Prosjektet samlokalisering av Høgskolen i Bergen fekk startløyving på 65 mill. kroner i tiltakspakka. Det blir no gjennomført ny ekstern kvalitetssikring av byggjeprosjektet, slik at kostnadsramma kan leggjast fram for Stortinget i løpet av hausten 2009. Kvalitetssikringa skal gjennomførast parallelt med at Statsbygg arbeider vidare med prosjektet.

I tiltakspakka vart det òg gitt startløyving på 15 mill. kroner til Sentralbygget ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet skal etter planen vere ferdig våren 2012 og har ei kostnadsramme på 357,9 mill. kroner (prisnivå per juli 2010).

NTNU fekk i tiltakspakka ei eingongsløyving på 120 mill. kroner til rehabilitering av bygg og infrastruktur til ECCSEL-prosjektet over kap. 271 post 50. NTNU skal sjølv gjennomføre prosjektet, som vil omfatte renovering og påbygging av bygningar og laboratorium.

Universitetet i Oslo vart òg gitt ei eingongsløyving på 50 mill. kroner i tiltakspakka i 2009 til vedlikehald og rehabilitering av bygningsmassen på Blindern og Domus Medica.

Det vart gitt ei eingongsløyving på 15 mill. kroner i tiltakspakka i 2009 til samlokalisering av Noregs veterinærhøgskole og Veterinærinstituttet på Ås.

Statsbygg har stått for prosjektering av ei utviding av dyreavdelinga og eit tilbygg til Domus Medica ved Universitetet i Oslo. Eksterne konsulentar har kvalitetssikra forprosjektet materialet, og kostnadsramme er no godkjent. Byggjeprosjektet er venta ferdigstilt i 2012 og er finansiert som eit kurantprosjekt.

Universiteta og dei vitskapelege høgskolane eig i tillegg fleire eigedommar med kulturhistorisk verdi. Ein landsverneplan for dei kulturhistoriske eigedommane til departementet er under utarbeiding. Arbeidet med planen har vore omfattande, og eit høringsutkast til planen er venta ferdigstilt vinteren 2010.

Nye prosjekt

Ekstern kvalitetssikring av forprosjektet for andre byggjetrinn for bygg for medisin- og helsefag ved Universitetet i Tromsø (MH2) er gjennomført. Kostnadsramma på 1,072 mrd. kroner (prisnivå hausten 2008) er godkjend og prosjektet er klart for startløyving.

Statsbygg reviderer forprosjektet for Høgskolen i Sør-Trøndelag sitt prosjekt på Kalvskinnnet i Trondheim.

Som følge av fusjonen mellom Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø blir teknologi-bygget i Tromsø prosjektert på nytt.

Statsbygg arbeider med renoveringsprosjekt for Noregs idrettshøgskole. Dette gjeld gymsalbygget og sentralbygget. Statsbygg arbeider òg med forprosjekt for nytt bygg ved Noregs Handels-høgskole.

Prosjekt under førebuing

Statlege investeringar med ei forventta ramme på meir enn 500 mill. kroner skal gjennom ei utredning om konseptval med ei påfølgande ekstern kvalitetssikring. Arbeidet omhandlar val av rett prosjekt, og sikring av at prosjektet vert planlagt på ein tilfredsstillande måte. Kunnskapsdepartementet og Universitetet i Oslo vil i 2009 og 2010 arbeide med grunnlagsdokumenta for konseptval for Odontologisk fakultet og eit nytt forskings- og undervisningsanlegg for kjemi, farmasi og biomedisin.

Tabellane 2.14–2.17 i Vedlegg 2 gir oversikt over byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren.

Universitetsmusea

Det er knytt museum til dei fire breiddeuniversiteta og til Universitetet i Stavanger. Arkeologisk museum i Stavanger fekk status som universitetsmuseum frå 1. januar 2009. St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale* er i 2008 følgt opp på områda sikring og bevaring, FoU-satsing og nasjonalt digitalt universitetsmuseum. Riksrevisjonen peikte i 2003 på at bevaring av samlingane ved universitetsmusea var utilstrekkelege. Musea har som følge av dette gjennom fleire år fått løyvingar til å betre sikring og bevaring. Ein ny gjennomgang viser at forholda er betre. Generelt har det skjedd fleire positive endringar på sikringsområdet enn på bevaringsområdet. Samstundes viser undersøkinga at departementet og universiteta si styring av universitetsmusea no er betre. Riksrevisjonen har peikt på at det er eit forbedringspotensial med omsyn til rapporteringskrav for arbeidet med bevaring og sikring og for det skriftlege rapporteringsarbeidet.

Forskringsrådet fordeler i 2009 midlar til ei strategisk FoU-satsing for universitetsmusea. Utvalet som skulle greie ut om etablering av eit eventuelt Norsk digitalt universitetsmuseum, la våren 2009 fram rapport for departementet. Rapporten har vore ute til høring og departementet vil vurdere vidare handsaming.

Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo er i dag lokalisert på fire stader i ni ulike byg-

ningar i Oslo. I tillegg til manglande areal er lokala for utstillingar, undervisning og forskning, kontor og sørvisfunksjonar til dels i svært dårleg stand. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med Universitetet i Oslo utarbeidd ulike konsept for Kulturhistorisk museum. Forsking, formidling og bevaring av gjenstandar har vore utgangspunkt for grunnlagsdokumentasjonen for konseptval. Utgreiinga er no til ekstern kvalitetssikring.

Statsbygg prosjekterer eit nytt utstillingsveksthus for Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. I tiltakspakka vart det gitt ei eingongsløyving på 8 mill. kroner i 2009 til prosjektering av utstillingsveksthuset på Tøyen. Prosjektet skal bli eit «Opplevingssenter for biologisk mangfald», som skal vise vekstar frå ulike klimasoner og miljø for skolebarn og eit allment publikum. Universitetet i Oslo har gjennom gaver og andre bidrag samla inn om lag 100 mill. kroner til prosjektet. Universitetet har vidare gjort framlegg om nytt magasinbygg og oppgradering av anlegget på Tøyen.

Universitetet i Bergen fekk i tiltakspakka ei eingongsløyving på 30 mill. kroner knytte til utvendig og innvendig renovering, ombyggingar og oppgradering av areal for Bergen Museum. Universitetet har lagt fram planar for vidare oppgradering og utvikling av museet. Departementet følgjer med interesse dei planane som er utvikla for rehabilitering og oppgradering av monumentalbygget på Muséplass 3. Departementet ser fram mot ei vidare konkretisering av desse planane frå universitetet. Statsbygg er i gang med å planleggje eit nytt formidlingsbygg for Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger. Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om eit nytt magasinbygg i Breivika frå Universitetet i Tromsø. Departementet har òg motteke forslag om nye magasin til Vitenskapsmuseet ved NTNU. Prosjekt skal vurderast i samanheng med nye lokale til Vitensenteret i Trondheim.

Budsjettforslag for 2010 post 50–70

Utdanning av høg internasjonal kvalitet

Kapasitet i utdanning

Det vart i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 vedteke å løyve 96,6 mill. kroner til etablering av 3 000 nye studieplassar i høgere utdanning: om lag 1 000 nye plassar i lærarutdanning, 850 i helse- og sosialfag, 550 i MNT-faga og 600 innanfor fagområde prioriterte frå institusjonane si side. Regjeringa foreslår å løyve 291,2 mill. kroner i 2010 til vidareføring av den auka opptakskapasiteten. Av desse midlane blir 287,4 mill. kroner løyvde over

kap. 260 post 50 og 3,8 mill. kroner over kap. 260 post 70.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart det løyvd 21,3 mill. kroner til desentralisert utdanning og etter- og vidareutdanning. Studieplassane vart fordelte til vidareutdanning i pedagogisk utdanning for førskolelærarar, barnehagepedagogikk og arbeidsrelatert førskolelærarutdanning. I tillegg vart det fordelt midlar til universitet og høgskolar med høg aktivitet i desentraliserte studium og til Noregsuniversitetet (NUV). Regjeringa foreslår å løyve 39,6 mill. kroner i 2010 for å føre vidare satsinga på etter- og vidareutdanning og desentralisert utdanning. Av desse midlane blir det løyvd 30,3 mill. kroner over kap. 260 post 50. Det blir fordelt 2,5 mill. kroner over kap. 260 post 70. Vidare blir det løyvd 3 mill. kroner til NUV over kap. 280 post 21 og 3,8 mill. kroner som blir fordelte over kap. 281 post 01.

Det vart i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 løyvd 15,2 mill. kroner til fagskolar. Regjeringa foreslår å føre denne løyvinga vidare med 30,4 mill. kroner i 2010, jf. kap. 276.

Universitetet i Tromsø etablerte hausten 2008 ei bachelorgrad i luftfartsfag, og det vart teken opp 12 studentar. Det treårige studiet i luftfartsfag er tverrfagleg og har som mål å utdanne trafikkflygarar. Kostnaden ved studiet i 2010 er anslått til om lag 16 mill. kroner. Regjeringa foreslår derfor at det blir etablert ei offentleg finansierte trafikkflygarutdanning ved Universitetet i Tromsø. Regjeringa foreslår å løyve 13,5 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2010. Universitetet i Tromsø bidreg sjølv med 2,4 mill. kroner i 2010.

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet administrerer ordninga med kjøp av studieplassar i medisin i utlandet. I samband med avviklinga av ordninga er opptaket auka på ordinære studieplassar i medisin med 15 studieplassar ved Universitetet i Tromsø og 20 studieplassar ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Budsjettramma ved dei einskilde institusjonane er justert i tråd med dette. Ordninga er ferdig utfasa i 2010.

Vidareutdanningar i anesthesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie (ABIOK) vart tidlegare finansierte over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet. I budsjettet for 2007 vart ansvaret for ABIOK-utdanningane og 65 mill. kroner overførte til Kunnskapsdepartementet. I samband med innlemminga i finansieringssystemet for universitets- og høgskolesektoren vart det i statsbudsjettet for 2009 gitt feil uttelling i dei resultatbaserte utdanningsinsentiva på til saman 18,3 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet vil kome attende til korrigering for dette i nysalderinga av statsbudsjettet for 2009.

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

Regjeringa foreslår å løyve om lag 50 mill. kroner over kap. 260 i 2010 for å bidra til meir profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø i sektoren gjennom samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Regjeringa meiner at det er behov for ei klarare arbeidsdeling og eit meir forpliktande samarbeid i sektoren. Samarbeidet skal likevel ikkje utvikle seg gjennom politisk styrte strukturreformer. Dei strukturelle utfordringane må løysast med frivillige prosessar som følgje av at fagmiljø og institusjonsleiingar ser kva sektoren kan oppnå gjennom samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Rolla til statlege myndigheiter er å leggje til rette for, stimulere og bidra til at dei frivillige prosessane på universitet og høgskolar kan realiserast. Sjå òg omtale under Finansieringssystemet.

Lærarutdanning

Dei nye grunnskolelærarutdanningane skal vere etablerte frå hausten 2010. Departementet vil fastsetje forskrift til rammeplanane for dei nye utdanningane i løpet av våren 2010, etter ei brei høring i sektoren.

Det er nødvendig at lærarutdanninga utviklar robuste fagmiljø med kompetanse og storleik til å gi forsking og utdanning av høg kvalitet. Alle institusjonane har vurdert i kva omfang dei vil tilby den nye grunnskoleutdanninga, og korleis dei vil samarbeide med andre institusjonar om dette. Rapporteringa departementet mottok 1. juli 2009, viser at det framover må vere ein omfattande auke i samarbeid om lærarutdanningstilbod. Samtidig er det fleire faglege og organisatoriske forhold som må avklarast før ansvarsdelinga kan bli tydelegare formalisert og før departementet kan fastsetje nærare aktivitetskrav. Regjeringa meiner det er nødvendig med auka samarbeid mellom lærestadane og ei god dimensjonering av lærarutdanningane, og vil gå i dialog med sektoren om dette. Regjeringa foreslår å nytte 15 mill. kroner over kap. 281 post 01 i 2010 for å fremme samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i lærarutdanninga.

Regjeringa vil òg føre vidare satsinga på blant anna nasjonal forskarskole for lærarutdanning, rettleiing av nyutdanna lærarar, styrking av praksisopplæringa og etablering av eit senter for framifrå lærarutdanning, jf. òg omtale under kap. 281 post 01.

Departementet vil etablere ei nasjonal følgjegruppe for innføring av reforma i lærarutdanninga og leggje sekretariatet for arbeidet til Universitetet i Stavanger.

Samisk høgskole har etablert eit utval som skal arbeide fram ein rammeplan for ei ny samisk lærarutdanning. Utvalet er breitt samansett og reflekterer dei ulike samiske språksamfunna. Departementet legg til grunn at studentar som vert tekne opp til lærarutdanning hausten 2010, skal bli uteksaminerte med den kompetansen og kvaliteten som den nye lærarutdanninga skal gi.

Frå studieåret 2010 får studentar som har kombinasjonen grunnskolelærarutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning eller førskolelærarutdanning og samisk språk, ettergitt studielån for inntil kr 50 000. Det er i revidert nasjonalbudsjett for 2009 tildelt midlar til etter- og vidareutdanning tilsvarende 50 studieplassar til institusjonar som tilbyr samisk og/eller kvensk. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til desse plassane i 2010.

Realfag og ingeniørutdanning

Departementet ønskjer å føre vidare fleire av tiltaka som har starta under gjeldande realfagsstrategi, jf. omtale under Rapport for tidlegare kap. 271, 272 og 275.

Departementet har laga ein plan for oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga, og tiltak blir sette i verk fortløpande. Blant dei utfordringane departementet ønskjer å ta tak i, er endringskompetanse, pedagogisk kompetanse, internasjonalisering, kvalitetssikring og sluttkompetanse, rekruttering og opptak. Departementet tek ansvar for oppfølging på nasjonalt nivå, medan institusjonane følgjer opp lokalt.

Internasjonalisering av utdanning

Kunnskapsdepartementet vil leggje St.meld. nr. 14 (2008–2009) til grunn for arbeidet med internasjonalisering av norsk høgare utdanning i åra framover. Departementet vurderer at prosjekt innanfor følgjande område vil ha størst effekt på auka internasjonalisering av våre eigne institusjonar:

- utvikling av felles grader og felles studieprogram både på master- og ph.d.-nivå
- erfaringsoverføring og forbetring gjennom tuning-liknande prosjekt med utanlandske institusjonar
- mobilitet i kortare profesjonsutdanningar
- auka kunnskap om nytta av samarbeid mellom utdanning og forskning
- tilrettelegging for internasjonale studentar og tilsette
- promotering og informasjon.

Departementet vil framleis arbeide med internasjonalisering av utdanning generelt, men vil ha spesielt fokus på dei områda som er nemnde her.

Kunnskapsdepartementet vil følgje opp dei bilaterale samarbeidsrelasjonane òg i 2010, det vil seie med framleis vektlegging av samarbeid med Argentina, Brasil, Chile, India, Russland, Kina og Nord-Amerika. Strategien for auka høgare utdanningssamarbeid med Nord-Amerika gjeld i perioden 2008–11, sjå omtale under kap. 281 post 01. I tillegg vil departementet leggje vekt på høgare utdanningssamarbeid med Sør-Afrika. Sør-Afrika har lenge vore ein viktig partner i høgare utdannings- og forskingssamarbeid. Etter Kunnskapsdepartementets vurdering er det ønskjeleg å styrkje og utvikle vidare samarbeidet i høgare utdanning med Sør-Afrika.

Kvalifikasjonsrammeverk

Dei høgare utdanningsinstitusjonane skal no implementere kvalifikasjonsrammeverket som departementet har vedteke. Alle studieprogramskildringane ved institusjonane skal opplyse om det forventede læringsutbyttet av programmet, og dette skal samsvare med det overordna rammeverket. Institusjonane har fått frist til 2012 med å implementere rammeverket. Departementet tek sikte på å gjennomføre ein sjølvsertifiseringsprosess av rammeverket i 2013, noko som er i tråd med krava i Bologna-prosessen.

Entreprenørskap i utdanninga

I kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning er det slått fast at alle kandidatar med høgare utdanning skal ha kompetanse innanfor innovasjon og nyskaping. Dette skal implementerast innan 2012, og tiltaka i handlingsplanen skal bidra til dette. Departementet vil i 2010 òg lyse ut midlar til å utvikle fleire utdanningstilbod og styrkje kompetansen til fagpersonalet. Satsinga på etterutdanning i entreprenørskap for lærarar skal først vidare. Sjå òg omtale under kap. 226 for entreprenørskap i grunnopplæringa.

Arbeidet med entreprenørskap i høgare utdanning må òg sjåast i samanheng med tiltak i St.meld. nr. 44 (2008–2009) om å fremme auka samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv. Sjå nærmare omtale under kap. 281 post 01 for tiltak innanfor entreprenørskap.

Vurderings- og sensurordningar

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 391, 7. mars 2008, jf. Innst. S. nr. 150 (2007–2008) og St.meld. nr. 7 (2007–2008):

«Stortinget ber Regjeringen vurdere å innføre krav om ekstern sensur for all høyere utdanning.»

Etter departementets vurdering vil auka krav om obligatorisk ekstern sensur kunne redusere mangfaldet i vurderingsformer. I følge kartlegginga frå NIFU STEP (2009) er det dessutan usikkert om meir ekstern sensur vil auke kvaliteten på sensuren. Departementet finn derfor ikkje grunnlag for å gjere endringar i sensurordninga no, men vil leggje til rette for å auke kunnskapen om ulike sensurordningar som er i bruk ved lærestadene gjennom eit seminar om gode praksiseksempel. Departementet meiner dette vil kunne leggje til rette for auka standardisering mellom lærestadene, som er viktig for studentane. Departementet vil ha dialog med studentorganisasjonane og Universitets- og høgskolerådet om oppfølginga av dette. Departementet legg vekt på at institusjonane må vere medvitne i bruken av ulike sensurordningar, og at institusjonane må knytte drøftingar om sensurordningane opp mot det generelle kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen. Det er vesentleg at studentane blir involverte og høyrde i drøftingane ved institusjonane.

Samarbeid med arbeidslivet

Statleg finansiert utdanning må vere relevant for arbeidslivet. Tett og langsiktig samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet er nødvendig for å sikre relevans i utdanningane og for å nå viktige mål med kompetansepolitikken, jf. St.meld. nr. 44 (2008–2009). Eit element for å oppnå dette kan vere fastare strukturar som gir stabile rammer.

I St.meld. nr. 44 (2008–2009) legg regjeringa fram fleire forslag for å styrkje praksis i høgre utdanning og tiltak for eit nærmare samarbeid mellom universitet og høgskolar og partane i arbeidslivet. Departementet vil følge dette nærmare opp etter at meldinga er handsama i Stortinget.

Praksisstudium

For å sikre at praksisopplæringa blir innarbeidd i kvalitetssikringssystema til institusjonane, foreslår departementet at dette blir særskilt nedfelt i forskrift om kvalitetssikring i høgre utdanning og fag-

skoleutdanning. Denne vil erstatte forskrift av 8. september nr. 1040 om akkreditering, evaluering og godkjenning, etter lov om universitet og høgskolar av 23. april nr. 391 om godkjenning etter fagskolelova. Dette er òg ei oppfølging av St.meld. nr. 11 (2008–2009).

Forsking av høg internasjonal kvalitet

Kunnskapsdepartementet vil be Universitets- og høgskolerådet om å greie ut korleis dei interne samarbeidsorgana i sektoren kan bidra til betre arbeidsdeling og meir konsentrasjon i FoU-systemet. Institusjonane rår sjølve over eit sett verkemiddel som kan brukast til å styrkje fagmiljøa og gjennom det auke kvaliteten på forskinga.

Departementet vil føre vidare fagevalueringar som verkemiddel til å fremme kvalitet i fagmiljøa.

Finansiering av forsking blir brukt strategisk for å stimulere til kvalitet både i spiss og i breidd. Elitesatsinga *Sentre for fremragende forskning* (SFF) har vore vellykka. Regjeringa vil innføre SFF som ei varig ordning. Liknande verkemiddel retta mot eit toppsegment er *Yngre fremragende forskere* (YFF) og *Sentre for forskningsdrevet innovasjon* (SFI), som regjeringa òg foreslår å føre vidare. Sjå òg omtale under programkategori 07.70 Forsking.

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* er eitt av måla velferd og forskingsbasert profesjonsutøving. Regjeringa vil føre vidare nasjonale program som skal gi auka kompetanse og betre samanheng mellom forsking knytt til velferd, arbeid og migrasjon. Kompetansehevinga som skjer i profesjonsfaga, skal styrkjast blant anna gjennom at det blir fremma ein handlingsplan som kan styrkje forskingstilknyttinga til profesjonsutøvarane og relasjonane mellom forsking og utdanning. Helse- og sosialfagutdanningane har ekstra store utfordringar når det gjeld internasjonalisering i tråd med intensjonane i Kvalitetsreforma. For å stimulere til auka aktivitet vil departementet vurdere å setje i gang pilotprosjekt på dette området. Område ein bør prioritere, er utvikling av studieplanar, samarbeidsopplegg med partnerinstitusjonar om eit internasjonalt semester og deling av god praksis.

I statsbudsjettet for 2009 vart det overført 5 mill. kroner frå Helse- og omsorgsdepartementet til Kunnskapsdepartementet i samband med dei nye oppgåvene universiteta fekk som følge av ny helseforskningslov og dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk (REK). Det vart samstundes lagt til grunn at resterande 0,5 mill. kroner blir overførde i 2010 frå Helse- og omsorgsdepartementet til Kunnskapsdepartementet.

Forskarutdanning

Regjeringa foreslår å føre vidare rekrutteringsstillingane og nærings- ph.d.- stillingane som vart oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 med 72,7 mill. kroner i 2010. Departementet vil føre vidare ordninga med øyremerkte rekrutteringsstillingar.

Balansen mellom stipendiatstillingar og postdoktorstillingar er ikkje alltid optimal. Departementet opnar derfor for at institusjonane med doktorgradsrett kan gjere om nokre av stipendiatstillingane sine til postdoktorstillingar i periodar når sterke faglege omsyn tilseier det. Desse stillingane skal lysast ut internasjonalt, for eksempel gjennom EUs portal for mobilitet. Departementet vil følge med på bruken av postdoktorstillingar gjennom å fastsetje måltal for denne typen stillingar. Departementet vil ta initiativ til ei ny internasjonal evaluering av kvaliteten i den norske doktorgradsutdanninga.

Departementet vil føre vidare nettverksforskar-skolar som eit tiltak for å sikre kvaliteten på doktorgradsutdanninga der ho elles kan bli for fragmentert og sårbar. Departementet vil òg vurdere forskarskolar på utvalde satsingsområde og fagområde der det er stort behov for kompetanse- og kapasitetsbygging. Forskarskole i lærarutdanninga er eit tiltak, jf. nærmare omtale under kap. 281 post 01 og programkategori 07.70 Forsking.

Departementet er oppteken av meir stabile vilkår for dei som ønskjer ein karriere i forskning, og vil derfor be institusjonane om å ha oppdaterte planar over rekrutteringsbehova, som blir gjorde kjende for dei som er i forskarutdanning. Departementet vil òg be institusjonane om å nytte fleksibiliteten i eksisterande stillingsstruktur og prosedyrar for tilsetjing for å få ned bruken av mellombelse tilsetjingar.

Styret for *Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid* har gjort ei evaluering av verksemda i programmet i åra 2003–08. Evalueringa viser at programmet i stor grad svarer til forventningane. Departementet foreslår å føre vidare stipendprogrammet, sjå omtale under kap. 281 post 01.

Infrastruktur og utstyr

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 5 mrd. kroner frå 1. januar 2010. Samla kapital blir da 77 mrd. kroner. Avkastninga av to-tredel av kapitalauken er øyremerkte forskingsinfrastruktur. Dersom renta held seg på det same nivået som i dag, vil det gi om lag 140 mill. kroner i auka løyvingar til forskingsinfra-

struktur frå 2011. Sjå òg nærmare omtale under programkategori 07.70.

Departementet vil understreke at institusjonane sjølve har ansvaret for kjøp av lokalt basisutstyr, medan Forskingsrådet skal ha det overordna ansvaret for prioritering av investeringar i forskingsinfrastruktur av nasjonal eller internasjonal karakter ned til 2 mill. kroner. For særleg kostbart utstyr og infrastruktur over 200 mill. kroner tek regjeringa avgjersle om investering. Fram til no har institusjonane dekt driftskostnadene til utstyr og infrastruktur av midlane frå Forskingsrådet. Framover skal ein rimeleg del av kostnadene knytte til drift av utstyret bli finansiert av budsjetta til dei prosjekta som nyttar utstyret. Kostnader til både investering og drift skal leggjast til grunn ved avgjersler om investering i utstyr og infrastruktur. Forskingsinfrastruktur av nasjonal eller internasjonal karakter kan få ei viss grunnfinansiering. Universiteta og høgskolane må inkludere arbeid med utstyr i strategiane sine. Departementet vil be dei setje klare mål for korleis dei sikrar forskaranes behov for utstyr og infrastruktur.

Formidling, innovasjon og verdiskaping

Innovasjon og entreprenørskap

Den eksisterande FORNY-ordninga blir ført vidare i 2010, jf. kap. 281 post 50. Departementet vil i samband med budsjett for 2011, basert på blant anna evalueringa av FORNY og framlegg frå Forskingsrådet, vurdere å etablere eit nytt program for kommersialisering av forskingsresultat.

Nærings- ph.d-ordninga skal stimulere til meir aktivt samvirke mellom academia og næringslivet. Kandidatane arbeider i og blir delvis finansierte av verksemdene medan dei tek doktorgraden. Regjeringa vil føre ordninga vidare og vurdere å trappe ho opp i tråd med etterspørselen frå næringslivet.

Det auka fokuset på kommersialisering av forskingsresultat stiller institusjonane overfor utfordringar dei tradisjonelt har lite kompetanse på. Eitt eksempel er handtering av immaterielle rettar. Nærings- og handelsdepartementet, med støtte frå Kunnskapsdepartementet, lyser ut stimuleringsmidlar til å opprette utdanningstilbod innanfor immaterielle rettar. Målgruppa for tiltaket er universitet og høgskolar.

Open tilgang til vitenskaplege artiklar

Departementet forventar at talet på artiklar i ope tilgjengelege arkiv aukar kraftig som følge av at Forskingsrådet har innført krav om at artiklar heilt eller delvis finansierte over Forskingsrådet skal leggjast opent tilgjengeleg, om utgivar tillèt det.

For å bidra til at ein større del av artiklane blir ope tilgjengelege, foreslår departementet å etablere Norsk vitkapsindeks (NVI), og tek sikte på at NVI vert sett i drift i løpet av 2011. Departementet vil vidare ta opp med universitet og høgskolar behovet for at dei utviklar egne retningslinjer og tiltak for open tilgang til vitkapslege artiklar.

Organisering, drift og ressursforvaltning

Kompetente styre

Styret har ansvaret for å føre kontroll med den samla verksemda til institusjonen. Styret skal gjere risikovurderingar og kontrollere at det faglege arbeidet held høg kvalitet, at institusjonane blir drivne effektivt og i samsvar med gjeldande lovar, forskrifter og reglar, og rettar seg etter dei rammane og måla som er fastsett av styresmaktene. Styret skal trekkje opp strategiane for utdannings- og forskingsverksemda og anna fagleg verksemd, og leggje planar for den faglege utviklinga i samsvar med måla for sektoren og for institusjonen. Styret skal òg føre tilsyn med den daglege leiinga ved institusjonen, og må fastsetje instruks for denne.

Dei statlege institusjonane er organiserte som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og med økonomiske fullmakter tilpassa den institusjonelle fridomen. Retningslinjene for føring av rekneskapa er innretta mot eins standard i sektoren.

Departementet har sett i verk tiltak for å få best mogleg oversikt over utfordringane når det gjeld rekneskapskvalitet og økonomiforvaltning. Dette er eit arbeid som må sjåast over fleire år.

Leiing og personalforvaltning

Den nasjonale og internasjonale utviklinga med auka samarbeid og konkurranse mellom institusjonane stiller større krav til leiarskap på alle nivå. Styret er eit strategisk organ og må vurdere kva for saker det skal handsame for å kunne gjere dei riktige vala, og er ansvarleg for at det oppdraget institusjonen har fått, blir gjennomført. Styret må identifisere faktorar som kan hindre at måla blir nådde, og vurdere kontrolltiltak for å sikre god styring. Styret skal sørgje for fagleg leiing som tek vare på forskingsmiljøa. Det er viktig å balansere bruken av faglege og administrative ressursar. Styret må vurdere risikoen knytt til dei administrative støtte-systema og sikre at det er gode rutinar for kvalitetssikring og internkontroll.

Stor konkurranse om vitkapsleg personale innanfor mange fagområde krev fokus på leiarskap, personalutvikling og tilrettelegging for attraktive

karriereveggar. Faglege leiarar må leggje til rette for at det vitkapslege personalet får samanhengjande tid til forskning.

Likestilling mellom kjønna

Det er eit viktig mål at forskinga trekkjer til seg dei best kvalifiserte kandidatane slik at den kompetansen som finst i samfunnet, blir best mogleg utnytta. Departementet vil derfor setje i verk ei prøveordning for å auke kvinnedelen i høgre vitkapslege stillingar i matematikk, natur- og teknologifag. Formålet er å premiere universitet og høgskolar ved at tilsetjing av kvinner utløyser midlar til institusjonen.

Bygg

Regjeringa foreslår å løyve 58 mill. kroner til utstyr til ny universitetsklinikk i Trondheim for byggjefase 2 i 2010. Departementet legg til grunn ei samla utstyrsramme for byggjefase 2 på 227 mill. kroner, og har fordelt midlane over tre år med 56 mill. kroner i 2008, 113 mill. kroner i 2009 og 58 mill. kroner i 2010. Sjå òg omtale av utbygginga av universitetsklinikken under kap. 281 post 79.

I 2009 vart det løyvd 80 mill. kroner til utstyr ved Kunsthøgskolen i Oslo. Regjeringa foreslår å løyve resterande 40 mill. kroner til utstyr i 2010.

Regjeringa foreslår å løyve 11,7 mill. kroner i husleigekompensasjon til Høgskolen i Vestfold, og 23 mill. kroner i husleigekompensasjon til Kunsthøgskolen i Oslo. Regjeringa foreslår vidare å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner i 2010 til husleige for Samisk høgskole, som har fått nye lokale i Samisk vitkapsbygg i Kautokeino.

Regjeringa foreslår for 2010 følgjande løyvingar til vidareføring og avslutning av byggjeprosjekt: Høgskolen i Vestfold, 175 mill. kroner, Samisk vitkapsbygg, 19,8 mill. kroner, Universitetet i Oslo / Institutt for informatikk, 285 mill. kroner, Universitetet i Bergen/Institutt for klinisk odontologi, 175 mill. kroner, Universitetet i Oslo/Domus Media, 138 mill. kroner, Høgskolen i Oslo/Sjulepleiarutdanninga, 80 mill. kroner, Høgskolen i Bergen, 140 mill. kroner og Høgskulen i Sogn og Fjordane, 50 mill. kroner. Sjå kap. 1580 og kap. 2445 i Prop. 1 S (2009–2010) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Eit nytt bygg for musikkfag ved Universitetet i Agder og eit nytt kontorbygg for humanistiske fag ved Høgskolen i Volda er venta ferdigstilte i løpet av 2010. Prosjekta er gjennomførte innanfor kurantordninga.

Finansieringssystemet

Regjeringa vil med bakgrunn i evalueringa av finansieringssystemet føre vidare hovudtrekka i dagens modell. Det betyr at ein del av løyvinga til universitet og høgskolar framleis skal fordelast med utgangspunkt i resultatata for utvalde indikatorar. Dei indikatorane som ligg inne i dagens system, blir førte vidare. Med bakgrunn i behovet for meir samarbeid for å styrkje kvaliteten og skape ein meir robust universitets- og høgskolesektor foreslår departementet nokre endringar i finansieringssystemet:

Strategiske SAK-midlar

Regjeringa foreslår å løyve 50 mill. kroner til prosessar som fremmer samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Målet med dei strategiske SAK-midlane er å bidra til tydeleg profilerte institusjonar og meir robuste fagmiljø, slik at institusjonane blir betre i stand til å nå sektormåla. Midlane vil bli fordelte på grunnlag av faglege og politiske vurderingar og med omsyn til lokale, regionale og nasjonale behov. Departementet føreset at samarbeidsprosessane, som kan vere frå frivillige fusjonar til forpliktande nettverksdanningar, skal bidra til strukturelle endringar i sektoren. Ein samarbeidsprosess må omfatte minst to partar, vere forankra i styra og fagmiljøa ved dei involverte partane og inngå i den langsiktige strategien ved institusjonane. Departementet vil kome attende til prosess med fordeling av midlane. Departementet vil følgje opp prosessane gjennom styringsdialogen med institusjonane.

Sektoren har sjølv sett i gong samarbeidsprosessar for å møte utfordringane med ein fragmentert struktur med mange små og svake fagmiljø som Stjernø-utvalet peikte på. Dei pågåande prosessane er:

- Høgskolane i Harstad og Finnmark har innleia samtaler om å slutte seg til fusjonen mellom Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Tromsø
- Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap skal organiserast saman til eit nytt universitet på Ås
- Departementet har i samråd med høgskolane og fylkeskommunen oppretta eit utval som skal greie ut spørsmåla knytte til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i høgre utdanning i Nordland, med frist til årsskiftet 2009/10.
- Det har utvikla seg fleire regionale alliansar, for eksempel Innlandsuniversitetet og UH-nett Vest
- Mogleg fusjon mellom Høgskolen i Oslo og Høgskolen i Akershus.

Samarbeid om doktorgradsutdanningar

Departementet foreslår at universitet og høgskolar som bidreg i doktorgradsutdanning, men som sjølve ikkje gir graden, skal få utteljing i finansieringssystemet. Utteljinga vil svare til 20 pst. av den utteljinga gradgivande institusjonar får. Utteljinga til gradgivande institusjonar vil bli ført vidare på same nivå som i dag. Endringa skal bidra til meir og betre samarbeid om doktorgradsutdanning.

I tillegg foreslår departementet følgjande endringar:

Utteljing for Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid

I 2002 starta *Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid* opp. Programmet skal vere på nivå som svarer til doktorgrad. Programmet vart evaluert i 2008 og kan vise til gode resultat. Departementet vil gi institusjonar som driv kunstnarleg utviklingsarbeid, insentiv på linje med andre fagområde når det gjeld å utdanne kandidatar på høgt nivå. Derfor foreslår departementet at kandidatar frå programmet blir innlemma i indikatoren doktorgradskandidatar i forskingsinsentiva. Alle institusjonar som har ferdige kandidatar, vil få full utteljing for desse.

Utteljing for regionale forskingsfond

Regionale forskingsfond utgjør frå 2010 ein ny nasjonal konkurransearena for forskingsmidlar. Universitet og høgskolar har som ei av oppgåvene sine å bidra til regional utvikling. Regjeringa meiner derfor det er viktig å stimulere institusjonane til å søkje midlar frå dei regionale forskingsfonda, og foreslår at midlar frå desse fonda skal gi utteljing på line med midlar frå Forskingsrådet.

Justering av styrken mellom EU og den nasjonale arenaen

Universitet og høgskolar får i dag 14 gonger større utteljing i finansieringssystemet for kvar EU-krone dei mottek enn for kvar krone frå Forskingsrådet. Regjeringa foreslår ei mindre justering av dette forholdet, med bakgrunn i forslaget om å innlemme regionale forskingsfond i indikatoren for midlar frå Forskingsrådet. Regjeringa vil med denne justeringa ikkje svekke insentivet for å søkje midlar frå Forskingsrådet, samstundes som insentivet til å søkje EU-midlar framleis vil vere sterkt.

Vidareutdanning plassert i same kostnadskategori som grunnutdanning

Skilnaden mellom vidareutdanning og grunnutdanning har blitt mindre tydeleg. Samstundes ønskjer regjeringa å stimulere til meir vidareutdanning, slik at fleire kan få auka kompetansen og stå sterkare i eit stadig meir kunnskapsbasert arbeidsliv. Departementet foreslår derfor at utteljinga for studiepoeng avlagde på vidareutdanning skal liggje i same kostnadskategori som tilsvarande grunnutdanning.

Vurdering av kostnadskategoriane

På bakgrunn av arbeidet med evalueringa vil departementet ha ein gjennomgang av kostnadskategoriane. Kunnskapsdepartementet meiner at sektoren kan vere tent med eit meir grovmaska system med færre kostnadskategoriar enn i dag. Vidare kan det òg vere behov for å flytte nokre utdanningar, og kostnadsnivået kan ha endra seg sidan innføringa av systemet. Derfor vil Kunnskapsdepartementet gå gjennom kategoriane og kategoristrukturen.

Studiepoeng ved UNIS

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er eit statsaksjeselskap, der departementet forvaltar eigarinteressene til staten. UNIS tilbyr høgre utdanning og driv forskning med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område og skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet. Utteljing for studiepoeng med tilknytning til UNIS har vore ulik for ulike institusjonar. For å styrkje bruken av og halde oppe interessa for UNIS er det viktig med ei felles ordning for alle som samarbeider med UNIS. Departementet foreslår derfor at alle institusjonar kan rapportere inn studiepoeng frå sine studentar som tek studieprogram ved UNIS, og få utteljing for dette. Endringa vil ikkje ha budsjetteffekt samla sett. Alle forslag til endringar i den resultatbaserte delen av finansieringssystemet vil bli innførte frå 2010 og ha første utteljing i 2012. Sjå òg vedlegg 4 for meir omtale av evalueringa og dei vurderingane som ligg til grunn for forslaga.

Mettingsdykkarutdanninga

Eit permanent tilbod om utdanning i mettingsdykking er under etablering ved Høgskolen i Bergen, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Utstyr er under produksjon, men

det har vore utsetjingar på leveringa, og utstyret har blitt dyrare enn opphavleg rekna med. Den permanente utdanninga skal etter planen setjast i verk i 2010. Utgiftene til staten vil i 2010 bli dekte gjennom tidlegare tildelte, men førebels ikkje nytta driftsmidlar. Departementet foreslår at tidlegare tildelte midlar til investering i utstyr og drift kan nyttast til kjøp av utstyr, jf. tidlegare fullmakter. Høgskolen i Bergen fekk i 2009 ei tilleggsløyving på 3 mill. kroner til utstyr til mettingsdykkarutdanninga over kap. 281 post 45. Den resterande delen av den statlege investeringsdelen må Høgskolen i Bergen dekkje innanfor si eiga ramme. Departementet vil vere i dialog med oljeselskapa og Høgskolen i Bergen om den vidare etableringa av utdanninga.

Samorganisering av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitskap

Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitskap skal organiserast saman til eit nytt universitet på Ås, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. I oktober 2008 sette departementet ned eit interimsstyre for å leie planlegginga av samorganiseringa. Utgangspunktet for interimsstyret sitt arbeid er at Universitetet for miljø- og biovitskap og Noregs veterinærhøgskole skal organiserast saman til eit nytt integrert universitet, og at Veterinærinstituttet skal lokaliserast saman med det nye universitetet mest mogleg tenleg. Interimsstyret skal avklare organiseringa av det nye universitetet, fagleg og organisatorisk struktur, optimal utnytting av eksisterande bygningsmasse og behov for nybygg. Arbeidet til interimsstyret skal avsluttast seinast 1. mars 2010. Departementet ser det som tenleg at arbeidet etter dette blir leidd av eit felles styre som får fullmakt til å binde institusjonane i spørsmål om samanslåinga. Fellesstyret bør ha ekstern styreleiar oppnemnd av Kunnskapsdepartementet og lik representasjon frå institusjonane. Departementet vil ha ein nær dialog med institusjonane i prosessen. I regjeringas tiltakspakke vart det gitt 15 mill. kroner til Statsbygg for prosjektering av samlokaliseringa over Fornyings- og administrasjonsdepartementets kap. 1580 post 30.

Landbruks- og matdepartementet legg opp til ei løyving på 4 mill. kroner i 2010 til samorganiseringa, kor ein del av løyvinga blir sett av til å dekkje delar av kostnadane til veterinærinstituttet i samband med flyttinga, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for Landbruks- og matdepartementet, kap. 1137 post 53. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01.

Administrasjonsselskap ved Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen ønskjer å opprette eit eige administrasjonsselskap. Bakgrunnen er at det over tid er oppretta fleire stiftingar, fond og legat, medrekna testamentariske gåver, med tilknytning til universitetet. For å overhalde blant anna vedtektsfesta vilkår om at universitetet skal stå for forvaltninga, habilitetsvurderingar og krav i lov om stiftingar til forsvarleg forvaltning og sjølvstende, ser departementet det som tenleg at det blir oppretta eit aksjeselskap som er heilått av Universitetet i Bergen.

Universitetsmusea

For å styrkje forskinga ved universitetsmusea løyvde regjeringa 5 mill. kroner i 2009 til ei strategisk

FoU-satsing for universitetsmusea. Satsinga blir ført vidare på same nivå i 2010. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01 og post 50.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart Universitetet i Stavanger kompensert for innlemminga av Arkeologisk Museum. Regjeringa foreslår å føre denne løyvinga vidare på 8,1 mill. kroner i 2010. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 4 mill kroner grunna for lågt anslag på avsetningar til pensjonspremie knytt til innlemminga.

Departementet vil komme attende til Stortinget og presentere val av konsept for Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo når den eksterne kvalitetssikringa er stilt ferdig.

Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
71	Tilrettelegging av studium i utlandet	5 431	10 894	13 262
74	Tilskott til velferdsarbeid	65 180	68 048	68 137
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	140 530	220 816	227 882
	Sum kap. 270	211 141	299 758	309 281

Post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet

Posten omfattar tilskott til Fulbright-programmet, Association of Norwegian Students Abroad (ANSA) og Johan Jørgen Holsts Minnefond. Tilskottet skal bidra til tilrettelegging for studium i utlandet for studentar og forskarar.

Rapport for 2008–09

Fulbright-programmet er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkjarar til studium på master- og doktorgradsnivå i USA, og tilsvarande studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. Tilskottet til ANSA og Johan Jørgen Holsts Minnefond vart flytt frå kap. 2410 post 75 til kap. 270 post 71 i 2009. Løyvinga til ANSA blir nytta til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet og skal òg dekkje utgifter til tilrettelegging for studium i utlandet. Johan Jørgen Holsts Minnefond gir stipend til éin norsk student som tek bachelorgrad ved Columbia University i New York.

I 2009 vart det utbetalt om lag 5,7 mill. kroner til Fulbright-programmet over dette kapitlet. I tillegg har Fulbright fått utbetalt 1 mill. kroner over kap. 281 post 01 som del av oppfølginga av strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika. Det vart utbetalt om lag 5,1 mill. kroner over posten til ANSA. Vidare vart det utbetalt om lag 70 000 kroner til Johan Jørgen Holsts Minnefond.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til Fulbright-programmet med om lag 5,9 mill. kroner over kap. 270 post 71 i 2010. For å samle løyvingane til tilrettelegging av studium i utlandet foreslår departementet å flytte løyvinga til ANSA frå kap. 270 post 74 Tilskott for velferdsarbeid til kap. 270 post 71. Departementet foreslår å føre vidare løyvingane til ANSA på same nivå med om lag 7,2 mill. kroner i 2010. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) administrerer Johan Jørgen Holsts Minnefond frå 2009. Departementet fore-

slår å flytte løyvinga til minnefondet til kap. 281 post 51 frå 2010.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Målet med tilskottsordninga er å leggje grunnlaget for studentvelferda ved utdanningsinstitusjonane, og fremme interessene til studentane. Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet og vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane.

Rapport for 2008–09

Tilskottet til samskipnadene blir gitt som grunntilskott og tilskott per student. For 2009 vart det ikkje løyvd øyremerkt tilskott til studentbarnehagar, men det vart teke særskilt omsyn til studentbarnehagane i tråd med tidlegare fordelingsnøkkel.

Regjeringa har sett i verk ein gjennomgang av studentsamskipnadane sin aktivitet og økonomi. Rapporten frå denne gjennomgangen vil vere klar hausten 2009.

Samla vart det utbetalt om lag 68 mill. kroner i 2009. Av desse vart det utbetalt om lag 62,1 mill. kroner til 26 studentsamskipnader (inkludert ANSA) med om lag 200 000 medlemmer. I tillegg vart det utbetalt om lag 3,7 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Det er sett av om lag 2,3 mill. kroner for kjøp av gjennomgang av studentsamskipnadenes aktivitet og økonomi.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på om lag 68 mill. kroner i 2010.

Departementet foreslår at ein ved utrekninga av tilskott for 2010 til studentsamskipnadene skal føre vidare ordninga frå 2009 i høve til studentbarnehagar.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Tilskottsordninga skal sikre bygging av studentbustader og bidra til å sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar. Studentbustadene skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden.

Rapport for 2008–09

Ved utgangen av 2008 disponerte studentsamskipnadene totalt 30 447 hybeleiningar, ein auke på 484 hybeleiningar i høve til 2007. Av desse er 1 140 (3,7 pst.) hybeleiningar lagde til rette for funksjonshemma studentar, ein auke på 102 hybeleiningar frå 2007. I samband med tiltakspakka for arbeid, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Tiltak for arbeid*, vart det gitt ei ekstraløyving i 2009 på 75 mill. kroner til bygging av studentbustader. I 2009 gav regjeringa tilsegn om støtte til 964 nye hybeleiningar og rehabilitering av hybeleiningar fordelte på studentsamskipnadene i Trondheim, Bergen, Oslo, Oslo og Akershus, Østfold, Stord/Haugesund, Harstad, Narvik, Sogn og Fjordane, Agder, Oppland, Buskerud og Sunnmøre i ordinær fordeling. I tillegg gav regjeringa tilsegn om støtte til 321 nye hybeleiningar i tiltakspakka for arbeid fordelte på studentsamskipnadene i Oslo, Oslo og Akershus, Trondheim, Bergen og Tromsø. Tilsegn gitt til Studentsamskipnaden i Oslo og Akershus i tiltakspakka er til bustader til studentane ved den nye politihøgskolen i Kongsvinger. Desse studentbustadene er innflyttingsklare hausten 2009. Vidare gav regjeringa ytterlegare tilsegn om støtte til 306 nye hybeleiningar fordelte på studentsamskipnadene i Oslo, Bergen og Stavanger gjennom bruk av tilsegnsfullmakten for 2009. I sum vart det gitt tilsegn om støtte til 1 591 hybeleiningar i 2009.

Departementet endra finansieringsmodellen for studentbustadbygging i statsbudsjettet for 2008. I statsbudsjettet for 2009 vart kostnadsramma ytterlegare auka med inntil kr 100 000 når behovet for auke av ramma er knytt til miljø- og energifremmande tiltak og universell utforming.

Budsjettforslag for 2010

Det er viktig for regjeringa at alle skal ha ein reell lik rett til utdanning. Derfor er studentbustader viktig. Departementet fører vidare ordninga med auka kostnadsrammer. Den øvre kostnadsramma i pressområda Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger og Drammen er kr 600 000 per hybeleining, der kr 250 000 er fast statstilskott. Den øvre kostnadsramma i landet elles er kr 500 000 per hybeleining, der kr 200 000 er fast statstilskott. Regjeringa legg opp til å finansiere om lag 1 000 nye hybeleiningar i 2010, og foreslår derfor å føre vidare løyvinga til bygging av studentbustader med om lag 227,9 mill. kroner i budsjettet for 2010.

Departementet har som føresetnad at husleiga på bustader for funksjonshemma studentar ikkje skal vere høgre enn det andre studentar betaler for

ei hybeleining tilpassa éin person. Departementet understrekar at det er viktig at kvar studentsam-

skipnad har eit tilfredsstillande tilbod til funksjonshemma studentar.

Kap. 271 Universitet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
50	Basisfinansiering statlege universitet	6 889 425	7 388 211	
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet	2 587 911	2 770 693	
52	Forskningsfinansiering statlege universitet	2 723 520	2 996 089	
	Sum kap. 271	12 200 856	13 154 993	

Løyvinga over kap. 271 er flytt til kap. 260, jf. nærmare omtale under kap. 260. Sjå rapport 2008–09 for tidlegare kap. 271, kap. 272 og kap. 275

under nytt kap. 260 for rapportering av verksemda til universiteta.

Kap. 272 Vitenskaplege høgsular

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
50	Basisfinansiering statlege vitenskaplege høgsular	563 509	579 327	
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitenskaplege høgsular	204 257	222 126	
52	Forskningsfinansiering statlege vitenskaplege høgsular	154 610	154 874	
70	Basisfinansiering private vitenskaplege høgsular	18 620	102 076	
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitenskaplege høgsular	23 752	109 522	
72	Forskningsfinansiering private vitenskaplege høgsular	14 798	52 744	
	Sum kap. 272	979 546	1 220 669	

Løyvinga over kap. 272 er flytt til kap. 260, jf. nærmare omtale under kap. 260. Sjå rapport for 2008–09 for tidlegare kap. 271, kap. 272 og kap. 275

under nytt kap. 260 for rapportering av verksemda til dei vitenskaplege høgsulane.

Kap. 275 Høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
50	Basisfinansiering statlege høgskolar	5 082 166	5 112 563	
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar	2 001 705	1 985 489	
52	Forskningsfinansiering statlege høgskolar	254 355	283 818	
70	Basisfinansiering private høgskolar	355 213	290 419	
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar	311 151	231 063	
72	Forskningsfinansiering private høgskolar	46 321	9 694	
	Sum kap. 275	8 050 911	7 913 046	

Løyvinga over kap. 275 er flytt til kap. 260, jf. nærmare omtale under kap. 260. Sjå rapport for 2008–09 for tidlegare kap. 271, kap. 272 og kap. 275

under nytt kap. 260 for rapportering av verksemda til høgskolane.

Kap. 276 Fagskoleutdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
70	Teknisk fagskoleutdanning	300 120	317 463	
72	Anna fagskoleutdanning	12 605	25 814	
	Sum kap. 276	312 725	343 277	

Kapittel 276 omfattar tilskott til fagskoleutdanning. Fagskoleutdanning er yrkesretta utdanningar på eit halvt til to studieår som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Godkjenning som fagskoleutdanning er ein føresetnad for å kunne få offentleg tilskott, men det følgjer ingen rett til tilskott med ei godkjenning. Post 70 Teknisk fagskoleutdanning omfattar tilskott til fylkeskommunar som tilbyr teknisk og maritim fagskoleutdanning som er godkjend etter fagskolelova. Post 72 Anna fagskoleutdanning omfattar tilskott til enkelte skolar med godkjende utdanningstilbod innanfor ulike fag som kunst og film, kristent livssyn, byggfag og jordbruk. Fleire av desse er tidlegare kap. 6A-skolar etter privatskolelova.

Rapport for 2008–09

Fagskolelova vart sett i verk i 2003 og revidert i 2007. Fagskoleutdanning skil seg frå høgre utdanning blant anna ved at det ikkje blir stilt krav om studiekompetanse ved opptak. Det er ikkje krav om forskningsbasert undervisning. Fagskolelova

tek vidare utgangspunkt i at tilbodet av fagskoleutdanning skal vere styrt av etterspørselen i arbeidslivet etter kapasitet og kompetanse. Den reviderte lova inneber at fagskolar (godkjend tilbydar) på bestemte vilkår kan få fullmakt til å opprette og leggje ned fagskoleutdanningar innanfor avgrensa fagområde. Lova presiserer kva som kan reknast som yrkesretta, og vernar omgrepa fagskoleutdanning og fagskole. Godkjenningsordningane for fagskolar er gjort meir fleksibel, og reglane om organisering og leing er presiserte.

Kunnskapsdepartementet vedtok ei ny godkjenningsforskrift 25. april 2008. Endringane inneber blant anna at tilbydarar av godkjend fagskoleutdanning skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring. På bakgrunn av godkjenningsforskrifta vedtok Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) 26. januar 2009 retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning etter lov om fagskoleutdanning. Godkjenningsforskrifta vart justert 3. april 2009, slik at NOKUT har heimel til å fastsetje frist for innsending av søknad om godkjenning. Det vart samtidig presisert at overgangsreglar med frist for etablering av system for kvali-

tetssikring berre skal gjelde godkjende fagskoleutdanningar.

Revidert privatskolelov vart sett i verk 1. juli 2007. Etter lovendringane har enkelte vidaregåande skolar som tilbyr yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar, fått godkjenning etter fagskolelova. Dette gjeld skolar som ligg over vidaregåande opplæringsnivå. Kap. 6A i privatskolelova vil slutte å gjelde 1. juli 2010, jf. privatskolelova § 8–2. Innan den tid må skolane som høyrer inn under noverande kap. 6A i privatskolelova (såkalla 6A-skolar), ha søkt om ny lovtilknytning. 6A-skolar som blir godkjende etter fagskolelova, vil framleis kunne få framtidig tilskott for faktiske elevar avgrensa til det elevtalet dei i dag har godkjenning for. I revidert nasjonalbudsjett for 2009 auka regjeringa løyvinga til fagskoleutdanning over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 276 post 70 med 15,2 mill. kroner. Den auka løyvinga vart fordelt til fylkeskommunar basert på utvikling i søkninga frå 2008 til 2009.

I statsbudsjettet for 2009 vart det innført ei tilskottsordning til fagskoleutdanning over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett med verknad frå andre halvår 2009. Tilskottet til fagskoleutdanning i helse- og sosialfag vil vere 75 mill. kroner i 2010. Sjå òg omtale under kap. 761 post 60 i Prop. 1 S (2009–2010) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Godkjende fagskoleutdanningar har auka frå elleve i januar 2006 til om lag 1 300 i september 2009. I 2007 var det vel 40 godkjende fagskoletilbod i helse- og sosialfag, og vel 50 nye søknadar er til behandling i 2009. Talet på innrapporterte heiltidsstudentar i dei offentleg finansierte tekniske fagskoleutdanningane auka frå om lag 3 000 til om lag 3 500 frå hausten 2007 til hausten 2008. Søkninga til tekniske fagskolar auka med om lag 73 pst. frå 2008 til 2009, jf. tal frå Nasjonalt opptakskontor for fagskoleutdanning. I fagskolane som mottek tilskott over post 72, var det om lag 210 heiltidsstudentar hausten 2008. Helsedirektoratet har for hausten 2009 gitt tilsegn om tilskott til om lag 1 400 heiltidsekivalente studieplassar innanfor fagskoleutdanning i helse- og sosialfag.

I innstilling om lov om endringar i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning, jf. Innst. O. nr. 89 (2006–2007), understreka Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at det er viktig at Kunnskapsdepartementet, i samarbeid med aktørane i utdanning, utviklar eit godt nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

I St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* varsla regjeringa at Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget med forslag om endringar i fagskolelova som legg til rette for eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Eit overordna kvalifikasjonsrammeverk for fagsko-

leutdanningane vil vonleg gjere desse utdanningane meir synlege, og derfor meir relevante, for arbeidslivet og for studentar. Eit overordna kvalifikasjonsrammeverk for fagskoleutdanningane, knytt til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (European Qualification Framework–EQF), vil òg kunne gjere utdanningane meir relevante i eit internasjonalt perspektiv.

Kunnskapsdepartementet sende forslag om endringar i fagskolelova ut til alminneleg høring 26. juni 2009, med høringsfrist 26. oktober 2009.

Det er viktig at kvalifikasjonsrammeverket blir sett i nær samanheng med det rammeverket som allereie er fastsett for høgere utdanning, sjå omtale under kap. 260, og det rammeverket som må avklarast for grunnopplæringa. I arbeidet med kvalifikasjonsrammeverk for fagskolane er det òg viktig at aktørane innafor fagskolefeltet blir trekte med.

Utfordringa på kort sikt i fagskolesektoren er at det er store variasjonar i utdanningane både i lengd, djupn, fagområde og metodiske tilnærmingar. Det er i første omgang behov for ei betre oversikt over desse variasjonane.

Det er ikkje mogleg å gå djupare inn i fagskolefeltet før ein har meir kunnskap. Karlsen-utvalet, jf. NOU 2008: 18 *Fagopplæring for framtida*, foreslår at staten bør etablere eit eige råd for fagskoleutdanning. Utvalet foreslår vidare at kunnskapsgrunnlaget om fagskoleutdanningane må bli betre, og peiker på at fagskolestatistikken ikkje er fullstendig. Utvalet er nærmare omtalt i St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår å føre vidare den auka løyvinga til fagskoleutdanning frå revidert nasjonalbudsjett for 2009 med 30,4 mill. kroner i 2010.

I samband med Forvaltningsreforma vil drifts- og finansieringsansvaret for fagskolane bli overførde til fylkeskommunane frå 1. januar 2010, jf. omtale i St.prp. nr. 68 (2008–2009) *Kommuneproposisjonen 2010*. Flyttinga inneber at tilskottet til fagskoleutdanning blir lagt inn i rammetilskottet til fylkeskommunane. Fylkeskommunane får ansvaret for at fagskoletilbodet tek omsyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov. Kunnskapsdepartementet vil framleis føre tilsyn med at fagskolelova blir følgd, og ha eit ansvar for å utvikle fagskolepolitikken vidare, sjå òg Prp. 1 S (2009–2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Fagskolar som allereie har godkjende fagskoleutdanningar skal ha eit tilfredsstillande system for kvalitetssikring i kraft seinast 26. januar 2010, eitt år etter at NOKUT vedtok kriteria som dei interne systema skal vurderast etter.

I innstilling om lov om endringar i forvaltningslovgivninga o.a. (gjennomføring av forvaltningsreforma), jf. Innst. O. nr. 30 (2008–2009), streka kommunal- og forvaltningskomiteen under følgjande:

«Det må vidare vurderes en oppgjørsordning mellom fylkeskommunene for å sikre studentene frie valgmuligheter i utdanningstilbud over fylkesgrensene.»

Kunnskapsdepartementet vil i samband med kommuneproposisjonen for 2011 komme attende til korleis fagskolestudentane framleis skal kunne vere mobile over fylkesgrensene.

Departementet vil i nært samarbeid med aktørane innanfor fagskolefeltet, både tilbydarar og partane i arbeidslivet, arbeide vidare med kvalifikasjonsrammeverket. Departementet vurderer at

eit råd for fagskoleutdanning, jf. forslaget frå Karlsten-utvalet, vil gi fagskolane ei styrkt rolle og bidra til ei meir målretta utvikling av fagskoletilbodet. Departementet har invitert til ein konferanse hausten 2009 med formål å danne eit interimsstyre for eit fagskoleråd.

Departementet vil òg arbeide vidare med å betre fagskolestatistikken.

Post 70 Teknisk fagskoleutdanning

Regjeringa foreslår å flytte 350,748 mill. kroner frå kap. 276 post 70 til kap. 572 post 60 i 2010.

Post 72 Anna fagskoleutdanning

Regjeringa foreslår å flytte 38,205 mill. kroner frå kap. 276 post 72 til kap. 572 post 60 i 2010.

Kap. 280 Felles administrative einingar

Post	Nemning			(i 1 000 kr)
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter			49 100
21	Særskilde driftsutgifter			70 600
	Sum kap. 280			119 700

Det er oppretta eit nytt kap. 280 Felles administrative einingar, som samlar dei meir langvarige nasjonale fellesoppgåvene som er lagde til ein bestemt institusjon. Kap. 280 omfattar tilskott både til verksemd som ligg under § 1-4 (4) i universitets- og høgskolelova, og til andre, større tilskottsmottakarar. Totalt omfattar kapitlet verksemda ved Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), Samordna opptak (SO), Artsdatabanken, Noregsuniversitetet (NUV) og BIBSYS. Løyvinga til desse mottakarane vart tidlegare gitt over kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar post 01 Driftsutgifter. Endringa skjer på bakgrunn av at det er hensiktsmessig å skilje ut tilskott til større, felles administrative einingar frå kap. 281 post 01. Løyvinga til NOKUT er flytt frå kap. 281 post 01 til kap. 280 post 01. Løyvingane til SO, Artsdatabanken, NUV og BIBSYS er flytt frå kap. 281 post 01 til kap. 280 post 21.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løyvinga til NOKUT, som er flytt frå kap. 281 post 01 til nytt kap. 280 post 01.

Rapport for 2008–09

NOKUT er eit statleg forvaltningsorgan som er fagleg uavhengig, og som skal kontrollere og bidra til å utvikle kvaliteten ved norske universitet, høgskolar og fagskolar. NOKUT handsamar òg enkelt-søknader om generell godkjenning av utanlandsk utdanning. I 2009-budsjettet tildelte departementet 48,1 mill. kroner over kap. 281 post 01 til NOKUT. Av desse var 6 mill. kroner knytte til tiltak for å følgje opp utvalet om godkjenning og godskrivning av høgere utdanning (Brautaset-utvalet). Tiltaka omfattar informasjonssenter om godkjenning av utanlandsk utdanning, GSU-lista (Generell studiekompetanse for utanlandske søkjarar) over utanlandsk utdanning som svarar til krava for opptak til norsk høgere utdanning, og vidareutvikling av vedtaksbrev om generell godkjenning.

Den internasjonale evalueringa av NOKUT vart lagd fram i 2008. Som første trinn i oppfølginga av evalueringa foreslo departementet i Ot.prp. nr. 71 (2008–2009) *Om lov om endringar i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler* endringar i § 2-1, som gjeld NOKUTs oppgåver og myndighet. Denne forskrifta fastset blant anna dei overordna rammene for verksemda. Forslaget gjekk i

hovudsak ut på å presisere NOKUTs formål, og at NOKUT i tilsynsrolla òg har myndigheit til å ta i bruk andre verkemiddel enn dei som er eksplisitt omtalt i universitets- og høgskoleloven § 2-1. Formålet med NOKUTs verksemd er særleg å føre tilsyn med at institusjonane tilfredsstiller krav til kvalitet slik det går fram i lov og forskrift. NOKUT er vidare ein kvalitetsutviklar som skal bidra til at kvaliteten i utdanninga held eit høgt internasjonalt nivå. Kvalitetsutviklingsarbeidet skjer særleg gjennom tilsynsarbeidet. Departementet ønskjer òg at NOKUT i større grad skal dele kunnskapen sin med institusjonane og hjelpe dei i utviklingsarbeidet. Lovendringane tredde i kraft 1. august 2009. Departementet har byrja andre trinn i oppfølginga av evalueringa av NOKUT, som er å gjennomgå og vurdere endringar i forskriftene som gjeld NOKUTs verksemd og oppgåver. Forslag til endra forskrift om kvalitetssikring i høgre utdanning og fagskoleutdanning skal sendast ut til høring hausten 2009 og tre i kraft i 2010. I oppfølginga av evalueringa av NOKUT og i arbeidet med lov- og forskriftsendring har det vore viktig å leggje vekt på NOKUTs rolle som bidragsytar til kvalitetsutviklinga i norsk utdanning på tertiærnivå. Det er viktig å finne den rette balansen mellom denne rolla og rolla som kontrollør.

I 2008 la NOKUT fram evalueringa av ingeniøruddanninga, som inneheldt ei rekkje forslag og tilrådingar. Departementet har bede institusjonane om å levere ein plan for korleis dei vil følgje opp rapporten. NOKUT fekk i 2008 i oppdrag frå departementet å starte evaluering av førskolelærerutdanninga. NOKUT har førebudd og starta den andre runden av evaluering av kvalitetssikringsystem. Dei vil i denne runden fokusere meir på korleis systema påverkar den faktiske kvalitetsutviklinga.

Budsjettforslag for 2010

Det er fastsett følgjande mål for verksemda til NOKUT i 2010:

NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå. Evalueringane, akkrediteringane og godkjenningane skal gjennomførast på ein korrekt og effektiv måte med god informasjon og dialog med involverte partar i samsvar med anerkjend internasjonal praksis. Verksemda skal ha både kontroll og utvikling som mål. NOKUT skal vere ein kvalitetsutviklar som bidreg til styrking av kvaliteten i utdanninga. NOKUT skal vidare gi allmenta informasjon om kvalitet og kvalitetsutvikling i høgre utdanning og fagskoleutdanning og godkjenning av utanlandsk utdanning. NOKUT vil i løpet av 2009 revidere

eigne mål og strategiar, og måla for verksemda vil på dette grunnlaget bli vurderte på ny i 2010.

NOKUT vil slutføre evalueringa av førskolelærerutdanninga i løpet av hausten 2010. Departementet vil da vurdere nærmare oppfølging av denne utdanninga.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga til NOKUT med 1 mill. kroner til 49,1 mill. kroner i 2010. Dette omfattar 6 mill. kroner til vidare oppfølging av Brautasetutvalet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar løyvingane til Samordna opptak, Artsdatabanken, NUV og BIBSYS som tidlegare vart gitte over kap. 281 post 01.

Rapport for 2008–09 og budsjettforslag for 2010

SO er eit statleg forvaltningsorgan som er administrativt lagt til Universitetet i Oslo, og som er organisert i samsvar med § 1-4 (4) i universitets- og høgskolelova. SO koordinerer opptak til høgre utdanning i ein nasjonal opptaksmodell (NOM). Det er oppnemnt eit eige styre som har ansvaret for den faglege utviklinga av NOM. SO har òg ansvaret for administrasjon og utvikling av den nasjonale vitnemålsdatabasen (NVB) i vidaregåande opplæring. SO vart tildelt 23,8 mill. kroner i 2009. Departementet foreslår å auke løyvinga til SO med om lag 1,6 mill. kroner inkludert pris- og lønnsvekst til om lag 25,4 mill. kroner i 2010.

Artsdatabanken er ei uavhengig eining ved Vitenskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Verksemda skal gi elektronisk oversikt over biologiske artar i Noreg med nytte for miljøforvaltning, undervisning og forskning. I 2008 fekk Artsdatabanken ei ekstraløyving på 3 mill. kroner til revidering av Raudlista for trua og sårbare artar. I mai 2008 presenterte Artsdatabanken det nye elektroniske verktøyet Artsobservasjonar. Ved utgangen av 2008 var det lagt inn 1,2 mill. observasjonar. Artsdatabanken har òg ført vidare arbeidet med å utvikle ny naturtypeinndeling for Noreg som vil gi eit betre verktøy for den nye naturmangfaldlova. Det skal i tillegg lagast ei raudliste for naturtypar. I 2009 har departementet tildelt totalt 19,8 mill. kroner til Artsdatabanken. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til Artsdatabanken på same nivå i 2010.

NUV er eit statleg forvaltningsorgan. Administrasjonen er lagd til Universitetet i Tromsø. NUV mottek stønad frå Kunnskapsdepartementet på 22,4 mill. kroner i 2009, inklusive 3 mill. kroner frå revidert nasjonalbudsjett for 2009. Om lag 11 mill.

kroner er fordelt som støtte til utvikling av fleksible utdanningstilbud ved universitet og høyskolar. Departementet sette i 2008 i gang ei evaluering av NUV. Evalueringa peiker blant anna på at mandatet til NUV er både svært breitt og ambisiøst i høve til storleiken på sekretariatet og omfanget av verke-midla. Sjølv om prosjektmidlane er av svært avgrensa omfang, tyder funn i rapporten på at mid-lane blir vurderte som sentrale når det gjeld å reali-sere visse utviklingsprosjekt. Vidare peiker rappor-ten på at andre aktørar i sektoren truleg ikkje kunne ha gitt samarbeidet med partane i arbeidsliv-et ein like sentral plass i verksemda. Departemen-tet vil leggje analysen til grunn i den vidare poli-

tikkutforminga på feltet. Departementet foreslår å føre vidare midlane til NUV med 22,4 mill. kroner i 2010 for å bidra til vidare utvikling av fleksibel utdanning.

BIBSYS er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet og driv biblioteksyste-met BIBSYS for biblioteka på universitet, høysko-lar, og Nasjonalbiblioteket og fagbibliotek i Noreg. Det er i stor grad ei brukarfinansiert ordning. Departementet tildelte 3 mill. kroner til BIBSYS i 2009. Departementet foreslår å føre vidare løyvin-ga til BIBSYS på same nivå i 2010 for å kunne halde oppe aktiviteten.

Kap. 3280 Felles administrative einingar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Inntekt ved oppdrag o.a.			10
02	Salsinntekter o.a.			10
	Sum kap. 3280			20

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høyskolar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter	358 912	402 288	294 272
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 500	15 100	15 508
50	Tilskott til Noregs forskingsråd		71 500	68 628
51	Senter for internasjonalisering av høgre utdanning	37 309	38 951	41 299
73	Tilskott til internasjonale program	18 648	18 800	18 800
74	Tilskott til UNIS	78 719	82 183	89 553
75	UNINETT	23 850	21 849	22 548
76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	18 044	18 401	18 990
78	Tilskott til Universitets- og høyskolerådet	12 697	13 256	13 680
79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	275 021	287 089	106 489
	Sum kap. 281	838 700	969 417	689 767

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høysko-lar omfattar tiltak som skal bidra til kvalitetssikring og -utvikling, samordning av prioriterte område, vedlikehald og større innkjøp av utstyr og andre fellestiltak.

Reduksjonen i høve til saldert budsjett 2009 skyldast hovudsakleg at løyvingane til Nasjonalt

organ for kvalitet i utdanninga, Samordna opptak, Noregsuniversitetet, Artsdatabanken og BIBSYS over kap. 281 post 01 er flytte til kap. 280, jf. nær-mare omtale under kap. 280.

For å betre samordninga i departementet fore-slår departementet vidare å redusere kap. 281 post

01 med 2,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 200 post 21, jf. omtale under kap. 200.

Post 01 Driftsutgifter

Rapport for 2008–09 og budsjettforslag for 2010

Realfag og entreprenørskap

I 2009 tildelte departementet om lag 34 mill. kroner på denne posten til tiltak på realfagssida som blant anna har gått til regjeringas satsing på rekruttering til realfag og auka kvalitet i ingeniørutdanningane. Løyvinga til Artsdatabanken er flytt til kap. 280 post 21 frå 2010. Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 18 mill. kroner til tiltak innanfor realfag og entreprenørskap i 2010.

Regjeringa har hausten 2009 utarbeidd ein ny handlingsplan for entreprenørskap i utdanninga, jf. omtale under kap. 260. Departementet foreslår i 2010 å bruke 5 mill. kroner på tiltak i handlingsplanen som er retta mot høgre utdanning. Det skal blant anna lysast ut midlar til universitet og høgskolar for å utvikle utdanningstilbod og fremme kompetanseheving hos fagleg personale innanfor området entreprenørskap og innovasjon. Satsinga skal evaluerast fortløpande, og det skal arrangerast ein konferanse om entreprenørskap i høgre utdanning. Departementet foreslår òg å løyve 2 mill. kroner til etterutdanning i entreprenørskap for lærarar, jf. omtale under lærarutdanning.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering (RENATE-senteret) spelar ei viktig rolle som ressurs-senter for utdanningssektoren i arbeidet med å nå regjeringas mål om fleire kandidatar med realfagleg kompetanse. RENATE-senteret vart tildelt 3,2 mill. kroner i 2009. I tråd med Soria Moria-erklæringa ønskjer regjeringa å auke innsatsen med tanke på rekruttering til realfaga. Departementet vil derfor setje av 6,5 mill. kroner i 2010 til blant anna RENATE-senteret sitt arbeid og vidareføring av satsinga for å betre kvaliteten i ingeniørutdanninga.

Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) skal bidra til å sikre rekrutteringa til norsk romverksemd og auke interessa for teknologi- og realfaga. NAROM vart tildelt 6,8 mill. kroner i 2009. På bakgrunn av at delar av aktiviteten ved senteret er retta mot grunnutdanning og ikkje høgre utdanning, foreslår departementet å redusere løyvinga til 5,8 mill. kroner for 2010 over kap. 281 post 01.

Maritim strategi

Regjeringa har i 2009 tildelt 18,5 mill. kroner til maritim næringsverksemd som ledd i den maritime strategien til regjeringa, *Stø kurs*. Midlane vart fordelte over Kunnskapsdepartementets budsjett. Tilskottet har medverka til ulike kompetanseutviklingstiltak for lærarar, auka erfaringsutveksling og samarbeid, tilpassing av masterstudium, professor II- og lektor II-stillingar og stipendordningar for utanlandske studentar. Regjeringa foreslår å føre vidare løyvinga over Kunnskapsdepartementets budsjett med 18,5 mill. kroner i 2010 for å halde oppe satsinga på maritim utdanning.

Lærarutdanning

Departementet har i 2009 sett av om lag 100 mill. kroner til ulike tiltak innanfor lærarutdanning over kap. 281 post 01. Det er sett av 6 mill. kroner til utvikling av ny rammeplan for grunnskolelærarutdanningane. Departementet har òg sett av 20 mill. kroner i 2009 for å stimulere til at institusjonane i fellesskap utviklar dei nye grunnskolelærarutdanningane, gjer den lokale faglege profilen tydelegare og aukar det regionale samarbeidet og ansvarsdelinga om ulike fagtilbod i tråd med intensjonane i St.meld. nr. 11 (2008-2009) *Læreren – rollen og utdanningen*. Den nasjonale satsinga på å auke kvaliteten i praksisopplæringa i lærarutdanninga er ført vidare. Siktemålet er å få erfaringar og grunnlag for å bidra til ei meir praksisbasert lærarutdanning.

Det er vidare løyvd midlar til utvikling av vidareutdanning for å kvalifisere rettleiarar for nyutdanna lærarar, utvikling av modellar for samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og skole- og barnehageeigarar, og arbeidet med kompetansenettverka som Utdanningsdirektoratet organiserer. For å auke tilgangen på kvalifiserte lærarar vart det tildelt om lag 13 mill. kroner i statsbudsjettet for 2009 til nye studieplassar i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), førskolelærarutdanning og barnehagepedagogikk. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009 vart det løyvd midlar til om lag 1 000 nye studieplassar i lærarutdanning og om lag 10 mill. kroner til etter- og vidareutdanning innanfor barnehagepedagogikk og førskolelærarutdanning.

Departementet har gitt Noregs forskingsråd i oppdrag å lyse ut ein nasjonal forskarskole i lærarutdanninga, og har løyvd 5 mill. kroner over kap. 281 post 50 til dette i 2009. Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet skal vere vertskap for forskarskolen, som startar opp i 2009. Lærarutan-

ningsinstitusjonar landet over skal delta i nettverket. Dette tiltaket skal gi ei solid plattform for å auke FoU-kompetansen, styrkje samarbeidet mellom institusjonar og leggje til rette for relevant forskning av høg kvalitet. Forskarskolen skal vere eit tilbod til ph.d.-stipendiatar i lærarutdanningane, som har prosjekt med relevans for lærarutdanningane og læraryrka landet over.

Departementet vil i 2010 føre satsinga på lærarutdanning vidare med om lag 100 mill kroner. Midlane skal bidra til å gjennomføre reforma i lærarutdanninga, styrkje profesjonsinnretninga, heve den faglege kvaliteten i praksisopplæringa og sikre ei utviklingsorientert og forskingsbasert lærarutdanning. I tillegg foreslår departementet å føre vidare studieplassane i førskolelærarutdanning og barnehagepedagogikk.

Departementet vil i 2010 føre arbeidet vidare med å fastsetje ny forskrift for rammeplanar for grunnskolelærarutdanninga. Departementet vil setje av 15 mill. kroner for å stimulere til auka samarbeid og klarare ansvarsdeling mellom institusjonane for å sikre at dei ulike regionane har ei god fordeling av dei ulike fagtilboda, og at utdanninga blir utvikla i tråd med intensjonane i St.meld. nr. 11 (2008–2009). I denne samanhengen vil departementet arbeide vidare med å avklare aktivitetsskrav for dei nye grunnskolelærarutdanningane.

På bakgrunn av forslag frå ei arbeidsgruppe i Universitets- og høgskolerådet, og påfølgjande høringsrunde, vil departementet føre vidare arbeidet med å leggje til rette for eit senter for framifrå lærarutdanning.

I tråd med St.meld. nr. 11 (2008–2009) vil departementet etablere ei nasjonal følgjegruppe for innføringa av reforma i lærarutdanninga. Følgjegruppa skal hente inn nødvendig informasjon for å sikre overblikk og vurdere utviklinga både nasjonalt og lokalt når det gjeld prosessar, kvalitet og resultat. Departementet vil leggje sekretariatet for arbeidet til Universitetet i Stavanger.

Departementet har sett i verk fleire tiltak for å betre rekrutteringa til samiske språk og samisk lærarutdanning, jf. òg omtale under kap. 260. Departementet vil føre vidare arbeidet med å styrkje rekrutteringa til samisk lærarutdanning. Frå studieåret 2010 får blant anna studentar som har fullført kombinasjonen lærarutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning eller førskolelærarutdanning og samisk språk, ettergitt studielån for inntil kr 50 000.

Det er eit mål at alle nyutdanna lærarar i grunnskolen og vidaregåande opplæring får tilbod om rettleiing frå skoleåret 2010–11. Departementet vil derfor og i tråd med St.meld. nr. 11 (2008–2009) auke tildelinga i 2010 til universitet og høgskolar for kvalifisering av mentorar.

For å vidareutvikle og styrkje FoU-kompetansen i lærarutdanningane og bidra til ny praksisretta kunnskap om barnehage og skole, vil regjeringa etablere eit nytt praksisretta forskingsprogram i Forskingsrådet. Programmet vil vere ei vidareføring av programmet *Praksisrettet FoU* for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning, som blir avslutta i 2010. Måla med det nye programmet er å styrkje FoU-kompetansen i lærarutdanningane, auke kvaliteten i den praksisnære utdanningsforskninga og stimulere FoU-samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet i barnehage og skole. Programmet vil bli finansiert over kap. 226, 231 og 281.

Kunstutdanning

Departementet har i 2009 tildelt om lag 27,5 mill. kroner til tiltak innanfor kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid. Det er blant anna tildelt 4 mill. kroner til talentutviklingsprogrammet i musikk ved Noregs musikkhøgskole, og departementet foreslår å føre løyvinga vidare i 2010.

Vidare er det tildelt om lag 5,3 mill. kroner i 2009 til utdanningstilbodet *Unge talent* ved Barratt Due musikkintitutt som blir foreslått ført vidare. Det er òg tildelt samla om lag 1,2 mill. kroner blant anna til eit professorat i biletkunst ved Kunsthøgskolen i Oslo. Departementet foreslår å føre desse løyvingane vidare i 2010.

Stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid er ein parallell til doktorgradsprogram og skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis. I 2009 tildelte departementet om lag 17 mill. kroner til ulike tiltak knytte til stipendprogrammet. Av desse midlane gjekk om lag 13,6 mill. kroner til 23 stipendiatstillingar, om lag 2,4 mill. kroner til drift av programmet og 1 mill. kroner til prosjektstøtte.

Departementet foreslår å løyve om lag 16,3 mill. kroner til 23 stipendiatstillingar i kunstnarleg utviklingsarbeid inklusive prisjustering. Det omfattar å føre vidare dei tre nye stillingane frå 2009 med heilårsverknad i 2010.

Oppgåva med å utbetale stipendmiddel til institusjonane vart frå 1. januar 2009 overført til Kunsthøgskolen i Bergen, som er operatør for programmet. Departementet foreslår å auke driftsstøtta frå 1 til 2 mill. kroner i 2010. Stipendprogrammet har frå 2004 fått ei årleg løyving på 1 mill. kroner til produksjonsmidlar, som har vore nytta til dei kunstnarlege prosjekta til studentane, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2003–2004) og St.prp. nr 1 (2003–2004). For å gi programmet større økonomisk fleksibilitet foreslår departementet at den samla tildelinga til drift og produksjonsmidlar frå 2010 blir sett under eitt.

For ytterlegare å styrkje kunstnarisk utviklingsarbeid og fremje eit breiare utviklingsarbeid på kunstfeltet, som rettar seg mot både dei fast tilsette og dei ferdigutdanna kunststipendiatane, foreslår departementet å etablere eit FoU-program for kunstnarleg utviklingsarbeid frå 2010, med ei ramme på 2 mill. kroner.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke den samla løyvinga til kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid med meir til om lag 32 mill. kroner i 2010.

Departementet foreslår at kunststipendiatar skal gi uttelling i finansieringssystemet tilsvarande doktorgrader. Sjå kap. 260 og vedlegg 4 for nærare omtale av finansieringssystemet.

Forskning og formidling

Departementet har sett av om lag 7,4 mill. kroner til forskings- og formidlingstiltak over kap. 281 post 01 i 2009. Det er i 2009 blant anna sett av 1,8 mill. kroner til utgreiing av Nasjonalt digitalt universitetsmuseum. Vidare er det tildelt 1 mill. kroner til integrasjonsprosessen mellom Arkeologisk museum i Stavanger og Universitetet i Stavanger. Departementet tildelte 1,5 mill. kroner i 2009 til *Komité for integreringstiltak – kvinner i forskning* (Kif-komiteen). Det er òg sett av 2 mill. kroner til Likestillingsprisen og 1 mill. kroner til Utdanningskvalitetsprisen.

Kif-komiteen har mandat til mars 2010. Departementet vil føre ordninga med ein slik komité vidare. Departementet foreslår òg å føre vidare Likestillingsprisen med 2 mill. kroner og Utdanningskvalitetsprisen med 1 mill. kroner i 2010.

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til eit forskingsprogram om forskning og innovasjon i regi av Forskingsrådet i 2010 med 2 mill. kroner, og til ei strategisk FoU-satsing retta mot universitetsmusea med 5 mill. kroner, sjå òg omtale under kap. 281 post 50.

Departementet foreslår ei samla løyving til forskning og formidling over kap. 281 post 01 på om lag 11,5 mill. kroner i 2010.

Internasjonalt samarbeid og Nordområdestrategien

Departementet tildelte om lag 23 mill. kroner over kap. 281 post 01 knytt til internasjonalt samarbeid og nordområdesamarbeid i 2009. I tillegg blir det tildelt om lag 41 mill. kroner til Nordisk ministerråd knytt til nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning. Avtalen gjeld ut 2009, men dei nordiske utdanningsministrane har vedteke å forlenge avtalen for tre nye år med verknad frå 1. januar 2010.

Kunnskapsdepartementet lanserte hausten 2007 ein strategi for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika for 2008–11. Departementet har sett av 10 mill. kroner i 2009, og foreslår å føre vidare satsinga på same nivå i 2010. Midlane for 2009 er blant anna brukte til Partnerskapsprogrammet for Nord-Amerika, å føre vidare auken på 1 mill. kroner i tilskottet til Fulbright Foundation, til utlysing av prosjektmidlar til nye faglege samarbeid og nokre andre tiltak.

Det er stor interesse blant norske universitet og høgskolar for å samarbeide med institusjonar i Nord-Amerika. Det har vore ein auke i studentmobiliteten sidan lanseringa av strategien i 2007: Talet på studantar frå USA og Canada til Noreg har auka, og talet på norske delstudantar til Nord-Amerika har òg gått opp. Talet på norske gradsstudantar i Nord-Amerika har vore relativt stabilt, men med ein auke i USA frå studieåret 2007-2008 til 2008-2009.

Kunnskapsdepartementet inngjekk fem bilaterale intensjonsavtalar om høgre utdanningssamarbeid (Memorandum of Understanding – MoU) i 2008, med India, Kina, Brasil, Chile og Argentina. Formålet med intensjonsavtalane er å bidra til auka samarbeid mellom norske utdanningsinstitusjonar og institusjonar i dei aktuelle landa. Departementet vil følgje opp intensjonsavtalane gjennom seminar og møte både med styresmaktene og dei partane som er involverte i samarbeidet. Kunnskapsdepartementet arbeider for tida med å stille ferdig ein MoU om høgre utdanningssamarbeid med Russland.

Departementet foreslår i 2010 å tildele om lag 4,5 mill. kroner knytte til oppfølging av St.meld. nr. 14 (2008-2009) *Internasjonalisering av utdanning*.

Departementet løyde 1,5 mill. kroner både i 2008 og i 2009 for å styrkje utdanningssamarbeidet med Latin-Amerika. Departementet vil føre vidare løyvinga på same nivå i 2010.

Kunnskapsdepartementet tildelte 3 mill. kroner til EnergiCampus Nord (ECN) både i 2008 og 2009, og ga i tillegg ei eingongsløyving på 5 mill. kroner i 2009 knytte til oppbygging av utstyr og infrastruktur. Samarbeidsprosjektet inneber satsing på høgre utdanning i energifag i tråd med Nordområdestrategien. Departementet vurderer desse løyvingane som midlar til oppstart av studie-tilboda i Hammerfest, og at dei samarbeidande institusjonane må dekkje tilbodet innanfor eigne rammer etter igangsetting. Departementet foreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga til 1 mill. kroner i 2010.

Innanfor Nordområdestrategien er Arktisk Universitet tildelt kr 800 000 over kap. 281 post 01

både i 2008 og 2009 for å støtte urfolksnettverket, arbeidet med utvikling av felles mastergrad i nordlege studiar mellom norske og russiske miljø og styrking av lærarutveksling i north2north-programmet. Kunnskapsdepartementet foreslår å sette av 1 mill. kroner til oppfølging av nordområdestrategien i 2010.

Utanriksdepartementet oppretta Barentsinstituttet i 2006 med formål å styrkje forskinga på forholdet mellom aust og vest i den nordlege delen av Europa. Ansvar for Barentsinstituttet er flytt frå Utanriksdepartementet til Kunnskapsdepartementet og formelt lagd under Universitetet i Tromsø. I 2009 tildelte Utanriksdepartementet 4,7 mill. kroner til drifta av instituttet. I 2010 vil Kunnskapsdepartementet løyve 5 mill. kroner frå kap. 281 post 01 til Universitetet i Tromsø til dette formålet.

Departementet tildelte i 2009 om lag 2,2 mill. kroner til International Council for Open and Distance Education (ICDE), som er eit internasjonalt fellesorgan for aktørar innanfor fjernundervisning og fleksibel læring. Departementet foreslår å føre tilskottet vidare med om lag 2,3 mill. kroner i 2010.

Departementet foreslår i 2010 å nytte samla om lag 25,4 mill. kroner over kap. 281 post 01 knytte til internasjonalt samarbeid og Nordområdestrategien, i tillegg til om lag 41 mill. kroner til Nordisk ministerråd.

Dokumentasjon, statistikk og analyse

Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) er eit statleg aksjeselskap under Kunnskapsdepartementet. I 2009 tildelte departementet 8,5 mill. kroner til NSD for drift av Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). DBH er eit datavarehus for informasjon om norske universitet og høgskolar. Departementet foreslår å føre løyvinga vidare med 8,5 mill. kroner i 2010.

I tillegg til løyvinga til NSD har departementet sett av om lag 15,2 mill. kroner til ulike tiltak for dokumentasjon, statistikk og analyse i 2009. Departementet foreslår å løyve om lag 14,8 mill. kroner til dette formålet i 2010.

Andre tiltak

I samband med samorganiseringa av Noregs veterinærhøgskole, Veterinærinstituttet og Universitetet for miljø- og biovitskap har departementet sett av om lag 3,6 mill. kroner i 2009 til administrativ og fagleg integrasjonsprosess. Departementet foreslår å føre løyvinga vidare med om lag 3 mill. kroner i 2010. Sjå òg omtale om samorganiseringa under kap. 260.

I 2009 vart det tildelt 2 mill. kroner til Studiesenteret.no. Senteret er ikkje ein del av det formelle utdanningstilbodet, men tilbyr tenester for å leggje til rette for desentralisert utdanning. Departementet foreslår ikkje å føre løyvinga vidare i 2010. Departementet legg vekt på at det er institusjonane sjølve som best kan vurdere kva for desentraliserte tilbod dei ønskjer å tilby studentane. Det inneber å prioritere kva for tilbod dei ønskjer å leggje til rette for sjølve, og kva for tenester dei ønskjer å kjøpe frå andre aktørar i marknaden. Desentraliserte studietilbod bør vere midlertidige og kunne flyttast etter behova for desentraliserte tilbod utanfor faste studiestader. Departementet viser òg til tiltakspakka, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringar i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*. Det vart i samband med tiltakspakka blant anna løyvd 18,3 mill. kroner til desentraliserte studieplassar og ei auke i løyvinga til Noregsuniversitetet med 3 mill. kroner. Regjeringa foreslår å føre vidare studieplassane med 36,6 mill. kroner i 2010, og at løyvinga til Noregsuniversitetet blir auka med 3 mill. kroner til 22,4 mill. kroner i 2010.

Departementet ønskjer å sette i gang ei ny levekårsundersøking for studentane, og foreslår å løyve om lag 3 mill. kroner over kap. 281 post 01 til dette i 2010.

Kunnskapsdepartementet ønskjer at Noreg skal delta i undersøkinga Eurostudent IV, som skal kartlegge den sosiale dimensjonen innanfor europeisk høgre utdanning. Departementet foreslår å løyve om lag kr 700 000 til dette i 2010.

Universiteta og tannhelsetenesta har stort behov for tannlegar med både doktorgrad og spesialistkompetanse. Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har derfor greidd ut eit utdanningsprogram som kombinerer forskarutdanning og spesialistutdanning i eit meir effektivt løp. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga med 1,3 mill. kroner til dobbelkompetanseutdanning for tannlegar i 2010. Sjå òg omtale under Helse- og omsorgsdepartementets kap. 770 post 70.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar tilskott til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald ved universitet og høgskolar.

Rapport for 2008–09

Kunnskapsdepartementet tildelte til saman 16 mill. kroner over posten i 2008. Av dette vart 8 mill. kroner til sikring og bevaring av universitetsmusea

fordelte på Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Det vart vidare tildelt 5 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Oslo, 2,5 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Bergen og kr 500 000 til Noregs idrettshøgskole knytte til utstyr og vedlikehald.

Posten utgjør om lag 18,3 mill. kroner i 2009. Desse er tildelte med 1 mill. kroner til Universitetet i Stavanger til integrasjonsprosessen med Arkeologisk museum i Stavanger og 17 mill. kroner til utstyr ved Universitetet i Agder, Universitetet i Tromsø, Høgskolen i Oslo, Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Volda, Høgskolen i Buskerud, Kunsthøgskolen i Oslo og Kunsthøgskolen i Bergen.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår ei løyving på om lag 15,5 mill. kroner på kap. 281 post 45 i 2010.

Post 50 Tilskott til Noregs forskingsråd

Posten omfattar løyvingar til ulike program i Noregs forskingsråd knytte til FoU i universitets- og høgskolesektoren.

Rapport for 2008–09

Det er dei siste åra utvikla fleire satsingar gjennom Forskinsrådet særleg retta mot høgskolane, og som blant anna skal bidra til regional utvikling og styrking av profesjonsutdanningane. Dei omfattar blant anna *Verkemiddel for regional FoU (VRI)*, *Strategiske høgskoleprogram (SHP)*, og *FORNY-programmet*. Departementet har samla tildelt 56 mill. kroner til desse programma i 2009.

FORNY-programmet skal bidra til auka verdiskaping gjennom kommersialisering av forskingsbaserte forretningsidear. Programmet rettar seg i hovudsak mot forskning og utvikling som blir utførde ved universitet, høgskolar, helseføretak og institutt. Programperioden for FORNY gjeld ut 2009. Forskinsrådet har i 2009 gjennomført ei ekstern evaluering av programmets tredje programperiode, frå 2002 til 2009. Evalueringa har inngått som grunnlag for Forskinsrådets vurdering av korleis aktiviteten bør utviklast vidare og rettast inn i ei ny satsing på kommersialisering av forskingsresultat.

Departementet tildelte 5 mill. kroner som ei eingongsløyving over kap. 281 post 50 til strategisk forskning og fagleg utvikling ved universitetsmusea. Departementet foreslår i 2010 tilsvarende løyving over kap. 281 post 01.

I 2009 vart det sett av 8 mill. kroner til NFR-programmet *Praksisretta FoU i barnehage, grunnopp-*

læring og lærarutdanning. Programmet vart ikkje sett i verk, og midlane vart blant anna tildelte med 2 mill. kroner til eit forskingsprogram om forskning og innovasjon og 5 mill. kroner til Nasjonal forskarskole i lærarutdanninga.

Departementet tildelte òg 2 mill. kroner til programmet *Utdanning 2020*.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår å løyve om lag 68,6 mill. kroner over kap. 281 post 50 i 2010. Regjeringa foreslår å føre vidare løyvingane til VRI, SHP, FORNY og *Utdanning 2020* på om lag same nivå som i 2009. Departementet foreslår å løyve 8 mill. kroner til programmet *Praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning* i 2010.

Post 51 Senter for internasjonalisering av høgre utdanning

Tilskottet på denne posten skal gå til Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU), som har fem hovudarbeidsområde: programdrift, profilering av Noreg som studie- og forskingsland overfor utlandet, informasjon og kommunikasjon, kompetansebygging og rådgiving.

Rapport for 2008–09

I 2009 vart det løyvd om lag 39 mill. kroner over kap. 281 post 51. SIU har ein stor programportefølje og forvaltar programma på ein tilfredsstillande måte. For omtale av resultatata for *EUs Program for Livslang Læring (LLP)*, sjå kap. 252, for Erasmus Mundus, sjå kap. 281 post 73.

Det har vore ei god utvikling i talet på besøk på nettstadene til SIU: www.siu.no om SIU og SIUs arbeidsoppgåver og portefølje, og www.studyinnorway.no for utanlandske studentar som ønskjer studieopphald i Noreg. I 2009 har SIU i tillegg etablert nettstaden www.studeriutlandet.no med informasjon til norske studentar som vil ha studieopphald i utlandet. SIU har dessutan eit stort publikasjonsprogram for både profilerings- og informasjonsarbeidet, og er ein viktig partner for Kunnskapsdepartementet i arbeidet for auka internasjonalt samarbeid ved norske universitet og høgskolar. SIU arbeider med å få på plass det administrative systemet som skal gjere det mogleg å få ut betre styringsinformasjon på tvers av dei programma institusjonen forvaltar.

SIU har hatt ei viktig rolle i oppfølginga av strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika, som vart lagd fram hausten 2007.

SIU har òg ei rolle i oppfølginga av intensjonsavtalane om høgre utdanningssamarbeid med dei latinamerikanske landa Brasil, Argentina og Chile.

Budsjettforslag for 2010

Frå 2010 får SIU nye oppgåver knytte til å vere eit sørvis- og kompetansesenter òg for skolar og skolestyresmakter, blant anna for å betre deltakinga i tilgjengelege program på grunnopplæringsområdet. Dette er ei oppfølging av forslag i St.meld. nr. 14 (2008–2009), sjå òg omtale under kap. 226 post 21. Verksemda til SIU er regulert gjennom vedtektene for senteret, og departementet vil vurdere behovet for revidering av vedtektene. SIU vil òg få ei sentral rolle i oppfølginga av andre tiltak i stortingsmeldinga.

Departementet viser til oppmødingsvedtak nr. 298, 27. april 2009, jf. Innst. S. nr. 202 (2008–2009) og St.meld. nr. 14 (2008–2009):

«Stortinget ber regjeringen sørge for at virksomheten til Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) blir gjenstand for en evaluering tilsvarende den som ble foretatt for NOKUTs virksomhet.»

Evalueringa av SIU startar opp ved årsskiftet 2009/10 og skal etter planen vere ferdig innan 1. august 2010. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med resultatane frå evalueringa.

Dette er måla for SIU i 2010:

- SIU skal motivere og stimulere utdannings- og forskingssektoren til å leggje vekt på internasjonalisering som verkemiddel for auka kvalitet i utdanning og forskning.
- SIU skal sørge for god og brei deltaking i dei programma senteret forvaltar, og bidra til at ulike aktørar bruker program og ordningar aktivt som verkemiddel for dei internasjonale strategiane og måla sine.
- SIU skal bidra til å auke Noregs evne til å konkurrere om gode studentar og forskarar ved å profilere Noreg som studie- og forskingsland i utlandet.

SIUs samla verksemd og måloppnåing i 2010 vil bli vurdert, blant anna i lys av kvalitative analysar av verksemda og SIUs gjennomføring av oppgåvene i vedtektene.

SIU administrerer Johan Jørgen Holsts Minnefond frå 2009. Ordninga gjeld stipend til éin norsk student som tek bachelorgrad ved Columbia University i New York, og vart løyvd over kap. 270 post 71 i 2009. SIU administrerer òg Pestalozzi-programmet og midlar til utdanningskoordinatoren

ved Generalkonsulatet i New York. Begge ordningane vart løyvd over kap. 281 post 01 i 2009. Departementet foreslår å flytte midlane til Johan Jørgen Holsts Minnefond, Pestalozzi-programmet og utdanningskoordinatoren ved Generalkonsulatet i New York til kap. 281 post 51 frå 2010. Departementet foreslår å løyve til saman om lag 41,2 mill. kroner til SIU i 2010.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Tilskottet skal dekkje medlemskontingenten for å delta i internasjonale utdanningsprogram, fastsett gjennom årlege EØS-forhandlingar, og andre internasjonale utdanningstiltak av mindre omfang. Erasmus Mundus omfattar fellesgradar på masternivå og stipendprogram for studentar og forskarar frå land utanfor EU/EØS.

Rapport for 2008–09

I 2009 vart det løyvd 18,8 mill. kroner over kap. 281 post 73. I 2008 deltok ni norske høgre utdanningsinstitusjonar i 14 av til saman 103 felles Erasmus Mundus-mastergradar, og dei koordinerer to. I tillegg deltek norske universitet og høgskolar i fire nettverk som skal vise partnerar frå land utanfor Europa at europeisk høgre utdanning er attraktiv.

Erasmus Mundus II-programmet (2009–13) vart formelt vedteke i EU 16. desember 2008 ved europaparlaments- og rådsavgjerd 1298/2008/EF. Programmet er ei vidareføring av Erasmus Mundus (2004–08), med ei utviding til doktorgradsnivå samt utvida moglegheiter for deltaking frå ikkje-europeiske institusjonar.

Samisk høgskole har teke over ansvaret for sekretariatet til World Indigenous Nations Higher Education Consortium (WINHEC) frå desember 2008 og tre år framover. Det er løyvd kr 850 000 til drifta av sekretariatet i 2009.

Det er òg sett av midlar til bilateralt samarbeid på posten i 2009.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår å føre vidare løyvinga på 18,8 mill. kroner på post 73 for å dekkje deltakinga i tiltaksområde 1 og 3 i EU-programmet Erasmus Mundus II, jf. St.prp. nr. 56 (2008–2009) *Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av tiltaksområde 1 og 3 i Erasmus Mundus II-programmet (2009–2013)*. Beløpet dekkjer òg dei andre mindre aktivitetane på posten. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til sekretariatet til WINHEC ved Samisk høgskole med kr 850 000 i 2010.

Post 74 Tilskott til UNIS

Tilskottet skal gå til Universitetscenteret på Svalbard (UNIS). Formålet med tilskottet er å bidra til at UNIS tilbyr høgre utdanning og driv forskning med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område. UNIS har fire studieretningar: arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi.

Rapport for 2008–09

UNIS er eit statsaksjeselskap, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene. Det vart tildelt 82 mill. kroner til UNIS over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2009. Universitetscenteret på Svalbard har gode resultat i undervisning og forskning og bidreg til lokalsamfunnet i Longyearbyen. Studia ved UNIS skal ha ein internasjonal profil, der om lag halvparten av studentane er utanlandske. Studentaktiviteten i 2008 var 127 studentårsverk på bachelor- og masternivå, og om lag 51 pst. av studentane var frå utlandet. 49 pst. av studentane var kvinner, ein nedgang på om lag tre pst. frå 2007.

Ei hovudutfordring for UNIS i åra framover, er å skaffe inntekter ut over det ordinære tilskottet frå departementet. UNIS må sørge for å styrkje likviditeten.

Budsjettforslag for 2010

UNIS skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet, og det er derfor nødvendig at UNIS utviklar vidare samarbeidet med både universitet og høgskolar. Regjeringa foreslår å løyve om lag 89,5 mill. kroner til UNIS i 2010. Desse midlane omfattar vidareføring av studieplassar gitt i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009.

I samband med evalueringa av finansierings-systemet foreslår departementet at alle institusjonar kan rapportere inn studiepoeng frå sine studantar som tek studieprogram ved UNIS, og få utteljing for dette. Sjå òg omtale under kap. 260 og i vedlegg 4.

Post 75 UNINETT

Posten omfattar UNINETT AS, som er eit statsaksjeselskap, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene. Tilskottet skal bidra til å utvikle vidare eit landsomfattande elektronisk datanett for forskning og utdanning.

Rapport for 2008–09

Departementet tildelte om lag 21,8 mill. kroner til UNINETT AS i 2009.

UNINETT AS har blant anna til formål å utvikle eit landsomfattande elektronisk datanett for forskning og utdanning med tenester på linje med det beste i det internasjonale akademiske miljøet og fremme bruk av opne internasjonale standardar innanfor datakommunikasjon. UNINETT AS arbeider for å utvikle vidare infrastrukturen til campusnetta og tenester i tråd med tilrådingar og standard. Aktiv bruk av felles innkjøpsavtalar gir store innsparingar og motiverer til innføring av fellesløsningar. Stadig fleire utdanningsinstitusjonar tek i bruk Feide, eit system som inneber at kvar elev, student eller tilsett har eitt brukarnamn som kan brukast i heile utdanningssektoren. Vidaregåande skolar deltek òg i prosjektet. Utbygginga av hybridnett vart starta i 2008.

Departementet og institusjonane i sektoren kjøper tenester frå dotterselskapa. Vidare kan UNINETT AS tene andre institusjonar av ikkje-kommersiell art som har tilknytning til forskning og/eller utdanning.

Budsjettforslag for 2010

Gigacampusprogrammet – eit teknologiløft for å ruste opp kvaliteten på og tilgangen til campusnett i universitets- og høgskolesektoren – har fått tildelingar over statsbudsjettet fram til 2009. Det er ønskeleg å føre vidare delar av programmet som del av den generelle verksemda til UNINETT AS. Ein tek sikte på delvis finansiering gjennom tenesteavgift frå institusjonane og delvis tildeling over statsbudsjettet.

Regjeringa foreslår å tildele om lag 22,5 mill. kroner til UNINETT AS i 2010.

Post 76 Tilskott til NORDUnet, kan overførast

Posten omfattar tilskottet til NORDUnet AS, som er ein nordisk nettverksorganisasjon som skal sikre felles nettinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane, samt knyte dei til internasjonale nett og nett-tenester.

Rapport for 2008–09

Departementet tildelte om lag 18,4 mill. kroner til NORDUnet AS i 2009.

Dei nasjonale nettverksorganisasjonane eig NORDUnet AS, og selskapet er organisert som eit dansk aksjeselskap og underlagt dansk lovgiving. UNINETT AS forvaltar dei norske interessene i sel-

skapet. NORUnet AS og dei nordiske forskingsnetta deltek aktivt i den europeiske nettutviklinga. NORUnet AS skal bidra til å gi nettbrukarane i dei nordiske landa høgare kvalitet og lågare pris enn det dei nasjonale nettverksorganisasjonane kan oppnå på eiga hand. Kostnadene knytte til samarbeidet i NORUnet AS blir delte mellom medlemslanda etter brutto nasjonalprodukt.

Budsjettforslag for 2010

For å føre vidare aktiviteten foreslår regjeringa å løyve om lag 19 mill. kroner til NORUnet AS i 2010.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet

Posten omfattar tilskott til Universitets- og høgskolerådet (UHR), som er eit fellesorgan for institusjonsakkrediterte institusjonar innanfor høgare utdanning. Tilskottet til UHR skal fremme samordning og arbeidsdeling i universitets- og høgskolesektoren innanfor prioriterte arbeidsområde.

Rapport for 2008–09

UHR fekk i 2009 eit tilskott på om lag 13,3 mill. kroner, inklusive om lag 4,5 mill. kroner til utgiving av lærebøker. I 2009 har ein viktig del av arbeidet til UHR vore oppfølging av evalueringa av Kvalitetsreforma, av NOKUTs evaluering av allmennlærerutdanninga, og reakkrediteringa av sjukepleiarutdanninga. UHR har ført vidare arbeidet med oppfølginga av bruken av den nye bokstavkarakterskalaen.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår å løyve om lag 13,7 mill. kroner til UHR i 2010, inklusive 4,6 mill. kroner til utgiving av lærebøker.

Post 79 Ny universitetsklinikk i Trondheim, kan overførast

Stortinget vedtok våren 2002 å starte utbygging av ny universitetsklinikk i Trondheim. Utbygginga er delt inn i to fasar og skal innehalde areal til sjukehus-, universitets- og høgskoleformål i ein integrert universitetsklinikk. Formålet med tilskottet

er å finansiere universitets- og høgskoledelen av klinikken.

Rapport for 2008–09

Første byggjefase vart ferdigstilt i 2006 og inneheld Laboratoriesenteret, Kvinne-barn-senteret, Nevrosenteret, pasienthotell og første del av Forsyningssenteret. Byggjefase to omfattar rehabilitering av 1902-bygget, andre fase av Forsyningssenteret og følgjande fire sentra: Bevegelsesenteret, Gastroenteret, Akutten og Hjerte-lungesenteret og Kunnskapssenteret. Den største delen av utbygginga blir ferdigstilt i 2009 og 2010. Midtfløya av Gastroenteret, og Akutten og Hjerte-lungesenteret er planlagt ferdigstilte i desember 2009/ januar 2010. Etter dette gjenstår det å rive høgblokka og å byggje Kunnskapssenteret. Med opning av Kunnskapssenteret i 2013 vil byggjefase to vere ferdig.

Det er underteikna ein sameigeavtale mellom staten ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og St. Olavs hospital HF som regulerer eigeforholda mellom partane. Avtalen omfattar rettane til eigedommen, forvaltning, drift, samt utvikling av bygga og anlegget.

Det er lagt til grunn at universitets- og høgskoleareala i fase to blir finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett i høve til delen av totalt areal i universitetsklinikken, men avgrensa til maksimalt 1 135 mill. kroner (prisenivå desember 2004), jf. Innst. S. nr. 240 (2004–2005) og St.prp. nr. 65 (2004–2005). Arealramma for universitets- og høgskoledelen av byggjeprosjektet utgjer 49 500 kvm, der om lag 22 500 kvm skal realiserast i fase to i tillegg til felles teknisk infrastruktur.

Departementet tildelte om lag 287 mill. kroner i 2009 til Helse Midt-Noreg RHF til utbygging av universitets- og høgskoledelen av St. Olavs hospital.

Sjå òg omtale av byggjeprosjektet i Prop. 1 S (2008–2009) for Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 732 post 81 Tilskott til regionale helseføretak.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår ei løyving på 106 mill. kroner til utbygging av universitets- og høgskoledelen av universitetsklinikken i Trondheim i 2010. For omtale av utstyr til universitets- og høgskoledelen av klinikken, sjå kap. 260 post 50.

Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høyskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
02	Salsinntekter o.a.	2 446	10	10
16	Refusjon av foreldrepenge	387		
18	Refusjon av sjukepenge	686		
	Sum kap. 3281	3 519	10	10

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
283	Meteorologiformål	257 270	282 646	301 932	6,8
285	Noregs forskingsråd	1 315 338	1 427 291	1 471 705	3,1
286	Forskingsfond	6 942 105	12 929 517	6 261 860	-51,6
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	153 800	211 195	227 623	7,8
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 203 680	1 317 065	1 463 301	11,1
	Sum kategori 07.70	9 872 193	16 167 714	9 726 421	-39,8

Budsjettforslaget for utgifter under kategori 07.70 utgjør 9,7 mrd. kroner. Reduksjonen er på 6,45 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2009 og

skriv seg frå at kapitalinnskotta i dei to forskingsfonda er lågare i 2010 enn i 2009.

Inntekter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
3286	Forskingsfond	3 087 505	3 368 260	3 770 560	11,9
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 503	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 809	3 843	4 752	23,7
	Sum kategori 07.70	3 112 817	3 393 603	3 796 812	11,9

Budsjettforslaget for inntekter under kategori 07.70 utgjør om lag 3,8 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 403 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2009. Auken skriv seg i all hovudsak frå den auka avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping og regionale forskingsfond.

Innleiing

Regjeringa la våren 2009 fram ei ny stortingsmelding om forskning, St. meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, som vart handsama av Stortinget i juni. Meldinga dokumenterer at norsk forskning er i framgang. Den offentlege forskingsinnsatsen har hatt ein jamn realvekst. Noreg er no mellom dei OECD-landa som bruker mest offent-


lege forskingsmidlar per innbyggjar, og er nest etter Sverige det landet i Norden som løyver mest til forskning i absolute tal. Noreg er på sjetteplass i verda når det gjeld vitenskapleg publisering per innbyggjar. Noreg har òg hatt ein markant auke i site-ringar over tid.

Regjeringa vil halde fram med å auke forskingsinnsatsen i åra framover. Forskinga skal gi oss grunnleggjande ny erkjenning, bidra til å løyse konkrete utfordringar i mange sektorar, og til at vi har eit konkurransekraftig og nyskapande næringsliv. Regjeringa held fast på målet om at dei samla offentlege og private investeringane i forskning og utvikling skal utgjere tre pst. av brutto-nasjonalprodukt. Dette er eit uttrykk for kva FoU-nivået bør vere i eit kunnskapssamfunn. Den

offentlege delen av målet skal utgjere om lag éin pst. av bruttonasjonalprodukt. Gjennom handsaminga av St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009) har Stortinget sett ni forskingspolitiske mål som tydelegjer samanhengen mellom ressursane som blir sette inn i forskinga, og resultat vi får ut av ho. Fem av måla er strategiske og retta mot at forskinga skal bidra til å møte globale utfordringar, velferdsutfordringar samt å leggje grunnlaget for

verdiskaping i framtida. Fire av måla er tverrgåande og retta mot forskningssystemet: eit velfungerande forskingssystem, høg kvalitet i forskinga, auka internasjonalisering av forskinga og effektiv utnytting av ressursar til og resultat frå forskinga.

Dei årlege forskingsbudsjetta skal byggje opp under dei ni forskingspolitiske måla. Det er i hovudsak dei fire tverrgåande måla retta mot forskningssystemet som blir omtalte i denne programkategorien.



Figur 4.4 Måla i forskingspolitikken

Størstedelen av forskingsløyvingane under kategori 07.70 omfattar løyvingar frå Kunnskapsdepartementet til forskning gjennom Noregs forskingsråd, norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og norsk deltaking i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar. Kategorien omfattar også løyvingar til Meteorologisk institutt. Direkte forskingsløyvingar til universitet og høgskolar er omtalte under kategori 07.60. Alle departementa finansierer forskning på sine område. Del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet inneheld ein meir heilskapleg omtale av dei ni forskingspolitiske måla og den samla satsinga på forskning i statsbudsjettet.

Mål: Eit velfungerande forskingssystem

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* slår regjeringa fast at Noreg i all hovudsak har eit velfungerande system for forskning. Eit velfungerande forskingssystem handlar mellom anna om å sørge for tilstrekkeleg forskingskapasitet i heile landet, god balanse mellom samarbeid og konkurranse, gode system for kunnskapsoverføring og ein høg etisk standard i forskinga. Tilgang på

forskarutdanna personell er avgjerande for den samla kapasiteten i forskningssystemet. I eit velfungerande forskingssystem må finansieringsystema motivere til samarbeid og arbeidsdeling og gi institusjonane insitamant til å fremme gode forskingsmiljø med resultat av høg kvalitet. Noregs forskingsråd har eit heilskapleg ansvar for å sørge for at det norske forskningssystemet fungerer godt. Løyvingane under kategori 07.70 støttar opp under eit velfungerande forskingssystem.

Tilstandsvurdering

Rekruttering til forskning

I løpet av det siste tiåret har Noreg hatt ein sterk auke i utdanninga av doktorgradskandidatar. Talet på doktorgradar per år er nesten fordobla sidan 2001. Noreg har på kort tid gått frå ei plassering midt på treet til å bli mellom dei seks-sju OECD-landa med høgast forskartettleik per 1 000 sysselsette. Denne utviklinga viser at den offentlege politikken for forskarrekruttering har verka, og at kapasiteten i FoU-systemet er monaleg styrkt når det gjeld menneskelege ressursar. I 2008 vart det avlagt 1 244 doktorgradar i Noreg. Målet frå

St.meld. nr. 35 (2001–2002) *Kvalitetsreformen Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillinger i universitets- og høyskolesektoren* om 1 100 doktorgradar årleg vart såleis nådd to år før tida.

Det er fleire kjelder som finansierer doktorgradsutdanning. I tillegg til øyremerkte stillingar, kjem rekrutteringsstillingar oppretta av universitet og høyskolar, helseføretak og institutt etter eigne prioriteringar innanfor ramma av eigne budsjett. Forskingsrådet finansierer òg ei rekkje doktorgradar gjennom dei ulike satsingane sine.

Dei beste forskingsmiljøa er prega av utstrakt kommunikasjon og samarbeid. Regjeringa ønskjer auka mobilitet nasjonalt og internasjonalt, og eit stadig tettare samspel mellom UH-institusjonar, institutt, helseføretak, næringsliv og samfunnsliv. Rekrutteringstiltak er sentralt for å styrkje kunnskapsoverføringa frå forskinga til samfunnet og for at nærings- og samfunnsliv skal kunne auke forskingsinnsatsen og for å kunne nyttiggjere seg forskingsbasert kunnskap. Regjeringa har lansert nærings-ph.d.-ordninga som eit tiltak for å styrkje dette. Ordninga støttar opp under næringsrelevant langsiktig forskning med same krav til kvalitet som gjeld for all anna doktorgradsutdanning, men stipendiaten arbeider med problemstillingar som er viktige for framtidig utvikling og nyskaping i føretaket han er tilsett i.

Eit velfungerande forskingsråd

Den sentrale rolla Forskingsrådet spelar i forskningssystemet, tilseier at organiseringa og innretninga av rådet er viktig for kvaliteten, profilen og utviklinga av norsk forskning. Rådet må ha verkemiddel som gir resultat som kan dokumenterast, gi kunnskapsbaserte råd og analysar og løyse oppgåvene sine effektivt.

Regjeringa meiner at rådet i all hovudsak fungerer godt, men vil sørje for at det blir sett i verk ei evaluering av Forskingsrådet i løpet av stortingsperioden 2009–13. Evalueringa skal gi ei samla vurdering av Forskingsrådet ut frå dei overordna måla som er sette for verksemda til rådet, og vurdere desse i lys av nye utviklingstrekk. Dette tilseier ei brei evaluering. Regjeringa vil utarbeide mandatet for evalueringa, og lyse ut oppdraget internasjonalt. Det er òg sett i gang evalueringar av Innovasjon Norge og SIVA (selskapet for industrivekst SF). Begge evalueringane skal vere ferdige i 2010.

Regionale forskingsfond

Stortinget har løyvt 6 mrd. kroner til oppretting av regionale forskingsfond. Det vil gi ei avkastning på 212,4 mill. kroner i 2010. Kunnskapsdepartemen-

tet har forvaltnings- og budsjettansvaret for dei regionale forskingsfonda.

Dei regionale fonda skal supplere dei nasjonale FoU-verkemidla og styrkje forskingsinnsatsen i regionane og samspelet mellom næringsliv, høgre utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt og offentlege aktørar. Fonda kan finansiere næringsretta forskning, langsiktig grunnleggjande forskning og forskning for offentlig sektor.

Dei forskningsetiske komiteane

Det forskningsetiske komitésystemet er viktig for å sikre ein høg etisk standard i forskinga. Som Stortinget er informert om tidlegare, vurderer Kunnskapsdepartementet å endre det organisatoriske tilhøvet for dei forskningsetiske komiteane og Granskingsutvalet. Eit styrkt komitésystem vil bidra til høg kvalitet i arbeidet. Eit forslag om endra organisasjonstilknytning er ute til høring og Kunnskapsdepartementet vil følgje opp saka etter høringa.

Eit forskningssystem med dokumenterbare resultat

Det finst allereie eit stort faktagrunnlag om norsk forskning og det norske forskningssystemet. Regjeringa vil utvikle dette vidare gjennom å etablere eit opplegg for ei meir systematisk oppfølging av ressursar og resultat i norsk forskning. Eit breitt sett av evalueringar, indikatorar og metodar må leggjast til grunn for vurderingane. Målet er å få fram eit kunnskapsbasert grunnlag for ein konstruktiv diskusjon om den vidare utviklinga av norsk forskning og forskingspolitikken.

Mål: Høg kvalitet i forskinga

Det er eit mål at norsk forskning skal ha høg og aukande kvalitet. Moderne vitenskapleg utstyr og evna til å mobilisere menneskelege ressursar til forskning står sentralt. Det er etablert særskilde satsingar for å auke kvaliteten i norsk forskning, også retta mot dei strategiske områda i forskingspolitikken. Viktige delmål for auka kvalitet i åra framover er:

- Norsk forskning skal score høgt i internasjonale samanlikningar av bibliometriske indikatorar for publisering og sitering.
- Norske forskarar skal publisere i leiande tidskrift.
- Norsk forskning skal ha auka utteljing i utlysningane til det europeiske grunnforskringsrådet.
- Norsk forskning skal vise framgang i internasjonale fagevalueringar.


Det norske forskningssystemet måler og premierer kvalitet på ulike sett som gjennom nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og gjennom systematisk oppbygging av kompetanse. Kvalitet i forskning blir vurdert gjennom fagfellellevurderingar og ved større evalueringar av forskingsmiljø eller fagområde. Det er òg innført konkurransebaserte finansieringssystem for universitet og høgskolar, helseføretak og for forskingsinstitutta.

Tilstandsvurdering

Å måle kvalitet i forskning og forskningssystemet er krevjande, men det er teikn på at norsk forskning er i framgang.

Publiseringsdata er mykje nytta som indikator for resultat av forskning på makronivå. Grunnlaget for bruk av slike indikatorar er at ny kunnskap blir formidla til det vitskapelege samfunnet gjennom publikasjonar. For at ein artikkel skal kunne publiseras i eit internasjonalt vitskapeleg tidsskrift, må han vurderast og godkjennast av fagfellar på området.

Ser ein på vitskapeleg publisering per innbyggjar, var Noreg på sjetteplass i verda i 2007, jf. figur 4.5. Noreg er også blant dei nasjonane som har hatt størst auke i publiseringar dei siste åra.



Figur 4.5 Talet på artiklar per 1 000 innbyggjarar 2006–08 og relativ siteringsindeks for utvalde land¹

¹ Relativ siteringsindeks for artiklane publiserte i 2006 og 2007 og akkumulerte siteringar til desse publikasjonane t.o.m. 2008. Indeksen for kvart land er vekta etter den relative fagfeltfordelinga av artiklar i landet.

Kjelde: National Science Indicators/Thomson Scientific/NIFU STEP

Medan talet på publikasjonar er eit uttrykk for omfanget av den vitskapelege produksjonen, seier siteringar noko om kva for ein innverknad forskninga har hatt. Ut frå dette blir siteringar ofte

nytta som indikator på vitskapeleg innverknad, og dermed som eit partielt mål for kvalitet. Relativ siteringsindeks er ein mykje brukt indikator for internasjonale samanlikningar av siteringar. Han

seier om publikasjonane til eit land er meir eller mindre siterte enn verdsgjennomsnittet. Noreg har gått frå ein posisjon under verdsgjennomsnittet i starten av 1980-åra til over verdsgjennomsnittet i 2007. Figur 4.5 syner at Noreg rangerte som nummer tolv av dei 18 europeiske landa som her er med i samanlikninga, med ein siteringsindeks på 122. Dette vil seie at dei norske artiklane vart siterte 22 pst. over verdsgjennomsnittet i perioden 2006–07.

I likskap med publiseringar er det store variasjonar mellom fagområda når det gjeld siteringar. Indeksen ovanfor tek likevel omsyn til dette ved å vekte siteringar i faga ulikt. Dermed tillèt denne indeksen direkte internasjonal samanlikning. Siteringsdata har derimot avgrensa relevans som indikator for kvaliteten på dagens forskning ettersom ein artikkel kan bli sitert fleire år etter at han er publisert.

Kvalitet i spiss og breidde

Forskningsfinansieringa gjennom Noregs forskingsråd sikrar kvalitet ved at forskarar frå heile landet må konkurrere om midlar. Søknadene blir vurderte av fagpanel med internasjonal deltaking, og berre dei søknadene som får best vurdering, får finansiering. Forskningsrådet har ein portefølje av verkemiddel som er retta mot alle typar forskingsmiljø, frå universitet og høgskolar til forskingsinstitutt og næringsliv. Målet om høg kvalitet i forskinga på alle fagområde ligg også til grunn for det nye finansieringssystemet for forskingsinstituttsektoren, som vart innført frå 2009.

Dei viktigaste spiss-satsingane i norsk forskning dei seinare åra er organiserte gjennom Noregs forskingsråd ved ordningane med senter for framifrå forskning (SFF), yngre framifrå forskarar (YFF) og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI).

Kvalitet på strategiske område

I tillegg til satsinga på kvalitet som er uavhengig av fagområde, satsar regjeringa også særskilt på å byggje solide kunnskapsmiljø på utvalde område, jf. dei fem strategiske måla i forskingspolitikken.

Ordninga med forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) er ei kraftfull satsing for å heve kvaliteten på norsk forskning og for å framskaffe kunnskap og løysingar på bestemte temaområde. I sentra går utvalde forskingsmiljø og næringslivet saman om ei satsing på teknologi innanfor bestemte tema. Dei åtte sentra som er etablerte, ligg innanfor temaområda karbonfangst og -lag-

ring, offshorevindkraft, bioenergi, solceller, energieffektive og miljøvennlege bygningar og designløyningar for fornybar energi.

Det er vidare etablert eit verkemiddel kalla *Store program* i Noregs forskingsråd for å sørge for solid og langsiktig finansiering av prioriterte område i forskingspolitikken. Dei sju programma dekkjer forskning innanfor bioteknologi, IKT, nanoteknologi, havbruk, klima, rein energi og petroleum. Verkemiddelet Store program har vorte evaluert. Evalueringspanelet peikar på mangel på effektiv samordning av aktiviteten innanfor dei nasjonalt prioriterte tema- og teknologiområda som ein vesentleg faktor for at verkemiddelet ikkje har vorte så slagkraftig som Forskningsrådet la til grunn ved oppstart av programma. Panelet peikar òg på at humaniora og samfunnsfag er lite integrerte i programma. Regjeringa vil i dialog med Forskningsrådet vurdere om verkemiddelet Store program har fått ei god form. For meir omtale av programma, sjå kap. 285.

Likestilling

Ingenting er viktigare for kvaliteten på norsk forskning og høgre utdanning enn å rekruttere dei dyktigaste menneska til forskning i universitets- og høgskolesektoren, i helseføretaka, i forskingsinstitutta og i næringslivet. Da må det rekrutterast studentar og forskarar frå begge kjønn til alle fag. Den kompetansen og dei talenta som finst i befolkninga, skal utnyttast best mogleg.

Kvinner utgjer eit fleirtal blant studentane og stipendiatane, men blir færre dess høgre ein kjem på karrierestigen. Blant professorane er det berre 18 pst. kvinner. Det er store skilnader mellom fagområda. I naturvitskap er berre ti pst. av professorane kvinner. I teknologi er talet seks pst. Departementet vil setje i verk ei insentivordning for å auke talet på kvinner i fag der dei er særleg underrepresenterte, jf. omtale under kategori 07.60.

Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning (Kif-komiteen) skal arbeide for å auke kvinnedelen på fagområde med få kvinner, og verke med til at fleire kvinner skal kvalifisere seg til faste akademiske stillingar, særleg toppstillingar. Mandatet til komiteen omfattar både universitets- og høgskolesektoren og instituttsektoren. Komiteen vart oppnemnd for andre gongen i 2007, med ein ny samansetnad. Det vart sett av 3 mill. kroner til komiteen i 2008, halvparten blir tildelt gjennom Forskningsrådet. Komiteen er oppnemnd ut mars 2010. Departementet tek sikte på å føre ordninga med ein slik komité vidare.

Forskningsinfrastruktur

Tilgang på oppdatert vitenskapleg utstyr og annan forskningsinfrastruktur er avgjerande for kvalitet, rekruttering og internasjonalisering. Deler av utstyrsbehovet kan dekkjast nasjonalt, medan særleg avansert og kostbar infrastruktur ofte gjer samarbeid mellom fleire land hensiktsmessig.

Nivået på norsk forskningsinfrastruktur står heilt sentralt for Noregs evne til å trekkje til seg dei beste stipendiatane og dei beste nasjonale og internasjonale forskarane. Også konkurransekrafta i næringslivet avheng av kompetanse og teknologi utvikla i samarbeid med akademiske miljø med tilgang til moderne vitenskapleg utstyr.

I statsbudsjettet for 2009 vart avkastninga av fire mrd. kroner frå Fondet for forskning og nyskaping øyremerkd til infrastruktur frå 2010. Det gir ei stabil, årleg løyving til forskningsinfrastruktur på om lag 140 mill. kroner frå 2010. Stortinget slutta seg til ein slik finansieringsmekanisme i behandlinga av St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009). Finansieringsmekanismen gjer det mogleg å planleggje investeringane framover, både i forskningsinstitusjonane og i Noregs forskingsråd. Fondsavkastning som blir øyremerkd forskningsinfrastruktur, skal nyttast både nasjonalt og internasjonalt.

Stortinget har òg slutta seg til forslaget frå regjeringa til arbeids- og ansvarsdeling mellom institusjonane for basisutstyr, infrastruktur av nasjonal karakter og internasjonal forskningsinfrastruktur. Målet er å få samordna investeringar og drift slik at ressursane blir nytta best mogleg. Forskningsinstitusjonane har ansvaret for å kjøpe inn lokalt basisutstyr.

Ein del av midlane for 2010 er allereie utlyst og tildelt av Noregs forskingsråd. Tildelinga har mellom anna gått til Norwegian Data Storage Infrastructure hos UNINETT Sigma AS, Biobank Norway hos Nasjonalt folkehelseinstitutt og National Surface and Interface Characterization Laboratory hos SINTEF.

European Strategy Forum on Research Infrastructures (ESFRI) er eit viktig rådgivande organ for EU-kommisjonen. Da ESFRIs vegkart for paneuropeisk forskningsinfrastruktur vart oppdatert i desember 2008, kom to norskinitierte prosjekt med på det reviderte vegkartet: Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS), eit arktisk observasjonssystem på Svalbard, og European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure (ECCSEL), ei oppgradering og utvikling av unike laboratorium, samt målretta nettverksbygging for å betre den europeiske

konkurransevna innanfor fangst og lagring av karbondioksid. I tillegg har Noreg interesser i elleve andre prosjekt på ESFRI-vegkartet. Som vertsland tek Noreg på seg å finansiere ein tredel av dei samla kostnadene. Det inneber at dei aktuelle forskingsmiljøa kan søkje om midlar gjennom Noregs forskingsråd.

Regjeringa har vedteke at Noreg skal delta i European Spallation Source (ESS), verdas største nøytronstrålingskjelde. ESS skal byggjast i Lund, og dei første nøytrona er forventede produserte i 2018. Ein medlemskap i ESS får økonomiske konsekvensar for Noreg først i 2012, og vil bli omtalt i forbindelse med budsjettet for dette året.

For norske forskarar er òg medlemskap i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar avgjerande for tilgang til oppdatert, avansert forskingsutstyr. Deltaking av norske fagmiljø ved til dømes European Organization for Nuclear Research (CERN) og European Synchrotron Radiation Facility (ESRF) er samstundes viktige bidrag til internasjonalisering av norsk forskning.

Mål: Internasjonalisering av forskinga

Internasjonalt forskingssamarbeid sikrar kvalitet i norsk forskning og gir norske forskingsmiljø, også i næringslivet, tilgang til den internasjonale kunnskapsfronten. Noreg er i høg grad avhengig av å hente kunnskap frå utlandet for å utvikle velferds-samfunnet og auke verdiskapinga. Norsk forskning og kompetanse gir også viktige bidrag til den internasjonale kunnskapsutviklinga. Arbeidet for internasjonalisering av norsk forskning skal bidra til

- å styrkje kvaliteten, relevansen og verdien av norsk forskning for kunnskapsbasert nærings- og samfunnsutvikling
- å gjere norske forskarar i stand til å dra nytte av kunnskap og teknologi utvikla i utlandet
- å gjere norske forskarar til attraktive samarbeidspartnarar for framifrå internasjonale fagmiljø
- å tiltrekkje gode forskarar, samt oppdragsfinansiering frå utlandet
- å dele risiko og kostnader knytte til store investeringar, til dømes i forskningsinfrastruktur
- global kunnskapsutvikling og kapasitetsbygging i land under utvikling

Internasjonalt forskingssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. I tillegg kjem eit aukande formalisert samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellesatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar på statleg nivå og mellom institusjonar. Noreg

tek del i fleire internasjonale fellessatsingar, som EUs rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar, utvikling av det europeiske forskingsområdet (ERA), internasjonale grunnforskningsorganisasjonar og organisasjonar innanfor teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar, som EUREKA.

Tilstandsvurdering

Internasjonaliseringa av norsk forskning syner positiv utvikling. Til dømes:

- Delen av dei samla ressursane til norsk forskning som kjem frå utanlandske kjelder, er om lag på gjennomsnittet i EU.
- Av det vitskapelege og faglege personalet med doktorgrad ved norske universitet, høgskolar og forskingsinstitutt, har 20 pst. graden sin frå eit utanlandsk universitet.
- Kvar fjerde disputas ved norske institusjonar blir gjennomført av ein utanlandsk statsborgar.
- Etter to år i EUs sjuande rammeprogram for forskning er det norsk deltaking i 13 pst. av prosjekta som er innstilte til finansiering.

Profilen på Noregs internasjonale samarbeid har vorte breiare, men har tyngde på viktige land innanfor forskning og teknologi. I det sjuande rammeprogrammet for forskning samarbeider norske deltakarar med forskarar frå 89 av dei 180 landa som deltek i programmet. Det er mest samarbeid med dei største landa – Tyskland, Storbritannia og Frankrike. Publiseringsstatistikk syner at USA framleis er det viktigaste enkeltlandet når det gjeld internasjonalt samarbeid om forskingsartiklar, følgd av Sverige, Storbritannia, Tyskland og Danmark. Utanfor Europa og Norden har det særleg vore ein auke i samarbeid om artiklar med Russland, Japan, Australia og Kina. Ein ny trend er at multilateralt samarbeid om artiklar aukar.

Det er viktig å føre vidare innsatsen for internasjonalisering av norsk forskning. Ressursar til internasjonalt forskningssamarbeid har auka, men på same tid har ressursane målte som del av BNP gått ned. Dei offentlege løyvingane aukar særleg knytte til deltakinga i EUs rammeprogram for forskning. Kunnskapsdepartementet ferdigstilte våren 2008 ein strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og utvikling. Det er eit mål at finansiering frå det sjuande rammeprogrammet til norske forskarar, forskingsinstitusjonar og verksemder skal auke. Noregs forskingsråd har ei viktig oppgåve i å bidra til god utnytting av Noregs deltaking i programmet, jf. kap 285.

Noregs deltaking i det sjette rammeprogrammet (2002–06) og første del av det sjuande rammeprogrammet (2007–08) er under evaluering. NIFU STEP legg fram ein evalueringsrapport i oktober 2009. Evalueringa skal vurdere resultat frå deltakinga, rammeprogrammet som forskingspolitisk verkemiddel og det nasjonale arbeidet med deltakinga i programma. Evalueringa vil gi innspel til den vidare utviklinga av politikk og tiltak for god norsk deltaking i rammeprogrammet.

Utviklinga av det europeiske forskingsområdet, ERA vil styrkje det europeiske forskingssamarbeidet. Noreg tek del i dette arbeidet, som er eit initiativ for å styrkje samordning og samhandling mellom forskarar, forskingsaktivitet og politikk i Europa. Dette inneber mellom anna nye, store samarbeidsinitiativ utanfor rammeprogrammet knytte til dei store globale utfordringane innanfor klima, energi, helse og miljø. I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* skisserer regjeringa kva for spesifikke ERA-initiativ det er særleg aktuelt at Noreg tek del i.

Mål: Effektiv utnytting av resultat og ressursar

Ressursane som blir tilførde norsk forskning, skal utnyttast så effektivt som mogleg. Det er viktig at forskinga blir formidla og kjem til nytte. For at forskinga skal bli brukt, må resultatata og metodane som har skaffa fram resultatata, bli gjorde kjende og tilgjengelege. Gjennom publisering, kommersialisering og annan samfunnskontakt skal forskingsresultata føre til verdiskaping, løyse konkrete samfunnsutfordringar, utvikle nye produkt og utvikle vidare forskinga og den forskingsbaserte undervisninga. Offentleggjerung og publisering gjer forskinga synleg og mogleg å etterprøve, og er ein føresetnad for den tilliten samfunnet har til forskarar og forskning. Open tilgang til forskingsdata og forskingsresultat er nødvendig for å auke tilgangen til noverande kunnskap og sikre samfunnet ein uavhengig kunnskapsbase. Open tilgang til forskingsdata og resultat er også viktig ut frå effektivitetsvurderingar.

Regjeringa ventar at delen offentleg finansierte vitskapelege artiklar som er ope tilgjengeleg, aukar monaleg. Forskningsrådet har vedteke prinsipp om at fagfellevurderte vitskapelege artiklar som bygger på forskning heilt eller delvis finansierte av Forskningsrådet skal arkiverast i eigne arkiv ved institusjonane. Rådet understrekar at kravet om slik arkivering ikkje skal komme i konflikt med dei akademiske og juridiske rettane til forfattaren. For omtale av kommersialisering, sjå kategori 07.60.

Strategiar og tiltak

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 5 mrd. kroner frå 1. januar 2010. Samla kapital blir da 77 mrd. kroner. Avkastninga av to tredelar av kapitalauken er øyremerkte forskingsinfrastruktur. Der- som renta held seg på det same nivået som i dag, vil det gi om lag 140 mill. kroner i auka løyvingar til forskingsinfrastruktur frå 2011.

Den øyremerkte løyvinga til forskingsinfrastruktur kjem i tillegg til dei auka løyvingane som vart vedtekne i samband med statsbudsjettet for 2009. Da vart avkastninga av 4 mrd. kroner av kapitalauken i Forskingsfondet øyremerkte infrastruktur. Avkastninga av denne kapitalen, 141,6 mill. kroner, blir tildelt Forskingsrådet i 2010, jf. omtale under kap. 286 post 50. Midlane skal både nyttast nasjonalt og til norsk deltaking i viktige internasjonale forskingsinfrastrukturar.

I statsbudsjettet for 2009 vart det oppretta regionale forskingsfond med ein fondskapital på 6 mrd. kroner. Avkastninga vil i 2010 vere på 212,4 mill. kroner. Dei regionale forskingsfonda skal styrkje forskningsevna gjennom regional forskning og innovasjon og vil støtte FoU-prosjekt initierte av både offentlege og private verksemder og forskingsmiljø. Formålet med fonda er vidare å bidra til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø og såleis medverke til auka kvalitet i forskinga. Sjå omtale under kap. 286 post 60.

Som ei oppfølging av Klimaforliket frå 2008 foreslår regjeringa å auke løyvingane til forskning og utvikling innanfor fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring med 300 mill. kroner. Sjå omtale i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet. Av desse midlane blir 65 mill. kroner løyvde over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Desse midlane vil gå til rekruttering, grunnforskning, infrastruktur, internasjonalt forskningssamarbeid og styrking av samfunnsfagleg forskning på feltet, samt til forskning knytt til globale utfordringar. Samfunnsfagleg forskning og innsatsen innanfor internasjonalt samarbeid knytt til fornybar energi og karbonfangst og -lagring vil også bli finansiert over budsjetta til andre departement.

Vidare foreslår regjeringa å løyve 50 mill. kroner til anna klimaforskning. Dette vil gi eit styrkt kunnskapsgrunnlag for klimapolitikken, og for tilpassing, tiltak, verkemiddel og næringsutvikling innanfor ulike sektorar. Satsinga blir finansiert over budsjettet til fleire departement. 31 mill. kroner er foreslått løyvde over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Midlane skal gå til å etablere eit klimaforskingscenter i Bergen, til

grunnforskning og rekruttering i programmet NOR-KLIMA, til delar av Noregs kontingent til nordisk toppforskningsprogram om energi, miljø og klima, samt til å finansiere det strategiske samarbeidsforumet for klimaforskning, Klima21. Sjå også omtale i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Som varsla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, set regjeringa ned eit ekspertutval som skal gå gjennom mål- og resultatstyring i forskingssektoren og foreslå endringar som bidreg til høgast mogleg samfunnsøkonomisk avkastning av forskingsinnsatsen. Utvalet skal mellom anna foreslå resultatindikatorar for forskingssektoren. Vidare skal utvalet ta utgangspunkt i at forskinga skal ha høg kvalitet, og at staten også har eit viktig ansvar for grunnforskning.

For å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken foreslår Kunnskapsdepartementet å etablere eit nytt forskingsprogram for forskning om forskning og innovasjon, FORFI. Det vart løyvde 2 mill. kroner til satsinga i 2009. Departementet foreslår å auke løyvinga til 7 mill. kroner i 2010, jf. kap. 287 post 21.

Ei arbeidsgruppe oppnemnd av Kunnskapsdepartementet har vurdert moglegheitene for å etablere ein felles database for vitenskapleg publisering for universitet, høyskolar, helseføretak og forskingsinstitutt. Arbeidsgruppa foreslår oppretting av Norsk vitkapsindeks (NVI) og tilrår at NVI inngår i eit større nasjonalt system for informasjon om norsk forskning. Innstillinga frå arbeidsgruppa har vore ute til høring i alle tre sektorane, og det er stor tilslutning til oppretting av NVI. I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* legg regjeringa til grunn at all offentleg finansiert forskning skal vere offentleg tilgjengeleg, så sant ikkje andre omsyn hindrar det. Etablering av Norsk vitkapsindeks (NVI) vart trekt fram som eit tiltak som skal medverke til auka tilgang til offentleg finansierte forskingsresultat. Departementet vil i samråd med Helse- og omsorgsdepartementet etablere NVI med sikte på drift frå 2011.

Regjeringa vil styrkje det bilaterale forskings-samarbeidet med Kina. I samband med dette skal det opprettast ei ny stilling som vitkapsråd ved den norske ambassaden i Beijing.

Å sikre god samhandling og synergi, og ei god arbeidsdeling mellom nasjonal forskingsinnsats og -prioriteringar og deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid er ei sentral utfordring i arbeidet med å leggje til rette for internasjonalisering av norsk forskning. Dette gjeld ikkje minst det europeiske samarbeidet om forskning og utvikling. Regjeringa legg derfor vekt på å styrkje det heilskaplege strategiarbeidet knytt til Noregs interna-

sjonale forskningssamarbeid. Kunnskapsdepartementet vil byggje vidare på strategien for Noregs samarbeid med EU om forskning og utvikling og bidra til ei strategisk tilnærming til nye ERA-initiativ.

Bilaterale avtalar om forskning og teknologi er viktige for å styrkje forskningssamarbeidet og forskingspolitisk dialog og samarbeid på område av felles interesse. Regjeringa vil utvikle ein strategi også for det bilaterale forskings- og teknologisamarbeidet. Som for det multilaterale samarbeidet innanfor ramma av EU er det ei grunnleggjande utfordring å skape betre synergi mellom det bilaterale forskningssamarbeidet og nasjonale FoU-prioriteringar.

Det internasjonale forskningssamarbeidet til norske forskarar, institusjonar og verksemdar er i sterk utvikling, og det blir teke nye initiativ for å

styrkje internasjonaliseringa av norsk forskning. Det gir eit behov for meir kunnskap om utviklinga i det internasjonale samarbeidet. Kunnskapsdepartementet vil styrkje arbeidet med kunnskapsgrunnlaget på dette området mellom anna gjennom det nye forskingsprogrammet FORFI.

Rapport for 2008–09

Teksten over er strukturert etter måla i den nye stortingsmeldinga om forskning St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*. Desse måla er på mange område overlappande med måla som vart sette for forskingsløyvingane i budsjettproposisjonen for 2008. Rapporteringa på måla for 2008 finn ein både i kategoriinnleiinga over og under rapporteringa på måla for kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50.

Kap. 283 Meteorologiformål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
50	Meteorologisk institutt	221 677	231 431	244 337
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	35 593	51 215	57 595
	Sum kap. 283	257 270	282 646	301 932

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Oppgåvene til Meteorologisk institutt er mellom anna å varsle vêret, studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid og formidle resultata av arbeidet. Varsling av ekstreme vêrtilhøve og dermed sikring av liv og verdiar har aller høgste prioritet. Meteorologisk institutt har òg andre viktige beredskapsoppgåver. Beredskapstenestene omfattar mellom anna varsling ved atomulykker som gir utslepp til luft eller hav.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingsentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile landet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Den aukande aktiviteten i nordområda krev gode vêrmeldingar. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Rapport for 2008–09

Måla for 2008–09 vart i hovudsak nådde, og departementet er tilfreds med måloppnåinga til instituttet. Instituttet kan dokumentere betre bølgevarsling og ein positiv trend i retning av høgare kvalitet for modellberekna vind- og temperaturvarsel. Instituttet vil arbeide vidare med å gjere varsla, og spesielt nedbørprognosane, betre.

Det er gjort ein stor innsats med å utvikle formålstenleg IT-verktøy. Desse har gjort det enklare for meteorologane å kvalitetssikre berekningane til modellane før dei blir presenterte for brukarar. I løpet av 2008 vart det også utvikla eit system for å måle regularitet på sentrale delar av den prioriterte produksjonen.

Forskinga ved instituttet hadde i 2008 eit nordområdefokus som følgje av det Internasjonale polaråret (IPY). Instituttet har hatt hovudansvaret for klimautgreiingane i NorACIA (Norsk oppfølging av Arktisk råd-prosjektet *Arctic Climate Impact Assessment*). Det er utarbeidd oversyn over klimautviklinga i norsk Arktis i løpet av dei siste 100 åra, og over projisert utvikling fram til år 2100. Det er òg utvikla ein regional klimamodell med

fokus på Svalbardområdet. Arbeidet med langtransporterte luftforureiningar i Europa vart utvida i 2008 ved at Meteorologisk institutt varslar luftforureiningsnivå på europeisk skala for dei neste døgn.

Medarbeidarane ved instituttet hadde leiarverv i viktige nasjonale og internasjonale aktivitetar. Talet på vitenskaplege publiseringar auka i 2008.

Ved utgangen av 2008 vart det dagleg samla inn observasjonar frå 220 vêrstasjonar og 381 enkle manuelle nedbørstasjonar. Vêrradaren på Sluskefjellet på Sørøya i Vest-Finnmark vart sett i drift hausten 2008, som instituttets sjuande vêrradar. Ny radar for austlandet på Hurum skal etter planen setjast i drift i løpet av 2010. Radaren på Hurum skal erstatte radaren i Asker, som har vore i drift sidan 1992.

Informasjon om atmosfæren er nødvendig for å kunne gi numeriske prognosar for vêret fram i tid. Meteorologisk institutt har sidan 1948 målt atmosfæren sin tilstand i Norskehavet ved radiosonde-målingar frå vêrskipet Polarfront. Dei siste åra har data frå meteorologiske satellittar vorte stadig betre og kan erstatte målingar som tidlegare vart utførte ved andre metodar, mellom anna gjennom oppsending av radiosondar. På bakgrunn av dette har Meteorologisk institutt sagt opp avtalen om leige av vêrskipet Polarfront med verknad frå 1. januar 2010.

For tredje året på rad vart Meteorologisk institutt kåra til den statsetaten som har best omdøme i Noreg i målinga til MMI-Synovate.

Utviklinga av vêrportalen yr.no var målretta og effektiv, og mange nye tenester vart lanserte. Talet på brukarar auka i løpet av året. Brukartoppen er førebels rundt 2,3 millionar unike brukarar i løpet av ei veke. Medarbeidarar ved instituttet møtte publikum gjennom fleire hundre foredrag, forelesingar eller andre formidlingsaktivitetar i 2008.

På bakgrunn av mellom anna ei vurdering av formålet med Meteorologisk institutt og den framtidige marknaden for kommersielle meteorologiske tenester, vart det vedteke å leggje ned marknadsavdelinga ved Meteorologisk institutt frå 31. desember 2008. Frå 2009 er den kommersielle aktiviteten ved instituttet avgrensa til fagleg interessante oppdrag som utviklar kompetansen til instituttet vidare og dermed styrkjer kjerneverksmda.

Finansdepartementet har i samråd med dei fagdepartementa det gjeld etablert nye prosedyrar for innrapportering av dei nettobudsjetterte verksemdene si kontantbeholdning per 31. desember med verknad for statsrekneskapen for 2009. Det er i samband med budsjettproposisjonen for 2010 utarbeidd ein standardtabell med nøkkeltal for Meteorologisk institutt som gir ei oversikt over

verksemda si kontantbeholdning per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdninga skal nyttast til. Formålet med tabellen er å vise dei totale overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane, sjå tabell 5.1 i vedlegg 5.

Mål for 2010

- Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsla for vêr, hav og miljø
- Meteorologisk institutt skal utvikle vidare sitt observasjonssystem for vêrvarslings- og klimainformål
- Meteorologisk institutt skal utføre forskning av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta
- Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om dagens klima i Noreg og om klimautviklinga i fortid og framtid
- Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, tilgjengeleg og relevant i all kommunikasjon

Budsjettforslag for 2010

Tungrekneressursar er ein viktig del av den operasjonelle vêrvarslinga ved Meteorologisk institutt. Forskningsrådet har sidan 1986 hatt ansvaret for nasjonale tungrekneressursar, og har motteke ei årleg løyving på 22 mill. kroner til formålet. Meteorologisk institutt har nytta ein del av den samla tungreknekapasiteten. Meteorologisk institutt sitt forbruk av tungrekneressursar har lege på 25 pst. av den samla løyvinga, det vil seie 5,5 mill. kroner, i perioden 2005–07. For å styrkje den strategiske styringa av Meteorologisk institutt sine tungrekneressursar til operasjonell vêrvarsling, blir det foreslått å splitte løyvinga til tungrekning mellom Meteorologisk institutt og Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 5,5 mill. kroner. Løyvinga på kap. 285 post 52 blir foreslått redusert tilsvarande. Ellers foreslår departementet å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2009.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Formålet med ordninga er å medverke til at Noreg kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjonar og prosjekt, og slik medverke til å dra nytte av utvikling og forbetring av meteorologiske tenester. Mellom anna skjer det mykje internasjonal utveksling av data, kunnskap og metodar. Midlane går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband

med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)
- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT)
- Det europeiske senteret for mellomlange værvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, ECMET, EuroGOOS og Hirlam)

Meteorologisk institutt er aktivt med i fleire internasjonale meteorologiorganisasjonar. I 2008 vart det arbeidd for at ei rekkje tiltak skulle gjennomførast for å auke kvaliteten på tenestene frå Meteorologisk institutt. Dette gjaldt mellom anna eit nytt

system i WMO for utveksling av data mellom medlemslanda. Systemet er i ferd med å bli utvikla vidare slik at og eksterne brukarar kan få tilgang til meteorologiske data. Polarbanesatelitten Metop A fungerte ikkje etter siktemålet etter oppskytinga i 2006. Sidan den gong er det arbeidd med forbetringar av satelitten. Den fungerer no betre og er nyttigare enn først venta. Frå 2010 vil samarbeidet i EUMETNET bli ført vidare i ei ny organisasjonsform. EUMETNET vil frå 2010 bli omdanna frå eit nettverk til ein «Economic Interest Grouping» (EIG) underlagd belgisk lov.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med om lag 6,4 mill. kroner i høve til 2009. Auken skyldast i hovudsak høgere kontingentar til EUMETSAT, noko som heng saman med faseforskyving av utgifter frå tidlegare år.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
52	Forskningsformål	1 082 631	1 184 345	1 220 985
55	Administrasjon	232 707	242 946	250 720
	Sum kap. 285	1 315 338	1 427 291	1 471 705

Noregs forskingsråd er det viktigaste verke-middelet regjeringa har for å sikre gjennomføring av forskingspolitikken. Gjennom å fordele midlar til forskingsprosjekt av høg kvalitet bidreg Forskningsrådet til at Noreg utviklar seg som kunnskapssamfunn.

Forskningsrådet har ansvaret for forskning innanfor alle fagområde og har eit breitt spekter av verkemiddel frå grunnforskning til innovasjon. Nokre verkemiddel er retta mot den einskilde forskaren eller verksemda, medan andre støttar senterdanningar og infrastruktur.

Ei av dei viktigaste oppgåvene for Forskningsrådet er å sikre kvalitet i fordelinga av forskingsmidlar. Dette skjer gjennom at midlane i hovudsak blir tildelte etter konkurranse etter ei vurdering av søknadene i internasjonale fagpanel. Berre dei prosjekta som får best vurdering, blir tildelte støtte. Forskningsrådet har vidare ei viktig rolle i å sjå ulike forskingsområde i samanheng, mellom anna ved å knyte saman anvend forskning og grunnforskning.

Forskningsrådet får løyvingar frå 16 ulike departement, og finansierer i 2009 forskning for over 6 mrd. kroner. Frå 2010 er det utvikla ein felles målstruktur som skal gjelde for tildelingane frå alle departementa til Forskningsrådet. Målstrukturen

byggjer opp under dei forskingspolitiske måla som vart presenterte i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*. Dei forskingspolitiske måla og den nye målstrukturen til Forskningsrådet er nærare omtalte i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet. Dette kapitlet viser òg den samla satsinga på forskning i statsbudsjettet.

Omtalen under gjeld Kunnskapsdepartementets løyvingar til Forskningsrådet. Løyvingar frå dei andre departementa er presenterte i del. III kap. 5. Kap. 5 gir òg ein omtale av den nye målstrukturen som blir innført frå 2010. På grunn av ny målstruktur vil rapportering om korleis Forskningsrådet har nytta løyvingane sine i 2008, relatere seg til ein annan målstruktur enn det som vil vere måla for 2010.

Forskningsløyvingane frå Kunnskapsdepartementet til Forskningsrådet går i all hovudsak over to kapittel: kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50. Kunnskapsdepartementet finansierer i tillegg utdanningsforskning, jf. omtale under kap. 226, og kap. 231 og særskilde satsingar retta mot universitets- og høgskolesektoren, jf. omtale under kap. 281.

Kap. 285 post 52 er Kunnskapsdepartementets løyving til grunnforskning innanfor alle fagområde. Posten dekkjer midlar til fri prosjektstøtte, for-

skingsprogram, vitenskapleg utstyr, internasjonaliseringstiltak og strategi- og informasjonsarbeid i Forskingsrådet. Forskingsløyvingane over denne posten er særleg retta inn mot å fremme kvalitet i breidda, dvs. forskning av god kvalitet uavhengig av fagområde.

Kap. 286 post 50 gjeld overføring frå Fondet for forskning og nyskaping til Noregs forskingsråd, og finansierer m.a. tverrgående hovudprioriteringar i forskingspolitikken. Nokre av programma til Forskingsrådet blir finansierte med midlar frå både kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50.

Målstrukturen for løyvingane frå Kunnskapsdepartementet til Noregs forskingsråd er i stor grad overlappende for kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50. Måla for 2008 var:

- å sørge for at dei beste forskingsmiljøa får gode vilkår uavhengig av fagområde (og bransjar)¹
- å følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga
- å bidra til god og balansert rekruttering til norsk forskning, med vekt på postdokornivå
- å sørge for god nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med investeringar i avansert vitenskapleg utstyr og infrastruktur
- å bidra til styrkt internasjonalisering av norsk forskning
- å drive systematiske fag- og disiplin-evalueringar og følgje opp desse (berre kap. 285 post 52)

¹ For kap. 286 post 50 er òg bransjar inkluderte i dette målet, altså «uavhengig av fagområde og bransjar»

Den følgjande rapporten gir ei vurdering av måloppnåinga for kvart av desse måla for kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50. Dei ulike verkemidla vil i mange tilfelle rette seg mot fleire av måla og same løyving vil derfor bidra til å oppfylle fleire mål.

Mål 1: Å sørge for at dei beste forskingsmiljøa får gode vilkår uavhengig av fagområde (og bransjar)

Tildeling av midlar utelukkande gjennom kvalitativ konkurranse utan å ta omsyn til relevans eller fagområde gjer at dei beste forskingsmiljøa og dei beste forskarane får drive fram forskinga si. På denne måten sikrar ein at forskinga blir prega av høg kvalitet og mangfald.

Forskingsrådet sørger for dette gjennom å tildele midlar til verkemiddel som fri prosjektstøtte, Senter for framifrå forskning (SFF), STORFORSK, Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), Yngre framifrå forskarar (YFF) og brukarstyrt innovasjonsarena (BIA). Ordninga med gåveforsterking er òg open for alle fagområde og bidreg òg til ein viss grad til dette målet.

Kunnskapsdepartementet løyver midlar til desse verkemidla over to postar: kap. 286 post 50 og kap. 285 post 52. Til saman vart det brukt 942,5 mill. kroner. Tabellen nedanfor viser korleis dei ulike verkemidla blir finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett. Fleire av verkemidla får òg midlar frå andre departement.

Tabell 4.17 Noregs forskingsråds tildeling til dei ulike verkemidla under mål 1 i 2008

Verkemiddel	(i 1000 kroner)	
	Kap. 285 post 52	Kap. 286 post 50
Senter for framifrå forskning		205 805
Senter for forskingsdriven innovasjon		120 000
STORFORSK		61 000
Yngre framifrå forskarar		11 000
Brukarstyrt innovasjonsarena		20 000
Gåveforsterkingsordninga		76 500
Fri prosjektstøtte	448 165	
Sum	448 165	494 305

Store delar av den forskarinitierte forskinga i Noreg blir finansierte gjennom dei direkte løyvingane til universiteta og høgskolane, sjå omtale i kategori 07.60.

Gjennom Forskingsrådets verkemiddel fri prosjektstøtte skal ein sikre at dei beste forskarane får

midlar uavhengig av tema og relevans. Dette blir sikra ved at vurderingane av kva for prosjekt som skal få støtte, skjer med bakgrunn i nasjonal konkurranse.

Tildelingane til fri prosjektstøtte er samla sett auka med 25,3 mill. kroner frå 2007 til 2008, og var

i 2008 på om lag 448 mill. kroner. Tildelinga har òg auka som del av dei samla løyvingane. Midlane til fri prosjektstøtte går særleg til fagområde innanfor biologi og biomedisin og innanfor matematikk og naturfag. Det vart totalt søkt om midlar til 945 prosjekt, ein auke på nær ti pst. sidan 2007. 14 pst. av prosjekta vart tildelte midlar, ein liten nedgang frå året før, da 15 pst. av prosjekta fekk tildelt midlar. Ser ein på søknadsbeløp, har delen auka frå ti til elleve pst. Den høge kvaliteten på søknadene og omfanget av søknader viser at verkemiddelet er ein viktig nasjonal konkurransearena som bidreg til kvalitet.

STORFORSK har som mål å styrkje den frie grunnforskninga ved å støtte større prosjekt med høg risiko og vitskapleg djervskap. Dette er prosjekt som det vanlegvis ikkje er rom for å dekkje innanfor den frie prosjektstøtta. STORFORSK-prosjekta har vore sær sars vellykka med mange publiseringar i anerkjende tidsskrift.

Ordninga Yngre framifrå forskarar (YFF) skal gi yngre talentfulle forskarar innanfor alle fagområde ekstra gode rammevilkår, slik at dei kan nå internasjonal toppklasse. Vitskapleg kvalitet på høgt internasjonalt nivå, og at prosjekta er nyskapande, er viktige kriterium for tildeling av midlar. Prosjekta kan vise til mange vitskaplege utgivingar i 2008, mellom anna 179 artiklar i vitskaplege tidsskrift med fagfelle vurdering.

Ordninga Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) har til formål å byggje opp eller styrkje norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forskning som fremmer innovasjon og konkurransekraft i næringslivet. Ordninga starta opp i 2007 med 14 senter, og desse var ved utgangen av 2008 godt i gang med forskingsaktivitetar, det interna-

sjonale samarbeidet og samarbeidet mellom partnarane i senteret. Det har teke noko tid å rekruttere høgt kvalifiserte doktorgradstipendiatar, særleg norske, og mange av sentra vart derfor noko forseinka i oppstarten. Situasjonen har vorte tydeleg betre i 2008.

Ordninga med Senter for framifrå forskning (SFF) er eit av dei mest sentrale tiltaka for å fremme kvalitet og fornying i dei norske forskingsmiljøa. Ordninga starta opp i 2002, og i 2008 har 21 senter vore i full drift. Senterordninga har medverka til å få fram forskning i internasjonal toppklasse, og sentra har trekt til seg framifrå yngre forskarar frå inn- og utland.

Ordninga med brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) er ein open konkurransearena der konkurransen om midlane blir bestemd ut frå ei vurdering av forskingsinnhald, innovasjonsgrad, samfunnsnytte og verdiskapingspotensial. Kunnskapsdepartementet finansierer berre ein liten del av dette verkemiddelet. Størstedelen blir finansiert over Nærings- og handelsdepartementets budsjett, sjå Prop. 1 S (2009–2010) for Nærings- og handelsdepartementet.

Gåveforsterkingsordninga skal stimulere til privat medfinansiering av langsiktig, grunnleggjande forskning, og fungerer slik at staten bidreg med 25 pst. gåveforsterking for private gåver til slik forskning ved eit universitet, ein høgskole med rett til å tildele doktorgrad, Noregs forskingsråd eller Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Stortinget vedtok i samband med revidert statsbudsjett 2008 å setje ned beløpsgrensa i ordninga frå 5 mill. kroner til 3 mill. kroner frå 1. juli 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008).

Tabellen under viser summen av gåver og gåveforsterking fordelt på mottakarar i 2008.

Tabell 4.18 Gåver og gåveforsterking per mottakar i 2008

Mottakar	(i 1000 kroner)	
	Gåvebeløp	Gåveforsterking
Universitetet i Bergen	20 183	5 046
Universitetet i Tromsø	7 267	1 817
Universitetet i Stavanger	41 200	10 300
Universitetet i Oslo	97 294	24 324
Bedriftsøkonomisk institutt	5 000	1 250
Det Norske Videnskaps-Akademi	30 240	7 560
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	17 947	4 487
Noregs handelshøgskole	5 000	1 250
Noregs forskingsråd	14 000	3 500
Sum	238 131	59 534

Gåveforsterkingsordninga hadde i 2008 ei ramme på 80 mill. kroner. I 2008 utbetalte Forskningsrådet 59,5 mill. kroner i gåveforsterking for private gaver på til saman 238 mill. kroner. Omfanget av private gaver vil variere frå år til år. Dersom budsjetttramma eitt år viser seg å vere for lita, blir det laga ei køordning, slik at ein gir gåveforsterking så snart det er midlar innanfor ramma. Tilsvarende som i budsjettet for 2009 vil Regjeringa også for 2010 foreslå at eventuelle ubrukte midlar i ordninga eitt år nyttast til investeringar i forskingsinfrastruktur året etter.

Mål 2: Å følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga

Den førre forskingsmeldinga, St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, slår fast at dei tematiske områda energi og miljø, hav, mat og helse, og dei teknologiske områda bioteknologi, informa-

sjons- og kommunikasjonsteknologi og nye materialar og nanoteknologi, er viktige prioriteringar i norsk forskning. Noregs forskingsråd skal følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane og sørge for løyvingar innanfor målretta verkemiddel. Dette er verkemiddel som har til hovudformål å styrkje forskinga innanfor eitt av dei tematiske eller teknologiske satsingsområda.

Dei tematiske og teknologiske prioriteringane har vore følgde opp i Forskningsrådets bruk av løyvingane frå kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50. Nærmare 44 pst. av løyvingane vart brukte til å følgje opp dei prioriterte områda i 2008, og innsatsen fordeler seg på fleire ulike målretta verkemiddel. Desse løyvingane spelar dermed ei sentral rolle innanfor dei prioriterte områda, særleg innanfor bioteknologi, nye materialar, nanoteknologi og helse. Tabellen nedanfor viser kor stor prosentdel desse postane utgjer av Forskningsrådets totale innsats innanfor desse områda.

Tabell 4.19 Noregs forskingsråds totale innsats på tematiske og teknologiske prioriterte område, prosentvis del for kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50

Område	Total innsats	Kap. 285 post 52	Kap. 286 post 50
Energi og miljø	1,27 mrd. kroner	3	25
Hav	550 mill. kroner	3	9
Mat	659 mill. kroner	2	9
Helse	885 mill. kroner	27	19
IKT	663 mill. kroner	15	7
Nye materialar og nanoteknologi	245 mill. kroner	26	25
Bioteknologi	620 mill. kroner	36	34

I 2008 utgjorde løyvinga på kap. 285 post 52 om lag 1,1 mrd. kroner. Av desse vart 456,9 mill. kroner, eller om lag 42,3 pst., nytta til oppfølging av dei fem tematiske og teknologiske prioriteringane i St.meld. nr. 20 (2004–2005). Dette syner ein klar nominell auke frå 2007, da innsatsen på desse områda utgjorde 413 mill. kroner til saman.

Når det gjeld løyvinga over kap. 285 post 52, har helse den største delen innanfor den totale satsinga på dei prioriterte tematiske områda, medan mat har den lågaste delen. Innanfor dei teknologiske områda er bioteknologi det klart største området, noko som i all hovudsak skriv seg frå den store delen fri prosjektstøtte. Løyvinga fordeler seg ujamnt på ulike verkemiddel innanfor prioriteringane, men for alle områda er grunnforskningsprogram, handlingsretta program og store program dei mest sentrale målretta verkemidla. Av den delen av løyvinga på kap. 285 post 52 som går

til prioriteringane utgjorde fri prosjektstøtte totalt 158,1 mill. kroner, eller om lag 34,6 pst., for dei tematiske områda og 145,8 mill. kroner, eller om lag 32 pst., for dei teknologiske områda. Fri prosjektstøtte bidreg dermed til auka innsats på dei prioriterte områda.

Saman med Nærings- og handelsdepartementet har Forskningsrådet gjennom NANOMAT teke del i OECDs Working Party on Nanotechnology. Gjennom arbeidsgruppa skal Noreg få eit betre grunnlag for satsinga på nanoteknologi framover, og betre kunne samanlikne oss med dei andre OECD-landa.

Eit sentralt verkemiddel innanfor den teknologiske prioriteringa IKT er Simula Research Laboratory. Simula driv grunnleggjande forskning på sentrale område innanfor IKT og fekk i 2008 ei løyving på 49 mill. kroner fordelt på 29 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet og 10 mill. kroner frå Nærings- og handelsdepartementet og 10 mill kro-

ner frå Samferdsledepartementet. Ei evaluering av Simula er starta opp og vil vere ferdig ved årsskiftet 2009/2010.

I 2008 utgjorde løyvinga på kap. 286 post 50 939,6 mill. kroner. 420,2 mill. kroner, eller 44,7 pst. av løyvinga, vart nytta til å følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga. Dei store programma er sær s sentrale i denne oppfølginga, og nær ein tredel av fondsmidlane går til dei store programma. Også andre aktivitetar som Det internasjonale polaråret og auka verdiskaping frå naturgass (GASSMAKS) mottok betydelege midlar over denne posten. Dei store programma mottok òg monaleg finansiering frå ei rekkje andre departement. Dette tyder på at fondsmidlane gir ei viktig forsterking av innsatsen, samstundes som dei gir moglegheit for meir sektorovergripande problemstillingar innanfor programma.

Når det gjeld dei tematiske prioriteringane, er løyvinga i særleg grad knytt til satsingar som styrker innsatsen innanfor energi og miljø. Det er særleg dei store programma RENERGI, NORKLIMA, NANOMAT, PETROMAKS og Det internasjonale polaråret som bidreg til dette. Jamvel fleire av forskingssentra for miljøvennleg energi og sentra for framifrå forskning bidreg til å styrkje forskinga på energi og miljø. Innanfor energiforsking utgjer forskning på fornybar eller miljøvennleg energi den klart største delen. Fornybar energi har i 2008 vore det største temaet i volum, og dette vart forsterka med tildelingane for 2009. Fornybar energi omfattar i hovudsak sol-, vind- og bioenergi prosjekt. Dei siste åra har det også vore ein sterk auke av prosjekt innanfor offshore vindkraft.

Innanfor hav er Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og programmet *Havet og kysten* viktige bidragsytarar, medan FUGE er heilt dominerande innanfor helse, ved sidan av SFI-ane. Innanfor temaområdet mat består innsatsen av FUGE, HAVBRUK og programmet *Norsk mat frå sjø og land*. Programmet *Sjukefråvær* bidreg til å styrkje velferdsområdet.

Innanfor dei prioriterte teknologiområda er fondsmidlane særleg knytte til bioteknologi, fordi FUGE i stor grad er finansiert med fondsmidlar. Innsatsen på feltet IKT er vesentleg mindre enn for bioteknologi og er først og fremst knytt til programmet VERDIKT, men også til brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) og SFI. Innsatsen innanfor nye materialar er i all hovudsak knytt til NANOMAT, men programmet GASSMAKS bidreg òg vesentleg.

Mål 3: Å bidra til god og balansert rekruttering til norsk forskning, med vekt på postdokornivå

Forskningsrådet bidreg til dette målet både gjennom særskilde verkemiddel for rekruttering og gjennom dei prosjekta Forskningsrådet finansierer. Forskningsrådets rekrutteringsinnsats blir både finansiert av Kunnskapsdepartement og andre departement. Dette avsnittet omtalar Kunnskapsdepartementets del av finansieringa og gjeld både kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50.

Over desse to postane finansierte Forskningsrådet om lag 1 123 stipendiatårsverk, der om lag 628 årsverk var doktorgradsstipend og 495 årsverk var postdoktorstipend. Samanliknar ein med 2007, har talet på postdoktorstipendiatar auka meir enn doktorgradsstipendiatar, noko som er i tråd med målet.

Forskningsrådet forvaltar særskilde rekrutteringstiltak som Yngre framifrå forskarar (YFF). Tildelingane til dette verkemiddelet var på om lag 41 mill. kroner i 2008, noko som finansierte i underkant av 50 stipendiatar.

I budsjettet for 2009 vart det løyvd midlar til finansiering av fem nye rekrutteringsstillingar og ti nye nærings-ph.d. frå 1. september. Vidare vart det løyvd 12,5 mill. kroner til oppretting av fleire nye nærings-ph.d. i samband med St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringer i statsbudsjettet 2009 med tiltak for arbeid*.

Ser ein på dei generelle verkemidla, er det særleg fri prosjektstøtte som finansierer rekrutteringsstillingar med om lag 194 doktorgradsårsverk og 200 postdoktorar. Også gjennom verkemiddel som SFI, SFF og Store program blir det finansiert rekrutteringsstillingar.

Mål 4: Å sørgje for god nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med investeringar i avansert vitskapleg utstyr og infrastruktur

God nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med investeringar i avansert vitskapleg utstyr og infrastruktur er viktig for å få koordinert investeringane slik at ressursane blir nytta best mogleg.

Det viktigaste grepet Forskningsrådet har gjort for å nå dette målet, er implementeringa av strategien *Verktøy for forskning*, som vart vedteken av Forskningsrådet i 2008. Strategien omfattar vitskapleg utstyr, storskala forskingsfasilitetar, elektronisk infrastruktur og vitskaplege databasar og samlingar. Strategien presenterer både nasjonal og internasjonal forskingsinfrastruktur, og gir råd om finansiering og prosess for prioriteringar og tildelingar. Strategien er meisla ut nettopp med tanke

på å få ei god nasjonal arbeidsdeling og gode prioriteringar i samband med investeringar i forskingsinfrastruktur. Forskingsrådet søker å betre utnyttinga av eksisterande utstyr, og optimalisere bruken av dei investeringane som blir gjorde. Departementet viser òg til St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, der regjeringa stadfestar hovudtrekka i strategien til Forskingsrådet. Rådet har med utgangspunkt i dette lyst ut midlar til nasjonal forskingsinfrastruktur med klare krav til arbeidsdeling og samarbeid om drift. Vidare er Rådet i ferd med å utarbeide eit nasjonalt vegkart for forskingsinfrastruktur. Vegkartet vil gi eit oversyn over kvalitetssikra utstyrsprosjekt som må prioriterast høgt i åra framover. Kartet skal vere til hjelp ved prioritering av kommande utstyrsatsingar, og vil bli ferdig våren 2010.

Kunnskapsdepartementet løyver midlar til forskingsinfrastruktur både over kap. 285 post 52 og over kap. 286 post 50. Til saman over desse to postane var løyvinga i 2008 på 22 mill. kroner. For å kunne setje i gang oppfølginga av utstyrsstrategien allereie i 2009, vart det løyvd 80 mill. kroner som ei eittårig løyving til forskingsinfrastruktur. I 2009 er det òg nytta ubrukne midlar frå gåveforsterkingsordninga til forskingsinfrastruktur.

I statsbudsjettet for 2009 vart avkastninga av 4 mrd. kroner i Fondet for forskning og nyskaping øyremerkd til investering i forskingsinfrastruktur, noko som gir ei årleg avkastning på drygt 140 mill. kroner frå 2010. Fondsmekanismen har gjort det mogleg å planleggje fram i tid slik at investeringane kan setjast raskt ut i livet. Forskingsrådet har lyst ut midlane, og ein del av midlane er allereie tildelt.

Forskingsrådet bidreg òg til norsk oppfølging av vegkartet for paneuropeisk forskingsinfrastruktur, som er utvikla av European Strategy Forum on Research Infrastructure (ESFRI). ESFRI er eit rådgivande organ i EU, og har fremma forslag om i alt 44 europeiske forskingsinfrastrukturar. To norske forslag er med på vegkartet: Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS) og European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure (ECCSEL).

Mål 5: Å bidra til styrkt internasjonalisering av norsk forskning

Satsinga på auka internasjonalisering av norsk forskning vart i 2008 førd vidare, både som ein integrert del av Forskingsrådets nasjonale program-satsing og ved særskilt retta tiltak for internasjonalisering. Tildelinga til internasjonalisering var 90 mill. kroner i 2008 og 96 mill. kroner i 2009.

Tiltak for å stimulere norske miljø til deltaking i EUs sjuande rammeprogram (2007–13) og anna europeisk FoU-samarbeid, som innovasjonsnettverket EUREKA og forskingsprosjekt under EØS-finansieringsordninga, har vorte prioriterte. 394 nye prosjekt vart støtta under ordninga i 2008. Det er etablert ei eiga ordning for tilleggsfinansiering av ut- og inngåande mobilitet for norske og utanlandske forskarar med opphald i Noreg som har fått tildelt Marie Curie-stipend i rammeprogrammet. Som nasjonal koordinator for den europeiske mobilitetsportalen Euraxess har Forskingsrådet i samarbeid med forskingsinstitusjonane ført vidare arbeidet for auka mobilitet og forskarrekruttering. Ti pst. av oppføringane på den europeiske portalen er norske.

Ordninga med nasjonal samfinansiering til institutt som oppnår tildeling frå rammeprogrammet, er trappa ned i det sjuande rammeprogrammet fordi støttesatsane er endra i dette programmet. I 2008 vart det nytta totalt 59,1 mill. kroner til samfinansieringsordninga, fordelte på 226 prosjekt. Det kom til få nye prosjekt i 2008. Ordninga er basert på løyvingar frå fleire departement.

Det sjuande rammeprogrammet inneheld samarbeidsformer retta mot eit strategisk programsamarbeid på europeisk nivå, som eit ledd i utviklinga av det europeiske forskingsområdet, ERA. Forskingsrådet har søkt å auke samspelet mellom nasjonale og europeiske satsingar, mellom anna gjennom deltaking i såkalla ERA-NET og initiativ baserte på artikkel 169 i EU-traktaten. Dette inneber koordinering av nasjonale forskingsaktivitetar ved at program med nasjonal finansiering blir knytte saman. Noregs forskingsråd har per desember 2008 delteke i utlysningar i 23 ERA-NET med totalt 204 mill. kroner, mellom anna innanfor genomforskning og energi.

Noregs forskingsråd sette i 2008 i verk tiltak for å styrkje norsk deltaking og utbytte av deltakinga i utlysningane til det nye europeiske forskingsrådet – European Research Council (ERC). Det vart etablert ei ordning for nasjonal finansiering av norske forskarar som når langt, men ikkje heilt opp i den breie europeiske konkurransen om ERC-stipend. I 2008 vart tre norske søknader innstilte for støtte, mot ingen i 2007. Åtte vart sette på venteliste.

Auka deltaking av næringslivet står sentralt i det sjuande rammeprogrammet. Dette kjem mellom anna til uttrykk i store initiativ retta mot industrien i og knytte til det sjuande rammeprogrammet innanfor område som IKT, miljø, helse og luft- og romfart. Forskingsrådet har arbeidd for å fremme norsk deltaking i europeiske teknologiplattformer og store felleseuropeiske teknologiiinitiativ – såkal-

la ”Joint Technology Initiatives”, som sameiner privat og offentlig finansiering.

Det bilaterale forskingssamarbeidet med prioriterte land er styrkt. Desse er USA, Canada, Kina, Japan, India, Russland, Sør-Afrika, Frankrike, Chile, Brasil og Argentina. Hovudkanalen for finansiering av bilateralt og anna internasjonalt samarbeid er dei regulære verkemidla i Forskingsrådet, men det finst òg særskilde stimuleringsmiddel, særleg Bilatordninga. Ordninga vart i 2008 knytt sterkare opp mot forskingsprioriteringar og Forskingsrådets andre aktivitetar. Ordninga er retta mot næringsliv, grunnforskning og utvalde, prioriterte tema.

Gjennom Leiv Eiriksson mobilitetsprogram for norsk-amerikansk forskingssamarbeid vart det i 2008 gitt støtte til 45 stipend med ei samla ramme på 6 mill. kroner. Samarbeidet med USA er òg styrkt gjennom utvekslingsordninga Nordic Research Opportunity, som er etablert i samarbeid med National Science Foundation i USA. Ordninga er retta mot å auke mobiliteten til Noreg frå USA.

Det er etablert to nye senter ved kinesiske forskingsinstitusjonar i eit samarbeid mellom Forskingsrådet og to kinesiske forskingsråd. Planar om eit styrkt norsk-indisk samarbeid i geoteknologi er følgde opp, og tre doktorgradsstipend for indiske kandidatar knytte til Universitetssenteret på Svalbard er etablerte.

Forskingsrådet har teke del i arbeidet med å styrkje det nordiske forskings- og innovasjonssamarbeidet. Dette omfattar deltaking i satsinga på 16 senter for framifrå forskning – Nordic Centres of Excellence. I 2008 vart det òg arbeidd med å førebu eit nordisk Toppforskningsinitiativ innanfor klima, energi og miljø. Satsinga er tverrfagleg og spenner frå grunnforskning til innovasjon.

Forskingsrådet skal sørgje for eit best mogleg utbytte av den norske medlemskapen i internasjonale grunnforskningsinstitusjonar og samarbeid om stor infrastruktur. I 2008 vart det nytta totalt 120 mill. kroner til kontingentar, medfinansiering og følgjeforskning. Forskingsrådet finansierte i 2008 mellom anna norsk deltaking i to store eksperiment ved CERNs nye partikkelakselerator. Denne sto ferdig i 2008 og er verdas kraftigaste akselerator. For å auke rekrutteringa av nordmenn til CERN og styrkje norsk industriretur og teknologi-overføring er det òg oppretta ei eiga CERN-Noreg-gruppe. Eit program for synkrotronforskning i Forskingsrådet har starta fleire prosjekt med stor fagleg breidd, og bidreg til aktiv utnytting av medlemskapen i ESRF og ei sveitsisk-norsk strålelinje (SNBL).

Forskingsrådet har ført vidare arbeidet for styrkt internasjonalt polarforskningsamarbeid,

særleg med USA, Russland og sentrale EU-land. Arbeidet med å fremme fagleg koordinering og praktisk tilrettelegging av forskinga gjennom Svalbard Science Forum, mellom anna etableringa av ein eigen nettstad, blir rekna som vellykka.

Ei undersøking frå 2008 viser at Noreg står sterkt internasjonalt innanfor polar- og arktisk forskning. Noreg og norske forskingsmiljø har mellom anna spelt ei sentral rolle i *Det internasjonale polaråret (2007–08)*, som omfattar ca. 50 000 forskarar frå 63 land. Ei ny undersøking for å kartlegge effekten av Polaråret og Nordområdesatsinga er planlagt i 2011. I 2010 skal det arrangerast ein avsluttande konferanse for polaråret i Noreg.

Mål 6: Å drive systematiske fag- og disiplinvalueringar og følgje opp desse

Evalueringane skal auke kunnskapsgrunnlaget til Forskingsrådet og forskingsmiljøa, og medverke til fagutvikling og auka kvalitet i forskinga.

Forskingsrådet sluttførde evalueringa av historiefagleg forskning og grunnleggjande kjemiforskning i 2008. For historiefaget er det lyst ut midlar under ordninga institusjonsforankra strategiske prosjekt (ISP) som stimulans til oppfølging. Evalueringa av norsk økonomisk forskning frå 2007 blir også følgd opp med støtte til ISP. For farmasøytisk forskning vart det laga ein fagplan, som oppfølging av evalueringa i 2006.

Evalueringa av rettsvitenskapleg forskning starta i 2008. Det ligg føre planar for evaluering av fysikk, filosofisk og idéhistorisk forskning, sosiologi, sosialantropologi og samfunnsgeografi.

Mål for 2010

For 2010 er det utvikla ein ny målstruktur for Forskingsrådet. Dei nye måla er omtalde meir detaljert i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Forskingsrådet skal i 2010 nytte løyvingane på posten til å nå følgjande tre mål:

- auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning
- god ressursutnytting og hensiktsmessig arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskingssystemet
- resultatata til forskinga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 285 post 52 med 36,6 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2009.

Auken er i hovudsak knytt til Kunnskapsdepartementets del av FoU-løyvingane til oppfølging av klimaforliket, som utgjer 96 mill. kroner. Av dette er 65 mill. kroner til forskning om fornybar energi og fangst og lagring av karbondioksid. Midlane skal mellom anna nyttast til grunnforskning, rekruttering, infrastruktur, internasjonalt forskingssamarbeid og samfunnsfagleg forskning. 31 mill. kroner er auka løyvingar til anna klimaforskning. 20 mill. kroner av dette skal nyttast til eit senter for klimaforskning i Bergen, 4 mill. kroner til grunnforskning og rekruttering i Forskningsrådets program *NORKLIMA* og 7 mill. kroner skal dekkje ein del av Noregs kontingent til Nordisk toppforskningsprogram for energi, miljø og klima samt sekretariat for det strategiske samarbeidsforumet for klimaforskning, Klima21.

I løyvinga ligg også finansiering av heilårseffekten av dei midlane som vart gitte til stipendiatstillingar og nærings-ph.d. i budsjettet for 2009 og i St.prp. nr. 37 (2008–2009). Samstundes er eittårige løyvingar til forskingsinfrastruktur og forskingsaktivitetar på Svalbard trekte ut med til saman 82 mill. kroner.

Departementet foreslår vidare å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner. Reduksjonen er knytt til ei splitting av tungrekneressursane mellom Meteorologisk institutt og Noregs forskingsråd. Løyvinga til Meteorologisk institutt blir foreslått auka tilsvarende, jf. kap. 283 post 50. Løyvinga til Forskningsrådet er òg redusert med 3 mill. kroner som ei følgje av at det er overført midlar til Utanriksdepartementet knytt til finansiering av ei vitenskapsrådstilling i Beijing.

Løyvinga over posten er i stor grad finansiert av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping og blir derfor ikkje lønns- og prisjustert.

Post 55 Administrasjon

Administrasjonsutgiftene til Noregs forskingsråd blir finansierte av Kunnskapsdepartementet på vegner av alle departementa. I tillegg finansierer Forskningsrådet administrasjonskostnader som er knytte til dei ulike programma, gjennom å bruke av det einskilde programbudsjettet.

Rapport for 2008–09

Målet med løyvinga er at Forskningsrådet skal ha ei god personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane i høve til måla i Forskningsrådet. For 2008 vart det òg sett som mål at dei budsjettmessige overføringane skulle redusereast.

Forskningsrådet har nådd desse måla.

Til saman i 2008 utgjorde dei samla administrasjonsutgiftene om lag seks pst. av dei samla løyvingane frå departementa til Forskningsrådet, noko som er på om lag same nivå som dei to siste åra. Administrasjonsutgiftene har auka med nær 24 mill. kroner sidan 2007. Auken skyldast nye årsverk, mellom anna knytte til Forskningsrådets oppfølging av klimaforliket.

I 2008 var 373,7 årsverk knytte til administrasjonen. Det er ein auke på 8,2 årsverk i høve til 2007. Delen kvinner er på same nivå som i 2007, med om lag 60 pst.

Det har dei siste tre åra vore merksemd kring nivået på den likviditeten Forskningsrådet har i Noregs Bank. Tabell 5.8 i vedlegg 5 viser utviklinga i likviditeten for dei tre siste rekneskapsåra. Som tabellen viser har kontantbeholdninga i Noregs Bank vore på om lag same nivå dei siste tre rekneskapsåra, og viser ein svak nedgang frå utgangen av 2007 til utgangen av 2008 på drygt to pst.

Likviditeten består i hovudsak av tre element:

- avsetning til dekning av påkomne kostnader som blir utbetalte året etter.
- avsetning av midlar til forskingsaktivitet som er utført, men som ikkje blir utbetalt før året etter (prosjektgjeld for utførte forskingsprosjekt)
- midlar som er sette av til planlagd forskingsaktivitet i framtidige budsjettår, dvs. forskingsaktivitet som er utsett slik at det oppstår ei forskyving i bruken av midlane. Forskyvinga i bruken av midlane skyldast vidare følgjande to forhold:
 - forseinkingar ute i forskingsprosjekta (bl.a. ute ved universiteta og høgskolane) slik at utbetalingane kjem i eit anna tempo enn budsjetteringa hadde lagt opp til
 - at midlar ikkje er fordelte vidare til det einskilde forskingsprosjektet, men kun til det aktuelle programmet

Merksemda kring overføring av likviditet frå eitt budsjettår til det neste har vore knytt til dei midlane som er sette av til planlagd forskingsaktivitet. Ved utgangen av 2008 utgjorde dette i underkant av 1 mrd. kroner av Forskningsrådets totale likviditet på vel 2 mrd. kroner. Dette er ein nedgang på om lag 280 mill. kroner frå året før, noko som tilsvare ein reduksjon på 22 pst. Departementet er nøgd med denne utviklinga.

Departementet understrekar at det er naturleg at Noregs forskingsråd har nokon overførte midlar frå år til år. Den viktigaste rolla til Forskningsrådet er å fordele forskingsmidlar vidare ut i forskingssektoren etter nasjonal konkurranse og slik sørge for kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført. Dette krev god planlegging og strenge

krav til kvalitetssikring og oppfølging. Gode prosessar krev igjen tid, og frå utlysing av eit program til utbetaling, via søknad og kvalitetsvurdering og tildeling, går det nærmare eitt år.

Forskingsrådet sette i 2007 i verk fleire tiltak for å redusere omfanget av likviditeten. Desse tiltaka rettar seg bl.a. mot at nye program skal komme raskare i gang og utlysing skje raskare, og tiltak for å gjøre sjølve søknadshandsaminga meir effektiv. Tiltaka har òg halde fram i 2008 og 2009, og departementet er nøgd med dei tiltaka som er sette i gang.

Som ein del av Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon av dei handlingsretta programma i Forskingsrådet, hadde Riksrevisjonen merknader til styring av og formidling av resultat i desse programma. Forskingsrådet har sett i verk fleire tiltak som oppfølging av desse merknadene. Departementet er nøgd med Forskingsrådets oppfølging.

Det er eit mål at Forskingsrådet skal arbeide aktivt for likestilling. Forskingsrådet vedtok i 2007 eit policydokument for likestilling og kjønnspektiv i forskning. Dokumentet gjeld for perioden 2007–12 og inneheld mål for å fremme likestilling utanfor og i eigen organisasjon, og mål for integrering av kjønnspektiv i egne program og aktiviteter. Policydokumentet er nedfelt i ein handlingsplan. Tiltaka tek sikte på å styrkje kunnskaps-

grunnlaget og krava til kvalitet i verksemda til Forskingsrådet med omsyn til likestilling.

Som oppfølging av policydokumentet laga Forskingsrådet i 2008 ein rapport om erfaringane med å integrere likestillingsomsyn i verkemidla Senter for framifrå forskning (SFF), Yngre framifrå forskarar (YFF) og Senter for forskingsdriven innovasjon i perioden 2001–06. For SFF og YFF, som hadde to tildelingsrundar i denne tida, auka kvinnedelen etter runde nummer to som følgje av auka vekt på likestillingsperspektivet ved utlysinga. I 2008 vart 15 mill. kroner av den faglege løyvinga delt ut til ulike tiltak som skal fremme likestilling ved SFF dei neste fem åra, mellom anna kvalifiseringsstipend og mentorordningar.

Frå 2008 utarbeider Forskingsrådet kjønnsdelt statistikk for alle verkemidla. Forskingsrådets handlingsplan skal medverke til å betre statistikken og kunnskapen om kjønnsprofilen i verkemidla og tildelingane til rådet. Data syner at kjønnsfordelinga på søkjarar er skeiv, særleg på enkelte fagområde og sektorar. Delen kvinnelege prosjektleiarar ligg stabilt på rundt 24 pst.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga til administrasjon av Noregs forskingsråd blir ført vidare på same nivå som i 2009.

Kap. 286 Forskingsfond

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
50	Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd	942 105	929 517	1 049 460
60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning			212 400
95	Fondskapital - Fondet for forskning og nyskaping	6 000 000	6 000 000	5 000 000
96	Fondskapital - Regionale forskingsfond		6 000 000	
	Sum kap. 286	6 942 105	12 929 517	6 261 860

Post 50 Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd

Måla for kap. 286 post 50 er i stor grad overlapande med måla for kap. 285 post 52. Rapportering om måloppnåing og ein oversikt over kva for mål som gjeld for 2010, er derfor omtalte samla under kap. 285 post 52.

Budsjettforslag for 2010

Regjeringa foreslår å auke løyvinga over kap. 286 post 50 med 119,9 mill. kroner. Auken kjem som følgje av auka avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping på grunn av kapitalauke i 2009, jf. kap. 3286. Kapitalen vart i 2009 auka med 6 mrd. kroner, der avkastninga av 4 mrd. kroner vart øyremerkte forskingsinfrastruktur. Som ei følgje av dette blir det løyvd 141,6 mill. kroner til for-

skingsinfrastruktur gjennom Forskingsrådet i 2010. Løyvinga skal nyttast både nasjonalt og internasjonalt i tråd med den ansvarsdelinga som gjeld mellom institusjonane og Noregs forskingsråd. På grunn av ny rente på det første kapitalinnskottet i Fondet for forskning og nyskaping blir overføringa frå fondsavkastninga til Forskingsrådet redusert med 22,5 mill. kroner, sjå omtale under kap. 3286 post 85.

Departementet foreslår å redusere tildelinga til gåveforsterkingsordninga med om lag 20 mill. kroner på grunn av lågare forbruk enn venta.

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning

Dei regionale forskingsfonda vart oppretta 1. januar 2009 med ein fondskapital på 6 mrd. kroner. Avkastninga vil i 2010 vere på 212,4 mill. kroner og står til disposisjon frå 1. januar 2010. Etter forslag frå fylkeskommunane og Oslo kommune har Kunnskapsdepartementet i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet fastsett desse fondsregionane:

Tabell 4.20 Fondsregionar og deltakande fylkeskommunar

Fondsregion	Fylkeskommunar
Nord-Noreg	Finnmark, Troms og Nordland
Midt-Noreg	Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal
Innlandet	Hedmark og Oppland
Oslo og Akershus	Oslo og Akershus
Oslofjorden	Østfold, Vestfold, Buskerud og Telemark
Agder	Aust-Agder og Vest-Agder
Vestlandet	Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Forskingsrådet, fylkeskommunane og KS har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet greidd ut utforminga av dei regionale forskingsfonda. Regjeringa har i hovudsak lagt forslaga frå utgreiingsutvalet til grunn for organisering og styring av ordninga med regionale forskingsfond.

I tråd med utgreiinga skal styring og administrasjon av dei regionale forskingsfonda skje på grunnlag av ein modell for vertskommunesamarbeid nedfelt i kommuneloven § 28c. Denne modellen blir nytta i anna interkommunalt samarbeid og inneber at dei fylkeskommunane som deltek i samarbeidet, delegerer myndigheit til å forvalte dei regionale forskingsmidlane til ei felles folkevald nemnd. Nemnda blir i ordninga kalla fondsstyre.

Fondsstyret skal setjast saman av personar med brei innsikt i forskning, næringsliv og samfunnsspørsmål elles. Fylkeskommunane skal ha fleirtal og styreleiar i det regionale fondsstyret. Kvar fylkeskommune skal nemne opp to styremedlemmer og to numeriske varamedlemmer. Etter forslag frå Forskingsrådet skal det nemnast opp to medlemmer og to numeriske varamedlemmer til kvart fondsstyre.

Etter konsultasjonar mellom Kunnskapsdepartementet og Sametinget er det komme til einigheit

om at det etter forslag frå Sametinget skal nemnast opp eit medlem med varamedlem i kvart av fondsstyra i fondsregion Nord-Noreg og Midt-Noreg. Vidare skal desse fondsregionane samt fondsregion Innlandet også ta hand om samiske forskingsinteresser og -behov.

Oppnemningsperioden for fondsstyra er fire år og fell saman med valperioden til fylkestinga. Perioden for første gongs oppnemning er 2010 og 2011.

Kunnskapsdepartementet har fastsett retningslinjer for dei regionale forskingsfonda. Retningslinjene gir styringslinjer og omtaler aktørane i ordninga, deira oppgåver og ansvarsområde samt grunnleggjande krav til administrering og styring av midlane i ordninga.

Mål for 2010

Formålet med dei regionale forskingsfonda er å styrkje forskningsevna gjennom regional forskning og innovasjon. Fonda skal bidra til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø og såleis medverke til auka kvalitet i forskinga. Fonda skal møte FoU-behov i fylka ved å støtte FoU-prosjekt initierte av offentlege og private verksemder og forskingsmiljø.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve 212,4 mill. kroner på denne posten.

Tabell 4.21 Fordeling av midlane til fondsregionar og Noregs forskingsråd

Mottakar og formål	Beløp
Noregs forskingsråd for dekning av årlege administrative meirutgifter knytt til ordninga	8 700
Noregs forskingsråd til eingongsinvestering i IKT-system knytt til ordninga	3 500
Noregs forskingsråd for fordeling til samarbeidsprosjekt i regionane	27 050
Fondsregion Nord-Noreg	30 918
Fondsregion Midt-Noreg	24 175
Fondsregion Vestlandet	29 787
Fondsregion Agder	13 256
Fondsregion Oslofjorden	32 771
Fondsregion Innlandet	14 933
Fondsregion Oslo og Akershus	27 305
Totalt	212 400

Ved behandling av statsbudsjettet for 2009 slutta Stortinget seg til forslaget frå regjeringa om at om lag fem pst. av midlane skal setjast av til dei tre nordlegaste fylka som ein del av nordområde-satsinga til regjeringa. Om lag 15 pst. av midlane blir fordelte til dei fonda som har best kvalitet på FoU-prosjekta, og til samarbeidsprosjekt mellom fleire fond. Vidare gav Stortinget tilslutning til at om lag 80 pst. av samla avkastning blir fordelt etter faste kriterium på denne måten: Halvparten blir fordelt mellom fondsregionane som ei lik fordeling per fylke, og halvparten blir fordelt mellom fondsregionane etter folketal.

Til frådrag i samla årleg avkastning kjem midlar som blir tildelte direkte frå Kunnskapsdepartementet til Forskingsrådet. Forskingsrådet skal mellom anna sørge for kvalitetssikring av søknadsbehandlinga til dei regionale fondsstyra, og dei regionale representantane til Forskingsrådet skal yte hjelp til fondsstyra i arbeidet deira. Dei årlege meirutgiftene til Forskingsrådet er om lag 8,7 mill. kroner. Desse utgiftene er trekte frå dei midlane som blir stilte til disposisjon for fondsstyra.

I tråd med stortingsvedtaket skal om lag 15 pst. av den resterande avkastninga finansiere forskning i dei fondsregionane som har best kvalitet på prosjekta sine, og samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane. Midlane skal fordelast gjennom Forskingsrådet. I 2010 skal midlane nyttast til samarbeidsprosjekt og til eventuell utlysing av regionale

problemstillingar i nasjonale forskingsprosjekt. Vidare foreslår regjeringa at desse midlane i 2010 finansierer eingongsutgifter i Forskingsrådet på 3,5 mill. kroner knytte til innkjøp og innføring av nødvendig IKT-system for søknadsbehandling.

Det er lagt til grunn at maksimalt ti pst. av dei midlane som blir tildelte direkte frå Kunnskapsdepartementet til kvar fondsregion, skal gå til å dekkje administrasjonskostnadene til fylkeskommunane dei første to driftsåra. Omfanget av administrasjonsutgifter bør reduserast til maksimalt sju pst. etter eit par års drift.

Post 95 Fondskapital – Fondet for forskning og nyskaping

Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 og har frå 1. januar 2009 ein fondskapital på 72 mrd. kroner. Fondet skal medverke til å oppfylle dei overordna forskingspolitiske måla, jf. St.meld. nr. 20 (2004–2005). Fondet har i dei siste åra vore eit viktig instrument for å styrkje løyvingane til forskning. Framfor alt har midlane gått til satsingar som betrar kvaliteten i norsk forskning.

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 5 mrd. kroner frå 1. januar 2010, slik at samla kapital blir 77 mrd. kroner. Dersom renta held seg på same nivå som i dag, vil dette gi ei årleg avkastning på om lag 210 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å øyremerkje avkastninga av to tredelar av den auka kapitalen til investeringar i forskingsinfrastruktur. Midlane skal både nyttast nasjonalt og til norsk deltaking i viktige internasjonale forskingsinfrastrukturar.

Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er plassert som kontolån til staten med ei rente som tilsvarer renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid.

Post 96 Fondskapital – Regionale forskingsfond

Regionale forskingsfond vart oppretta frå 1. januar 2009 med ein kapital på 6 mrd. kroner. Kapitalen er plassert som kontolån til staten med ei rente som tilsvarer renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid.

Avkastninga skal fordelast til regionale einingar, jf. omtale under post 60.

Kap. 3286 Forskingsfond

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
85	Avkastning - Fondet for forskning og nyskaping	3 087 505	3 368 260	3 558 160
86	Avkastning - Regionale forskingsfond			212 400
	Sum kap. 3286	3 087 505	3 368 260	3 770 560

Kapitlet gjeld avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping og avkastning frå Regionale forskingsfond, jf. kap. 286.

Post 85 Avkastning – Fondet for forskning og nyskaping

Avkastninga i Fondet for forskning og nyskaping aukar isolert sett med 212,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2009 på grunn av kapitalauken på 6 mrd. kroner i 2009. Samstundes blir avkastninga frå det første kapitalinnskottet redusert med 22,5 mill. kroner. Dette skyldast at det er ti år sidan det første innskottet vart gjort, og at det er sett ei ny rente i tråd med renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid. Dette gir ein nettoauke i avkastninga på 189,9 mill. kroner.

Avkastninga frå Forskingsfondet vil i 2010 bli fordelt på følgjande måte:

- 765,7 mill. kroner i forskingsløyvingar til universitet og høgskolar over kategori 07.60
- 1 049,5 mill. kroner til Noregs forskingsråd over kap. 286 post 50
- 1 000,8 mill. kroner til Forskingsrådet over kap. 285 post 52
- 706,3 mill. kroner til EUs rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling over kap. 288 post 73
- 35,9 mill. kroner over kap. 920 post 50 på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet

Post 86 Avkastning – Regionale forskingsfond

Avkastninga frå regionale forskingsfond blir på 212,4 mill. kroner i 2010 som følgje av kapitalinnskottet på 6 mrd. kroner i 2009. Løyvinga blir utgiftsført med same beløp på kap. 286 post 60, jf. omtale på denne posten.

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
21	Særskilde driftsutgifter	4 731	4 810	8 657
53	NUPI	44 490	3 250	3 954
54	Forskingsstiftelsar	52 048		
56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 101	9 100	9 100
57	Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt		136 689	147 128
58	Strategisk løyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt		15 410	15 903
71	Tilskott til andre private institusjonar	31 028	29 536	30 481
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 402	12 400	12 400
	Sum kap. 287	153 800	211 195	227 623

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal nyttast til å dekkje utgifter til utgreiingar m.m. som vil medverke til å betre kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken.

I 2008 er løyvinga mellom anna nytta til å finansiere sekretariatet til strategiforumet Klima21. I tillegg er løyvinga nytta til førebuing og gjennomføring av eit høgnivåmøte for Vitskapskomiteen i OECD, og til evaluering av Noregs deltaking i EUS sjette og delar av det sjuande rammeprogrammet for forskning. Løyvinga er òg nytta til arbeid med St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, som vart lagd fram i april 2009. Nokre av midlane er dessutan nytta til utgreiingar om statistikkgrunnlag for forskingssektoren.

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir auka med om lag 3,8 mill. kroner. Av løyvinga på posten skal 5 mill. kroner nyttast til etablering av eit forskingsprogram om forskning og innovasjon (FORFI).

1,1 mill. kroner er overførte til kap. 200 post 21. Dette gjeld lønn til tilsette som har arbeidd med stortingsmeldinga om forskning som vart lagd fram våren 2009. Sjå omtale på kap. 200 post 21.

Post 53 NUPI

Rapport for 2008–09

NUPI

Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) har til formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve. Instituttet skal vere eit leiande forskingsinstitutt innanfor sine

faglege kjerneområde og arbeide for å styrkje finansieringa frå internasjonale finansieringskjelder.

Dei viktigaste satsingane for forskinga ved NUPI i 2008 var innanfor dei fire hovudtema tryggleik og fredsoperasjonar, den nordlege og austlege dimensjonen, politiske og økonomiske stormakter og handel og innovasjon.

NUPI har i 2008 hatt eit godt tilfang av nye oppdrag og prosjekt, har eit stort nettverk og ein sterk internasjonal profil.

Finansdepartementet har i samråd med dei fagdepartementa det gjeld etablert nye prosedyrar for innrapportering av dei nettobudsjetterte verksemdene si kontantbeholdning per 31. desember med verknad for statsrekneskapen for 2009. Det er i samband med budsjettproposisjonen for 2010 utarbeidd ein standardtabell med nøkkeltal for NUPI som gir ei oversikt over verksemda si kontantbeholdning per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdninga skal nyttast til. Formålet med tabellen er å vise dei totale overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane, sjå tabell 5.3 i vedlegg 5.

Det har vore ein auke i den frie verksemdkapitalen til NUPI på om lag 17 pst. frå utgangen av 2007 til utgangen av 2008, jf. tabell 5.3 i vedlegg 5. Ved utgangen av 2008 hadde instituttet dessutan sikra finansiering for ein stor del av forskingsverksemda i 2009.

Det vart publisert om lag ein vitskapleg artikkel (1,68 publikasjonspoeng) per forskarårsverk i 2008. Av desse blei 0,65 publiserte i internasjonale tidsskrift. Dette resultatet er over gjennomsnittet for samfunnsvitskaplege institutt i Noreg.

Staben ved NUPI utførte 73 årsverk i 2008. Talet på doktorgradar per forskarårsverk er 0,52. Til saman var elleve doktorgradar under arbeid gjennom året. Trass i ein positiv trend dei seinaste åra, er delen årsverk utførde av kvinnelege forskarar redusert frå 29 pst. i 2007 til 26 pst. i 2008. Rekruttering av kvinner er eit viktig mål for instituttet.

NUPI gir ut tre tidsskrift: *Internasjonal politikk*, *Nordisk østforum* og *Forum for development studies*. I 2008 vart nettstaden *Hvor hender det?* etablert og er ein viktig kanal for å skape interesse for internasjonale spørsmål hos skoleungdom og unge vaksne. Basisløyvinga over kap. 287 stod for 29,8 pst. av dei samla inntektene til NUPI i 2008. Dette er det lågaste nivået på fleire år.

Departementet er i hovudsak nøgd med måloppnåinga til NUPI i 2008.

Budsjettforslag for 2010

Departementet ønskjer å styrkje NUPIs nasjonale informasjonsoppgåver og foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner. Forslaget inneber ei styrking av NUPI si rolle som formidlar til barn og unge i alderen 15–25 år. Satsinga inneber ei utviding av instituttet sitt bibliotektilbod til elevar og studentar.

Grunnløyvinga til dei samfunnsvitskapelege forskingsinstitutta er frå 2009 flytt til kap. 287 post 57.

NOVA

Til og med 2008 vart det òg løyvd midlar til Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) over denne posten. Frå 2009 er grunnløyvinga til dei samfunnsvitskapelege forskingsinstitutta flytt til kap. 287 post 57.

Forskninga og utviklingsarbeidet ved NOVA skal føre til auka kunnskap om sosiale tilhøve og endringsprosessar. NOVA driv sosialforskning i eit livsløpsperspektiv, og har som ambisjon å vere nasjonalt leiande innanfor den samfunnsvitskapelege delen av forskingsfeltet barnevern, ungdom, aldring og livsløp, trygd, innvandring og funksjonshemming. For den aktuelle perioden har NOVA mellom anna hatt som mål å styrkje dei nye tematiske feltet europeisk velferdspolitikk, organisering av omsorg, skoleforskning og forskingsbasert evaluering. Det har òg vore eit mål å styrkje det internasjonale samarbeidet og auke den internasjonale finansieringa.

Forskarane ved NOVA utførde om lag 72 årsverk i 2008, mot 70 i 2007. NOVA er blant dei samfunnsvitskapelege forskingsinstitutta som har flest doktorgradar per forskarårsverk: 0,57 i 2008. Dette er godt over gjennomsnittet for dei samfunnsvit-

skapelege institutta. Doktorgradproduksjonen ved instituttet er likeins høg. Den vitskapelege publiseringa har derimot gått ned i 2008. Samla tal på artiklar i tidsskrift med fagfelleevaluering er 0,5 (1,29 publikasjonspoeng) per forskarårsverk i 2008, mot 0,7 i 2007.

Finansieringa frå Forskingsrådet har gått ned frå 30 pst. i 2007 til 20 pst. i 2008. Den internasjonale finansieringa steig frå fem pst. i 2007 til om lag tolv pst. i 2008. Basisløyvinga over kap. 287 stod for 35 pst. av dei samla inntektene til NOVA i 2008. Dette er det same som i 2007.

Departementet er i hovudsak nøgd med den måloppnåinga desse indikatorane viser.

Finansdepartementet har i samråd med dei fagdepartementa det gjeld etablert nye prosedyrar for innrapportering av dei nettobudsjetterte verksemdene si kontantbeholdning per 31. desember med verknad for statsrekneskapa for 2009. Det er i samband med budsjettproposisjonen for 2010 utarbeidd ein standardtabell med nøkkeltal for NOVA som gir ei oversikt over verksemda si kontantbeholdning per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdninga skal nyttast til. Formålet med tabellen er å vise dei totale overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane, sjå tabell 5.2 i vedlegg 5.

Kontantbeholdninga NOVA har i Noregs Bank, vart redusert med om lag 16 pst. frå 2007 til 2008. Når det gjeld utviklinga i avsetningar til dekning av påløpte kostnader som forfell neste år, er det ein reduksjon frå 2007 til 2008. Reduksjonen skyldas i hovudsak at NOVA har færre inntektsgivande prosjekt, samt at NOVA har utført ein del aktivitetar som dei ved årsskiftet ikkje har fakturert. Det har vore ein auke på om lag ni pst. i den frie verksemdkapitalen (andre avsetningar), jf. tabell 5.2 i vedlegg 5.

Post 54 Forskingsstiftelsar

Rapport for 2008–09

Posten finansierte i 2007 og 2008 basisløyvingane til følgjande fem frittstående forskingsinstitutt: Institutt for fredsforskning (PRIO), Fridtjof Nansens Institutt (FNI), Institutt for samfunnsforskning (ISF), Forskingsstiftelsen Fafo og NIFU STEP Studier av innovasjon, forskning og utdanning. Den samla løyvinga over posten var på 52 mill. kroner i 2008. Av løyvinga vart 49,4 mill. kroner nytta til grunnløyving og 2,6 mill. kroner til strategiske instituttprogram.

Forskarane ved dei fem institutta utførte 244 årsverk i 2008, mot 237 i 2007. Kvinnelege forskarar stod for 113 av årsverka i 2008. Publikasjonspoeng per forskarårsverk varierer mykje mel-

lom institutta. Gjennomsnittet i 2008 for dei nasjonale samfunnsvitenskaplege institutta er 1,09 poeng per forskarårsverk, medan gjennomsnittet for dei fem institutta som får finansiering over denne posten er 1,35 publikasjonspoeng. PRIO kjem best ut med 2,23 poeng per forskarårsverk. Talet er 1,96 poeng for FNI og 1,03 for ISF. Fafo hadde 0,83 publiseringspoeng per forskarårsverk, og NIFU STEP hadde 0,72.

Post 56 Ludvig Holbergs forskingspris

Ludvig Holbergs forskingspris er ein internasjonal, vitenskapleg pris innanfor humaniora, samfunnsvitenskap, juss og teologi. Prisen blir delt ut kvart år, og skal auke merksemda kring samfunnsvitenskapleg og humanistisk forskning og fremme kvalitet og internasjonalisering av desse fagområda. Han er finansiert av avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond, jf. kap. 3287 post 86. Prisbeløpet er på 4,5 mill. kroner. Avkastninga finansierer òg ulike arrangement i samband med prisutdelinga, ein eigen nordisk pris for yngre forskarar innanfor same fagområde, kalla *Nils Klim-prisen*, og arrangement retta mot barn og unge. Avkastninga frå fondet blir disponert av Universitetet i Bergen, som er ansvarleg for å peike ut prisvinnaren og dele ut prisen. Holbergprisen vart delt ut for første gong i 2004. I 2008 gjekk prisen til Fredric R. Jameson for framifrå bidrag til forståinga av tilhøvet mellom sosiale formasjonar og kulturelle former. I 2009 vart Holbergprisen tildelt professor Ian M. Hacking for banebrytande arbeid innanfor filosofi og vitenskapsteori. Avkastninga frå Holberg-fondet i 2009 til bruk i 2010 vil vere 9,1 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 86.

Post 57 Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt

Regjeringa innførte i 2009 eit nytt basisfinansieringssystem for instituttsektoren, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet.

Formålet med grunnløyvinga er å byggje opp langsiktig kompetanse og bidra til kunnskapsutvikling i institutta. Grunnløyvinga til institutta skal bidra til at forskinga får auka kvalitet, at institutta styrkjer den anvende rolla og den internasjonale verksemda, samt at institutta samarbeider betre med norske universitet og høgskolar.

Kunnskapsdepartementet har det overordna finansieringsansvaret for grunnløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta. For å kunne delta i ordninga må eit institutt først vere kvalifisert etter dei faglege kriteria som er sette. I

tillegg gjer departementet ei heilskapleg vurdering ut frå måla i forskingspolitikken. Vidare må eit departement stille ei basisløyving til rådvælde for at instituttet skal kunne delta i den resultatbaserte omfordelinga. Det er fastsett egne retningslinjer for statleg basisfinansiering av forskingsinstitutt som mellom anna stadfestar krav for å delta, og omfanget av ordninga. Oversikt over kva for institutt som mottek statleg basisløyving går fram av vedlegg 6.

Den nye ordninga vart innført i 2009, og det er derfor ikkje noko å rapportere på kap. 287 post 57 for 2008.

Mål for 2010

Institutta har til hovudformål å tilby anvend forskning til næringslivet, forvaltninga og samfunnet.

- Hovudformålet til instituttsektoren er å vere gode leverandørar av anvend forskning til næringsliv, forvaltning og heile samfunnet.
- Hovudformålet med den statlege basisløyvinga skal framleis vere å sikre dette ved å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging.
- Formålet med det nye finansieringssystemet skal vere å fordele delar av grunnløyvingane etter oppnådde resultat, på ein måte som premierer både kvalitet og relevans.
- Omfordeling mellom institutta er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å skape reelle insentiv i den nye ordninga.

Grunnløyvinga består av ein fast del og ein resultatbasert del. Den resultatbaserte delen skal bidra til å stimulere ein god balanse mellom kvalitet og relevans, og blir fordelt etter oppnådde resultat på desse indikatorane:

- vitenskapleg publisering
- samarbeid med universitet og høgskolar (avlagde doktorgradar og bistillingar)
- internasjonale inntekter
- inntekter frå Noregs forskingsråd
- nasjonale oppdragsinntekter

Alle indikatorane skal vektast mot ein relevanskomponent som består av summen av internasjonale inntekter, forskingsrådsinntekter og nasjonale oppdragsinntekter som del av samla forskingsinntekter ved institutta (eksl. finansinntekter). I 2010 vil ti pst. av grunnløyvinga til institutta bli omfordelte etter oppnådde resultat på indikatorane som er nemnde over.

Enkelte institutt mottek midlar direkte frå departementa. I nokre tilfelle har det vore uklart om desse midlane er å rekne som bidrag eller opp-

drag. I samarbeid med relevante departement greier Kunnskapsdepartementet no ut denne problemstillinga mellom anna med sikte på å presisere definisjonen av oppdragsinntekter. Førebels er det bestemt at det skal etablerast ei overgangsordning for rapporteringsåra 2008, 2009 og 2010, der ein opnar for at ein del av bidragsinntektene kan reknast som oppdragsinntekter. Frå rapporteringsåret 2011 bør bidragsmidlane bli kanaliserte via Noregs forskingsråd, og ordinære oppdragsmidlar må lysast ut i open konkurranse for at dei skal gi uttelling for institutta.

Budsjettforslag for 2010

Frå og med 2010 vil basisløyvinga til SINTEF Helse gå inn i den felles finansieringsordninga. Det er derfor rammeoverført 6,065 mill. kroner frå kap. 728 post 70 på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til denne posten.

Departementet foreslår å løyve om lag 147,1 mill. kroner over denne posten.

I tillegg kjem grunnløyvinga til Christian Michelsens institutt på om lag 11,7 mill. kroner som blir løyvd over kap. 165 post 70 på budsjettet til Utanriksdepartementet. Kunnskapsdepartementet kan nytte denne løyvinga gjennom ei ordning med årlig belastningsfullmakt.

Post 58 Strategisk løyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt

Det nye finansieringssystemet for forskingsinstitutta har også eit strategisk element. Desse midlane skal kunne disponerast for å ta i vare langsiktig kompetanseheving og kunnskapsoppbygging ved institutta på område av spesiell interesse for sektoren. Etersom den nye ordninga vart innført i 2009, er det ikkje noko å rapportere på kap. 287 post 58 for 2008.

Mål for 2010

Dei strategiske instituttløyvingane skal bidra til at institutta utviklar langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging på forskingsfelt av spesiell interesse for sektoren, og som ikkje lét seg realisere gjennom andre finansieringsordningar. Det er det einskilde sektordepartementet som har finansieringsansvaret for strategiske løyvingar. Ein hovudregel er at desse løyvingane blir lyste ut i regi av Noregs forskingsråd. Berre unntaksvis, og når faglege vurderingar tilseier at berre eitt institutt kan ta på seg den strategiske satsinga, kan sektordepartementa tildele midlar direkte til eit institutt.

Ein føresetnad ved overgangen til nytt basisfinansieringssystem var at dei kontraktane som institutta hadde inngått om strategiske instituttprogram, som hovudregel skulle gå som avtalt også etter overgangen til ny ordning. Institutt som avsluttar sine strategiske program før ny ordning trer i kraft, vil inntil vidare behalde midlane som kortsiktige strategiske løyvingar. Dette vil sikre stabile rammevilkår i overgangsperioden.

Regjeringa ønskjer at nye strategiske satsingar for dei samfunnsfaglege institutta skal kunne sjåast i samband med strategiske satsingar på andre fordelingsarenaer. På denne måten kan det gjerast meir heilskapelege prioriteringar. Av den grunn vil det tidlegast kunne lysast ut strategiske satsingar for desse institutta i 2011. Dei samfunnsfaglege institutta vil for 2010 behalde desse midlane som kortsiktige og strategiske løyvingar.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve om lag 15,9 mill. kroner over denne posten.

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Om ordninga

Posten dekkjer tilskott til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi, Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim (DKNVS Akademi), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse (DKNVS Stiftelse), vitskapelege fond, Egede Instituttet og Christian Michelsens Institutt.

Senter for grunnforskning skal vere eit felles miljø for sær dyktige norske og utanlandske forskarar og er viktig for å heve kvaliteten i grunnforskninga. DNVA, DKNVS Akademi og DKNVS Stiftelse har i oppgåve å fremme norsk vitskap, mellom anna ved å gi ut vitskapeleg litteratur, forvalte vitskapelege fond og skape kontakt med utanlandske miljø og organisasjonar. DNVA har i tillegg ansvaret for å administrere utdelinga av Abel-prisen og dei nye Kavli-prisane innanfor astrofysikk, nevrovitskap og nanovitskap. Tilskottet til Christian Michelsens Institutt går til menneskerettsforskninga ved instituttet. Egede Instituttet skal drive forskning og gi informasjon om misjon og tilgrensande fagområde. Tilskottet til «vitskapelege fond» gjeld administrasjon av Nansenfondet, Det vitenskapelige forskningsfond av 1919 samt Institutt for sammenlignende kulturforskning. Nansenfondet skal bidra til fremme av vitskapelege undersøkingar og påskjønning av særleg framifrå vitskapeleg verksemd innanfor humaniora og samfunnsfag og inn-

anfor realfag og medisin. Det vitenskapelige forskningsfond av 1919 inngår i Nansenfondet. Institutt for sammenlignende kulturforskning skal støtte forskning på felte samanliknande språkforskning, folkeminneforskning, religionsforskning, etnologi, arkeologi og sosialantropologi.

Rapport for 2008–09

Rapporteringa for 2008–09 viser at alle forskingsinstitusjonane har halde fram med den faglege verksemda si.

Senter for grunnforskning har til dømes ført vidare onsdagsseminara, som utgjer ein fast del av den tverrfaglege verksemda ved senteret. I 2008 arbeidde 80 forskarar i prosjekt ved senteret, av dette tolv kvinner. Senteret har inngått eit formelt og kontraktfesta samarbeid med Handelshøgskolen BI. DNVA har arrangert fleire faglege møte og gav mellom anna ut rapporten *Evne til forskning* medan DKNVS Akademi og DKNVS Stiftelse i 2008 har halde stor aktivitet i form av fagseminar, og arbeidet med populærvitenskaplege formidlingsaktivitetar har halde fram. Verksemda vart i 2008 i stor grad prega av det kommande 250-årsjubileet. DNVA har ansvaret for å administrere utdelinga av Abel-prisen, jf. omtale under post 73, og dei nye Kavli-prisane innanfor astrofysikk, nevrovitenskap og nanovitenskap. I 2008 vart prisane tildelte sju forskarar som er banebrytande innanfor desse fagfelt. Den første prisen i astrofysikk gjekk til Maarten

Schmidt og Donald Lynden-Bell, medan Louis E. Brus og Sumio Iijima fekk den første Kavli-prisen i nanovitenskap. Pasko Rakic, Thomas Jessell og Sten Grillner fekk den første Kavli-prisen i nevrovitenskap. Prisutdelinga fekk god dekning i media.

Christian Michelsens Institutt har i 2008 halde fram med arbeidet med dei to hovudtemaområda for forskinga, *Land and Law* og *Transitional Justice*, formidlings- og publiseringsaktivitetar.

Egede Instituttet har i 2008 hatt fokus på publiseringsarbeid og markeringa av hundreårsjubileet for misjonskonferansen i Edinburgh i 1910.

Nansenfondet har halde fram med å dele ut midlar til ulike formål og forskarar i samsvar med statuttane.

Mål for 2010

Målet med tilskotta er at dei skal medverke til at forskingsinstitusjonane held fram med eller styrker den faglege verksemda si og kompetansenivået sitt. Tilskottet til DNVA har også som mål å medverke til auka merksemd om forskning generelt og til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Budsjettforslag 2010

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på same nivå som i 2009.

Tabell 4.22 Løyvingar til private vitenskaplege institusjonar og tiltak

Institusjon	(i 1000 kroner)		
	2008	2009	2010
Senter for grunnforskning	15 400	16 080	16 590
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo	13 150	12 230	12 620
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim	340	355	366
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	365	380	395
Vitenskaplege fond	145	150	155
Christian Michelsens Institutt ¹	1 300	0	0
Egede Instituttet	328	341	355
Sum	31 028	29 536	30 481

¹ Løyvinga til Christian Michelsens Institutt er flytt til kap. 287 post 57.

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Abelprisen er ein internasjonal pris for framifrå matematisk forskning. Prisen blir delt ut kvart år, og skal bidra til å auke interessa for matematikk og

realfag i samfunnet, særleg blant barn og unge. Prisen er finansiert av avkastninga frå Niels Henrik Abels minnefond, jf. kap. 3287 post 85. Fondet vart oppretta 1. januar 2002 med ein fondskapital på 200 mill. kroner. Prisbeløpet er på 6 mill. kroner.

Resten av avkastninga blir nytta til ulike arrangement i samband med prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for matematikk og realfag i samfunnet, særleg blant barn og unge. Avkastninga blir disponert av Det Norske Videnskaps-Akademi, som har oppretta ein eigen komité for å

vurdere nominerte kandidatar. Abelprisen vart delt ut for første gong i 2003. I 2009 gjekk prisen til professor Michail L. Gromov for framifrå bidrag innanfor geometrien. Avkastninga frå Abel-fondet i 2009 til bruk i 2010 vil vere på 12,4 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 85.

Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 402	12 400	12 400
86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 101	9 100	9 100
	Sum kap. 3287	21 503	21 500	21 500

Kapitlet gjeld avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond og Niels Henrik Abels minnefond, jf. kap. 287 postane 56 og 73.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
21	Særskilde driftsutgifter	4 080	6 360	6 564
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	171 308	174 125	196 887
73	EUs rammeprogram for forskning, kan overførast	1 012 366	1 120 164	1 235 864
74	Det europeiske institutt for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>	524	1 046	4 977
75	UNESCO	15 402	15 370	19 009
	Sum kap. 288	1 203 680	1 317 065	1 463 301

Post 21 Særskilde utgifter

Det er eit mål at Noreg deltek aktivt innanfor nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid. Løyvinga har mellom anna dekt kontingent til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD og utgifter i samband med deltaking i UNESCO.

Det åttande høgnivåmøtet Utdanning for alle vart gjennomført i Oslo i desember 2008. Møtet vart i fellesskap arrangert av Utanriksdepartementet, Kunnskapsdepartementet og UNESCO. Møtet resulterte i Oslo-erklæringa, som i hovudsak fokuserte på verdien av utdanning for å nå Andre tusenårsmaal, konsekvensane av finanskrisa for å nå

målet om utdanning for alle, betre lærardekninga globalt og sørge for likeverdig utdanningstilbod til alle.

Løyvinga vil m.a. bli nytta til kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD, samt til å dekkje utgifter knytte til deltaking i UNESCO. Vidare vil løyvinga dekkje utgifter i forbindelse rehabiliteringa av Noregs hus i Paris, Cité Universitaire Internationale de Paris (CIUP), jf. fullmakt IV nr. 6 i St.prp. nr. 1 (2008–2009). Løyvinga vil òg bli nytta til utgifter i samband med nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid.

Departementet foreslår å løyve om lag 6,5 mill. kroner på posten i 2010.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten for deltaking i European Organization for Nuclear Research (CERN), European Molecular Biology Laboratory (EMBL), European Molecular Biology Conference (EMBC), European Synchrotron Radiation Facility (ESRF) og International Agency for Research on Cancer (IARC). CERN utgjer den klart største delen av deltakinga. Forskningsrådet har eit særleg ansvar for norsk deltaking, oppfølging og spreing av resultat av deltakinga, jf. omtale under kap. 285.

Om ordninga

Medlemskap i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal sikre norske forskarar tilgang på avansert forskingsinfrastruktur i verdsklasse som bidreg til å auke kvaliteten i norsk forskning og fremme rekruttering, internasjonalisering og konkurransevne. Norske delegatar tek del i dei styrande organa til organisasjonane, som vedtek budsjett og rekneskap.

Organisasjonane har eigne revisjonsordningar og gjennomfører sjølve fagevalueringar av verksemda.

Rapport for 2008–09

CERN er eit av dei største laboratoria i verda for eksperimentelle studium innanfor kjerne- og elementærpartikkelfysikk. I 2008 vart den største partikkelakseleratoren i verda, Large Hadron Collider (LHC), innvigd. Forskningsrådet finansierte følgjeforskning for til saman 19,3 mill. kroner. Om lag 70 nordmenn arbeidde ved institusjonen, inkludert tekniske studentar, masterstudentar, stipendatar og forskarar. Samarbeidet er knytt til oppbygging av LHC-eksperimenta ATLAS og ALICE, analyse av data frå LHC, oppbygging av Grid-datasystem og utvikling av avansert instrumentering for nye akseleratorar. Forskinga har eit sterkt internasjonalt preg. Dei norske aktivitetane blir kvart år evaluerte av eit internasjonalt ekspertpanel. Rapportane viser at kvaliteten på dei norske prosjekta generelt er høg og på nokre område særst høg. I 2008 var 15 nordmenn tilsette ved CERNs hovudkvarter.

EMBL er den viktigaste europeiske organisasjonen innanfor molekylærbiologi. Medlemskapen er av stor verdi for norske forskingsmiljø innanfor livsvitenskapane, og viktig for rekruttering til biofaga i Noreg. Organisasjonen har opna for partnerskapsavtalar med framifrå forskingsmiljø i

medlemslanda, og Noreg er representert ved to av seks partnerskapsavtalar. Senter for molekylærmedisin utgjer den norske noden i partnerskapsavtalen mellom EMBL og universiteta i Oslo, Helsingfors og Umeå. Dei tre første forskargruppene skal etter planen utvidast til åtte–ni ved full drift i 2010. Ei eiga referansegruppe har ansvaret for nasjonal koordinering, slik at jamvel andre regionar i Noreg får fagleg utbytte av samarbeidet. Også Sars International Centre for Marine Molecular Biology er i partnerskap med EMBL.

Gjennom ESRF kan norske forskarar drive materialforskning og livsvitenskap som krev avansert røntgenstråling. Medlemskapen er organisert gjennom eit nordisk konsortium (NORDSYNC). Norske forskarar er i tillegg med i eit sveitsisk-norsk samarbeid om ei eiga strålelinje (SNBL). I 2008 vart følgjeforskning for til saman 6,8 mill. kroner finansierte, jf. kap. 285 post 52. Medlemskapen i ESRF blir godt utnytta av Noreg og dei andre nordiske partnerane i NORDSYNC. I ei evaluering frå 2008 får SNBL òg god omtale for det vitenskaplege utbyttet knytt til drifta. Styret i ESRF gav i november 2008 si tilslutning til finansiering av første fase av prosjektet *ESRF Upgrade*. Dette vil gi auka kontingent for Noregs del, med budsjettauke frå 2010.

IARC er eit internasjonalt kreftinstitutt knytt til Verdas helseorganisasjon. Den største nasjonale nytta av Noregs medlemskap ligg i det generelle bidraget organisasjonen gir til kreftforskinga, som spenner frå laboratoriebasert til epidemiologisk forskning. Forskinga har eit globalt perspektiv, og dei siste åra har verksemda dreidd seg meir mot dei problema som lav- og mellominntektsland står overfor. IARC arbeider for å fremme samarbeid mellom nasjonale kreftregister og utvikling av tilsvarende kreftregister i land som enno ikkje har slike. Norske forskarar er aktive både i forskings- og styrearbeid. Noregs delegat til IARC vart i 2009 vald opp att som leiar for styret til IARC.

Mål for 2010

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til auka kvalitet i norsk forskning og verdiskaping i norsk nærings- og samfunnsliv. Løyvinga skal gjere det mogleg for norske forskarar å ta del i ressurskrevjande og avansert forskning og medverke til utvikling av nye forskingsområde.

Budsjettforslag for 2010

Kontingentane for dei enkelte medlemslanda blir fastsette ved avtalefesta formalar for utrekning, der bruttonasjonalprodukt er ein nøkkelfaktor.

Kontingentkrava for 2010 er enno ikkje fastsette. Budsjettforslaget for 2010 er derfor i stor grad basert på vedtekne kontingentar for 2009.

Departementet foreslår at løyvinga blir nominelt auka med 22,8 mill. kroner. Auken er i hovudsak knytt til valutakursutviklinga og til prosjektet *ESRF Upgrade*.

Tabell 4.23 Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Organisasjon	(i 1000 kroner)		
	2008	2009	2010
CERN	144 407	147 755	163 276
EMBL	12 897	12 878	15 178
IARC	5 327	4 913	6 539
ESRF	6 443	6 374	9 277
EMBC	2 235	2 206	2 618
Sum	171 308	174 125	196 887

Post 73 EUs rammeprogram for forskning, kan overførast

Løyvinga dekkjer norsk kontingent for deltaking i EUs rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar.

Om ordninga

EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13) er verdas største internasjonale forskingsprogram, og er ope for deltaking frå land også utanfor Europa i alle delar av programmet. Dette gjeld industriland, land med rask auke i økonomi og utviklingsland. Det sjuande rammeprogrammet inneheld fem såkalla særprogram: *Cooperation, Ideas, People, Capacities* og *Joint Research Centre*. EUs sjuande rammeprogram har som overordna mål å bidra til at det europeiske forskingsområdet – *European Research Area* (ERA) – er eit leiande område for forskning i verda, og til at måla i EUs Lisboa-strategi om vekst og sysselsetjing blir nådde.

Med basis i EØS-avtalen deltek norske forskingsmiljø og verksemder i EUs sjuande rammeprogram for forskning på lik linje med medlemslanda i EU. Rammeprogrammet har eit budsjett på om lag 50,5 mrd. euro, og er det mest omfattande internasjonale forskningssamarbeidet Noreg er med i, både fagleg og økonomisk. Med dagens valutakursar er Noregs totale kontingent på drygt 10 mrd. kroner. Noreg legg stor vekt på deltaking i EUs forskningssamarbeid. Norsk deltaking i det sjuande rammeprogrammet skal fremme internasjonalisering og kvalitet i norsk forskning, styrkje nasjonalt prioriterte FoU-område og bidra

til kunnskapsbasert innovasjon og fornying i norsk nærings- og samfunnsliv. Samarbeidet skal bidra til å auke samspelet mellom nasjonale FoU-satsingar og deltaking i det europeiske forskingsområdet. For perioden 2007–10 er det òg eit mål at støtta til norske forskarar, institusjonar og verksemder gjennom rammeprogrammet skal vere på nivå med den norske kontingenten, det vil seie om lag to pst. av den totale støtta i rammeprogrammet.

Kunnskapsdepartementet og berørte sektordepartement tek del i forvaltningsorgana for det sjuande rammeprogrammet (programkomiteane). Her blir budsjettdokument, årsrapportar og andre rapportar om gjennomføring av programmet lagde fram. Dette inneber kontroll med at verksemda er i samsvar med vedtekne formål.

Rapport for 2008–09

I 2008 var det norsk deltaking i prosjekt frå EUs sjette rammeprogram (2002–06) og det sjuande rammeprogrammet (2007–13). Prosjekta i eit rammeprogram strekkjer seg ofte ut over den offisielle programperioden. Samarbeidet innanfor det sjuande rammeprogrammet er i god utvikling. Resultata frå søknadsrundane viser stor aktivitet i norske forskingsmiljø på dei fleste programområda. Per august 2009 er litt over 1 600 søknader med norsk deltaking sende inn. Av desse er 351 prosjekt, det vil seie i underkant av 22 pst., innstilte til finansiering. Dette er klart høgere enn gjennomsnittet for deltakarlanda. Om lag 1 500 forskarar frå 600 institusjonar er involverte i dei innstilte prosjekta. Så langt har norske partnerar inngått kontraktar for omkring 825 mill. kroner. Innstilte prosjekt, der kontrakt førebels ikkje er skrivne under, er ikkje medrekna i desse tala.

Norske forskarar hevdar seg sterkt innanfor delprogrammet for miljø. Fleire andre delprogram har også god norsk deltaking, som programma for hhv. vitenskap i samfunnet, energi og tryggleik. Det er òg god norsk deltaking innanfor aktivitetar knytte til forskingsinfrastruktur og små og mellomstore verksemdar. Det er lågare norsk deltaking innanfor regionale aktivitetar, det europeiske forskingsrådet og ordningar for forskarmobilitet. Innanfor dei tematiske programma er det lågast gjennomslag for søknader med norsk deltaking i programma for høvesvis IKT og samfunnsvitenskap og humaniora. Av dei norske deltakarane i prosjekt som er innstilte til finansiering kjem 37 pst. frå forskingsinstitutta, 19 pst. frå universitet og høgskolar og 31 pst. frå næringslivet. Dei siste 13 pst. består av andre aktørar, som helseføretak, Forskingsrådet, departement, fylkeskommunar, kommunar, ulike organisasjonar osv. Per desember 2008 var det mellom anna deltaking av slike organ i 22 ERA-NET. Fem av desse stammar frå det sjuande rammeprogrammet, mens dei andre er frå det sjette rammeprogrammet. Noregs forskingsråd deltek i felles utlysingar i ERA-NET.

I 2008 hadde òg fire av dei store teknologiinitiativa i det sjuande rammeprogrammet eigne utlysingar, innanfor høvesvis medisin, IKT og hydrogen og brenselceller. Norsk deltaking i desse er ikkje kjend enno.

Budsjettforslag for 2010

Samla budsjett for det sjuande rammeprogrammet for perioden 2007–13 er på om lag 50,5 mrd. euro. Den samla norske kontingenten er berekna til om lag 10 mrd. kroner. Kontingenten er avhengig av utviklinga i bruttonasjonalprodukt i deltakarlanda og endringar i valutakurs. Dei norske utbetalingane i 2010 vil omfatte dei utbetalingane som står att for det sjette rammeprogrammet, og utbetalingar til det sjuande rammeprogrammet. Dei norske kostnadene vil i 2010 utgjere om lag 1,24 mrd. kroner. Auken i høve til 2009 er knytt til valutakursutviklinga.

Post 74 Det europeiske institutt for innovasjon og teknologi, kan overførast

Stortinget slutta seg våren 2008 til regjeringas forslag om at Noreg skal ta del i Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT), jf. Innst. S. nr. 251 (2007–2008) og St.prp. nr. 56 (2007–2008).

Om ordninga

EIT er meint å vere eit flaggskip i Europa for framifrå innovasjon, og er nær knytt til EUs Lisboa-strategi for auka sysselsetjing og vekst. Målet er å fremme og integrere aktivitetar innanfor høgre utdanning, forskning og innovasjon – det såkalla kunnskapstriangelet. EIT skal komplettere andre initiativ og program på desse områda i EU og deltakarlanda gjennom såkalla kunnskaps- og innovasjonsnettverk (Knowledge and Innovation Communities – KICs). EIT skal òg bidra til auka mobilitet i det europeiske forskingsområdet og det europeiske området for høgre utdanning. Utdanningsinstitusjonar som tek del i nettverka, blir oppmoda til å tildele eigne EIT-gradar og EIT-vitnemål.

Rapport for 2008–09

EITs styre vart oppretta i juli 2008, og den første KICs-utlysinga kom i april 2009. Dei første to eller tre nettverka blir etter planen valde ut i desember 2009, med påfølgjande forhandlingar i januar 2010.

Kunnskapsdepartementet vil arbeide for god norsk deltaking i EITs kunnskaps- og innovasjonsnettverk i samarbeid med andre departement og Forskingsrådet.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å auke løyvinga nominelt med om lag 3,9 mill. kroner til å dekkje forpliktingane til kontingent i 2010.

Post 75 UNESCO

Om ordninga

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen. Medlemslanda deltek på UNESCOs generalkonferanse og eksekutivråd, og kan dermed vere med og påverke UNESCOs arbeid. Tilskottet er eit vilkår for norsk medlemskap og deltaking i UNESCO. Tilskottsmottakar er hovudkontoret til UNESCO, som ligg i Paris.

Rapport for 2008–09

Løyvinga har vore nytta til å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje medlemskontingenten og tilskott til World Heritage Fund. Noreg har i arbeidet med UNESCO lagt vekt på at organisasjonen skal delta aktivt i den sentrale FN-reforma

(One UN). Noreg har òg delteke aktivt i effektiviseringa av arbeidet i UNESCO.

Nærmare omtale om arbeidet i UNESCO, sjå kap. 200 og kap. 288 post 21.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår å løyve om lag 19 mill. kroner til å dekkje forplikingane til kontingenten og tilskottet til World Heritage Fund i 2010.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	3 809	3 843	4 752
	Sum kap. 3288	3 809	3 843	4 752

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader som etter statistikkdirektiva til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
2410	Statens lånekasse for utdanning	28 809 165	30 176 394	26 071 415	-13,6
	Sum kategori 07.80	28 809 165	30 176 394	26 071 415	-13,6

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Pst. endr. 09/10
5310	Statens lånekasse for utdanning	13 958 521	15 710 400	11 965 178	-23,8
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	5 898 829	6 763 305	3 788 500	-44,0
	Sum kategori 07.80	19 857 350	22 473 705	15 753 678	-29,9

Mål: Alle skal ha lik moglegheit til utdanning

Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer stipend- og låneordningane som er heimla i lov av 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte.

Formålet med utdanningsstøtteordningane er mellom anna å medverke til at alle skal ha lik moglegheit til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne og økonomiske og sosiale forhold. Utdanningsstøtteordningane skal vere målretta og effektive for elevar og studantar. Utdanningsstøtta skal bidra til å sikre samfunnet tilgang på nødvendig utdanna arbeidskraft med høgt kunnskapsnivå og internasjonal orientering. Vidare er målet at utdanningsstøtta skal bidra til å raskt fange opp endringar i etterspurnaden etter arbeidskraft og utdanning.

Utdanning og kompetanse er viktig for å gi kvar ein skild utvikling og identitet, evne til å tenkje kritisk og ta del i demokratiske prosessar. Utdanningsstøtta skal leggje til rette for at enkeltindividet kan ta utdanning, og skal vere tilstrekkeleg til at alle står fritt i val av utdanning. Gode støtteordningar gjennom Lånekassen er viktig for sosial utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning. Samstundes er utdanning og kompetanse stadig

viktigare for ein godt fungerande arbeidsmarknad, og utdanningstøtta er eit viktig verkemiddel for å sikre samfunnet tilgang på utdanna arbeidskraft. Desse formåla er retningsgivande når departementet utviklar utdanningsstøtteordningane. Eit godt støttesystem klarer å realisere desse samfunnsmessige og individuelle målsetjingane.

Utdanningsstøtte gjennom Lånekassen skal ta vare på omsynet til personar som ønskjer å studere på deltid, som til dømes personar som tek etter- og vidareutdanning.

Elevar som tek vidaregåande utdanning med rett etter opplæringslova, kan få stipend som er behovsprøvd etter inntekt og formue til forsørgjarane. Dei kan også få behovsprøvd lån. Elevar som må flytte heimanfrå for å ta utdanning, kan få ikkje-behovsprøvd stipend til utgifter til bustad og eventuelt reisestipend. Frå hausten 2009 kan alle elevar få eit ikkje-behovsprøvd stipend til nødvendig individuelt utstyr.

For studantar i høgre utdanning, fagskoleutdanning, folkehøgskoleutdanning og anna utdanning som ikkje er omfatta av opplæringslova § 3-1, skal basisstøtta i utdanningsstøtteordninga dekkje utgifter til livsopphald og læremiddel. Studentane får heile basisstøtta som lån, og delar av lånet blir

gjord om til utdanningsstipend etter kvart som studentane tek studiepoeng, eller utdanninga er fullført. Ordninga med lån som blir gjort om til stipend, vart innført med Kvalitetsreforma og skal bidra til auka gjennomstrøyming.

Utdanningsstøtteordninga inneheld dessutan sosiale ordningar der all støtta blir gitt som stipend. Desse ordningane byggjer opp under retten til lik utdanning for alle og skal sørge for at lånebyrda ikkje blir for stor. Dette gjeld stipend i periodar etter fødsel eller adopsjon, periodar da studenten eller eleven ikkje kan studere på grunn av sjukdom og stipend for flyktingar som tek vidaregåande opplæring. I tillegg blir det gitt forsørgjarsstipend til søkjarar med omsorg for barn og reisestøtte for søkjarar som går på skole langt frå folkeregistrert adresse. Det er ei eiga ordning for støtte og ettergiving for inntil 1 100 statsborgarar frå utviklingsland, landa på Vest-Balkan, land i Aust-Europa og Sentral-Asia (kvoteordninga).

På tilbakebetalingssida er det mellom anna ordningar som skal sikre at gjeldsbelastninga ikkje skal bli uforholdsmessig stor for låntakarar med låg inntekt som følgje av at dei blir sjuke, arbeidsledige eller uføre. Dette inneber betalingsutsetjing, rentefritak og i nokre tilfelle ettergiving av lånet. Utdanningslån kan òg bli ettergitt for låntakarar som bor i og har eit yrke i Finnmark og enkelte kommunar i Nord-Troms, og for låntakarar som arbeider som legar i enkelte kommunar i andre fylke. Bakgrunnen for ordninga med ettergiving i desse områda er behov for å betre tilgangen på kvalifisert arbeidskraft og å auke tilflyttinga av unge i etableringsfasen. Utdanningslån er personleg og blir derfor ettergitt om låntakaren dør.

Regjeringa meiner at lån og stipend skal regulerast i takt med prisstigninga og har prisjustert satsane i utdanningsstøtteordningane kvart år. Basisstøtta har auka frå kr 80 000 i 2005 til kr 87 600 i 2009. Perioden med foreldrestipend er i

den siste regjeringsperioden auka med to veker for studentar og elevar med barn. Høve til å få støtte til forseinking i studia for studentar med nedsett funksjonsevne er utvida. Det er vidare innført ei ordning for avskrivning av utdanningsgjeld for studentar som i 2009 fullfører enkelte lærarutdanningar med realfag og språk. Det er mogleg å binde renta på utdanningslånet i tre, fem eller ti år.

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) har fått i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å gå gjennom lista over institusjonar i utlandet der det blir gitt tilleggsstipend til å dekkje skolepengar, slik at departementet kan fastsetje ei revidert tilleggsstipendliste for 2010–11. Den reviderte lista skal utformast innanfor gjeldande regelverk og budsjett.

Stortinget har gitt tilslutning til at departementet skal arbeide med ei omlegging av støtta til skolepengar i utlandet, jf. Innst.S. nr. 202 (2008–2009) og St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning*. Stipenddelen av støtta til skolepengar skal vere størst for utdanning av høg kvalitet. Det skal såleis vere gunstig økonomisk å velje utdanning av høg kvalitet. Departementet tek sikte på å fase inn denne omlegginga av støtta til skolepengar tidlegast frå undervisningsåret 2011–12.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 299, 27. april 2009 i Innst.S. nr. 202 (2008–2009), jf. St.meld. nr. 14 (2008–2009):

«Stortinget ber Regjeringen om å forlenge gjeldende praksis i Lånekassen for tildeling av støtte til studenter ved Gründerskolen til og med studieåret 2009/2010, og samtidig vurdere hensiktsmessigheten av gjeldende regelverk.»

Kunnskapsdepartementet har bedt Lånekassen føre vidare praksisen til og med undervisningsåret 2009–10. Departementet vil vurdere nærmare om regelverket bør endrast som følgje av denne saka.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	281 983	301 035	305 620
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	80 717	149 605	173 851
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 098 600	4 231 390	4 428 439
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 622 964	2 772 377	2 733 815
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	465 221	437 800	451 576
72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 585 626	1 847 153	861 700
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	224 101	251 050	370 120
74	Tap på utlån	331 999	334 900	334 900
75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	6 030		
76	Startstipend for kvotestudentar			7 518
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	19 111 924	19 851 084	16 403 876
	Sum kap. 2410	28 809 165	30 176 394	26 071 415

Frå undervisningsåret 2004–05 vart heile basisstøtta for dei som er omfatta av støtteordninga for høgre utdanning m.m. utbetalt som lån. Inntil 40 pst. av støttebeløpet kan bli konvertert til stipend når utdanninga det er gitt støtte til, er gjennomført. Det er mogleg å få konvertert lån til stipend inntil åtte år etter at lånet vart gitt. Lånekassen har fullmakt til å dekkje utgiftene knytte til konverteringa ved å trekkje midlar frå eit fond (Konverteringsfondet) som blir løyvd på kap. 2410 post 50. Det årlege nivået på løyvinga er basert på eit anslag over kor stor del av årleg utbetalte lån som ein reknar med blir omgjord til stipend i løpet av dei neste åtte åra. Løyvinga på kap. 2410 post 50 dekkjer avsetning til framtidige utgifter ved å konvertere lån til stipend ved gjennomført utdanning, medan rekneskapa på kap. 5310 post 93 viser den faktiske omgjeringa av studielån til stipend for det aktuelle året.

Utgiftene til dei andre stipenda, slik dei kjem fram på kap. 2410 postane 70 og 71 i Lånekassens rekneskap, inkluderer derfor ikkje lån som er konverterte til stipend under konverteringsordninga. Skal ein få total oversikt over dei samla stipendutgiftene, må lån som er gjorde om til stipend leggjast til stipendutgiftene som kjem fram i Lånekassens rekneskap. Ved å sjå kap. 5310 post 93 og kap. 2410 postane 70 og 71 i samanheng ser ein dette.

For 2008 vart om lag 3,1 mrd. kroner betalte ut som andre stipend. Om lag 4,1 mrd. kroner vart konverterte frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla utgiftene knytte til stipend i 2008 vart dermed om lag 7,2 mrd. kroner.

For 2010 anslår ein at det vil bli betalt ut om lag 3,2 mrd. kroner i stipend, og at det vil bli konvertert lån til stipend tilsvarende om lag 4,1 mrd. kroner. Dei samla utgiftene til stipend er med dette anslått til om lag 7,3 mrd. kroner i 2010.

Rapport for 2008–09

Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. Lånekassen hadde per 1. januar 2009 om lag 820 000 kundar. Av desse er om lag 530 000 i tilbakebetalingsfasen. I undervisningsåret 2008–09 var det om lag 450 000 elevar og studentar med støtte rett i Lånekassen. Av desse fekk over 300 000 støtte frå Lånekassen.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var i undervisningsåret 2008–09 på 17,4 mrd. kroner. Av dette vart i overkant av 3 mrd. kroner utbetalte som stipend, sjå tabell 4.25 for fordeling på dei ulike stipendformene. 14,3 mrd. kroner vart i undervisningsåret 2008–09 utbetalte som lån.

I dei tre tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i tala på kundar i Lånekassen og kunderelevante forhold både for dei kundane som får støtte, og for dei som er i ein tilbakebetalingsfase.

Tabell 4.25 gir ei oversikt over kor mange som har motteke ulike stipendtypar dei to siste undervisningsåra, samt kor mykje Lånekassen har tildelt i stipend.

Tabell 4.24 Hovudtal for tildeling dei fire siste undervisningsåra

	2005–06	2006–07	2007–08	2008–09
Tal på elevar/studentar i utdanning med rett til å søkje støtte ¹	438 287	433 771	441 463	449 658
Tal på støttemottakarar	276 672	271 273	289 575	303 468
Tal på støttesøkjjarar ²	300 726	296 000	314 886	329 666
Tal på stipendmottakarar ³	145 386	143 457	166 980	187 723
Tal på lånesøkjjarar ⁴	191 470	187 659	181 127	180 394
Tal på lånemottakarar	201 643	195 336	188 278	186 752
Totalt utbetalt stipend og lån (i mill. kroner)	16 895	17 212	17 062	17 361
Sum stipend (i mill. kroner)	3 133	3 060	3 049	3 012
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	21 549	21 333	18 260	16 404
Sum lån (i mill. kroner)	13 762	14 152	14 013	14 349
Gjennomsnittslån (i kroner) (før konvertering)	67 912	72 084	74 007	76 438

¹ Talet er basert på tal på elevar i vidaregåande opplæring, tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) over studentar i Noreg og Lånekassens egne tal på studentar i utlandet. Tala for heile tidsserien er revidert i høve til tidlegare proposisjonar ved at det har blitt brukt tal frå DBH, i tillegg til at utanlandsstudentane er inkluderte. Desse tala gir ei noko meir presis oversikt over dei som har rett til å søkje støtte, enn det dei tidlegare oppgitte tala gav.

² Auken i talet på støttesøkjjarar frå 2006–07 skyldast den gradvise innføringa av utstyrsstipendet.

³ Dette er talet på stipendmottakarar eksklusive dei som mottek konverteringsstipend. Det er ikkje med her fordi konvertering blir gitt først etter at eit visst antal studiepoeng er avlagd. Konverteringsstipend inngår derfor ikkje i den ordinære stipendutbetalinga.

⁴ Dei som berre søker om utdanningsstipend får støtta utbetalt som lån. Desse søkjjarane blir registrerte som låntakarar og ikkje som lånesøkjjarar i systema til Lånekassen. Dette er årsaka til at det i tabellen ser ut til å vere fleire lånemottakarar enn lånesøkjjarar.

Tabell 4.25 Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2007–08	2008–09	2007–08	2008–09
Grunnstipend	63 811	63 846	868	898
Bustipend	33 084	30 834	1 081	1 032
Læremiddelstipend	41 321	27 285	141	95
Utstyrsstipend	52 208	85 274	65	99
Flyktningsstipend	1 067	1 060	54	54
Stipend til skolepengar/gebyrstipend	9 689	10 186	232	244
Tilleggsstipend	731	703	21	18
Språkstipend	610	509	9	8
Reisestipend, innland og Norden	38 577	43 805	51	53
Reisestipend utanfor Norden	16 798	17 325	93	93
Reisestipend i Noreg til utanlandsstudentar	5 109	5 257	5	5
Reisestipend, kvoteordninga	825	820	5	5
Omgjering av lån til stipend ved sjukdom	702	700	16	16
Fødselsstipend	3 915	3 923	209	214
Forsørgjarstipend	12 869	11 258	198	178
Totalt	281 316	302 785	3 049	3 012

Tabellen under gir informasjon knytt til kundar i Lånekassen som er i ein tilbakebetalingsfase, og

informasjon om rentestønad til studentar under utdanning m.m.

Tabell 4.26 Hovudtal for tilbakebetaling dei fire siste åra

	2005	2006	2007	2008
Tal på tilbakebetalande låntakarar	492 077	506 241	519 297	530 700
Renteberande lån (i mill. kroner)	60 066	64 036	68 282	72 594
Betalte renter (i mill. kroner)	2 337	2 326	2 907	3 945
Avdrag (i mill. kroner)	4 413	5 021	5 235	4 877
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	402	299	271	206
Rentestønad (i mill. kroner)	774	929	1 231	1 586
Uteståande lån (i mill. kroner)	84 826	89 227	93 600	98 468
Uteståande renter (i mill. kroner)	2 408	2 269	2 460	2 906

Budsjettforslag for 2010 for kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Endringar i støttebudsjettet for Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla nedanfor. Administrasjonsbudsjettet i Lånekassen og moderniseringa av verksemda er behandla samla under kap. 2410 post 01 og post 45.

Forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter, som skal gjelde frå 1. januar 2010, og *Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte*, som skal gjelde frå undervisningsåret 2010–11, blir sende ut til alminneleg høring medio oktober 2009. Forslaget til forskrift er i tråd med budsjettforslaget.

Departementet foreslår at alle satsane i utdanningsstøtteordningane blir auka med 1,6 pst. frå undervisningsåret 2010–11. Foreslåtte løyvingsemdringar ut over dette og dei forslaga som blir omtalte nedanfor, kjem av endra tal på støttemottakarar og/eller endra renteføresetnader, samt tekniske budsjettendringar.

Regjeringa ønskjer auka mobilitet blant norske studentar og auka internasjonalisering i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr. 14 (2008–2009). Departementet foreslår nokre justeringar i regelverket for tildeling av utdanningsstøtte for å redusere barrierane for å ta høgere utdanning i utlandet. For å få utdanningsstøtte til utdanning i land utanfor Norden må studenten i dag ha generell studiekompetanse i Noreg før utdanninga i utlandet startar. Departementet foreslår å endre regelverket slik at det blir gitt utdanningsstøtte til studentar i land utanfor Norden frå og med semesteret etter at generell studiekompetanse i Noreg er oppnådd.

Vidare blir det foreslått å fjerne vilkåret for tildeling av utdanningsstøtte i land utanfor Norden som seier at både utdanninga og institusjonen studentar tek utdanninga ved, må vere offentleg godkjende i studielandet. Departementet meiner det bør vere tilstrekkeleg kvalitetssikring av gradsutdanning i land utanfor Norden at NOKUT kan godkjenne utdanninga. For delstudium er det tilstrekkeleg kvalitetssikring at den norske lærestaden godkjenner delstudiet som del av den utdanninga studentane er i gang med i Noreg. Departementet foreslår å løyve om lag 0,8 mill. kroner til desse tiltaka for auka studentmobilitet.

Elevar som deltek i samarbeidsopplegg mellom norsk og utanlandsk vidaregåande skole, og som tek del av vidaregåande opplæring ved den utanlandske skolen, kan få utdanningsstøtte dersom samarbeidsopplegget er særskilt godkjent av departementet og det er løyvt midlar over statsbudsjettet. Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 266, 13. desember 2007 i Budsjettinnst. S. nr. 12 (2007–2008), jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008):

«Stortinget ber Regjeringen i forbindelse med stortingsmeldingen om internasjonalisering vurdere en opptrapping av rammen i Statens lånekasse for utdanning slik at nye søkerskoler kan innlemmes i støtteordningen for elever som tar deler av sin videregående opplæring i utlandet.»

Departementet foreslår å auke løyvinga med om lag 0,9 mill. kroner for at inntil éi elevgruppe frå Elvebakken vidaregåande skole i Oslo får støtte til å ta det andre året av vidaregåande opplæring ved

York College i England, og inntil éi elevgruppe frå Troms fylke får støtte til å ta det tredje året av vidaregåande opplæring ved Norsk-russisk vidaregåande skole i Murmansk. Dette er i samsvar med ambisjonen til Regjeringa om auka internasjonalsering av grunnopplæringa og ei oppfølging av varsla tiltak i St.meld. nr. 14 (2008–2009).

For å leggje betre til rette for nye kvotestudentar ved oppstart av utdanninga foreslår departementet å løyve 7,5 mill. kroner til ei ordning der studentane får utbetalt eit startstipend tilsvarande basisstøtte i to månader når dei kjem til lærestaden i Noreg. Mange kvotestudentar er i dag i ein vanskeleg situasjon fordi det kan ta lang tid frå dei kjem til Noreg før dei får utbetalt utdanningsstøtte, ettersom dei må ha fødselsnummer og bankkonto for å søkje støtte. Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen bad i samband med behandlinga av St.meld. nr. 14 (2008–2009) Regjeringa om å setje i verk tiltak for å fjerne hindringar for utbetaling av støtte til kvotestudentar. Den nye ordninga vil sørgje for at kvotestudentane får utbetalt støtte frå Lånekassen langt raskare enn i dag.

Departementet foreslår ytterlegare to tiltak for å betre situasjonen for kvotestudentane. Det blir foreslått å opne for støtte til ei heimreise den første sommaren for kvotestudentane som startar utdanninga i vårsemesteret. Vidare foreslår departementet å opne for utdanningsstøtte om sommaren for kvotestudentar som er forseinka i det siste semesteret i utdanninga, og som kan fullføre utdanninga i løpet av ein til to månader om sommaren. Kvotestudentar som i dag er forseinka i det siste semesteret, må forlengje utdanninga i haustsemesteret for å fullføre, ofte berre i ein til to månader. Desse tiltaka vil få budsjetteffekt først i 2011.

Departementet foreslår å heve aldersgrensa for rett til sjukestipend for elevar og studentar med sjuke barn frå ti til tolv år. Den nye aldersgrensa vil vere i tråd med aldersgrensa for rett til omsorgspengar for sjuke barn etter reglane i folketrygdlova. Tiltaket får budsjetteffekt først i 2011.

I regelverket for utdanningsstøtte kan Lånekassen i dag ved behovsprøving av stipend mot formue sjå bort frå formue og inntekt som består av erstatnings- og forsikringsutbetaling som følgje av personskade. Departementet foreslår at heller ikkje formue og inntekt som består av forsikringsutbetaling ved kritisk sjukdom, skal telje med ved behovsprøvinga.

Fylkeskommunar tilbyr elevar i vidaregåande opplæring med særlege behov spesiell tilrettelegging ved knutepunktskolar. I dag får søkjarar som bur i institusjon, ikkje støtte gjennom Lånekassen. Når kostnadene til nødvendig utstyr ikkje blir

dekte av fylkeskommunen eller av andre offentlege midlar, meiner departementet at elevane bør få utstyrstipend gjennom Lånekassen på lik linje med andre elevar i vidaregåande opplæring. Det blir derfor foreslått å innføre eit unntak i regelverket som gir grunnlag for å tildele utstyrstipend til elevar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, når dette ikkje blir dekt av fylkeskommunen eller andre. Departementet foreslår å løyve om lag 0,2 mill. kroner til dette tiltaket.

I 2009 vart det innført ei ordning for avskrivning av utdanningsgjeld for låntakarar som fullførte visse lærarutdanningar innanfor realfag eller språk. Ordninga blir no foreslått utvida med utdanningar i samiske språk. Formålet med tiltaket er å stimulere til at fleire tek samisk lærarutdanning eller får kompetanse i samisk som del av lærarutdanninga. Departementet foreslår å løyve om lag 1,5 mill. kroner til tiltaket. Departementet gir nærmare forskrifter om kven som fell inn under ordninga. Sjå nærmare omtale under kategori 07.60, kap. 260 post 50.

Søkjarar som går direkte over i kurs for å få generell studiekompetanse etter avslutta vidaregåande opplæring, får støtte etter ordninga for elevar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring. Søkjarar som ikkje går direkte over i desse kursa, får derimot støtte etter ordninga som gjeld søkjarar i høgre utdanning og fagskoleutdanning, folkehøgskoleutdanning og anna utdanning som ikkje er omfatta av opplæringslova § 3-1. Departementet meiner det ikkje er stor prinsipiell skilnad mellom desse gruppene søkjarar. For å sikre likebehandling blir det foreslått at alle søkjarar som går direkte over i kurs for å få generell studiekompetanse etter avslutta vidaregåande opplæring, får støtte etter den delen av regelverket som gjeld høgre utdanning og fagskoleutdanning, folkehøgskoleutdanning og annan utdanning som ikkje er omfatta av opplæringslova § 3-1. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga til stipend med om lag 0,3 mill. kroner, samstundes som løyvinga til lån blir foreslått auka med om lag 7 mill. kroner som følgje av endringa.

Formålet med foreldrestipendet er å sikre at elevar og studentar som får barn i studietida, ikkje skal få meir utdanningsgjeld som følgje av dette. Regjeringa foreslår at foreldrestipendet blir rekna ut på grunnlag av den studiebelastninga søkjaren har hatt i oppteningsperioden. I dag er det den planlagde studiebelastninga etter fødsel som er grunnlaget for utrekning av foreldrestipendet. Ei slik endring harmonerer med reglane for foreldrepenget gjennom folketrygda. Forslaget inneber at løyvinga blir redusert med om lag 0,4 mill. kroner.

Tekniske budsjett- og rekneskapsmessige presiseringar/endringar

I Dokument nr. 1 for rekneskapsåra 2005 og 2006 peikte Riksrevisjonen på følgjande:

«Lånekassens årsregnskap er presentert med en sammenblanding av periodiseringsprinsippet og kontantprinsippet. Manglende konsistens i bruk av regnskapsprinsipp fører til at regnskapet for Lånekassen gir ufullstendig informasjon til brukerne og svekket styringsinformasjon.»

Dette førte til at regjeringa har teke initiativ til å få vurdert dagens praksis og behov for å etablere felles løysingar for kapitalforvaltninga og føringa av rekneskapen i forvaltningseiningane Statens Lånekasse for utdanning, Husbanken og bustadlånordninga i Statens pensjonskasse. Vidare er det vurdert eit meir likt teknisk rammeverk for fastsetjing av flytande og faste renter i statlege utlånsordningar knytte til desse tre forvaltningseiningane.

Lånekassen, Husbanken og bustadlånordninga i Statens Pensjonskasse er i dag ein del av staten som ordinære forvaltningseiningar. Desse institusjonane administrerer statlege utlån etter reglar og føresetnader fastsette av Stortinget. Renteinntekter på utlåna går til staten sentralt, på eigne kapittel i statsbudsjettet/ statsrekneskapen.

Forvaltningseiningane har ikkje «eigne» innlån eller midlar til disposisjon. Drifta, rentestøtte og ettergiving, og eventuelle tap blir såleis dekte av staten sjølv. I det budsjettssystemet vi har i dag, er det ein føresetnad at forvaltningseiningane sørgjer for at alle utlåna med fastsette renter blir betalte tilbake til staten. Den enkelte forvaltningseininga må derfor få ulike tilskott frå staten for å kunne dekkje tap/kostnader på utlåna, slik at forvaltningseiningane deretter skal kunne betale alle uteståande fordringar med renter tilbake til staten.

På denne bakgrunnen er det i statsbudsjettet for 2010 lagt til grunn at:

- Renteinntekter skal budsjetterast og rekneskapsførast ut frå opptente renter i kalenderåret. Under kvar enkelt post i fagproposisjonane skal samanhengen mellom opptente og innbetalte renter forklarast. Alle kostnader og andre inntekter enn renter skal førast etter kontantprinsippet.
- Kvar enkelt forvaltningseining vil ha eigne tilskottsposter (70-poster) for å dekke tap/kostnader knytte til manglende innbetaling frå kundane i budsjetterminen. Under kvar post vil det bli forklart kva som vil gå til dekking av man-

glende avdrag og opptente renter i inneverande budsjettermin.

For kostnadene knytte til konvertering av utdanningslån til stipend under Lånekassen, vil ordninga med fondsavsetningar på 50-post det året lånet blir gitt, bli vidareført.

Fram til neste års forslag til statsbudsjett vil det bli arbeidd vidare med anslag for verkeleg verdi (noverdi) av fordringar staten har i dei ulike låneordningane.

Dei rekneskapsmessige tilrådingane har inga økonomisk verknad for staten, sidan det ikkje blir foreslått konkrete endringar av dei utlånsvilkåra som gjeld i dag. Forslaga gir ei meir systematisk og betre samanstilling av den økonomiske informasjonen, noko som vil kunne gi betre styringsinformasjon i framtida.

For Lånekassen oppstår det ein eingongseffekt knytt til endra periodisering for gebyra. Lånekassen har i statsregnskapsrapporteringa hittil periodisert renter og gebyr basert på kalenderåret. Gebyr blir heretter definert som ei ordinær inntekt, og skal derfor følgje kontantprinsippet. Dette vil gi endra bokført verdi av dei samla utlåna i Lånekassen pr. 1. januar 2010 på om lag 4 mill. kroner. Denne eingongseffekten er reint rekneskapsmessig, og har ikkje nokon innverknad på den reelle økonomiske situasjonen til staten.

Av omsyn til konsistens i budsjett og rekneskap mellom åra og for å få lik handsaming av omlegginga for alle forvaltningseiningane for statlege utlån, blir det foreslått at slike eingongseffektar blir handtert via den sentrale balansekontoen til staten (konto for forskyvingar i balansen). Det blir foreslått at dette skal gjennomførast ved at inngåande balanse for dei totale utlåna til staten i statsrekneskapen for 2010 blir regulert i samsvar med det som er det totale utlånet ved utgangen av 2009, eksklusive berekna gebyr, og basert på det endra føringssystemet, jf. forslag til vedtak IV nr. 6.

Likt rammeverk for faste og flytande renter

Departementet foreslår at både den flytande og faste renta i Lånekassen frå 1. juli 2010 skal fastsettast seks gonger i året, mot tidlegare fire gonger i året. Dette betyr at observasjonsperioden blir endra frå tre til to månader. Ny rente trer i kraft to månader etter avslutta observasjonsperiode. Flytande rente i Lånekassen frå 1. juli 2010 vil ta utgangspunkt i observerte renter frå mars og april 2010. Observasjonsperiodane blir dei same som observasjonsperiodane for normrenta.

Ny fastrente vil gjelde frå første månad etter avslutta observasjonsperiode, det vil seie at fast-

rentene frå 1. juli 2010 er berekna ut frå observasjonar i mai 2010. Kundane i Lånekassen må med bindande verknad bestemme seg tolv dagar etter avslutta observasjonsperiode. Ved vidareføring av fastrenteavtaler må kundane bestemme seg innan 24 dagar etter avslutta observasjonsperiode.

Det blir foreslått å føre vidare rentemarginen på eitt prosentpoeng.

Dette legg til rette for at rentebanen i Lånekassen vil følgje renteutviklinga i marknaden i større grad enn i dag. Fastrentetilbod vil også bli gitt seks gonger i året mot fire gonger i dag.

For å auke fleksibiliteten i tilbakebetalingsfasen foreslår departementet å gjere det mogleg å gå ut av fastrenteavtalar etter berekning av over- eller underkurs. Berekning av over- og underkurs ved overgang frå fast til flytande rente skal gjerast etter § 10 i forskrift om låneavtaler av 11. februar 2002 til Finansavtaleloven.

Konkrete definisjonar og metodebeskrivingar for berekning av fast og flytande rente skal leggst ut på forvaltningseiningane sine internettsider, saman med kvalitetssikra renteobservasjonar av fast og flytande rente. Med utgangpunkt i renteobservasjonane skal det bereknast ei årleg effektiv rente og aktuelle nominelle renter etter betalingsfrekvens. Dette gir moglegheit for at kvar enkelt låntakar sjølv kan kontrollere at ein betaler korrekt rente.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45 og Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på post 01 omfattar midlar til drift av Lånekassen. Løyvinga på post 45 omfattar midlar til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, mellom anna kostnader i samband med moderniseringsarbeidet i Lånekassen.

Rapport for 2008–09

Det vart i 2008 sett mål til kundanes bruk av elektronisk tilpassa løysingar og til kundebehandlinga. Det vart òg sett mål for forvaltninga av utdanningsstøtteordninga og til moderniseringsarbeidet i Lånekassen (LØFT).

Samla sett har Lånekassen ei tilfredsstillande måloppnåing i 2008. Talet på studentar, elever og lærlingar som søker støtte og som får svar i august (før eller ved starten av utdanninga), auka med 25 pst. i 2008. Likevel vart ikkje målet for gjennomsnittleg saksbehandlingstid nådd. Målet vart sett til ni dagar for både tildelings- og tilbakebetalings-

saker i 2008, men resultatet vart høvesvis elleve og 14 dagar. Det vart vidare sett mål om at 90 pst. av dei som ringde Lånekassen, skulle få svar. Resultatet vart 74 pst. i 2008. Trass i at kravet ikkje vart innfridd, er resultatet betre enn i 2007. Gjennomsnittleg svartid var på seks dagar for førespurnader per e-post, medan kravet var tre dagar. Første halvår i 2009 viser ei positiv utvikling med ein svarprosent på vel 80 på telefon og ein til to dagar behandlingstid for e-postkontakt.

Når det gjeld utviklinga og bruken av nettsøknader, er målet nådd. 66 pst. av søknadene om lån og stipend som Lånekassen mottok i 2008, var nettsøknader. Lånekassen har arbeidd vidare med å utvikle gode elektroniske løysingar for søknader om utdanningsstøtte og betalingslette. I 2008 vart det innført nettsøknad for fleirtalet av elevane og lærlingane i vidaregåande opplæring – ei kundegruppe på om lag 180 000 elevar. Det vart òg innført ei ny og sikrare e-postløysing. For undervisningsåret 2009–10 blir det etablert nettsøknad for alle som søker om lån og stipend.

Lånekassen har forvalta utdanningsstøtteordningane på ein god måte. Måloppnåinga knytt til produktivitet og effektivitet har halde fram i den same positive trenden som i dei seinare åra. Det er spesielt positivt at talet på manuelle saker framleis går ned, og at det er utvikla alternative kanalar for å kontakte Lånekassen. Departementet vurderer det òg slik at målet om påliteleg og høg kvalitet i forvaltninga av utdanningsstøtteordningane er nådd.

Når det gjeld moderniseringsarbeidet i Lånekassen, inngjekk Lånekassen i april 2008 kontrakt med leverandør for gjennomføring av hovudfase ein og to av totalt tre hovudfasar for LØFT Modulis (ny IKT-løysing som er hovudprosjektet i moderniseringsarbeidet). I hovudfase ein har det oppstått eit tidsavvik på om lag eit halvt år, men det er ikkje rapportert noko avvik i kostnadene eller kvaliteten. Lånekassen har innfridd kravet til si eiga finansiering i 2008, og ligg an til å nå kravet i 2009. Dei to gjenståande hovudfasane er førebels skyvde tilsvarende fram i tid, og forventta sluttidspunkt for moderniseringsarbeidet er første halvår 2012.

I St.meld. nr. 12 (2003–2004) *Om modernisering av Statens lånekasse for utdanning* er Kjernelånekassen omtalt som ein strategi for å oppnå målsetjingane med moderniseringsprogrammet. Denne strategien inneber at Lånekassen skal konsentrere verksemda si om kjerneoppgåvene og setje bort arbeid som ikkje inngår i desse oppgåvene. Departementet vurderer denne strategien som langt på veg realisert i 2009.

Mål for 2010

Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane på ein effektiv, sikker og kvalitetsmessig god måte. Samtidig skal Lånekassen tilby kundane effektive og tilgjengelige løysingar. Lånekassen skal nå måla med moderniseringsarbeidet innanfor tids- og kostnadsrammene fastsette i gjeldande styringsdokument.

Budsjettforslag for 2010

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 blir ført vidare på same nivå som i 2009. Som tidlegare vil nokre av midlane på posten bli disponerte av departementet, og mellom anna bli nytta til departementet sitt arbeid i samband med oppfølging av moderniseringsarbeidet. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 5310 post 03, jf. forslag til vedtak II nr. 1. I 2010 vil Lånekassen få auka kostnader knytt til mellom anna pensjonskostnader. Departementet vil i dialog med Lånekassen vurdere korleis eventuelle reduserte ressursar til saksbehandling med meir som følgje av auka kostnader skal handterast.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 2410 post 45 med om lag 20,2 mill. kroner til moderniseringsarbeidet i Lånekassen, i tråd med gjeldande finansieringsplan, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008). Lånekassen vil i 2010 ha behov for å inngå kontrakt med leverandør om leveransar som krev at Lånekassen forpliktar seg økonomisk ut over den løyvinga som er foreslått for 2010. I samband med behovet Lånekassen har for å inngå kontraktar i 2010, foreslår departementet ei fullmakt til å inngå kontrakt med leverandør, jf. forslag til vedtak IV nr. 5. I samband med vedtaket om å sette i gang moderniseringsarbeidet i Lånekassen, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008), vart det satt krav til Lånekassen si eiga finansiering av LØFT. Det er stilt eit ambisiøst krav til Lånekassen si eiga finansiering der nær halvparten av styringsramma skal finansierast av Lånekassen sjølve. Departementet vil vurdere samansetninga i finansieringa av LØFT.

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til elevar og studentar blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Ordninga gjeld ikkje for unge elevar i vanleg vidaregåande

opplæring. Løyvinga på post 50 skal dekkje avsetning til framtidige utgifter ved å konvertere lån til stipend ved gjennomført utdanning. Ved budsjettering av posten blir det lagt til grunn at ti pst. av studentane som får lån, ikkje tek eksamen og derfor ikkje får konvertert lånet til stipend. Avsetninga er altså redusert for den delen av låna som ikkje er forventa å bli konverterte. Budsjetteringa tek også høgde for at midlar blir tilbakeførte til fondet i samband med likningskontrollen.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekkje utdanningsstipend i støtteordninga for unge elevar som tek vanleg vidaregåande opplæring med rett etter opplæringslova § 3-1, mellom anna forsørgjarstipend, fødselsstipend, sjukestipend og flyktningstipend.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld mellom anna tilskott til reiser (reisestipend), skolepengar i land utanfor Norden (skolepengestøtte og tilleggsstipend), førebuaende språkkurs i utlandet og skolepengar til elevar ved utanlandske eller internasjonale skolar.

Post 72 Rentestønad, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden med at studielåna er rentefrie i studietida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Det er berekna om lag 862 mill. kroner i rentestøtte i 2010.

Regelverket i Lånekassen gir vidare høve til rentefritak på særskilde vilkår i samband med tilbakebetalinga. Dette rentefritaket vart tidlegare ført på denne posten, men er frå 2010 flytt til post 73, då rentefritaket under tilbakebetalinga blir sett i samband med andre avskrivningar studentar etter forskrifta har rett på, jf. omtale under denne posten.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på posten omfattar blant anna avskrivning grunna død og sjukdom, lærarutdanning og busetting og arbeid i Finnmark. Alle ordningane er fastsett i forskrifta som noko studentar har rett på.

Oversikten under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.27 Avskrivningselement

Tiltak	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
Sjukdom	19 270	45 000	46 000
Dødsfall	48 658	45 000	51 000
Automatisk avskrivning	1 347	1 400	1 400
Avskrivning lærarutdanning	20 939	20 000	21 500
Finnmarks-avskrivning	105 637	103 700	115 600
Avskrivning studentar frå Aust-Europa/u-land	27 250	35 800	28 600
Rentefritak			106 000
<i>Sum</i>	<i>224 101</i>	<i>251 050</i>	<i>370 100</i>

Ordninga med ettergiving av utdanningslån for kandidatar som har fullført langvarig universitets- og høgskoleutdanning (hovudfagsavskrivninga), er avvikla frå 2008. Restgjeld blir automatisk avskrive når restbeløp er under minimumsbeløpet for innkrevjing i forskriftene.

Rentefritak som blir gitt i den perioden studielånet er under tilbakebetaling, vart fram til 2010 ført under post 72. Slike rentefritak blir frå 2010 førte under post 73 og blir sett i samanheng med dei andre avskrivningane på posten som studentar etter forskrifta har rett på. For 2010 er dette beløpet berekna til 106 mill. kroner.

Av samla avskrivning på 370 mill. kroner reknar ein med at om lag 251 mill. kroner vil utgjere den opphavlege hovudstolen av dei avskrivne låna. Dei

resterande avskrivningane fordeler seg med 79 mill. kroner frå renter i 2010 og 40 mill. kroner i renter frå tidlegare periodar.

Avskrivningane på post 73 er heimla i forskriftene til Lånekassen og i lov om utdanningsstøtte nr. 37 av 3. juni 2005.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekkjer avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne rekneskapsmessig som tap i Lånekassen når dei blir overførde permanent til Statens innkrevjingssentral.

Oversikten under viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.28 Tapselement

Tiltak	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
SI-Permanent	306 773	295 000	295 000
Andre forhold	6 086	9 900	9 900
Lån etter gjeldsordning	16 775	30 000	30 000
<i>Sum</i>	<i>329 634</i>	<i>334 900</i>	<i>334 900</i>

Den opphavlege hovudstolen er berekna å utgjere om lag 226 mill. kroner, medan renter frå tidlegare periodar utgjer om lag 99 mill. kroner i 2010. Årets renter på tap/kostnadsfordringane er berekna å utgjere om lag 10 mill. kroner i 2010.

Lånekassen har eit samarbeid med Statens innkrevjingssentral (SI) om innkrevjing av uteståande krav. Kunder som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling (varsel om oppseiing), får lånet førebels overført til SI. Dersom SIs arbeid fører

fram og kunden kjem à jour med betalningar, vert saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet, som ligg i reskontro hos Lånekassen i den perioden SI arbeider med innkrevjinga. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, at kravet rekneskapsmessig vert overført til SI.

Utdanningsstøtteleven § 13 og forskrifter gitt i medhald av lova gir heimel for overføring av fordringar til Statens innkrevjingssentral ved vedvarande

og grovt mislighald. Ei overføring av kravet til SI medfører tap av rettar gitte i medhald av denne lova.

Etter gjeldande forskrift § 7-6 siste ledd blir lånet rekna for «vedvarande og grovt misleghalde» når gjelda har vore oppsagd i tre år. Ved overføringa tek SI over innkrevjingsoppgåvene i sin heilskap og gjer tvangsinnkrevjing i form av utleggstrekk i lønn eller trygd og/eller utleggspant i andre formuesgode. I tillegg behandlar SI søknader om ettergiving samt rettsleg og utanrettsleg gjeldsordning. SI gjer også innkrevjing overfor låntakarar busette i utlandet.

Utdanningsstøtteleovens § 14 første ledd gir heimel til å «delta i forhandlingar om gjeldsordningar etter gjeldsordningsloven», samt «delta i utanrettslige gjeldsforhandlingar». Både SI og Lånekassen handterer gjeldsordningssaker Lånekassen gjer dette med dei oppsagde lån som ikkje er overførte SI permanent. Nærmare reglar om ettergiving er gitt i forskriftene kapittel 9 (fordringar som ikkje er moglege å drive inn). Ved vurdering av søknad om ettergiving skal det

«leggast vekt på hvilke tiltak som har vært gjennomført i saken, og det skal vurderast hvilke tiltak som vil være mest hensiktsmessige for innkrevningen i framtida. Låntakaren kan ikke få ettergiving dersom det vil virke støytande», jf. § 9-1 andre ledd.

Ved utgangen av 2008 er det overført totalt 85 502 krav til SI med eit samla beløp på 4,4 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 1,6 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2008 for permanent overførte studielån vart på 209 mill. kroner mot 216,8 mill. kroner i 2007 og 166,5 mill. kroner i 2006. I same periode vart det overført lån permanent frå Lånekassen til SI på

306,7 mill. kroner i 2008, 285,7 mill. kroner i 2007 og 397,3 mill. kroner i 2006.

Innkrevjinga til SI av overførte studielån er berekna til 200 mill. kroner i 2010.

Post 76 Startstipend for kvotestudentar

Løyvinga på posten dekkjer den nye utbetalingsordninga for kvotestudentar med utbetaling av stipend tilsvarande støtte i to månader når dei kjem til lærestaden i Noreg for første gong, sjå omtale under budsjettforslag for 2010.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer Lånekassens totale utlånsbehov til studentar og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalt ved utgangen av året.

Tidlegare vart berekna renter som vart betalt i året også ført på denne posten, med ein tilsvarande motpost på inntektsida under kap. 5310, post 90. Dette er endra frå 2010 ved at begge løyvingane blir nedjustert slik at det berre er dei rentene som ikkje vert betalt ved utgangen av budsjettåret som er synlege på denne posten som auke i låneløyvinga.

Endringa inneber ikkje endringar for korleis renteinntektene blir førde på post 80.

Nye utlån til kundar er berekna å utgjere om lag 15,377 mrd. kroner, medan utlån til ubetalte renter er berekna å utgjere om lag 1,027 mrd. kroner slik at den totale løyvinga på posten blir om lag 16,4 mrd. kroner i 2010.

Varsla gebyr blir frå 2010 ikkje lenger ført på denne posten.

Det blir foreslått at ordninga med ekstra lån til studentar som tek eit sommarsemester, blir førd vidare i 2010, jf. forslag til vedtak III nr. 4.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
03	Diverse inntekter	4 384		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	18 000	24 000	24 000
16	Refusjon av foreldrepengar	2 233		
18	Refusjon av sjukepengar	4 803		
29	Termingebyr		28 900	29 478
72	Gebyr	131 569		
89	Purregebyr		96 200	92 000
90	Redusert lån og rentegjeld	9 420 289	10 955 500	7 685 500
91	Tap og avskrivningar	441 273	447 100	
93	Omgjering av studielån til stipend	3 935 970	4 158 700	4 134 200
	Sum kap. 5310	13 958 521	15 710 400	11 965 178

Post 03 gjeld i hovudsak refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Det er Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til Lånekassen over kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

Post 29 gjeld gebyr i samband med utsending av varsling ved terminforfall. Post 89 gjeld gebyr i samband med utsending av andregongsvarsel og ved varsel om oppseiing. Kundar som vel e-faktura, blir ikkje belasta med gebyr ved førstegongsvarsel. Gebyr ved andregongsvarsel på kr 280 og tredje-gongsvarsel (varsel om oppseiing) på kr 490 vil vere dei same for kundar som bruker e-faktura, som for kundar som vel papirfaktura.

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år.

Avskrivne og betalte renter er frå 2010 splitta i avskrivne og betalte renter inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Avskrivning av ikkje-renteberande lån samt avskrivning av renteberande lån over kap. 2410 postane 73 og 74, som tidlegare vart ført på post 91, blir frå 2010 førte på denne posten.

Tilbakebetaling av opphavleg hovudstol er berekna å utgjere om lag 6,326 mrd. kroner i 2010. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna å utgjere om lag 743 mill. kroner i 2010.

Tilbakebetaling frå tap/kostnadsløyvingar utgjer om lag 615 mill. kroner (omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidligare periodar, spesifisert på kap. 2410, postane 73 og 74).

Innbetalte gebyr og rentefritak blir frå 2010 ikkje lenger førte på denne posten.

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (Konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, jf. kap. 2410 post 50.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2008	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
80	Renter	5 898 829	6 763 305	3 788 500
	Sum kap. 5617	5 898 829	6 763 305	3 788 500

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kunder i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyva på tilskotspostar til å dekkje statens kostnader på lån som er rentefrie under utdanninga og på lån som er avskrivne.

Rentestøtta er berekna å utgjere om lag 862 mill. kroner, medan opptente og innbetalte ren-

ter frå kundane er berekna å utgjere om lag 1,8 mrd. kroner i 2010.

Opptente ikkje betalte renter frå kundane er berekna å utgjere om lag 1,027 mrd. kroner, medan årets renter frå tap/kostnadsløyvingar er berekna å utgjere om lag 89 mill. kroner i 2010.

Belasta gebyr blir frå 2010 ikkje lenger ført på denne posten.

Del III
Strategiar og oversikter

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

5.1 Innleiing

I statsbudsjettet 2010 blir det gitt totalt 23,6 mrd. kroner til forskning og utvikling, inkludert Skattefunn. I tillegg kjem 5 mrd. kroner i auka fondskapital i Fondet for forskning og nyskaping. To tredelar av avkastninga av den auka kapitalen er øyremerkte infrastruktur. Fordelinga av løyvingane i 2010 syner følgjande hovudprioriteringar: satsing på klimaforskning, forskning på fornybar energi, karbonfangst og -lagring, investering i forskingsinfrastruktur og regional forskning og verdiskaping.

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* stadfestar regjeringa at ein styrkt forskingsinnsats er naudsynt for at Noreg skal vere eit leiande kunnskapssamfunn i framtida. Regjeringa legg til grunn at norsk forskning er i framgang. Sidan 2005 har Noreg hatt ei positiv utvikling i både offentleg og privat FoU-innsats, og dei offentlege forskingsløyvingane har hatt ein gjennomsnittleg årleg realauke på 6,2 pst. I takt med dei auka løyvingane har også forskingsaktiviteten auka betrakteleg. I 2007 vart det utført 34 000 FoU-årsverk i Noreg, ein auke på meir enn ti pst. samanlikna med 2005. Rekruttering har vore høgt prioritert, og i 2008 var talet på avlagde doktorgrader rekordstort. Norske forskarar publiserer stadig meir, dei publiserte artiklane blir siterte stadig oftare internasjonalt og det internasjonale forskingssamarbeidet er aukande.

Men sjølv om utgangspunktet er godt, er det behov for ytterlegare styrking, klarare mål og nye tiltak dersom norsk forskning skal vere i stand til å møte behovet for forskingsbasert kunnskap i åra framover. Regjeringa ønskjer også å vri merksemda i forskingspolitikken frå ressursar over til resultat av innsatsen. Forsking handlar om meir enn ressursar, forskning handlar om å utvikle oss sjølve og samfunnet. BNP-målet har gjort at det viktigaste i forskingspolitikken har komme i skuggen – kva vi skal forske på, og korleis vi skal forske. Forsking er ein føresetnad og eit verkemiddel for å møte dei store utfordringane vi står overfor. Vi må ha eit så velfungerande forskingssystem at vi også finn svar på dei spørsmåla vi ikkje visste vi skulle stille. Den frie grunnforskninga er her ekstra viktig fordi ho gir ny innsikt og utfordrar etablerte sanningar. Ei brei satsing på grunnforskning er derfor eit naudsynt grunnlag for å skape eit kunnskapsbasert samfunn.

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) har regjeringa sett ni forskingspolitiske mål. Fem av måla er strategiske og retta mot at forsking skal bidra til å møte globale utfordringar, velferdsutfordringar, samt å leggje grunnlaget for verdiskaping i framtidas samfunn. Fire av måla er tverrgående og retta mot forskingssystemet: eit velfungerande forskingssystem, høg kvalitet i forsking, auka internasjonalisering av forsking og effektiv utnytting av ressursar til og resultat frå forsking.



Figur 5.1 Mål for norsk forskning

Det nye målbiletet inneber ei ny tilnærming i forskingspolitikken og reflekterer særleg kva forskingspolitikken skal bidra til. I den praktiske oppfølginga skal det takast i bruk ei rekkje verkemiddel. Måloppnåinga, resultatane av verkemidla, skal målast gjennom fleire ulike indikatorar, slik som talet på FoU-årsverk og talet på publiserte forskingsartiklar. Dei årlege forskingsbudsjetta skal byggje opp under dei ni forskingspolitiske måla og sikre at det blir ein samanheng mellom mål, varsla tiltak og faktisk fordeling av ressursar.

5.2 Dei fem strategiske måla:

Globale utfordringar

Norsk forskingspolitikk skal bidra til å løyse globale utfordringar med særleg vekt på klima, energi, miljø, hav og matvaretryggleik. Ei av dei største globale utfordringane vi no står framfor, er menneskeskapt klimaendringar. Noreg har føresetnader for å medverke vesentleg til å løyse desse kunnskapsutfordringane, men det er naudsynt med ein langsiktig og kraftig forskingsinnsats. Vi må derfor styrkje klimaforskinga og forskning på fornybar energi og karbonfangst og -lagring. Ei anna side av klimaendringane er tap av biologisk mangfald og endringane i havområda. Fokus på berekrafta til hav- og kystområda og nye rammevilkår for matproduksjon må vere ein viktig del av forskinga framover. Også nordområda er sentrale i denne samanhengen.

Betre helse og helsetenester

Norsk forskingspolitikk skal bidra til god helse, jamne ut sosiale helseskilnader og utvikle helsetenester av god kvalitet. Medisinsk og helsefagleg forskning har hatt og vil framleis ha høg prioritet i Noreg. Det å kunne tilby befolkninga eit godt helsetilbod er eit av dei mest grunnleggjande trekka ved ein godt fungerande velferdsstat. Den demografiske utviklinga gjer at vi står framfor ei rekkje utfordringar i velferdssektoren. Vi treng ein auka forskingsinnsats for å ta hand om både eldrebølgja og framveksten av nye livsstilssjukdommar. I tillegg er sosiale helseskilnader framleis ei utfordring, trass i at helsetilbodet i Noreg har auka kraftig dei siste åra. Ny forskingsbasert kunnskap er avgjerande for å sikre kvalitet i utdanning og yrkesutøving innanfor helsevesenet, for å utvikle ein meir effektiv velferdsstat og for å bidra til innovasjon i både offentleg og privat sektor.

Velferd og forskingsbasert profesjonsutøving

Norsk forskning skal bidra til ein forskingsbasert velferdspolitikkk og til forskingsbasert profesjonsutøving i yrka til velferdssektoren. Regjeringa ønskjer å utvikle velferdssamfunnet vidare. Forskingsbasert kunnskap om korleis velferdssamfunnet fungerer, er ein føresetnad for å få til dette. For å sikre kvalitet og attraktivitet for dei store yrkesgruppene som utfører kjerneoppgåvene i velferdsstaten, må forskinga støtte opp under både utføringa av desse yrka og forståinga av dei faglege utfordringane til yrkesgruppa. Forskingsbasert profesjonsutdanning blir eit sentralt verkemiddel. Utdanning er også svaret på mange utfordringar som velferdssamfunnet står overfor, og det er eit behov for forskning og dokumentasjon som kan styrkje ei kunnskapsbasert utvikling av fag- og yrkesopplæringa. St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* slår fast at ei forsterka satsing på forskning og dokumentasjon er naudsynt for å kunne setje i verk treffsikre tiltak. Gjennom forskingsprogrammet Utdanning 2020 vil ein styrkje område og tema det til no har vore forska lite på.

Kunnskapsbasert næringsliv i heile landet

Norsk forskingspolitikk skal bidra til eit kunnskapsbasert næringsliv i heile landet. Det å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er avgjerande for omstillingsevna vår og for å auke verdiskapinga i norsk økonomi i framtida. Regjeringa har som mål at Noreg skal bli ein av dei leiande, innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiane i verda innanfor dei områda der vi har føremon. Berekraftig verdiskaping i samfunnet er grunnlaget for velferda vår, og for vår evne til å bidra i kampen mot fattigdom og globale miljø- og klimaproblem. Evna verksemdene har til å få fram nye og lønnsame innovasjonar er avhengig av eit samspel mellom ei rekkje aktørar, regelverk, marknadsforhold og kunnskap frå ulike kjelder. Forsking spelar dermed ei sentral rolle i innovasjonsarbeidet til mange verksemdar. I ei usikker økonomisk tid er det ekstra viktig å satse langsiktig og systematisk på forskning og utvikling.

Næringsrelevant forskning på strategiske område

Norsk forskingspolitikk skal bidra til næringslivsrelevant forskning innanfor områda mat, marin og maritim verksemd, reiseliv, energi, miljø, bioteknologi, IKT og nye materialar/nanoteknologi. I samsvar med Soria Moria-erklæringa omfattar desse satsingsområda fem område der Noreg har ein særleg føremon, i tillegg til at dei prioriterte områ-

da mat, IKT og bioteknologi og nye materialar er førde vidare frå den førre forskingsmeldinga, St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*. Til saman dekkjer satsingane område der Noreg har eit særleg økonomisk og kunnskapsmessig føremøn, eller der vi har særlege behov. Satsingane skal også bidra til å utvikle ein grønare og meir kunnskapsbasert økonomi.

5.3 Dei fire tverrgående måla:

Eit velfungerande forskingssystem

Norsk forskingspolitikk skal bidra til eit velfungerande forskingssystem. Det norske forskingssystemet omfattar alle institusjonar og verksemder som utfører, finansierer og administrerer forskning. I tillegg kjem alle aktørar som samarbeider med desse om forskning. Eit velfungerande forskingssystem handlar mellom anna om å sikre tilstrekkeleg kapasitet, god balanse mellom samarbeid og konkurranse og gode system for kunnskapsoverføring. Regjeringa legg vekt på å sikre at Noregs forskingsråd fungerer best mogleg, og vil også rette merksemda mot ei meir systematisk oppfølging av ressursar og resultat. Regjeringa vil derfor etablere eit opplegg som skal syte for ein jamleg gjennomgang og analyse av status for måloppnåing. Ein skal også leggje grunnlaget for vurderingar knytte til om måla er fornuftige, innsatsen rimeleg og verkemidla godt utforma og effektive. Eit breitt sett av indikatorar og metodar må leggjast til grunn for vurderingane. Regjeringa har også som mål å utløyse regional verdiskaping i heile landet gjennom satsing på regional forskning og innovasjon.

Høg kvalitet i forskinga

Norsk forskingspolitikk skal bidra til høg kvalitet i forskinga. Dette er eit gjennomgåande mål for alle delar av forskingssystemet. Nøklane til å oppnå høg kvalitet ligg i tidsriktig vitskapleg infrastruktur og evna vi har til å mobilisere dei menneskelege ressursane som skal utføre forskinga. Kvaliteten på forskinga blir vurdert både ut ifrå om ho bringer med seg ny kunnskap, og ut ifrå eigenskapar som originalitet, soliditet, fagleg relevans og samfunnsmessig eller praktisk nytte. Både for samfunnet og for næringslivet er forskning av høg kvalitet i spiss og breidd heilt sentralt for vår evne til verdiskaping og omstilling. Satsing på fri grunnforskning av høg kvalitet er også eit naudsynt grunnlag for å realisere tematiske satsingar i forskingspolitikken. Sterke grunnforskingsmiljø er vidare ein føresetnad for god, forskingsbasert høgare utdanning.

Grunnforskning og forskarinitiert forskning blir særleg følgd opp gjennom løyvingane til universitet og høøgskolar, men finn også stad i instituttsektoren. Eit viktig verkemiddel i denne samanhengen er fri prosjektstøtte frå Noregs forskingsråd, som er den største nasjonale konkurransearenaen for frie, forskarinitierte prosjekt.

Internasjonalisering av forskinga

Norsk forskingspolitikk skal bidra til høg grad av internasjonalisering av forskinga. Alle land, men særleg små land som Noreg, har behov for god tilgang til kunnskap produsert i andre land og for deling av dei auka kostnadene knytte til moderne forskning, til dømes til forskingsinfrastruktur. Styrkt internasjonalisering av forskinga inkluderer mellom anna auka internasjonalt samarbeid i forskingsprosjekt, auka mobilitet for forskarane, Noreg som attraktivt vertsland for forskning og auka utnytting av nasjonale og internasjonale forskingsresultat. St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* stadfestar at vår evne til å tiltrekke oss gode internasjonale samarbeidspartnarar innanfor utdanning og forskning er avgjerande for utviklinga av vårt eige kunnskapssystem i åra som kjem. Ei internasjonalt retta utdanning, basert på god kvalitet og relevans – saman med auka internasjonal mobilitet i forskarutdanninga, er sentrale verkemiddel for å fremme forskingssamarbeid og gjere Noreg til ein attraktiv kunnskapsnasjon og samarbeidspartnar.

Effektiv utnytting av resultat og ressursar

Norsk forskning skal bidra til effektiv utnytting av forskingsresultata og forskingsressursane. Forskinga er til for å møte utfordringar og for å utvikle menneske og samfunn vidare. Derfor er det viktig at forskning tek vare på samfunnsmandatet på ein god måte, og at resultata av forskinga blir tilgjengelege for både samfunnet, næringslivet og resten av forskingssystemet. Effektiv utnytting av resultat og ressursar fordrar ei meir systematisk oppfølging av desse i norsk forskning. Offentleggjing og publisering gjer forskinga synleg og er ein føresetnad for den tilliten samfunnet har til forskarar og forskning. Open tilgang til forskingsdata og forskingsresultat er naudsynt for å auke tilgangen til eksisterande kunnskap og sikre ein uavhengig kunnskapsbase. Prinsipielt meiner regjeringa at alle vitskaplege artiklar som er eit resultat av offentleg finansiert forskning skal vere offentleg tilgjengelege. Open tilgang til vitskaplege artiklar kan anten gjerast gjennom tilgangsoopne tidsskrift (open

access-tidsskrift) eller gjennom vitenarkiv – opne elektroniske artikkelarkiv.

Dei fire tverrgående måla er også nærmare omtalte under programkategori 07.70, men alle måla er rekna for ei felles forskingspolitisk målsetjing for alle departementa og må sjåast i lys av løyvingar til forskning og utvikling i statsbudsjettet som heile.

5.4 Utvikling i offentleg og privat forskingsinnsats

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) seier regjeringa at ho vil prioritere å auke løyvingane til forskning i åra framover. Ein styrkt forskingsinnsats er naudsynt for at Noreg skal vere eit leiande kunnskaps-samfunn i framtida. Regjeringa held på målet om at dei samla offentlege og private investeringane i forskning og utvikling skal utgjere tre pst. av brutto-nasjonalprodukt (BNP). Den offentlege delen av investeringane skal utgjere om lag ein pst. av BNP. At dei samla investeringane i forskning og utvikling på lang sikt skal utgjere tre pst. av BNP er eit uttrykk for kor høgt FoU-nivået bør vere i eit kunnskapssamfunn. Det er også eit uttrykk for at forskning er ein innsatsfaktor i økonomien, på linje med arbeidskraft og kapital. For å halde oppe veksttakta må satsingane på forskning sjåast i samanheng med utviklinga i den samla økonomien.

Statistikk over norsk FoU-innsats blir utarbeidd av Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU STEP) og Statistisk sentralbyrå (SSB). FoU-statistikken opererer med fire finansieringskjelder: næringslivet, det offentlege, utlandet og andre kjelder. «Offentlege kjelder» inneheld statlege løyvingar og FoU-midlar frå fylkeskommunar og kommunar. «Utlandet» inkluderer mellom anna midlar frå EUs rammeprogram. «Andre kjelder» inkluderer private fond og gåver, og skatteutgifter for staten gjennom Skattefunn-ordninga. I Noreg vart det i 2007 samla brukt om lag 37,4 mrd. kroner på forskning og utviklingsarbeid. Det er ein nominell auke på om lag 7,4 mrd. kroner frå 2005. Ein mindre del av auken skyldast at datagrunnlaget for FoU-verksemnda i helseføretaka er vorte betre. Med korreksjon for dette vart den årlege realauken i 2005–07 på 7,4 pst. Dette er betydeleg høgare enn i den føregående toårsperioden 2003–05, da tilsvarande vekst var på 1,7 pst. Næringslivet finansierte forskning for 16,4 mrd. kroner i 2007, dette utgjere om lag 44 pst. av dei totale FoU-utgiftene.

Det er ikkje utarbeidd statistikk over offentlege finansieringskjelder etter 2007, men NIFU STEP utarbeider kvart år ein analyse av statsbudsjettet.

NIFU STEPs statsbudsjettanalyse gir ein indikasjon på utviklinga i den offentlege FoU-innsatsen etter 2007. Dei offentlege løyvingane til FoU over statsbudsjettet ligg om lag ti pst. høgare enn offentlege kjelder i FoU-statistikken. Hovudårsaka til forskjellen er at statsbudsjettanalysen inneheld midlar som blir kanaliserte til utlandet. I 2008 vart det løyvt 19,4 mrd. kroner til FoU over statsbudsjettet. Det utgjere om lag 0,76 pst. av BNP i 2008. I 2009 vart det løyvt 21,2 mrd. kroner til FoU over statsbudsjettet, inkludert revidert nasjonalbudsjett og løyvingane i tiltakspakka til regjeringa, jf. St.prp. nr. 37 (2008–2009). Basert på førebelse tal utgjere det om lag 0,89 pst. av BNP i 2009.

I tillegg til direkte FoU-løyvingar kjem tapte skatteinntekter gjennom Skattefunn-ordninga. Finansdepartementet reknar skatteutgiftene (tapte skatteinntekter) av prosjekt som vart gjennomførde i 2008, til om lag 1 mrd. kroner. På usikkert grunnlag kan ein anslå provenyeffekten av Skattefunn-ordninga, inkludert endringane som vart vedtekne i samband med Tiltakspakka, til om lag 1,1 mrd. kroner i 2009. Skattefunn er nærmare omtalt i Prop. 1 S (2009–2010) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kapittel 2, og i Prop. 1 S (2009–2010) for Nærings- og handelsdepartementet. Samla offentlig FoU-finansiering inkludert skatteutgifter er på om lag 22,3 mrd. kroner i 2009, noko som tilsvarer 0,95 pst. av BNP. Dersom ein ser på BNP for fastlands-Noreg aleine, tilsvarer den offentlege FoU-finansieringa om lag 1,2 pst.

Ved universiteta og høgskolane utgjorde FoU-utgiftene vel 11,7 mrd. kroner i 2007. Dette er ein betydeleg auke frå 9,1 mrd. kroner i 2005, og universitets- og høgskolesektoren står dermed for 31 pst. av den samla FoU-innsatsen i Noreg. Held vi helseføretaka utanfor, utgjorde realveksten i universitets- og høgskolesektoren 15,2 pst. mellom 2005 og 2007, eller 7,3 pst. i gjennomsnitt per år. Ei viktig forklaring på auken i FoU-innsatsen ved universitet og høgskolar er at talet på doktorgradstipendiatar og postdoktorar har halde fram med å auke i denne toårsperioden.

Næringslivet brukte 17,4 mrd. kroner på eigenutford FoU i 2007, og står dermed for nærmare halvparten av all forskning i Noreg. Etter ein periode med stagnasjon og nedgang har FoU-investeringar i næringslivet auka betydeleg frå 2005 til 2007. Berre frå 2006 til 2007 har det vore ein realauke på over ni pst. og oppgangen er klart høgare enn i EU og dei andre nordiske landa. Den internasjonale økonomiske krisa kan føre til at norske bedrifter må nedskalere eller utsetje FoU-investeringar. Ei hovudutfordring for forskingspolitikken framover blir derfor å sikre at utviklinga av eit

kunnskapsintensivt og berekraftig næringsliv held fram.

5.5 Tilstandsrapport for forskning i Noreg

Når ein berre målar FoU-innsatsen som del av BNP, blir det teikna eit lite nyansert bilete av forskingsinnsatsen i Noreg. St.meld. nr. 30 (2008–2009) inneheld strategiske og tverrgåande mål som konkretiserer korleis Noreg skal bli blant dei leiande forskingsnasjonane. Eit breitt sett av indikatorar og metodar må liggje til grunn for ei vurdering av måloppnåinga for dei ni forskingspolitiske måla. Dette gjeld både målbare resultat av forskning (som publiseringar, siteringar) og innsatsmål som ikkje er knytte til svingingar i oljeprisen (FoU-årsverk per 1 000 sysselsette, FoU-innsats per innbyggjar, osv.). Slike indikatorar kan teikne eit meir nyansert bilete av forskingsinnsatsen i Noreg. Tabell 5.1 viser skår på sentrale indikatorar for FoU i dei nordiske landa og OECD-området. Dersom ein ser på offentleg finansiert forskning per innbyggjar, ligg Noreg høgst i Norden, og på andre plass i OECD-området. Tal på FoU-årsverk per 1 000 sysselsette syner at Noreg ligg sist blant dei nordiske landa, men på ein sjetteplass blant OECD-landa.

Publisering kan nyttast til å vurdere vitenskapleg produksjon og forskingskvalitet på eit overordna nivå. Publiseringsdata kan også vise internasjonale samarbeidsmonster mellom forskarar og kan, sett saman med innsatsfaktorar som FoU-utgifter eller forskarårsverk, gi eit uttrykk for effektivitet. Tal frå forskingsinstituttet NIFU STEP og Thomson Scientific AS syner at norske forskarar publiserer

stadig meir i ISI-registrerte tidsskrift. Frå 2002 til 2006 auka talet på artiklar med om lag åtte pst. per år i snitt. Noreg er blant dei nasjonane som har hatt den sterkaste auken i publiseringar dei siste åra og den sterkaste årlege auken blant dei nordiske landa. Dei andre nordiske landa publiserer framleis noko meir, jf. tabell 5.1. Sidan 2000 har OECD-landas, EU-landas og Nordens del av ISI-registrerte tidsskrift i verda gått ned, medan mellom anna Kina har dobla sin del. Noreg skil seg frå dei nordiske landa og dei fleste andre vestlege land ved at den norske delen av artiklar i ISI-registrerte tidsskrift i verda aukar, særleg etter 2004. Noreg ligg no på sjetteplass i verda med eit snitt på 5,1 artiklar per 1 000 innbyggjarar i perioden 2006–08. Vitenskaplege siteringar seier noko om den effekten forskinga har, og verkar dermed som eit partielt mål for kvalitet. Siteringar kan også sjåast på som ein indikator på effektiv utnytting av forskingsresultat. Når det gjeld vitenskaplege siteringar, ligg Noreg på tolvte plass. Dette er godt over gjennomsnittet i verda, men bak dei andre nordiske landa, jf. tabell 5.1.

I 2008 vart det avlagd 1 244 doktorgradar ved norske universitet og høgskolar. Det er 214 fleire enn i 2007 og ein auke på 27 pst. Målalet i St.meld. nr. 35 (2001–2002) *Kvalitetsreformen Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillinger i universitets- og høyskolesektoren* om 1 100 disputasar årleg vart såleis nådd i 2008, to år før tida. Både fullføringsgrad og -tid i doktorgradsutdanninga har vorte betre dei siste åra. På alle dei nemnde indikatorane er det stadig rom for betring, og regjeringa ønskjer at Noreg skal gjere det betre på slike kvalitetsmålingar.

Tabell 5.1 FoU-indikatorar i Norden og OECD¹

Land	Samla FoU i pst. av BNP	Offentlege FoU-investeringar i pst. av BNP	Offentlege FoU-utgifter per innbyggjar (NOK)	FoU-årsverk per 1 000 av total arbeidskraft	Vitenskaplege artiklar per 1 000 innbyggjarar 2006-08	Relativ siteringsindeks for verdas 20 leiande nasjonar
Sverige	3,60	0,88	2 361	16,9 (3)	6,0 (2)	129,1 (8)
Finland	3,46	0,84	2 389	21,8 (1)	5,2 (5)	124,8 (10)
Danmark	2,55	0,68	1 783	15,6 (4)	5,5 (4)	142,5 (4)
Noreg	1,64	0,74	2 988	13,0 (7)	5,1 (6)	121,5 (12)
Island	2,76	1,07	2 459	19,5 (2)	5,7 (3)	158,2 (1)
OECD-gjennomsnitt	2,3	0,65				109

¹ Tala i parentes syner plassering av landa samanlikna med dei andre landa i OECD-området.

Kjelde: OECD Main Science and Technology Indicators 2009-1 og National Science Indicators/Thomson Reuters/NIFU STEP. Tala er frå 2007 eller siste statistikkår.


Systematisk gjennomgang av ressursar og resultat i norsk forskning

Regjeringa vil etablere eit opplegg for ei meir systematisk oppfølging av ressursar og resultat i norsk forskning der målet er å få fram ein kunnskapsbasert, konstruktiv diskusjon om den vidare utviklinga av norsk forskning og forskingspolitikken. Indikatorane som skal inngå i dette opplegget, vil bli vidare utvikla i løpet av 2010.

5.6 Forsking og utvikling i statsbudsjettet for 2010

For at norsk forskning skal medverke til å løyse globale utfordringar, sikre verdiskaping og eit velferdssamfunn for framtidige generasjonar, er det naudsynt å styrkje forskningsevna vår. I det ligg at forskinga gjennomgåande må ha høg kvalitet, og det må vere god balanse mellom grunnleggjande kunnskap, menneskelege ressursar og midlar til drift, utstyr og bygningar. Regjeringa ønskjer i statsbudsjettet for 2010 å styrkje satsinga på klima-

forskning, forskning på fornybar energi, karbonfangst og -lagring, investering i forskingsinfrastruktur, regional forskning og verdiskaping. Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2009 frå NIFU STEP viser Kunnskapsdepartementets overslag at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i forslaget til statsbudsjett for 2010 er om lag 22,5 mrd. kroner. Det er ein nominell auke på 1,7 mill. kroner i forhold til 2009. I tillegg kjem tapte skatteinntekter gjennom Skattefunn-ordninga. Dersom ein inkluderer desse skatteutgiftane blir anslaget for den offentlege FoU-finansieringa på 23,6 mrd. kroner, noko som tilsvarar 0,97 pst. av BNP. I tillegg foreslår regjeringa å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 5 mrd. kroner til 77 mrd. kroner i 2010, jf. figur 5.2. Dette er forventa å gi ei auka avkastning på om lag 210 mill. kroner i 2011. Avkastninga frå to tredelar av den nye kapitalen skal nyttast til forskingsinfrastruktur. Under denne regjeringa har fondskapitalen i Forskningsfondet auka med totalt 41 mrd. kroner.



Figur 5.2 Kapital i Fondet for forskning og nyskaping

Regjeringa ønskjer i statsbudsjettet for 2010 å styrkje den nasjonale forskingsinnsatsen slik at vi kan komme nærmare dei ni forskingspolitiske måla.

Globale utfordringar

Regjeringa ønskjer at norsk forskning skal bidra til å løyse globale utfordringar. Ei av dei viktigaste utfordringane vi står overfor i dag er klimaendringane. Regjeringa foreslår derfor ei satsing på 300 mill. kroner til forskning på fornybar energi og

karbonfangst og -lagring, inkludert opptak av CO₂ og lagring av karbon innanfor landbruket. Forslaget til fordeling av løyvinga for 2010 byggjer på FoU-strategien Energi21, klimaforliket og den nye forskingsmeldinga. Den auka satsinga vil bli forvalta av dei ulike departementa innanfor dei respektive ansvarsområda. I ei så omfattande satsing er det avgjerande å utvikle ein brei kompetansebase og ta vare på langsiktige behov for infrastruktur og rekruttering. Regjeringa foreslår mellom anna at løyvinga skal bli brukt til ei vidareføring og styrking av ordninga med forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). Regjeringa er oppteken av å styrkje fagmiljøa innanfor samfunnsfagleg energiforskning og vil vurdere nærare korleis ei slik styrking kan organiserast. For å styrkje den grunnleggjande kompetansen foreslår regjeringa også ei auka satsing på infrastruktur og frie arenaer innanfor grunnfor-

sking og innovasjon. Vidare foreslår regjeringa også å auke løyvingane til:

- forskning og utvikling innanfor ulike former for fornybar og miljøvennleg energi, energieffektivisering (også i petroleumssektoren)
- karbonfangst og -lagring (også opptak av CO₂ og lagring av karbon innanfor landbruket)
- ein forsterka satsing på miljø og klimavennleg transport
- maritim sektor

Det er viktig at det globale perspektivet og ulike former for internasjonalt forskingssamarbeid blir tekne vare på og styrkt gjennom øyremerkte midlar til relevante program. Fleire tiltak som vart sette i gang med løyvingar frå tiltakspakken, spesielt knytte til havvindmøller og samfunnsfagleg forskning, vil bli førte vidare i 2010 med denne satsinga.

Tabell 5.2 Departementsvis fordeling av 300 mill. kroner til forskning på fornybar energi, karbonfangst og -lagring.

Departement	Mill. kroner
Olje- og energidepartementet	162
Kunnskapsdepartementet	65
Samferdsledepartementet	15
Miljøverndepartementet	8
Utanriksdepartementet	3
Fiskeri- og kystdepartementet	4
Nærings- og handelsdepartementet	23
Landbruks- og matdepartementet	20
Sum	300

Løyvingane er nærare omtalte i fagproposisjonane til dei relevante departementa.

Som eit ledd i oppfølginga av klimaforliket foreslår regjeringa vidare å løyve 50 mill. kroner til anna klimaforskning. Løyvinga skal gå til etablering av eit senter for klimaforskning i Bergen (20 mill. kroner), styrking av forskingsprogrammet NORKLIMA (23 mill. kroner), norsk deltaking i nordisk toppforskningsprogram og sekretariat for Klima21 (7 mill. kroner). Senter for klimaforskning skal byggje på den internasjonalt anerkjende kompetansen som er bygd opp i Bergen. Regjeringa vil at senteret skal vere eit tungt kunnskapsmiljø for forståing av klimaendringar, modellering av klimaendringar og sikrere kunnskap om moglege framtids-situasjonar regionalt og globalt. Senteret skal vere ein aktiv deltakar i internasjonalt samarbeid og bidra i FN's klimapanel. NORKLIMA er eit stort

program i Forskringsrådet og har som mål å utvikle kunnskap om klimasystemet, klimautvikling og effektar av klimaendringar på natur og samfunn. Auken vil mellom anna bidra til ei styrking av samfunnsvitskapleg og humanistisk forskning. Løyvinga på 23 mill. kroner vil gå over budsjetta til Miljøverndepartementet (14 mill. kroner), Kunnskapsdepartementet (4 mill. kroner), Landbruks- og matdepartementet (3 mill. kroner) og Samferdsledepartementet (2 mill. kroner).

Regjeringa har etablert Klima21, eit strategisk samarbeidsforum for klimaforskning. Utvalet skal utarbeide ein forskingsstrategi innan årsskiftet 2009–2010. Vidare skal regjeringa etablere eit permanent forum i 2010. Forumet skal bidra til at strategien blir implementert og at norsk forskingsinnsats og -finansiering blir sett i samanheng med nordisk, europeisk og internasjonal klimaforskning.

Klima21 skal bidra til at forskingsresultat blir tekne i bruk, gjennom ulike initiativ og forslag til tiltak. Regjeringa ønskjer òg at næringslivet skal vere ein aktiv medspeler. Strategien frå Klima21 blir eit viktig grunnlag for prioriteringar i klimafor-skinga i åra framover.

I tillegg foreslår regjeringa å etablere eit Senter for klima og miljø i Tromsø som vil få løyvd 17 mill. kroner over Miljøverndepartementets budsjett i 2010. Målet med satsinga er å utvikle og integrere kunnskapsmiljøa i Tromsø til eit internasjonalt leiande temasenter på klima, miljø og økosystembasert forvaltning i nordområda. Dette vil krevje auka samordning. Ei viktig oppgåve for senteret vil vere å arbeide konkret med tilrettelegging og samordning mellom dei involverte institusjonane i Tromsø og andre relevante kompetansemiljø i Nord-Noreg.

Regjeringa foreslår å styrkje den forvaltningsretta havforskinga ved Havforskningsinstituttet med 17 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å følgje opp dei nye krava til forskning og overvaking av bestandar og økosystem som følgjer av den nye havressursloven, som tro i kraft 1. januar 2009. Midlane skal også nyttast til forskning på fiskebestandar, økosystem, akvakultur og på effektar av klimaendringar, som til dømes forsuring. Satsinga skal også dekkje ei styrking av forskinga på fjordøkologi.

Regjeringa foreslår vidare å styrkje den langsiktige, grunnleggjande forskinga på klima og hav gjennom Noregs forskingsråd med 6 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet.

Regjeringa foreslår å løyve 100 mill. kroner til ei satsing på miljøteknologi. Det overordna formålet med satsinga er å stimulere til pilot- og demonstrasjonsprosjekt innanfor miljøteknologi. Satsinga skal bidra til at norsk industri si konkurransevne blir styrkt og skal vere med på å fremme forretningsutvikling som bidreg til at Noreg kan realisere miljømålsettingane sine. Satsinga blir lagt til Innovasjon Norge, og midlane vil gå over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Betre helse og helsetenester

Medisinsk og helsefagleg forskning har hatt høg prioritet i Noreg, og regjeringa meiner at å kunne tilby befolkninga eit godt helsetilbod er eit av dei mest grunnleggjande trekkka ved ein godt fungerande velferdsstat. For 2010 foreslår regjeringa at medisinsk, helse- og sosialfagleg forskning blir styrkt med 26 mill. kroner over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet. I denne styrkinga ligg eit forslag om ei ny satsing på forskning innanfor habilitering og rehabilitering på 5 mill. kroner.

Vidare er det også foreslått ei styrking på 2 mill. kroner til *Rusmiddelforskningsprogrammet* i Forskningsrådet og 1 mill. kroner til Sirus, innanfor rustenesteforskning. Som ledd i oppfølginga av Omsorgsplan 2015 foreslår regjeringa også å styrkje omsorgsforskning i Forskningsrådet med 10 mill. kroner, medrekna samhandlingsforskning med utgangspunkt i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Det blir vidare foreslått å løyve 2 mill. kroner til ei fireårig resultatorientert evaluering av *Omsorgsplan 2015* og 2 mill. kroner til kunnskapsoppssummeringar og utgreiingar. I tillegg foreslår regjeringa å styrkje dei allmennmedisinske forskningseiningane med 4 mill. kroner. Satsinga skal rettast mot psykisk helse og rus spesielt.

Velferd og forskingsbasert profesjonsutøving

Ei sentral utfordring i åra framover er berekrafta til det norske velferdssamfunnet i møtet med ei sterk og aukande globalisering av økonomi, politikk og arbeids- og næringsliv. Den aukande globaliseringa skjer samstundes med store demografiske, sosiale og kulturelle endringar i det norske samfunnet, mellom anna som følgje av internasjonal migrasjon og befolkningsaldring. Ved årsskiftet 2008–09 vart forskingsprogrammet VAM – *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* etablert som ei følgje av at dei tidlegare programma *Velferdsprogrammet*, *Arbeidslivsprogrammet* og IMER (internasjonal migrasjon og etniske relasjonar) vart slåtte saman til eit stort program for å betre samordninga på feltet. Satsinga er i tråd med måla i Forskningsmeldinga.

Forskningsbasert kunnskap har avgjerande verdi for at utdanningssektoren skal kunne utvikle seg vidare i tråd med krava i kunnskapsamfunnet. Eit sentralt verkemiddel er det nye tiårige utdanningsforskningsprogrammet *Utdanning 2020*. Programmet skal fremme forskning på høgt vitenskapleg nivå og styrkje kunnskapsgrunnlaget for politikkutforming, forvaltning, profesjonsutdanning og profesjonsutøving. Fleire fag og forskingsmiljø skal stimulerast til å forske på problemstillingar knytte til utdanningssektoren og grenseflater mot andre sektorar, inkludert arbeidslivet. Regjeringa foreslår å løyve 24 mill. kroner til *Utdanning 2020* i 2010, noko som inneber ein auke på 5 mill. kroner frå 2009. Tiltaket er nærare omtalt under programkategori 07.50. Regjeringa vil også etablere eit nytt praksisretta forskingsprogram i Forskningsrådet for å vidareutvikle og styrkje FoU-kompetansen i lærarutdanningane og bidra til ny praksisretta kunnskap om barnehage og skole. Det nye programmet vil erstatte programmet *Praksisretta FoU*

for barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning som blir avslutta i 2010.

Brukarane i utdanningssektoren treng betre og meir systematisk informasjon om utdanningsforskninga og om resultatane av forskinga. For å auke omfanget av forskingsformidlinga, vil regjeringa etablere eit kunnskapssenter for utdanning frå 2011, jf. programkategori 07.50. Noregs forskingsråd får i oppgåve å etablere senteret.

Forskning medverkar til auka kunnskap og forståing av sivilsamfunnet og frivillig sektor og er ein hovudstrategi i frivilligpolitikken til regjeringa. Regjeringa sette derfor i gang forskingsprogrammet *Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor* i 2008. Programmet legg vekt på å styrkje og utvikle forskingsressursane på feltet og samarbeid på tvers av faggrenser for å auke kunnskapsgrunlaget på området. I 2010 foreslår regjeringa ei styrking på 2 mill. kroner til programmet, mellom anna for å kaste lys over spørsmål om livskvalitet i eit kultur- og frivilligperspektiv.

Kunnskapsbasert næringsliv i heile landet

Auka satsing på forskarrekuttering vil bidra til å utvikle eit nyskapande og berekraftig næringsliv, og det er behov for gode forskarar i bedriftene for å byggje opp kompetanse og betre omstillingsevna i norsk næringsliv. Siktemålet for ordninga med nærings-ph.d. er å byggje opp den langsiktige forskingsevna i næringslivet, utvikle eit meir kunnskapsbasert næringsliv og å styrkje samarbeidet mellom næringsliv og akademia. I 2010 foreslår regjeringa å auke løyvinga til ordninga med om lag 50 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2009, over budsjetta til Nærings- og handelsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Dette er ei vidareføring av satsinga i Tiltakspakken, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009), St.prp. nr. 37 (2008–2009).

Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) er Forskingsrådets største program for å stimulere til auka forskingsinnsats i næringslivet. BIA støttar dei beste forskingsbaserte innovasjonsprosjekta i breidda av norsk næringsliv innanfor tematiske område som ikkje er dekte av dei store programma i Forskingsrådet. Gjennom Tiltakspakken vart løyvingane til BIA auka med 75 mill. kroner i 2009. Midlane har gått til å sikre vidareføring av prosjekt som møtte problem som følgje av den internasjonale finanskrisa, og til å setje i gang nye, gode prosjekt. Som ei oppfølging av dette tiltaket foreslår Nærings- og handelsdepartementet at BIA-programmet i 2010 blir styrkt med 18 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2009.

Gjennom programmet *Barents 2020 - for kunnskapsutvikling i nord* skaper regjeringa arenaer for samarbeid mellom norske og utanlandske kompetansemiljø og bidreg til prosjekt som byggjer kompetanse og produserar kunnskap i, om, og for nordområda. Tilskottsordninga, som blir administrert av Utanriksdepartementet, er eit supplement til den omfattande forskings- og utgreiingsverksamda som kvart år kjem nordområda til gode. Regjeringa vil i 2010 satse på ulike tiltak som bidreg til kunnskapsutvikling i tilknytning til nordområda. Dokumentet «Nye byggesteinar i nord», som vart lagt fram av regjeringa i mars 2009, inneheld ambisiøse målsetjingar og tiltak i nordområda. Det vil vere behov for å styrkje innsatsen og regjeringa foreslår derfor ein auke på 20 mill. kroner til *Barents 2020* i 2010. Dette vil til dømes gå til prosjekt i tilknytning til marin bioprospektering, med mål om på sikt å utløyse verdiskapingspotensialet marin bioprospektering opnar for. Det same gjeld igangsetting av eit prosjekt for vurdering av økonomiske og administrative konsekvensar ved opprettinga av heilskapleg overvåkings- og varslingsssystem for hav- og kystområda i nord (BarentsWatch).

Næringsrelevant forskning på strategiske område

Gjennom den nasjonale strategien *Marin bioprospektering – ei kjelde til ny og berekraftig verdiskaping* legg regjeringa opp til ei målretta satsing på marin bioprospektering. Marin bioprospektering er systematisk leting etter verdifulle, biologisk aktive komponentar frå organismar i havet. Målsettinga med strategien er å fremme verdiskaping og næringsutvikling nasjonalt, med særleg forankring i nord. Resultata frå marin bioprospektering kan komme til nytte innanfor ei rekkje område, som til dømes nye medisinar og i industrien. Strategien er eit ledd i nordområdesatsinga til regjeringa og vil bli følgd opp gjennom ein koordinert innsats over budsjetta til fleire departement. Regjeringa vil styrkje innsatsen innanfor forskning og kommersialisering og etablere ei nasjonal marin biobankeneste. Regjeringa vil styrkje løyvingane til marin bioprospektering over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet med 7 mill. kroner og over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet med 12 mill. kroner i 2010.

Regjeringa vil styrkje forskingsinnsatsen for å sikre ein miljømessig berekraftig vekst i havbruksnæringa. I samband med vedtaket om å opne for ein fem pst. auke i maksimalt tillaten biomasse for den enkelte oppdrettskonsesjon i havbruksnæringa i 2010, er det foreslått ei eittårig løyving på 8 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet og 7 mill. kroner over budsjettet til

Miljøverndepartementet. Løyvinga skal nyttast til å følgje opp nye kunnskapskrav i tråd med strategien for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring frå mai i år. I tillegg foreslår regjeringa å styrkje den langsiktige forskinga på berekraftig havbruk med 4 mill. kroner. Lakselus er eit sentralt forskingsområde.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår også å styrkje løyvinga til forskning om samanhengen mellom fôr i havbruksnæringa og helseeffektar av sjømat med 2 mill. kroner over budsjettet til Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning.

Eit velfungerande forskingssystem

Regjeringa har som mål å løyse ut regionalt vekstpotensial og verdiskaping i heile landet og å styrkje både privat og offentleg FoU-aktivitet. I dei siste åra er det sett i verk fleire tiltak som styrkjer forskinga og innovasjonsevna over heile landet. Eit av tiltaka er regionale forskingsfond. Stortinget løyvde 6 mrd. kroner til regionale forskingsfond i 2009, noko som vil gi ei avkastning på 212,4 mill. kroner i 2010. Dei regionale fonda skal supplere dei nasjonale FoU-verkemidla og styrkje forskingsinnsatsen i regionane, i tillegg til å styrkje samspillet mellom næringsliv, høgre utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutta og offentlege aktørar.

Regjeringa foreslår også om lag 47 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett til vidareføring av stipendiatstillingane som vart oppretta i samband med tiltakspakken for arbeid. Ei styrking av forskarutdanninga er ein føresetnad for å utvikle Noreg vidare som kunnskapssamfunn. Det blir stilt stadig høgre krav til formell kompetanse både i forskarstillingar og andre yrke. Vi treng forskarar til spissmiljø som kan vere i front internasjonalt, og vi treng personale med høg kompetanse som kan ta i bruk forskingsbasert kunnskap og forskingsresultat på sine arbeidsområde.

Regjeringa innførte i 2009 eit nytt basisfinansieringssystem for instituttsektoren, jf. St. prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Insti-

tutta har som hovudformål å tilby anvendt forskning til næringslivet, forvaltninga og samfunnet. Den statlege basisløyvinga skal sikre dette ved å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Vidare er det eit formål at finansieringssystemet fordeler delar av grunnløyvingane etter oppnådde resultat, på ein måte som premierer både kvalitet og relevans. Omfordeling mellom institutta er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å skape reelle insentiv i den nye ordninga.

Grunnløyvinga består av ein fast del og ein resultatbasert del. Den resultatbaserte delen skal bidra til å stimulere ein god balanse mellom kvalitet og relevans, og blir fordelt etter oppnådde resultat på desse indikatorane:

- vitenskapleg publisering
- samarbeid med universitet og høgskolar (avlagde doktorgradar og bistillingar)
- internasjonale inntekter
- inntekter frå Noregs forskingsråd
- nasjonale oppdragsinntekter

Alle indikatorane skal vektast mot ein relevanskomponent som består av summen av internasjonale inntekter, forskingsrådsinntekter og nasjonale oppdragsinntekter som del av samla forskingsinntekter ved institutta (ekskl. finansinntekter). I 2010 vil systemet ta til å omfordele av gjeldande grunnløyving til institutta etter oppnådde resultat på indikatorane nemnt over. På arenaene for miljøinstitutt, samfunnsfaglege institutt og teknisk-industrielle institutt vil ti pst. av grunnløyvinga bli omfordelt. Når det gjeld arenaen for primærnæringsinstitutt, vart det i statsbudsjettet for 2010 varsla at det skulle gjerast ei vurdering av verknadene etter første året, før nivået på omfordelinga vart fastsett. Basert på slike vurderingar vil 2,5 pst. av grunnløyvinga til primærnæringsinstitutta bli nytta til resultatbasert omfordeling i 2010. Dette er naudsynt for å gi desse institutta meir tid til å omstille seg til det nye systemet. Ramma til omfordeling vil bli vurdert på nytt i 2011.

Tabell 5.3 Samla basisløyving til institutta

Fordelingsarena	2009	2010	Auke 2009–10
Miljøinstitutt	133 600	142 900	9 300
Primærnæringsinstitutt	245 500	253 400	7 900
Samfunnsvitenskaplege institutt	165 400	176 800	11 400
Teknisk-industrielle institutt	254 000	263 000	9 000
Sum	798 500	836 300	37 600

Tabellen over viser samla basisløyving til institutta på dei fire fordelingsarenaene for 2009 og forslag for 2010. Samla er det ein nominell auke på 37,6 mill. kroner. Av dette er det ei reell styrking på 5 mill. kroner til miljøinstitutta. 6,1 mill. kroner på den samfunnsvitskaplege arenaen og 1 mill. kroner på den teknisk-industrielle arenaen skriv seg frå at Sintef Helse er foreslått innlemma i den nye ordninga frå 2010. Resten av auken er prisjustering av 2009-løyvinga.

Høg kvalitet i forskinga

Både norske forskingsmiljø og internasjonale evalueringskomitear peiker på at mangel på oppdatert vitskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur hindrar optimal bruk av dei menneskelege ressursane i norsk forskning. Regjeringa er merksam på at behovet for oppdatert vitskapleg utstyr i Noreg er stort. Ein god politikk for investeringar, drift og vedlikehald av forskingsinfrastruktur er avgjerande for å nå måla i forskingspolitikken, og tilgang til oppdatert forskingsinfrastruktur har vesentleg betydning for dei resultata som blir nådde med offentlege og private investeringar i forskning. Eit viktig tiltak for å oppnå høg kvalitet i forskinga er derfor ei solid og langsiktig satsing på forskingsinfrastruktur. Regjeringa foreslo i 2009 å øyremerkje avkastninga av 4 mrd. kroner i auka kapital i Fondet for forskning og nyskaping til forskingsinfrastruktur. Dette vil gi ei stabil årleg løyving på om lag 140 mill. kroner frå og med 2010. Midlane skal nyttast til nasjonal og internasjonal infrastruktur og regjeringa legg vekt på at den nasjonale forskingsinfrastrukturen skal fremme samarbeid og vere breitt tilgjengeleg for både offentlege og private forskargrupper.

Ein del av midlane for 2010 er allereie lyste ut og tildelte av Noregs forskingsråd. Tildelinga har mellom anna gått til Norwegian Data Storage Infrastructure hos UNINETT Sigma AS, Biobank Norway hos Nasjonalt folkehelseinstitutt og National Surface and Interface Characterization Laboratory hos SINTEF. I budsjettet for 2010 foreslår regjeringa ein ytterlegare auke i løyvingane til forskingsinfrastruktur. Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er foreslått styrkt med 5 mrd. kroner, og avkastninga frå to tredelar av den nye kapitalen skal nyttast til forskingsinfrastruktur. Dersom renta held seg på om lag same nivå som i dag, vil dette gi ei årleg løyving til forskingsinfrastruktur på 140 mill. kroner.

Vidare vil regjeringa i 2010 slutføre kvalitetsikringa og kostnadsutgreiinga for eit nytt isgåande forskingsfartøy. Eit slikt fartøy vil få stor nytte i forskinga på klimaendringane i havet. Det er sett av 5,5 mill. kroner til arbeidet.

Internasjonalisering av forskinga

Som ein liten nasjon er Noreg særleg avhengig av nær kontakt med den internasjonale kunnskapsutviklinga. Noreg er også i høg grad avhengig av å hente inn internasjonal kunnskap for å utvikle velferdssamfunnet og auke verdiskapinga. Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å fremme forskingskvalitet, samstundes som vi er plikta til å delta i den internasjonale kunnskapsoppbygginga. Noreg deltek mellom anna i EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13), samt ei rekkje internasjonale grunnforskningsinstitusjonar. Kunnskapsdepartementet la i 2008 fram ein strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og utvikling. Strategien skal bidra til ei styrkt norsk deltaking i EUs sjuande rammeprogram og aktiv deltaking i utviklinga av det europeiske forskingsområdet – European Research Area (ERA). Som ei oppfølging av strategien har Kunnskapsdepartementet i 2009 mellom anna lagt til rette for ei evaluering av norsk deltaking i det sjette rammeprogrammet (2002–06) og første del av det sjuande rammeprogrammet. Evalueringsrapporten vil bli lagt fram hausten 2009. Evalueringa skal bidra til utvikling av politikk og tiltak for vidare norsk deltaking i det sjuande rammeprogrammet og ERA. I 2010 foreslår regjeringa ei løyving på om lag 1,24 mrd. kroner for å betale norsk kontingent til rammeprogrammet, ein auke på om lag 116 mill. kroner frå 2009.

Oppdatert vitskapleg utstyr er avgjerande for forskingskvalitet, rekruttering, internasjonalisering og konkurranseevne. Samarbeid om stor infrastruktur gir norske forskarar tilgang til særleg kostbare fasilitetar. To norskinitierte prosjekt kom i 2008 med på det reviderte vegkartet over paneuropeisk forskingsinfrastruktur, utvikla av *European Strategy Forum on Research Infrastructures* (ESFRI). Dette gjeld *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System* (SIOS), eit arktisk observasjonssystem på Svalbard, og *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure* (ECCSEL). Noreg har òg interesse i elleve andre prosjekt på vegkartet, mellom anna *European Spallation Source* (ESS), som skal byggjast i Lund som den største nøytronstrålingskjelda i verda.

Effektiv utnytting av resultat og ressursar

Som varsla i St.meld. nr. 30 (2008–2009) set regjeringa ned eit ekspertutval som skal sjå på mål, ressursar og resultat av forskingsinnsatsen og foreslå endringar som bidreg til høgst mogleg samfunnsøkonomisk avkastning av forskingsinnsatsen. Utvalet skal mellom anna identifisere gode resultatmål for offentlege løyvingar til forskning og for-

målstenlege resultatindikatorar på måloppnåing innanfor dei ni forskingspolitiske måla. Det skal også vurderer det norske systemet i lys av andre land og vurderer om det er behov for systematiske endringar, medan det samstundes drøfter i kva for ein grad det er ønskjeleg å nytte analysar av samfunnsøkonomisk avkastning som styringsverktøy for årlege løyvingar til forskning.

Regjeringa har også bedt Forskningsrådet arbeide vidare med å utvikle og setje i gang eit forskingsprogram retta mot forskning om forskning og innovasjon, FORFI. Kunnskapsdepartementet

foreslår å løyve 7 mill. kroner til FORFI-programmet i 2010 som ein del av ei satsing på til saman 35 mill. kroner over fem år.

Overslag over FoU-løyvingane i statsbudsjettet fordelte på departement

På bakgrunn av NIFU STEP's statsbudsjettanalyse frå 2009 har Kunnskapsdepartementet gjort eit overslag over samla løyvingar til forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2010, fordelte på dei ulike departementa.

Tabell 5.4 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet (i mill. kroner)

Departement	(i mill. kroner)		
	Saldert budsjett 2009	Forslag 2010	Endring 2009–10 (i pst.)
Utanriksdepartementet	734	776	5
Kunnskapsdepartementet	10 541	11 344	7
Kultur- og kyrkjedepartementet	111	122	9
Justis- og politidepartementet	40	39	-1
Kommunal- og regionaldepartementet	225	225	0
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	208	218	4
Helse- og omsorgsdepartementet	2 723	2 860	5
Barne- og likestillingsdepartementet	107	129 ¹	17
Nærings- og handelsdepartementet	1 671	1 925	13
Fiskeri- og kystdepartementet	806	862	7
Landbruks- og matdepartementet	554	590	6
Samferdsledepartementet	280	317	12
Miljøverndepartementet	586	606	3
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	241	316 ²	24
Finansdepartementet	98	101	3
Forsvarsdepartementet	915	915	0
Olje- og energidepartementet	636	791	20
Statsbankane	289	334	13
Totalt	20 765³	22 469	8

¹ Om lag halvparten av auken skyldast ei teknisk endring.

² Det blir rekna FoU-delar av bygg som blir nytta til forskingsformål. Auken på Fornyings- og administrasjonsdepartementet skriv seg frå høgare løyvingar til byggprosjekt i universitets- og høgskolesektoren.

³ Tala for 2009 er oppjusterte med om lag 1 mrd. kroner i høve til St.prp. nr. 1 (2008–2009) som følgje av ny informasjon om FoU-løyvingane over budsjetta til Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Kjelde: Statsbudsjettanalysen 2009, NIFU STEP

Budsjettproposisjonane til dei ulike departementa inneheld meir detaljert omtale av dei forskjellige forskingssatsingane.

5.7 Oversikt over løyvingane til Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd mottok løyvingar frå alle departementa, med unntak av Forsvarsdepartementet. Løyvingane frå departementa omfattar både generelle faglege løyvingar, instituttløyvingar og særskilde midlar som er øyremerkte til eins-

kilde program eller prosjekt. I tillegg mottok Forskingsrådet ein stor del av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. Tabell 5.5 viser ei oversikt over løyvingforslag for dei største bidragsytarane i 2010-budsjettet. Forskingsrådets totale budsjett i 2009 er på over 6 mrd. kroner, noko som tilsvarer ein nominell auke på om lag åtte pst. frå 2008.

Tabell 5.5 Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane

Kap./post	Departement	(i 1000 kr)	
		Saldert budsjett 2009	Forslag 2010
285/52	Kunnskapsdepartementet – Forskingsformål	1 184 345	1 220 985
285/55	Kunnskapsdepartementet – Administrasjon	242 946	250 720
286/50	Kunnskapsdepartementet – Fondet for forskning og nyskaping	929 560	1 049 460
920/50	Nærings- og handelsdepartementet	1 233 300	1 307 000
1830/50	Olje- og energidepartementet	569 500	741 000
1023/50	Fiskeri- og kystdepartementet	308 400	322 100
1137/50	Landbruks- og matdepartementet	193 368	222 588
1410/51 og 53	Miljøverndepartementet	149 518	172 678
701/50	Helse- og omsorgsdepartementet	224 122	250 294
1301/50	Samferdsledepartementet	170 200	192 600
Sum		5 205 259	5 729 425

Totalt har det vore ein auke på 524 mill. kroner frå 2009 til 2010. Ein stor del av auken i 2010 skriv seg frå satsinga på fornybar energi, karbonfangst og -lagring og anna klimaforskning. I tillegg utgjør øyremerkinga av avkastninga av 4 mrd. kroner av kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping i 2009 ein auke på om lag 140 mill. kroner til forskingsinfrastruktur over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2010.

Mål- og resultatstyring av Forskingsrådet

Noregs forskingsråd er ein sentral institusjon i norsk forskning og spelar fleire viktige roller i det norske forskingssystemet. Forskingsrådet er ein sentral forskingspolitisk rådgivar og skal gi sjølvstendige og fagleg forankra råd. Rådet er det viktigaste organet for å realisere den overordna forskingspolitikken, og i 2009 forvaltar Forskingsrådet om lag 30 pst. av FoU-løyvingane over statsbudsjettet. Forskingsrådet har også ein viktig møteplassfunksjon og bidreg til at samfunnet og forskingsaktørane blir involverte i utforminga og gjennomføringa av forskingspolitikken. Eit for-

skingsråd med ansvar for forskning innanfor alle fagområde, frå grunnforskning til innovasjon, og i kombinasjon med eit finansierings- og rådgivingsansvar, har ei unik moglegheit til å sjå ulike verkemiddel i samheng og til å ha eit heilskapleg perspektiv på forskinga.

Ei internasjonal evaluering viste at departementa i for liten grad skilte mellom langsiktige og kortsiktige behov i styringssamheng. Lite koordinerte, og til dels svært detaljerte styringssignalar frå 16 ulike departement reduserte Forskingsrådets evne til å nå dei ambisiøse måla som vart sette. I 2009 vart det derfor innført eit nytt system for mål- og resultatstyring for tildelingane frå departementa til Forskingsrådet. Systemet inneber felles retningslinjer for styringa av Forskingsrådet, ein felles målstruktur for tildelingsbrevane frå departementa og eit sett gjennomgåande rapporteringsindikatorar. Formålet med mål- og resultatstyring er at underliggjande institusjonar får fridom til å avgjere kva for verkemiddel som skal brukast for å nå dei fastsette måla.

Målstrukturen har komme fram etter eit omfattande arbeid med å samanstillе dei ulike tilnærmin-

gane departementa har, til eit felles sett med målformuleringar. Hovudmåla vil vere viktige mål for alle departementa, men nokre delmål vil kunne vere mindre relevante for nokre departement. Den nye målstrukturen byggjer opp under dei forskingspolitiske måla som vart presenterte i St.meld nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*.

Målstrukturen består av eit overordna mål (visjon), som er operasjonalisert i tre mål, med tilhørande delmål:

Overordna mål:

Forskringsrådet skal bidra til at Noreg utviklar seg som kunnskapssamfunn. Noreg skal vere blant dei fremste samfunna når det gjeld å utvikle, dele og ta i bruk ny kunnskap. Forskinga skal skaffe kunnskap som kan auke verdiskaping og velferd, svare på samfunnsutfordringane og utvide grensene for erkjenninga.

Mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning

- Styrkt forskning på nasjonalt prioriterte område
- Styrkt breidd av langsiktig, grunnleggjande forskning og konsentrasjon av ressursar rundt den beste forskninga.
- Styrkt breidd av forskingsbasert innovasjon og konsentrasjon av ressursar rundt dei beste forskings- og innovasjonsmiljøa.
- Meir forskning i næringslivet, både i breidd og spiss.
- Styrkt forskning i tråd med kunnskapsbehovet til sektorane og forvaltninga.
- Styrkt utbytte frå internasjonalt forskings-samarbeid.

Mål 2: God ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskingssystemet

- God samanheng mellom nasjonal forskingsinnsats og internasjonalt forskingssamarbeid.
- Meirverdi gjennom effektiv utnytting av forskingsløyvingane.
- Dynamisk og effektiv samhandling og arbeidsdeling i forskingssystemet.
- Ivaretaking av eit strategisk ansvar for forskingsinstitutta.

Mål 3: Resultata til forskinga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning

- God og tilpassa forskingsformidling til allmenta og gode læringsarenaer mellom føretak, institutt, UH-sektoren, helseføretaka og forvaltninga.
- Styrkt kommersialisering av forskingsresultat og auka innovasjonsevne og -takt i næringsliv og offentleg sektor.
- Styrkt kunnskapsgrunnlag i det forskingsstrategiske og rådgivande arbeidet.

Den felles mål- og resultatstrukturen vil bli sett i verk frå og med budsjettåret 2010. Basert på desse måla er det også utvikla eit sett med styringsparametrar som er grunnlaget for den rapporteringa Forskringsrådet arbeider fram for departementa. Styringsparametrane vil bli prøvde ut i tildelingsbrevane for 2010. I løpet av 2010 vil departementa vurdere korleis det første året med meir samordna styring av Forskringsrådet har fungert og korleis arbeidet kan bli ført vidare.

Del IV
Rapportar

6 Ressursar i grunnsopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om status for og utvikling i ressursbruken i grunnsopplæringa. Talet på elevar og lærlingar er objektive faktorar som er avgjerande for ressursbruken i skolen. Talet på lærarar, skolestruktur o.a. har òg innverknad på kostnadsnivået, men dette er til dels gjenstand for lokale prioriteringar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskoleopplæring var i 2008 om lag 56 mrd. kroner og i overkant av 30 pst. av driftsutgiftene i kommunane. Tilsvarende var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i 2008 om lag 26 mrd. kroner og utgjorde om lag 60 pst. av driftsutgiftene i fylkeskommunane. Ressursbruken i grunnsopplæringa i

Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra, både når det gjeld totale ressursar og ressursar per elev.

Kapitlet startar med ei orientering om utvikling i talet på elevar og lærlingar i grunnsopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på utdanningsprogram. Vidare er det ein omtale av vaksne i grunnsopplæringa, skolefritidsordninga og leirskoleordninga. Dei neste tema er lærartettleik og skolestruktur, før det blir gitt ein omtale av kommunale utgifter til grunnsopplæring og utgifter per elev. Mot slutten av kapitlet er spesialundervisning og internasjonale undersøkingar tema.

Talgrunnlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå (SSB), KOSTRA (Kommune-stat-rapportering) og Utdanningsspeilet 2008 frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærlingar i grunnsopplæringa

Hausten 2008 var det 614 033 elevar i grunnskolen. Av desse gjekk 69 pst. på barnetrinnet og 31 pst. på ungdomstrinnet.

Tabell 6.1 Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2001–02 til 2008–09. Ordinære grunnskolar

Skoleår	Barnetrinnet	Ungdomstrinnet	Totalt
2001–02	429 445	168 095	599 468
2002–03	432 618	175 121	610 297
2003–04	432 345	181 934	617 577
2004–05	429 652	185 866	618 250
2005–06	429 207	187 856	619 640
2006–07	430 737	188 301	619 038
2007–08	428 650	187 537	616 388
2008–09	425 756	188 262	614 033

Kjelde: GSI

Om lag 96 pst. av alle elevane som gjekk ut av tiande trinn i grunnskolen våren 2008, gjekk direkte over i vidaregåande opplæring same haust. Om lag 46 pst. av elevane som begynte på første trinn i vidaregåande opplæring hausten 2008 begynte på eit studieførebuande program. Det tilsvarende talet for 2007 var om lag 47 pst. Det samla

talet på elevar i vidaregåande skole hausten 2008 var i alt 183 520 elevar. Tabellen nedanfor viser talet på elevar på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram på dei tre stega i vidaregåande skole. Det går fram av tabellen at talet på elevar på Vg3 går ned på yrkesfaglege program og stiger på studieførebuande program. Dette må sjåast

i samanheng med at dei fleste elevane på dei yrkesfaglege programma blir lærlingar eller vel å ta påbygging til generell studiekompetanse etter Vg2. At talet på elevar på yrkesfagleg Vg3 går ned i 2008–09 samanlikna med 2007–08, skyldast nok mellom anna endringar i strukturen i vidaregåande

opplæring i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Til dømes er det tidlegare tredje året i skole for hjelpepleiarar erstatta med opplæring i bedrift i helsearbeidarfaget. Det har også vorte fleire læreplassar slik at behovet for alternative Vg3-kurs i skole har vorte mindre.

Tabell 6.2 Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole. Reviderte tal

År	Steg 1 (Vg1)		Steg 2 (Vg2)		Steg 3 (Vg3)		I alt
	Studieførebuande	Yrkesfagleg	Studieførebuande	Yrkesfagleg	Studieførebuande	Yrkesfagleg	
2006–07	34 061	39 483	29 068	35 165	39 381	10 501	187 659
2007–08	34 318	39 071	29 683	33 871	41 067	10 187	188 197
2008–09	33 359	38 821	30 236	33 812	41 345	5 947	183 520

Kjelde: SSB/Utdanningsdirektoratet

Frå og med 2003, da talet på lærlingar var i underkant av 30 000, har talet auka. Tal frå SSB viser at per 1. oktober 2007 var talet på lærlingar 37 222 og talet på lære kandidat 863. På same tidspunkt i 2008 var tala auka til 38 168 lærlingar og 1 016 lære kandidat. Dette er ein auke på om lag tre pst. frå 2007 til 2008. Av dei som gjekk på yrkesfaglege utdanningsprogram i Vg2 i 2007–08, er 34,6 pst. i lære i 2008–09 (KOSTRA 2008). For lærefag som følgjer strukturen til Kunnskapsløftet, er det flest lærlingar i teknikk og industriell produksjon, helse- og sosialfag og bygg- og anleggsteknikk.

For meir informasjon om elevar og lærlingar i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2008.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønskjer det (jf. opplæringslova § 4A–1).

Talet på vaksne som får opplæring på grunnskolenivå, har vore relativt stabilt sidan 2002. Hausten 2008 var det 9 358 vaksne som fekk grunnskoleopplæring. Det tilsvarande talet for 2007 var 9 738. Av dei som fekk opplæring hausten 2008, var det 3 879 vaksne i ordinær grunnskoleopplæring, mens 5 479 vaksne fekk grunnskoleopplæring i form av spesialundervisning. Om lag 52 pst. av deltakarane er kvinner. Av dei som får ordinær grunnskoleopplæring, er ein stor del språklege minoritetar (om lag 73 pst.). I gruppa vaksne som får spesialundervisning, er det ein liten del språklege minoritetar (om lag 8 pst.) (Utdanningsspeilet 2008).

Frå og med hausten 2008 er retten til vidaregåande opplæring for vaksne utvida. Den nye retten

inneber at alle som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Tidlegare var det berre vaksne fødte før 1978 som hadde slik rett.

Tal frå KOSTRA viser at fylkeskommunane i 2008 ga tilbod om vidaregåande opplæring til om lag 42 000 vaksne. Det tilsvarande talet i 2007 var i overkant av 39 000. I underkant av 23 000 vaksne søkjarar fekk vurdert realkompetansen sin i fylkeskommunane i 2008. I 2007 var talet i overkant av 20 000 (SSB).

Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkjar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring. Statistikkgrunlaget for vaksne i vidaregåande opplæring har førebels manglar. Problema er mellom anna knytte til at fylkeskommunane har ulike administrative system for rapportering, og til at dei rapporterer på ulike måtar. Underleiing av Utdanningsdirektoratet er det sett i gang eit arbeid for å betre rutinane og kravspesifikasjonen for registrering og rapportering av vaksne si deltaking i vidaregåande opplæring.

For meir informasjon om vaksne i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2008 og Vox-speilet 2008.

Skolefritidsordninga

Hausten 2008 gjekk i alt 144 893 barn i skolefritidsordning (SFO). Av barna i SFO går 96,5 pst. i kommunale ordningar, 3,4 pst. i private ordningar og resten ved statlege skolar. Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på omlag 60 pst.

GSI-tal for hausten 2008 viser at 55 pst. av barna i SFO hadde plass med lang opphaldstid. I gjennomsnitt var foreldrebetalinga for ein elev som var 25 timar per uke i SFO, kr 1 942 per måned. Foreldrebetalinga for ein elev som var i SFO ti timar per veke, var i snitt kr 1 144 per måned (GSI).

Leirskoleordninga

I skoleåret 2008–09 planla 64 304 elevar å delta på eit leirskoleopphald. Dette utgjør 10,5 pst. av elevane i grunnskolen, og er i samsvar med målsetjinga om at alle elevar skal få ta del i eit leirskoleopphald minst éin gong i grunnskolen. Delen elevar som har drege på leirskole, har lege på om lag ti pst. sidan 2001.

Lærartettleik

Lærarårsverk

Sidan 2005–06 og fram til skoleåret 2008–09 har talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver

auka med i overkant av 2 500 årsverk. I same periode sank talet på elevar med om lag 5 600.

Fram til 2006–07 registrerte skolane årsverk til undervisning, der både tid til undervisning og andre oppgåver (som til dømes IKT-teknisk arbeid, skolebibliotekteneste utført av lærar, årsverk til samlingsstyrar, lærarar over 55 år med redusert undervisningsplikt, o.a.) var inkluderte. F.o.m. 2007–08 har registreringa av årsverk til undervisning vorte delt i to, slik at årsverk til undervisning blir registrert i eitt felt og årsverk til andre oppgåver for undervisningspersonale blir registrert separat. Det er noko usikkert korleis andre oppgåver for undervisningspersonale vart rapportert før 2006. Også frå 2007 til 2008 har det skjedd endringar i rapporteringa her. Dette har ført til brot i tidsserien på årsverk til undervisning. Brotet er markert i tabellen under og inneber at veksten i årsverk i denne perioden er noko meir usikker.

Tabell 6.3 Årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk

År	Årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Herav andre oppgåver (m/u godkjent utdanning)
2001–02	50 710	
2002–03	50 082	
2003–04	48 402	
2004–05	49 541	
2005–06	49 261	
2006–07	49 804	
2007–08	51 142	1 926
2008–09	51 804	2 483

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2008 var talet på lærarårsverk i vidaregåande skole 20 846. Dette er ein auke på 228 frå 2007. Sidan 2005 har talet på lærarårsverk i vidaregåande

opplæring auka med om lag 1 000. Auken har samanheng med veksten i elevtalet i same periode.

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring

Skoleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring ¹
2005–06	19 853
2006–07	20 503
2007–08	20 618
2008–09	20 846

¹ Fylkeskommunale skolar. Avtalte lærarårsverk ekskl. lange fråvær
Kjelde: KOSTRA

Berekna gjennomsnittleg gruppestørleik

Det har vore ein nedgang i den gjennomsnittlege gruppestørrelsen kvart år sida 2005. Tabellen nedanfor viser at for skoleåret 2005–06 var gruppestørrelse 1 på 14,03, og for skoleåret 2008–09 er han på 13,70. Det er ein nedgang på 2,4 pst.

Indikatoren berekna gjennomsnittleg gruppestørleik kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestørrelse 1 omfattar også timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar (i alle offentlige og private grunnskolar unntatt spesialsolar og utanlandssolar). Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at grup-

pestørleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestørrelse 2 er ein annan måte å rekne gruppestørrelse på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestørrelse 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid, fordi endringar i praksis knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren.

Gruppestørrelse 2 gir eit bilete av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje mottok særskilde individretta styrkingstiltak. Gruppestørrelse 2 har berre hatt ein svak nedgang sidan 2005–06 og har auka noko det siste året. Det tyder på at hovudtyngda av dei auka ressursane i grunnskolen har gått til utviding av timetalet for alle på barnetrinnet, og til auke i spesialundervisning og individretta tiltak.

Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestørleik i grunnskolen

År	Gruppestørrelse 1	Gruppestørrelse 2
2001–02	13,38	16,27
2002–03	13,64	16,47
2003–04	13,80	16,68
2004–05	13,88	16,72
2005–06	14,03	16,95
2006–07	13,94	16,93
2007–08	13,75	16,78
2008–09	13,70	16,86

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Elevar per kontaktlærar

I opplæringslova heiter det at kvar elev skal vere tilknytt ein lærar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, blant anna kontakten med heimen. Gjennomsnittleg tal på elevar per kontaktlærar vart kraftig redusert frå 2003–04 til 2004–05, og har sidan halde seg på eit relativt stabilt nivå. I skoleåret 2008–09 var det i snitt 15 elevar per kontaktlærar i grunnskolen. Tilsvarende tal for skoleåret 2007–08 var 15,1.

Skolestruktur

I skoleåret 2008–09 var det 2 899 offentlege kommunale grunnskolar, tre interkommunale grunnskolar og ein statleg grunnskole. I tillegg var det 155 private grunnskolar, 14 av dei i utlandet. Same skoleår var det 86 spesialsolar i Noreg. Av dei var 48 kommunale, åtte interkommunale, 18 fylkeskommunale, seks statlege og seks private.

Størleiken på grunnskolane varierer frå berre nokre få elevar til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabellen nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 6.6 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar

	(i pst.)			
	1997	2000	2005	2008
Mindre enn 100 elevar	40	37	36	33
100–299 elevar	42	41	39	40
300 elevar eller meir	19	22	26	27

Kjelde: GSI og Utdanningsdirektoratet

Tabellen viser at det er ein tendens til at det blir færre skolar med færre enn 100 elevar og fleire større skolar. Åtte pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 38 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 54 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Sidan skoleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skolar.

Hausten 2008 var det registrert 460 vidaregåande skolar. 371 var fylkeskommunale, 89 private og tre statlege. Til samanlikning var talet på vidaregåande skolar hausten 2007 til saman 453. Auken i talet på skolar må sjåast i samanheng med auken i talet på elevar.

Kommunal ressursbruk målt i utgifter til grunnopplæringa

Utgifter per elev

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei driftsutgiftene kommunane har til undervisning, inkludert

drift av skolelokale og skyss. Tabellen nedanfor viser at korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var kr 78 066 i 2008. Dette er ein auke på sju pst. frå 2007. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program kr 100 334, og på yrkesfaglege program kr 124 019 – det vil seie ein auke på 8,3 pst. og 6,3 pst frå 2007. Samla for vidaregåande opplæring har veksten vore 7,3 pst. Den kommunale deflatoren var i same periode 6,4 pst. Det vil seie at det har vore ein liten realvekst i utgifter per elev både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Til tross for ein betydelig elevtalsvekst i vidaregåande opplæring etter 2004 har ressursbruken per elev vore på om lag på same nivå.

Det er ein betydeleg auke i driftsutgifter til undervisningsmaterieil i grunnskolen frå 2005 til 2008. Hovudårsaka til dette er Kunnskapsløftet og behov for utskifting av læremiddel som følgje av nye læreplanar. Dette er kommunane kompenserte særskilt for.

Tabell 6.7 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar

	2005	2006	2007	2008
Grunnskolen				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	65 021	68 743	72 933	78 066
– Lønnsutgifter per elev	51 979	54 398	57 022	61 813
– Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	655	819	901	723
– Driftsutgifter til undervisningsmaterieil per elev	1 101	1 361	1 777	1 792
Vidaregåande opplæring ¹				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	87 699	90 021	92 661	100 334
– Lønnsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram		53 079	54 435	59 790
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram	109 060	112 395	116 692	124 019
– Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram		70 840	73 811	79 185


¹ På grunn av endra rapportering i KOSTRA kan ikkje tala for vidaregåande opplæring for 2008 og 2007 samanliknast med tala for 2005 og 2006. Tala for 2006 kan heller ikkje samanliknast med tala for 2005.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. I grunnskolen utgjorde lønnsutgiftene om lag 79 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregåande opplæring var om lag 60 pst. og 64 pst. på høvesvis allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar i 2008. Dette er om lag same nivå som i 2007.

Kommunale forskjellar i ressursbruk

Skoledrift er ikkje like dyrt for alle kommunar. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skolar for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. For å kunne samanlikne kommunar er det i figuren nedanfor korrigert for driftskostnader for elevtal og indikatorar for busetjingsmønster (reisetid og reiseavstand) – dette blir kalla strukturjustering (Hægeland mfl. 2009).



Figur 6.1 Strukturjusterte kommunale forskjellar i ressursbruk, utgifter per elev i 2007 (målt i 1000 kroner)

Kjelde: Hægeland mfl. 2009

Figuren over viser at langt fleire kommunar ligg rundt gjennomsnittet for driftsutgifter etter at det er justert for ulikskapar i busetnadsmønster og liknande. Skilnadene mellom kommunar som har låge utgifter, auka noko meir frå 2007 til 2008 enn frå 2006 til 2007. Hovudinntrykket er likevel at variasjonen mellom kommunar i utgifter per elev har vore svært stabil i dei siste fem åra. Fleire faktorar som bestemmer kostnadene, til dømes reiseavstand og elevtal, endrar seg lite frå år til år. Rundt 75 pst. av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skole, kan forklarast med ulik kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har ein tydelig effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skole.

Det er stor forskjell i talet på elevar og reiseavstand mellom dei kommunane som har høgast og lågast driftsutgift per elev. Heile 21 pst. av elevane i landet går på skole i dei 25 kommunane med lågast

utgift per elev. Til samanlikning går bare 0,7 pst. av elevane på skole i dei 25 kommunane med høgast utgift per elev. Reiseavstanden og -tida er mykje lengre i høgutgiftskommunane. Kommunane med høge utgifter har òg høgre frie inntekter. Kommunar med låge utgifter har gjennomgåande mange elevar, lågare frie inntekter og fleire innvandrarar. Ingen av dei 25 kommunane med lågast utgifter er kraftkommunar.

For meir omtale av variasjonar i ressursbruken mellom kommunar, sjå Utdanningsspeilet 2008.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning.

Delen elevar med spesialundervisning i grunnskolen har vore nokså stabil over tid, men har auka noko i dei siste åra og ligg på 7,2 pst. i 2008–09. Det

er ein auke på 0,9 prosentpoeng sidan året før. Ei undersøking frå Hægeland mfl. (2009) viser at det er store skilnader mellom fylka når det gjeld spesialundervisning i vidaregåande opplæring. I skoleåret 2007–08 varierer delen av elevane som får spesialundervisning, inklusiv minoritetsspråklege elevar, frå 1,2 til 10,2 pst. Det er sannsynleg at noko av forskjellane skyldast ulik rapporteringspraksis. For meir omtale, sjå Utdanningsspeilet 2008.

Delen elevar med særskild norskopplæring i grunnskolen var 6,7 pst. i 2008–09. På same tidspunkt i 2007–08 var delen 6,5 pst. (KOSTRA).

Internasjonale samanlikningar

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal for 2006 frå OECD (Education at a Glance 2008: OECD Indicators). Dersom ein ser på utgiftene per elev, er

Noreg eit av landa med dei høgaste utgiftene, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Samla utgifter per elev for heile grunnopplæringa i Noreg var i overkant av 45 pst. over OECD-snittet. Det er særleg den høge lærartettleiken som forklarar den høge ressursbruken i Noreg, men den delen av lærarane si arbeidstid som blir brukt til undervisning trekkjer også utgiftene opp, særleg i vidaregåande opplæring. Lønnsnivået til lærarane og talet på undervisningstimar trekkjer ned i forhold til gjennomsnittet for OECD.

Målt i forhold til landets økonomiske evne (BNP per innbyggjar) er ressursbruken i Noreg lågare enn gjennomsnittet for OECD. OECD viser at ressursbruken per elev til vanleg aukar med landets velstand, men Noreg ligg litt under forventa nivå. Dette må sjåast i samanheng med at oljeinntektene inngår i BNP.

7 Fornyning og organisasjonsendringar

Nedanfor følgjer omtale av arbeid for fornying og organisasjonsendring på området til Kunnskapsdepartementet.

Grunnopplæringa

I St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* er behovet for betre utnytting av nasjonale senter drøfta. Departementet vil samle sentrale miljø innanfor området IKT i utdanninga, som Uninett ABC, ITU – forskings- og kompetansenettverk for IT og Utdanning.no i eit nytt senter for IKT i utdanninga. Målsetjinga for senteret er å arbeide for at IKT bidreg til auka kvalitet, styrkt læringsutbytte og betre læringsstrategiar hos norske elevar, lærlingar og studentar. IKT-senteret vil bli oppretta som eit forvaltningsorgan underlagt Kunnskapsdepartementet. Sjå kap. 224 for nærmare omtale.

Universitet og høgskolar

Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø slo seg etter eige ønske saman frå 1. januar 2009. Etter at Stjernø-utvalet leverte innstillinga si NOU 2008: 3 *Sett under ett* i februar 2008, blir det no på fleire hald arbeidd med å byggje nettverk mellom institusjonane i høgare utdanning.

Fagskoleutdanning

I Ot.prp. nr. 10 (2008–2009) *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)* varsla regjeringa at finansieringsansvaret for fagskoleutdanning skal først over til fylkeskommunane frå 2010. Midlar som har vore løyvde over kap. 276 Fagskoleutdanning, blir derfor frå 2010 flytte over til rammetilskottet til fylkeskommunane.

Forsking

I statsbudsjettet for 2009 vedtok Stortinget etter forslag frå regjeringa å løyve midlar til fond for regional forsking og nyskaping. Fondskapitalen er på 6 mrd. kroner, og avkastninga vil vere om lag 210 mill. kroner for 2010. Ho skal stå til disposisjon frå 1. januar 2010. Midlane blir fordelt til fondsregionane. Etter forslag frå fylkeskommunane og Oslo kommune har Kunnskapsdepartementet i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet fastsett sju fondsregionar. Dei er Finnmark, Nordland og Troms; Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal; Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland; Hedmark og Oppland; Aust-Agder og Vest-Agder; Telemark, Vestfold, Buskerud og Østfold; Oslo og Akershus.

8 Likestilling i barnehage-, utdannings- og forskingssektoren

Likestillingsarbeid er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skolen og må liggje til grunn for ein kultur i universitets- og høgskoleinstitusjonane og forskninga som gir begge kjønn like moglegheiter til å avansere i stillingssystemet. Kunnskapsdepartementet har som mål å arbeide for at likestilling blir ein del av verdigrunnlaget i barnehagen, i utdanningane og i forskninga.

Barnehagen og grunnopplæringa

Departementet arbeider for å fremme ein pedagogikk i barnehagen som medverkar til likestilling mellom gutar og jenter, og for å auke rekrutteringa av menn. Likeverd og likestilling er nedfelte i barnehagelova § 2. Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen går grundigare inn på verdigrunnlaget til barnehagen. Det går mellom anna fram at barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn, og personalet skal reflektere over sine eigne haldningar og kva samfunnet ventar av gutar og jenter. Det viktige arbeidet med å rekruttere fleire menn til barnehagen vil bli omfatta både av denne planen og *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen 2007–2011*. Barnehagane er omtalte under programkategori 07.30.

Handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010 vart sett i gang i 2008, og dei fleste tiltaka i planen vart sett i verk da planen tredde i kraft. Det er Utdanningsdirektoratet som er koordinator for handlingsplanen.

Eit døme på korleis handlingsplanen blir følgd opp i grunnopplæringa, er informasjon og rettleiing i arbeidet mot kjønnsrelatert mobbing og seksuell trakassering. Som ei oppfølging av dette tiltaket, og gjennom arbeidet med *Strategi for læringsmiljø i grunnopplæringen 2005–08* og *Manifest mot mobbing*, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eit nytt materiell som har fått namnet «*Undervisning om seksualitet. Et ressurshefte for lærere i grunnopplæringen*». Ressursheftet er meint som ein rettleiar for lærarar og helsesøstrer som underviser i dei aktuelle tema. Ressursheftet tek utgangspunkt i alle relevante kompetansemål på 4., 7.- og 10.-trinn

i Kunnskapsløftet som tek opp temaet seksualitet. Ressursheftet blir trykt i 10 000 eksemplar og blir sendt til alle grunnskolar i Noreg samt alle kommunale helsestasjonar. Heftet blir også publisert på heimesidene til Utdanningsdirektoratet.

Gjennom handlingsplanen vil integrering av likestillingsarbeid bli følgd opp av departementet og Utdanningsdirektoratet i samarbeid med aktuelle aktørar. Det er Utdanningsdirektoratet som er koordinator for handlingsplanen. Grunnopplæringa er omtalt under kategori 07.20.

Forskning og høgre utdanning

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* legg regjeringa særskild vekt på kva rekruttering har å seie for forskingskvaliteten. For å sikre best mogleg kvalitet og relevans i forskninga er det viktig med ei bevisst rekruttering av studentar og forskarar av begge kjønn til alle fag. Dette er ikkje berre eit spørsmål om rettferd og like moglegheiter for alle, men også om å ta i bruk den kompetansen og dei talenta som finst i befolkninga, på beste måte. Forskinga skal reflektere mangfaldet i samfunnet, slik det kjem til uttrykk gjennom kjønn, etnisk bakgrunn og levekår.

Kunnskapsdepartementet krev at universiteta og høgskolane utarbeider handlingsplanar for likestilling, mellom anna for å betre arbeidsvilkåra og auke talet på kvinner i høgre akademiske stillingar. Departementet har også sett i verk fleire tiltak for å betre kjønnsbalansen i academia.

I 2007 oppretta regjeringa ein likestillingspris for å premiere dei beste handlingsplanane og stimulere sektoren til målrette likestillingsarbeid. Prisen vert delt ut for tredje gong i 2010.

Komité for integreringstiltak – kvinner i forskning vart oppretta i 2004 for å fremme likestilling mellom kvinner og menn på universitet og høgskolar. Mandatet er seinare utvida til også å omfatte forskingsinstituttsektoren. Komiteen har støtta institusjonane i arbeidet med å integrere likestilling i den langsiktige og strategiske utviklinga av forskingsmiljøa. Den sitjande komiteen har mandat ut mars 2010. Departementet tek sikte på å føre ordninga med ein slik komité vidare. Avslutnings-

rapporten frå den første komiteen finst på nettstaden *www.kvinneri.forskning.no*.

Regjeringa ser det som ei viktig utfordring å arbeide for lik fordeling av kvinner og menn på alle stillingsnivå og fagområde. Utviklinga går rett veg, men langsamt. Derfor trengst det fleire tiltak for å rekruttere, halde på og kvalifisere forskarar av begge kjønn til alle fag. Regjeringa vil setje i verk ei prøveordning for å auke kvinnedelen i høgre vitenskaplege stillingar i MNT-fag. Formålet er å premiere universitet og høgskolar ved at kvar tilsetjing av ei kvinne utløyser ein viss sum midlar til institusjonen. Regjeringa ønskjer også å forme ut gode kvalifiseringsordningar for kvinner.

Det viktigaste likestillingsarbeidet går likevel føre seg ved institusjonane. Universiteta og høgskolane arbeider aktivt med tiltak for å oppnå auka likestilling. Erfaringa syner at forankring i leiinga ved institusjonen og konkrete tiltak der verkna-dene kan bli målte, spelar stor rolle for å lykkast med likestillingsarbeidet.

Kunnskapsdepartementet

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga i samfunnet. Derfor har departementet som mål å oppnå best mogleg kjønnsbalanse i organisasjonen og gi dei tilsette tilgang til utvikling, karriere og velferd uavhengig av kjønn.

66,1 pst. av dei tilsette i departementet er kvinner. Kvinnedelen har stige jamt sidan 2001, da han var på 59 pst. Departementet vil i sitt rekrutteringsarbeid vurdere korleis delen menn kan aukast.

Snittlønna for kvinner låg i januar 2009 på om lag 92,6 pst. av snittlønna for menn. Statistikken for januar 2009 syner at 26,9 pst. av kvinnene er lønte i deltidsstilling, medan det same gjeld for 14,5 pst. av dei mannlege tilsette.

Menn og kvinner er omtrent like ofte heime med sjuke barn. I 2008 var mennene sin del av fråværet knytt til omsorg for sjuke barn på 24,8 pst. Til samanlikning utgjorde mennene ved utgangen av fjoråret 33,2 pst. av dei tilsette i aldersgruppa 25–49 år. Av fråværet knytt til fødselspermisjon sto menn for 26 pst. i fjor. Dette er ein auke frå året før, da det tilsvarande talet var 17 pst. Departementet vil i sin lønnspolitikk spesielt vere merksam på om fødsels- og omsorgspermisjonar verkar hindrande med omsyn til lønnsutviklinga.

Det legemelde sjukefråværet var i 2008 på 5,4 pst. for kvinner og to pst. for menn. Dette er ein auke samanlikna med fjoråret på 1,7 pst. for kvinner og 0,3 pst for menn.

Både kvinner og menn nyttar seg av tilbodet om heimekontor og fleksible arbeidstidsordningar, noko som mellom anna gjer det enklare å kombinere omsorg for små barn med ein krevjande jobb.

Overtidsbruken i departementet er lik den i fjoråret. I 2008 arbeidde ein kvinneleg tilsett i Kunnskapsdepartementet i snitt 22,7 timar overtid. Det tilsvarande timetalet for ein mann var 42,2.

I januar 2009 var 50 pst. av leiarane i Kunnskapsdepartementet kvinner. Mens kvinne-representasjonen i toppleiargruppa fram til 2004 låg på 20–30 pst., er han i dag på 44,4 pst. Gjennom fleire år har departementet lagt vekt på å rekruttere, kvalifisere og motivere kvinner til leiande stillingar. Departementet vil arbeide vidare for å halde oppe den gode kjønnsbalansen på leiarnivå.

9 Miljø

Kunnskapsdepartementet arbeider for å ha ein god miljøprofil innanfor dei ulike sektorane departementet og underliggjande verksemdar er med på å forme.

Formidling av kunnskap og gode holdningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skolane. Omsorg, oppseding og læring i barnehagen skal fremme menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for berekraftig utvikling. Natur, miljø og teknikk er eitt av sju fagområde i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. For å støtte barnehagane i arbeidet er det utarbeid eit temahefte om natur og miljø. I mange kommunar er det etablert eigne naturbarnehagar, anten i regi av kommunen sjølv eller av private aktørar.

I grunnopplæringa er miljølære integrert i læreplanverket for Kunnskapsløftet, og teken inn i den nye formålsparagrafen, der det står:

«Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst.»

Den nasjonale strategien for oppfølging av FN's tiår for berekraftig utvikling (2005–14) blir avslutta i 2010. Strategien er ein sentral del av den miljøpolitiske satsinga innanfor grunnopplæringa i dei nærmaste åra. Noreg vil framleis ta aktiv del i utdanningstiåret for berekraftig utvikling utover 2010, og Utdanningsdirektoratet vil få ansvaret for å revidere strategien i samarbeid med departementet.

Soria Moria-erklæringa legg vekt på at Noreg skal bli eit føregangsland i miljøpolitikken. Miljøforskning er nødvendig mellom anna for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for politikktutforminga, men òg for å legge til rette for ei grøn omstilling av næringslivet. Ved å satse på utvikling av ny kunnskap og teknologi kan det vi gjer nasjonalt, også få verknad langt ut over Noregs grenser.

Den nye forskingsmeldinga, St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, legg vekt på at forskinga skal bidra til verdiskaping og til å løyse globale utfordringar. Klima og energi, biologisk mangfald, miljøgifter og havmiljø er viktige prioriteringar. Miljøforskning er òg viktige element i andre meldingar, som St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et*

nyskapende og bærekraftig Norge, St.meld. nr. 22 (2008–2009) *Svalbard* og St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*.

Regjeringa har styrkt forskinga om fornybar energi og karbonfangst og -lagring med i alt 300 mill. kroner i 2008 og 2009 og vil auke innsatsen ytterlegare i 2010. Det er òg etablert eit samarbeidsforum for klimaforskning (Klima21) som arbeider med ein nasjonal strategi for klimaforskninga knytt til klimautviklinga, konsekvensar av og tilpassing til eit nytt klima, klimapolitikk, tiltak og utslppsreduksjon.

Departementet støtter miljøforskning gjennom ulike satsingar og program som Forskningsrådet har på miljøområdet. Departementet finansierer òg forskning innanfor EUs rammeprogram, der store delar er miljørelatert.

Noreg tek aktivt del i det internasjonale polaråret (IPY), som er ei stor koordinert internasjonal forskingssatsing. Ho skal mellom anna gi ny kunnskap om klimasystemet og utviklinga i klima og miljø i polare strøk. Denne kunnskapen kan òg medverke til auka forståing av klima- og miljøutviklinga i andre delar av verda. Det er framleis stor aktivitet, og Kunnskapsdepartementet løyver 80 mill. kroner per år i perioden 2007–10. I 2010 skal det vere ein stor, internasjonal avslutningskonferanse i Oslo.

Det er vesentleg at den kunnskapen som miljøforskninga resulterer i, blir formidla, både til folk flest og for bruk i forvaltning og næringsverksemd. Departementet ønskjer å leggje til rette for auka og betre forskingsformidling. Både universiteta, høgskolane, forskingsinstitutta og Noregs forskingsråd formidlar resultat frå miljørelevant forskning, i tidsskrift, bøker, på konferansar og på Internett.

Universitet og høgskolar er også viktige institusjonar for kunnskapsformidling, men òg for forskning på miljøet. Miljøretta forskning er viktig for å få god forståing for miljøet og for korleis miljøet utviklar seg; dette er ein viktig føresetnad for god og fornuftig utforming av miljøpolitikken. I St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* er energi og miljø peikte ut som eitt av fire tematiske satsingsområde i norsk forskning i dei kommande åra. Kunnskapsdepartementet støttar òg oppunder

klimaforskning mellom anna gjennom løyvingar frå Fondet for forskning og nyskaping til programmet NORKLIMA under Noregs forskingsråd. Departementet har fokus på oppfølginga av klimameldinga og klimaforliket når det gjeld forskning. I revidert nasjonalbudsjett 2008 vart det løyvd 70 mill. kroner ekstra til forskning på fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring. I statsbudsjettet for 2009 blir det lagt opp til ei ytterlegare styrking av dette feltet med til saman 300 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å etablere forskingssenter innanfor fornybar energi og karbonfangst og -lagring og til å styrkje relevante forskingsprogram. Midlane vil bli løyvde over budsjetta til fleire departement.

Eit anna viktig tiltak er departementets finansiering av kontingenten for norsk medlemskap i Global Biodiversity Information Facility (GBIF), som er eit internasjonalt initiativ for å sikre elektronisk tilgang til biodata for forskarar og andre interesserte over heile verda. Noregs forskingsråd representerer Noreg i GBIF.

Artsdatabanken vart oppretta frå og med 2004, og knytt til Vitskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim. Artsdatabanken starta det faglege arbeidet i januar 2005 og gir ei nasjonal elektronisk oversikt over eigenskapar for og omfang av biologisk mangfald i Noreg både når det gjeld naturtypar, artar og populasjonar (genetisk variasjon). Artsdatabanken sine tenester er til bruk i miljøforvaltning, undervisning og forskning. Raudlista over truga og sårbare artar vart lagd fram i 2006, og dei er i gang med å lage

ein revidert versjon som skal komme i 2010. I 2007 la dei fram ei Svarteliste over framande artar, og det er planar om å lage ein revidert versjon i 2011. Andre tenester er Artsobservasjonar, der folk kan leggje inn sine egne observasjonar, og Artskart med artsdata knytte til karttenester. Desse siste dataene blir òg publiserte direkte i det opne, internasjonale GBIF-nettverket. Artsdatabanken har òg arbeidd med å utvikle ei ny felles naturtypeinndeling i Noreg. Dette arbeidet skal munne ut i ei eiga Raudliste for naturtypar. Dette blir eit viktig verkøy for miljøforvaltninga i oppfølginga av den nye naturmangfaldlova.

Universitetsmusea spelar ei viktig rolle i å forvalte vitskaplege natur- og kulturhistoriske samlingar. Desse musea har ei viktig miljøpolitisk rolle gjennom forskning og formidling knytte til deira samlingar. Universitetsmusea er mellom anna pålagde ei rekkje forvaltningsoppgåver etter kulturminnelova. Musea er styrkte i dei siste åra for mellom anna å sikre at samlingane kan bli forsvarleg oppbevarte.

Meteorologisk institutt har i tillegg til ei rekkje andre funksjonar ei viktig rolle som kartleggjar av dei klimatiske endringane. Instituttet skal følgje den globale og nasjonale klimautviklinga og skal gi tilfredsstillande klimainformasjon for samfunnsplanlegging og for utforming av Noregs klimapolitikk. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdier gjennom planmessig vern om miljøet.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

1. I Prop. 1 S om statsbudsjettet for år 2010 blir dei summene førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 200-288 og 2410	Kr	94 980 082 000
b. Sum inntekter under kap. 3200-3288, 5310 og 5617	Kr	19 786 436 000

Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2010, kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet			
	01 Driftsutgifter		215 714 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		17 311 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>		2 716 000	235 741 000
	Sum Administrasjon			235 741 000
Grunnoppføringa				
220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Driftsutgifter		221 380 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>		3 632 000	
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		47 530 000	272 542 000
221	Foreldreutvalet for grunnoppføringa			
	01 Driftsutgifter		9 613 000	9 613 000
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	01 Driftsutgifter		100 117 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>		1 289 000	101 406 000
223	Samisk utdanningsadministrasjon			
	50 Tilskott til Sametinget		34 355 000	34 355 000
224	Senter for IKT i utdanninga			
	01 Driftsutgifter		51 034 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		34 023 000	85 057 000
225	Tiltak i grunnoppføringa			
	01 Driftsutgifter		131 110 000	
	60 Tilskott til landslinjer		168 512 000	
	63 Tilskott til samisk i grunnoppføringa, <i>kan overførast</i>		49 787 000	
	64 Tilskott til opplæring av barn og unge asylsøkjjarar		261 618 000	
	66 Tilskott til leirskoleopplæring		40 172 000	
	67 Tilskott til opplæring i finsk		9 260 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	216 404 000	
	69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	244 861 000	
	70	Tilskott til opplæring av lærlingar og læreandidatar med særskilde behov	18 976 000	
	71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	9 413 000	
	72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	3 310 000	
	73	Tilskott til studieopphald i utlandet	9 437 000	
	74	Tilskott til organisasjonar	15 406 000	1 178 266 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 043 566 000	1 043 566 000
227		Tilskott til særskilde skolar		
	60	Tilskott til Moskvaskolen	1 328 000	
	62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	5 053 000	
	70	Tilskott til Den franske skolen i Oslo	6 266 000	
	71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	21 660 000	
	72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	27 317 000	
	73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia	3 616 000	65 240 000
228		Tilskott til private skolar o.a.		
	70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	1 110 758 000	
	71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 169 222 000	
	72	Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	201 822 000	
	73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	78 123 000	
	74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	20 155 000	
	75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	160 297 000	
	76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>	35 684 000	
	77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	9 858 000	
	78	Kompletterande undervisning, <i>overslagsløyving</i>	25 542 000	
	79	Toppidrett	24 796 000	
	80	Privatskoleorganisasjonar	609 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	81	Elevutveksling til utlandet	1 566 000	2 838 432 000
229		Andre tiltak		
	01	Driftsutgifter	20 499 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 000 000	21 499 000
230		Kompetansesenter for spesial- undervisning		
	01	Driftsutgifter	626 360 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	51 396 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	7 670 000	685 426 000
		Sum Grunnopplæringa		6 335 402 000
		Barnehagar		
231		Barnehagar		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttast under post 51</i>	120 556 000	
	50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	13 339 000	
	51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	7 291 000	
	60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	19 677 908 000	
	61	Investeringsstilskott, <i>overslagsløyving</i>	189 600 000	
	62	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage	855 724 000	
	63	Tilskott til tiltak for å betre språk- forståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	115 098 000	
	64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	42 000 000	
	65	Skjønnsmidlar til barnehagar	5 805 706 000	26 827 222 000
		Sum Barnehagar		26 827 222 000
		Tiltak for å fremme kompetanseutvikling		
252		EUs program for livslang læring		
	70	Tilskott	215 381 000	215 381 000
253		Folkehøgskolar		
	70	Tilskott til folkehøgskolar	636 552 000	
	71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 613 000	
	72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	1 136 000	641 301 000
254		Tilskott til vaksenopplæring		
	70	Tilskott til studieforbund	179 390 000	
	71	Tilskott til fjernundervisning	12 904 000	
	72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	3 752 000	
	73	Tilskott til vaksenopplærings- organisasjonar	9 289 000	205 335 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
255	Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.			
	70 Holocaustsenteret		23 200 000	
	71 Falstadsenteret		14 727 000	
	72 Stiftelsen Arkivet		5 525 000	
	73 Norsk Fredssenter		5 000 000	
	74 Narviksenteret		1 646 000	
	75 Det europeiske Wergelandsenteret		6 708 000	56 806 000
256	Vox - Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk			
	01 Driftsutgifter		37 987 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		14 536 000	52 523 000
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>		79 804 000	79 804 000
258	Analyse og utviklingsarbeid			
	01 Driftsutgifter		3 809 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>		39 305 000	43 114 000
	Sum Tiltak for å fremme kompetanseutvikling			1 294 264 000
	Høgre utdanning og fagskolar			
260	Universitet og høgskolar			
	50 Statlege universitet og høgskolar		22 542 647 000	
	70 Private høgskolar		828 222 000	23 370 869 000
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar			
	71 Tilrettelegging av studium i utlandet		13 262 000	
	74 Tilskott til velferdsarbeid		68 137 000	
	75 Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overføres</i>		227 882 000	309 281 000
280	Felles administrative einingar			
	01 Driftsutgifter		49 100 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		70 600 000	119 700 000
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar			
	01 Driftsutgifter		294 272 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>		15 508 000	
	50 Tilskott til Noregs forskingsråd		68 628 000	
	51 Senter for internasjonalisering av høgre utdanning		41 299 000	
	73 Tilskott til internasjonale program		18 800 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	74	Tilskott til UNIS	89 553 000	
	75	UNINETT	22 548 000	
	76	Tilskott til NORUnet, <i>kan overførast</i>	18 990 000	
	78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	13 680 000	
	79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	106 489 000	689 767 000
		Sum Høgre utdanning og fagskolar		24 489 617 000
		Forsking		
283		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	244 337 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	57 595 000	301 932 000
285		Noregs forskingsråd		
	52	Forskingsformål	1 220 985 000	
	55	Administrasjon	250 720 000	1 471 705 000
286		Forskingsfond		
	50	Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd	1 049 460 000	
	60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning	212 400 000	
	95	Fondskapital - Fondet for forskning og nyskaping	5 000 000 000	6 261 860 000
287		Forskingsinstitutt og andre tiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	8 657 000	
	53	NUPI	3 954 000	
	56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 100 000	
	57	Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt	147 128 000	
	58	Strategisk løyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt	15 903 000	
	71	Tilskott til andre private institusjonar	30 481 000	
	73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 400 000	227 623 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	6 564 000	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	196 887 000	
	73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	1 235 864 000	
	74	Det europeiske institutt for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>	4 977 000	
	75	UNESCO	19 009 000	1 463 301 000
		Sum Forsking		9 726 421 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Statsbankane				
2410	Statens lånekasse for utdanning			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>		305 620 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>		173 851 000	
	50 Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		4 428 439 000	
	70 Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		2 733 815 000	
	71 Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>		451 576 000	
	72 Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>		861 700 000	
	73 Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>		370 120 000	
	74 Tap på utlån		334 900 000	
	76 Startstipend for kvotestudentar		7 518 000	
	90 Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>		16 403 876 000	26 071 415 000
	Sum Statsbankane			26 071 415 000
	Sum departementets utgifter			94 980 082 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
3200	Kunnskapsdepartementet			
	05 Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.		1 751 000	1 751 000
	Sum Administrasjon			1 751 000
Grunnopplæringa				
3220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Inntekter frå oppdrag		3 383 000	
	02 Salsinntekter o.a.		6 637 000	10 020 000
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	02 Salsinntekter o.a.		4 309 000	4 309 000
3224	Senter for IKT i utdanninga			
	01 Inntekter frå oppdrag o.a.		1 000 000	1 000 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		141 275 000	141 275 000
3229	Andre tiltak			
	02 Salsinntekter o.a.		1 440 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar		946 000	2 386 000
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning			
	01 Inntekter frå oppdrag		51 396 000	
	02 Salsinntekter o.a.		13 165 000	64 561 000
	Sum Grunnopplæringa			223 551 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling				
3256	Vox - Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk			
	01	Inntekter frå oppdrag	9 413 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 201 000	10 614 000
		Sum Tiltak for å fremme kompetanseutvikling		10 614 000
Høgre utdanning og fagskolar				
3280	Felles administrative einingar			
	01	Inntekt ved oppdrag o.a.	10 000	
	02	Salsinntekter o.a.	10 000	20 000
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar			
	02	Salsinntekter o.a.	10 000	10 000
		Sum Høgre utdanning og fagskolar		30 000
Forskning				
3286	Forskingsfond			
	85	Avkastning - Fondet for forskning og nyskaping	3 558 160 000	
	86	Avkastning - Regionale forskingsfond	212 400 000	3 770 560 000
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak			
	85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 400 000	
	86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 100 000	21 500 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	4 752 000	4 752 000
		Sum Forsking		3 796 812 000
Statsbankane				
5310	Statens lånekasse for utdanning			
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	24 000 000	
	29	Termingebyr	29 478 000	
	89	Purregebyr	92 000 000	
	90	Redusert lån og rentegjeld	7 685 500 000	
	93	Omgjering av studielån til stipend	4 134 200 000	11 965 178 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning			
	80	Renter	3 788 500 000	3 788 500 000
		Sum Statsbankane		15 753 678 000
Sum departementets inntekter				19 786 436 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2010 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 200 post 01	kap. 3200 post 02
kap. 220 post 01	kap. 3220 post 02
kap. 221 post 01	kap. 3221 post 02
kap. 222 post 01	kap. 3222 postane 02 og 61
kap. 224 post 01	kap. 3224 post 01
kap. 230 post 01	kap. 3230 post 02
kap. 256 post 01	kap. 3256 post 02
kap. 280 post 01	kap. 3280 post 02
kap. 280 post 21	kap. 3280 post 01
kap. 281 post 01	kap. 3281 post 02
kap. 286 post 50	kap. 3286 post 85
kap. 286 post 60	kap. 3286 post 86
kap. 287 post 56	kap. 3287 post 86
kap. 287 post 73	kap. 3287 post 85
kap. 2410 post 01	kap. 5310 post 03

- | | |
|---|---|
| <p>2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på postane 21 mot tilsvarende meirinntekter.</p> <p>3. nytte inntekter frå sal av eigedommar ved universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.</p> | <p>4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førde til eigedomsfondet til Forskningsrådet.</p> |
|---|---|

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III
Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2010 kan:

1. gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme (i mill. kroner)
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	20,0
226		Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	60,0
270		Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	80,0
285		Noregs forskingsråd	
	52	Forskingsformål	37,5

2. gi tilsegn om å utbetale stønad for første halvår 2011 (andre halvdel av undervisningsåret 2010–11) etter dei satsane som blir fastsette andre halvår 2010 (første halvdel av undervisningsåret 2010–11), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestønad og 90 Auka lån og rentegjeld samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning post 80 Renter.
3. gi tilsegn om å konvertere lån til stipend første halvår 2011 (andre halvdel av undervisningsåret 2010–11) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2010 (første halvdel av undervisningsåret 2010–11), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning post 50 Avsetning til utdanningsstipend.
4. gi tilsegn om å utbetale tillegg til utdanningslånet for 2010 med 3 900 kroner per måned i opptil to månader for studentar som tek del i undervisning som er omfatta av ordninga med sommarundervisning, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning postane 72 Rentestønad og 90 Auka lån og rentegjeld samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning post 80 Renter.

Andre fullmakter

IV
Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 356 kroner dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 730 kroner ved forbedringsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale 730 kroner per prøve dersom kandi-
2. Kunnskapsdepartementet i 2010 kan gi universitet og høgskolar løyve til å:
 - a) opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b) bruke overskott av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - c) bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.

daten ikkje har gått opp tidlegare, og 1 460 kroner ved seinare forsøk.

- d) å bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskott frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
3. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 2 330 kroner per månad og 25 630 kroner per år frå 1. januar 2010 , jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehager § 1.
 4. Kunnskapsdepartementet i 2010 kan gi Høgskolen i Bergen fullmakt til å bruke tidlegare tildelte midlar til investering i utstyr og drift, samt midlar til drift i 2009, til kjøp av utstyr til mettingsdykkarutdanninga i tilfelle utsetjingar av leveransar planlagde leverte i 2009.
 5. Kunnskapsdepartementet i 2010 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inngå avtalar om leveransar til å gjennomføre moderniseringa i Statens lånekasse for utdanning, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 45
- Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald. Fullmakta gjeld innanfor den vedtekne kostnadsramma for programmet på 796,5 mill. kroner, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008).
6. Kunnskapsdepartementet i 2010 kan regulere inngåande balanse i kapitalrekneskapen for utlån gjennom Statens lånekasse for utdanning per 1. januar 2010 mot konto for forskyving i balansen, tilsvarende totale utlån til kunden eksklusive påkomne gebyr, basert på endra føringsprinsipp som ei overgangsordning ved omlegging til føring av opptente renter baserte på kalenderåret for statlege utlån.
 7. Kunnskapsdepartementet kan gi Universitet i Bergen fullmakt til å bruke overskott frå oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av eit aksjeselskap for å forvalte stiftingar som har tilknytning til Universitetet i Bergen, samt drive anna verksemd som naturleg høyrer til dette.
-

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heilåtte statlege føretak****Arbeidsforskningsinstituttet AS**

Dagleg leiar fekk i 2008 ei samla godtgjering på kr 761 578 samt del av pensjonspremie på kr 78 530. Ved overgang til aksjeselskap vart dei opparbeidde rettane i Statens pensjonskasse ført vidare. Dei årlege innbetalingane til Statens pensjonskasse skal dekkje plikta til selskapet.

Birkeland innovasjon AS

Det vart utbetalt kr 593 333 i lønn og kr 6 650 i andre godtgjeringar til dagleg leiar i 2008. Selskapet har pensjonsordning i Statens pensjonskasse, som dekkjer kravet til obligatorisk tenestepensjon.

Styret i selskapet har vedteke ei insentivordning for dei tilsette. Føresetnaden er at maksimal utbetaling til kvar person ikkje overskrider ei månadslønn, og at tilsette gjennom arbeidsavtalar fråskriv seg rettar til eventuelle oppfinningar og meirverdi som blir til gjennom arbeidet med nyskapingssjansprosjekt i Birkeland innovasjon AS. Insentiv til administrerande direktør vil bli rekna ut ifrå oppnåing av mål.

NCE Subsea drift AS

Dagleg leiar fekk kr 817 963 i lønn i 2008, og mottok ikkje anna godtgjering. Selskapet har ei tenestepensjonsordning som fyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Administrerande direktør fekk kr 789 053 i lønn og kr 12 375 i andre godtgjeringar i 2008. Pensjonskostnader vart dekte med kr 63 998.

Administrerande direktør har ikkje rett på bonus, overskottsdeling eller opsjonar, og heller ikkje særlege ytingar ved opphør av tilsettingsforholdet.

NTNU samfunns forskning AS

Dagleg leiar fekk kr 669 346 i lønn i 2008. Pensjonsutgifter vart dekte med kr 47 792.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk kr 1 048 196 i lønn og kr 113 590 i andre godtgjeringar i 2008. Selskapet har ei pensjonsordning for alle tilsette som fyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sem gjestegård AS

Dagleg leiar fekk kr 626 718 i lønn og kr 78 102 i andre godtgjeringar i 2008. Dei tilsette i selskapet er omfatta av lov om obligatorisk tenestepensjon, og dei samla pensjonsutgiftene var kr 72 941.

Senter for økonomisk forskning AS

Dagleg leiar har i 2008 fått utbetalt honorar på kr 150 000.

UNINETT AS

Administrerande direktør fekk kr 979 716 i lønn og kr 10 003 i andre godtgjeringar i 2008. Til finansiering av førtidspensjon for administrerande direktør vart det oppretta ei livrente med innskott på 3 mill. kroner i 2003.

Unirand AS

Administrerande direktør fekk kr 202 791 i lønn i 2008. Administrerande direktør har ikkje avtale om sluttvederlag, og selskapet har ikkje bonus- eller opsjonsordning. Det er ikkje gitt lån eller stilt sikring for administrerande direktør.

Universitetssenteret på Svalbard AS

Lønn til administrerande direktør er i 2008 utbetalt med kr 863 425. Delen til selskapet til pensjon er ført som utgift med kr 80 298.

Selskapet har tenestepensjonsordning i Statens pensjonskasse. Pensjonsordninga er ein ytingsplan for selskapet. Det er ikkje rekna med eit eige fiktivfond for selskapet.

Vangslund AS

Dagleg leiar fekk kr 172 995 i lønn og kr 3 436 i andre godtgjeringar i 2008. Selskapet er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Følgjande heilåtte selskap har ingen tilsette

HiST kompetanse AS, Rya gods og skoger AS og Universitetet i Bergen eiendom AS.

Vedlegg 2

Nøkkeltal og statistikk for barnehagesektoren

A. Tal frå Kunnskapsdepartementets årlege kostnadsanalyse

Tabell 2.1 Kostnader per korrigerede opphaldstimer¹, ordinære barnehagar og familiebarnehagar, 2007–08

	2007			2008			i kr
	Kommunale barnehagar	Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	Private familiebarnehagar	Kommunale barnehagar	Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	Private familiebarnehagar	
Kostnader per korrigerede opphaldstimer ordinær drift	40,52	35,34	31,90	44,51	37,78	35,58	
Kostnader per korrigerede opphaldstimer særskild tilrettelegging	4,33	0,53	0,01	4,32	0,40	0,06	
Sum kostnader per korrigerede opphaldstimer	44,85	35,87	31,92	48,83	38,17	35,64	

¹ Korrigerede opphaldstimer er berekna med omsyn til faktiske opphaldstimer og omskalerte med ein faktor på 2 for barn under tre år, faktor 1,5 for treåringar og faktor 1 for barn over tre år

Note: Kostnadsanalysen er basert på eit representativt utval på 46 kommunar og fire bydelar. For ei nærmare drøfting av utvalet og nytta berekningsmetode, sjå rapportane frå dei aktuelle analysane.

Kjelde: Fürst og Høverstad for Kunnskapsdepartementet (2008) «Analyse av kostnader i barnehagene i 2007» og Fürst og Høverstad for Kunnskapsdepartementet (2009) «Analyse av kostnader i barnehagene i 2008»

B. Tidsseriar for foreldrebetaling

Tabell 2.2 Gjennomsnittlege månadsattsar (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–09

	i kr				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
Januar 2003	1 565	2 579	3 008	3 097	3 193
Januar 2004	1 480	2 360	2 731	2 805	2 903
Januar 2005	1 514	2 356	2 691	2 741	2 741
Januar 2006	1 289	2 010	2 199	2 257	2 257
Januar 2007	1 400	2 017	2 235	2 289	2 318
Januar 2008	1 596	2 114	2 265	2 296	2 297
Januar 2009	1 596	2 113	2 265	2 291	2 293

Note: Kostpengar og tilleggsutgifter ekskluderte. Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2009): «Undersøking om foreldrebetaling i barnehager, januar 2009», Rapport 2009/24

C. Nøkkeltal vedrørende barnehagedeltaking

Tabell 2.3 Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, ordinære barnehagar og familiebarnehagar, 2005–08

	2005	2006	2007	2008
Kommunale barnehagar	118 250	122 783	130 657	138 576
Ordinære ikkje-kommunale barnehagar	96 103	103 196	110 575	114 984
Private familiebarnehagar	9 148	8 969	8 583	8 326
I alt	223 501	234 948	249 815	261 886

Kjelde: Kunnskapsdepartementet og Statistisk sentralbyrå

Tabell 2.4 Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, ordinære barnehagar og familiebarnehagar, 2007–08

	2007		2008	
	Barn i barnehage	Barnehagar	Barn i barnehage	Barnehagar
1–25 barn	33 789	2 603	31 740	2 497
26–50 barn	66 528	1 790	68 433	1 838
51–75 barn	90 179	1 468	92 328	1 498
76 barn eller fleire	59 319	630	69 385	731
I alt	249 815	6 491	261 886	6 564

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 2.5 Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 1–5 år, 2005–08

	2005	2006	2007	2008
Tal på minoritetsspråklege 1–5-åringar i barnehage	13 759	15 552	18 667	21 909
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1–5-åringar	53,6	57,3	62,8	67,4
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1-åringar	18,8	19,6	25,4	30,3
Dekningsgrad minoritetsspråklege 2-åringar	30,9	36,0	43,0	48,5
Dekningsgrad minoritetsspråklege 3-åringar	62,0	66,2	72,1	75,9
Dekningsgrad minoritetsspråklege 4-åringar	79,0	82,0	85,8	90,8
Dekningsgrad minoritetsspråklege 5-åringar	82,4	87,2	90,0	92,8

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

D. Statistikk om kvalitet i barnehagen

Tabell 2.6 Får barnehagen ekstra ressurser i samband med barn med nedsett funksjonsevne. Prosent ut i frå barnehagar som har barn med nedsett funksjonsevne, 2008

	(i pst.)
Hjelpemiddel	29
Ekstra personell	94
Fysisk tilrettelegging	14
Skyss	10
Stønad til reduserte barnegrupper	5
Ingen stønad	3
N	(394)

Kjelde: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) (2009): «Kvalitet og kvantitet: Kvalitet i en barnehage-sektor i sterk vekst»

Tabell 2.7 Menn i barnehagane, 2004–08

	2004	2005	2006	2007	2008
Menn i alt	4 845	5 715	6 202	7 013	7 596
– i pst. av dei tilsette	8,0	8,8	8,9	9,2	9,3
Styrarar og pedagogiske leiarar	1 112	1 263	1 350	1 545	1 671
Assistentar ¹	1 896	2 387	2 780	3 230	3 404
Andre stillingsgrupper	1 837	2 065	2 072	2 238	2 521

¹ Inkludert tospråklege assistentar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 2.8 Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2005–08

	2005	2006	2007	2008
Opptak til førskolelæruddanning	2 091	2 361	2 439	2 556
– av dette menn	316	335	314	313
– del menn (i pst.)	15,1	14,2	12,9	12,2
Uteksaminerte førskolelærarar	1 331	1 272	1 435	1 365
– av dette menn	99	106	128	148
– del menn (i pst.)	7,4	8,3	8,9	10,8

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Tabell 2.9 Førekomst av faste rutinar for kartlegging av barns språk, 2008

	(i pst.)
Ja, alle barn blir kartlagde rutinemessig, også norskspråklege	60
Ja, alle barn med minoritetsspråkleg bakgrunn blir testa, men ikkje norskspråklege	1
Nei, ingen faste rutinar som gjeld alle, men barn blir ofte valde ut etter observasjon og behovsvurdering frå personale eller foreldre	33
Nei, ingen faste rutinar som gjeld alle, og berre sporadisk (sjeldan) kartlegging av barns språk	2
Ikkje svart	4
N	(707)

Kjelde: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) (2009): «Kvalitet og kvantitet: Kvalitet i en barnehage-sektor i sterk vekst»

Tabell 2.10 Kva språkkartleggingsverktøy blir nytta, 2008

	(i pst.)				
Askeladden	Tras	SATS	Eigenutvikla	Andre	Veit ikkje
25	90	4	10	26	*

* Under 0,5 pst.

Kjelde: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) (2009): «Kvalitet og kvantitet: Kvalitet i en barnehage-sektor i sterk vekst»

Tabell 2.11 Rapportert førekomst av mobbing mellom barna i barnehagen, 2004 og 2008

	(i pst.)	
	2004	2008
Nei, aldri	22	30
Har hendt, men svært sjeldan	68	58
Hender jamleg	7	9
Ikkje svart	4	3
N	758	707

Kjelde: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) (2009): «Kvalitet og kvantitet: Kvalitet i en barnehage-sektor i sterk vekst»

Vedlegg 3

Nøkkeltal for universitet og høgscolar

3.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgscolar 2003–08
3.2	Opptak ved universitet og høgscolar 2006–08
3.3	Registrerte studentar ved universitet og høgscolar 2006–08
3.4	Studiepoeng per student ved universitet og høgscolar 2006–08
3.5	Kandidatar ved universitet og høgscolar 2006–08
3.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2006–08
3.7	Tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2006–08
3.8	Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar 2008
3.9	Avlagde doktorgrader per institusjon 1999–2008
3.10	Doktorgrader etter fagområde og kjønn 2003 og 2008
3.11	Publikasjonspoeng per fagleg stilling 2006–08
3.12	Eksternt finansiert verksemd ved statlege institusjonar 2006–08
3.13	Aktivitetskrav for studieåret 2010–11
3.14–3.17	Byggtabellar
3.18	Løyving per verksemd i 2010

Tabell 3.1 Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgscolar 2003–08

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Tal på søkjarar	93 708	100 494	101 334	99 566	97 888	96 143
Søkjarar 19–24 år i pst. av totalt søkjartal	66,3	66,2	66,7	67,8	69,3	70,5
Kvalifiserte søkjarar	72 799	77 942	76 710	75 025	72 052	71 395
Av desse kvinner (i pst.)	59,8	60,0	60,1	60,0	61,5	61,9
Kvalifiserte søkjarar utan tilbod	5 560	7 758	8 806	7 321	5 949	5 028
Personar møtt til studiestart	47 829	48 774	48 743	48 120	46 767	45 362
Av desse kvinner (i pst.)	56,9	59,0	59,0	60,6	61,6	62,5

Kjelde: Samordna opptak.

Tabell 3.2 Opptak ved universitet og høgskolar 2006–08¹ (pst. kvinner i parentes)

	(pst. kvinner i parentes)											
	Lågare nivå			Høgre nivå			Integrert mastergrad/profesjons- utdanning ²			Sum		
	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008
Universitet	30 842 (62)	28 681 (62)	27 313 (61)	5 927 (58)	6 045 (57)	5 887 (57)	5 122 (50)	5 044 (53)	4 796 (51)	41 891 (60)	39 770 (60)	37 996 (59)
Statlege vitskap- lege høgskolar	1 133 (45)	977 (48)	1 074 (48)	633 (39)	745 (41)	850 (40)	172 (49)	182 (63)	156 (64)	1 938 (44)	1 904 (47)	2 080 (46)
Statlege høgskolar	37 791 (65)	38 460 (67)	39 737 (66)	2 384 (69)	2 875 (70)	3 157 (67)	52 (25)	89 (33)	63 (41)	40 227 (65)	41 424 (67)	42 957 (66)
Kunsthøgskolar	217 (63)	209 (87)	200 (63)	118 (69)	106 (62)	113 (67)				335 (65)	315 (78)	313 (64)
Private vitskap- lege høgskolar	5 203 (53)	5 043 (54)	4 989 (53)	1 414 (47)	1 813 (50)	1 741 (51)	147 (44)	92 (38)	467 (37)	6 764 (52)	6 948 (53)	7 197 (51)
Private høgskolar	4 989 (70)	4 796 (71)	4 968 (71)	554 (77)	362 (72)	433 (80)	27 (52)	28 (54)	37 (43)	5 570 (70)	5 186 (71)	5 438 (72)
Sum	80 175 (63)	78 165 (64)	78 280 (64)	11 029 (59)	11 946 (59)	12 181 (58)	5 520 (49)	5 435 (53)	5 519 (50)	96 724 (62)	95 546 (63)	95 980 (62)

¹ Omfattar studentar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Program som ikkje er på universitets- og høgskolenivå, som forkurs for ingeniørutdanning, er ikkje med i tala.

² Omfattar femårige integrerte masterprogram og fem- til sjuårige profesjonsprogram.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning).

Tabell 3.3 Registrerte studentar ved universitet og høøgskolar 2006–08¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Høgare nivå			Integrert mastergrad/profesjons- utdanning ²			(pst. kvinner i parentes)		
	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008
Universitet	48 695 (60)	46 723 (60)	46 143 (60)	17 684 (57)	15 898 (58)	15 674 (58)	21 879 (50)	21 819 (51)	22 550 (52)	88 258 (57)	84 440 (57)	84 367 (58)
Statlege vitenskap- lege høøgskolar	2 424 (42)	2 445 (43)	2 526 (44)	1 595 (41)	1 745 (41)	1 909 (42)	835 (60)	847 (60)	874 (60)	4 854 (45)	5 037 (45)	5 309 (46)
Statlege høøgskolar	70 516 (65)	70 272 (66)	72 262 (66)	4 698 (65)	4 986 (68)	5 616 (67)	127 (26)	165 (32)	174 (36)	75 341 (65)	75 423 (66)	78 052 (66)
Kunsthøgskolar	607 (65)	578 (65)	569 (62)	217 (66)	218 (66)	219 (64)				824 (65)	796 (65)	788 (63)
Private vitenskap- lege høøgskolar	11 622 (51)	11 560 (52)	11 641 (51)	3 358 (43)	3 595 (45)	2 874 (49)	267 (40)	240 (41)	1 169 (36)	15 247 (49)	15 395 (50)	15 684 (50)
Private høøgskolar	7 977 (73)	8 044 (75)	8 283 (75)	831 (73)	809 (73)	750 (77)	136 (52)	144 (52)	126 (53)	8 944 (73)	8 997 (74)	9 159 (75)
Sum	141 841 (63)	139 622 (63)	141 424 (63)	28 383 (57)	27 251 (58)	27 042 (58)	23 244 (50)	23 215 (51)	24 893 (51)	193 467 (60)	190 089 (61)	193 359 (61)

¹ Omfattar studentar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Program som ikkje er på universitets- og høøgskolenivå, som forkurs for ingeniørutdanning, er ikkje med i tala.

² Omfattar femårige integrerte masterprogram og fem- til sjåårige profesjonsprogram.

Kjelde: DBH.

Tabell 3.4 Studiepoeng per student ved universitet og høgskolar 2006–08

	2006	2007	2008
Universitet	39,9	41,5	40,4
Statlege vitskaplege høgskolar	46,1	47,9	47,6
Statlege høgskolar	45,1	44,5	43,0
Kunsthøgskolar	55,4	58,3	57,3
Private vitskaplege høgskolar	37,2	35,9	35,7
Private høgskolar	45,4	45,1	44,4
Gjennomsnitt	42,2	42,6	41,5

Kjelde: DBH.

Tabell 3.5 Kandidatar ved universitet og høgskolar 2006–08¹

	Lågare nivå				Høgre nivå				Integrert mastergrad/ profesjonsutdanning ²				(pst. kvinner i parentes)			
	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008	Sum
Universitet	5 397	5 490	5 625	4 527	5 403	4 340	2 983	3 122	3 000	12 907	14 015	12 965	(64)	(59)	(59)	
Statlege vitenskaplege høgskolar	398	509	537	638	591	753	112	124	126	1 148	1 224	1 416	(40)	(45)	(42)	
Statlege høgskolar	12 969	12 826	12 429	757	794	841			1	13 726	13 620	13 271	(69)	(69)	(66)	
Kunsthøgskolar	210	189	173	66	77	97			(0)	276	266	270	(68)	(62)	(69)	
Private vitenskaplege høgskolar	970	946	1 105	1 432	1 436	1 496	65	78	244	2 467	2 460	2 845	(68)	(68)	(69)	
Private høgskolar	1 440	1 384	1 768	57	104	86	19	21	29	1 516	1 509	1 883	(54)	(55)	(51)	
Sum	21 384	21 344	21 637	7 477	8 405	7 613	3 179	3 345	3 400	32 040	33 094	32 650	(78)	(81)	(80)	
	(67)	(67)	(65)	(54)	(56)	(55)	(49)	(51)	(49)	(62)	(63)	(61)				

¹ Omfattar kandidatar finansiererte over grunnbudsjettet til institusjonane. For lågare nivå har utdanninga eit omfang på minimum 2 år (120 studiepoeng).

² Omfattar femårige integrerte masterprogram og fem- til sjutårige profesjonsprogram.

Kjelde: DBH.

Tabell 3.6 Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2006–08¹

	Opptak				Registrerte studentar				Kandidatar			
	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008
Medisin	632 (61)	620 (60)	507 (69)	3 565 (61)	3 575 (60)	3 618 (62)	487 (64)	478 (60)	493 (62)	478 (60)	478 (60)	493 (62)
Farnasi	135 (76)	138 (75)	142 (75)	624 (76)	630 (77)	586 (75)	83 (75)	86 (83)	100 (81)	86 (83)	86 (83)	100 (81)
Odontologi	161 (71)	171 (68)	121 (80)	635 (69)	690 (70)	717 (72)	106 (59)	107 (69)	99 (65)	107 (69)	107 (69)	99 (65)
Psykologi	195 (71)	280 (78)	179 (69)	1 246 (74)	1 278 (75)	1 280 (74)	215 (71)	230 (77)	218 (74)	230 (77)	230 (77)	218 (74)
Tannpleiarutdanning	67 (99)	67 (96)	57 (98)	157 (97)	158 (96)	155 (97)	44 (98)	47 (98)	47 (98)	47 (98)	47 (98)	47 (98)
Sjukepleiarutdanning	4 436 (86)	4 511 (88)	4 465 (89)	12 811 (88)	12 448 (88)	12 586 (89)	3 580 (90)	3 589 (89)	3 321 (88)	3 589 (89)	3 589 (89)	3 321 (88)
Fysioterapiutdanning	329 (74)	322 (73)	361 (72)	917 (73)	891 (73)	909 (73)	262 (73)	271 (76)	276 (74)	271 (76)	271 (76)	276 (74)
Ergoterapiutdanning	267 (79)	238 (82)	255 (78)	693 (82)	636 (81)	606 (81)	219 (84)	208 (88)	194 (79)	208 (88)	208 (88)	194 (79)
Radiografutdanning	226 (71)	213 (68)	256 (73)	643 (69)	573 (69)	568 (71)	172 (78)	186 (68)	174 (70)	186 (68)	186 (68)	174 (70)
Reseptarutdanning	95 (77)	97 (79)	148 (83)	275 (84)	242 (83)	291 (82)	57 (88)	77 (88)	69 (93)	77 (88)	77 (88)	69 (93)
Bioingeniør	297 (82)	233 (80)	276 (80)	788 (82)	725 (82)	714 (82)	222 (82)	209 (86)	203 (88)	209 (86)	209 (86)	203 (88)
Audiografutdanning	45 (71)	50 (76)	33 (52)	113 (78)	111 (78)	108 (68)	37 (68)	33 (82)	26 (92)	33 (82)	33 (82)	26 (92)
Vernepleiarutdanning	1 060 (75)	939 (76)	959 (80)	3 072 (77)	2 985 (77)	2 801 (79)	785 (82)	825 (80)	786 (79)	825 (80)	825 (80)	786 (79)
Døvetolkutdanning	44 (95)	58 (93)	51 (96)	100 (93)	125 (91)	121 (94)	20 (95)	11 (100)	30 (93)	11 (100)	11 (100)	30 (93)
Tannteknikarutdanning	30 (73)		37 (65)	47 (70)	38 (71)	58 (66)	19 (68)	1 (0)	14 (79)	1 (0)	1 (0)	14 (79)
Ingeniørutdanning	2 925 (15)	2 968 (20)	3 303 (17)	7 719 (15)	8 141 (17)	8 675 (18)	1 836 (16)	1 570 (16)	1 624 (15)	1 570 (16)	1 570 (16)	1 624 (15)
Allmennlærarutdanning	2 308 (72)	2 013 (72)	2 007 (74)	8 566 (71)	7 662 (72)	6 848 (73)	2 066 (74)	1 811 (74)	1 792 (72)	1 811 (74)	1 811 (74)	1 792 (72)
Sivilingeniørutdanning	442 (20)	448 (25)	512 (25)	1 070 (21)	1 105 (23)	1 272 (24)	296 (22)	298 (22)	255 (24)	298 (22)	298 (22)	255 (24)
Førskolelærarutdanning	2 361 (86)	2 439 (87)	2 475 (88)	5 814 (87)	6 190 (87)	6 511 (88)	1 272 (92)	1 435 (91)	1 365 (89)	1 435 (91)	1 435 (91)	1 365 (89)
Faglærarutdanning	453 (64)	458 (62)	372 (64)	1 236 (67)	1 376 (65)	1 213 (64)	235 (71)	243 (76)	393 (65)	243 (76)	243 (76)	393 (65)
Yrkesfaglærarutdanning	119 (71)	192 (61)	190 (67)	318 (82)	418 (70)	517 (69)	95 (87)	81 (89)	63 (76)	81 (89)	81 (89)	63 (76)
Praktisk-pedagogisk utdanning	2 315 (61)	2 063 (60)	2 126 (60)	3 014 (58)	2 814 (60)	2 814 (59)	1 874 (56)	1 809 (60)	1 670 (58)	1 809 (60)	1 809 (60)	1 670 (58)

¹ Tal på studentar og kandidatar gjennom basisløyvinga for universitet, statlege og private vitskaplege høgskolar, statlege og private høgskolar og kunsthøgskolar. Kjelde: DBH.

Tabell 3.7 Tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2006–08¹

	2006		2007		2008	
	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande
Erasmus/Sokrates	2 519	1 344	2 811	1 260	2 878	1 140
Nordplus	245	252	233	235	210	234
Bilaterale avtaler	580	2 031	680	2 084	726	2 241
Kvotestudentar	409		408		330	
Andre program	488	489	362	390	626	625
Sum	4 241	4 116	4 494	3 969	4 770	4 240

¹ Individbaserte program er ikkje med i talgrunnlaget.

Kjelde: DBH.

Tabell 3.8 Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar 2008

	Universitet	Statlege vitskaplege høgskolar	Statlege høgskolar	(pst. kvinner i parentes)	
				Kunsthøg- skolar	Sum alle institusjonar
Professor	2 324 (19)	178 (15)	290 (22)	34 (38)	2 827 (20)
Dosent/universitetsdosent	5 (0)	0	18 (20)		23 (16)
Høgskoledosent	2 (50)		9 (0)		11 (9)
Førsteamanuensis	1 786 (35)	166 (36)	971 (36)	34 (44)	2 957 (35)
Førstelektor	171 (42)	11 (58)	569 (45)	3 (67)	755 (45)
Amanuensis/høgskolelektor/ universitetslektor	865 (49)	65 (36)	2 544 (60)	44 (52)	3 518 (56)
Bistillingar (professor II)	172 (15)	13 (10)	33 (23)	1 (0)	218 (16)
Stipendiatar	3 438 (49)	193 (56)	447 (63)	14 (57)	4 092 (50)
Forskar	730 (40)	30 (36)	26 (59)		787 (40)
Postdoktor	880 (46)	36 (50)	12 (25)		928 (45)
Høgskolelestrar	32 (72)	1 (0)	430 (70)	3 (33)	465 (70)
Vitskapleg assistent	246 (55)	9 (40)	10 (77)	1 (0)	265 (55)
Andre	182 (58)	20 (52)	17 (35)	1 (100)	220 (56)
Sum	10 833 (39)	721 (37)	5 377 (52)	135 (47)	17 065 (43)

Data per 1. oktober 2008.

Kjelde: DBH.

Tabell 3.9 Avlagde doktorgrader per institusjon 1999–08

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Universitet	684	624	636	700	685	728	809	841	970	1 168
Statlege vitskaplege høgskolar	20	25	35	30	35	40	33	41	39	50
Statlege høgskolar					1		4	6	7	12
Kunsthøgskolar										
Private vitskaplege høgskolar	2	2	7	4	2	14	9	17	14	14
Private høgskolar										
Sum	706	651	678	734	723	782	855	905	1030	1 244
Pst. kvinner	38	35	33	41	39	39	40	38	45	45

Kjelde: DBH.

Tabell 3.10 Doktorgrader etter fagområde og kjønn 2004 og 2008

	Pst. av alle dr.gradar		Pst. kvinner	
	2004	2008	2004	2008
Humaniora	11	11	38	51
Samfunnsvitenskap	18	22	49	50
Matematikk/naturvitenskap	24	23	34	37
Teknologi	16	11	24	21
Medisin	24	27	41	55
Landbruksvitenskap/veterinærmedisin	7	6	62	47
Sum/gjennomsnitt	100	100	39	45

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU STEP.

Tabell 3.11 Publikasjonspoeng per fagleg stilling 2006–08¹

	Publikasjonspoeng			Publikasjonspoeng per stilling		
	2006	2007	2008	2006	2007	2008
Universitet	8 001	8 567	9 342	0,81	0,85	0,88
Statlege vitskaplege høgskolar ²	330	299	344	0,49	0,43	0,49
Statlege høgskolar	886	1 196	1 334	0,17	0,23	0,25
Private vitskaplege høgskolar	282	302	350	0,77	0,82	0,92
Private høgskolar	101	133	152	0,23	0,27	0,30
Sum/gjennomsnitt	9 601	10 498	11 522	0,58	0,63	0,66

¹ Omfattar følgjande stillingar: professor, professor II, dosent/høgskoledosent/universitetsdosent, førsteamanuensis, førstelektor, amanuensis, høgskolelektor, universitetslektor, forskar, postdoktor, høgskolelærer, stipendiat, vitskapleg assistent.

² Indikatoren vitskapleg publisering gjeld ikkje for Arkitektur- og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole i finansieringssystemet for universitet og høgskolar.

Kjelde: DBH.

Tabell 3.12 Eksternt finansiert verksemd ved statlege institusjonar 2006–08¹

	(beløp i 1000 kr)								
	Totalt			EU			NFR		
	2006	2007	2008	2006	2007	2008	2006	2007	2008
Universitet	2 983 372	3 367 640	3 446 480	119 314	147 894	162 692	1 548 150	1 787 312	1 822 302
Vitskaplege									
høgskolar	189 541	206 445	159 089	8 237	4 965	11 525	57 002	66 521	63 602
Høgskolar	578 612	635 859	655 213	21 350	19 785	26 829	87 358	127 590	145 079
Sum	3 751 525	4 209 944	4 260 782	148 901	172 644	201 045	1 692 510	1 981 423	2 030 983

¹ Data frå foreløpig rekneskap. Det kan vere avvik i høve til endeleg rekneskap.
Kjelde: DBH.

Tabell 3.13 Aktivitetskrav for statlege og private lærestader for studieåret 2010–11

Utdanning	60-studiepoengseiningar som skal avleggjast første årstrinn
Medisin	541
ABIOK	640
Farmasi	81
Odontologi	139
Psykologi	234
Sjuepleie	3 938
Fysioterapi	274
Ergoterapi	145
Radiograf	173
Reseptar	61
Bioingeniør	202
Audiograf	31
Vernepleie	505
Vernepleie/ergoterapi ¹	106
Døvetolk	47
Tannpleie ²	101
Tannteknikk	21
Jordmor	140

¹ Gjeld Diakonhjemmet Høgskole, som har eit samla aktivitetskrav for vernepleie og ergoterapi.

² Omfattar blant anna aktivitetskrav for Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Vestfold. Aktivitetskrava for desse institusjonane vil gjelde frå det tidspunktet utdanninga er på plass.

Tabell 3.14 Prosjekt som har fått startløyving

Institusjon	Brutto areal m ² (nybygg)	Brutto areal m ² (ombyggingar)	Prosjekt	Kostnadsramme (i 1 000 kroner) ¹
Universitetet i Oslo	28 251		Nybygg for informatikk- miljøa, 2. byggjetrinn (IFI II)	1 372 100
Universitetet i Oslo			Rehabilitering av Domus Media, fase 1	534 400
Høgskolen i Vestfold	15 850		Samlokalisering på Bakkenteigen, siste byggjetrinn	798 200
Samisk vitskapsbygg	9 370		Samlokalisering med bl.a. Nordisk Samisk Institutt	452 000
Universitetet i Bergen	11 500		Institutt for klinisk odonto- logi (DOF)	822 400
Høgskolen i Bergen	48 000		Samlokalisering på Kronstad (samt parkerings- areal på 3750 kvm)	2 341 600 ²
Høgskolen i Sogn og Fjordane	7 605		Sentralbygg i Sogndal	357 900
Høgskolen i Oslo		19 000	Ombygging og renovering av Patologibygget i Pilestredet Park	755 400 ²

¹ Kostnadsramme per 1. juli 2010 på 85 pst. sikkerheit mot overskridingar, jf. omtale i Prop. 1 S (2009–2010) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet, kap. 1580 og kap. 2445.

² I samband med St.prp. nr. 67 (2008–2009) vart Stortinget orientert om at regjeringa ville komme attende til Stortinget med forslag til endeleg kostnadsramme. Forslag vil etter planen bli lagt fram i eigen proposisjon, tilleggsproposisjon eller i samband med nysalderinga for inneverande år. Forslaget til løyving skal sikre at det ikkje blir unødig opphald i prosjektgjennomføringa.

Tabell 3.15 Bygg som er under prosjektering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Universitetet i Tromsø	19 077		Medisin og helsefag, byggjetrinn 2 (MH2)
Kunsthøgskolen i Bergen	17 500		Samlokalisering
Universitetet i Tromsø			Samlokalisering, flytting av Avdeling for ingeniørfag
Universitetet for miljø- og biovitenskap		8 190	Rehabilitering av Urbygninga
Universitetet i Oslo	2 830		Utstillingsveksthus for Naturhistorisk museum på Tøyen
Høgskolen i Sør-Trøndelag	15 200		Nybygg og ombygging på Kalvskinnnet

Tabell 3.16 Prosjekt under utgreiing/programmering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Kulturhistorisk museum
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Odontologi
Universitetet i Stavanger	Ikkje fastsett		Formidlingsbygg for Arkeologisk Museum
Universitetet for miljø- og biovitenskap			Rehabilitering av Tunbygningane
Norges veterinærhøgskole/ Veterinærinstituttet/Universi- tetet for miljø- og biovitenskap	Ikkje fastsett		Samlokalisering på Ås
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Life science senter i Gautstadbekkdalen
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Naturhistorisk museum
Universitetet i Bergen	Ikkje fastsett		Musea
Universitetet i Tromsø	Ikkje fastsett		Magasinbygg i Breivika
NTNU	Ikkje fastsett		Vitskapsmuseet

Tabell 3.17 Kurantprosjekt, byggjeprojekt under prosjektering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Universitetet i Oslo	10 860	715	Domus Medica, tilbygg
Noregs idrettshøgskole			Rehabilitering av Gymsal- bygget og Sentralbygget
Noregs handelshøgskole	13 000		Erstatning for Merinobygget
Universitetet i Stavanger	3 620		Nybygg for samfunns- vitskapleg fakultet

Tabell 3.18 Løyving per verksemd i 2010

Institusjon	i 1 000 kroner
	Løyving
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	3 237 268
Universitetet for miljø- og biovitenskap	597 936
Universitetet i Bergen	2 310 213
Universitetet i Oslo	4 036 755
Universitetet i Stavanger	857 178
Universitetet i Tromsø	1 700 502
Universitetet i Agder	797 590
Sum universitet	13 537 442
Arkitektur og designhøgskolen i Oslo	123 462

Tabell 3.18 Løyving per verksemd i 2010

Institusjon	i 1 000 kroner Løyving
Norges handelshøyskole	324 253
Norges idrettshøyskole	143 517
Norges musikkhøgskole	188 221
Norges veterinærhøyskole	247 980
Sum statlege vitskaplege høgskolar	1 027 433
Det teologiske menighetsfakultet	62 119
Handelshøyskolen BI	192 551
Misjonshøgskolen	17 550
Sum private vitskaplege høgskolar	272 220
Samisk høgskole	63 005
Høgskolen i Akershus	269 352
Høgskolen i Bergen	607 961
Høgskolen i Bodø	428 107
Høgskolen i Buskerud	263 588
Høgskolen i Finnmark	186 596
Høgskolen i Gjøvik	195 806
Høgskolen i Harstad	114 204
Høgskolen i Hedmark	390 977
Høgskolen i Lillehammer	264 029
Høgskolen i Molde	150 700
Høgskolen i Narvik	161 928
Høgskolen i Nesna	91 667
Høgskolen i Nord-Trøndelag	363 060
Høgskolen i Oslo	1 097 585
Høgskolen i Sogn og Fjordane	251 494
Høgskolen Stord/Haugesund	242 130
Høgskolen i Sør-Trøndelag	620 174
Høgskolen i Telemark	490 786
Høgskolen i Vestfold	351 999
Høgskolen i Volda	230 821
Høgskolen i Østfold	419 551
Høgskolen i Ålesund	174 045
Kunsthøgskolen i Bergen	90 295
Kunsthøgskolen i Oslo	282 154
Sum statlege høgskolar	7 802 014
Ansgar teologiske høyskole	10 895
Barrat Due musikkinstitut	15 349
Bergen Arkitekt Skole	12 952

Tabell 3.18 Løyving per verksemd i 2010

Institusjon	i 1 000 kroner Løyving
Betanien diakonale høgskole	22 391
Campus Kristiania - Markedshøyskolen	24 781
Den norske Balletthøgskole	7 965
Den norske Eurytmihøgskole	2 441
Diakonhjemmet høgskole	111 696
Dronning Mauds Minne Høgskole	78 622
Fjellhaug misjonshøgskole	7 092
Haraldsplass diakonale høgskole	21 754
Høgskolen landbruk og bygdenæringar	2 340
Høgskolen Diakonova	35 395
Høgskolen for Ledelse og Teologi	2 421
Høgskolen i Staffeldtsgate	10 434
Lovisenberg diakonale høgskole	58 906
Mediehøgskolen Gimlekollen	13 291
Norges Informasjonsteknologiske Høgskole	18 634
Norsk lærerakademi, Bachelor- og masterstudier	38 049
Norsk lærerakademi, Lærerhøgskolen	50 233
Rudolf Steinerhøgskolen	10 361
Sum private høgskolar	556 002
Sum alle verksemder	23 195 111

Vedlegg 4

Evaluering av finansieringssystemet for universitets- og høgskolesektoren

Innleiing

Bakgrunn for evalueringa

I 2002 vart det innført eit nytt finansieringssystem for universitet og høgskolar, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2001–2002) og St.prp. nr. 1 (2001–2002) frå Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet. Finansieringssystemet var eit av fleire verkemiddel som skulle støtte opp under hovudsiktemåla i Kvalitetsreforma. Hovudprinsippa i systemet vart lagde fram i St.meld. nr. 27 (2000–2001) *Gjør din plikt – Krev din rett. Kvalitetsreform av høgere utdanning*. Det nye systemet innebar ei dreining av fokus frå innsatsfaktorar og over mot resultat. Ved å fordele ein del av løyvinga basert på institusjonanes oppnådde resultat, skulle systemet stimulere institusjonane til betre kvalitet i utdanning og forskning.

Kunnskapsdepartementet varsla i St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning* at finansieringssystemet for universiteta og høgskolane skulle evaluerast i 2009. Finansieringssystemet, som eit delvis resultatbasert system, har verka i sju år, og det var tid for å gjere ein gjennomgang. Formålet med evalueringa har vore å etablere eit godt kunnskapsgrunnlag om effektane av finansieringssystemet, og utforme forslag til justeringar i systemet som kan bidra til enda betre måloppnåing i sektoren.

Organisering av evalueringsarbeidet

Finansieringssystemet har vore omtalt og foreslått endra både i Innst. S. nr. 150 (2007–2008), jf. St.meld. nr. 7 (2007–2008), og i Stjernø-utvalets utgreiing NOU 2008: 3 *Sett under ett. Ny struktur i høgere utdanning*. Vidare har det komme ei rekkje innspel frå ulike miljø om at visse aktivitetar ved institusjonane ikkje gir uttelling i den resultatbaserte delen av finansieringssystemet. Særleg gjeld dette formidling og samarbeid. Evalueringa har

hatt som mandat å svare på desse utspela, men samtidig ikkje vere bunden av dei forslaga som allereie er lagde fram.

Evalueringsarbeidet har vore organisert som eit prosjekt i Kunnskapsdepartementet. Departementet ønska å få innspel til arbeidet og ha ein god dialog med sektoren undervegs. Departementet oppretta derfor ei referansegruppe med brei representasjon frå sektoren. Referansegruppa har funget som ein diskusjonspartner for departementet. I starten av arbeidet vart det sett ut eit eksternt oppdrag for å få ein analyse av effektane av det gjeldande finansieringssystemet i lys av måla for sektoren. Analysen vart gjennomført av Econ Pöyry. Analyserapporten vart lagt fram på ein konferanse med brei deltaking frå sektoren og andre aktørar. Diskusjonane med referansegruppa, innspel frå andre, rapporten frå den eksterne analysen og det som kom fram på konferansen, har vore viktig som bakgrunn for departementets arbeid med evalueringa av finansieringssystemet og for forslag til justeringar som regjeringa no legg fram i budsjettet for 2010.

I tillegg til å vurdere innspel og gjere egne vurderingar av korleis finansieringssystemet kan bli betre, har følgjande punkt sett rammene for evalueringa:

- Finansieringssystemet er eit av fleire verkemiddel innanfor departementets mål- og resultatstyringssystem. Finansieringssystemet skal vere grovmaska og enkelt, og verken kan eller skal fange opp alle delar av institusjonanes aktivitetar.
- Evalueringa skal ta utgangspunkt i det gjeldande systemet og ta omsyn til at eventuelle endringar blir målte opp mot dette. Behovet for eit stabilt system kan i ein slik samanheng vege tungt. Samstundes kan sektoren stå overfor utfordringar i dag som ikkje var like framtrekande på byrjinga av 2000-talet.

- Evalueringa skal byggje på grundige analysar – kvantitative indikatorar kombinerte med kvalitative, faglege og politiske vurderingar.
- Det skal gjerast prinsipielle vurderingar av formålet med finansieringssystemet, kor omfattande systemet skal vere og kor sterkt styringsverkemiddel det bør vere. I dette skal balansen mellom statleg styring og institusjonanes autonomi behandlast.
- Det skal vurderast om systemet skal vere likt for alle institusjonane, eller om det skal differensierast.
- Forholdet mellom dei ulike delane av systemet, og forholdet til andre finansieringskjelder, skal belysast.

Om innhaldet i dette vedlegget

Regjeringas forslag til justeringar er presenterte under programkategori 07.60 kap. 260. I dette vedlegget legg departementet fram ei nærmare beskriving av dei vurderingane som ligg til grunn for resultatane av evalueringa. Finansieringssystemet blir deretter presentert slik det vil sjå ut dersom Stortinget vedtek dei endringane som no blir foreslått. Målet med vedlegget er å dokumentere evalueringsarbeidet og bidra til auka kunnskap om og felles forståing av finansieringssystemet for universiteta og høgskolane.

Del 1 Dokumentasjon av evalueringa av finansieringssystemet

Målet med denne delen av vedlegget er å dokumentere evalueringa av finansieringssystemet. Evalueringa tek for seg kvar av komponentane i det eksisterande systemet, og drøftar behovet for nye delar knytt til dei måla for universitets- og høgskolesektoren som ikkje er dekte i dag. Måloppnåinga på dei resultatbaserte delane av systemet blir vurderte, og behov for endringar i alle delane av eksisterande system blir drøfta. Etter gjennomgangen av kvar del, både eksisterande og eventuelle nye, blir drøftingane oppsummerte og departementet sine konklusjonar presenterte. Til sist konkluderer departementet på heilskapen i systemet. Del 2 av vedlegget inneheld ei beskriving av systemet slik det blir sjåande ut etter konklusjonane i del 1.

Likt system for heile sektoren?

Fram til 2006 var finansieringssystemet ulikt for universitet og høgskolar, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006), St.prp. nr. 1 (2005–2006) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006). Kunnskapsdeparte-

mentet har vurdert om systemet igjen skal differensierast mellom ulike typar institusjonar. Etter departementets vurdering er sektoren best tent med eit system som er likt for alle. Ein differensiert modell vil ikkje lenger vere nøytral mellom institusjonane. Vidare vil ein slik modell gripe inn i autonomien til institusjonane. Departementet vil da i mykje større grad klassifisere institusjonane, og avgjere kva profil dei skal sikte mot. Rammefinansieringa og mål- og resultatstyringa tilseier at det er styra ved dei einskilde institusjonane som skal ta slike strategiske val. Dei resultatbaserte delane i eit differensiert system vil bli meir kompliserte. Fleire institusjonar er i prosessar som kan ha konsekvensar for institusjonsstrukturen, og systemet vil best handtere ei slik utvikling om det er likt for alle.

Basiskomponenten

Mål

Formålet med basiskomponenten var å sikre stabilitet og gjere det mogleg for styra ved institusjonane å drive langsiktig planlegging av aktiviteten.

Oppbygging

Ved innføring av finansieringssystemet i 2002 vart verdiane av undervisnings- og forskingskomponenten rekna ut og trekte frå det som tidlegare hadde vore rammeløyvinga. Dei resterande midlane vart basiskomponenten. Basis speglar faktorar som institusjonane si geografiske lokalisering, deira fagportefølje og storleik, og om dei har ein- eller fleircampusmodell. Basis fører dermed vidare tidlegare politiske prioriteringar og forskjellane mellom institusjonane. Den samla budsjettløyvinga for kvar institusjon vart ikkje endra som følgje av inndeling i komponentar.

Vurdering av behov for endringar

Basiskomponenten som del av total løyving varierer mellom institusjonane. Ein kunne tenkje seg at institusjonar med lav basis har størst risiko for å få økonomiske utfordringar. Departementet kan ikkje sjå eit slikt mønster. Det kan tyde på at institusjonane er relativt robuste i høve til størrelsen på basis. Det er den samla økonomiske ramma som finansierer verksemda, og denne er relativt stor i høve til dei resultatbaserte delane av systemet hos alle institusjonane.

Størrelsen på basis må òg sjåast i samanheng med *kor sterke insentiv* ein ønskjer. Relativt større basis betyr svakare insentiv. Stjernø-utvalet meinte at ein til dels burde redusere dei resultatbaserte

insentiva for å styrke dei strategiske prioriteringane. I analysen til Econ Pöyry av finansieringssystemet blir det peikt på at auken i studiepoeng ser ut til å ha stoppa opp, og at det kan vere eit argument for å styrkje insentiva. Samstundes meiner Econ Pöyry at eksisterande system synest å ha fungert etter formålet. Gitt at institusjonane synest å vere robuste i høve til basis, bør det vere behovet for sterkare eller svakare insentiv som er førande for størrelsen på denne.

Frå delar av sektoren har det vore sagt at forskjellar i relativ størrelse på basis i ein del tilfelle er urettferdig, og at basis for enkelte institusjonar må bli styrkt gjennom friske midlar eller omprioriteringar mellom institusjonane. OECD, Stjernø-utvalet og ein rapport med teoretiske vurderingar av finansieringssystemet (Vagstad mfl. 2007) har òg peikt på at det bør bli meir tydeleg kva som ligg i basis. Både styrking av basis for enkelte institusjonar og meir transparent basis krev ei form for dekomponering på ulike kostnadsberarar. Dekomponering er òg teke opp i analysen til Econ Pöyry, og dei tilrår at departementet ikkje dekomponerer.

Det er ikkje eintydig kva ein legg i omgrepet transparent basis. Ei tolking er at for alle midlane som ligg i basis, skal departementet greie ut kva dei er meint å finansiere – krone for krone. Det vil innebere at basis må bli bygd opp frå botn av (rekomponering), med klare forventningar til aktivitetar (kostnadsberarar) og kva satsar ein legg til grunn. Kva kostnadsberarar og satsar ein eventuelt kjem fram til, vil så vere førande for om eksisterande fordeling av midlar mellom institusjonane står fram som korrekt eller ikkje.

Om ein skulle velje å dekomponere basis, ville ein berre komme fram til gjennomsnittlege kostnader. Det vil vere store variasjonar i tala som ligg bak. Universitets- og høgskolesektoren er heterogen, og skilnadene mellom dei ulike institusjonane er store og samansette. Dei er påverka av faktorar som studieportefølje, kor desentralisert institusjonane er organiserte, kor store institusjonane er, studentrekrutteringa, infrastruktur, bygg og husleige, forskingsintensitet og kor effektivt institusjonane driv. I tillegg vil ei dekomponering med satsar fastsette av departementet gi normative verknader og utfordre autonomien til institusjonane.

Oppsummering og konklusjon

Departementet meiner at ein basis som ikkje er dekomponert eller rekonponert, har ei rekkje fordelar. Det gir få føringar og stor fridom for institusjonane til sjølv å vurdere aktivitetar, organisering og satsingar som er best for å nå gode resultat. Dette heng godt saman med rammebudsjettering

og den overordna mål- og resultatstyringa av sektoren. Forventningane til korleis basis skal nyttast er eit spørsmål om korleis *heile ramma* skal nyttast. Dette går fram av måla som blir sette for sektoren og institusjonane, og ikkje av føringane som vil følgje av ein meir transparent basiskomponent. Å løyve midlane som ei ramme slik departementet gjer i dag, svarer godt til at sektoren er heterogen med ulike behov. Endringar i eller omfordeling av midlar mellom institusjonane bør bli gjorde på fagleg og politisk grunnlag – ikkje som ein mekanisk konsekvens av kostnadsberarar og gjennomsnittssatsar. Det er den samla løyvinga frå Stortinget som skal vere utgangspunkt for kva aktivitetsnivå institusjonane kan ha – ikkje omvendt. Departementet ønskjer å styrkje sektoren gjennom å auke dei direkte løyvingane over statsbudsjettet.

Undervisningskomponenten

Mål

Følgjande mål var formulerte for undervisningskomponenten da finansieringssystemet vart innført:

- å auke gjennomføringa til studentane gjennom å stimulere institusjonane til å skape kvalitativt gode studium
- å stimulere til raskare omstilling av kapasitet og oppretting av nye studietilbod for å tilpasse studieprofilen til endring i studieønske eller behova for arbeidskraft i samfunnet
- å stimulere til auka internasjonal studentutveksling.

Oppbygging

Undervisningskomponenten blir rekna ut frå endringar i avlagde 60-studiepoengseiningar med ein sats på 40 pst. av gjennomsnittlege overslag på studieplasskostnader. Studieprogramma er innplasserte i seks kostnadskategoriar. Det er den totale produksjonen av studiepoeng som gir utteljing. I tillegg får institusjonane utteljing for utveksling av studentar, både inn- og utreisande. Komponent har ei ope ramme, og utteljinga får budsjett-effekt to år etter oppnådde resultat.

Utteljing for studiepoeng

Vurdering av måloppnåing

Utviklinga i undervisningskomponenten og dei underliggjande faktorane som studenttal, opptak, gjennomstrøyming og fagportefølje gir gode indikasjonar på at den resultatbaserte utteljinga har verka etter formålet. Studiepoengsproduksjonen har auka både for universitet, statlege høgskolar

og vitenskaplege høgskolar. Vidare har talet på kandidatar og studiepoeng per student auka for både universiteta og dei vitenskaplege høgskolane. Ein rapport frå NIFU STEP viser at det har vore ei omstilling i studieporteføljen som er i samsvar med etterspørselen til søkjarane, og delvis i samsvar med behova til samfunnet.

Det er fleire faktorar ved Kvalitetsreforma som kan ha medverka til denne utviklinga, blant anna nye arbeidsformer og tettare oppfølging av studentane. Universiteta har gjennomført dei største endringane i utdanningstilbodet. Dei har òg auka oppfølginga av kvar enkelt student, og har redusert talet på studentar som ikkje tek studiepoeng. Universiteta hadde derfor det største potensialet til å forbetre gjennomstrøyminga. Vidare har institusjonane, særleg dei statlege høgskolane, utnytta ledig kapasitet ved å auke opptaket av studentar. I tillegg ga innføring av konverteringsordninga i Lånekassa eit sterkt økonomisk insentiv for den einskilde studenten til å fullføre utdanninga på normert tid, og dette har sannsynlegvis verka i same retning som dei andre tiltaka. Det kan derfor vere vanskeleg å isolere verknadene av sjølve studiepoengsindikatoren i finansieringssystemet på den positive utviklinga som har skjedd i sektoren.

Utteljinga i undervisningskomponenten har auka med om lag 600 mill. kroner nominelt i perioden 2003–10 som følge av god måloppnåing og ei ope ramme på komponenten. Komponentens vart redusert med 42 mill. kroner i budsjettet for 2009 og med 25 mill. kroner i budsjettet for 2010. Ein kraftig auke i starten, før det så flatar ut og normaliserer seg, er ei naturleg utvikling ved innføring av økonomiske insentiv.

Vurdering av behov for endring i indikatoren

Det er ei rekkje omsyn departementet må ta i vurderinga av kva som kan eller bør gjerast med komponenten for å betre måloppnåinga i høgre utdanning. Blant anna er det viktig at institusjonane held fokus på kvalitet i utdanninga og gjennomstrøyming av studentar. Det er òg viktig at institusjonane tilpasser studietilbodet i samsvar med etterspørselen til studentane og til behova i arbeidslivet. Måla er med andre ord dei same i dag som ved innføringa av finansieringssystemet. Som vist ovanfor har dagens komponent vore vellykka. Dette er eit viktig argument for å halde på insentiva slik dei er i dag.

Fremmar studiepoengsindikatoren kvalitet?

Det har vore stilt spørsmål om studiepoengsindikatoren har ført til for mykje fokus på kvantitet,

og om dette har gått ut over kvaliteten. Utteljinga i undervisningskomponenten har gjort det mogleg for institusjonane å ta opp fleire studentar enn dei har finansiering for i basis. Dette kan vere eit uttrykk for at institusjonane har auka effektiviteten ved at dei utnyttar ledig kapasitet. På den andre sida kan nokre av institusjonane ha latt auka studentopptak gå ut over kvaliteten. Nokre peiker på dette som ei reell problemstilling, andre tek til orde for at på *lang sikt* vil det ikkje løne seg å auke studentopptaket utan å halde god kvalitet på studia. Det vil i så fall gå ut over studentrekrutteringa. Econ Pöyry trekk same konklusjon i den eksterne analysen: kvalitet i studietilboda vil alltid løne seg i eit lengre perspektiv.

Eit anna spørsmål er om institusjonane har senka krava for å bestå eksamen for å halde studiepoengsproduksjonen oppe. St.meld. nr. 7 (2007–2008) viser at strykprosenten generelt har gått ned, men at utviklinga begynte før reforma og ikkje gjeld alle fagområda. At strykprosenten har gått ned, kan òg skrive seg frå at studentane får meir oppfølging etter innføringa av Kvalitetsreforma, og at eksamen oftare er innanfor mindre emne enn før.

Det er ikkje eintydig kva som blir lagt i omgrepet kvalitet. Dagens indikator er eit kvalitetsmål knytt til undervisningsopplegget. Gode opplegg gjer at studentane lykkast og klarer å gjennomføre studia. Likevel kan indikatoren ikkje seiast å måle kvaliteten på innhaldet i utdanninga eller den kompetansen studentane tileignar seg. Departementet meiner at denne forma for kvalitet ikkje lèt seg fange opp gjennom indikatorar og regelstyrt uttelling i finansieringssystemet. Det er behov for andre verkemiddel for å sikre slik kvalitet. Det er først og fremst institusjonane sitt ansvar å sørje for god kvalitet i studia. Som eit ledd i Kvalitetsreforma har alle institusjonane etablert eigne kvalitetssikringssystem. I tillegg er Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) etablert som kvalitetssikringsorgan for sektoren. Verke midla må utviklast vidare, og departementet meiner det framleis er behov for auka merksemd rundt læringsutbytte og relevans for samfunnet. Arbeidet med nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk kan òg vere eit viktig ledd i dette, og det potensialet som ligg i ulike kandidatundersøkingar kan utnyttast betre enn i dag.

Vurdering av behov for nye indikatorar

Ved vurdering av eventuelle nye indikatorar, har departementet lagt vekt på at insentiva må vere målretta og at dei ikkje skal gi uheldige verknader. Departementet har vurdert om studiepoengs-

indikatoren kan eller bør kombinerast med indikatorane *kandidatar* og/eller *studiepoeng per student*. Disse vil heller ikkje fange opp kvaliteten på læringsutbytte etc. som nemnt over, men kan vere betre mål på gjennomføring.

Innføring av *kandidatar* har vore vurdert tidlegare. Dersom *kandidatindikatoren* blir utforma slik at det er den institusjonen studenten får graden sin ved som får utteljinga, vil ein løne den institusjonen som faktisk får studentane til å fullføre. Dette kan slå negativt ut for institusjonar i distrikta fordi studentar ofte søker overflytting til sentrale strøk mot slutten av utdanninga si. Det kan òg skape dårlege insentiv for samarbeid og hindre institusjonane i å spesialisere seg eller skape arbeidsdeling, fordi ein i enda større grad enn i dag vil halde på studentane.

Alternativt kan ein tenkje seg ei deling av utteljinga slik at institusjonane får utteljing for den delen av graden dei har hatt ansvar for. Da vil ein òg løne dei institusjonane som studentane vel å forlate. Dette er ikkje ønskjeleg dersom studentane forlèt institusjonane på grunn av dårleg kvalitet i studia, men det kan vere positivt dersom studenten si flytting er eit resultat av samarbeid og arbeidsdeling mellom institusjonane. Å fange opp dette, vil by på omfattande måle- og rapporteringsutfordringar.

Dagens indikator er allereie eit insentiv for å få studentane til å fullføre, og departementet ser ikkje at kandidatindikatoren vil bidra til å auke gjennomstrøyminga ytterlegare eller stimulere til auka kvalitet. Vidare kan det sjå ut til at fullføringa av grader ligg på eit rimeleg godt nivå i dag. Av totalt 200 000 studieplassar blir det årleg avlagt 35 000 grader. Likevel er det variasjonar mellom ulike studieprogram. Departementet meiner at andre verkemiddel er meir formålstenlege enn ei regelstyrt utteljing. Gjennom styringsdialogen kan departementet leggje ekstra trykk på institusjonane slik at dei arbeider med å betre studentanes fullføring av utdanningane.

Indikatoren *studiepoeng per student* (rekna om til heilårsekvivalentar) vil truleg føre til omfordeling mellom institusjonane – frå universitet til statlege og vitskaplege høgskolar. Det er mange tilhøve som påverkar om studentane har full progresjon. Fleire av desse kan ikkje institusjonane sjølv påverke. For at insentiva skal fungere, bør ikkje finansieringa vere avhengig av tilhøve som ligg utanfor kontrollen til institusjonane.

Departementet har fått innspel om at ein bør gi utteljing for fellesgrader. Fellesgrader er definerte i forskrift til universitets- og høgskolelova og betyr i hovudsak at to eller fleire institusjonar opprettar eit studieprogram der begge institusjonane deltek i

undervisning, rettleiing og vurdering. Fellesgrader er ein aktivitet – ikkje eit resultat. Dei resultatbaserte indikatorane i finansieringssystemet inneber å gi utteljing for oppnådde resultat. Departementet vil ikkje gi utteljing for aktivitetar, sjølv om aktivitetane er ønska og bidreg til auka måloppnåing. Departementet vil nytte strategiske midlar til å stimulere institusjonane til auka fagleg samarbeid, som blant anna kan innebere fellesgrader.

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er eit statsaksjeselskap, der departementet forvaltar eigarinteressene til staten. UNIS tilbyr høgare utdanning og driv forskning med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område og skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet. Departementet har vurdert handteringa av studiepoeng avlagde ved UNIS. Utteljing for studiepoeng med tilknytning til UNIS har vore ulik for ulike institusjonar. For å styrkje bruken av og halde oppe interessa for UNIS er det viktig med ei felles ordning for alle som samarbeider med UNIS.

Departementet går derfor inn for at alle universiteta og høgskolane kan rapportere studiepoeng frå studentar som tek studieprogram ved UNIS, og at dei får økonomisk utteljing for desse studiepoenga.

Har komponenten hatt nokre uønskte verknader?

Stjernø-utvalet meinte at undervisningskomponenten hadde hatt ein negativ effekt på samarbeid, både mellom institusjonane og internt på kvar institusjon fordi ein konkurrerer om dei same studentane. Departementet meiner no å sjå det motsette – at konkurransen stimulerer til å inngå alliansar som gjer at institusjonane står sterkare og får til ei betre arbeidsdeling. Dette er med på å motverke at institusjonane blir meir like kvarandre. At konkurranse over tid bidreg til meir samarbeid, er ei naturleg utvikling som ein òg kan sjå elles i samfunnet. Departementet vurderer likevel at det er behov for å stimulere til meir samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon.

Undervisningskomponenten skal vere prioriteringsnøytral. Det skal ikkje løne seg for institusjonane å produsere meir av ein type studiepoeng enn andre. Endringane i avlagde studiepoeng mellom kategoriane har ikkje vore store. Dette er ein indikasjon på at dei relative satsane i finansieringssystemet ikkje er mykje forskjellige frå dei reelle kostnadene ved studieprogramma, og at satsane derfor sannsynlegvis ikkje gir insentiv til å endre fagportefølje. Etterspørselen til studentane vil derfor vere avgjerande for kva fag institusjonane vel å gi tilbod om. Valet til studentane treng likevel ikkje å vere i samsvar med behova i samfunnet for

arbeidskraft. Samstundes er studentane flinke til å fange opp trendar tidleg. Dagens modell inneber såleis at preferansane til studentane blir vekta høgare enn arbeidsmarknaden sin etterspørsel etter arbeidskraft. Enkelte meiner dette er uheldig, og at det kan føre til at samfunnet ikkje får den kompetansen som trengst. Andre meiner at høgare utdanning ikkje i for stor grad skal eller bør dimensjonertast for å bli tilpassa behova i arbeidslivet, men at valet til studentane av utdanning òg skal vere med og forme framtidens arbeidsmarknad. Dette er den etablerte politikken på området, med unntak av noko sterkare grad av styring av profesjonsutdanningane.

Utteljninga i undervisningskomponenten er knytt til kostnadene ved utdanningsaktiviteten. Departementet har fått tilbakemeldingar på at dette kan ha nokre uheldige verknader på institusjonane sine interne diskusjonar om fordeling av midlane mellom fagområda. Det er stor merksemd rundt kva dei ulike fagområda «tener inn» gjennom studiepoengsproduksjonen sin, og krav om å få «sin del» tilbake. Det er styret som skal prioritere den vidare budsjettfordelinga i institusjonane, men finansieringssystemet for universitet og høgskolar kan opplevast å vere til hinder for dette. Departementet meiner at dette i hovudsak er styret sitt ansvar, og ikkje noko som bør eller kan løysast gjennom det nasjonale finansieringssystemet.

Er styrken på insentiva riktig?

Evalueringa tyder på at tiltaka i Kvalitetsreforma har verka etter formålet, og det er etablert ein ny praksis for undervisningsopplegget som har gitt betre måloppnåing når det gjeld kvalitet og ressursutnytting. Departementet har vurdert om insentiva i ein slik situasjon har rett styrke.

Stjernø-utvalet meinte at utviklinga i høgare utdanning i for stor grad blir eit resultat av konkurransen mellom institusjonane. Utvalet foreslo ein forsiktig reduksjon av den resultatbaserte finansieringa for å sikre meir stabile rammevilkår.

Eit argument som taler for å ta ned styrken, er at nokre institusjonar er sårbarare for sviktande studentrekruttering. Eit anna er at institusjonane har teke ut potensialet, og at det ikkje lenger er like stort behov for å stimulere så sterkt til gjennomstrøyming. Det har òg blitt hevda at institusjonane rettar seg for mykje mot studentane sine utdanningsønske og for lite mot kva samfunnet treng av kompetanse. Og vidare at institusjonane tek opp så mange studentar at det går ut over kvaliteten i utdanninga.

På den andre sida er det sterke argument for å halde styrken på komponenten slik han er i dag. For det første er måla dei same i dag som ved innføringa, og måloppnåinga har vore god. Vidare kan sektoren tolke ein reduksjon som at departementet ikkje legg like sterk vekt på utdanningskvalitet som før. Stabilitet har òg ein eigenverdi i eit slikt insentivsystem.

Ny prosess for nærmare vurdering av kostnadskategoriene

For at insentiva skal bli om lag like sterke uavhengig av fagretning, er det lagt opp til differensierte satsar på utteljinga. Flat sats ville gitt sterkare insentiv til å tilby dei minst kostnadskrevjande utdanningane og kunne ført til uheldige vridingar. Tiltaksplanen for alle studieprogram er i dag innplasserte i seks kostnadskategoriar - A–F. Departementet bruker kategoriene og innplasseringa til å rekne ut utteljing for avlagde studiepoeng og budsjetteffektar ved oppretting, nedlegging eller flytting av studieplassar. Det er nokre utfordringar med denne strukturen, blant anna blir kategoriene oppfatta som presise utrekningar på kva studia kostar, og utteljinga blir delvis sett på som ei refusjonsordning.

Departementet får mange søknader frå sektoren om studieprogram som dei meiner er sett i ein for låg kategori. Det er ei utbreidd misforståing at å flytte eit studieprogram opp ein kategori vil føre til større økonomisk ramme. Systemet i seg sjølv er eit nullsum-spel, slik at flytting oppover i kategori berre vil føre til tilsvarende lågare basis. Det institusjonane ber om, er auka midlar i basis saman med flyttinga oppover i kategori, slik at den totale finansieringa av studieprogrammet blir auka.

Departementet vurderer at det er på tide med ein ny gjennomgang av kostnadskategoriene, med sikte på å redusere talet på kostnadskategoriar for studieprogramma. Ved å forenkle systemet og gjere kategoriene meir grovmaska, gjer ein det tydeleg at dette er eit insentivsystem. I Danmark har dei tre kostnadskategoriar, og det same er foreslått i Sverige. Departementet vil setje i gang eit arbeid for å sjå nærmare på dette.

Uavhengig av utfallet av dette arbeidet foreslår regjeringa at studiepoeng avlagde på vidareutdanning blir plasserte i same kategori som det respektive grunnutdanningsstudiet. Dette vil vere meir riktig i høve til reelle kostnader og gi sterkare insentiv for vidareutdanning. Tiltaket er lansert i St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja*.

Utteljing for utveksling av studentar

Vurdering av måloppnåing

Studentutvekslinga har auka i den aktuelle perioden, men det er vanskeleg å seie i kva grad det skyldast utteljinga i undervisningskomponenten, eller om det berre er ein pågåande trend.

Vurdering av behov for endring i indikatoren

Evalueringa av Kvalitetsreforma viste at reforma har gitt internasjonaliseringsarbeidet auka merksemd. Utviklinga for mange institusjonar skjer likevel langs dei same dimensjonane som òg var viktige før Kvalitetsreforma. Dette gjeld særleg studentutveksling og deltaking i forskarnettverk. Ifølgje evalueringa har institusjonane i varierende grad ei heilskapleg tilnærming til internasjonalisering som verkemiddel for auka kvalitet. Den auka studentutvekslinga tyder på at dette området blir prioritert framfor andre målsetjingar i internasjonaliseringsarbeidet. Slik sett kan det vere eit argument for å nytte midlane som blir løyvde på bakgrunn av denne indikatoren, til meir strategisk utvikling av internasjonaliseringsarbeidet ved institusjonane. Samtidig kan det gi uheldige signal å ta bort utteljinga.

Frå sektoren har det òg blitt hevda at institusjonane taper pengar på at studentane reiser ut, fordi dei da ikkje får utteljing på studiepoengsindikatoren. Praksis ved fleire institusjonar viser at institusjonane kan planleggje med tanke på at ein viss del av studentane tek delar av studiet i andre land. Departementet vurderer at det er viktig med den symboleffekten som utteljing for utveksling gir, og foreslår at internasjonaliseringsindikatoren blir ført vidare som i dag.

Oppsummering og konklusjon

Produksjonen av studiepoeng har auka, og strykprosenten har gått ned i alle institusjonskategori-ane. Likevel har departementet vurdert behov for endringar. Mange meiner at studiepoengsindikatoren rettar fokuset for mykje på kvantitet framfor kvalitet. Omgrepet kvalitet er ikkje eintydig. Studiepoengsindikatoren er etter departementets vurdering ein indikator på kvaliteten i undervisningsopplegget. Gode opplegg gjer at fleire studentar lykkast. Det er først og fremst institusjonane sitt ansvar å sørge for god kvalitet i studia. Som eit ledd i Kvalitetsreforma, har alle institusjonane etablert eigne kvalitetssikrings-system. Andre verkemiddel, som for eksempel NOKUT, bidreg til å sikre kvaliteten på innhaldet i studia.

Departementet har vurdert om det er andre indikatorar som kan vere betre mål på studentanes gjennomføring av studia, og som derfor bør erstatte eller kombinerast med dagens studiepoengsindikator. Både kandidatar og studiepoeng per student har vore vurderte. Indikatorane kan ha nokre uheldige verknader med omsyn til samarbeid om studieprogram og fleksibilitet for studentane til å bytte studiestad. Det er mange tilhøve som påverkar om studentane har full progresjon, og fleire av desse rår ikkje institusjonane sjølve over. For at insentiva skal fungere, bør ikkje finansieringa vere for avhengig av tilhøve som ligg utanfor institusjonanes kontroll.

Departementet har òg vurdert å ta ned styrken på undervisningskomponenten. Argument for å ta ned styrken er blant anna at institusjonane er sår- bære for sviktande rekruttering av studentar, og at dei rettar studietilbodet meir etter studentanes ønske enn samfunnet sine behov. Departementet meiner at det er ein risiko for at merksemda på gjennomstrøyming blir svekt om ein reduserer insentivet. Departementet ønskjer ikkje å gi slike signal. Måla for utdanningsinsentiva er dei same som da systemet vart innført. Det er òg eit poeng å halde systemet stabilt over tid. Alt i alt tilseier desse vurderingane at studiepoengsindikatoren blir halden slik som han er. Departementet vil likevel starte ein gjennomgang av kostnadskategori-ane med sikte på å forenkle modellen.

Indikatoren for utveksling av studentar har òg blitt vurdert. Departementet meiner at symboleffekten ved å premiere utveksling tilseier at indikatoren først vidare som i dag.

Forskningskomponenten

Mål

Forskningskomponenten i finansieringssystemet omfattar i dag ein resultatbasert og ein strategisk del. Målet med den resultatbaserte utteljinga var å motivere institusjonane til å auke forskingsaktiviteten og til å fordele ressursar til miljø som kan vise til gode forskingsresultat – med andre ord å stimulere til kvalitet i forskinga. Målet med den strategiske delen er blant anna å byggje opp forskingskapasitet gjennom å satse på rekrutteringsstillingar.

Oppbygging

Den resultatbaserte delen RBO (resultatbasert omfordeling) gir utteljing på følgjande indikatorar: talet på avlagde doktorgrader, publikasjonspoeng, midlar frå EUs rammeprogram for forskning og midlar frå Noregs forskingsråd. RBO har ei lukka

ramme slik at midlane blir omfordelte mellom institusjonane kvart år, basert på oppnådde resultat to år tidlegare. Den strategiske delen inneheld i hovudsak midlar til doktorgradsstipendiatstillingar og postdoktorstillingar.

Indikatorane er utforma for å måle både forskingsaktivitet og kvalitet. Tildeling frå Noregs forskingsråd og EU skjer i sterk konkurranse, og er dermed eit teikn på kvalitet. Vidare er det to kvalitetsnivå på publiseringsskanalane – eitt nivå for alminneleg publisering, og eitt nivå for publisering i særskild prestisjetunge kanalar.

Utteljing for talet på avlagde doktorgrader

Vurdering av måloppnåing

Talet på avlagde doktorgrader har auka mykje sidan det resultatbaserte finansieringssystemet vart innført. Frå 2004 til 2008 har talet på doktorgrader auka med 59 pst. Sjølv om mykje av auken må tilskrivas at institusjonane har fått øyremerkte stipendiatstillingar gjennom den strategiske delen, er det departementet si vurdering at indikatoren fungerer etter formålet. Det er òg teikn som tydar på at gjennomstrøyminga i doktorgradsutdanninga er i ferd med å bli betre.

Vurdering av behov for endring i indikatoren

Departementet legg likevel fram to justeringar: utteljing for samarbeid om doktorgradsutdanninga, og utteljing for ferdige kandidatar frå *Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid*.

I dagens system blir det gitt utteljing berre til den institusjonen som gir doktorgraden. Mange høgskolar utan rett til å gi doktorgrad deltek aktivt i doktorgradsutdanninga utan at dei blir premiere for dette gjennom finansieringssystemet. Eit av innspelane frå sektoren gjekk ut på at dette burde endrast. For å bidra til meir og betre samarbeid om doktorgradsutdanninga, vil departementet derfor at universitet og høgskolar som bidreg i doktorgradsutdanninga, men ikkje skriv ut graden, skal få utteljing i finansieringssystemet. Bidrag inneber i denne samanhengen at kandidaten har hatt arbeidsplassen sin ved institusjonen under arbeidet med doktorgraden. Utteljinga til institusjonen som bidreg i doktorgradsutdanninga, vil svare til 20 pst. av den utteljinga gradgivande institusjon får. Det vil seie at samarbeid om doktorgradsutdanning gir utteljing på til saman 120 pst. med ei fordeling på 100 pst. til gradgivande institusjon og 20 pst. til samarbeidande institusjon.

Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid vart oppretta i 2003. Programmet skal gi kompetanse på doktorgradsnivå og kvalifisere for fast

fagleg stilling på relevante fagområde i universitets- og høgskolesektoren. Utgreiinga *Vekt på kunstnerisk utviklingsarbeid* frå Universitets- og høgskolerådet (UHR) foreslo kandidatar frå stipendprogrammet som ein mogleg indikator for denne typen arbeid. Ei sjøvevaluering frå programmet konkluderer med at nivået på stipendiatane er høgt i eit internasjonalt perspektiv, og at programmet held ein høg fagleg standard. Med bakgrunn i framlegget frå UHR og evalueringa av programmet vil departementet gi utteljing for kandidatar frå stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid på line med andre doktorgradskandidatar.

Desse to endringane i doktorgradsindikatoren vil ha marginal påverknad på utteljinga for ordinære doktorgradskandidatar fordi det dreier seg om få kandidatar.

Eit anna innspel frå UHR som departementet har vurdert, går ut på at universitet og høgskolar skal få ein fast sum når dei inngår samarbeidsavtalar med utanlandske institusjonar om felles doktorgrader, og utteljing i RBO for rettleiing av utanlandske doktorander. Finansieringssystemet skal i størst mogleg grad premiere resultat, og ikkje aktivitet. Departementet meiner ein derfor ikkje skal gi utteljing for samarbeidsavtalar.

Utteljing for tildeling frå Noregs forskingsråd

Vurdering av måloppnåing

Grunngivinga for denne indikatoren er at Forskingsrådet er den viktigaste nasjonale konkurransearenaen for forskingsmidlar, og at tildeling frå Forskingsrådet er eit teikn på kvalitet. Tildelinga av midlar til institusjonane har auka med 13 pst. frå 2004 til 2008.

Vurdering av behov for endring i indikatoren

Ein kan argumentere for at det ikkje er nødvendig med ei slik premiering sidan midlar gjennom Forskingsrådet er ei premiering i seg sjølv. Delen søknader som får tildeling, er svært låg på fleire av programma og verkemidla i Forskingsrådet. Departementet har derfor fått innspel om at det ikkje er hensiktsmessig å oppmode til ytterlegare søknadsskriving gjennom økonomiske insentiv. Departementet meiner at institusjonane bør stimulerast til å delta på den viktigaste nasjonale konkurransearenaen vi har, og at det er nødvendig med ein slik indikator for å stimulere til kvalitet. Særleg gjeld dette konkurransen om dei frie midlane, som fri prosjektstøtte og Senter for framifrå forskning (SFF).

Dei regionale forskingsfonda er eit nytt verke-middel som skal bidra til kunnskapsbasert utvikling i regionane. Desse fonda vil dermed utgjere ein ny nasjonal konkurransearena for forskning og utvikling. Samfunnsoppdraget til universitet og høgskolar inneber både å drive forskning av høg kvalitet og å bidra til regional utvikling. Ved å innlemme dei regionale fonda i forskingsinsentiva, vil begge desse målområda i større grad bli tekne i vare. Dei regionale fonda kan leggjast inn som eigen indikator, eller innlemmast i forskingsråd-indikatoren. Departementet meiner det siste alternativet er det beste. Begge desse inntektskjeldene vil då bli handsama under eitt, og vil telje likt. Dette kan innebere at høgskolane kan få ein større del av utteljinga på indikatoren, då dei regionale fonda er meir retta mot deira kjerneoppgåver enn mot universiteta sine.

Eitt av hovudmåla med rammeløyvinga direkte over statsbudsjettet er at ho skal gjere det mogleg for institusjonane med eigeninnsats i eksterne bidragsprosjekt. Eigeninnsatsen er ønskjeleg for å sikre at dei eksterne prosjekta er forankra i institusjonane sine strategiar for forskning. Prosjektmidlane for eksempel frå Forskingsrådet skal vere bidrag til institusjonane si eiga forskning, og støtte opp om deira eigne forskningssatsingar. Samtidig må det vere ein balanse som gjer at bruken av eigeninnsats i form av tid og andre ressursar ikkje går ut over institusjonane sin strategiske kapasitet og fridom til å gjere eigne prioriteringar. Departementet har fått tilbakemelding frå sektoren om at institusjonane ser dette som ei utfordring. Departementet vil sette ned eit utval som skal sjå nærmare på desse problemstillingane.

Utteljing for tildeling frå EUs rammeprogram

Vurdering av måloppnåing

For norske forskarar er EUs rammeprogram den største internasjonale kjelda til forskingsmidlar. EU-indikatoren stimulerer til meir internasjonalt forskningssamarbeid. Tildelingane skjer i konkurranse, og det er eit kvalitetsteikn når norske forskingsmiljø hentar inn midlar frå rammeprogramma. Frå 2006 tel berre midlar frå rammeprogramma i indikatoren. I perioden 2006 til 2008 auka institusjonane si tildeling frå EUs rammeprogram for forskning med 24 pst.

Vurdering av behov for endring i indikatoren

Det har komme to innspel frå sektoren om å redusere styrken på EU-insentivet. Det eine innspelet dreier seg om å fordele dei frigjorde midlane gjennom Forskingsrådet til strategisk EU-posisjone-

ring. Forskingsrådet tildeler allereie EU-posisjone-ringsmidlar til institusjonane. Etter departementets vurdering vil det vere meir effektivt om institusjonane i tillegg prioriterer midlar av eiga ramme til å stimulere arbeidet med EU-posisjone-ring og -søknadar.

Det andre innspelet tek opp at små institusjonar blir sårbare for svingingar i EU-inntektene grunna den sterke insentivverknaden – om lag to kroner frå departementet for kvar EU-krone. Departementet meiner at nettobudsjetterte institusjonar har verkemiddel for å handtere slike svingingar. Den resultatbaserte utteljinga kjem òg to år etter resultatet slik at institusjonane kan planleggje på lengre sikt.

Utfordringane knytte til eigeninnsats gjeld òg for midlar frå EU, sjå ovanfor om midlar frå Noregs forskingsråd.

Forslaget om å gi utteljing for dei regionale forskingsfonda innanfor forskingsrådindikatoren inneber å svekke insentiva for å søkje midlar på den nasjonale konkurransearenaen. EU-midlar gir i dag om lag 14 gonger så høg utteljing som midlar frå Forskingsrådet. Fleire har spurd om ikkje denne skilnaden er for stor. Ved å flytte ein liten del av midlane frå EU-potten, vil ein samstundes kunne oppretthalde styrken på insentiva for å søkje nasjonale midlar og redusere skilnaden i utteljing mellom dei to indikatorane noko. I dag er potten både til EU-midlar og midlar frå Forskingsrådet 20 pst. av ramma for RBO. Departementet meiner EU-midlane sin del kan reduserast til 18 pst. Insentivet for å søkje EU-midlar vil framleis vere langt sterkare enn insentivet for å søkje nasjonale midlar. Delen knytt til midlar frå Forskingsrådet og regionale forskingsfond vil auke til 22 pst.

EU sine rammeprogram er stadig i utvikling, og det oppstår dermed behov for å vurdere presiseringar av innhaldet i indikatoren i takt med denne utviklinga. I det 7. rammeprogrammet har det komme til nye verkemiddel, som Joint Technology Initiatives (JTI), ERA-NET og initiativ etter EU-traktatens artikkel 169. Tildeling frå desse verkemidla skjer i open konkurranse etter internasjonal utlysing. Kvaliteten på søknadane og fagmiljøa vil vere avgjerande for tildelinga. Tildelingskriteria er dermed i samsvar med formålet med EU-indikatoren. Departementet presiserar at midlar frå JTI, ERA-NET og artikkel 169 skal gi utteljing i EU-indikatoren.

Utteljing for vitenskapleg publisering

Vurdering av måloppnåing

Talet på publiseringspoeng i universitets- og høgskolesektoren har auka med 45 pst. frå 2004 til

2008. Internasjonal statistikk over vitenskapleg publisering viser at norske artiklar aukar sin del av verdsproduksjonen. Sektoren står for ein stor del av det norske bidraget. Norske artiklar blir stadig meir siterte jamført med snittet for resten av verda. Siteringar er ein indikator på kvalitet. Desse tala tyder dermed på at publiseringa har auka kraftig utan at det har svekt kvaliteten. Sjølv om den positive trenden starta før publiseringsindikatoren vart innført, er det grunn til å tru at han har bidrege til å styrkje ei positiv utvikling.

Vurdering av behov for endring i indikatoren

Departementet har fått fleire ulike innspel knytte til publiseringsindikatoren. Det har vore ein diskusjon i sektoren om ein skal ha eit tredje kvalitetsnivå på publiseringskanalane. Grunngevinga er at ein treng å skilje klarare i toppsjiktet av publiseringsskanalane på fleire fagområde. Eit tredje kvalitetsnivå har vore vurdert av UHR. Innstillinga *Vekt på forskning* om publiseringsindikatoren i finansieringssystemet, konkluderer med at det ikkje er mogleg med meir enn to nivå for å halde alle fagområda innanfor same system. Departementet deler denne vurderinga.

Finansieringssystemet for instituttsektoren gir ekstra utteljing for å sampublisere med andre institusjonar. Det har vore hevda at ein må harmonisere finansieringssystema mellom universitets- og høgskole- og instituttsektoren på dette punktet. Eventuelt kunne ein avgrense den ekstra utteljinga til å gjelde internasjonal sampublisering. Statistikken viser at det er utstrakt sampublisering på tvers av dei forskingsutførande sektorane i Noreg. Statistikken viser òg at det er meir samarbeid internt enn på tvers av sektorane. Likeins aukar stadig delen norske artiklar med utanlandske medforfattarar. Samarbeid fører ofte til betre kvalitet og vil derfor i seg sjølv auke moglegheita for utteljing. Departementet gir utteljing på grunnlag av oppnådde resultat, ikkje aktivitetar, og meiner derfor at det ikkje er behov for å stimulere særskilt til sampublisering.

Departementet har fått innspel om at vitenskaplege artiklar som er ope tilgjengelege, bør få ekstra utteljing på publiseringsindikatoren. Dei godkjende tidsskrifta i finansieringssystemet spenner frå dei som ikkje tillèt nokon form for open tilgang, til dei som er heilt ope tilgjengelege. Målet med indikatoren er å stimulere til meir vitenskapleg publisering og meir publisering av særleg høg kvalitet, utan omsyn til kva politikk tidsskrifta har for open tilgang. Slik sett kan finansieringssystemet seiast å vere nøytralt i høve til open tilgang. Det skal ikkje vere til hinder for open tilgang, men hel-

ler ikkje stimulere særskilt til open tilgang. Departementet meiner ein bør bruke andre verkemiddel for å fremme open tilgang, jf. omtale i forskingsmeldinga, St.meld. nr. 35 (2008–2009) *Klima for forskning*.

Oppsummering og konklusjon

Sett i høve til målet om auka forskingsaktivitet tyder statistikken for sektoren samla sett på at forskninga går i ønskt retning. Dette blir stadfesta i ulike analysar, blant anna i den eksterne analysen frå Econ Pöyry. RBO har bidrege til å auke omfanget av norsk vitenskapleg publisering betydeleg. Talet på doktorgrader har òg auka kraftig, men her spelar andre faktorar enn RBO ei stor rolle. Ikkje minst har den strategiske forskingskomponenten bidrege til å auke talet på stipendiatstillingar i sektoren vesentleg. Desse har no byrja å gi seg utslag i langt fleire avlagde doktorgrader. Omfanget av Forskningsråds- og EU-midlar til sektoren har òg auka. Det er dermed klare indikasjonar på at RBO har vore med på å stimulere omfanget av forskning i sektoren, og da særleg forskingspublisering.

Forskning er i stadig aukande grad ein internasjonalt aktivitet, og det er eit mål at norske forskarar skal ta del i denne internasjonaliseringa. For å oppnå gode resultat som blir premierte i finansieringssystemet, vil norske forskarar ofte tene på å samarbeide med gode utanlandske forskarar. Statistikken tyder på at delen norske vitenskaplege artiklar med utanlandske medforfattarar stadig veks. Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å få EU-tildelingar. Slik sett kan finansieringssystemet stimulere til auka internasjonalisering av forskninga.

Insentiv for formidling

Innanfor dei lovfesta hovudoppgåvene for institusjonane, er det i gjeldande finansieringssystem ikkje eigne indikatorar knytte til formidling. Innføring av ein formidlingskomponent har tidlegare vore greidd ut i to omgangar av utval med representantar frå sektoren, men er ikkje gjennomført. Departementet har vurdert at dei føreslåtte indikatorane er for lite treffsikre i høve til dei måla som er sette for formidlingsaktiviteten, og at arbeidet med registrering og kvalitetssikring av data vil bli betydeleg.

Vurdering av behovet for nye indikatorar

Av dei indikatorane som tidlegare er vurderte, har departementet særleg vurdert resultatbasert utteljing for bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitetar (BOA) utanom forskingsmidlar frå Forskningsrådet

og EU. Indikatoren ville støtte opp om hovudmåla om auka kvalitet ved at han ville byggje på same prinsipp som Forskingsråds- og EU-utteljinga: Når nokon er villig til å betale institusjonane for ein aktivitet, er det teikn på kvalitet og relevans. Vidare ville indikatoren stimulere institusjonane til auka samarbeid med aktørar utanfor sektoren. BOA-aktivitetane spenner vidt, frå internasjonale grunnforskningsfond til lokale tilbod om etterutdanning. Dette er òg ein enkel indikator som institusjonane allereie rapporterer på.

Samstundes ville BOA ikkje dekkje alle aktivitetane som fell inn under formidlingsmålet, og indikatoren ville primært støtte opp under den brukarretta formidlinga. Den allmennretta formidlinga, som deltaking i samfunnsdebatten, populær- vitenskapleg formidling osv., ville ikkje fått utteljing. Departementet vurderte at innføring av BOA som indikator dermed ville kunne fått uheldige verkningar for denne delen av formidlingsaktiviteten. Vidare har institusjonane allereie økonomiske insentiv til å skaffe seg eksterne inntekter fordi det i seg sjølv aukar deira økonomiske ramme.

Formidling er ei av hovudoppgåvene til institusjonane, og det er styra sitt ansvar å forvalte midlane på ein slik måte at institusjonane oppfyller samfunnsoppdraget sitt òg på dei områda som det ikkje er knytte økonomiske insentiv til.

Konklusjon

Regjeringa vil ikkje foreslå at det blir innført egne insentiv knytte til formidlingsmålet.

Departementet vil vurdere å be institusjonane lage interne modellar for å stimulere til både allmennretta og brukarretta formidling.

Museumsmålet

Finansieringa av universitetsmusea er ein del av rammeløyvinga til universiteta. Departementet har fastsett overordna mål og styringsparametrar for universitetsmusea, men det har ikkje vore knytte egne indikatorar i finansieringssystemet til dette målet. Vitskapleg publisering frå tilsette ved universitetsmusea har vore rekna med i RBO til universiteta.

På bakgrunn av utgreiinga om universitetsmusea, NOU 2006: 8 *Kunnskap for fellesskapet*, har departementet i St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale* peikt på at universitetsmusea har følgjande hovudutfordringar: sikring og bevaring av samlingane, forskning og tilgjengeleggjering av samlingane for forskning, og allmennretta formidling.

Det har vore noko ulike syn på om ein eigen modell/komponent for musea i finansierings-

systemet er ein del av svaret på desse utfordringane. Likevel er det semje om at musea må integrerast betre i styringa av sektoren gjennom klare mål og resultatkrav.

Konklusjon

Departementet vurderer at det ikkje er behov for ein eigen del for musea i finansieringssystemet. Departementet held fram med arbeidet med å utvikle gode styringsindikatorar for universitetsmusea i samarbeid med sektoren, og følgjer opp måloppnåinga gjennom den årlege styringsdialogen.

Hovudkonklusjon

Både den eksterne analysen av finansieringssystemet, innspela frå sektoren og departementet sine egne vurderingar tilseier at det ikkje er behov for omfattande endringar av finansieringssystemet. Departementet vil likevel gjere nokre justeringar i systemet.

Departementet meiner at måloppnåinga kan bli enda betre ved òg å stimulere til auka samarbeid i sektoren. For å utvikle kvaliteten i utdanning og forskning er det behov for robuste fagmiljø med kraft og kompetanse til å delta aktivt på den globale kunnskapsarenaen. Kvalitativt gode fagmiljø er viktige for å tiltrekke seg flinke forskarar og undervisarar og fagleg motiverte studentar. Regjeringa vil derfor foreslå ein ny indikator for samarbeid i den resultatbaserte delen av systemet, og auka bruk av strategiske midlar for å stimulere til meir samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) i sektoren. Til saman vil dette stimulere institusjonane til å utvikle meir robuste fagmiljø og til å få ei betre arbeidsdeling seg imellom. Desse endringane i finansieringssystemet vil saman med andre verkemiddel departementet nyttar, svare på dei utfordringane for sektoren som Stjernø-utvalet peikte på.

I tillegg til desse endringane for meir samarbeid foreslår regjeringa at kandidatar frå *Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid* gir utteljing i doktorgradsindikatoren, at regionale forskningsfond gir utteljing, at vidareutdanning blir plassert i same kostnadskategori som tilsvarande grunnutdanning, og at institusjonane får utteljing for studiepoeng for studentar som tek studieprogram ved UNIS.

Omgrepsavklaring

Undervegs i arbeidet med evalueringa har departementet blitt merksam på at nokre av omgrepa som blir nytta i skildringa av finansieringssystemet, ikkje er i samsvar med dei prinsippa som ligg til

grunn for finansieringa av universitets- og høgskolesektoren. Det er viktig at omgrepa er presise slik at departementet formidlar ei riktig forståing av finansieringssystemet.

Omgrepa *basiskomponent*, *undervisningskomponent* og *forskingskomponent* kan gi inntrykk av at dei to siste er eigne løyvingar til undervisning og til forskning, mens basis skal dekkje resten, jf. løyvinga over postane 50–52 og 70–72 på kap. 271, 272 og 275 i statsbudsjettet. Dei statlege universiteta og høgskolane er nettobudsjetterte verksemdar som mottok ei rammeløyving. Dei private institusjonane som mottok statstilskott får òg dette som eit rammetilskott. Institusjonane har stor fridom til å nytte midlane slik dei meiner er best for å nå dei overordna måla som er sette av departementet. For at omgrepa i finansieringssystemet skal vere i samsvar dette, går departementet bort frå omgrepet *komponent*. For ytterlegare å tydeleggjere at det er ei rammeløyving, er postane i statsbudsjettet frå 2010 slåtte saman til ein post 50 for dei statlege institusjonane og ein post 70 for dei private institusjonane.

I statsbudsjettet for 2010 er òg kapitla for institusjonane slåtte saman til eit kap. 260. Dette heng saman med at vi ikkje har eit differensiert finansieringssystem, men eit system som i all hovudsak er felles for alle institusjonane.

Innanfor den resultatbaserte uttellinga er det to ulike fordelingsmekanismar. Indikatorane som er knytte til utdanningsmålet, har ei ope ramme slik at satsane for uttelling er faste. Indikatorane knytte til forskning har ei lukka ramme slik at satsane her er avhengige av det samla resultatet til sektoren. For å skilje mellom desse fordelingsmekanismane bruker ein omgrepa *utdanningsinsentiva* og *forskingsinsentiva*. Bruken av omgrepet insentiv er valt da begge skal oppfattast som eit insitament til å arbeide for å betre måloppnåinga. Indikatorane er måleinstrumentet som indikerer måloppnåing.

Departementet har vidare valt å bruke omgrepet *utdanning* i staden for *undervisning* som tidlegare vart nytta. Utdanning er eit meir dekkjande omgrep og meir i samsvar med omgrepsbruken i målstrukturen for sektoren.

Del 2 Framstilling og forklaring av finansieringssystemet for universitet og høgskolar

Denne delen av vedlegget gir ei kortfatta framstilling av korleis finansieringssystemet skal bli forstått og kva det inneheld.

Finansieringssystemet som styringsverkemiddel

Finansieringssystemet er eitt av fleire verkemiddel som Kunnskapsdepartementet nyttar i styringa av universitets- og høgskolesektoren. Departementet styrer sektoren på overordna nivå gjennom mål- og resultatstyring, og gjennom dei rammene som er sette i lov og anna regelverk. Måla viser kva som er samfunnsoppdraget til sektoren. Universitets- og høgskolelova gir institusjonane akademisk fridom, faglege fridomsgradar og fullmakter til å fastsetje si interne organisering. Departementet har fastsett overordna mål og styringsparametrar for institusjonane og resultatkrav på utvalde område. I tillegg fastset departementet instruks og reglement for dei statlege institusjonane, jf. det statlege økonomireglementet.

Finansieringssystemet skal støtte opp om dei måla for sektoren som er nedfelte i universitets- og høgskolelova, og som blir presenterte i kvart statsbudsjett. Systemet skal sørge for ei stabil og langsiktig finansiering av universiteta og høgskolane slik at styra ved institusjonane kan drive langsiktig planlegging. Samstundes skal systemet gi rom for å målrette delar av ressursane mot særskilt viktige område ved behov. Vidare blir delar av midlane fordelte med grunnlag i institusjonanes resultat på utvalde område. Dette stimulerer institusjonane til å prioritere sine aktivitetar og ressursar på ein slik måte at måloppnåinga blir god. Saman med andre verkemiddel skal dette bidra til auka kvalitet i utdanning og forskning. Vidare skal systemet stimulere til effektiv ressursbruk, og gi institusjonane fleksibilitet til å tilpasse aktivitetane sine til sine eigne strategiar og samfunnets behov.

Departementet finansierer på institusjonsnivå – ikkje enkelte fagområde, utdanningar eller aktivitetar. Løyvinga er derfor ikkje dekomponert på ulike kostnadsbærarar. Finansieringssystemet er meint å vere eit grovmaske system, som verken kan eller skal stimulere alle aktivitetar og oppgaver som institusjonane har. Universiteta og høgskolane har ei rekkje oppgaver som ikkje er direkte omfatta av verken resultatbaserte indikatorar eller strategiske midlar i finansieringssystemet. I samfunnsoppdraget sitt er institusjonane forplikta til å sørge for god måloppnåing òg på desse områda, noko eit stabilt finansieringssystem legg til rette for.


Finansieringssystemet er, med nokre unntak, likt for alle institusjonane uavhengig av institusjonskategori og om dei er statlege eller private. Det inneber at departementet ikkje har plassert universiteta og høgskolane i eigne kategoriar eller med eigne indikatorar. Eit felles finansieringssystem støtter òg opp om institusjonane sin autonomi ved at det blir mogleg for institusjonane til

sjølve å bestemme dei aktivitetane og områda dei vil satse på.

Kunnskapsdepartementet nyttar blant anna den årlege styringsdialogen for å følgje opp både dei områda som er særskild vektlagde i finansieringssystemet, og andre område. I tillegg har òg Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) og Noregs forskingsråd sentrale oppgåver knytte til kvalitetsutviklinga i sektoren.

Nærmare om innhaldet i finansieringssystemet

Det er kombinasjonen av prioriteringar i statsbudsjettet og uttellinga på indikatorane i den resultatbaserte delen som fastset dei årlege økonomiske rammene for institusjonane.



Figur 4.1 Finansieringssystemet som del av mål- og resultatstyringa

Det er viktig at finansieringssystemet gir rom for politisk styring slik at ein kan ta i vare nasjonale omsyn. Dette inneber at nokre midlar blir retta mot strategisk viktige område når faglege og politiske omsyn talar for det. Noko som det særskild kan vere viktig å nytte strategiske midlar til, er for eksempel auking av talet på rekrutteringsstillingar til forskning og studieplassar, utvikling av lærarutdanningane samt tilskott til prosessar for auka samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon (SAK) i sektoren. Nokre slike strategiske midlar vil vere øyremarka til særskilde aktivitetar, medan andre er knytte til særskilde formål der institusjonane sjølve må vurdere korleis midla best kan nyttast. Departementet følgjer opp bruk av dei strategiske midlane gjennom rapportering og styringsdialog.

Det er viktig at finansieringssystemet stimulerer institusjonane til å drive forskning med høg kvalitet og tilby studentane sine kvalitativt gode studietilbod. Innanfor rammefinansieringa blir derfor delar av midlane fordelt med grunnlag i institusjonane oppnådde resultat på utvalde indikatorar knytte til utdanning og forskning. Insentiva peiker framover og skal stimulere institusjonane til å forbetre seg. Utteljinga i finansieringssystemet viser kor gode resultat institusjonane har oppnådd på dei utvalde indikatorane, men størrelsen på uttellinga seier ikkje noko om kor mykje midlar departementet forventar at institusjonane nyttar på desse områda. Ansvar for dette ligg til styra ved den einkilde institusjonen.

Den resultatbaserte uttellinga er regelstyrt, og det er resultatata på utvalde indikatorar som ligg til

grunn for fordeling av midlane. Det skal vere enkelt for institusjonane å rekne seg fram til kor stor utteljing dei vil få på bakgrunn av resultatane sine. I forskingsinsentiva vil utteljinga òg vere avhengig av resultatane til dei andre institusjonane i sektoren. Den økonomiske utteljinga inngår i rammeløvinga to år etter oppnådd resultat. Endringar i utteljing for den einkilde institusjon frå eitt år til eit anna blir presenterte i *Orientering om forslag til statsbudsjett for universiteter og høgschooler*.

Utdanningsinsentiva

Utdanningsinsentiva skal stimulere institusjonane til gode resultat på målområda kvalitet i utdanninga og internasjonalisering. Det er knytt éin indikator til kvar av desse områda. Utdanningsinsentiva har ei open økonomisk ramme slik at ein nyttar faste satsar for kvar indikator. Det inneber at forbetra resultat for ein institusjon fører til auka løyving uavhengig av resultatane elles i sektoren. Kunsthøgskolane i Bergen og Oslo er haldne utanfor utdanningsinsentiva.

- Kvalitet i utdanninga

Talet på avlagte nye 60-studiepoengeiningar (som svarer til eit studieår på fulltid) er valt som indikator for å fremje kvalitet i studieopplegget. Bakgrunnen er at det å få studentane gjennom studia, er eit teikn på at studieopplegget er av god kvalitet. Indikatoren fangar i mindre grad opp andre sider ved kvalitet, som for eksempel læringsutbytte. For å stimulere og leggje til rette for slik kvalitetsutvikling nyttar departementet andre verkemiddel, mellom anna tiltak gjennom NOKUT.

Indikatoren skal òg gi institusjonane fleksibilitet til å tilpasse studietilboda sine til studentanes ønske og samfunnets behov for kompetanse. Han bidreg dermed til oppnåing av utdanningsmålet ved å auke relevansen av studietilboda.

For at insentiva skal bli om lag like sterke uavhengig av fagretning, er det lagt opp til differensierte satsar på utteljinga. Som grunnlag for å fastsetje satsane er det etablert seks kostnadskategoriar som alle studietilboda er plasserte i. Kategoriane er grovt fastsett med bakgrunn i blant anna kor utstyrskreivjande og praksisintensive studia er. Kostnadsberekningane vil aldri bli heilt presise, men må sjåast som gjennomsnittskategoriar. I ein så heterogen sektor som universitets- og høgschoolsektoren vil det alltid vere store variasjonar i kostnadene. Endra innplassering i kostnadskategori kan enten skje som ei teknisk flytting utan endring i samla finansiering, eller som resultat av politisk prioritering om styrka eller svekka finansiering. Kostnadskategoriane blir kvart år presen-

terte i *Orientering om forslag til statsbudsjett for universiteter og høgschooler*.

Utteljinga blir utrekna ved at institusjonen per avlagte (nye) 60-studiepoengeiningar får tildelt 40 pst. av beløpet som er knytt til den aktuelle kostnadskategorien. Nokre av dei private institusjonane er vekta med ei lågare utteljing. Kategoriane omfattar både grunnutdanning og vidareutdanning, medan etterutdanning ikkje er studiepoenggivande og dermed heller ikkje gir utteljing i finansieringssystemet.

- Internasjonalisering

Talet på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar er gjeldande indikator for å stimulere til auka internasjonalisering. Målet om internasjonalisering er nedfelt i lova. Både at norske studentar reiser ut og tek med seg kompetanse og inntrykk heim, og at utanlandske studentar kjem til Noreg og gjer studiemiljøa rikare, er med på å auke kvaliteten på norsk utdanning.

Utteljinga blir gitt som ein flat sats for alle utreiser og innreiser på meir enn tre månader. Satsen kan endrast ved politisk prioritering. I *Orientering om forslag til statsbudsjett for universiteter og høgschooler* blir det kvart år opplyst kva satsen er.

Forskingsinsentiva

Forskingsinsentiva skal stimulere institusjonane til forskingsresultat og forskarutdanning av høg kvalitet og stimulere til auka forskingsproduksjon. Forskingsinsentiva omfattar fire indikatorar: Doktorgradskandidatar/kandidatar frå *Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid*, publikasjonspoeng, midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond og midlar frå EUs rammeprogram for forskning.

Kunsthøgskolane i Oslo og Bergen, Arkitektur- og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole er haldne utanfor konkurranse om publikasjonspoeng, midlar frå Noregs forskingsråd og midlar frå EUs rammeprogram. Grunnen er at deira kunstnarlege resultat er av ein annan art enn andre fagdisiplinar. Resultata er såleis vanskelege å samanlikne med forskingsresultata i sektoren elles.

Forskingsinsentiva har ei lukka økonomisk ramme. Dette inneber at ein politisk fastsett del av den totale løyvinga til sektoren blir fordelt til institusjonane på grunnlag av institusjonanes eigne resultat og det samla resultatet til sektoren. Dette inneber at institusjonane ikkje berre konkurrerer om å betre sine eigne resultat, men òg konkurrerer med dei andre universiteta og høgschoolane. Ved å kanalisere økonomiske midlar til institusjonar

som oppnår gode resultat bidreg systemet til auka kvalitet. Dei samla resultata for sektoren vil variere frå år til år, og dermed vil òg satsane for uttellinga variere.

Endringar i uttelling for den einstilte institusjonen frå eitt år til eit anna blir presenterte i *Orientering om forslag til statsbudsjett for universiteter og høyskoler*. Her blir òg dei gjeldande satsane for det kommande budsjettåret presenterte saman med nærmare kriterium for rapportering knytt til disse indikatorane.

- Kvalitet og kvantitet i vitenskapleg publisering

For å stimulere til auka publisering og auka kvalitet på det som blir publisert, inneheld forskingsinsentiva ein publiseringssindikator. Indikatoren er delt i to nivå, der vitenskapleg publisering i høgt anerkjende kanalar gir høgre uttelling enn anna publisering. Om lag 20 pst. av det som blir publisert skal definerast på eit høgre kvalitetsnivå. Vidare gir for eksempel bøker høgre uttelling enn artiklar, og uttellinga skal òg korrigerast for talet på forfattarar per publikasjon. For å sikre at vitenskapleg og akademisk tenking ligg til grunn for definisjonane og kriteria i denne indikatoren, er ansvaret for forvaltning og utvikling av publiseringssystemet gitt til Universitets- og høgskolerådet.

Denne indikatoren er vekta med 0,3 i forskingsinsentiva.

- Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond

For å stimulere universiteta og høgskolane til å skaffe seg midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond blir det gitt uttelling for dette. Dette skjerper den nasjonale konkurransen om forskingsmidlar og kanaliserer midlar til institusjonar med forskning av høg kvalitet og høg relevans for behovet i regionane.

Denne indikatoren er vekta med 0,22 i forskingsinsentiva.

- Midlar frå EUs rammeprogram for forskning

For å stimulere universiteta og høgskolane til å konkurrere på den europeiske forskingsarenaen blir det gitt uttelling for dei midlane institusjonane klarer å oppnå frå EUs rammeprogram for forskning. Det er viktig at Noreg er synleg internasjonalt, og at institusjonane hentar heim ein større del av den norske kontingenten i programmet. Midlar frå nye verkemiddel i EUs 7. rammeprogram som

JTI, ERA-NET og artikkel 169 er inkluderte i indikatoren.

Denne indikatoren er vekta med 0,18 i forskingsinsentiva.

Beløpa frå Noregs forskingsråd til sektoren totalt er mykje høgre enn beløpa frå EUs rammeprogram. Derfor gir kvar EU-krone ei høgre uttelling enn det dei nasjonale midlane gir.

- Kvalitativt god doktorgradsutdanning

For kvar doktorgradskandidat som disputerer, får institusjonen uttelling i finansieringssystemet. Dette skal stimulere institusjonane til å utvikle og gjennomføre kvalitativt gode doktorgradsutdanningar som fører fram til ferdige doktorgradskandidatar.

Indikatoren omfattar òg kandidatar frå *Stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid*, fordi dette er utdanning på same nivå som ordinære doktorgrader. Uttellinga er den same uavhengig av kva fagområde doktorgraden er avlagt ved.

Doktorgrader avlagt i samarbeid mellom to eller fleire institusjonar får noko høgre uttelling enn andre. Institusjonar utan eigen doktorgradsrett bidreg til doktorgradsutdanninga både gjennom stipendiatane sine og ved at anna fagleg personale tek doktorgraden i den ordinære stillinga si. For å stimulere til godt samarbeid om doktorgradsutdanningane får desse institusjonane ei økonomisk uttelling tilsvarande om lag 20 pst. av den uttellinga gradgivande institusjonar får.

Denne indikatoren er vekta med 0,3 i forskingsinsentiva.

Rammefinansiering og styrets ansvar

Finansieringssystemet er eit nasjonalt system. Den einstilte institusjonen må vurdere om og i kva grad dei nasjonale insentiva skal nyttast i interne budsjettfordelingar, og om dei har behov for andre insentiv for å underbyggje eigne strategiar ved institusjonane.

Stortinget gir løyvinga som *ei* økonomisk ramme til institusjonane. Løyvinga skal dekkje alle aktivitetar og oppgåver institusjonane har som ikkje er eksternt finansierte. Dermed støttar finansieringssystemet opp under fridomsgradane som institusjonane har fått, jf. lov og anna regelverk. Det er styret ved den einstilte institusjonen som er ansvarleg for å forvalte midlane på ein god måte, og aktivitetsnivået må tilpassast den økonomiske ramma.

Vedlegg 5**Standardiserte nøkkeltal for Kunnskapsdepartementets nettobudsjetterte verksemder**

Finansdepartementet har i samråd med aktuelle departement etablert nye prosedyrar for innrapportering av kontantbeholdninga til nettobudsjetterte verksemder per 31. desember. Dei nye prosedyrane skal gjelde frå statsrekneskapen for 2009. I budsjettproposisjonen for 2010 er det utarbeidd

standardtabellar for rapportering av nøkkeltal frå statlege forvaltningsorgan. I tabellane blir blant anna kontantbeholdninga til dei ulike verksemdene spesifisert uti frå dei formåla kontantbeholdninga skal nyttast til.

Tabell 5.1 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2007–08

Rekneskap	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Kontantbeholdning			
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	101 454	103 540	2 086
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	9	8	-1
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>101 463</i>	<i>103 548</i>	<i>2 085</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:			
Feriepengar og tilsvarande	19 584	21 080	1 496
Skattetrekk og offentlege avgifter	21 010	22 241	1 231
Gjeld til leverandørar	11 142	14 203	3 061
Gjeld til oppdragsgivarar	4 488	5 611	1 123
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-2 667	-5 671	-3 004
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår</i>	<i>53 557</i>	<i>57 464</i>	<i>3 907</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadane heilt eller delvis vil bli dekkja i framtidige budsjettår:			
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	25 756	18 590	-7 166
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	1 413	3 287	1 874

Tabell 5.1 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2007–08

Rekneskap	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av løyvingar frå andre departement	10 099	11 585	1 486
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>37 268</i>	<i>33 462</i>	<i>-3 806</i>
Andre avsetningar:			
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0
Fri verksemdskapital	10 638	12 622	1 984
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>10 638</i>	<i>12 622</i>	<i>1 984</i>
Langsiktig gjeld (netto)			
Langsiktige forpliktingar knytt til anleggsmidlar	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>101 463</i>	<i>103 548</i>	<i>2 085</i>

Tabell 5.2 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2007–08

Rekneskap	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Kontantbeholdning			
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	43 423	36 366	-7 057
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0
Andre kontantbeholdningar			0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>43 423</i>	<i>36 366</i>	<i>-7 057</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:			
Feriepengar og tilsvarande	4 121	4 636	515
Skattetrekk og offentlege avgifter	4 109	3 722	-387
Gjeld til leverandørar	-2 095	661	2 756
Gjeld til oppdragsgivarar	21 176	17 071	-4 105
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	753	-6 434	-7 187
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår</i>	<i>28 064</i>	<i>19 656</i>	<i>-8 408</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadane heilt eller delvis vil bli dekka i framtidige budsjettår:			
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0

Tabell 5.2 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2007–08

Rekneskap	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Andre avsetningar:			
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0
Fri verksemdskapital	15 359	16 710	1 351
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>15 359</i>	<i>16 710</i>	<i>1 351</i>
Langsiktig gjeld (netto)			
Langsiktige forpliktingar knytt til anleggsmidlar	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>43 423</i>	<i>36 366</i>	<i>-7 057</i>

Tabell 5.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utenrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2007–08

Rekneskap	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Kontantbeholdning			
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	29 872	32 025	2 153
Behaldning på andre bankkonti	12	5	-7
Andre kontantbeholdningar	1		-1
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>29 885</i>	<i>32 030</i>	<i>2 145</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:			
Feriepengar og tilsvarande	2 835	3 345	510
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 027	2 806	779
Gjeld til leverandørar	1 940	1 886	-54
Gjeld til oppdragsgivarar	19 416	18 986	-430
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-142	560	702
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår</i>	<i>26 076</i>	<i>27 583</i>	<i>1 507</i>

Tabell 5.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utenrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2007–08

Rekneskap	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Beløp i kr 1 000			
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadane heilt eller delvis vil bli dekkja i framtidige budsjettår:			
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Andre avsetningar:			
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0
Fri verksemdskapital	3 809	4 447	638
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>3 809</i>	<i>4 447</i>	<i>638</i>
Langsiktig gjeld (netto)			
Langsiktige forpliktingar knytt til anleggsmidlar	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>29 885</i>	<i>32 030</i>	<i>2 145</i>

Tabell 5.4 Universitet og høyskolar – utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i kr 1 000	
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008
Driftsutgifter:		
Lønnsutgifter	14 700 629	16 103 789
Varer og tenester	9 781 925	10 199 416
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>24 482 554</i>	<i>26 303 205</i>
Investeringsutgifter:		
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	1 080 806	1 276 903
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>1 080 806</i>	<i>1 276 903</i>
Overføringer frå verksemda:		
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	29 114	28 232
Utbetalningar til andre verksemdar	0	0
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>29 114</i>	<i>28 232</i>
Finansielle aktivitetar:		
Kjøp av aksjar og partar	10 940	323
Andre finansielle utgifter	4 663	15 919
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>15 603</i>	<i>16 242</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>25 608 077</i>	<i>27 624 583</i>
<hr/>		
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008
Driftsinntekter:		
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 031 300	2 480 611
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	35 175	21 910
Refusjonar	315 264	370 642
Andre driftsinntekter	1 321 735	1 196 341
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>3 703 474</i>	<i>4 069 504</i>
Inntekter frå investeringar:		
Sal av varige driftsmidlar	4 087	2 233
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>4 087</i>	<i>2 233</i>
Overføringer til verksemda:		
Inntekter frå statlege løyvingar	21 672 998	23 529 749
Andre innbetalingar	292 945	370 302
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>21 965 943</i>	<i>23 900 051</i>

Tabell 5.4 Universitet og høgsckolar – utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i kr 1 000	
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008
Finansielle aktivitetar:		
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	2 458	1 320
Andre finansielle innbetalningar (t.d. av rente)	5 189	6 363
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>7 647</i>	<i>7 683</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>25 681 151</i>	<i>27 979 470</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>73 074</i>	<i>354 888</i>

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene utgjør i 2008 om lag 95 pst. av dei samla utgiftene i 2008. Driftsutgiftene har auka med om lag 7 pst. frå 2007 til 2008.

Inntektene frå overføringane til verksemdene utgjør i 2008 om lag 85 pst. av dei samla inntektene.

Overføringane til verksemdene har auka med i underkant av 9 pst. frå 2007 til 2008. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene.

Tabell 5.5 Universitet og høgsckolar – inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i kr 1 000	
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:		
Løyvingar frå fagdepartementet	19 196 600	20 700 659
Løyvingar frå andre departement	274 790	676 863
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	503 066	733 234
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	1 958 490	2 082 712
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>21 932 946</i>	<i>24 193 468</i>
Offentlege og private bidrag:		
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	66 465	110 491
Bidrag frå private	736 774	1 037 477
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	159 547	199 104
<i>Sum bidrag</i>	<i>962 786</i>	<i>1 347 073</i>
Oppdragsinntekter og tilsvarande:		
Oppdrag frå statlege verksemder	276 266	151 216
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	130 458	118 506
Oppdrag frå private	514 713	320 696
Andre inntekter og tidsavgrensingar	1 863 982	1 848 512
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>2 785 419</i>	<i>2 438 930</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>25 681 151</i>	<i>27 979 470</i>

Kommentar til tabellen: Inntektene har samla auka med om lag 9 pst. frå 2007 til 2008. Tala viser at inntektene frå oppdrag har gått ned, medan bidrag frå offentlege og private kjelder har auka i

denne perioden. Løyvingane til gjennomføring av statsoppdraget utgjer 86,5 pst. av inntektene i 2008. Auken frå 2007 til 2008 er på om lag 10 pst.

Tabell 5.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar i universitets- og høyskolesektoren i perioden 2007–08

Balansedag 31. desember	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Kontantbeholdningar:			
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	6 298 624	6 623 985	325 361
Behaldningar på andre bankkonti	29 096	58 311	29 215
Andre kontantbeholdningar	0	312	312
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>6 327 720</i>	<i>6 682 608</i>	<i>354 888</i>
Avsetningar til dekning av kostnader som forfell i neste budsjettår:			
Feriepengar og tilsvarande	1 440 625	1 407 339	-33 286
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 289 220	1 288 934	-286
Gjeld til leverandørar	991 692	894 354	-97 338
Gjeld til oppdragsgivarar	28 990	-38 331	-67 321
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	184 239	187 796	3 557
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>3 934 766</i>	<i>3 740 092</i>	<i>-194 674</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekkta i framtidige budsjettår:			
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	574 663	458 642	-116 021
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansi-ert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	495 104	347 437	-147 667
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	377 349	548 787	171 438
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	414 985	389 383	-25 602
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	164 921	311 632	146 711
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>2 027 022</i>	<i>2 055 883</i>	<i>28 861</i>
Andre avsetningar:			
Avsetningar til andre formål/ikkje-spesifiserte formål	136 645	640 431	503 786
Fri verksemdskapital	346 013	378 122	32 109
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>482 658</i>	<i>1 018 552</i>	<i>535 894</i>

Tabell 5.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetninger i universitets- og høyskolesektoren i perioden 2007–08

Balansedag 31. desember	Beløp i kr 1 000		
	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Langsiktig gjeld (netto):			
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidler	-116 726	-135 190	-18 464
Anna langsiktig gjeld	0	3 272	3 272
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-116 726</i>	<i>-131 918</i>	<i>-15 192</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>6 327 720</i>	<i>6 682 608</i>	<i>354 888</i>

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har auka med 5,6 pst frå 2007 til 2008. Avsetningane til andre formål har auka med 111 pst. frå 2007 til 2008. Årsaka til dette er ei prinsippendring i føring av rekneskapa som påverkar tilhøvet mellom avsetningar som skal dekkje påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår og andre avsetningar. Avsetningane som skal dekkje påkomne

kostnader som forfell i neste budsjettår har gått ned med i underkant av 5 pst.

Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art og skyldast at dei statlege eigedlane som er plasserte i Tøyenfondet og Observatoriefondet ved Universitet i Oslo er klassifiserte som verksemdskapital i rekneskapa til universitetet.

Tabell 5.7 Universitet og høyskolar. Balanse per 31. desember 2008

Eigedelar	Kroner	Verksemdskapital, avrekningar og gjeld	Kroner
Anleggsmidler:		Verksemdskapital:	
Immaterielle eigedelar	19 368 844	<i>Sum verksemdskapital</i>	710 009 176
Varige driftsmidler	22 834 111 304		
Finansielle eigedelar	216 550 540		
<i>Sum anleggsmidler</i> ¹	23 070 030 688	Langsiktige forpliktingar:	
		Andre forpliktingar	2 280 686
		Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidler	22 718 290 148
		<i>Sum avsetning for langsiktige for- pliktingar</i>	22 720 570 834
Omløpsmidlar:		Anna langsiktig gjeld:	
Lager	26 290 000	<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>	991 000
Kundefordringar	1 162 594 670		
Finansielle omløpsmidlar	118 382 000	Kortsiktig gjeld:	
Bankinnskott	6 682 609 725	Leverandørgjeld	983 330 671
<i>Sum omløpsmidlar</i>	7 989 876 394	Anna kortsiktig gjeld	3 945 646 997
		<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	4 928 977 668
		Avregning med statskassen:	
		<i>Sum avregningar</i>	2 699 358 405
<hr/> <i>Sum eigedelar</i>		<hr/> <i>Sum verksemdskapital, avregningar og gjeld</i>	
	31 059 907 082		31 059 907 082

¹ Anleggsmidlane ved Universitetet i Oslo vil ikkje kome med fullt ut før i 2010.

Tabell 5.8 Forholdet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2006–08

				Beløp i kr 1 000
Rekneskapspost Beløp i kr. 1000	Rekneskap 31.12.2006	Rekneskap 31.12.2007	Rekneskap 31.12.2008	Endring 2007/2008
Kontantbeholdning:				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	1 945 317	1 974 478	1 973 667	-811
Behaldning på andre konti i Noregs Bank	35 930	68 730	127 866	59 136
Andre kontantbeholdningar	119 654	132 525	26 830	-105 695
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>2 100 901</i>	<i>2 175 733</i>	<i>2 128 363</i>	<i>-47 370</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår:				
Feriepengar og tilsvarende	24 112	25 731	28 177	2 446
Skattetrekk og offentlege avgifter	21 847	24 131	6 647	-17 484
Prosjektgjeld for starta forskingsprosjekt	714 529	853 804	1 074 259	220 455
Gjeld til oppdragsgivarar				0
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	84 337	-49 633	-9 612	40 021
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>844 825</i>	<i>854 033</i>	<i>1 099 471</i>	<i>245 438</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekkta i framtidige budsjettår:				
Forskningsprogram under behandling (ikkje sette i gang)	1 226 023	1 259 978	980 695	-279 283
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>1 226 023</i>	<i>1 259 978</i>	<i>980 695</i>	<i>-279 283</i>
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål/ikkje-spesifiserte formål	35 893	45 182	38 484	-6 698
Fri verksemdskapital	136 584	135 983	79 138	-56 845
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>172 477</i>	<i>181 165</i>	<i>117 622</i>	<i>-63 543</i>
Langsiktig gjeld (netto)¹:				
Langsiktig forpliktingar knytt til anleggsmidlar	-189 352	-161 262	-69 425	91 837
Annen langsiktig gjeld	46 928	41 819	0	-41 819
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-142 424</i>	<i>-119 443</i>	<i>-69 425</i>	<i>50 018</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>2 100 901</i>	<i>2 175 733</i>	<i>2 128 363</i>	<i>-47 370</i>

¹ Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ er av teknisk art og skyldast at anleggsmidlane til Forskningsrådet er verdsette høgere enn dei tilsvarende gjeldspostane.

Vedlegg 6**Institutt som mottek statleg basisløyving****Miljøinstitutt**

CICERO Senter for klimaforskning
 Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
 Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
 Norsk institutt for luftforskning (NILU)
 Norsk institutt for naturforskning (NINA)
 Norsk institutt for vannforskning (NIVA)
 Transportøkonomisk institutt (TØI)

Primærnæringsinstitutt

Bioforsk
 Nofima
 Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
 Norsk institutt for skog og landskap
 Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning)
 SINTEF Fiskeri og havbruk
 Veterinærinstituttet (VI)

Samfunnsvitenskaplege institutt

Agderforskning
 Arbeidsforskningsinstituttet AS (AFI)
 Chr. Michelsens Institutt (CMI)
 Forskningsstiftelsen Fafo
 Fridtjof Nansens Institutt (FNI)
 Institutt for fredsforskning (PRIO)
 Institutt for samfunnsforskning (ISF)
 International Research Institute of Stavanger (IRIS – Samfunn)
 Møreforskning
 Nordlandsforskning

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)
 Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU STEP)
 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)
 NORUT NIBR Finnmark
 NORUT Samfunnsforskning
 Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)
 SINTEF Teknologi og samfunn
 Telemarksforskning Bø
 Telemarksforskning Notodden
 Trøndelag Forsking og Utvikling
 Vestlandsforskning
 Østfoldforskning AS
 Østlandsforskning

Teknisk-industrielle institutt

Christian Michelsen Research AS (CMR)
 Institutt for energiteknikk (IFE)
 Norges Geotekniske Institutt (NGI)
 The Norwegian Seismic Array (NORSAR)
 Norsk Marinteknisk Forskningsinstitutt AS (MARINTEK)
 Norsk Regnesentral
 NORUT Informasjonsteknologi AS (NORUT Tromsø)
 NORUT Teknologi AS (NORUT Narvik)
 International Research Institute of Stavanger (IRIS Teknologi)
 SINTEF Energiforskning AS
 SINTEF Petroleumsforskning AS
 Stiftelsen SINTEF
 Telemark teknisk-industrielle utviklingssenter (Tel-Tek)

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: Lobo Media AS – 10/2009

